

Språkfakta 2015

OTTAR GREPSTAD

- Ressurser og økopolitikk. Vekstøkonomi eller likevektsøkonomi?* (medforfatter). Populist 2/1975
- Vær utålmodig, menneske.* Ei visebok som er noe mer (redaktør). Populist 1978
- Populist 1979–81 (redaksjonsmedlem)
- Essayet i Norge. Fjorten riss av ein tradisjon* (medforfatter). 1982
- Høvedsdikting i EF-striden 1970–72.* Hovudoppgåve. 1983
- Syn og Segn 1984–1988* (redaktør)
- Venstres hundre år* (redaksjon saman med Jostein Nerbøvik). 1984
- Balladen om Europa.* 1985
- Retorikk på norsk.* 1988
- Lesebok 1994* (medredaktør). 1994
- Stem i! Songbok for røysteføre* (medredaktør). 1994. Supprimert
- Rhetorica Scandinavica 1997–* (medlem redaksjonsråd)
- Hamsun i Æventyrland. Nordlandsliv og diktning* (saman med Kirsti M. Thorheim). 1995, 2. opplaget 2002
- Det litterære skattkammer. Sakprosaens teori og retorikk.* 1997
- Berge Furre: Sant og visst. Artiklar, foredrag, preiker* (redaktør, etterord). 1997
- Nynorsk faktabok 1998.* 1998
- Norske tekster. Sakprosa* (redaktør, innleiing, merknader). 1999
- Den store nynorske sitatboka. Norsk kulturhistorie gjennom 800 sitat.* 2000
- 2000: Det makelause året* (redaktør). 2001
- Det nynorske blikket.* 2002
- Fotefar mot nord. En kulturhistorisk reise i Nord-Norge og Namdalen* (saman med Kirsti M. Thorheim). 2003, 2. utgåva 2004, 3. utgåva 2005
- Nynorsk faktabok 2005.* 2005
- Viljen til språk. Ei nynorsk kulturhistorie.* 1.–2. opplaget. 2006
- Vestlandets historie.* Band 1–3 (medredaktør). 2006, 1.–2. opplaget, 3. opplaget 2007
- Allkunne* (hovudredaktør). 2007–2014
- Ivar Aasen-tunet gjennom 200 år.* 2008
- Språkfakta 2010.* 2010. E-bok
- Avisene som utvida Noreg. Nynorskpressa 1850–2010.* 2010, 1.–2. opplaget
- Språkfakta Sogn og Fjordane 1646–2012.* 2012. E-bok
- Draumen om målet. Tilstandsrapportar frå Norge og Noreg.* 2012
- Bibliografi over Ivar Aasens trykte skrifter.* 2013. E-bok. 2. utgåva 2014, 3. utgåva 2015
- På parti med språket? Språkpolitikk i norske partiprogram 1906–2017.* 2013. E-bok
- Historia om Ivar Aasen.* 2013. 1. utgåva, 1.–3. opplaget 2013
- Historia om Ivar Aasen.* 2013. 2. utgåva, e-bok
- Språksansen. Kalender om all verdas språk.* 2013
- Bibliografi over skrifter om Ivar Aasen.* 2014. E-bok
- Historia om Ivar Aasen.* 2014. 3. utgåva
- A world of languages and written culture.* 2015. E-bok
- Skjønnlitterære debutantar på nynorsk og dialekt 1843–2014.* 2015. E-bok
- Språkfakta 2015. Ei historie om språk i Noreg og verda gjennom 850 tabellar.* 2015. E-bok

Ottar Grepstad

Språkfakta 2015

Ei forteljing om språk i Noreg og verda gjennom 850 tabellar

Nynorsk kultursentrum
Ørsta 2015

© Ottar Grepstad og Nynorsk kultursentrum 2015

Printed in Norway

Papir: 100 g Arctic Matt

Sats: Nynorsk kultursentrum

Trykk og innbinding: AitOslo

Konsulent: Aarflots Prenteverk AS, Volda

Publisert på Aasentunet.no 26. september–15. oktober 2015 med seinare oppdateringar
Sist oppdatert 22. september 2015

Framsida

Utgivingsmønster for vekeavisa Dølen 1858–1870, redigert av Aasmund Olavsson Vinje ofl.

Gjenbruk

Enkeltopplysningane, tabellane og figurane kan brukast fritt når kjelde blir oppgitt. Kommersiell bruk av opplysningane i produktutvikling eller på anna vis berre etter avtale.

Alle merknader, eventuelle rettingar og opplysningar er velkomne til
Nynorsk kultursentrum, Indrehovdevegen 176, N-6160 Hovdebygda, admin@asentunet.no

ISBN 978-82-92602-21-8

Dette er nr. _____ av 75 nummererte eksemplar.

Innhald

Før tala	7
Forklaringar og forkortingar	15
Språkplakat for Noreg og Norge	17
Tre forteljingar om språk	19
Då verda endra meining	
Bokmål under press	
Dialektane tek over Noreg	
1 Verda	27
Tema: språk i fare	
Perspektiv: den språkpolitiske vendinga	
2 Europa og Norden	52
Tema: mellom det eine språket og dei mange	
Perspektiv: den norske røynsla	
3 Noreg	70
Tema: tenkjemåten mangfald	
Perspektiv: matrise for tale og skrift	
4 Demografi og geografi	97
Tema: språkportrett av eit fylke	
Perspektiv: den regionale krafta	
5 Haldningar og meiningar	120
Tema: tenåringer i Stavanger anno 1996	
Perspektiv: gamle rettar og nye språk	
6 Folkerøystingar og val	160
Tema: på parti med språket	
Perspektiv: folkerøystingar som strategi	
7 Individuell språkbruk	177
Tema: tre generasjonar nynorskbrukarar	
Perspektiv: frå nasjonalromantikk til modernisering	
8 Barnehage og grunnskule	202
Tema: eit fleirtal med opplæring i nynorsk	
Perspektiv: språk i barnehøgda	
9 Vidaregåande skule	218

Tema: den destabiliserande faktoren	
Perspektiv: utdanning bort frå eige språk	
10 Høgare utdanning og forskning	231
Tema: akademisk press mot bokmål	
Perspektiv: språksamlingar og ordbøker	
11 Offentleg forvaltning	248
Tema: språkportrett av nynorskkommunane	
Perspektiv: mållov, språklov og kommunar	
12 Næringsliv	268
Tema: reklame på nynorsk	
Perspektiv: den språklege botnlinja	
13 Digitale medium	288
Tema: døgnskrift	
Perspektiv: mellom dialekt og engelsk	
14 Radio og fjernsyn	302
Tema: å føre språkstatistikk	
Perspektiv: talemål eller skriftspråk	
15 Presse	318
Tema: den nynorske riksavisa	
Perspektiv: språkblind pressestøtte	
16 Bøker	343
Tema: skriftkulturens status	
Perspektiv: nynorsk litteraturhistorie	
17 Kyrkje og religion	367
Tema: myten om hjartesperåket	
Perspektiv: religiøse kultur møte	
18 Kunst og brukskunst	377
Tema: scener for språk	
Perspektiv: norsk på norsk	
19 Språk- og kulturinstitusjonar	388
Tema: skriftkulturens fellesskap	
Perspektiv: mange og små institusjonar	
Teljing og forteljing. Eit essay om språk, tal og kart	399
Kjeldekritikk og vidare forskning	437
Kjelder	457
Register tabellar og figurar	481

Før tala

Dette er den fjerde samlinga av statistisk informasjon om språk på 20 år og erstattar dei førre utgåvene. Målet er å samle all relevant statistisk informasjon om bruk og utbreiing av språk i Noreg mot ein internasjonal bakgrunn, med vekt på dei to norske språka.

Språkfakta 2015 inneheld 867 tabellar, 34 figurar og kart, ein språkplakat for Noreg og Norge 38 kommentarar under vignettane tema og perspektiv, tre samanfattande forteljingar om noko av det som kjem fram i denne dokumentasjonen, og eit avsluttande essay om å dokumentere utbreiing og bruk av språk.

408 tabellar og 26 figurar blir publiserte for første gong, anten ved at data ikkje har vore publiserte før i det heile eller ikkje er blitt redigerte slik dei er her.

I utskrift utgjer tabellane om lag 1350 sider i A4-format. Det gir ikkje meining å publisere alt dette på papir. Alt saman er difor å finne på Aasentunet.no.

Dokumentasjon som tradisjon

Arbeidet med å kartleggje utbreiing og bruk av nynorsk tok til i 1905, og utviklinga er no breitt dokumentert med få brot like frå Ivar Aasens tid. Han var ein av dei første språkforskarane som brukte statistisk dokumentasjon av språkbrukarar i arbeidet sitt.

I seinare tid er perspektivet utvida slik at også utbreiing og bruk av det andre norske skriftspråket, bokmål er kartlagt. Det same gjeld dialektar på dei områda der det er mest aktuelt. I 2010 tok dokumentasjonsarbeidet inn heile verda, med særleg vekt på Norden og Europa. Dette arbeidet er vesentleg utvida med denne nye utgåva som inneheld fleire originalbidrag om internasjonale emne.

Arbeidet med å kartleggje nynorsk skriftkultur tok altså til året før Noregs Mållag blei stifta. Det ser ut til at lektor og mållagsaktivist Peder

Hovdan tok dette initiativet på eiga hand, og han arbeidde samanhengande med stoffet til tidleg 1950-tal. I tillegg til tallause artiklar og årsoversyn samla han den viktigaste dokumentasjonen i boka *Frå folkemål til riksmål* i 1928, med ny utgåve i 1947 under tittelen *Eit norsk Noreg*.

Hovdan interesserte seg mest for framgang og positive tal. Tapte lokale folkerøystingar om opplæringspråk i skulen eller liturgispråk i kyrkja oversåg han gjerne. Då han gradvis avslutta arbeidet sitt kring 1950, gjekk det om lag 25 år før nokon tok opp att arbeidet. Difor er den store tilbakegangen i 1950- og 1960-åra enno svakt dokumentert. Eit utval under leiing av Berge Furre stod for utgreiinga og pamfletten *Målreising 1967* i 1967, der dokumentasjonen var noko fragmentert. Det blei meir orden i talrekkjene att då Olaf Almenningen og Åsmund Lien i 1978 gav ut *Striden for nynorsk bruksmål*. Frå då av hadde Noregs Mållag god kontroll over opplæringspråket i grunnskulen, både dei lokale folkerøystingane og språkfordelingane mellom elevane.

Statistisk sentralbyrå hadde frå 1910 publisert tal for språkfordelingane i folkeskulen, seinare grunnskulen, og frå 1930-åra meir sporadisk oppdaterte oversyn over tenestemål i kommunane og liturgispråk i kyrkjene. Etter 1950-åra publiserte derimot byrået ingen nye tak for kyrkespråk. Forståinga av den norske språksituasjonen blei avgrensa til årlege tabellar i *Statistisk årbok* for opplæringspråk i skulen og tenestemål i kommunane.

I 1980 vedtok Stortinget ei ny lov om målbruk i offentleg teneste. Den nye lova utløyste regelmessige stortingsmeldingar om situasjon og utvikling i offentleg forvaltning, der ein for første gong også fekk vite korleis det stod til med fordelinga mellom nynorsk og bokmål i statsforvaltninga. Norsk språkråd tok til med eit systematisk tilsyn av dette i 1994; det er ikkje lenger sidan.

Denne verda av statistikk stoppa ved skule, kyrkje og forvaltning.

Kringkastingsringen følgde med på bruken av nynorsk og bokmål i NRK, og enkeltpersonar gjorde studiar i pressa. Det breie, samla perspektivet frå Hovdans pionerarbeid blei likevel først henta fram att med *Nynorsk faktabok 1998*. Ein viktig del av innhaldet var å fylle ut flest mogleg av tomromma i dei tabellane som strekte seg over lang tid. Utan Hovdans nitide dokumentasjon hadde dette vore umogleg.

Nynorsk faktabok 1998 inneheldt 133 tabellar og annan dokumentasjon på 377 sider.

Nynorsk faktabok 2005 presenterte 351 tabellar og 46 figurar på 786 sider. Der var så godt som alt det statistiske materialet frå 1998-utgåva med.

Språkfakta 2010 var avgrensa til 247 tabellar og 95 figurar. Saman med tekstdelen på 141 sider utgjorde publikasjonen 653 sider. I eit avsluttande kapittel blei det vist til 309 tabellar og figurar som kunne finnast i tidlegare utgåver, men som ikkje var teke med i 2010-utgåva.

Ut av dette arbeidet kom også den regionale studien *Språkfakta Sogn og Fjordane 1646–2012* i 2012 med 57 tabellar.

Når *Språkfakta 2015* blir lagd til, er summen av det heile at 853 tabellar er blitt publiserte for første gong i ein av desse publikasjonane.

Mellom Noreg og verda

«Hele den norske sprogoffentlighed har gennem hundrede år lært, hvad et sprog er», skreiv den danske språkforskaren Jørn Lund i 1996, «hvad identitet er, hvordan sprog og kultur lever i en bevidst og ubevidst vekselvirkning af betydningen for hele det mentale liv.»¹

Dette kan det setjast ord på. Dette kan det setjast tal på.

Det ligg føre mykje meir kunnskap om utbreiing av språk i Noreg anno 1900 enn for resten av verda. Det tok tid for språkvitskapen å forstå, sortere og ordne alle språka i verda. Først når dei lingvistiske likskapane og skilnadene var identifiserte, gav det meining å finne ut kor mange som brukte dei ulike språka. Interesse for slik dokumentasjon er ganske ny og tok form gjennom eit utilsikta samspel mellom teologiske og lingvistiske fagmiljø. Dette blir utdjupa i det avsluttande essayet «Teljing og forteljing».

Skal utbreiinga av språk dokumenterast godt nok, kjem ein ingen veg utan konsistente og kjende kriterium og variablar. Slike var mangelvare like til 1970-åra. Når systema først var der, blei det ein kunnskaps-eksplosjon. På få tiår er den samla kunnskapen om språkleg utbreiing og bruk løfta til eit heilt nytt nivå. Det vil ikkje seie at all tvil er borte, langt ifrå, men no er det lettare å vite kvar det er nødvendig å tvile.

¹ Jørn Lund: «Aasen set fra Danmark», *Språknytt* nr. 1 1996, s. 16.

Størst er kunnskapen om språk i demokratiske statar med ei historie som fleirspråklege samfunn og tydelege motsetnader som følgje av dette. Finland har gode data, men ikkje Sverige og Danmark. Både USA, Canada, New Zealand og Sveits har mykje statistisk kunnskap frå eldre og nyare folketeljingar, og det er karakteristisk for språkpolitikk allment at ein har grundig dokumentasjon av språk i Wales og Katalonia, men ikkje i England og Spania.

Det internasjonale perspektivet som blei introdusert i 2010-utgåva, er ført vidare og utvida i *Språkfakta 2015*. Det har ikkje vore føremålstenleg å overlapppe dei fagmiljøa som jamleg arbeider med slik dokumentasjon, men mange kjende opplysningar er her kombinerte på nye måtar. Dei er også viktige for å forstå språksituasjonen i Noreg.

Emne som blir dekte utførleg av offentleg statistikk, som dei årlege *Kulturstatistikk*-utgivingane frå Statistisk sentralbyrå, er stort sett ikkje dublerter her, men det er då også få data i offentleg statistikk som klargjer forholdet mellom bokmål og nynorsk. Det samiske er dekt godt gjennom *Samisk statistikk*, som blir utgitt annakvart år frå 2012, og publikasjonen *Samiske tall forteller*, som har vore utvikla sidan 2007 av Faglig analysegruppe for samisk statistikk.

Då Stortinget i 1980 vedtok ny lov om målbruk i offentleg teneste, blei det føresettt at regjeringa i kvar stortingsperiode skulle leggje fram ei stortingsmelding om bruk av nynorsk og bokmål i offentleg forvaltning. Den siste av desse var *St.meld. nr. 7 (2005–2006)* frå regjeringa Stoltenberg II i desember 2005. Etter at Stortinget i 2009 slutta seg til hovudlinjene i språkmeldinga, *St. meld. nr. 35 (2007–2008) Ein heilskapleg språkpolitikk*, har det ikkje kome fleire slike statusmeldingar frå regjeringane. Arbeid var i gang i 2012 for å leggje fram ei ny melding i 2013, men den meldinga blei ikkje ferdig.

På oppdrag frå Kulturdepartementet utarbeidde Språkrådet i åra 2010–2012 ein årleg rapport kalla *Språkstatus*. Desse rapportane skulle utgjere ein del av grunnlaget for den planlagde stortingsmeldinga i 2013.

I 2015 var dermed *Språkfakta* den einaste systematiske statusrapporten om norsk språk. Det er det teke omsyn til i arbeidet med innhaldet.

Den lange forteljinga om språk i Noreg og verda er halden oppe av tre ord, *vitalitet*, *stabilitet* og *meining*. Det første handlar om kor sterke språk og skriftkulturar er, det andre kor mange som over tid held fram med å bruke det som var førstespråket deira som born, det tredje korleis

språkbrukarane sjølve ser på bruken av sitt eige og andre sine språk. Alle tre orda peikar langt forbi ein klassisk lingvistisk definisjon av språk.

Omgrep, sjanger og orden

Med *Språkfakta 2015* er eg tilbake til utgangspunktet. Det som finst, og som framleis er relevant, skal finnast på ein stad. Stort sett er stoffet inn-delt i dei same kapitla som før, men i kvart kapittel er det mange underkapittel. Difor har alle tabellar eit treledda nummer frå og med denne utgåva. For kvart av desse er stoffet med få unntak ordna kronologisk etter første kalenderår i tabelltittelen. Tabellar som skal oppdate-rast regelmessig, er ikkje tidsavgrensa og har ope sluttår. Når nytt stoff kjem til ved seinare oppdateringar, blir difor ikkje dei etablerte tabell-nummera endra.

Til slutt i kvart kapittel står det som blir kalla historisk statistikk. Dette avslutta framstillingar som dels inneheld vesentleg informasjon dels det meir kuriøse. Desse underkapitla er nummererte slik at fleire underkapittel kan leggjast til med nytt materiale.

I 2010-utgåva var der ei drøfting av det særnorske ordet *målform*. Med *Språkfakta 2015* har eg sett punktum for eiga tenking om det emnet. I dette verket er bokmål og nynorsk presenterte og omtalte som to norske språk.

Dei gamle omgrepa frå skulekvardagen, *hovudmål* og *sidemål* er erstatta med *førstespråk* og *andrespråk*, som alt lenge har vore brukte her til lands, berre om alle andre språk enn dei to norske. I mange tilfelle kunne nemninga *morsmål* ha vore brukt, men ikkje alltid.

Då *Nynorsk faktabok 1998* kom ut, var omgrepet *nynorskbrukar* ganske nytt. Den definisjonen som blei lagd til grunn den gongen, står ved lag og er no den som gjeld. Ein parallell til dette er *bokmålsbrukar*.

Opplysningar frå mange hundre skriftlege, digitale og munnlege kjelder er sette saman i denne boka. Etter 1945 er det gjennomført nær-mare 100 spørjeundersøkingar av skiftande storleik, og dei viktigaste sva-rra er tekne med. Det same gjeld dei mange akademiske avhandlingane som er skrivne om relevante emne, og som ofte er bygde på spørjeunder-søkingar. Det som finst av laupande offentleg statistikk og dokumenta-sjon, skal ha kome med. Sist, men ikkje minst, er mykje av materialet re-

sultatet av egne undersøkingar og kombinasjonar av opplysningar frå ulike kjelder.

Under kvar tabell er det opplyst kvar opplysningane er henta frå. Komplette og oppdaterte kjeldeopplysningar er samla i kapitlet «Kjelder». For tabellar utvikla etter 2010 er også komplette kjeldetilvisingar førte opp under kvar tabell.

Ein skriftkultur blir brukt av menneske, ikkje av prosentar. I denne utgåva er det difor med mange fleire absolutte tal enn før, ofte i kombinasjon med prosent. Ein skriftkultur kan vere liten i prosent og stor i absolutte tal, og begge delar må med. Dette må til for å få ei klarare forståing av kvar grensa går for minste kritiske masse i ulike høve.

Språkfakta 2010 hadde altfor mange tusen tal til at variasjonane, skilnadene og endringane kan fangast i nokre få setningar av éin person, heitte det i forordet den gongen. No er det endå mykje verre. Likevel er det nettopp dette eg har prøvt å gjere i innleiingane til kvart kapittel. Ved at alle detaljar blir presenterte i tabells form, kan kvar og ein gjere sine egne analysar og utvikle vidare innsikt. Når sjølv dei minste og ganske upålitelege studiane blir sette i ein samanheng, kan dei få ein meirverdi.

Dei grafiske figurane er stort sett avgrensa til ein per kapittel. I figurane er det brukt faste fargekodar frå og med kapittel 3:

 Nynorsk Dialekt Bokmål Engelsk Samisk

Her er meir forteljing enn forklaring og meir samanheng enn analyse. Materialet dekkjer svære fagfelt – frå språksosiologi og medievitenskap til valforskning og demografi. Alle tabellar er kommenterte, men mykje meir kan gjerast for den som vil studere detaljar, linjer, kontrastar.

Kvart kapittel er komponert med eit innleiande samandrag, tema-kommentarar som følgjer underkapitla i innhaldslista og som i dei fleste kapitla endar i kommentarar til det som blir kalla historisk statistikk. Dette er data som gjerne ligg på sida av det materialet som blir oppdatert og følgt over lang tid, men som likevel har interesse som utfyllande mosaikkbitar. Mange stader er kommentarane knytte til utviklinga på 2000-talet, men der informasjon ligg føre, blir historiske utviklingslinjer over lang tid skisserte. Kvart kapittel blir avslutta med mindre studiar under emneknaggane *tema* og *perspektiv*.

Kjeldekritiske kommentarar har vore med like sidan *Nynorsk faktabok 1998*. I *Språkfakta 2015* er desse merknadene for første gong samla i eit eige kapittel.

Framstillinga er med få unntak avgrensa til elementære statistiske presentasjonar som ikkje krev særskilde kunnskapar i statistikk. Dette inneber at ein del finkalibrert dokumentasjon særleg av statistiske samanhengar ikkje er med.

No som før er den samle framstillinga prega av at tiltrua til den overordna verbale kommentaren er vel så sterk som trua på at figurar kan forklare verda. Kva statistisk dokumentasjon av språk handlar om, korleis det kan gjerast, og kva spørsmål det utløyser, er drøfta i det avsluttande essayet. *Språkfakta 2015* er altså ikkje eit festskrift til positivismen med ei lære om den absolutte verdien av data som kan observerast, gjerne målast. Presis empiri kan vere ei plage, men mangelen på slik kunnskap er verre.

Å talfeste og skriffeste er langt frå nok til at ein kan feste lit til alt som blir observert, dokumentert, jamført. Atterhalda er der, men det er også linjene til å gripe tak i eller følgje vidare.

Kjelder, takk

Stoffet blir mest brukarvenleg viss alt er samla der ein treng det mest. Difor er dei avsluttande og med tida endelaust lange kjeldelistene til slutt i bøkene erstatta med komplett informasjon under kvar tabell. I kommentarkapitla blir det vist til tabellar eller figurar i parentesar. Alle tilvisingar til eksterne kjelder og tidlegare utgåver, er samla i fotnotar.

Alt grunnlagsmateriale er arkivert i Ivar Aasen-tunet, ein del av det i digital form. Materialet dekkjer heile perioden frå dei første initiativa til *Nynorsk faktabok 2005* og er sortert etter kapittelnamna i *Språkfakta 2015*. Arkivet er allment tilgjengeleg på førespurnad.

Mange har raust stilt materiale til rådvelde, utvikla spesialdokumentasjon eller kommentert emne undervegs. Det fortener mange takk for, særleg Altaposten v/Tor Sara, Bibelselskapet v/Odd Petter Tornes, Bokbasen v/Fride Fosseng, Trude Bukve, Det Norske Samlaget v/Dag K. Elingsen, Hjalmar Eiksund, Goethe Institut v/Jeanette Danzer, Jan Fredrik

Hovden, Karoline Riise Kristiansen, Kommunal- og moderniseringsdepartementet v/Hanne Lauvang, Kulturrådet v/Arne Vestbø, Jon Låte, Medietilsynet v/Jørgen Abelsen, Nasjonalbiblioteket v/Jonny Edvardsen og Rebecca Boxler Ødegaard, NRK v/Ragnhild Bjørge, Wenche Gjendem og Kristian Tolonen, Opera Nordfjord v/Kari Pavelich, Oslo Filatelistklubb v/Thore Habberstad, Oslo kommune v/Hild Lamvik, Ola Relling, Berit Skog, Språkrådet v/Kristin Solbjør, Janne Sønnensyn, Rolf Theil, Iselin Eidhammer Tveit, Utdanningsdirektoratet v/Tone Vindegg, Vox v/Magnus Fodstad Larsen, Monika Haanes Waagan, Jon Østbø, Bernt Aardal.

Den største takken går til Rolf Theil. Like sidan arbeidet med basisutstillinga i Ivar Aasen-tunet frå 1998 har han analysert og fortalt og inspirert og kommentert og poengtert og snakka og skrive om all verdas språk på ein slik måte at ein i det minste fekk eit snev av tanken om at noko var forstått. Sjenerøst har han stilt originalarbeid til rådvelde for publisering.

Språkfakta 2015 og *Language facts 2015* kunne ikkje ha vore laga viss ikkje medarbeidarane i Nynorsk kultursentrum gjorde det dei gjer. Utan Laila Walseth Lid hadde den digitale publiseringa blitt verande ein virtuell tanke. Trekløveret Jonas Krøvel, Eivind Myklebust og Ingrid Saure veit no alt om kva det inneber å leggje til rette eit stort materiale med alle sine fotnotar, kursivar og tabellar på ein nettstad. Eivind Myklebust tok jamvel sjansen på å seie ja til å lese korrektur, og sanneleg nytta han høvet. Det som måtte vere av lausaktige formuleringar og skrivefeil, skal ikkje han lastast for.

Emne og ambisjonsnivå har vore ein ståande invitasjon til feil om å snike seg med. Sjølv om mykje har vore gjort for å unngå eller luke ut slikt, er nok heller ikkje dette den feilfrie publikasjonen. Feil som blir melde til admin@asentunet.no, vil bli retta snarast råd. Like kjærkomne er tips om ubrukte kjelder og ønske om vidare dokumentasjon av det ingen kan klare seg heilt utan.

Ivar Aasen-tunet, 8. september 2015

Ottar Grepstad

Forklaringar og forkortingar

AKK	Akkumulert
BM	Dansk-norsk (brukt til 1929), bokmål
DIA	Dialekt
ENG	Engelsk
K	Kvinner
KVE	Kvensk
M	Menn
MIN	Minoritetsspråk
NN	Landsmål (brukt til 1929), nynorsk
NO	Norsk
RM	Riksmål
SAM	Samisk
■	Data kan ikkje skaffast
-	Data ligg ikkje føre
Tom celle	Null, eller i enkelte tilfelle er opplysningar ikkje kjende
▲	Auke
—	Stabil
▼	Nedgang
<i>Publisert</i>	Første publisering i same redigering
<i>Sist oppdatert</i>	Siste redaksjonelle endring

Prosenttal står som regel i *kursiv* der det også er absolutte tal i tabellen, men ikkje når prosentteiknet er brukt. Prosenttal har som regel desimalar berre når talgrunnlaget er stort nok, helst minst 200 i absolutte tal.

Kronesummar er i nominelle verdiar viss ikkje anna er sagt. På www.ssb.no har Statistisk sentralbyrå laga ein prisindekskalkulator som gjer det lett å rekne om til kroneverdien til eit aktuelt tidspunkt.

Nemningane *nynorsk* og *bokmål* blei innførte i 1929, men blir i denne framstillinga brukt også om tida før der dette ikkje kan skape mistydingar.

Språkplakat for Noreg og Norge

1 Vitalitet. Både bokmål og nynorsk er blant dei hundre mest vitale språka i verda. Nynorsk er eit mindre brukt språk enn bokmål i Noreg, men eit stort språk i verda med om lag 600 000 brukarar. Sju av ti språk i verda blir brukte av færre enn 100 000.

2 Jamstilling. Då Stortinget i 1885 jamstilte nynorsk og bokmål som to norske språk, blei Noreg ein av dei første formelt fleispråklege statane i verda. I dag er Noreg delt på midten i synet på om dei to språka framleis skal vere jamstilte.

3 Demokrati. Frå 1892 har innbyggjarane lokalt avgjort språk i kyrkje og grunnskule. Frå 1930 har kommunane bestemt kva språk staten skal bruke overfor dei. Etter meir enn 4000 lokale folkerøystingar heng språk og demokrati tettare saman i Noreg enn i mange andre land. Språkstriden har lært nordmenn korleis kulturelle konflikter kan løysast utan vald.

4 Stabilitet. På svært mange samfunnsområde er bruken av nynorsk og bokmål ganske stabil. Halvparten av dei som bruker nynorsk i grunnskulen, blir verande nynorskbrukarar gjennom den vidaregåande skulen. Noko fleire vaksne kvinner enn menn bruker nynorsk, men unge kvinner er ofte meir kritiske til nynorsk enn unge menn. Bruken av bokmål aukar med inntekt og utdanning.

5 Talemål. Den største språkendinga i Noreg dei siste 50 åra er at folk flest snakkar dialekt i dei fleste samanhengane, men ikkje alle godtek dette. Mange fleire snakkar dialekt privat enn på jobb, og på jobb normerer særleg kvinner mot bokmål. Særleg i radio bruker NRK meir dialekt enn for nokre tiår sidan. Det går mest ut over bruken av normert bokmål, som knapt er i bruk lenger som talemål nord for Trøndelag.

6 Press. Bokmål er det mest brukte skriftspråket i Noreg, men i tale er det fleirtalsspråk berre på Austlandet. Bokmål er under press frå engelsk særleg i vitenskap, næringsliv og underhaldningsindustri, samisk er allment under press frå bokmål, og nynorsk blir pressa av bokmål på nokre

område. Bokmålsbrukarane er mestir positive til engelsk enn nynorskbrukarane.

7 Meiningskilnad. Folk i vest og nord er mest positive til bruk av dialekt og bruker også mest dialekt, medan folk i Oslo er minst positive. Kvinner er meir positive enn menn, og dei med lite utdanning vil ha mindre språkleg variasjon enn dei med mykje utdanning. Det einaste spørksmålet oslofolk og folk i nord er samde i, er motstanden mot nynorsk.

8 Urfolk og minoritetar. Nordsamisk står mykje sterkare enn før 1980-åra, men lulesamisk og sørsamisk er i vanskar. Nedgangen for kvensk kan vere i ferd med å snu.

9 Fleirspråkleg. Ein av tre nordmenn er positive til eit meir fleirspråkleg Noreg, ein av tre er negative. Kvinner er meir positive enn menn, unge meir enn eldre, og folk med høgare utdanning meir positive enn dei med lite utdanning. Mange nynorskbrukarar og få bokmålsbrukarar er reelt tospråklege.

10 Engelsk. Menn er meir positive til bruk av engelsk enn kvinner er, dei unge er mykje meir positive enn dei eldre, og folk i Oslo-området er meir positive enn folk i vest og nord.

11 Ordbøker. *Norsk Ordbok* for nynorsk og alle norske dialektar er med sine 325 000 oppslagsord eit av dei største ordbokverka i verda når det er komplett i 2016. *Det Norske Akademis Store Ordbok* for moderat bokmål er planlagd ferdig i 2017 med 250 000 oppslagsord.

12 Forståing. Den store språkvariasjonen i den norske kvardagen er ei viktig årsak til at nordmenn flest forstår andre skandinaviske språk betre enn svenskane og danskane gjer.

13 Digital skriftkultur. Internett og sosiale medium styrkjer andre språk enn engelsk internasjonalt, og både nynorsk og bokmål i Noreg. For somme er dialektar blitt eit tredje, unormert skriftspråk i digitale medium, men generelt skriv åtte av ti ikkje dialekt.

Tre forteljingar om språk

Då verda endra meining

Verda har skifta meining om språk. Ikkje alle, og ganske sikkert ikkje eit fleirtal, men mange nok til at ei språkpolitisk endring har gjort seg gjeldande sidan 1990-åra. I Europa er det lett å forklare denne meiningsendringa med at Muren blei riven ned i 1989. Vanskelegare er det å finne årsakene til at styresmaktene i fleire land i andre verdsdelar legg bort den gamle europeiske læresetninga om ein stat – eitt språk.

Det er blitt viktig for fleire å ta vare på det språklege mangfaldet og forvalte historia om eigne språk. Det blir gjort gjennom internasjonale erklæringar, store tiltak som den europeiske språkdagen 26. september og ved å bygge nye institusjonar. Rundt om i verda finst det no minst 60 språkmuseum. Ivar Aasen-tunet i Ørsta frå 1898 er det eldste av dei, men godt over halvparten blei etablerte etter 1990.

I 1992 vedtok Europarådet Den europeiske pakta om regions- eller minoritetsspråk. Noreg var første landet som ratifiserte avtalen, for dei samiske språka, kvensk og romanes. No har 25 land godkjent pakta for til saman 93 språk som er brukte av over 200 nasjonale minoritetar eller språkgrupper.

Fire år seinare vedtok 140 representantar for organisasjonar og forskarmiljø den såkalla Barcelona-erklæringa om språklege rettar for brukarar av regionale språk og minoritetsspråk. Og i 2011 vedtok PEN International sitt eige manifest om språkleg mangfald i ti korte, myndige punkt.

Kor mange språk det fanst, var eit spørsmål som knapt blei stilt før 1900-talet, og anslaga var lenge svært usikre. Går ein ut frå at det finst om lag tusen språk, er ein ikkje langt unna sanninga, skreiv ein framstående norsk språkforskaren i det respekterte oppslagsverket Familieboken i 1940. Det skulle vise seg at han var på viddene.

Då verda skulle byggjast opp att etter Den andre verdskrigen, rekna ein med at der kunne vere iallfall 3000 språk. I 1970-åra hadde ein sikker kunnskap om 5600 språk. Det nye, sikre svaret anno 2015 er at 7102 språk

er dokumenterte i dagleg bruk. Dei var der nok i 1930-åra også, men dei fleste visste berre språkbrukarane sjølve om, ofte utan nokon klar idé om at språket deira skilde seg ut frå alle andre.

Nokre få språk er store. 23 ulike språk er førstespråket for seks av ti innbyggjarar på jorda. Dei aller fleste språka blei altså brukte av få menneske. Det skil seg mykje kor vitale og sosialt sterke dei ulike språka er. I 2015 rekna amerikanske Summer Institute of Linguistics godt og vel 100 språk som dei mest vitale. Norsk – bokmål og nynorsk – var blant dei språka. Målt mot verdsspråk som engelsk er Noreg eit lite språksamfunn, Målt mot den språklege kvardagen for folk flest i verda, er dei to norske språk blant dei mest levande.

Den posisjonen er resultatet av den moderniseringa av samfunnet som har prega Noreg i meir enn hundre år. Lover og reglar er vedtekne, og institusjonar og støtteordningar er bygde ut som alle tener til å fremje bruken av norsk, nynorsk og bokmål. Difor er brukssituasjonen både for nynorsk og bokmål prega av stabilitet på mange område. Noreg er blitt eit språksamfunn dei fleste berre kan drøyme om. Med *Språkfakta 2015* ligg det no føre ei forteljning om språk i Noreg og verda gjennom meir enn 850 tabellar og annan statistisk dokumentasjon. Få språksamfunn kan vise til noko liknande.

Det går fram av *Språkfakta 2015* at skriftfesting og alfabetisme er det kritiske punktet verda rundt.

I 2015 er der sikker kunnskap om 3600 skriftspråk. Bibelen eller delar av Bibelen er til no omsett til 2900 språk, og åtte av ti innbyggjarar på jorda har gjennom Wikipedia tilgjenge til leksikalsk kunnskap på sine førstespråk. Langt frå alle desse har derimot tilgjenge til eit Internett enno.

Etter minst 5000 år med skriftspråk kan det store fleirtalet på jorda lese og skrive. Tal frå UNESCO tyder likevel på at nær ein milliard menneske enno er analfabetar. Berre kvart tiande språk reknast som godt utbygde skriftkulturar. Dei språka blir til gjengjeld brukte av åtte av ti innbyggjarar. Om lag 2400 språk kan vere i vanskar eller på veg ut av bruk. Dei blir brukte av vel ein prosent av innbyggjarane på jorda.

Med 155 millionar førstespråkbrukarar er russisk det største språket i Europa. Det nest største er tysk med godt og vel 85 millionar brukarar. I *Språkfakta 2015* er det for første gong publisert eit europeisk språkbarometer. Dette viser at i gjennomsnitt blei det største språket i kvart land brukt

av ni av ti innbyggjarar. Det språklege mangfaldet er større i aust enn i vest, og større i sør enn i nord.

Mot kulturindustrien kan både erklæringar og handlingsplanar og museum kome til kort. Eurovision Song Contest er blitt ein av dei største songkonkurransane i verda. Frå og med den første konkurransen i 1956 dominerte lenge fransk som det mest brukte språket i finalesongane. Størst var det språklege mangfaldet i denne konkurransen i 1990-åra. Då var det enno slik at deltakarlanda måtte syngje på eit offisielt språk, og dei mange nye deltakarlanda frå det gamle Aust-Europa viste kva tradisjonar dei hadde å fare med.

Frå og med 1997 blei valfridomen innført. Då forsvann mangfaldet. På få år gjekk dei fleste over til å syngje på engelsk. Så mykje dominerer no engelsk at sjølv for heile tidsrommet 1956–2015 har halvparten av finalesongane vore på engelsk. I en norske konkurransen var det aldri mykje nynorsk eller dialekt, og no syng knapt nokon på bokmål heller, lenger.

På same tid som EU etablerte ganske rause støtteordningar for å stimulere til omsetjing og gjendikting mellom språka i Europa, gjekk fellesskapen av europeiske allmennkringkastarar og andre medieverksemdar målretta andre vegen.

I Noreg er det nesten som eit gamalt visdomsord å seie at valfridom ikkje fremjar språkleg mangfald. Det veit nynorskbrukarar, samar og kvenner alt om. No blir resten av Europa mint om det kvar vår.

Likevel er det slik at jamt fleire legg vekt på den kulturelle, mentale og demokratiske verdien av språkleg mangfald. Det gjeld berre å omsetje ord til gjerning før nokon skiftar meining.

Bokmål under press

Nordmenn er i skiftande språklege fleirtal og mindretal. Både i haldningar til språk og i språkleg praksis er nordmenn i ferd med å gjere Noreg til eit tredelt språkrike: bokmål i aust og sør, nynorsk i vest, dialekt og urfolksspråk i nord.

Bokmål er det mest brukte språket i Noreg og har vore det sidan nynorsk og bokmål blei jamstilte norske språk i 1885. No er bokmål under press frå to kantar, frå engelsk og dialektar. Det går fram av *Språkfakta*

2015, ei forteljing om språk i Noreg og verda gjennom meir enn 850 tabellar og annan statistisk dokumentasjon.

Auka bruk av engelsk inn på 2000-talet svekte bokmål på fleire viktige område, medan bruken av nynorsk var ganske stabil, og det blei jamt fleire med andre språk enn norsk som førstespråk. Den store språklege endringa i Noreg dei siste 50 åra er at dialekt no blir brukt på nær sagt alle område i samfunnet og særleg i privat skrift. Begge desse endringane har redusert bruken av bokmål på viktige område.

Språkfakta 2015 viser at om lag 600 000 brukar nynorsk dagleg. Fire av ti av desse nynorskbrukarane er reelt tospråklege i den forstand at dei like gjerne brukar bokmål som nynorsk. Prosentdelen nynorskbrukarar over 15 år har halde seg stabil sidan 1990-åra, men fleire av dei skriv no ofte dialekt.

Mellom bokmåls- og nynorskbrukarar er der tydelege sosiale skilnader. Noko fleire kvinner enn menn brukar nynorsk privat, og nynorskbrukarane utgjer ein større del i dei eldre aldersgruppene enn i dei yngre. Di meir utdanning ein person har, di meir sannsynleg er det derimot at vedkomande brukar bokmål. Høg inntekt, adresse i by og yrke som papirflyttar er klare kjenneteikn på bokmålsbrukarane. Når bokmål og nynorsk har ulik posisjon i Noreg, heng det altså også saman med sosiale skilnader, og det sosiale elitespråket er bokmål.

Bokmåls- og nynorskbrukarane er langt frå like tolerante språkleg. I den eine spørjeundersøkinga etter den andre viser det seg at ein god del bokmålsbrukarar helst ikkje eller absolutt ikkje vil lese skrifter på nynorsk. Særleg unge bokmålsbrukarar les lite nynorsk, medan unge nynorskbrukarar les mykje bokmål, til dels meir bokmål enn nynorsk. Nynorskbrukaren er open for begge språka og har faktisk ein viss kritisk distanse til sitt eige språk. Den jamne bokmålsbrukaren held ein ukritisk distanse til det andre norske språket.

På universitet og høgskular har alltid nynorskbrukarane vore mange færre enn bokmålsbrukarane. På landsplan kan prosent nynorskbrukarar i academia teljast på ei hand. Når folketalet veks og mange fleire enn før tek høgare utdanning, har det likevel ført til at i absolutte tal er det mange fleire som brukar nynorsk no enn for 50 år sidan.

Slik er det også for bokmål, i absolutte tal. På 2000-talet skreiv mange fleire masteroppgåver på bokmål enn i tiåra før. I prosent derimot, er bokmålsbrukarane så å seie i fritt fall av di engelsk tek over. I 1980-åra

skreiv ein av ti studentar hovudoppgåvene sine på engelsk. No gjer snart fire av ti det same.

Bruk av norsk og engelsk i næringslivet har mykje å seie for den allmenne posisjonen til desse språka i Noreg. Fleire undersøkingar vitnar om at bedriftsleiarar faktisk har større tru på norsk enn kundane deira har, medan kundane er meir positive til bruk av engelsk i reklame enn bedriftsleiarane.

Engelsk gir høgare status, men ikkje utan vidare større truverde. Særleg dei med lite utdanning har ein tendens til å knyte status til engelsk. I 2010 meinte både seks av ti bedriftsleiarar og seks av ti kundar at norsk bør brukast i all reklame og marknadsføring i Noreg.

Bedriftsleiarane er usikre på språkstrategiane sine for framtida. Større språkleg mangfald i samfunnet elles påverkar også næringslivet. Det kan vere den viktigaste grunnen til at nynorsk etter kvart blir noko meir brukt i reklame.

Ivar Aasen-tunet undersøkte våren 2015 språket i nær 1700 annonser og reklameinnslag i tv, vekeblad og magasin. Der var det bokmål og engelsk som gjaldt, men med to heilt ulike tendensar. Utanlandske annonsørar brukte mykje meir engelsk og ei blanding av bokmål og engelsk enn norske annonsørar, som på si side brukte ganske lite engelsk og mykje bokmål. Det lovar ikkje godt om endå fleire utanlandske eigarar skal inn i norsk næringsliv når norske styresmakter har lovfesta lite av det språkvernet for eigne språk som styresmaktene i land som Litauen, Polen og Frankrike har gjort.

Med boka blei bokmål det mest brukte språket i Noreg. No vel, fullt så enkelt var det nok ikkje, men bokutgiving i Noreg har i alle år vore prega av 90 prosent bokmål og sju prosent nynorsk. Den tida er forbi. Utgivarar av alle slag altså mange fleire enn dei ordinære forlaga, gav i 2014 ut 1600 titlar på engelsk. Kvar sjuande registrerte bok i Noreg i fjor var på engelsk. Talet på nynorskbøker var stabilt, og talet på bokmålsbøker auka, men i prosent har bokmålsbøkene falle frå 83 prosent på 1970-talet til 73 prosent på 2010-talet. Det er ei stor endring.

Endå større er endringa i NRK og mest i radio. Både i tv og radio blir det snakka jamt meir dialekt i sendingane, parallelt med at det å bruke dialekt har fått høgare sosial status. Dette har ført til at publikum møter mindre normert tale, og det er normert bokmål som minkar mest. Nynorsk har NRK aldri brukt for mykje av. Det var i radioprogramma ein

først tok til å snakke meir dialekt, og enno i dag blir det brukt meir dialekt i radio enn i tv. Den store endringa tok til i 1990-åra. I 1990 blei bokmål brukt i 80 prosent av radiosendingane og 77 prosent av tv-sendingane. Då er bruk av dialekt halden utanfor. I 2014 blei bokmål brukt i 67 prosent av radiosendingane og 70 prosent av tv-sendingane.

Aller mest bør det uroe bokmålsbrukarar flest at engelsk tek over posisjonar utan at situasjonen blir analysert, tiltak drøfta og handlingsplanar laga. Vi såg problemet, vi som stod bak det nasjonale Språkåret 2013. Dei færraste bokmålsbrukarane var interesserte i å feire eller mobilisere for sitt eige språk.

Det minner om dei menneskeskapte klimaendringane som altfor få tok på alvor tidleg nok.

Dialektane tek over Noreg

Språk endrar seg, og med dei endrar språksamfunna seg, Den største språkendringa i Noreg dei siste 50 åra er ikkje utjamninga mellom *tj-* og *sj-*lydane, men at så mange fleire enn før snakkar dialekt når som helst og kor som helst.

Den språklege variasjonen i Noreg har lenge vore stor, med tusen-årgamle samiske språk, historiske minoritetsspråk frå 1500-talet og frametter, talemål i ubrotten linje frå mellomalderen, nynorsk som ein skriftleg fellesnemnar for mange av desse dialektane, og eit bokmål som har gått vegen frå dansk kolonispråk til norsk kulturarv.

Det nye er at dialektane vinn fram på jamt fleire arenaer. Ei utvikling peikar i retning av tre språkleg ulike tyngdepunkt i Noreg: dialekt og bokmål i nord, nynorsk og dialekt i vest, bokmål og dialekt i aust. Dette går fram av *Språkfakta 2015*, ei forteljing om språk i Noreg og verda gjennom meir enn 850 tabellar og annan statistisk dokumentasjon.

Dette språklege mangfaldet i tale og skrift er til dels allment akseptert i 2015, men alle godtek ikkje det same. Mange nordmenn har no akseptert nynorsk, men der er nok av dei som streitar imot, svært mange meiner dialektane ikkje blir brukte for mykje, og like mange ønskjer ikkje fleire varige minoritetsspråk. Å bruke dialekt er mest akseptert i vest og nord og minst i hovudstaden. Like mange var i 2013 for og mot vidare jamstilling mellom nynorsk og bokmål, og størst var motstanden nordpå.

Ein av tre likte i 2013 at Noreg blir eit meir fleirspråkleg samfunn, like mange verken likte eller mislikte det, og ein av tre likte det dårleg. Dei som tener lite, er meir positive til både nynorsk, dialektar og nye varige minoritetsspråk enn dei som tener mykje. Dei som tener minst og mest er mest positive til meir engelsk i Noreg, menn er meir negative enn kvinner, og nynorskbrukarane er meir kritiske enn bokmålsbrukarane til auka bruk av engelsk.

Internett har endra medievanane, men framleis er tv og radio mykje brukte massemedium i Noreg. I begge media har dialektane både teke over meir av sendetida dei siste par tiåra og oppnådd jamt høgare status. Dette har ført til at publikum møter mindre normert nynorsk og bokmål i radio og tv, og dette har særleg redusert bruken av normert bokmål.

Med unntak av planspråk som esperanto er alle skriftspråk også talemål. Gjennom skule, kyrkje og NR blir nynorsk også eit normert talemål. I den nynorske skriftkulturen er både dialektar og normert tale viktig. Den sosiale statusen for normert nynorsk tale vil nok aldri vinne den same posisjonen som normert bokmålstale alt tidleg oppnådde. Bandet mellom dialektane og nynorsk har vore både det lingvistiske grunnlaget og den språkpolitiske rettesnora for nynorskbrukarane. Dette artar seg annleis i praksis på somme område. På teaterscenene *vil* der vere ei reell motsetning mellom dialekt og nynorsk som talemål. I radio og tv vil den same spanninga vere der først og fremst ved at meir dialektbruk *kan* redusere bruken av normert nynorsk.

I land som Frankrike og Tyskland er det mest utenkjeleg at elevane snakkar dialekt i undervisninga. I Noreg blei elevens rett til å bruke eige talemål knesett så tidleg som i 1878. Var der ein kamp om språkleg tillit, var det dialektane som vann den striden.

Generelt er norske radio- og tv-program språkleg ledigare enn for få tiår sidan. Normerte talespråk blir oppfatta som stivare og meir formelle. Dermed blir dialekt i aukande grad eit alternativ til både bokmål og nynorsk. I massemedia har det fått større følgjer for normert bokmål enn for normert nynorsk.

Det blir snakka mindre dialekt i Oslo enn i resten av landet. Di fleire programdeltakarar som blir henta frå Oslo-området, der også nynorsk blir lite brukt, di meir normert bokmål vil det bli. Å normere slik spontan tale i intervju er utenkjeleg i Noreg. I eit land som Frankrike er situasjonen

ein heilt annan. Der vekte det reaksjonar då Miss France i 2011 snakka alsassisk i eit offisielt intervju.

Då målrørsla sette i gang dialektbølgja i 1970-åra, var det ingen som såg for seg at dialektane kunne bli skriftspråk. Det handla om å legitimere dialektane som talemål når som helst og kor som helst. Så vellykka var dette arbeidet for auka status for dialektane som talemål at jamt fleire brukarar også tok dialektane med inn i skrifta. Den utviklinga blei styrkt av tekniske nyvinningar, først og fremst digitale medium som for mange viska ut skiljet mellom det private og det offentlege.

Det som hadde vore ein språkleg variasjon i brev og andre private dokument, blei på 2000-talet så mykje brukt i nokre digitale format at det nærma seg eit tredje skriftspråk, særleg hos dei unge. Generelt skriv oslo-folk minst dialekt, vestlendingar og nordlendingar mest, og slik er Noreg på veg til eit samfunn med tre norske skriftspråk – to normerte og eit unormert.


Å skrive uformelt på dialekt kan vere ei bru til nynorsk, og det kan godt hende at meir skrivning på dialekt skaper ei slags språkleg motstandskraft. Blir dialekttrøkt akseptert og utbreidd, kan det i neste omgang vere med og normere den skriftlege dialektbruken. Då kan bandet til nynorsk styrkjast, eller det kan slitne. Behovet for eit unormert privatspråk har iallfall auka med digitale medium.

Dialekt og privatspråk er to ulike normsystem, og den auka bruken av dialekt har ført til at fleire tek til orde for dialektnormering. Det første formelle initiativet tok NRK. Frå og med 2015 har NRK etablert eit regime for dialekttrøkt med eigne reglar for bruk av dialekt. Det opplyste språksjef Ragnhild Bjørge i ein debatt under Dei nynorske festspela sommaren 2015. I slik dialekttrøkt kan ein tenkje seg at ein normerer mot nynorsk der det er konflikt mellom nynorsk og bokmål i dialektane.

Den som arbeider i ein allmennkringkastar eller eit anna profesjonelt massemedium, kjem ikkje utanom kravet om å bli forstått. Ein kan meine at folk burde vite betre og kjenne sitt eige land, men då NRK spurde eit representativt utval i fjor, var fire av ti litt eller heilt usamde i at alle dialektar er lette å forstå. Likevel meinte ni av ti at det er bra folk snakkar dialekt.

Slik ser eit dilemma ut.

1 Verda



Figur 1.1 Vitalitet for all verdas språk 2015. Prosent språk og brukarar

I 2015 var det dokumentert kunnskap om 7102 språk i dagleg bruk. I 2000 var det tilsvarande talet 6809, og i 1988 var 6188 språk dokumenterte. Kunnskapen om all verdas språk har aldri før vore større.

Det største språket var mandarin, førstespråk for om lag 848 millionar. Etter mandarin følgde spansk med 399 millionar brukarar og engelsk med 335 millionar førstespråksbrukarar.

23 ulike språk er førstespråket for seks av ti innbyggjarar på jorda. Dei aller fleste språka blei altså brukte av få menneske. Det skil seg mykje kor vitale og sosialt sterke dei ulike språka er. I 2015 rekna amerikanske Summer Institute of Linguistics godt og vel 100 språk som institusjonaliserte og dei mest vitale. Norsk – bokmål og nynorsk – var blant dei språka.

Skriftfesting er det kritiske punktet. I 2015 var der sikker kunnskap om 3600 skriftspråk. Bibelen eller delar av Bibelen var omsett til nær 2900 språk, og åtte av ti innbyggjarar hadde gjennom Wikipedia tilgjenge til leksikalsk kunnskap på sine førstespråk. Langt frå alle desse hadde teknisk tilgjenge til denne kunnskapen.

I 2015 var minst 2000 språk ikkje skriftfesta, og om lag 2400 språk eller kvart tredje språk var i vanskar eller på veg ut av bruk. Desse blei brukte av ein prosent av innbyggjarane.

Særleg frå 1990-åra endra tenkinga om språk seg både i Europa og andre verdsdelar, og jamt fleire legg no vekt på den kulturelle, mentale og demokratiske verdien av språkleg mangfald. Om lag 175 av 206 statar hadde i 2015 grunnlovsfesta reglar om språk. Fleirtalet av desse statane er formelt eittspråklege. Truleg anerkjenner styresmaktene i kvar fjerde stat meir enn eitt språk, og der blir fleire fleirspråklege statar. 29 land hadde minst fem offisielle språk.

1.1 Talte og skrivne språk

Dei fleste språka har få brukarar. Kort oppsummert såg språkverda slik ut i 2015:

I våre dagar er om lag 7100 språk dagleg i bruk på jorda. Skriftfesting er det kritiske punktet. Om lag ein tredel av all verdas språk er knapt for skriftspråk å rekne.²

Halvparten av alle språka blir brukte av færre enn 7000 menneske.³ I gjennomsnitt budde det i 2015 nær 12 000 menneske i kvar norsk kommune.

Så mykje som kvart tredje språk er i vanskar eller på veg ut av bruk. Det dreiar seg om 2400 språk. Desse blir brukte av ein prosent av innbyggjarane på jorda.

² Om lag 2000 språk ikkje er skriftfesta (David Crystal: *A Little Book of Language*, New Haven 2010, s. 126). Crystal reknar med at det finst om lag 6000 språk i verda, og det vil seie at ein tredel berre er munnlege språk.

³ Dieter Wunderlich: *Sprachen der Welt. Warum sie so verschieden sind und sich doch alle gleichen*, Darmstadt 2015, s. 35.

Om lag 175 av 206 statar har grunnlovsfesta reglar om språk. Fleirtalet av desse statane er formelt eittspråklege. Truleg anerkjenner styresmaktene i berre kvar fjerde stat meir enn eitt språk, men der blir jamt fleire fleirspråklege statar.⁴

Kanskje har fleirtalet av innbyggjarane i to tredelar av alle nasjonane eit felles språk i tydinga forståeleg for dette fleirtalet.⁵ At fleire språk blir offisielle i fleire land, endrar lite på dette. Tre firedelar av alle borna i verda som får skulegang, lærer meir enn eitt språk. Nokre lærer fire eller fem på same tid.⁶

Der er ein tendens til at dei språka som kjem frå Afrika, blir brukte av ein aukande del av innbyggjarane i verda, medan dei asiatiske språka minkar tilsvarande (tabell 1.1.1). Dei 23 språka med flest førstespråksbrukarar blei i 2015 brukte av nær 3,8 milliardar menneske (tabell 1.1.2). Det vil seie at meir enn 60 prosent av alle innbyggjarane på jorda hadde eitt av desse 23 språka som sitt førstespråk. Tok ein desse få språka ut av det samla systemet av språk i verda, ville fenomenet språk knapt vere mogleg å forstå, konstaterer den tyske språkforskaren Dieter Wunderlich.⁷ Det språklege mangfaldet ligg likevel i det marginale: Dei meir enn 1700 førstespråka til vel 365 millionar innbyggjarar utgjer 25 prosent av alle språk i bruk (tabell 1.1.3).

Utbreiinga av desse språka er eit avtrykk av mange hundreårs økonomisk dominans og kulturelt samkvem. Den engelske språk- og kulturhistorikaren Nicholas Ostler har framheva kor ulikt møte mellom kulturelle verkar inn på dei aktuelle språka.⁸ Militær erobring og økonomisk dominans har ikkje alt å seie når språkbruk endrar seg eller eitt språk tek over for eit anna. Det er ikkje eingong sikkert at slike faktorar over tid fører til store språklege endringar. Folkevandringar og organiserte folkeflyttingar har til liks med religiøse rørsler berre i nokre tilfelle sett djupe språklege spor som ikkje har gått bort.

⁴ John Edwards: *Multilingualism. Understanding Linguistic Diversity*, London og New York 2012, s. 26.

⁵ Ronald Wardhaugh: *Languages in Competition. Dominance, Diversity, and Decline*, Oxford 1987, s. 24.

⁶ David Crystal: *A Little Book of Language*, New Haven 2010, s. 15.

⁷ Dieter Wunderlich: *Sprachen der Welt. Warum sie so verschieden sind und sich doch alle gleichen*, Darmstadt 2015, s. 36.

⁸ Nicholas Ostler: *Empires of the word*, London 2006.

Kulturelle skilnader kan ha vore viktige, men ikkje alltid avgjerande. Språk spreier seg over generasjonar, hundreår, stundom tusenår, og sjølv det mest utbreidde språket kan hamne i klemme. Det som kan forklare framgangen for eitt språk, eller det som truleg har hatt mest å seie for at eit anna språk blir svekt, forklarar altså ikkje all framgang, stagnasjon, tilbakegang.

Rekna i brukarar er dei indoeuropeiske språka dei mest utbreidde. Nesten halvparten av menneska på jorda taler eit indoeuropeisk språk i 2015 (tabell 1.1.4). Desse språka er særleg å finne i Europa, Amerika, Australia og austover frå Iran til India. Rekna i tal språk er derimot nigerkongo den største språkfamilien med over 1500 språk. Desse språka blir talte i Afrika. Kvart femte språk i verda er eit nigerkongo-språk, men berre sju prosent av innbyggjarane bruker eit slikt språk.

Dei fleste av all verdas språk kjem frå området kring ekvator eller lengre sør. Det språklege mangfaldet er størst i Afrika og Asia. To tredelar av alle språka blir brukte i desse to verdsdelane. Berre tre prosent av alle språka i verda blir heimfesta til Europa, opphavet til verdsspråk som engelsk, spansk og portugisisk. Asia har flest språkbrukarar og flest språk. Europa og Asia er dei to einaste verdsdelane med ein høvesvis større del av språkbrukarane i verda enn av språka i verda.

Dei aller fleste språka blir brukte av få menneske. I 2009 blei 85 av 6909 språk brukte av minst 10 millionar menneske, og færre enn 400 språk var brukte av minst ein million menneske. Det året var over 5300 av alle språka brukte av færre enn 100 000 menneske. Det inneber at 77 prosent av alle språka var brukte av så få menneske.

I 2015 var situasjonen uendra for dei mest brukte språka. Derimot var meir enn 5800 språk då brukte av færre enn 100 000, eller 82 prosent. Noko av denne auken kan skrive seg frå endra klassifisering og utskiljing av enkeltspråk, men tala vitnar også om at berre for dei mest brukte språka er situasjonen stabil over tid.

Svensk var av Ethnologue i 2009 rangert som det 88. største språket i verda, dansk som nr. 118 og norsk som det 132. største språket.

Demografi, geografi og språk er vilkårlege relasjonar. Sverige, Papua New Guinea og Kamerun er om lag like store i flatevidd. Skilnaden er større i folketal – Sverige 9,6 millionar, Papua New Guinea 7,7 millionar, Kamerun 21,1 millionar. Språkmengda er ein av dei store skilnadene:

Ifølgje Ethnologue har Sverige 14 språk, Papua New Guinea 851 og Kamerun 285.

Ein annan måte å få fram slike skilnader på, er dei tre statane Hellas, Kamerun og Noreg.

I Hellas reknar alle seg som grekarar, og grekarar bruker berre gresk; styresmaktene anerkjenner ikkje at der er andre språk i landet. I Kamerun er alle kamerunarar, men ingen bruker språket kamerunsk, berre eit av dei mange andre språka; i det landet møtest nær sagt alle språkfamiliar.⁹ I Noreg bruker dei aller fleste norsk, men språket norsk finst berre som bokmål eller nynorsk.

Den store uvissa har vore kor mange av dei talte språka som også er skriftspråk. Den mest pålitelege kjelda for dette er Ethnologue. Det ligg føre sikker informasjon om 3570 språk med skriftsystem (tabell 1.1.5). Dette er halvparten av alle språk i bruk. Ein veit med visse om nær 700 språk utan skriftsystem, medan det manglar sikker informasjon om godt og vel 2800 språk. Den engelske språkforskaren David Crystal har lagt til grunn at om lag ein tredel av språka er utan skrifttradisjon.¹⁰ Overført til dokumentasjonen frå Ethnologue vil det seie at vel 2300 språk enno ikkje er skriftfesta.

Korleis blir eit talespråk eit skriftspråk? Den norske språkforskaren Rolf Theil skisserte i 2008 eit kontinuum delt inn i 11 område. Framstillinga er seinare blitt oppdatert (figur 1.2).¹¹ Med åtte språk illustrerer Theil korleis talespråk typisk blir skriftfesta på område etter område. Lys skravur markerer at skriftfestinga på det aktuelle området er lite omfattande.

Sentinelesisk er eit av språka utan noka skriftfesting. Språket blir talt av ei folkegruppe på ei øy i øygruppa Sentilane langt aust for India. Ingen utanforståande har vore i kontakt med sentinelesarane på fleire hundreår, og øyfolket ønskjer ikkje besøk. Dermed veit ein også strengt tatt lite om språket deira.

⁹ Dieter Wunderlich: *Sprachen der Welt. Warum sie so verschieden sind und sich doch alle gleichen*, Darmstadt 2015, s. 110 f.

¹⁰ David Crystal: *A Little Book of Language*, New Haven 2010, s. 126.

¹¹ Notat til arbeid med fornying av basisutstilling i Ivar Aasen-tunet.

Figur 1.2 Rolf Theils matrise for utvikling frå talemål til skriftspråk (2015)

Bruksområde	Sentinelesisk India	Subiya Namibia ofl.	Nizaa Kamerun	Romanes Noreg	Fulfulde Mali	Sør-samisk Noreg	Nord-samisk Noreg	Nynorsk Noreg
Rettskriving								
Alfabetiseringskurs								
Enkle hefte								
Religiøs litteratur								
Kyrkjer								
Skjønnlitteratur								
Grunnskule								
Vidaregåande skular								
Høgare utdanning								
Offentleg forvaltning								
Næringsliv								

Nettpublikasjonen Survival arbeider for å fremje rettane til stammefolk og skriv dette: “Perhaps no people on Earth remain more genuinely isolated than the Sentinelese. They are thought to be directly descended from the first human populations to emerge from Africa, and have probably lived in the Andaman Islands for up to 60,000 years. The fact that their language is so different even from other Andaman islanders suggests that they have had little contact with other people for thousands of years.”¹²

Avstanden mellom skrift og tale er ulik frå språk til språk og kan by på vanskar for brukarane. Denne avstanden kan identifiserast ut frå to kriterium:

- Når vi veit korleis eit ord blir skriva, kor lett er det då å vite korleis ordet blir uttalt?
- Når vi veit korleis eit ord blir uttalt, kor lett er det då å vite korleis ordet blir skriva?

For 29 språk er svara plasserte inn i Rolf Theils språk-kvadrat (figur 1.3).

Blant dei utvalde språka er både ekstremspråk (språk som plasserer seg i dei fire hjørna), språk dei fleste kjenner (stort sett europeiske), dei store innvandrarspråka i Noreg og språk frå alle verdsdelar. Eksakt vitenskap er dette ikkje, men språka illustrerer allmenne trekk ved forholdet mellom tale og skrift.¹³

¹² “The most isolated tribe in the world?”, www.survivalinternational.org/campaigns/most-isolatedld?, lesedato 2.9.2015.

¹³ Notat til arbeid med basisutstilling Ivar Aasen-tunet, og presentert i foredrag under Dei nynorske festspela 2008.

Figur 1.3 Rolf Theils språk-kvadrat om forholdet mellom tale og skrift (2015)

Oppe: regelrett frå skrift til tale

finsk sørsamisk	spansk polsk tyrkisk	islandsk tsjekkisk	katalansk portugisisk	færøysk
nordsamisk itaiensk latin	nederlandsk		russisk	
serbisk kroatisk		tysk		frank
persisk arabisk urdu		nynorsk svensk	bokmål	dansk irsk
	hebraisk			
nordisk (med den yngre runerekkja)				engelsk

Nede: uregelrett frå skrift til tale

Venstre: regelrett frå tale til skrift


Høgre: uregelrett frå tale til skrift

Språka til venstre har meir samsvar enn språka til høgre når ein går frå tale til skrift, og språka lengst oppe har meir samsvar enn språka nedst når ein går frå skrift til tale. Språk oppe til venstre har såleis minimale skilnader mellom skrift og tale, men nede til høgre kan desse skilnadene vere store og gå i begge retningar (skrift til tale; tale til skrift). Finsk og nordsamisk er døme på språk med liten avstand, engelsk er eit av dei verste døma på avstand, og for mandarin er forholdet mellom skrift og tale så vilkårleg at språket fell utanfor kvadraten.

Historisk har skriftspråka plassert seg annleis i dette kvadratet enn dei gjer i dag. I prinsippet er dei i rørsle, og den rørsla går heile vegen nedover mot venstre. Dette kallar Rolf Theil den skriftspråklege tyngdekrafta (figur 1.4). Alle språk byrjar anten øvst eller til venstre. Små språk

Figur 1.4 Rolf Theils modell for den skriftspråklege tyngdekrafta (2015)

Oppe: regelrett frå skrift til tale



Nede: uregelrett frå skrift til tale

Venstre: regelrett frå tale til skrift → Høgre: uregelrett frå tale til skrift

<p>ENGELSK gamalengelsk: 400–1000-talet mellomengelsk: 1000–1500-talet tidleg nyengelsk: 1500–1800-talet nyengelsk: frå 1800-talet</p>	<p>NORSK norrønt: 700–1300-talet mellomnorsk: 1300–1500-talet nynorsk: frå 1500-talet</p>
<p>FRANSK gamalfransk: 800–1300-talet mellomfransk: 1300-1600-talet tidleg nyfransk: 1600–1700-talet nyfransk: frå 1700-talet</p>	<p>TYSK gamalhøgtysk: 700–1000-talet mellomhøgtysk: 1000–1300-talet tidleg nyhøgtysk: 1300–1500-talet nyhøgtysk: frå 1500-talet</p>

må gjerne halde seg oppe mot venstre for å overleve; store språk som engelsk og mandarin kan oppføre seg annleis – dei har så mange brukarar at språka absolutt ikkje er truga.

Generelt ligg altså unge språk oppe til høgre. Språk som engelsk eller fransk har fastsett rettskrivinga for mange år sidan, slik at det ikkje blir teke omsyn til at talespråket endrar seg. Då er skriftspråket «kon-stant», men talespråket er i rørsle. Isolert sett vil det vere lettare å lære eit språk som er oppe til venstre enn eit som ligg langt nede til høgre.

1.2 Vitalitet og sosial posisjon

Tidleg på 1900-talet enda eit britisk overslag på 1500 språk, det franske akademiet gjekk ut frå om lag 2800 ulike språk, medan tyske forskarar strekte seg til 3000.¹⁴

Først i seinare tiår kjenner vi det reelle språklege mangfaldet. I 1974 dokumenterte Ethnologue at nær 5700 språk var i bruk. I 2005 hadde dette auka til 6912 språk, og i 2015 var 7102 språk i bruk (tabell 1.2.1). Instituttet bruker den same definisjonen av språk heile tida, men for kvar ny utgåve aukar talet på språk som er i bruk. Det vil ikkje seie at 200 nye språk var tekne i bruk på ti år, men at det var så mange språk Ethnologue meinte å ha sikker kunnskap om, og som måtte reknast som eigne språk.

Det språklege mangfaldet er altså større enn nokon har visst. Kvart femte språk som er dokumentert i dag, var lite kjent før Vietnamkrigen var over. Språka var der, men dei var ikkje dokumenterte, eller dei var ikkje definerte som eigne språk.

Størst er endringa i dokumentasjonen for Europa. Det heng nok saman med at denne verdsdelen var den Ethnologue sist tok til å arbeide med. Samstundes som vi fekk meir kunnskap om språk i verda, tok jamt fleire regime og grupper av språkbrukarar til å fremje bruk av fleire språk. Heile tida har skriftfesting vore det kritiske punktet.

Tal er ein ting, substans noko anna. Spørsmålet er kor vitalt eit språk er og kva sosial posisjon det har som bruksspråk. Tidlegare har språkforskarar utvikla typologiar som kan klargjere kor truga eit språk er. Som

¹⁴ John Edwards: *Multilingualism. Understanding Linguistic Diversity*, London og New York 2012, s. 6.

første forskingsmiljø har Summer Institute of Linguistics utvikla eit sett kriterium for å identifisere kor vitalt eit språk er. Det gir det mogleg for dei å plassere kvart einaste dokumenterte språk på ein skala frå 1 til 12, som i deira nummersystem går frå 0 til 9, med 10 som kategorien «ute av bruk».

Dei tolv nivåa er ordna i fem grupper – institusjonaliserte, i utvikling, livskraftige, i vanskar og på veg ut av bruk (tabell 1.2.2).

0 *International*. The language is widely used between nations in trade, knowledge exchange, and international policy.

1 *National*. The language is used in education, work, mass media, and government at the national level.

2 *Provincial*. The language is used in education, work, mass media, and government within major administrative subdivisions of a nation.

3 *Wider communication*. The language is used in work and mass media without official status to transcend language differences across a region.

4 *Educational*. The language is in vigorous use, with standardization and literature being sustained through a widespread system of institutionally supported education.

5 *Developing*. The language is in vigorous use, with literature in a standardized form being used by some though this is not yet widespread or sustainable.

6a *Vigorous*. The language is used for face-to-face communication by all generations and the situation is sustainable.

6b *Threatened*. The language is used for face-to-face communication within all generations, but it is losing users.

7 *Shifting*. The child-bearing generation can use the language among themselves, but it is not being transmitted to children.

8a *Moribund*. The only remaining active users of the language are members of the grandparent generation and older.

8b *Nearly extinct*. The only remaining users of the language are members of the grandparent generation or older who have little opportunity to use the language.

9 *Dormant*. The language serves as a reminder of heritage identity for an ethnic community, but no one has more than symbolic proficiency.

10 *Extinct*. The language is no longer used and no one retains a sense of ethnic identity associated with the language.

Denne inndelinga publiserte *Ethnologue* i den 17. utgåva i 2013. Alt to år etter var inndelinga justert for ein del språk i den 18. utgåva. I 2015 rekna *Ethnologue* 4658 språk som livskraftige, i utvikling eller som institusjonaliserte. Det skal ein del til før dei språka går ut av bruk. I 2013 klasifiserte *Ethnologue* 682 språk i gruppa av institusjonaliserte språk.¹⁵ To år etter var talet redusert til 578. Det var berre åtte prosent av alle språka, men dei var brukte av godt over 80 prosent av alle innbyggjarane. Færre enn kvart tiande språk utgjer altså vitale skriftkulturar i dag.

Ethnologue definerte seks språk som internasjonale og 95 språk som nasjonale (tabell 1.2.2). Nasjonale språk blir «brukte i utdanning, arbeidsliv, massemedia og offentleg forvaltning på nasjonalt nivå». Her blir norsk rekna som eitt språk med to skriftvariantar og plasserer norsk som eit nasjonalt språk saman med 94 andre.

Jamt fleire i Noreg snakkar om bokmål og nynorsk som to norske språk, ikkje som to målformer. Dette endrar ikkje den språklege posisjonen i verdssamfunnet. Både bokmål og nynorsk oppfyller krava for å reknaast som nasjonale språk, og dei er skilde ut som to språk i tabellane i *Språkfakta*.

Bokmål og nynorsk høyrer altså med i ein eksklusiv einprosentklubb av all verdas språk. Noreg blei medlem i denne klubben parallelt med og ikkje i strid med at styresmaktene tidlegare enn noko anna land i Europa gjorde Noreg til eit formelt fleirspråkleg samfunn. Medlemskapen i Einprosentklubben har dei to norske språka oppnådd parallelt med og ikkje i strid med at Noreg formelt blei eit fleirspråkleg samfunn.

Den nynorske skriftkulturen skapte Noreg og utvida Norge.

Fundamentet for å gjere bokmål og nynorsk til komplette, samfunnsberande språk er rett og slett mykje sterkare enn det allmenne språkpolitiske ordskiftet gir inntrykk av. Der heiter det gjerne at norsk er eit lite og skrøpeleg språksamfunn. Tvert om, med eit internasjonalt blick er norsk to svært robuste språk.

Storleik åleine seier ikkje alt. Spørsmålet er kva plass språka har i samfunnet og kor godt dei aktuelle skriftkulturane er organiserte. Då stiller norsk endå sterkare.

¹⁵ M. Paul Lewis ofl. (red.): *Ethnologue. Languages of the World*, 17. utgåva, Dallas 2013.

I 2015 var 2444 språk i vanskar eller på veg ut av bruk. Desse mange språk var brukte av 1,1 prosent av alle innbyggjarane. Mest kritisk var situasjonen for ein del språk i Europa, og i Oseania og Amerika, der vernet av urfolkspråk og minoritetsspråk har vore svakast og presset mot tradisjonar størst (tabell 1.2.3).

Skrifffestinga er eit grenseland. Eit språk med skriftsystem er eit langt steg nærmare ei sikrare framtid enn eit språk utan skrifffesting. Enno er kunnskapen for spreidd til at det kan lagast eit nokolunde sikkert oversyn over utbreiinga for dei ulike skriftsystema og kor mange som bruker dei (tabell 1.2.4). Det hender at nokre språk blir skrivne med meir enn eitt alfabet men tabellen er summert til 8,3 milliardar brukarar av ulike alfabet, og det gjer at tala må lesast kritisk. At det latinske alfabetet dominerer fullstendig, og at det kinesiske er det nest mest brukte, stemmer. Ser vi bort frå vel 900 millionar analfabetar, er det ein rimeleg konklusjon at nær seks av ti bruker det latinske alfabetet og to av ti det kinesiske.

Den språklege vitaliteten kjem også til uttrykk gjennom den formelle statusen til eit språk. Difor kan det ha mykje å seie om eit språk har offisiell status eller ikkje. Her er det smått med historiske data, og det varierer mykje kva type offisiell status språka har. Dei tre landa med flest offisielle språk, nasjonalt og/eller regionalt, er Kina, India og Bolivia (tabell 1.2.5).

Dei sameinte nasjonane har ført den same språkpolitikken like sidan 1945, men blei utvida frå fem til seks offisielle språk i 1973, då arabisk fekk slik status (tabell 1.2.6).

Fram mot 1800-talet blei teorien om ein stat – eitt språk utvikla og handheva av mange makthavarar. Framleis står det prinsippet sterkt, men det statistiske gjennomsnittslandet er Mosambik med 35 språk. I 2015 hadde 21 land meir enn 100 språk som var talte av førstespråkbrukarar, mot 22 i 2009 (tabell 1.2.7). Som før låg Papua New Guinea øvst; 3,8 millionar innbyggjarar brukte 839 ulike språk i 2015. Både Indonesia, Nigeria, India, USA og Kina hadde over 300 ulike språk.

1.3 Lese- og skrivekunne

Der er store variasjonar i lese- og skrivekunne.

I 2014 rekna UNESCO med at 781 millionar vaksne og 126 millionar unge ikkje kunne lese og skrive.¹⁶ I alt var dermed 907 millionar analfabeta, og 573 millionar av desse (63 prosent) var kvinner.

Utviklingsprogrammet til Dei sameinte nasjonane, UNDP, reknar lese- og skrivekunne som eit viktig kriterium for samfunnsutviklinga. Både Noreg og mange andre land med høg gjennomsnittsinntekt lèt vere å rapportere om eiga lese- og skrivekunne, og for desse landa blir prosentdelen sett til 99. Andre land vil ha interesse av å rapportere høgare verdiar enn det faktisk er grunnlag for. Dette gjer at opplysningar om lese- og skrivekunne generelt er nokså upålitelege (tabell 1.3.1 og 1.3.2).

Dei fleste landa med svært låg lese- og skrivekunne ligg i Afrika. I dei fleste landa kan mellom 50 og 80 prosent av innbyggjarane truleg lese og skrive.

1.4 Religion

Bibelen er det mest omsette skriftverket i verda. Den europeiske misjonsverksemda har sett djupe språklege spor og styrkte det språklege mangfaldet.

Det gamle testamentet var skriva på hebraisk og låg føre i omsetjing til andre språk fleire hundreår f.Kr. Det nye testamentet var skriva på koiné, administrasjonsspråket i det hellenske riket, og blei omsett til andre språk frå 300-talet. Lenge var *Bibelen* berre omsett til ti språk, og ved inngangen til den europeiske reformasjonen låg enno berre omsetjingar til godt under 100 språk føre (tabell 1.4.1). Trykte utgåver på mange nye språk skaut først fart på 1800-talet, og fram til 1937 låg *Bibelen* eller bibeldelar føre på 1008 språk. Tre av ti språk var afrikanske.

Seinare gjekk det endå fortare. I 2015 var *Bibelen* eller bibeldelar omsette til 2882 språk (tabell 1.4.3). Slike omsetjingar finst for tre av ti asiatiske språk og nesten seks av ti europeiske (tabell 1.4.4).

Omsette utgåver av *Koranen* har ein heilt annan status enn omsetjingar av bibeltekstar. Kvar utgåve av *Bibelen* har same teologiske status, men for muslimar er det den arabiske utgåva som gjeld. Difor er *Koranen*

¹⁶ Unesco Institute of Statistics: "International literacy data 2014", www.uis.unesco.org/literacy/Pages/literacy-data-release-2014.aspx, lesedato 5.8.2015.

omsett til ganske få språk, sjølv om dei første omsetjingane kom tidlegare enn for *Bibelen*. Opplysningane er spreidde og usikre, men det ser ut til at *Koranen* kan lesast på vel 160 språk (tabell 1.4.2).

1.5 Digitale medium

I 2014 brukte 2,9 milliardar Internett. Ein milliard brukarar blei passert i 2005, to milliardar i 2010. Rekna i prosent hadde flest i Nord-Amerika, Europa og delar av Asia tilgjenge til digitale medium, lågast i delar av Afrika.¹⁷

Dei statistiske opplysningane for språk i digitale medium er høgst usikre. På tvers av ulike metodar og problemstillingar ser det likevel ut til å vere ein tendens at engelsk over tid er blitt mindre dominerande på Internett (tabell 1.5.1). Ei av dei tidlegaste, meir pålitelege undersøkingane er frå 1999. Då var 72 prosent av alle tekstar på Internett på engelsk. I 2015 hadde dette minka til under 56 prosent. Berre frå 1.7.2014 til 8.7.2015 gjekk engelskprosenten ned frå 55,8 til 55,2. Globalt er dette skiftet på så få år den største endringa i det språklege styrkeforholdet internasjonalt som har vore dokumentert det siste hundreåret. Ei tilsvarande endring viser seg når ein prøver å sortere Internett-brukarar etter språk. 36 prosent engelsk i 2004 var i 2014 blitt til 29 prosent (tabell 1.5.3).

Eit oversyn frå Google er nok ein av dei mest pålitelege dokumentasjonane av språk på Internett i den tidlege fasen for dette mediet. I 2008 noterte Google 25 milliardar nettstader på engelsk, nær 4 milliardar på forenkla kinesisk og 3 milliardar på japansk (tabell 1.5.2). Over 64 prosent av godt vel 50 milliardar nettstader var på eit av dei tre språka. Blant nettstader på europeiske språk låg norske på 12. plass, danske på 14. plass, finske på 15. plass og svenske på 22. plass. For bruken av digitale medium har teknologiske løysingar og tilbod meir å seie enn folketal og kor mange som bruker dei ulike språka.

Tala for den engelske posisjonen kring 2010 er ganske like. På same måten som 51 prosent av nettstadene var på engelsk i 2008, stod engelsk for 52 prosent av språka på Facebook i 2010 og 50 prosent på Twitter same året (tabell 1.5.4 og 1.5.5.). For utviklinga på Facebook er tala usikre, men

¹⁷ Internet Society: *Global Internet Report 2014*, s. 19.

tal for Twitter stadfester den nemnde tendensen til at engelsk er mindre dominerande digitalt no enn for få år sidan. 50 prosent engelsk på Twitter i 2010 var i 2014 blitt til 34 prosent.

Det språklege, digitale mangfaldet kjem endå klarare til uttrykk når ein prøver å dokumentere tilgjenge til digital, leksikalsk kunnskap etter språk. Då viser det seg at dei 12 største språka i Wikipedia i 2015 var førstespråket til kvar femte innbyggjar på jord (tabell 1.5.6). Vel så viktig var det at åtte av ti innbyggjarar hadde tilgjenge til slik kunnskap på førstespråka sine. I det ligg ein enorm demokratisk verdi, men den språklege tilgangen blei avgrensa av det tekniske.

For 2000-talet er det vanskeleg å finne pålitelege data om språkfordeling på andre kulturområde. UNESCO opplyste i si statistiske årbok at 28 prosent av alle utgitte bøker i 1995 var på engelsk, 13 prosent på mandarin og 12 prosent på tysk.¹⁸ Eit anna oversyn frå om lag 2005 tyder på at engelskspråklege aviser utgjorde 24 prosent av det samla avisopplaget i verda.¹⁹ Viss desse tala er nokolunde pålitelege, vil det seie at den engelske dominansen i digitale medium iallfall førebels er vesentleg større enn i dei klassiske media bøker og aviser.

Den ungarske forskaren Andrés Kornai varsla i artikkelen «Digital language death» I 2013 at svært mange spark ville gå ut av bruk i den digitale tidsalderen. Samandrag: «Of the approximately 7,000 languages spoken today, some 2,500 are generally considered endangered. Here we argue that this consensus figure vastly underestimates the danger of digital language death, in that less than 5% of all languages can still ascend to the digital realm. We present evidence of a massive die-off caused by the digital divide.”²⁰

Det allmenne mønsteret som er skissert ovanfor, gir svak dekning for dette framtidsvarselet. Dei digitale media er i ein svært tidleg utviklingsfase, og ein alternativ hypotese kunne ha vore at dei største verdspråka ville dominere desse nye formata meir enn dei faktisk gjorde, få tiår etter at Internett blei teke i bruk, og lenge før folk i verda hadde allmenn tilgang til digitale medium.

¹⁸ *Unesco Statistical Yearbook*, her etter Mikael Parkvall: *Limits of language*, 2006, s. 73 f.

¹⁹ Mikael Parkvall, same staden, s. 73.

²⁰ Andrés Kornai: «Digital language death», Plos One, <http://journals.plos.org/plosone/article?id=10.1371/journal.pone.0077056>, lesedato 10.11.2013.

1.6 Ordbøker, litteratur og institusjonar

Innhaldet i skriftspråka blir mellom anna dokumenterte gjennom ordbøker, og ordforrådet blir raffinert gjennom litterær bruk. Kor mange ord ulike forfattarar har brukt, er ingen omfattande vitenskap der det er lett å jamføre forfattarar med kvarandre. Difor kan det vere feil at mange av forfattarane med størst ordforråd, er europeiske, og det kan vere tilfeldig at fire av dei er norske (tabell 1.6.1).

Meir pålitelege er opplysningane om kor mange oppslagsord ulike ordbokverk har. Ordbøker med meir enn 100 000 oppslagsord har vore utvikla for minst 11 språk dei siste hundreåra (tabell 1.6.2). Så store ordboksverk er sjeldan vare. Ordbøker for nynorsk og dansk er dei einaste verka for mindre språk på ei liste der verdsspråka dominerer.

Ordbøker institusjonaliserer skriftspråk, gjer dei synlege og gjer dei lettare å bruke. Slike verk er blitt til som følgje av behov hos brukarane. Ei anna form for slik institusjonalisering i skriftkulturen er å etablere språkmuseum. I 2015 publiserte Nynorsk kultursentrum ein dokumentasjon av 59 slike museum (tabell 1.6.3). To av tre språk skriv seg frå Afrika eller Asia, men to av tre språkmuseum ligg i Europa. Den språkpolitiske vendinga frå 1990-åra som er omtalt ovanfor, viser att også her ved at godt over halvparten av musea blei opna i 1990 eller seinare. Det eldste av «vanlege» språkmuseum er Ivar Aasen-tunet i Noreg frå 1898.

Ei tid førte UNESCO statistikk for bokutgivingar etter språk. Slike tal er diverre ikkje lenger tilgjengelege i oppdatert form. Dei opplysningane er likevel ikkje nødvendige for å sjå kor språkleg skeivt Nobelprisen i litteratur er blitt utdelt frå og med den første utdelinga i 1901 (tabell 1.6.4). Til og med 2014 var 111 prisar delte ut. 65 av prisvinnarane skreiv på engelsk, fransk, tysk eller spansk, og 13 på skandinaviske språk. Berre sju prisvinnarar skreiv på ikkje-europeiske språk.

Nobel-lista er heilt påliteleg. Det same kan ikkje seiast om forsøk på å rangere forfattarar etter kor mange språk dei er omsette til. Difor er tabellen over dei mest omsette forfattarane todelt, med forfattarar det iallfall finst ein viss informasjon om, og forfattarar der lite er kjent (tabell 1.6.5). Det verkar sikkert at Antoine de Saint-Exupéry med boka *Le Petit Prince* frå 1943 er omsett til 253 språk og med det ligg klart øvst. God orden er det også i dokumentasjonen av kor mange språk bøker av H.C.

Andersen er omsette til. For William Shakespeare finst eit anslag, for Johann Wolfgang von Goethe ikkje ein gong det. Goethe-Institut i Oslo gjorde eit grundig forsøk på å finne ut av dette og kunne slå fast at *Die italienische Reise* er omsett til 23 språk, men resten er uvisse.²¹

Nokre språkmønster kan lesast ut av den dokumentasjonen UNESCO samlar i databasen for omsetjingar, Index translationum, som har data frå 1932, men som i dag er tilgjengeleg med digital informasjon frå og med 1979. Frå då av er det ein forfattar som skil seg ut med særleg mange omsetjingar Agatha Christie (tabell 1.6.6). Blant dei mest omsette forfattarane skreiv sju på engelsk, ein på fransk (Jules Verne), ein på dansk (H.C. Andersen), ein på russisk (Lenin) og to på tysk (brørne Grimm).

Originalverk på engelsk, fransk, tysk og russisk var omsette flest gonger (tabell 1.6.7). Vesentleg fleire bøker var omsette frå latin og gamalgresk enn frå verdsspråk som kinesisk og arabisk. Det seier sitt om tyngda i ein historisk kulturell dominans og om effektiv samfunnsorganisering. På den andre sida var tysk, fransk og spansk dei språka flest bøker blei omsette til (tabell 1.6.8). Tyskland, Spania og Frankrike var også dei tre landa med flest omsette bøker (tabell 1.6.9). Det kom ut fem gonger fleire omsette bøker i Tyskland enn i USA, og seks gonger fleire enn i Storbritannia. Ut av slike tal kan det lesast retningar og dominans i kulturelle impulsar.

1.9 Historisk statistikk

Dieter Wunderlich har peika på eit kuriøst, men interessant historisk særtrekk.

Kor mange som då levde, er rett nok usikkert, men Dei sameinte nasjonane reknar med at det var om lag 300 millionar menneske i år 0. Kring 1000 var det ikkje meir enn 310 millionar, og i 1500 om lag 500 millionar.²² Folketalsveksten har altså vore formidabel dei siste 500 åra.

²¹ Jeanette Danzer, Goethe-Institut Oslo i e-post til forfattaren 7.5.2015.

²² Dieter Wunderlich: *Sprachen der Welt. Warum sie so verschieden sind und sich doch alle gleichen*, Darmstadt 2015, s. 32 f.

I år 0 budde 60 prosent av alle i Asia (tabell 1.9.1). Der snakka dei sine asiatiske språk, for dette var før alle former for vestleg kolonialisering. Også i 2015 snakka 60 prosent av innbyggjarane i verda asiatiske språk. Den andre store verdsdelen rekna i folketal var Europa. 26 prosent snakka europeiske språk i år 0, og slik var det også i 2015.

Språkbrukarane fordeler seg altså etter opphavsland for språka på same måten i 2015 som på Jesu tid.

Alt i år 0 var truleg minst 44 språk gått ut or bruk, i følge Wikipedia English.²³ Ut frå den same liste blei 229 språk borte fram til 1960. Spørsmålet om kor mange språk som har gått ut av bruk dei siste 50 åra, har minst to svar. UNESCO meinte altså i 2009 at godt og vel 200 språk var gått ut av bruk etter 1960 (tabell 1.9.3). Seks år seinare registrerte Ethnologue 373 språk som var gått ut av bruk sidan 1960.²⁴ Her er nok Ethnologue den mest pålitelege kjelda. Det vil seie at vi veit om minst 646 språk frå dei siste 5000 åra som ikkje lenger er i bruk.

Den tyske språkforskaren Harald Haarmann har samla nesten 100 av dei i eit leksikon over utgatte språk. Han sorterer dei i fire grupper: Språk utan spor i det kulturelle minnet (eblaittisk), språk som det er spor etter i moderne språk (føniskisk), språk med ein gamal skriftkultur som delvis gjer seg gjeldande i kulturlandskapet i dag (latin) og språk med ein gamal skriftkultur som nokre få enno bruker (arameisk).²⁵ Den usikre gruppa er den første, språka utan spor i ettertida. Der er nok fleire av dei enn vi veit om i dag. Før 1974 visste til dømes ingen om språket eblaittisk i Syria.²⁶

Lista i Wikipedia inneheld 37 språk for det første tusenåret og 121 språk for perioden 1000–1899. Frå og med 1900 har minst 454 språk gått ut av bruk. Det svarar til sju av ti utgatte språk som vi veit om. At så mange er blitt borte i seinare tiår, har nok å gjere med at språkvitskapen og andre fagmiljø har eit heilt anna blick for dette no enn før 1900. Når 1400 av dei språka vi veit om i dag, ikkje var identifiserte før 1974, kan ein heller ikkje rekne med at kunnskapen om utgatte språk er presis før i seinare tiår. Den andre viktige årsaka til det høge talet for seinare tiår er at

²³ Wikipedia English: List of extinct languages, *en.wikipedia.org*, lesedato 20.8.2015.

²⁴ «Frequently asked questions», *ethnologue.org*, lesedato 17.8.2015

²⁵ Harald Haarmann: *Lexikon der untergegangenen Sprachen*, München 2004, s. 7 ff.

²⁶ Ottar Grepstad: *Språksansen*, Oslo 2013, innførsel 28.3.

samfunnsutviklinga har fjerna livsgrunnlaget for ein del samfunn som hadde sin eigne språk.

Når utbreiing av språk i tidlegare tider skal talfestast, er det mangt som er usikkert. Sjølv samtidsdokumentasjon frå 1900-talet kan vere vaklevoren. Eit fransk forsøk frå 1926 knytte 1,5 milliardar av to milliardar innbyggjarar til 30 ulike språk (tabell 1.9.2). Det oversynet dekkjer om lag 70 prosent av alle innbyggjarane. All den tid 23 språk i dag er førstespråket til seks av ti innbyggjarar, vil det seie at reknestykket frå 1926 kan ha treft ganske bra. Eit anna reknestykke frå 1950-åra er derimot høgst usikkert. Her brukte åtte av ti innbyggjarar 36 ulike språk. Som ein kontrast til dette står dokumentasjonen frå Ethnologue i 1996, som viste at 65 prosent av innbyggjarane bruke 35 ulike språk. Då var verda i ferd med å få sikker informasjon om utbreiinga av alle språk i bruk.

Det var dei to franske språkforskarane Antoine Meillet og Marcel Cohen som stod bak lista frå 1926. Dei oppdaterte dokumentasjonen sin i 1952, men ikkje slik at det kunne lagast ein uttømande tabell for språka i verda. Mest utvikla var informasjonen om dei indoeuropeiske språka (tabell 1.9.3). Desse var brukte av minst 1,1 milliardar kring 1950. Då var enno engelsk det klart største språket i denne språkfamilien. Slik var det ikkje lenger i 2015. Då snakka 2,9 milliardar eit indoeuropeisk språk, men engelsk var då førstespråket for berre 12 prosent av indoeuropearane, mot 23 prosent kring 1950.

Tema: språk i fare

Den 18. oktober 1998 heldt den tyske språkforskaren Dieter Wunderlich eit radioforedrag under tittelen «Kva taper vi når språk døyr?» Det emnet har mange drøfta både før og seinare. Wunderlich trong berre tre setningar for å få fram verdien ved kvart eit språk:

«Kvart enkelt språk er i seg sjølv ein fullt utvikla identitet, ein sjølvstendig og som regel mange hundre år gamal kultur om korleis vi menneske omgår kvarandre og med naturen. Vi mistar meir enn kuriosa om vi mistar eit språk. Kvart einaste språk er eit fullt ut gyldig utkast til det å vere menneske med sine intellektuelle særtrekk, ei historisk radert tilpassing til menneskets behov for kommunikasjon. Mistar vi eit språk, går vi

glipp av ein måte å vere menneske på som vi knapt kan greie å førestille oss ved eiga hjelp.»²⁷

Språk er mest utsette der mangfaldet er størst. Språk døyr ikkje, men kan gå ut av bruk. Eit språk som er gått ut av bruk, kan i prinsippet takast i bruk att. Ein slik prosess vil gå lettare viss det aktuelle språket har vore skriffesta.

Om eit språk er truga, er ikkje eit spørsmål om anten/eller, men om kor truga det er. Då er det absolutte tal som gjeld, ikkje relative tal. Historia om kalispel viser kva det handlar om. Kalispel-Pend d'Oreille er eit urfolksspråk i USA. Den norske språkforskaren Hans Vogt oppheldt seg i reservatet til kalispel-folket i delstaten Washington i nær tre månader sommaren 1937. Tre år seinare gav han ut ein studie av språket: «På reservatet talar eldre folk og små born under skulealder kalispel. Mellomgenerasjonen, særskilt kvinnene, kan litt engelsk, men talar berre kalispel med kvarandre. Den yngre generasjonen, som har lært engelsk på skulen, talar ofte engelsk med kvarandre. Dei gamle klagar over at dei ikkje talar god kalispel.»²⁸

Mange tiår seinare rekna Ethnologue med at kalispel-folket utgjorde 6800 menneske i 1997, og at 2000 då snakka kalispel. I 2005 var det kanskje berre 64 att som brukte språket. I 2015 var difor dette språket rekna med blant dei språka som var kritisk truga, «nearly extinct».²⁹

Ethnologue rekna i 2009 eit språk som «nesten utrydda» viss det hadde 50 eller færre brukarar, eller viss andre kriterium tilsa det same. Ut frå dette meinte Ethnologue-redaksjonen at 457 språk då var nesten utrydda. Seks år seinare rekna den same redaksjonen 766 språk til gruppa «på veg ut av bruk». Tala frå dei to åra kan ikkje jamførast direkte. Klasifiseringa av språk i 2015 gjer det frå no av lettare å seie noko meir sikkert om utviklinga i det språklege mangfaldet.

UNESCO registrerer jamleg kor mange språk som er truga. Organisasjonen skil mellom fem nivå:

- *Utrygt*: Dei fleste borna talar språket, men bruken kan vere avgrensa til visse område og situasjonar

²⁷ Dieter Wunderlich: «Was verlieren wir, wenn Sprachen sterben?», manuskript, <http://user.phil-fak.uni-duesseldorf.de/~wdl/Bedroht.pdf>, lesedato 7.5.2015.

²⁸ Hans Vogt: *The Kalispel Language*, Oslo 1940, s. 7, omsett av Rolf Theil.

²⁹ Rolf Theil: «Norsken på sotteseng?», foredragsmoment om lag 2005, og *Ethnologue*, 18. utgåva, Dallas 2015, ethnologue.com, lesedato 19.7.2015.

- *Avgjort truga*: Borna lærer ikkje lenger språket som morsmål heime
- *Alvorleg truga*: Besteforeldre og eldre generasjonar bruker språket, for-eldra forstår kanskje språket, men bruker det ikkje seg imellom eller til borna
- *Kritisk truga*: Besteforeldre og eldre generasjonar er dei yngste brukarane, og dei bruker språket sjeldan og berre delvis
- *Ute av bruk*: Ingen bruker språket lenger

Ei rekkje kriterium avgjer om eit språk skal med på lista:

- Tradering av språk mellom generasjonar
- Tal brukarar
- Prosentdel brukarar av alle innbyggjarar
- Endring i domene for bruk av språket
- Bruk i nye domene og media
- Tilgjengelege læremiddel i språket
- Statleg og institusjonell språkpolitikk, medrekna offisiell status og bruk
- Språkbrukarane si haldning til sitt eige språk
- Omfang av og kvalitet på dokumentasjon av språket

UNESCO meinte i 2009 at om lag 2300 språk var truga (tabell 1.9.4). Over 1000 av desse var anten alvorleg eller kritisk truga. Størst var faren i 33 land med til saman 2100 truga språk. Kombinert med dokumentasjon frå *Ethnologue* tyder dette på at ein tredel av språka i desse landa er truga. Mest utsett er det språklege mangfaldet i Brasil, Russland og Bolivia. Der er ni av ti språk i fare. Også i Colombia og Venezuela er svært mange av språka truga.

Korleis blir eit språk truga? Vanlegvis kjem nedgangen fyrst i talet på yngre brukarar. Sosial prestisje vil også vere viktig, likeins kor integrert eit språk er i samfunnsformasjonen. Som regel er det språk utan skriftkultur eller skriftspråktradisjon som er truga. Så godt som alle språk med skriftspråktradisjon er altså trygge. Ikkje minst må mange nok bruke språket. I 2015 hadde 1543 språk færre enn 1000 førstespråkbrukarar, 478 hadde færre enn 100 brukarar og 140 språk hadde færre enn ti førstespråkbrukarar.³⁰

Ei forenkla framstilling av kva det handlar mest om for slike språk, er presentert i figur 1.5. Denne utviklingsmodellen laga Rolf Theil i 2007,

³⁰ «Frequently asked questions», *ethnologue.org*, lesedato 17.8.2015.

og han oppdaterte den før publisering i 2015.³¹ Fleire av kriteria er identiske med dei som er førte opp ovanfor. Utviklinga frå språket som er på trygg grunn til eit språk som er ute av bruk, blir her strukturert i sju fasar, og nøkkelen er kva aldersgrupper som bruker språket. Når ein talt språk skal bli skriftspråk, må ulike bruksområde vinnast. Når eit språk er på veg inn i vanskar, er aldersgruppene det kritiske punktet.

Figur 1.5 Rolf Theils utviklingsmodell for språk i vanskar

Aldersgrupper	Trygt	Fare på ferde	Truga	Alvorleg truga	Svært alvorleg truga	Katastrofalt truga	Ute av bruk
0–19	Alle	Mange	Nokre få	Ingen	Ingen	Ingen	Ingen
20–39	Alle	Alle	Mange	Nokre få	Ingen	Ingen	Ingen
40–69	Alle	Alle	Alle	Mange	Nokre få	Ingen	Ingen
70–	Alle	Alle	Alle	Alle	Mange	Nokre få	Ingen

Språk er jamt i fare. Alt i 1880 konstaterte den irske forfattaren og statistikaren Michael G. Mulhall: “It is remarkable that while many old languages are dying out, the Press is every year adding new ones to its list of conquests.”³² Som døme nemnde han at det kom ut ei avis på skotsk gælisk i Canada, ei avis på maori blei gitt ut i New Zealand, og ei på cherokee i USA. Det kom jamvel ut bøker på det han kalla rare språk: Shakespeare på kinesisk.

Perspektiv: den språkpolitiske vendinga

Nasjonar er sosialt og kulturelt heterogene, ikkje homogene samfunn. Likevel er altså dei fleste statane framleis formelt eittspråklege. Denne konsitusjonelle og formelle sida av saka er berre ei side av saka. I verda av språk er eintal blitt til fleirtal dei siste tiåra, og store fleirtal er blitt til mange mindretal. Jamt fleire makthavarar erkjenner at dei må utforme språkpolitiske regime som tek omsyn til dette. I Europa har Europarådet

³¹ Notat til arbeid med fornying av basisutstilling i Ivar Aasen-tunet.

³² Michael G. Mulhall: *The Progress of the World*, London 1880, faksimileutgåve London 2015, s. 92.

sidan 1992 år bygt opp eit heilt nytt regime for utvikling av regions- og mindre brukte språk.

Dette er den språklege vendinga i vår tid, det intellektuelle paradigmeskiftet, den nye tenkjemåten. Denne språklege vendinga byggjer på at forståing av språk har endra seg. Språk kan ikkje definierast eller forklarast berre språkleg. Så vel historiske og økonomiske som politiske, sosiale og kulturelle faktorar høyrer med.³³ I språkvitskapen har det lenge vore sjølv sagt å forstå språk som eit sosialt og kulturelt fenomen, men når det kjem til stykket, blir språk nesten alltid definerte reint lingvistisk.

«Vi», skreiv Otto Jespersen – den danske språkforskaren, ikkje den norske humorskaparen, i 1946, «vi kjem aldri til å nå fram til ei heilskapleg forståing av språk så lenge vi rettar merksemda berre mot den intellektuelle funksjonen til språket eller som eit kommunikasjonsmiddel for tanken.»³⁴ «Språket er uten tvil det viktigste av alle sosiale fenomen», skreiv den norske kollegaen Alf Sommerfeldt to år seinare.³⁵ «Språk er identitet, historie, kultur og tilhørighet,» seier omsetjaren Siri Næss. «Det vet enhver som har stått ordløs i et fremmed land».³⁶

Di meir utbygde statssystema blir med all si forvaltning, og di meir skriftkulturelle samfunna blir, di tydelegare blir det at språk er meir enn språk. Dei tolv årstalane om tilstanden for nynorsk skriftkultur 2001–2012 var på enklaste vis eit forsøk på å vise dette språklege tidsskiftet og gi framtida ei retning, som draumen om målet. I Noreg er skiljet mellom nynorsk og bokmål det konstituerande skiljet for nesten alle meiningar om språk. Det er noko av det same Dieter Wunderlich peikar på når han skriv at kvart einaste språk er på ein overraskande måte einestående: «Så langt menneskelege biografiar og læringshistorier er ulike, varierer også språka til menneske, meir eller mindre.»³⁷

Ein viktig del av den språklege vendinga er at dei språklege rettane til innbyggjarane er bitt framheva. I 1996 vedtek over 140 representantar for organisasjonar og forskarmiljø *Universal Declaration of Linguistic*

³³ Tore Janson: «Varifrån kommer språkens gränser?», foredrag op Språkdagen i Oslo 11.11.2009, egne notat.

³⁴ Otto Jespersen: *Mankind, nation and individual*, Oslo 1925.

³⁵ Alf Sommerfeldt: *Språket og menneskene*, Oslo 1948, s. 10.

³⁶ Siri Næss i Per Qvale (red.): *Det muliges kunst*, Oslo 1999.

³⁷ Dieter Wunderlich: *Sprachen der Welt. Warum sie so verschieden sind und sich doch alle gleichen*, Darmstadt 2015, s. 10 og 29.


Rights, seinare ofte kalla Barcelona-erklæringa. Den legg særleg vekt på språklege rettar for brukarar av regionale språk og minoritetsspråk. I erklæringa heiter det mellom anna: «All languages are the expression of a collective identity and of a distinct way of perceiving and describing reality and must therefore be able to enjoy the conditions required for their development in all functions. All languages are collectively constituted and are made available within a community for individual use as tools of cohesion, identification, communication and creative expression.”

Eit liknande initiativ tok PEN International. Hausten 2011 vedtok den 77. kongressen i PEN International *Girona Manifesto on Linguistics Rights* i ti korte punkt.

1. Linguistic diversity is a world heritage that must be valued and protected.
2. Respect for all languages and cultures is fundamental to the process of constructing and maintaining dialogue and peace in the world.
3. All individuals learn to speak in the heart of a community that gives them life, language, culture and identity.
4. Different languages and different ways of speaking are not only means of communication; they are also the milieu in which humans grow and cultures are built.
5. Every linguistic community has the right for its language to be used as an official language in its territory.
6. School instruction must contribute to the prestige of the language spoken by the linguistic community of the territory.
7. It is desirable for citizens to have a general knowledge of various languages, because it favours empathy and intellectual openness, and contributes to a deeper knowledge of one's own tongue.
8. The translation of texts, especially the great works of various cultures, represents a very important element in the necessary process of greater understanding and respect among human beings.
9. The media is a privileged loudspeaker for making linguistic diversity work and for competently and rigorously increasing its prestige.
10. The right to use and protect one's own language must be recognized by the United Nations as one of the fundamental human rights.

Om lag 5900 språk som var i bruk i 2015, hadde sitt utgangspunkt i så få som 21 statar (tabell 1.2.7). 18 av desse statane var også blant dei med flest truga språk (tabell 1.9.3). Berre Filippinane, Kongo og Tanzania hadde mange språk, men ganske få truga språk. I praksis forvaltar ei gruppe av om lag 20 statar tyngda i det språklege mangfaldet. Den økonomiske verdspolitikken har sine G7- og G20-grupper. På same vis kunne det ha noko å seie viss den internasjonale politikken for språkleg mangfald fekk si L20-gruppe av statar med mange språk i bruk og mange truga språk. Ei slik gruppe ville vere avhengig av oppfølging frå verdssamfunnet.

2 Europa og Norden



Figur 2.1 Utbreiing av dei største språka i Europa 2012. Millionar brukarar

Europa har 50 statar med til saman om lag 730 millionar innbyggjarar. I desse landa registrerte Summer Institute of Linguistics i 2015 til saman 626 språk i bruk. Då er få nye innvandrarspråk rekna med.

Ni av ti europearar snakkar eit indoeuropeisk språk. Med 437 registrerte språk er dette langt frå den største språkfamilien, men nær halvparten av alle i verda talte eit slikt språk i 2015.

Med 155 millionar førstespråkbrukarar var russisk det største språket i Europa i 2015. I gjennomsnitt blei det største språket i kvart land brukt av ni av ti innbyggjarar. Det språklege mangfaldet er større i aust enn i vest, og større i sør enn i nord.

47 av 50 land var med i Europarådet. 25 av desse landa hadde i 2015 godkjent Den europeiske pakta om regions- og minoritetsspråk frå 1992

for til saman 93 språk brukte av over 200 nasjonale minoritetar eller språkgrupper.

Eurovision Song Contest er ein av dei største songkonkurransane i verda. I tidsrommet 1956–2015 var engelsk brukt i 48 prosent av alle finalesongane, og i nesten alle etter 1997.

I dei nordiske landa og sjølvstendeområda brukte innbyggjarane i 2015 om lag 45 språk medrekna dei samiske urfolksspråka og dei historiske minoritetsspråka. Seks nordiske språk var blant dei 100 mest vitale i verda, men 14 språk var i vanskar eller på veg ut av bruk.

2.1 Vitalitet og sosial posisjon

Det var på 1900-talet nokre av dei europeiske språka blei store verdspråk, men likevel har dei ikkje vore førstespråk for stort meir enn to av ti innbyggjarar rundt om i verda.

Størst av alle, etter kinesisk, var spansk. Dette var førstespråket for 399 millionar i 2015, men berre for 43 millionar i 1890 og 26 millionar i 1801 (tabell 2.1.1). Like fram til seint på 1900-talet var engelsk størst av dei europeiske språka. 23 prosent av innbyggjarane i verda talte eit av dei sju største europeiske språka i 1801. Dette endra seg lite fram til 2015, då 21 prosent talte eit av desse språka.

For første gong blir det presentert eit språkbarometer for Europa (tabell 2.1.2). Barometeret er ein kombinasjon av data frå Ethnologue som gjer det mogleg å vise kor viktig det største språket i kvart land er. Kriteriet er kor mange prosent av innbyggjarane som bruker dette språket. Di lågare den prosentdelen er, di større kan det språklege mangfaldet vere. I gjennomsnitt er det største språket førstespråket for 89 prosent av innbyggjarane. Det viser at den europeiske ideen om ein stat – eitt språk har stått sterkt nettopp i Europa. I berre ni statar og område er det største førstespråket brukt av færre enn 70 prosent av innbyggjarane, og færrast i Bosnia og Herzegovina, med 29 prosent.

Mange av dei europeiske språka kryssar landegrensar. Landa med flest språk i 2015 var Russland (107), Tyrkia (36), Italia (35), Tyskland (27) og Frankrike (25). Ingen stat var fullt ut eittspråkleg lenger, men éin stat hadde berre eitt levande språk. I Vatikanstaten blir det brukt italiensk, men også latin.

Dei seks største språka russisk, tysk, fransk, engelsk, italiensk og spansk var førstespråket til seks av ti europearar kring 2012, men berre for nær åtte prosent av alle innbyggjarane i verda (tabell 2.1.3). Russisk er det største språket i Europa og førstespråket for nær 155 millionar. Av dei budde 137 millionar i Russland. Både tysk og fransk var større språk enn engelsk, og berre for russisk budde mindre enn 90 prosent av førstespråk-brukarane i opphavslandet for språket.

For 2015 registrerte Ethnologue 629 språk i bruk i Europa, mot 537 i 2009 (tabell 2.1.4). Då var nok ikkje alle nye innvandrarspråk tekne med. Ti prosent av desse språka var i vanskar eller i ferd med å gå ut av bruk. I dette ligg at språka no i beste fall berre blir brukte av besteforeldregenerasjonen (sjå kapittel 1.2).

Grunnlaget for det europeiske språkbarometeret er ein dokumentasjon av språkleg dominans (tabell 2.1.5). Her er alle dei store språka i kvar stat dokumenterte så langt råd er. Ikkje alle opplysningane om utbreiinga av førstespråk nr. 2, 3 og 4 er like presise.

2.2 Formell posisjon

22 av dei europeiske landa hadde eitt offisielt språk i 2015, mot 22 i 2009 (tabell 2.2.1). I mange land er eitt eller språk offisielle innanfor ein region. Berre i dei russiske republikkane var det 27 slike offisielle regionspråk. Det språklege mangfaldet er større i Aust- enn i Vest-Europa. Under den sentralstyrte politikken i Sovjetunionen var der rom for andre språk enn russisk, så langt desse språka ikkje truga posisjonen for russisk i unionen.

Europarådet blei skipa i 1949, og i 2015 var 47 av 50 europeiske statar medlemmer. Berre Kasakhstan, Kviterussland og Vatikanstaten stod utanfor. Trass i dei mange dominerande førstespråka er det mange regions- og minoritetsspråk i Europa. Med 47 medlemsland og to offisielle språk er dette transnasjonale organet eit historisk avtrykk av den språkpolitiske tenkinga som rådde grunnen før 1990-åra (tabell 2.2.2). Europarådet bruker sjølv få språk, men fremjar det språklege mangfaldet i medlemslanda.

EU blei skipa i 1957 og hadde frå første stund seks offisielle språk, eit for kvart av medlemslanda (tabell 2.2.3). Det var politisk nødvendig å gjere det slik den gongen. Frå og med 2007 har EU hatt 24 offisielle språk,

og i tillegg har ein frå hausten 2008 kunna bruke walisisk i EU-organa Rådet og Regionalkomiteen.

Sidan 1989 har Europarådet arbeidd med å utforme ei pakt for regions- og minoritetsspråk. Parlamentarikarforsamlinga i Europarådet og Europaparlamentet i EU hadde så tidleg som 1981 konkludert med at det trongst ei slik pakt. Ministerrådet i Europarådet vedtok pakta i 1992, og som første land ratifiserte Noreg pakta året etter med verknad frå 1998. I 2015 hadde 25 land – 12 vestlege og 13 austlege – ratifisert pakta og gjort den gjeldande for 79 språk som var brukte av 203 nasjonale minoritetar eller språkgrupper (tabell 2.2.4).³⁸

Mange av desse språka er brukte i fleire land. Under overflata av dei offisielle språka er det altså svært mange mindre brukte språk i form av regions- eller minoritetsspråk.

Regions- og minoritetsspråk tyder i denne pakta språk som tradisjonelt er nytta innanfor eit område i landet av ei gruppe borgarar som talmessig er mindre enn resten av innbyggjarane, men gjeld ikkje for offisielle språk, innvandrarspråk eller dialektar.

Pakta skal verne om og fremje regions- og minoritetsspråk i Europa: “Realising that the protection and promotion of regional or minority languages in the different countries and regions of Europe represents an important contribution to the building of a Europe based on the principles of democracy and cultural diversity within the framework of national sovereignty and territorial integrity”.

Pakta er delt i tre. Del I er definisjonar av omgrep, medan del II og del III etablerer vern på to nivå. Landa pliktar å nytte føresegnene i del II for alle regions- og minoritetsspråk innanfor sitt territorium. Kvar stat må ut frå dette byggje språkpolitikken ut frå visse mål og prinsipp. I tillegg kan landa forplikte seg til vern av namngitte språk etter del III, og må då velje eit minimum av vernereglar frå ein meny i denne delen.

Stefan Oeter, leiar i ekspertkomiteen for pakta, sa ved opninga av det norske Språkåret 2013 at for si tid var det ganske eineståande å etablere nynorsk som eit skriftspråk på linje med bokmål i Noreg.³⁹ Ei slik ins-

³⁸ Council of Europe, www.coe.int/en, lesedato 8.7.2015.

³⁹ Stefan Oeter i helsing frå Europarådet ved opninga av Språkåret 2013 i Kristiansand 3.1.2013, avskrift frå lydopptak .

titusjonell fleirspråklegheit var den gongen ukjend i dei nye moderne statane. Ideen om ein stat – eitt språk er ikkje den finaste arven frå denne perioden og frå den moderne nasjonalismen. Med vedtaket i 1885 gav Noreg opp ideen om ein homogen kultur innanfor nasjonalstaten. Det språklege grunnlaget for å gjere det same var til stades i land som Tyskland og Frankrike, men der ville den politiske eliten ha eitt språk. 1885-vedtaket var ei framsynt gjerning som gjorde nordmenn vane med språkleg mangfald, og de bør vere stolte av den tradisjonen, sa Oeter.

I forordet til språkpakta blir tre argument for språkleg mangfald framheva, og eit fleirtal av statane i Europa stør med si godkjenning av pakta desse synspunkta. Det kulturelle argumentet er at språk er ein viktig del av den europeiske rikdomen og tradisjonen. Det individuelle argumentet gjeld dei språklege rettane og den personege identiteten som er knytt til språk. Det funksjonelle argumentet er at språkleg mangfald tener til å byggje eit demokratisk Europa.

Den norske juristen Sigve Gramstad hadde ei leiande rolle i arbeidet med pakta like sidan 1989 og var leiar i ekspertkomiteen 1998–2006. Han har peikt på at i dei fleste landa i det gamle Aust-Europa er vern av minoritetar og språk ei offentleg sak, medan dei vestlege landa i større grad legg ei individuell tilnærming til grunn og satsar meir på statsstøtte til uavhengige institusjonar.⁴⁰ Det er såleis fleire språk som har vern etter nivå III i aust enn i vest, men dette vernet er stort sett det same for alle språka i eit land. I aust kryssar fleire språk fleire grenser, medan færre språk kryssar færre grenser i vest. Til dømes er tysk fleirtalsspråk i fem land i vest, og minoritetsspråk i berre eitt, men er minoritetsspråk i ni land i Aust-Europa.

Dei austeuropeiske landa legg mindre vekt på nasjonsbygging enn landa i vest og er kanskje meir systematisk regelstyrte, til skilnad frå ein meir tilfeldig språkvernpolitikk i dei vesteuropeiske landa, meiner Gramstad.

Offisielt kan nesten alle innbyggjarar i Europa lese og skrive. Av 50 land som det ligg føre opplysningar om, har berre Malta og Tyrkia ei lese- og skrivekunne på under 90 prosent (tabell 2.2.5).

⁴⁰ Sigve Gramstad: «Språk opnar murar. Språk i Europa 20 år etter at Muren fall». Foredrag i Ivar Aasen-tunet 8.11.2009.

Den reelle lese- og skrivekunna er nok lågare. Difor samarbeider ei rekkje europeiske land om to ulike program for omfattande undersøkingar av lese- og skrivekunne. Det eine er Programme for International Student Assessment (PISA) i regi av OECD. Det andre er Progress in International Reading Literacy Study (PIRLS) i regi av The International Association for the Evaluation of Educational Achievement (IEA). IEA blei etablert seint på 1950-talet nettopp for å utvikle internasjonale, komparative studiar av utdanning, og har i dette lange tidsrommet gjennomført ulike internasjonale elevundersøkingar.

Funna i desse undersøkingane er omstridde, men styresmaktene i mange land bruker dei som ei rettesnor for endringar i sin eigen utdanningspolitikk.

2.3 Norden

Den historiske språkfelleskapen i Skandinavia er under sterkt press frå engelsk, som er i ferd med å bli lingua franca i denne delen av Nord-Europa. Særleg unge innbyggjarar bruker jamt meir engelsk i kontakten over nordiske landegrenser.

Dei nordiske landa har ein svak tradisjon for språkstatistikk. Medan det etter kvart er mykje å finne i Noreg, mest som følgje av den lange språkstriden frå 1850, er det svært lite å finne i både Danmark, Sverige, Finland og Island. Ved å kombinere ulike kjelder har det likevel vore mogleg å setje saman eit nokolunde informativt bilete.

Til saman har statane og sjølvstendeområda i Norden over 30 historiske språk, nyare teiknspråk medrekna (tabell 2.3.1). Då er det som ofte blir omtalt som ulike samiske hovuddialektar, rekna som eigne språk. Svensk er talt av om lag 9,4 millionar menneske og er dermed det største språket i Norden. Færrast brukarar har pitesamisk og umesamisk, der det no blir rekna med om lag ti brukarar for kvart av desse språka. Den språklege variasjonen er størst i nord og aust. Eit stykke på veg kan tala frå 2014 jamførast med tal frå om lag 1995 (tabell 2.9.2).

Størst geografisk utbreiing har dansk som blir brukt i fem statar og sjølvstendeområde utanfor Danmark. Nesten 80 prosent av innbyggjarane i Norden har svensk, dansk eller norsk som morsmål. Dei fleste språka i Norden høyrer til tre språkfamiliar. Mange er indoeuropeiske språk,

nokre er finno-ugriske, og kalaallisut (grønlandsk) høyrer til dei eskimoaleutiske språka.

I 2015 dokumenterte Ethnologue 45 språk i bruk i dei nordiske landa. Seks av desse var rekna som nasjonale språk, medan dei nordiske landa kvar på sin kant hadde til saman 14 språk som var i vanskar eller på veg ut av bruk. Det vil seie at mykje har vore ugjort i nordisk språkpolitikk trass i forpliktande konvensjonar og avtalar.

Nordisk råd blei skipa i 1952 og har 87 medlemmer: Danmark 16, Finland 18, Færøyane 2, Grønland 2, Island 7, Noreg 20, Sverige 20 og Åland 2. Svensk, dansk og norsk er arbeidsspråk i alt offisielt nordisk samarbeid. Det blir tolka mellom finsk, islandsk og dei tre skandinaviske språka, men ikkje mellom dei skandinaviske språka.

Dei nordiske landa har vedteke to felles språkerklæringar på få tiår.

I 1981 signerte Island, Noreg, Danmark, Sverige og Finland ein språkkonvensjon som gjaldt frå 1987 for islandsk, norsk, dansk, svensk og finsk. Denne konvensjonen regulerte kva språklege rettar innbyggjarar i dei fem landa hadde i sin munnlege og skriftlege kontakt med offentleg forvaltning.

I 2006 vedtok Nordisk råd Nordisk språkdeklarasjon med verknad frå 1. mars 2007. Målet er å fremje ein demokratisk språkpolitikk i eit fleirspråkleg Norden der alle innbyggjarane i desse landa kan lese og skrive det eller dei språka som fungerer som samfunnsberande der dei bur, kan kommunisere med kvarandre på eit skandinavisk språk, har grunnleggjande kunnskap om språklege rettar og språksituasjonen i Norden, har svært gode kunnskapar i minst eitt språk med internasjonal rekkjevidd og gode kunnskapar i minst eitt språk til.

Trass i slike formelle rettar er den skandinaviske språkfelleskapen under press.

Språkforskarane Lars-Olof Delsing og Katarina Lundin har peikt på tre fordelar ved den skandinaviske språkfelleskapen: Språka er ganske jamstore (om ein reknar norsk som eitt språk), der er ein felles politisk vilje til å fremje denne språkfelleskapen, og språka er så like kvarandre at ein må meistre eit anna språk svært godt om det skal erstatte nabospråkforståinga.⁴¹ I 2005 blei 1800 elevar i vidaregåande skular i heile

⁴¹ Lars-Olof Delsing og Katarina Lundin: *Håller språket i hop Norden?*, Tema Nord 2005:573, København 2005, s. 6 f.

Norden prøvde i nabospråkforståing. Færøyingane kom best ut med nordmenn like bak, og med ein klar avstand til svenskane og danskane. Innvandrara i Noreg forstod nabospråka mykje dårlegare enn etniske nordmenn, men noko betre enn innvandrara i Sverige og Danmark.⁴²

Den første store undersøkinga av nabospråkforståing i Norden stod Øyvind Maurud for i 1972.⁴³ Utvalet hans var 500 rekruttar i dei tre skandinaviske landa. Frå den gongen til 2005 heldt nabospråkforståinga seg godt blant nordmenn, men den blei tydeleg dårlegare blant svenskar og danskar, mest hos danskar.

På 2010-talet var engelsk i ferd med å ta over som kommunikasjonspråk både i private og ein del offisielle samanhengar i så vel Skandinavia som resten av Norden. Ingen sleit meir med å forstå andre nordiske språk i 2005 enn finnane. Og verken svenskar eller danskar forstod bokmål mykje betre enn nynorsk.

Dei fleste nordiske landa har meir enn eitt offisielt språk. Berre Island og Grønland har eitt offisielt språk. I 2009 fekk Grønland ei heimestyreløvsom verken stiller krav om at dansk skal kunne brukast i offentleg forvaltning eller at borna skal få opplæring i dansk. På Færøyane er færøysk hovudspråket, men dansk skal kunne brukast i offentleg forvaltning, og det skal undervisast i dansk. I Finland bruker 5,5 prosent av innbyggjarane svensk, og svensk er obligatorisk språk i skulen, men den posisjonen er under press.

Både dansk, svensk og finsk er offisielle språk i EU. Dansk er minoritetsspråk i den tyske delstaten Slesvig-Holstein, svensk er minoritetsspråk i den estiske kommunen Nuckö, og finsk blir også brukt i Den karelske republikken i Russland.

2.4 Litteratur og kunst

Eurovision Song Contest er blitt den største internasjonale songkonkurransen. Difor er den også interessant i eit språkpolitisk perspektiv. For

⁴² Lars-Olof Delsing og Katarina Lundin, same staden, s. 57, 61 og 139.

⁴³ Øyvind Maurud: *Nabospråkforståelse i Skandinavia*, Nordisk utredningsserie 13, Stockholm 1976.

første gong er både vinnarsongane og alle finalesongane like sidan 1956 ordna etter språk. Der kjem ein utvikling i tre fasar til syne.

Til og med 2015 var 30 av 63 vinnarsongar på engelsk (tabell 2.4.1). 14 av songane var på fransk, og dei andre fordelte seg på ti språk. Den dominansen engelsk fekk i internasjonal musikkindustri frå 1960-åra, viser over tid også att i denne songkonkurransen.

Engelsk dominerer meir blant vinnarsongane enn i finalesongane (tabell 2.4.2). Av 1268 finalesongar har 414 vore heilt eller delvis på engelsk. Medan 48 prosent av vinnarsongane var på engelsk, var engelsk brukt i 33 prosent av alle finalesongane. Alt i alt var 47 språk brukte i finalesongane, og av desse var 41 europeiske. Ethnologue har dokumentert 286 europeiske språk i bruk, og 86 prosent av desse har dermed aldri vore brukte i ein Eurovision-finale. Dei seks språka engelsk, fransk, tysk, nederlandsk, italiensk og spansk har stått for to tredelar av alle songane. Noko uventa var det Austerrike som første gongen brukte ein dialekt i ein finalesong, så tidleg som i 1971.

Eurovision Song Contest har aldri vore eit tiltak med eit sterkt innslag av språkleg mangfald. Finalane sett under eitt viser ei utvikling i tre fasar. Fransk var det mest brukte språket i finalane til langt ut på 1990-talet. Etter at Berlin-muren blei riven ned i 1989 og Sovjetunionen blei oppløyst to år etter, auka språkvariasjonen mykje i finalane (tabell 2.4.3). Det hadde også ei formell årsak; deltakarlanda skulle på den tida bruke eit offisielt språk. Frå og med 1997 har det vore fritt fram, og nesten over natta blei engelsk det absolutt dominerande språket, endå meir enn fransk hadde vore den første tida.

Databasen Index translationum i UNESCO kan også brukast til å vise forholdet mellom omsetjing til og frå dei ulike nordiske språka (tabell 2.4.4, 2.2.5 og 2.4.6). I tidsrommet 1979–2009 var finsk og dansk dei to språka med færrest omsetjingar frå andre nordiske språk, medan dansk, svensk og finsk var dei språka som hadde færrest omsetjingar til andre nordiske språk. Desse tala er ein av fleire peikepinnar på korleis den nordiske og særleg skandinaviske språkfelleskapen mot slutten av 1900-talet var under eit oppløysande press frå engelsk.

2.9 Historisk statistikk

I essayet «Teljing og forteljing» er utviklinga av dokumentasjonen av all verdas språk drøfta. Den historia kan halde fram nær sagt i det uendelege. Utanom dei mange kjeldene som er presenterte i essayet, finst det også annan sporadisk dokumentasjon. Mest interessant er arbeida til den irske forfattaren og statistikaren Michael G. Mulhall (1829–1900). Han emigrerte til Argentina, etablerte det som truleg var den første engelskspråklege avisa i Buenos Aires, og gav ut ei rekkje oversynsverk.

Ei av dei mange bøkene han gav ut, var *Dictionary of Statistics* i 1884. Det meinte han var den første boka i sitt slag på noko språk i det heile. Av vitenskapane er det no berre statistikken som manglar eit slikt verk, og det kan vere grunnen til at så mange filosofar avviser statistikk som vitenskap, skreiv Mulhall i forordet.⁴⁴ Mest original var komposisjonen: Tal ordna alfabetisk etter emne. Noko må han ha publisert før denne boka kom ut, for det tyske bladet *Pedagogischer Beobachter* publiserte tal frå Mulhall alt i 1881.

I 1884-utgåva presenterte Mulhall ein nokså detaljert tabell over utbreiinga av store europeiske språk i ein del land frå 1801 til 1883 (tabell 2.9.1). Det hadde neppe nokon gjort før. Framstillinga avgrensa han til dei sju europeiske språka engelsk, fransk, spansk, portugisisk, italiensk, tysk og russisk. Russisk var det språket som fekk flest nye brukarar i Europa i desse tiåra, tysk var det språket som voks mest i Europa utanfor opphavslandet, og utanfor Europa ekspanderte engelsk kraftig som ein konsekvens av Det britiske imperiet.

Oppslagsverket kom i ny utgåve i 1892 under tittelen *The Dictionary of Statistics*. På vel 600 sider hadde han pressa inn fleire tusen tabellar om kva det skulle vere. To av dei handla om utbreiinga av språk. Som i 1884-utgåva var framstillinga konsentrert om sju europeiske språk, og den sterke veksten i bruk av engelsk og tysk blei stadfesta (tabell 2.9.2). Dei sju språka blei brukte av 148 prosent fleire i 1890 enn i 1801. I dette tidsrommet blei talet på engelsktalande firedobla, og bruken av spansk og fransk voks mykje mindre enn tilfellet var for tysk, russisk, italiensk og portugisisk. Når desse tala blir kombinerte med andre data i Mulhalls

⁴⁴ Michael George Mulhall: *Mulhall's Dictionary of Statistics*, London 1884, <http://google.books.com>, lesedato 31.8.2015.

verk, viser det seg at tre av fire snakka heilt andre språk. Indirekte dokumenterte han dermed eit språkleg mangfald.

Geografisk var framstillinga i 1892-utgåva avgrensa til tredelinga Europa, USA og resten av verda. I 1801 var spansk det einaste språket med eit fleirtal av brukarar utanfor Europa, men i 1890 gjaldt dette også for engelsk, først og fremst gjennom utbreiinga i USA (tabell 2.9.3). Ni av ti av dei som snakka tysk, fransk eller italiensk, budde derimot i Europa.

Kor pålitelege tala er, skal vere usagt, men tabellane med Mulhalls data i redigert form gir i det minste den første systematiske framstillinga av korleis sju store språk er blant dei aller første forsøka på å vise korleis utbreiinga av sju store språk utvikla seg på 1800-talet. Det engelskmannen Mulhall las ut av tala, gledde han: "It will be observed what a wonderful advance the English language has made in many years."⁴⁵

Tema: mellom det eine språket og dei mange

Med dei mange nye nasjonalstatane i Aust-Europa som no er på veg inn i sine periodar med nasjonsbygging, kan dette språklege mangfaldet kome under press. Det er også i ferd med å få følgjer i eit stort språkområde som Russland.⁴⁶ Som ein konsekvens av motstand mot at Russland skal dominere også etter at Sovjetunionen blei oppløyst, har dei fleste tidlegare Sovjet-republikane markert tydeleg avstand til russisk språk. Berre Kvite-russland, Kasakhstan og Kirgisistan har gjort russisk til eit offisielt språk. Aust i Ukraina er russisk det mest brukte språket, og det har vore mykje strid i landet om russisk skulle vere offisielt språk. Likevel: Russisk er meir brukt som fellesspråk i Aust-Europa enn engelsk er i Vest-Europa.⁴⁷

Dei politiske endringane i Aust-Europa har i første omgang fremja bruken av fleire språk. Det same har utvidingane av EU gjort. Når eit språk først har fått offisiell status i EU, blir det også brukt, men i praksis tek arbeidsspråka i Kommisjonen og Rådet meir og meir over.⁴⁸ Av desse

⁴⁵ Michael George Mulhall: *The Dictionary of Statistics*, London 1892, faksimileutgåve u.å., s. 352.

⁴⁶ *Aftenposten* 6.1.2007.

⁴⁷ Sigve Gramstad: «Språk opnar murar. Språk i Europa 20 år etter at Muren fall». Foredrag i Ivar Aasen-tunet 8.11.2009.

⁴⁸ *Dag og Tid* 13.6.2008.

tre var engelsk i 2007 mest brukt ved at 74 prosent av dei omsette dokumenta var på engelsk, mot 12 prosent på fransk og berre to prosent på tysk. Det blir meir og meir engelsk i EU, som i 2008 rådde over meir enn 7000 omsetjarar og tolkar. Det som var eit nødvendig prinsipp om språkleg mangfald då EU i si tid blei skipa, er i ferd med å bli eit praktisk problem.

Den europeiske språkpakta vil gradvis bli meir heildekkjande i Europa, gi minoritetar gradvis ein sterkare reell posisjon og med det også større påverknadskraft. Russisk kan få ei sterkare rolle som fellesspråk i dei austeuropeiske landa, men som nemnt er der også klare motsetnader i dette spørsmålet.

Det blei tenkt annleis om språkvern i Europa på 2000-talet enn nokre tiår før. Fleire og fleire land lovfestar hovudprinsippa i språkpolitikken sin. Alt i 1994 vedtok Frankrike den såkalla Toubin-lova som påbyr at fransk skal brukast i alt frå reklame, varenamn, bruksretteleingar og arbeidsavtalar til innlegg og støtteark på seminar og konferansar. Seinare har Polen og Latvia vedteke liknande lover.

I Norden har Finland vedteke ei språklov som gjeld frå 1.1.2004 og som slår fast at finsk og svensk er nasjonalspråk i landet. Likeins har Sverige vedteke ei språklov som gjeld frå 1.7.2009 og som slår fast at svensk er hovudspråket i landet. I 2014 tok regjeringa Solberg til på arbeidet med ei ny språklov for Noreg.

Med den språkpolitiske vendinga i retning mangfald kom også domedagsmeldingane. Eit reknedøme om at eit språk døyр kvar 14. dag, nærma seg raskt ei naturlov. Det europeiske språkåret 2001 gjaldt først og fremst verdien av å lære seg fleire språk, men i meir overordna argumentasjon var krisa nær. Ved utgangen av 1900-taket var der om lag 6000 språk på jord, skreiv språkforskaren Geirr Wiggen.⁴⁹ «Rundt halvparten av dei døyр no», skreiv han: «Og med den kunnskapen vi har om kva som held eit språk i live, står ytterlegare 40 prosent i fare for å døyр ut i eit hundreårsperspektiv». Ein ville altså stå att med om lag 600 språk om hundre år.

I 2015 var kunnskapen ein heilt annan, men vissa var der som før: Det språklege mangfaldet er ikkje eit naturgitt fenomen, men ein kulturbestemt verdi.

⁴⁹ Geirr Wiggen: «Det europeiske språkåret 2001», *Aftenposten* 25.2.2001.

I tidsrommet frå 1956 til 2015 gjekk den språklege dominansen i Eurovision Song Contest frå fransk til engelsk. Aldri blei engelsk brukt meir enn då det var fritt fram for deltakarlanda å velje språk sjølve. Den internasjonale songkonkurransen er dermed eit slående døme på korleis valfridom fører til at det mest brukte språket, språket med mest sosial prestisje, er det som vinn fram.

Ein strategi for norsk språk i denne situasjonen formulerte dåverande språkdirektør Sylfest Lomheim omkring 2007: Norsk der du kan, engelsk der du må. Med ei forståing av Noreg som eit samfunn med to norske språk måtte ei presisering til i 2015: Nynorsk der du kan, bokmål der du vil, engelsk der du må.

Perspektiv: den norske røynsla

Språk kan utløyse konflikt, vere eit uttrykk for konflikt eller bli brukt i ein konflikt. Den norske røynsla er at kulturelle konflikhtar *kan* løysast utan bruk av vald.

Ute i verda går nordmenn for å vere språkleg tolerante i den forstand at vi godtek mange språklege skilnader.⁵⁰ Dette kjem til uttrykk i den statusen dialektar har fått i Noreg. Viss det er slik i dag, har det ikkje alltid vore slikt.

Ved inngangen til 1800-talet og lenge enno skulle skriftspråk vere noko heilt anna enn talemål. Skrifter skulle vere sirleg, elegant, foredla, fornem, og samanhengen mellom skrift og tale var ganske vilkårleg. Tydelegast er det i engelsk, som tidleg blei skriftforma med stor avstand til uttalen og som sjeldan har vore formert i skrift. Dette skriftspråket skulle så representere heile nasjonen, slik den franske revolusjonen hadde føresett. Noreg hadde vore under dansk styre sidan 1400-talet, og det danske kolonispråket var blitt det rådande skriftspråket i landet.

Den komande norske språkforskaren Ivar Aasen gjorde opprør mot denne tenkinga om språk og nasjon alt då han var 22 år gamal. Det opprøret var forma i milde ordelag, men ord blei til gjerning.

⁵⁰ Avsnittet byggjer på moment frå Lars Anders Kulbrandstads innleiing på seminaret «Mangfald i NRK» i regi av NRK Nynorsk mediesenter, Førde 1.9.2009.

Fødd i 1813 hadde Aasen vakse opp i eit skriftmiljø på Sunnmøre som var europeisk opplysningstid i rein form. Med sterk utviklingsoptimisme og framstegstru representerte denne idéretninga ei forståing av korleis den moderne verda burde vere. Dette tok Aasen med seg inn i programskriftet «Om vort Skriftsprog» som han formulerte i 1836.⁵¹ Den korte, myndige teksten er komponert etter grunnreglane i den klassiske retorikken, og her redefinerte den staten og det samfunnet eliten ville skape.⁵²

Ivar Aasen legitimerte standpunktet sitt med den grunnlova for Noreg som var blitt vedteken i 1814. Grunnsetninga er ikkje til å kome forbi: «Vi ønske os just et Folkesprog, et som enhver Landsmand uden Møje kan tage Deel i; vor Statsforfatning berættiger os til dette Ønske».⁵³ Han la til ein ny fellesskapsverdi: eit språk for folk flest. Det gjorde han i eit samfunn der lese- og skrivekunna langt på veg var allmenn.⁵⁴

For Ivar Aasen var Grunnlova ein politisk tekst for demokrati. I alle dei viktige tekstane hans om den språklege framtida i Noreg ligg Grunnlova mellom linjene, med stor rekkjevidd. Med stille tyngd skreiv han at dei rettane den nye konstitusjonen gav folk flest, også måtte gjelde det språklege. Han viste til lova, brukte lova som argument og skreiv tankane derifrå inn i orda sine.

Her gjekk han på tvers av den rådande språkmakta. Han forkasta det innvandra danske språket til overklassen, ville heller ikkje nøye seg med å fornorske dette språket, la bort den tanken somme hadde fremja om å restaurere det norrøne språket, og han ville ikkje byggje på språket i éin region slik dansk var forma på København-dialekten eller fransk på Paris-dialekten.⁵⁵ I staden likestilte han alle dialektar der han fann tilstrekkelege historiske spor, og han oppdaga at det var meir som var felles enn som skilde. Dette språket fann han, og det var dette han skreiv ned som eit systematisert, skriftleg uttrykk for talemålet til folk flest. Når

⁵¹ Dette programskriftet er omsett til engelsk av Einar Haugen under tittelen «Concerning our written language» i Anwar S. Dil (red.): *The ecology of language. Essays by Einar Haugen*, Stanford 1972, og av J. Peter Burgess under tittelen «On our Written Language» i J. Peter Burgess: *Ivar Aasen's Logic of Nation. Toward a Philosophy of Culture*, Volda 2005.

⁵² Arne Apelseth: *Mellom tradisjon og innovasjon*, Hefte nr. 3 frå Ovar Aasen-året 1996, Oslo 1996, s. 23 f.

⁵³ Ivar Aasen: *Skrifter i samling* (del 3), Oslo 1996, s. 10.

⁵⁴ Arne Apelseth: *Den låge danninga. Skriftmeistring, diskursintegrering og tekstlege deltakingssformer 1760–1840*, dr. art.-avhandling, Bergen 2010, s. 387 og 427.

⁵⁵ Ottar Grepstad: *Historia om Ivar Aasen*, 3. utgåva, Oslo 2014, s. 215–219.

Aasen jamleg viste til dei rettane Grunnlova gav innbyggjarane i landet, var det gjennomgåande prinsippet hans at folk flest skulle få eit enklare liv. Han var meir oppteken av innbyggjarane enn av nasjonen.

Frå 1850-åra var der to språkstridar i Noreg med ganske motsette forteikn. Den staten som var under oppbygging, gjennomførte ei brutal fornorsking i nord og blei sjølv utsett for ei verbal fornorsking i sør.

I nord hadde det samiske urfolket budd i fleire tusen år. Den norske nasjonalstaten ekspanderte, drog opp grensene mot nabostatane der slike mangla, og etablerte kontroll over territoriet. Det gjekk brutalt ut over dei samiske urfolka.

Nordmennene som skulle handtere det fleirkulturelle Nord-Noreg, hadde mange vegval: Urfolk og minoritetar kunne skiljast ut geografisk, ein kunne satse på at utviklinga ville viske ut dei etniske skilnadene, minoritetane kunne integrerast, eller dei kunne assimilerast gjennom fornorsking.⁵⁶ Ein fornorskingspolitikk blei sett i verk frå 1850-åra, var på sitt sterkaste kring 1900 då samisk var forbode i norsk skule, og blei formelt avvikla i 1960-åra. Assimileringspolitikken fram mot 1940-åra gjekk over i ein integreringspolitikk med fleire ambivalente trekk. Langt frå alle vil skrive under på at all fornorsking no er rein historie.⁵⁷

I sør tok ein heilt annan språkkonflikt til i 1850-åra. Med Ivar Aasen og det nye skriftspråket nynorsk blei det språklege hegemoniet utfordra. Vitskapleg var Aasen i fremste rekkja i Europa, og kritikken mot det han gjorde, blei einast retta mot dei politiske initiativa og følgjene.

Nokon allmenn motstand mot det nye skriftspråket er likevel vanskeleg å finne på 1800-talet. Tvert imot støtte dei språkpolitiske endringane opp om dei allmennpolitiske, og omvendt. Der var ingen samanhengande språkstrid frå dei første utfalla i 1850-åra og fram gjennom heile 1900-talet. Striden tok til då Ivar Aasen var død og innbyggjarar landet rundt skulle ta stilling.

Denne verbale striden var intens og prega av hegemoniets usjarmende framferd. På få tiår vann likevel tilhengjarane og brukarane av det nye språket fram. Grunnlaget for dette blei lagt i den korte perioden 1878–1892.

⁵⁶ Einar Niemi i foredrag på årskonferansen til Norsk kulturråd i Tromsø 13.11.2006, egne notat.

⁵⁷ Bente Imerslund: «Den finske fare?», *Ruijan Kaiku* 4.9.2009.

Nasjonalstatane utrydda mange dialektar i Europa. I Noreg fekk derimot dialektane eit historisk vern då Stortinget i 1878 la til grunn at borna skulle få si opplæring på skulen på deira eige talemål. Vedtaket blei lovfesta i 1915 og 1917. Dette var ein sensasjon i Europa; noko slikt har ingen andre land gjort.⁵⁸ I 1885 vedtok så eit stort fleirtal i Stortinget å jamstille nynorsk med det dansk-norske språket som sakte, men sikkert blei fornorska. Dermed var Noreg formelt blitt ein fleirspråkleg nasjon. Desse vedtaka blei følgde opp med forpliktande lovgiving i 1892.

Brukarane av nynorsk møtte motstand på alle område der språket ikkje hadde vore brukt før. Mest intens var denne striden i skulen, kyrkja og teateret. Frå 1892 var det lovfesta at lokalsamfunna sjølve skulle avgjere opplæringspråk i skulen og liturgispråk i kyrkja. Den første fornorskinga av det danske språket hadde teke til på teaterscenene. Her rådde inga folkevald makt, og det opna for at grupper prøvde å ta makta i eigne hender. Då det første nynorske teatret skulle opne i hovudstaden Oslo i 1913, var det gateslagsmål utanfor teatret ei heil veke til endes. Aldri var fornorskinga av samane meir brutal enn på denne tida, og aldri var motstanden mot fornorsking i form av eit nytt skriftspråk sterkare enn då.

I konflikten med dei samiske urfolka gjekk liv tapt. I striden mellom nynorsk- og bokmålsbrukarane blei den fysiske striden av grensa til gateslagsmål og bokbål. Berre få år etter at Hitler-regimet hadde kapitulert i 1945, brende elevar i den norske skulen nynorske bøker i protest mot at dei måtte lære å skrive både bokmål og nynorsk. Resten av den norske språkstriden var verbal trakassering, open polemikk og meir eller mindre demokratisk demokratisering. Nynorskbrukarane mobiliserte aldri til bruk av vald, og fysiske overgrep møtte med dei med og organisering.

Vedtaka frå 1885 og 1892 regulerte rammene for striden. Alle hadde fått sin formelle rett til å vere med i lokale avgjerder om språk i skule og kyrkje. Det gjorde sitt til å dempe konfliktnivået. Ein kombinasjon av yttingsfridom og allmenn skrivekunne gjorde det lett for dei fleste å kome til orde i striden.

Prosjektet nynorsk var ein av dei store tankane på 1800-talet, forma av sterke impulsar frå opplysningstida på 1700-talet. Det prosjektet blei

⁵⁸ Arne Torp i Ivar Aasen-minneforedraget på Dei nynorske festspela i Ørsta 28.6.2013, eigne notat.

sett ut i livet samstundes som den norske samfunnet tok til å bli gjennomorganisert, den folkevalde makta blei avklara, ein sterk stat blei utvikla, og interessemotsetnadene mellom arbeid og kapital blei balanserte og formaliserte.

For samane blei ei stor utbygging av eit vassdrag i deira landskap i 1980-åra det avgjerande vendepunktet. Det var eit paradigmeskifte «som andre språklige minoriteter fortsatt bare kan drømme om».⁵⁹ For nynorskbrukarane var det ingen slike dramatiske vendepunkt, berre jamn mobilisering.

Forholdet mellom nynorsk og bokmål er både kulturelt, lingvistisk og formelt noko heilt anna enn forholdet mellom samisk og norsk, samisk og kvensk, kvensk og norsk. Dei sosiale og kulturelle maktmekanismane er likevel mykje dei same. Det Einar Niemi sa for tre år sidan, er gyldig enno: Norske styresmakter kjenner lite til dei erfaringane med kulturblending som finst i Nord-Noreg.⁶⁰ Det norske storsamfunnet treng å få overført slike erfaringar for å kunne bli eit romsleg og reelt fleirkulturelt samfunn.

Det er berre mindretal og minoritetar som kan lære fleirtalet kulturell og språkleg toleranse.

Dei to norske språkstridane åleine lærte ikkje nordmenn at kulturelle konflikhtar kan løysast utan bruk av vald, og i den eine av dei stridane prøvde både styresmaktene og innbyggjarar å løyse konflikten med vald. Lærdomen blei at vald ikkje løyste konflikten, men forsterka den. Summen av at Noreg blei eit modernisert og gjennomorganisert samfunn var ein nødvendig, men ikkje tilstrekkeleg føresetnad for den norske røynsla. Like frå Ivar Aasens første programskrift til den norske kvardagen på 2000-talet har demokrati og språk vore to sider av same sak i Noreg. Den røynsla kan delast med dei som ønskjer å finne andre utvegar enn vald, flamar, våpen.

Utover på 2000-talet pressa militante islamistar fram ei rekkje sosiale og kulturelle konflikhtar, til dels forsterka av vestleg militærmakt. Desse årelange væpna konfliktane sende mange på flukt, og i 2014 og 2015

⁵⁹ Heiko F. Marten: «Hvor står samisk i dag?», i Tove Bull ofl. (red.): *Språk og språkforhold i Sápmi* (Berliner Beiträge zur Skandinavistik, band II), Berlin 2007, s. 113.

⁶⁰ Einar Niemi, same staden.

måtte millionar prøve å finne ei berging i Europa. Syria var på få år blitt ein stat i indre oppløysing.

I Syria blir det talt 17 ulike språk – seks av dei er arabiske.⁶¹ Berre frå 2011 til august 2015 hadde 4,1 millionar flykta ut av Syria, og i tillegg var 7,6 millionar på flukt innanfor sitt eige land.⁶² To av tre syrarar var altså på flukt. Likeins flykta mange frå andre land i Midtausten og Afrika. I Europa venta 2900 grensevakter frå EU og 242 km grensegjerde på dei.⁶³


Denne folkevandringa bar med seg mange komande, skjøre språkmøte som kunne setje også den norske erfaringa på ein usikker prøve.

⁶¹ Ethnologue, *ethnologue.com*, lesedato 6.9.2015

⁶² UNHCR: Syria Regional Refugee Response, *unhcr.org*, lesedato 5.9.2015 og *Dagens Næringsliv* 5.9.2015.

⁶³ «Fleyktingestrømmen til Europa», *Dagens Næringsliv Magasinet* 5.9.2015.

3 Noreg



Figur 3.1 Privat bruk av nynorsk og bokmål 1951–2014. Prosent

I Kongeriket Noreg budde i 2015 folk frå over 200 land, og grunnskulen hadde frå og med 2001 hatt elevar med over 200 ulike morsmål.

Stortinget vedtok i 1885 å jamstille nynorsk og bokmål som offisielle språk i Noreg. Det gjorde Noreg til ein av dei først formelt fleispråklege statane i verda. Stortinget har aldri seinare handsama noko forslag om å oppheve vedtaket. Dette har gitt ein språkdelt norsk kultur med to gjen- sidig forstålege norske språk. Desse skriftkulturane er solid funderte gjennom skrift, institusjonar og regelverk. Difor var brukssituasjonen både for nynorsk og bokmål prega av stabilitet på mange område i 2015.

Av vel 4,2 millionar innbyggjarar over 15 år i 2015 var bokmål førstespråket for 3,6 millionar, nynorsk for om lag 600 000. Fire av ti nynorsk- brukarar var reelt tospråklege ved at dei brukte nynorsk og bokmål om

lag like mykje. Om lag halvparten av alle nordmenn budde i språknøytrale kommunar, og ein av ti budde i nynorskkommunar. Innvandrarar utgjorde ein mindre del av busetnaden i nynorskkommunane enn i resten av landet.

Sikre tal for brukarar av samiske språk eller kvensk ligg ikkje føre. Nordsamisk stod i 2015 vesentleg sterkare enn for 30 år sidan, medan sør-samisk og lulesamisk var i vanskar. Det gjeld også kvensk, som færre elevar lærte å lese og skrive utover på 2000-talet.

Der engelsk blei meir brukt, gjekk det mest ut over bokmål, særleg i vitskap, næringsliv og underhaldningsindustri. Talt bokmål var dessutan under press frå dialektar i radio og tv. Nynorsk blei mest pressa av bokmål i vidaregåande skule, høgare utdanning og i underhaldningsindustrien, men blei brukt jamt meir i aviser. Både departementa og resten av statsforvaltninga brukte meir nynorsk i 2015 enn ti år tidlegare.

3.1 Skriftkulturar

Forholdet mellom dei to norske språka nynorsk og bokmål på ulike område kan dokumenterast gjennom meir enn to hundreår.

Noko av den viktigaste dokumentasjonen dekkjer eit vidt kulturfelt: bokutgivingar frå 1800, aviser frå 1860, salmebøker frå 1869, opplæringspråk i folkeskulen og grunnskulen frå 1890, liturgispråk i kyrkja frå 1892, lover frå 1894, bibelsal frå 1899, tenestemål i kommunane frå 1921, radio-sendingar frå 1933, litteraturprisar frå 1934, verne- og sesjonspliktige frå 1947, privat bruk frå 1951, songar i Melodi Grand Prix frå 1960, stortingsdokument frå 1961, stortingsval frå 1965, innkjøpsordningane for litteratur frå 1965, tv-program frå 1972, scenekunst frå 1988, plater og cd-ar frå 1981, digitale medium frå 1997, pressestøtte frå 2000.

Dei skiftande utgangspunkta gjer det vanskeleg å etablere eit språkbarometer for nynorsk og bokmål med mange variablar for noko langt tidsrom. Eit første språkbarometer i enkelt format blei første gongen publisert i *Nynorsk faktabok 1998*. Seinare er det laga tre til (sjå kapittel 7.9).

Det mest utbygde språkbarometeret gjeld nynorsk skriftkultur, inneheld 33 variablar og dekkjer tiårsintervall frå og med 1900 (tabell 3.1.1). Dokumentasjonen er sortert i dei fire områda offentleg skrift, offentleg tale, privat skrift og privat tale. Tala gjeld bruk av nynorsk og dialekt, men

gir dermed også eit ganske komplett bilete av bruken av bokmål. Bruken av nynorsk låg i intervallet 3–19 prosent for fire variablar i 1900, og mellom 4 og 47 prosent i 2010. Den berande linja er at dei posisjonane nynorsk skriftkultur vann fram mot 1930-åra, stort sett var dei same på 2000-talet.

Nynorsk var i 2010 eit 15 prosent-språk.

Det vil seie at om lag 85 prosent av innbyggjarane i Noreg til vanleg bruker bokmål. Likevel er det ikkje slik at eventuell nedgang for nynorsk alltid inneber ein oppgang for bokmål. Under det høge talet skjuler det seg eit sterkt press mot bokmål frå engelsk særleg i underhaldning, næringsliv og akademia. Språkbarometeret for Noreg 2015 registrerer språkfordeling og utvikling på 30 område (tabell 3.1.5). For 25 av desse kan utviklinga målast over tid. På 17 område var situasjonen stabil for nynorsk, på 14 for bokmål. På to område hadde bruken av nynorsk minka, og for bokmål gjaldt dette seks område. Bokmål er under press frå engelsk og dialektar, nynorsk mest frå bokmål. Presset frå engelsk går i liten grad ut over nynorsk, men svekkjer bruken av engelsk bruken av bokmål i vesentleg grad, kan det også få følgjer for nynorsk.⁶⁴

For bruken av nynorsk er situasjonen stabil, men krevjande. Frå og med 2000 er bruken av nynorsk dokumentert på 28 område (tabell 3.1.3). På dei fleste kan utviklinga følgjast frå 2000 til 2014. For å unngå meir eller mindre tilfeldige avvik og moglege feilkjelder må ei endring vere på minst to prosent det siste tiåret for å bli markert som endring. På 12 område var bruken av nynorsk uendra frå 2005 til 2014, bruken hadde minka på sju område og auka på fem. På 18 av 25 område var altså bruken stabil eller aukande frå 2005 til 2014. Eit ganske likt mønster gjorde seg gjeldande for bokmål: Det meste endrar seg lite eller inkje.

Eitt utviklingstrekk er særleg viktig.

Nynorsk blir på dei fleste områda brukt like mykje eller like lite som før, og bruken av nynorsk er meir akseptert. Bruken av nynorsk i 1990-åra var prega av stabilitet og vekst. For det første tiåret på 2000-talet høver oppsummeringa at nynorsk er blitt meir akseptert, og at bruken er stabil. Kjartan Fløgstads ord frå 1980-åra om at nynorsk er eit fleirtalsspråk brukt av eit mindretal, står ved lag.⁶⁵

⁶⁴ Gjert Kristoffersen ofl.: *Norsk i hundre!*, Oslo 2005, s. 43.

⁶⁵ Kjartan Fløgstad: «Ikkje utanom Aasen, men over den», *Syn og Segn* 1983.

Målt i absolutte tal er det mange fleire individuelle nynorskbrukarar i dag enn for 50–60 år sidan. Målt i prosent er det færre individuelle nynorskbrukarar i Noreg no.

Både kommunane, skulane og kyrkja er institusjonar som verkar stabiliserande i norsk språkpolitikk. Slike institusjonar finst også innanfor teater, avis- og bokutgiving. Endringane skjer som regel sakte. Både målt i talet på skulekrinsar, kyrkjesokn og kommunar med nynorsk tenestemål er det fleire enn 25 prosent som bruker nynorsk. Færre kommunar enn før har nynorskelevar i grunnskulen, færre elevar i grunnskulen og færre vernepliktige bruker nynorsk.

Nynorsk blir lite brukt på Internett og endå mindre i akademia, men ikkje mykje mindre enn før. Det er meir nynorsk i massemedia enn nokon gong tidlegare i dette hundreåret. Skilnadene mellom dei ulike massemedia er tydelege. Det blir brukt meir nynorsk i aviser enn i bøker, radio og fjernsyn. Kvar fjerde avis er redigert på nynorsk, kvar tiande bok er skriven på nynorsk. Dei individuelle brukarane utgjer ein mindre del av alle innbyggjarane i dag enn for nokre tiår sidan, men bruken av nynorsk har auka i både radio- og bokmediet og er fast etablert i tv.

Nynorsk blir brukt mange stader i landet, kvar dag, i så godt som alle fylke.

Når emnet i det språkpolitiske ordsiftet er norsk språk, blir det snakka om norsk, riksmål, nynorsk og dialekt. Namnet på det mest brukte språket i Noreg blir sjeldan brukt i slike høve. Norske massemedium, analoge eller digitale, brukte ordet «bokmål» 1707 gonger i 2014, men nemnde «dialekt» 1930 gonger og «nynorsk» 3832 gonger (tabell 3.1.4). Det året var Bjørnstjerne Bjørnson og Ivar Aasen nemnde like mange gonger, medan Noregs Mållag var omtalt nesten fem gonger så ofte som Riksmålsforbundet.

3.2 Demografi og geografi

Den 1. januar 2015 budde vel 5,1 millionar menneske i Noreg.⁶⁶ Eit levande språk blir brukt av folk, ikkje prosent. Den nynorske skriftkulturen er ein av dei 100 mest vitale i verda (sjå kapittel 1.2). Brukargrunnlaget er

⁶⁶ Statistisk sentralbyrå: «Folkemengde, 1. januar 2015, berekna», *ssb.no*, lesedato 24.7.2015.

sterkast institusjonelt, men med om lag 600 000 daglege brukarar privat – i tillegg kjem dei mange bokmålsbrukarane som dagleg eller nesten dagleg bruker språket i arbeid, er nynorsk eit mindre brukt språk i Noreg og eit stort språk i verda (tabell 3.1.2).

Noreg var i 2015 delt inn i 19 fylkeskommunar og 428 kommunar. Sidan 1930 har kvar kommune sølv bestemt om staten skal bruke nynorsk eller bokmål i sin kontakt med kommunen, og omvendt, eller om kommunen skal vere språknøytral. Dette blir kalla tenestemål, og i dei fleste kommunane er dette identisk med administrasjonsspråket kommunane sjølve bruker.

Nær 2,4 millionar menneske budde i dei språknøytrale kommunane i 2015, mot 1,9 millionar i bokmålskommunane og godt og vel 0,5 millionar i nynorskkommunane (tabell 3.2.1). Det vil seie at halvparten av alle nordmenn budde i ein språknøytral kommune. Sidan 1970 har folketallet i nynorskkommunane utgjort 10–11 prosent.

Den språklege variasjonen i Noreg er svært stor. Det typiske er at norske språkbrukarar er i skiftande fleirtal og mindretal, alt etter kvar dei til skiftande tider bur og arbeider. Bokmål er mest brukt over heile landet, men nynorskbrukarane er framleis mange på Vestlandet, i indre strøk på Sørlandet og i dalføra aust og vest på Austlandet. I Trøndelag og Nord-Noreg har samisk fått sterkare formell status fleire stader.

I 1971 brukte halvparten av alle elevane på Vestlandet nynorsk i grunnskulen. I 2015 var fire av ti elevar på Vestlandet nynorskbrukarar (tabell 3.2.2).

Blant dei vaksne var der to ytterpunkt. Det eine var Vestlandet. Der var 21 prosent av alle over 15 år nynorskbrukarar i 2005, og 13 prosent brukte nynorsk eller bokmål om kvarandre (tabell 3.2.3). I praksis var ein av tre innbyggjarar på Vestlandet tospråklege norske. Det andre ytterpunktet var Oslo-området, der 96 prosent brukte bokmål.

Frå 1965 har Noreg fått innvandrarar frå over 200 land og sjølvstendige regionar. Innvandrarane var i 2015 rekna til om lag 800 000 menneske. Det vil seie at Noreg då hadde fleire innvandrarar enn nynorskbrukarar, sjølv om der var nynorskbrukarar også blant innvandrarane.

Innvandrarane har med seg mange ulike morsmål og buset seg mest på Austlandet. Såleis har Aust-Noreg, Vest-Noreg og Nord-Noreg no kvar sin språkprofil. Kommunane med nynorsk tenestemål har gjennom auka innvandring dei siste åra også fått større kulturell variasjon. Det

vesle det har vore av folkeauke i desse kommunane dei siste åra, har innvandrarane stått for (tabell 3.2.4). Dette *kan* gjere fleire innvandrarar til nynorskbrukarar. Som i 2001 utgjorde innvandrarane i 2015 ein mindre del av folketalet i nynorskkommunane enn i resten av landet.

Nynorskbrukarane finst i alle fylka, truleg også i alle kommunar. Ein av tre nynorskbrukarar bur ikkje på Vestlandet, men det er der dei mange stader utgjør dominerande fleirtal. Den norske kyrkja held oppe ein viss bruk av nynorsk også i Trøndelag, og på Austlandet kjem det ut fleire nynorskaviser no enn kring 1900.

Det har i lang tid vore vanleg å snakke om nynorske kjerneområde. Dette omgrepet har knapt nokon gong vore definert, men det har alltid referert til geografiske område.

Uttrykket kan då forståast på to måtar.

Den eine tydinga er at det dreiar seg om område der nynorsken dominerer sterkt i den forstand at minst 50 prosent av innbyggjarane på ein eller annan måte er nynorskbrukarar, og at denne dominansen har vore der i lang tid. Såleis kunne ein seie at nynorske kjerneområde er futedøme,, fylke eller regionar der det har vore minst 50 prosent nynorskelevnar i grunnskulen.

Den andre tydinga ville vere at det dreiar seg om område der nynorsken relativt sett er mykje meir brukt enn elles i landet. Då ville det vere nok å føresetje at minst 25 prosent bruker nynorsk.

At det nye skriftspråket så raskt blei teke i bruk av store grupper, var avgjerande for gjennomslagskrafta til den nynorske skriftkulturen. Frå 1892 har det vore opp til kyrkjelydane og skulekrinsane å gjere liturgispråk i kyrkja og opplæringspråk i grunnskulen. Alt tjue år seinare var nynorskelevane i fleirtal i både Hordaland og Sogn og Fjordane. På kort tid følgde Rogaland, Agder og Telemark etter. Sidan har denne regionale krafta vore der.

Sjølv om det no finst nynorskelevnar i 39 prosent av alle kommunane og den nynorske skriftkulturen blir meir brukt i riksmidia enn tidlegare på 1900-talet, er mykje av den daglege bruken av nynorsk blitt konsentrert til dei fire vestlandsfylka frå Rogaland til og med Møre og Romsdal. Mest har gått tapt i Aust-Agder og Nord-Trøndelag, og i Nord-Noreg blei nynorsk skriftkultur eit blaff i åra kring den andre verdskrigen. Samstundes er der også tydelege tendensar til at austlandsfylka Oppland og Telemark

var viktigare innanfor nynorsk skriftkultur i 1990-åra enn dei var før den tyske okkupasjonen.

Det tettbygde samfunnet ser ikkje ut til å fremje det norske språkege mangfaldet. I 1965 meinte geografen Hallstein Myklebust at åtte av ti nordmenn kom til å bu i tettbygde strøk i 2000.⁶⁷ Han trefte godt. I 2014 budde åtte av ti nordmenn der.⁶⁸ Statistisk sentralbyrå har vurdert folketalsutviklinga for alle kommunar i dei 25 åra frå 2015 og 2040 (tabell 3.2.5). Byrået har laga tre reknestykke alt etter om folketalsveksten blir låg, middels eller høg. I alle tre tilfella held nynorskkommunane anno 2015 på sin del av innbyggjarane i Noreg. Den faktiske veksten vil derimot variere med låg vekst i mange, middels i somme og høg i nokre.

3.3 Meiningar og val

Noreg er eit språksamfunn med mange språklege skilnader i både skrift og tale. Mange nordmenn har no akseptert nynorsk, svært mange meiner dialektane ikkje blir brukte for mykje, men like mange ønskjer ikkje fleire varige minoritetsspråk. Dei som tener lite, er meir positive til både nynorsk, dialektar og nye varige minoritetsspråk enn dei som tener mykje. Dei som tener minst og mest er dei som er mest positive til meir engelsk i Noreg.

Mange nynorskbrukarar har framleis eit dårleg språkleg sjølvbilete. Jamt over liker nynorskelevane betre å lese bokmål enn nynorsk. Truleg skiftar kvar tredje nynorskbrukar til bokmål før vedkomande er 20 år gammal.

Store språkspørsmål står til avklaring. Utgangspunktet er godt, for nesten halvparten av veljarane seier dei er interesserte i språkspørsmålet generelt. Framleis står nynorsk sterkast blant veljarane til sentrumspartia.

Interessa for det som i undersøkingane blir kalla språkspørsmålet er stor blant veljarane, og den interessa har vore stor i mange tiår (tabell 3.3.1). Dei siste tiåra har godt over 10 prosent vore svært interesserte, og

⁶⁷ Hallstein Myklebust: «Næringar og busetnad i bygdene fram mot år 2000», *Syn og Segn* 1965.

⁶⁸ Statistisk sentralbyrå: «Folkemengde i tettbygde og spredtbygde strøk. Fylke. 1. januar 2014», *ssb.no*, lesedato 19.7.2015.

godt over 30 prosent har vore nokså interesserte. Det inneber at halvparten av alle nordmenn er nokså interesserte eller svært interesserte i språkspørsmålet. Interessa var tydeleg større i 2013 enn i 1969. Det gir eit interessant grunnlag for den språkpolitiske vendinga som har prega Noreg så vel som andre land dei siste tiåra (sjå kapittel 1).

Lokale folkerøystingar er eit viktig element i det norske lokaldemokratiet, både som prinsipp og i omfang. Sidan 1892 har det vore vedtaks- og lovfesta at opplæringspråk i skulen og liturgispråk i kyrkja skal avgjerast lokalt. Mange tusen folkerøystingar er blitt gjennomførte frå den tid. Berre mellom 1970 og 2014 kunne over 1,5 millionar gi sine røyster ved 727 lokale folkerøystingar om ulike emne.⁶⁹ Eit knapt fleirtal av dei røysteføre deltok.

44 prosent av dei nemnde folkerøystingane gjaldt opplæringspråk i skulen. Frå og med 1965 hadde det ved utgangen av 2014 vore halde 393 folkerøystingar om opplæringspråket i skulen. Ved desse folkerøystingane sa 75 000 personar si mening.

Etter 1945 har det vore få folkerøystingar om liturgispråk i kyrkja. Mellom 1892 og 1954 blei det derimot gjennomført meir enn 1300 folkerøystingar om den saka. Som regel gav dei klare fleirtal for nynorsk. Slik har det også vore i skulen: Nynorsk er blitt røysta inn med klart fleirtal og ut att med knappe marginar, og dei marginane har minka med åra. I åra 1965–1969 røysta 66 prosent for bokmål i skulen, mot 53 prosent i åra 2010–2014. Endringane i busetnadsmønster har likevel meir å seie for bruken av nynorsk enn folkerøystingane.

Stortinget jamstilte i 1885 dei to norske språka som i dag heiter nynorsk og bokmål. I tida etterpå har det aldri vore fremja forslag om å oppheve dette vedtaket, som dermed er eit av få vedtak frå 1800-talet som framleis gjeld. Spørsmålet om vidare jamstilling deler derimot Noreg i to (tabell 3.3.3). I 2013 var 48 prosent heilt eller delvis samde i at nynorsk og bokmål framleis skal vere jamstilte, og 45 prosent var usamde. Størst var tilslutninga på Vestlandet, der fire av ti var heilt samde, og størst var motstanden i Nord-Noreg, der fire av ti var heilt usamde.

⁶⁹ Statistisk sentralbyrå: «Lokale folkeavstemninger, 2014», *ssb.no*, lesedato 24.7.2015.

3.4 Individuell språkbruk

Dei språklege skilnadene i Noreg aukar. Bokmål dominerer, bruken av nynorsk er ganske stabil, og det blir jamt fleire med andre språk enn norsk som førstespråk.

Det er eit anslag å seie at om lag 600 000 av innbyggjarane i Noreg bruker nynorsk privat. Talet har stått fast i mange år ut frå ei vurdering av at nynorskprosenten minkar noko, men folketalet veks. Så mykje som 40 prosent av nynorskbrukarane er reelt tospråklege i den forstand at dei like gjerne bruker bokmål som nynorsk. Talet på nynorskbrukarar har halde seg stabilt sidan 1990-åra. Dei bur over heile landet, men Vestlandet aukar prosentdelen sin.

Skriftleg bruk av nynorsk og bokmål privat har vore kartlagd gjennom spørjeundersøkingar like frå 1951 (tabell 3.4.1). Då brukte 75 prosent bokmål, og i 2013 var der 73 prosent bokmålsbrukarar. I mellomtida hadde språkvariasjonen auka ved at jamt fleire frå slutten av 1900-talet brukte kombinasjonar av nynorsk, dialekt og bokmål. I 2013 kunne dermed 13 prosent reknast som nynorskbrukarar, mot 25 prosent i 1951.

Frå 1995 har det same spørsmålet vore stilt med jamne mellomrom om kva språk nordmenn helst skriv privat. Bruken av nynorsk var svakt, men tydeleg aukande. I 2014 svara 15 prosent at dei helst skreiv nynorsk eller begge språka privat, mot 14 prosent i 2005 og 12 prosent i 1995.

Det er ein svak tendens til at fleire kvinner enn menn bruker nynorsk privat, og at nynorskbrukarane utgjer ein større del i dei eldre aldersgruppene enn i dei yngre. Det inneber at den språklege avstanden aukar mellom dei unge og dei eldre. Di meir utdanning ein person har, di meir sannsynleg er det at vedkomande bruker bokmål. Det er også fleire bokmålsbrukarar blant dei med høg inntekt enn blant dei med låg inntekt. Nynorskbrukarane er helst å finne på bygdene og i tettstadene, men dei bur i alle fylke og i alle typar byar også. Når bokmål og nynorsk har ulik posisjon i Noreg, heng det altså også saman med sosiale skilnader.

I Stortinget har dei folkevalde frå 1913 sjølve bestemt om dei skal refererast på nynorsk eller bokmål i dei stenografiske referata frå ordskifte i plenum. Den gongen brukte sju prosent av representantane nynorsk (tabell 3.4.2). Etter ein topp på 25 prosent i 1950-åra brukte 11 prosent av stortingsrepresentantane nynorsk i 2015.

Då Forsvaret i 1947 tok til å dokumentere språkvala hos vernepliktige, brukte 23 prosent nynorsk (tabell 3.4.3). Dette fall til 14 prosent i 1960 og ni prosent i 1970, og der om lag har nynorskbrukarane vore sidan.

Svært få nordmenn skiftar frå bokmål til nynorsk i skulen eller som privat språk som vaksne. Derimot skiftar mange frå nynorsk til bokmål. Ved å kombinere tal frå skule og sesjon er det mogleg å talfeste denne språklege lekkasjen frå den nynorske skriftkulturen (tabell 3.4.4). Med kvart femte år som målepunkt har språkskiftet variert frå 70 prosent på det meste i 1950-åra til 24 prosent i 1990-åra.

Pålitelege tal for samiske språkbrukarar ligg ikkje føre. I utkast til Nordisk samekonvensjon i 2005 la ein til grunn at det budde mellom 80 000 og 100 000 samar i Norden, og at 50 000–60 000 av desse budde i Noreg.⁷⁰ Faglig ressursgruppe for samisk statistikk har sidan 2007 både levert viktige studiar og stilt kritiske spørsmål til dei tala som ligg føre. I *Samisk språkundersøkelse* rekna ein i 2012 med om lag 30 000 samar i Noreg.⁷¹ Så langt det har vore mogleg, er oppdatert informasjon teken med (tabell 2.3.2). Der er likevel summen av samiske innbyggjarar lågare enn anslaget frå undersøkinga i 2012.

For samiske språkbrukarar kjem det største språkpresset frå bokmål. Slik har det vore sidan ein offisiell fornorskingspolitikk blei innført frå 1860-åra. Presset blei mindre enn fornyinga av samisk språkpolitikk i 1980- og 1990-åra, men enno er dei sosiale strukturane der som representerer eit kulturelt og dermed språkleg press.

3.5 Utdanning og forskning

Det språklege mangfaldet har auka mykje i Noreg dei siste tiåra. Det går nynorskelevar i grunnskulen i fire av ti kommunar. I skuleåret 2014/15 hadde 12 prosent av elevane nynorsk som hovudmål, mot 15 prosent i 2000 (tabell 3.5.1). Aldri stod nynorskelevane sterkare i skulen enn i 1945 – då brukte ein av tre nynorsk.

⁷⁰ *Strategiplan for samisk kirkeliv*, Oslo 2011, s. 36.

⁷¹ Karl Jan Solstad (red.): *Samisk språkundersøkelse 2012*, NF-rapport nr. 7/2012, Bodø 2012, s. 31.

I gymnaset og seinare i den vidaregåande skulen har det alltid vore ein mindre del som har brukt nynorsk enn i folkeskulen og grunnskulen (tabell 3.5.2). Ein del data manglar, men på det meste, i 1940, brukte 11 prosent av gymnaselevane nynorsk. Etter 2010 har nær sju prosent av elevane i vidaregåande skule brukt nynorsk. Kvart år tok om lag 3200 nynorskelevar og 46 000 bokmåselevar eksamen i studieførebuande fag eller allmenn påbygging (tabell 3.5.5).

Ei av dei store språkendingane i Noreg dei siste tiåra kan finnast på hovudfag- og masternivå ved universitet og høgskular. Frå 1970-åra ut fram mot tusenårsskiftet blei bokmål jamt meir dominerande språk i avhandlingar, og i 1996 skreiv tre av fire oppgåvene på bokmål. På kort tida minka dette til seks av ti i 2011. I heile dette tidsrommet auka bruken av engelsk jamt og trutt, frå sju prosent i 1971 til 37 prosent i 2011. Nynorsk har aldri vore brukt av mange i akademia, og situasjonen var stabil – tre prosent i 1971, to prosent i 2011.

Der er ingen sikre tal på kor mange som bruker eit av dei samiske språka, eller kvensk. Den einaste pålitelege informasjonen gjeld elevar i grunnskulen (tabell 3.5.3). I Norden bur dei fleste samane i Noreg, og nordsamane dominerer. Frå og med 2003 gir den offisielle statistikken høve til å sortere mellom førstespråk, andrespråk 2 og andrespråk 3. Det året var samisk førstespråket for 55 prosent av elevane med samisk. Frå og med hausten 2006 har det vore mogleg å ta samisk også som andrespråk 3. Dette har ikkje redusert talet på elevar med samisk som førstespråk.

Frå 2001 til 2012 auka talet på elevar med nordsamisk på eit eller anna nivå frå vel 1600 til vel 1900. I dette tidsrommet blei det også fleire elevar med lulesamisk eller sørsamisk, men dei var få: 98 lulesamiske og 95 sørsamiske elevar i 2012. Derimot blei det mange færre elevar med kvensk eller finsk i grunnskulen – 600 i 2012 mot 1100 i 2001.

Mellom 2000 og 2015 var der elevar med 206 ulike minoritetsspråk i grunnskulen. Mange fleire elevar fekk morsmålsundervisning i store innvandrarspråk som somalisk, arabisk og polsk enn i dei samiske urfolksspråka og historiske minoritetsspråk som kvensk (tabell 3.5.4).

3.6 Offentleg forvaltning

Språkleg regelverk og praksis i offentlig forvaltning har mykje å seie for den allmenne språkbruken i Noreg. Det har mykje å seie for utvikling av terminologi at både nynorsk og bokmål blir brukte mykje og godt i offentlig forvaltning.

Utover på 1900-talet var Noreg delt inn i 747 kommunar på det meste (tabell 3.6.1). I 1960-åra blei mange kommunar slått saman til større einingar. Seinare kom det fleire enkeltsamanslåingar, slik at 466 kommunar i 1966 var blitt til 428 i 2015.

Før dei mange samanslåingane i 1960-åra utgjorde nynorskkommunane på det meste 39 prosent av alle kommunar – både dei språknøytrale og bokmålskommunane var færre. Etter 1970 stabiliserte dette seg slik at godt og vel 20 prosent var nynorskkommunar. I 2015 var det 113 nynorskkommunar, eller 26 av alle, mot 157 nøytrale (36 prosent) og 158 bokmålskommunar (38 prosent).

Der var nynorskkommunar i 12 fylke i 1965 og i ni fylke i 2015 (tabell 3.6.2). I desse tiåra blei Vestlandet jamt meir dominerande. 46 av 85 nynorskkommunar låg på Vestlandet i 1965, og i 2015 var 89 av 113 nynorskkommunar å finne der.

Etter omorganisering av den lokale offentlege forvaltninga 1964–1977 fekk fylkeskommunane nye og utvida oppgåver. I språkleg samanheng er det fordelinga mellom nynorsk- og bokmålskommunar som avgjer om ein fylkeskommune skal ha nynorsk eller bokmål som tenestemål i sin kontakt med statsforvaltninga. Dei språknøytrale blir ikkje rekna med. Dei aller fleste fylkeskommunane er språknøytrale (tabell 3.6.3). Tre fylkeskommunar hadde nynorsk tenestemål i 2015, mot to i 1979, og to hadde bokmål, mot tre i 1979.

Bruken av nynorsk og bokmål i statsforvaltninga er lovfesta. Stortinget vedtok lov om målbruk i offentlig teneste første gongen i 1930 og ei ny lov i 1980. Reglane for tenestemål er ein viktig del av denne lova. Andre viktige element er at forvaltninga skal bruke minst 25 prosent av kvart språk i utoverretta dokument og informasjon, og at skjema som skal fyllast ut av publikum, skal ligge føre på både nynorsk og bokmål.

I praksis gjer statsforvaltninga ikkje som Stortinget har føresett gjennom lov om målbruk i offentleg teneste. Dei fleste etatane og organa avgrensar seg til ein språkleg minimumsstrategi. Likevel brukte statsforvaltninga vesentleg meir nynorsk utover på 2000-talet enn i tiåra før.

I 2000 var 22 prosent av stortingsdokumenta på nynorsk, mot tre prosent i 1961 (tabell 3.6.4). Frå og med 2000 blir bruken dokumentert i sidetal ikkje dokumenttal. I 2014 var 28 prosent av samla tekstmengd i stortingsdokumenta på nynorsk, mot 13 prosent i 2000 etter denne rekne måten. Dette er det beste årsresultatet for nynorsk som er registrert på dette området.

Også fleire av dei vedtekne lovene var på nynorsk på 2000-talet enn før (tabell 3.6.5). I 1940 var fem prosent av lovene på nynorsk, i 2012 utgjorde dei heile 30 prosent av dei lovene som blei vedteke det året.

I statsforvaltninga under departementsnivå stod det ikkje fullt så bra til for eit nynorsk blikk (tabell 3.6.7). Frå 1994 til 2014 fall talet på rapporteringspliktige organ frå 220 til under 150. I gjennomsnitt rapporterte etter kvart om lag 80 prosent av desse forvaltningsorgana. Til og med 2014 var det regjeringa Stoltenberg II i åra 2006–2013 som kom lengst i språkleg jamstilling. Sju av 18 departement og tre av ti statlege forvaltningsorgan oppfylte då det lovfesta kravet om minst 25 prosent på kvart av dei to norske språka. Framleis var det altså slik at dei fleste departementa og forvaltningsorgana ikkje oppfylte krava i lov om målbruk i offentleg teneste og dermed ikkje gjorde som Stortinget hadde føresett.

Dette blei ikkje betre med regjeringa Solberg, sjølv om denne altså praktiserte mållova betre i stortingsdokument enn noka tidlegare regjering. Både for dokument under og over ti sider gjorde denne regjeringa det dårlegare i 2014 enn sjølv regjeringa Bondevik gjorde på sitt dårlegaste.

Noreg tok eit oppgjør med seg sjølv om politikken overfor samane i 1980-åra. Dette resulterte i utvida juridiske rettar for samane, det folkevalde organet Sametinget med avgrensa mynde blei opna i 1989, og frå 1990 har ein del kommunar utgjort eit samisk forvaltningsområde (tabell 3.6.6). Fem kommunar i 1990 var i 2015 blitt til ti kommunar med eit samla folketal på 21 000 og eit areal på vel 32 000 km². Det utgjer ti prosent av fastlands-Noreg.

Innbyggjarane i desse kommunane har rett til å bruke samisk i alle offisielle samanhengar. Borna har rett til morsmålsopplæring på samisk

og til å bli undervist på samisk i alle fag. Også utandfor forvaltningsområdet har samiskspråklege rett til å bruke språket sitt i kontakt med offentlig forvaltning på alle nivå.

Skilnadene innanfor det samiske forvaltningsområdet er blitt større med åra. Dei kommunane som har kome til sist, er små, samane er få, og det samiske står svakt.

3.7 Næringsliv

Næringslivet er eit av dei samfunnsområda vi veit minst om når det gjeld bruken av nynorsk og bokmål.

Der er to undersøkingar om språk i reklame – ei på regionalt nivå over lang tid, og ei på nasjonalt nivå som eit tidsbilete.

Annonsørar i aviser i Sogn og Fjordane har brukt jamt meir nynorsk i tida frå 1948 til 2012. På desse tiåra auka prosentdelen nynorsk frå 38 til 71 (tabell 3.7.1). Endringane var størst i egedomsbransjen og tekstil-bransjen.

Bruk av norsk og engelsk i næringslivet har mykje å seie for den allmenne posisjonen til desse språka i Noreg. Våren 2015 brukte norske annonsørar mykje meir bokmål enn engelsk i tv, blad og magasin, medan utanlandske annonsørarar brukte mykje meir engelsk (tabell 3.7.3.). I utvalet var det lite reklame på dialekt, og knapt noko på nynorsk.

Den praksis frå norske annonsørar som her blei dokumentert, stemmer godt med det norske bedriftsleiarar meiner om engelsk i reklame. Bedriftsleiarar har større tru på norsk enn kundane deira har, og kundane er meir positive til bruk av engelsk i reklame enn bedriftsleiarane. Slik var iallfall tendensen i ei undersøking 2008–2010 (tabell 3.7.2). Engelsk gir høgare status, men ikkje utan vidare større truverde. Særleg dei med lite utdanning har ein tendens til å knyte status til engelsk. Bedriftsleiarane er usikre på språkstrategiane sine for framtida. Større språkleg mangfald i samfunnet elles påverkar også næringslivet. Det kan vere den viktigaste grunnen til at nynorsk etter kvart blir noko meir brukt i reklame.

3.8 Digitale medium

Nordmenn bruker Internett mykje. Dagleg var 88 prosent av alle nordmenn på Internett i 2014, mot 77 prosent i 2010 og 27 prosent i 2000.⁷² Menn brukte digitale medium meir enn kvinnene gjorde, dei yngre mykje meir enn dei eldre – i prinsippet brukte alle nordmenn mellom 15 og 44 år Internett dagleg, og bruken auka med utdanningsnivå. I alt brukte vel 3,1 millionar eller 80 prosent av alle innbyggjarane Facebook, 1,1 millionar eller 27 prosent brukte LinkedIn og 850 000 eller 21 prosent brukte Twitter.⁷³

Dei digitale media styrkjer norsk skriftkultur generelt ved at tekstar på norsk blir mykje lettare tilgjengeleg for svært ulike brukargrupper. Førebels ser det ikkje ut til at Internett har endra forholdet mellom bokmål og nynorsk. Aldri før har så mange tekstar vore tilgjengelege på norsk, verken på bokmål eller nynorsk. Det har truleg mest å seie for bruken av nynorsk, sjølv om neppe meir enn fem prosent av dokumenta på nettsider med norsk tekst var på nynorsk i 2015 (tabell 3.8.1). Her gav ulike søkemotorar ulike tal, men om lag 95 prosent bokmål og fem prosent nynorsk var typisk frå og med den første målinga i 1997 og fram til 2009. Viss desse målingane er nokolunde korrekte, er nynorsk nesten like mykje brukt i det nyaste massemediet Internett som i eitt av dei eldste media, boka.

Dei to standardordbøkene *Nynorskordboka* og *Bokmålsordboka* kom ut i 1985 og har vore digitalt tilgjengelege sidan 1993. Brukstal ligg føre frå og med 2000 (tabell 3.8.2). I femårsperioden 2000–2004 var det 16,7 millionar søk, og i tidsrommet 2010–2014 heile 311,7 millionar. Det svarar til 171 000 søk kvar dag året gjennom. Seks av ti søk gjaldt bokmål, fire av ti nynorsk.

551 000 leksikonartiklar var tilgjengelege digitalt på nynorsk eller bokmål i 2015 (tabell 3.8.3). 25 prosent av desse var på nynorsk, mot 20 prosent ti år tidlegare. Dokumentasjonen dekkjer Wikipedia og Allkunne. Store Norske leksikon hadde nokre artiklar på nynorsk, men fører ikkje statistikk etter språk.

⁷² Odd Frank Vaage: *Norsk mediebarometer 2014*, Statistiske analyser 143, Statistisk sentralbyrå, Oslo 2015, tabell 1

⁷³ Ipsos MMI, intervju med 1704 personar i 3. kvartal 2014.

Nynorsk blir meir brukt på Internett av fleire sentrale aktørar som NRK og statsforvaltninga (tabell 3.8.4). Både for statsforvaltninga og NRK gjeld kravet om minst 25 prosent på kvart av dei to norske språka. Resultata var langt frå dette kravet men NRK var nærmare enn statsforvaltninga: 16 prosent på NRK.no og 15 prosent på statslege nettstader i 2013.

Frå 1996 tok norske aviser til å utvikle det som eter kvart blei eigne nettaviser, som i 2015 som oftast skilde seg frå papirutgåvene. Etter 2005 auka bruken av nettaviser radikalt. Det endra nettavisene ved at tal klikk blei ein viktig premis for redaksjonell prioritering på Internett. Også papiravisene endra redaksjonell profil.

3.9 Radio og fjernsyn

Internett har endra medievanane, men framleis er tv og radio mykje brukte massemedium i Noreg. Dagleg lytta 64 prosent av alle nordmenn på radio i 2014, og 74 prosent såg på tv. I 2000 var dei tilsvarende prosenttala 82 og 57.⁷⁴ I begge media har dialektane både teke over meir av sendetida dei siste par tiåra og oppnådd jamt høgare status. Dette har ført til at publikum høyrer mindre normert nynorsk og bokmål i radio og tv.

Stortinget vedtok i 1970 ei tilråding om at minst 25 prosent av verbalsendingane i NRK burde vere på nynorsk. Då var om lag 15 prosent av sendingane på nynorsk (tabell 3.9.1). Dette var i stor rad normert nynorsk, og normert nynorsk utgjorde i 2013 berre sju prosent av radioprogramma i NRK.

Det som hadde auka, var bruken av dialekt. Såpass mykje dialekt blei brukt at NRK alt i 1972 fastsette ein grunnregel om at halvparten av all dialektbruk skal førast som nynorsk og halvparten som bokmål. Den regelen har vore følgt heile tida etterpå.

Frå seks prosent i 1972 hadde bruken av dialekt i NRK radio auka til 35 prosent i 2013, men med eit fall ned til 25 prosent i 2014. Det som hadde minka, var bruken av normert bokmål – frå 76 prosent in 1972 til 58 prosent i 2013. Så skvatt bruken av bokmål opp i 68 prosent i 2014, det høgaste som har vore målt på 2000-talet. Desse tala tyder på at presisjonen

⁷⁴ Odd Frank Vaage: *Norsk mediebarometer 2014*, Statistiske analyser 143, Statistisk sentralbyrå, Oslo 2015, tabell 1.

i skilja mellom normert nynorsk, dialekt og normert bokmål er for dårleg hos dei som fører statistikken for NRK.

Då skulle ein vente liknande brå endringar for tv-sendingane frå 2013 til 2014, men tala for dei to åra var så godt som identiske. No som før blir dialekt brukt mindre i tv enn i radio (tabell 3.9.2). To prosent dialekt i 1972 var blitt til 13 prosent i 2014. Dermed var det like mykje normert nynorsk i NRK tv på 2000-talet som i tiåra før. Også i tv var det bruken av normert bokmål som hadde minka mest.

Allmennkringkastaren NRK er framleis den viktigaste språkproduzenten i Noreg, men NRK oppfyller enno ikkje det målet om minst 25 prosent nynorsk som Stortinget sette i 1970. NRK voks redaksjonelt utover på 2000-talet, men hadde nok færre nynorskbrukande medarbeidarar på 2010-talet enn på slutten av 1980-talet.

Dei norskspråklege programma utgjer mellom 50 og 60 prosent både i NRK og TV 2, men her ligg NRK noko under konkurrenten (tabell 3.9.3). Elles går det mest på engelsk, men særleg NRK bruker jamt meir sendetid til samiske program. NRK tok til med regelmessige sendingar på nordsamisk i 1946. I 2014 sende NRK vel 1700 timar radio og nær 300 timar på samiske språk (tabell 3.9.4). Det inneber at NRK etter kvart sender fleire timar på samisk enn på normert nynorsk i radio, men mindre i tv.

3.10 Presse

Noreg er eit avisland. I 2014 kom det ut 235 aviser (tabell 3.10.1). 28 prosent av desse var formelt redigerte på nynorsk eller på både nynorsk og bokmål, 71 prosent på bokmål. Frå tidleg 1900-tal har prosentdelen bokmålsaviser minka frå 96 til 71.

I tillegg kom ei rekkje aviser som i praksis brukte begge språka i eige stoff, med Bergens Tidende som den fremste. Bokmål prega dei store avisene, og nynorsk var mest brukt i dei små.

Talet på aviser har vore ganske stabilt, men opplaget har falle. 235 aviser blei i 2014 trykte i eit samla opplag på nær 2,2 millionar eksemplar (tabell 3.10.3). Frå toppår som 1997 med godt over 3 millionar eksemplar var 900 000 eksemplar blitt borte på kort tid. Denne utviklinga var ikkje lik for alle avistypane. Dei reine nynorskavisene auka sin marknadsdel frå 6,2 prosent i 1997 til 8,1 prosent i 2014, og dei språkblanda avisene frå

5,0 prosent til 6,4 prosent. Fallet var altså størst for dei reine bokmålsavisene, men i 2014 stod likevel desse for 85 prosent av det samla avisopplaget.

Den nynorske rikspressa er liten og utgjer berre tre publikasjonar – kvartaltidsskriftet *Syn og Segn*, månadsbladet *Norsk Barneblad* og vekeavisa *Dag og Tid* (tabell 3.10.2). Frå 1970 til 2014 minka opplaget kraftig for dei to første, medan *Dag og Tid* etter nokre omskiftande tiår auka opplaget årleg utover på 2000-talet.

Stortinget innførte ei fast ordning med pressestøtte i 1969. Pressestøtta har vore språkpolitisk blind, men er det viktigaste allmenne tiltaket for norsk skriftkultur. Den direkte støtta utgjorde i 2014 336 millionar, mot 191 millionar i 2000 (tabell 3.10.4). I tillegg kom den indirekte støtta i form av fritak for mva. Dette utgjorde i 2008 2,3 millionar.⁷⁵

Den eine støttevinnaren på 2000-talet var dei språkblanda avisene. I 2014 gjekk 26 prosent av støtta til desse avisene, mot 14 prosent i 2000. Den andre støttevinnaren var dei avisene som blei redigerte på samisk eller skreiv om samisk. Denne støtta utgjorde 4,4 prosent i 2014, mot 2,8 prosent i 2000.

Stortinget oppretta Norsk kulturråd i 1965. Med det kom også faste støtteordningar for utgiving av bøker. Summen av støtte til utgiving av aviser og bøker på norsk auka frå 245 millionar i 2000 til 435 millionar i 2014 (tabell 3.10.5). Tilskotsdelen til nynorske publikasjonar auka frå 9,5 prosent til 10,2 prosent i det same tidsrommet.

Prosenttala er små, men summene er høge. Ingen stad i det offentlege systemet av støtteordningar til det trykte ord er vi i nærleiken av slike kapitalstraumar til nynorsk skriftkultur som nettopp her. Innkjøpsordningane har hatt umåteleg mykje å seie for både utgivinga og spreinginga av ny nynorsk skjønnlitteratur, på same måten som pressestøtta har gjort det mogleg å publisere aktuelt stoff på nynorsk i mange område av landet nær sagt kvar dag.

⁷⁵ *NOU 2010:14*: Lett å komme til orde, vanskelig å bli hørt – en moderne mediestøtte, s. 41.

3.11 Bøker

Mange gir ut bøker i Noreg, mange fleire enn dei ordinære forlaga. Årleg kjem det no ut om lag 9500 bøker i Noreg. Vel 7000 er på bokmål minst 1600 på engelsk og om lag 650 på nynorsk.

Frå 1800 til 2014 var det gitt ut 416 000 bøker og småskrifter på 48 sider eller meir i Noreg (tabell 3.11.1). Av desse var 82 prosent på bokmål og 7 prosent på nynorsk. I prosent utgjorde nynorske bøker ein like stor del av bokutgiving i Noreg tidleg på 1900-talet som tidleg på 2000-talet. Den store endringa kom med engelsk, og det fekk følgjer for bokmål. Frå å utgjere to prosent av alle bøker kring 1900 stod bøker på engelsk for 17 prosent av alle utgivingar i Noreg etter 2010. I det same tidsrommet fall prosentdelen bokmålsbøker frå 89 til 74.

Saman med det å lage nynorskaviser var det å etablere eigne forlag ein viktig del av det å bygge opp eit nynorsk skriftkultur. Mellom 1887 og 2014 ar det vore minst 14 slike større forlag (tabell 3.11.3). Ved utgangen av 2014 hadde dei gitt ut 12 000 titlar. Av desse stod Det Norske Samlaget for 72 prosent, men i første halvdel av 1900-talet var fleire andre nynorskforlag vesentleg større enn Samlaget.

Den første omsetjinga av eit verk av ein norsk forfattar var skodespelet *Gildet paa Solhaug* av Henrik Ibsen omsett til svensk med premiere i 1857. Dei forfatarane som er omsette til flest språk, er Henrik Ibsen, Thor Heyerdahl og Jostein Gaarder (tabell 3.11.2). Slike lister er det vanskeleg å få feil- og mangelfrie, men det stemmer nok ganske bra at Jon Fosse er omsett til om lag like mange språk som Knut Hamsun. Utover på 2000-talet var det aukande interesse i utlandet for verka av Tarjei Vesaas.

Sal kan vere eit kvalitetsmål, prisar er det som regel alltid. Frå og med 1934 har det vore 49 allmenne litteraturprisar i Noreg som framleis blir delte ut (tabell 3.11.4). Då er prisar øyremerkte eit språk haldne utanfor. Samla sett gjekk 23 prosent av prisane til nynorskforfatarar. Med utdeling frå og med 1992 er Brageprisen blitt den fremste norske litteraturprisen. Der har 21 av prisvinnarane vore nynorske (tabell 3.11.5). Før alle prisane var kartlagde, var det grunn til å tru at Brageprisen skilde seg ut i så måte, men den er altså typisk. Nynorske bøker kan ikkje seiast å vere betre enn bokmålsbøker, men høvesvis fleire av dei beste norske bøkene er på nynorsk enn på bokmål.

I 1965 etablerte Stortinget Norsk kulturråd og dei første innkjøpsordningane for bøker på norsk. Med åra er det blitt seks slike ordningar. Desse er viktige både for bokmål og nynorsk, men viktigast for bokmål. I prosent blir det kjøpt inn fleire bokmålsbøker i dag enn i 1960- og 1970-åra (tabell 3.11.6). I seinare tid har nynorskbøker utgjort 15 prosent av alle innkjøpte bøker. Rekna i prosent er det dermed fleire nynorskbøker blant prisvinnarane enn blant dei innkjøpte bøkene, men fleire innkjøpte bøker enn utgitte bøker.

Bokmål dominerer i dei fleste emnegruppene av bøker, men det har lenge vore mykje nynorsk i bøker om språk, historie og geografi. Målt i titteltal heldt nynorskbøkene bra på marknadsposisjonen sin frå 1974 til 2014 (tabell 3.11.7). I det same tidsrommet auka bøker på engelsk mykje, og prisen var det bokmålsbøkene som betalte. I naturvitskap har bøker på engelsk lenge utgjort ein større del av bokutgiving i Noreg enn bøker på bokmål, og i nytta vitskap var engelsk utover på 2000-talet i ferd med å ta over bokmålshegemoniet. I denne emnegruppa var åtte av ti bøker på bokmål og to av ti bøker på engelsk i 1974. 40 år seinare var fem av ti bøker på bokmål og fem av ti på engelsk.

Førebels har det ikkje vore mogleg å få fram sals- og utlånstal for bøker på nynorsk og bokmål. Derimot kunne så godt som heile tilbodet av bøker gjennom bokhandlane per august 2015 dokumenterast. Bokkjøparane kunne i prinsippet velje mellom 70 000 titlar. Av dei kunne 61 000 kjøpast på bokmål, 7900 på nynorsk, 500 på samiske språk og 200 på ulike dialektar (tabell 3.11.8). Boktilbodet på bokmål var stort i alle sjangrar og nesten alle emnegrupper, medan det var mest å velje mellom på nynorsk innanfor nyskriven norsk skjønnlitteratur for vaksne eller for born og unge. I begge desse sjangrane var kvar femte bok på nynorsk. For nynorsk skriftkultur var det mest kritiske punktet at utvalet av lærebøker for høgare utdanning var nede i sju prosent.

3.12 Kyrkje og religion

Kyrkja er den samfunnsinstitusjonen som har den klaraste språkpolitiske praksisen. Bruken av nynorsk står relativt sterkare i kyrkja enn i andre delar av samfunnet. Av nærmare 1300 kyrkjesokn i 2015 brukte 385 eller 30 prosent nynorsk liturgi. Då er språkdelte kyrkjesokn også rekna med

(tabell 3.12.2). Av desse låg 93 sokn i andre landsdelar enn Vestlandet, flest i Telemark og på Sørlandet (tabell 3.12.3). Tre av fire kyrkjesokn låg med andre ord i vest.

Like viktig kan det ha vore at det nynorske språket blei sunge inn i kyrkja, frå og med Blix-salmane i 1880-åra til dei mange nyskrivne salmane i den fellesspråklege salmeboka som blei teken i bruk i 2013. Like sidan den første tospråklege utgåva av M.B. Landstads *Kirkesalmebog* i 1892 har minst kvar femte salme i salmebøkene for kyrkjebruk vore på nynorsk, og frå 1984 fire av ti.

Årleg sel Bibelselskapet om lag 14 000 biblar – 84 prosent er på bokmål, 16 prosent på nynorsk (tabell 3.12.1). Dette forholdet har vore ganske uendra i mange tiår.

3.13 Kunst

Det har vist seg i praksis at den språklege toleransen er større i store delar av kunstfeltet enn elles i samfunnet. Motstandsfritt er det likevel ikkje. Det var i teatera den første språkstriden stod i Noreg tidleg på 1800-talet; skulle skodespelarane spele på dansk eller på dansk med norsk aksent? Film, teater og song er tre viktige delar i så vitale skriftkulturar som dei to norske.

På same måten som nynorsk miljøet bygde opp eigne aviser og forlag, blei det også etablert eigne teaterscener. Det Norske Teatret opna i 2013 og var åleine til Komediateatret i Bergen kom og spelte det meste på dialekt i fleire tiår frå 1930-åra. Formelt forplikta var to regionteater som blei skipa i 1970- og 1980-åra, Sogn og Fjordane Teater og Hordaland Teater, likeins Opera Nordfjord frå 1998. Alt i alt spelte desse institusjonane over 80 000 framsyningar mellom 1913 og 2014 (tabell 3.13.1). Av desse stod Det Norske Teatret for to tredelar, men nett slik Samlaget ikkje var det største nynorskforlaget i første del av 1900-talet, var Det Norske Teatret mindre enn Komediateatret i eit tidsrom.

Verksemnda til alle norske institusjonsscener for teater og opera er kartlagd frå og med 1988 (tabell 3.13.2). Kvart år gjennomfører desse institusjonane om lag 10 000 framsyningar for 1,8 millionar gjester. Av dette står nynorskscenene for om lag 1500 framsyningar for 250 000 menneske.

Det vil seie at dei nynorske institusjonane stod for 17 prosent av fram-syningane og 16 prosent av gjestene. Der var nok fleire, for både drama-tikk og opera blei framført på nynorsk også på andre scener enn dei ny-norske i desse åra. Då slår det lite ut av nokre av oppsetjingane på Opera Nordfjord var på bokmål. Denne nynorske marknadsdelen er mykje hø-gare enn for avisopplag og utgitte bøker.

Norske kinofilmar har med få unntak vore på norsk (den første tida var det ein del stumfilmar, men med tekstplakatar på norsk). Den første norske kinofilmen hadde premiere i 1907, og fram til utgangen av 2014 hadde nær 1000 kinofilmar hatt premiere (tabell 3.13.3). Frå og med 1967 er det mogleg å skilje gjestetal for norske filmar ut frå det samla kinopubli-kummet. Etter dårlege kår for norsk film i 1980- og 1990-åra, videoalde-ren, auka norske kinofilmar marknadsdelen sin til 24 prosent av kinopubli-kummet i 2014.

Bruken av norsk i musikk har aldri vore dokumentert i offisiell sta-tistikk. Det nærmaste vi kjem, er kor mykje norsk musikk som blir spelt i dei viktigaste radiokanalane, og kor mykje av dette som er musikk med norske tekstar (tabell 3.13.5). Både NRK P1, P2 og P3 spelar år om anna like mykje utanlandsk musikk som P4 og Radio Norge, dvs. om lag 60 prosent. Norsk på norsk utgjorde i 2014 27 prosent i P1, men berre 11 prosent i P3 og 6 prosent i P2.

Språkprofilen for Eurovision Song Contest er i seinare år blitt svært engelsk (sjå kapittel 2.4). Det same har skjedd i dei norske finalane (tabell 3.13.4). Nynorsk og dialekt har vore lite brukt heilt tida frå den første fina-len i 1960, og frå slutten av 1990-åra blei bokmål bytta nesten heilt ut med engelsk. Mellom 2000 og 2015 var 13 finalesongar på bokmål, 10 på ny-norsk eller dialekt, og heile 219 på engelsk. Mellom 1960 og 1999 var berre 11 songar på engelsk.

3.14 Språk- og kulturinstitusjonar

Meir enn 95 prosent av nynorskbrukarane er ikkje organiserte målfolk. Begge dei to store norskdomsorganisasjonane, Noregs Mållag og Noregs Ungdomslag, hadde mykje færre medlemmer kring 2010 enn i sine vel-maktsdagar i første del av 1900-talet (tabell 3.14.1). Den utviklinga har dei felles med mange andre frivillige organisasjonar. Kringkastingsringen var

ein viktig og handlekraftig organisasjon i 1950- og 1960-åra, men hamna utover på 2000-talet på same nivået som Norsk Målungdom.

Kor mange medlemer andre språkorganisasjonar har, har til no vore lite kjent. I arbeidet med *Språkfakta 2015* bad vi om slik informasjon frå Landslaget for språklig samling, Bokmålsforbundet og Riksmålsforbundet. Landslaget for språklig samling har noko over 200 medlemer. Bokmålsforbundet skriv på nettstaden at dei har om lag 1000 medlemer, men etter fleire purringar svara dei at «Bokmålsforbundet svarer ikke på slike henvendelser». Til slutt ombestemte dei seg og har oppgitt medlemstal 1.1.2015.⁷⁶ Riksmålsforbundet oversåg den første førespurnaden. Dei fleste medlemene deira er tilslutta forbundet sentralt, men lokale riksmålsforbund er sjølvstendige einingar, og deira medlemer kjem i tillegg. Den 1.9.2015 hadde Riksmålsforbundet 1505 medlemer sentralt og 400–500 medlemer lokalt. Riksmålsforbundet har lova utfyllande informasjon seinare.⁷⁷

Ved utgangen av 2014 var det 66 museum i det som blir kalla det nasjonale museumsnettverket. Her er også Nasjonalmuseet for kunst rekna med, men ikkje universitetsmusea. Kvart femte museum hadde nynorsk som administrasjonsspråk (tabell 3.14.3). Nokre museum er i praksis språkdelt ved at nokre avdelingar bruker nynorsk og andre bokmål. Med alle lokale historielag og andre slike fagmiljø som bruker nynorsk, er ikkje det så uventa, heller ikkje i lys av korleis mange av musea i si tid blei skipa. Truleg er musea ei av dei kulturnæringane som bruker mest nynorsk.

6,1 millionar vitja musea i 2013. 700 000 av desse var på museum med nynorskprofil. Det vil seie at dei i all hovudsak såg utstillingar med nynorsk tekst og også på anna vis var i eit nynorskmiljø. Det understrekar inntrykket av at dette er viktige nynorskbrukande institusjonar. Noko knivskarpt språkskilje er det ikkje i museumsbransjen. Ringve museum i Trondheim presenterte såleis i 2015 temautstillinga «Folkemusikk og nasjonalisme», bygd på ei utstilling frå Valdresmusea og som den skriven på nynorsk.

⁷⁶ Bokmålsforbundet, ww.allverden.no/polorg/bokmal/rapport, lesedato 3.9.2015, og Steinar Øksengård i e-post til forfattaren 18.9.2015 og 21.9.2015.

⁷⁷ Redaktør Sverre Martin Gunnerud i Riksmålsforbundet i e-post til forfattaren 3.9.2015.

20 prosent av musea hadde altså ein nynorskprofil. 11 prosent av alle museumsgjestene var på desse musea, medan 10 prosent av dei statlege driftstilskota gjekk til desse musea. Det vil seie at mange av desse nynorskprofilerte musea var mindre institusjonar.

Som andre kulturinstitusjonar skaffar dei nynorske organisasjonane og institusjonane ein god del av inntektene sine gjennom egne aktivitetar. Desse marknadsinntektene er ikkje nok til å dekkje behovet for nokon av dei. Offentlege tilskot har difor vore ein nødvendig føresetnad. Gjennom samarbeidsorganet Nynorsk Forum, skipa i 1997, har nynorskmiljøet frå og med 2000 kartlagt kor mykje statsstøtte ulike nynorskinstitusjonar får. Den årlege sluttsummen er rekna ut i prosent av det samla budsjettet for Kulturdepartementet (tabell 3.14.2). Denne nynorskindeksen har på sitt høgaste i åra 2001, 2002 og 2004 med 3,6 prosent. I 2015 utgjorde derimot desse løyvingane berre 2,6 prosent av dei samla løyvingane frå Kulturdepartementet.

Tema: tenkjemåten mangfald

Mangfald er ein måte å tenkje på. Ein kan ikkje velje vekk dei delane ein ikkje vil ha, ta vare på resten og utrope seg som varm tilhengjar av mangfald.

Noreg er eit fleirspråkleg samfunn med ein språkdelt norsk kulturtradisjon. Denne samla språklege og kulturelle variasjonen gir gode føresetnader for å møte dei utfordringane det fleirkulturelle samfunnet representerer. I staden blir det samla mangfaldet sett på spel. Når folkevalde og forvaltning skal fremje interkulturelle møte mellom det norske og det innvandra, framstiller dei nesten alltid det kulturelle mangfaldet som noko som oppstår i møte mellom det norske og det ikkje-norske. Det kulturelle mangfaldet som så sterkt har prega det tradisjonelle norske samfunnet med sine sosiale og kulturelle variasjonar, skilnader og mot-setnader, blir då alltid einsfarga og eindimensjonalt. Det er som om ein må få det norske til å verke einsformig for at ein skal sjå verdien av det innvandra. Då risikerer ein også å gjere det særmerkt nynorske uformeleg og umerkeleg.

Vi må ta vare på dei språklege og kulturelle skilnadene vi har i Noreg, både dei som har vore her i meir enn tusen år, og dei som har vandra

inn i landet dei siste tiåra. Utan ei slik plattform lærer vi aldri tenkjemåten mangfald, skreiv Sigve Gramstad i 2008; han var då nestleiar i Europarådets ekspertkomité for pakta om regions- og minoritetsspråk.⁷⁸

Verdien av dette mangfaldet har mange sett gode ord på. «Språket er livslinja vår til fortida», sa den tidlegare islandske presidenten Vigdís Finnbogadóttir i eit foredrag i 2012, «og språk er nøkkelen til å forstå det kulturelle mangfaldet i verda.⁷⁹ Året etter sa ho: «Det finst berre store språk. Mange gjer språka mindre enn dei er.»⁸⁰ «Språket er slik at vi alltid kan seie noko anna enn det som har vore sagt til no», sa språkforskaren Leiv Inge Aa i 2013.⁸¹

Mange regjeringar har teke mål av seg til å styrkje nynorsk skriftkultur. Likevel utgjer ikkje nynorskbøker ein større del av norsk bokproduksjon i dag enn for 100 år sidan. Både her og på fleire andre domene har den statlege språkpolitikken dei siste tiåra stabilisert situasjonen, ikkje styrkt dei endringane som norskdomsrørsla dreiv fram med eigne midlar tidleg på 1900-talet. Det kjem ut mange fleire bøker på nynorsk no enn for hundre år sidan, men i prosent utgjorde bøker på nynorsk ein like liten del i 1908 som i 2008. Den nynorske pressa er mangfaldig, men manglar den tyngda som følgde med dei nynorske dagsavisene tidleg på 1900-talet.

Der det har vore stilt klare språkpolitiske krav, har endringane kome. Radio- og tv-kanalane i NRK har vore redigerte tospråkleg heile tida. Det viser att i bruken av nynorsk, men aller mest i bruken av dialekt.

Språksituasjonen i dei skandinaviske landa er ulik, og der er gode historiske grunnar for dette. Sverige kan seiast å ha vore eit gjennomorganisert samfunn alt på 1600-talet med ei sterk sentralmakt. I Danmark-Noreg var sentralmakta sterkare i Danmark enn i Noreg på 1700-talet, og i Noreg var sentralmakta ganske svak også langt utover på 1800-talet. Med formannskapslovene av 1837 blei det i formalisert form innført ei ny organisering av den norske staten med ei formelt sterk lokalmakt. Denne

⁷⁸ Sigve Gramstad: «Mangfald på norsk», *Aftenposten* 27.12.2008.

⁷⁹ Vigdís Finnbogadóttir i foredrag på Språkdagen i Oslo 13.11.2012, eigne notat.

⁸⁰ Vigdís Finnbogadóttir i foredrag på landsmøtet i Noregs Mållag i Ørsta 19.4.2013, eigne notat.

⁸¹ Leiv Inge Aa i foredrag på Språkdagen i Oslo 12.11.2013, eigne notat.

lokalmakta blei overført til språkfeltet frå 1890-åra. Då var Sverige og Noreg alt sentralisert språkleg med dominerande talemål i hovudstadsområda, rett nok sterkast i Danmark.

Desse formelle strukturane kan ha mykje å seie for det språklege mangfaldet. Det har også den språklege prestisjen. Variasjon er eit teknisk omgrep, mangfald eit kulturelt. Stor språkleg variasjon har det vore i mange hundre år i Noreg. På eit overflatisk nivå er dette eit språkleg mangfald. Eit reelt språkleg mangfald føreset derimot at alle språk er like mykje verd.

Perspektiv: matrise for tale og skrift

Den norske språksituasjonen kan analyserast ut frå ulike modellar. To av dei er særlege relevante: individuell og institusjonell bruk, og offentleg og privat bruk.

Nynorsk blir meir brukt av institusjonar enn av enkeltpersonar, meir av yngre enn av eldre brukarar, og den institusjonelle bruken endrar seg mykje mindre over tid enn den individuelle.

Eitt grunnleggjande skilje i samfunnsstrukturen går mellom privat og offentleg. Eitt tilsvarande grunnleggjande skilje i språkbruk går mellom skrift og tale. Desse to aksane, offentleg – privat og tale – skrift, kan plasserast som ein loddrett og ein vassrett akse i ein matrise av skriftkulturelle samfunnssegment. Matrisen i figur 3.2 blei introdusert i årstale nr. 3 om tilstanden for nynorsk skriftkultur i 2003 og er brukt i seinare dokumentasjon (tabell 3.1.1).

Figur 3.2 Matrise for tale og skrift

	Offentleg	Privat
Tale	Offentleg tale	Privat tale
Skrift	Offentleg skrift	Privat skrift

Med *offentleg* meiner vi verksemd som er regulert av lover eller regelverk, eller som er nøye knytt til verksemda i offentlege institusjonar, eller som er styrt av vedtak som nokon gjer på vegner av alle som følgje av fastsette prosedyrar. *Privat* viser dermed både til privat sektor i tradi-

sjonell forstand og til dei delane av offentleg sektor som ligg utanfor det som blir regulert av lover, regelverk eller kollektive vedtak.

Generelt veit vi meir om bruken av nynorsk i skrift enn i tale, og vi veit meir om offentleg tale enn om privat tale.

For *privat tale* er tala få og berre delvis relevante for ei forståing av den uformelle munnlege bruken av nynorsk og dialekt nær nynorsk. Meiningsmålingar fortel ein del om privat skriftleg bruk, men privat tale utgjør framleis lite anna handfast enn aningar og sannsynleggjingar.

I *privat skrift* står brukarane formelt fritt til å bruke det skriftspråket dei ønskjer. Den reelle valfridommen er absolutt ikkje alltid til stades. Bruken av nynorsk i dette samfunnssegmentet held seg helst i området 5–15 prosent.


For målrørsla blei nynorsk i *offentleg tale* tidleg viktig innanfor det kyrkjelege, mens det først var med radio og særleg tv at dette også blei viktig innanfor det verdslege. For offentleg tale ligg bruken av nynorsk mest i området 10–25 prosent.

Det er i området *offentleg skrift* det har vore lettast å etablere den nye skriftkulturen, først og fremst av di ein sterk stat samstundes var under bygging. Av same grunn er det her vi lettast finn historisk materiale. Det syner at bruken fordeler seg frå 5 prosent like inn til 40 prosent.

Bruken av nynorsk i offentleg skrift strekkjer seg mot høgare prosenttal enn bruken av nynorsk i privat skrift, medan vurderinga av forholdet mellom offentleg og privat tale er avhengig av korleis vi ser på samspelet mellom nynorsk og dialekt. Meir privatisering og avregulering av offentleg sektor fører for sin del til at dei private samfunnssegmenta blir ein stadig viktigare arena for nynorsk skriftkultur.

Framstillinga opnar for den konklusjonen at nynorsk nasjonalt er eit 15 prosent-språk med meir utsikter for å bli eit 10 prosent-språk enn eit 20 prosent-språk.

4 Demografi og geografi



Figur 4.1 Resultat folkerøystingar om opplæringspråk i grunnskulen etter landsdel 1965–2014. Prosent

Den språkege variasjonen er stor i Noreg. Store er også skilnadene i språkleg status. Nordmenn er i skiftande språklege fleirtal og mindretal. Bokmål er mest brukt over heile landet, og nynorskbrukarane er framleis mange på Vestlandet, i indre strøk på Sørlandet og i det vestlege dalføra på Auslandet. I Trøndelag og Nord-Noreg har samisk fått sterkare formell status fleire stader. Noreg er i ferd med å bli tredelt språkleg: dialekt i nord, nynorsk i vest, bokmål i aust.

Dei seinare tiåra har Noreg fått innvandrarak frå over 200 land og sjølvstendige regionar. Desse har med seg endå fleire morsmål, men buset seg mest på Auslandet. Ein større del av innvandrarakane i nynorskkommunar kjem frå vestlege land enn i resten av landet.

Nynorskbrukarane finst i alle fylka, truleg også i alle kommunar.

Ein av tre nynorskbrukarar bur ikkje på Vestlandet, men det er der dei er mest konsentrerte og mange stader utgjer dominerande fleirtal. Ni av ti nynorskelevar i grunnskulen bur på Vestlandet, og tre av fire i nynorsk-kommunar.

Kommunane og kyrkjelydane har vore viktige, stabiliserande faktorar i den språkdelte norske kulturen. Den norske kyrkja held oppe ein viss bruk av nynorsk også i Trøndelag, og på Austlandet kjem det ut fleire nynorskaviser no enn kring 1900. Dei fleste nynorskbrukarane bur på Vestlandet, men berre halvparten av medlemene i Noregs Mållag.

Nær 400 folkerøystingar har vore haldne om opplæringspråk i skulane etter 1965. I dei fleste av desse har fleirtala vore knappe, og fleire røysta for nynorsk på 2000-talet enn i 1960- og 1970-åra. Berre på Austlandet enda eit fleirtal av folkerøystingane med ja til nynorsk.

4.1 Skriftspråk

Bruken av nynorsk blir i aukande grad konsentrert om Vestlandet, medan bruken av bokmål truleg i endå større grad enn nynorsk er under press frå engelsk.

Bokmål er det mest brukte språket i alle landsdelar. Slik har det vore like sidan Stortinget jamstelte dei to språka i 1885. Ei av dei viktigaste endringane dei siste femti åra er at det er blitt høvesvis færre nynorskbrukarar i andre landsdelar enn på Vestlandet. Nesten halvparten av dei som helst bruker nynorsk privat, bruker like gjerne bokmål som nynorsk. Dei fleste av desse er personar som hadde nynorsk som opplæringspråk i skulen.

Ei bearbeiding av materiale frå valundersøkinga i 1957 gir eit sjeldan innsyn i dei regionale språkskilnadene på 1950-talet (tabell 4.1.1). Bokmål eller riksmål blei då brukt av minst to av tre vaksne i alle landsdelar, også på Vestlandet. Innslaget av nynorskbrukarar var lite både på Austlandet, i Trøndelag og i Nord-Noreg, men på Sørlandet og Vestlandet svarta tre av ti at dei brukte nynorsk. Nesten alle desse nynorskbrukarane er no borte på Sørlandet, medan nynorskbrukarane utgjorde ein like stor del av innbyggjarane på Vestlandet på tidleg 2000-tal som 50 år tidlegare (tabell 4.1.5).

Valforskarane avdekte frå slutten av 1950-åra klare regionale meiningsmønster i oppslutninga om politiske parti og i språkleg praksis blant veljarane. På Vestlandet ønskte 48 prosent å skrive nynorsk privat i 1965, mot berre fire prosent i resten av landet. I 1981 svara høvesvis 29 og tre prosent det same (tabell 6.3.2).

Dei sosiale skilja gav tydelege skilnader i bruken av skriftspråka, men den geografiske skilnaden by–land slo endå sterkare ut (tabell 4.1.2). Bruken av dialekt aukar i dag med avstanden frå hovudstaden (tabell 4.1.6 og 4.1.7). Den skriftspråklege variasjonen for dei norske språka var minst i Oslo-området og størst på Vestlandet og i Trøndelag. Desse tendensane er også tydelege i undersøkingar frå 1995 (tabell 4.1.3), 2002 (tabell 4.1.4) og 2005 (tabell 4.1.5).

Ei undersøking frå 2014 stadfestar at nynorskbrukarane bur over heile landet, er ikkje i fleirtal i nokon landsdel, men gjer mest av seg på Vestlandet (tabell 4.1.8). Det er også på Vestlandet det er mest vanleg å skifte mellom nynorsk og bokmål. Når dei tospråklege er rekna med, var det 37 prosent nynorskbrukarar på Vestlandet, mot 35 prosent i 2005. Kvar fjerde person på Vestlandet nytta nynorsk og berre nynorsk privat i 2015.

Mellom 1965 og 1989 blei det vesentleg færre nynorskbrukarar også på Sør- og Vestlandet, særleg i bygdene. Størst var endringane i 1960- og 70-åra. Sentralisering og mange kommunesamanslåingar kan vere viktige årsaker til at byane og forstadene her faktisk har fått fleire nynorskbrukarar. Det er altså på Sør- og Vestlandet endringane har vore størst. Skilnadene innanfor landsdelen kjem ikkje fram i materialet, men særleg på Agder og på Nordmøre har nynorskbrukarane tradisjonelt vore færre ute ved kysten enn lenger inn i landet.

Valundersøkingane viser eit generasjonsskifte blant nynorskbrukarane, med 1940 som skilje. Nynorsken har gått meir tilbake hos etterkrigs-generasjonen enn hos dei eldre årskulla. Generelt ser nettopp alder ut til å vere den faktoren som forklarar mest av nedgangen til alle motkulturaner. Og sjølv om bokmålsbrukarane dominerer blant dei med høg utdanning, er der framleis ein tydeleg og sterk allianse mellom bønder, bygdefolk og akademikarar blant nynorskbrukarane. Denne politiske alliansen er nærast ein nødvendig føresetnad for at nynorskbrukarane også i dag kan representere og utøve motkulturell kraft. Ikkje minst i organisert form gjennom lokale folkerøystingar om opplæringspråk i skulen overar denne

krafta seg; målrørsla er ein maktfaktor når lokale avgjerder om språk skal fattast (sjå kapittel 6).

4.2 Demografi

Det tettbygde samfunnet ser ikkje ut til å fremje det tradisjonelle norske språkege mangfaldet. I 1965 meinte geografen Hallstein Myklebust at åtte av ti nordmenn kom til å bu i tettbygde strøk i 2000.⁸² Han trefte godt. I 2014 budde åtte av ti nordmenn der.⁸³ Det har sine språklege følgjer: Dialekt står svakare i hovudstaden enn i resten av landet, og utanfor Vestlandet gjer nynorskbrukarane seg lite gjeldande i større byar.

Den første meir utførlege studien av demografiske særtrekk ved nynorsk- og bokmålsområde stod samfunnsforskarer Håvard Teigen for i 2002.⁸⁴ Det stod betre til i nynorskkommuna i 2000 enn i 1970.

Teigen delte landet inn i utkantkommunar, mellomsentrale og sentrale kommunar og konstaterte at 47 prosent av nynorskbrukarane i 2000 budde i utkanten mot berre 14 prosent av alle nordmenn. I tidsrommet 1970–2000 auka folketalet meir i nynorskkommunane enn i bokmålskommunane, både dei som låg i sentrale strøk og dei som låg i utkantstrøk (tabell 4.10.6). Kvinner i nynorskkommunar fødte fleire born enn kvinner andre stader i landet, ganske mange flytta attende til heimbygdene sine i nynorskkommunane, der det også budde fleire eldre enn elles. Det siste heng saman med at fleire blei rekrutterte til bygdene i den eldre generasjonen då desse var unge enn tilfellet var seinare, og folk på bygdene lever lenger enn folk i byane.

Mange flytta ut frå utkantkommunane, men sjølv om dette flyttetalet var mindre i nynorsk- enn i bokmålskommunane, fekk det meir å seie for den nynorske utkanten fordi ein større del av nynorskbrukarane budde der. Dessutan flytta nynorskbrukarane sjeldan frå ein nynorskkommune til ein annan, og dermed oftare til bokmålsområde. Dermed

⁸² Hallstein Myklebust: «Næringar og busetnad i bygdene fram mot år 2000», *Syn og Segn* 1965.

⁸³ Statistisk sentralbyrå: «Folkemengde i tettbygde og spredtbygde strøk. Fylke. 1. januar 2014», *ssb.no*, lesedato 19.7.2015.

⁸⁴ Håvard Teigen: «Nynorsk og regional utvikling», i Elisabeth Bakke og Håvard Teigen (red.): *Kampen for språket*. Oslo 2002, s. 140–173.

hamna fleire nynorskbrukarar i mindretal på dei nye bustadene og utanfor sitt opphavlege språklege hegemoni. Tilflyttarane til nynorskkommunar var med andre ord helst bokmålsbrukarar. Også desse kom i ein ny posisjon, men dei tok også med seg det språklege hegemoniet, og dei brukte det.

På meiningssida identifiserte Teigen fleire særtrekk ved nynorskbrukarane kring tusenårsskiftet. Sju av ti nynorskbrukarar ville bu på landet, i nynorskkommunane ville heile ni av ti det. Nynorskbrukarane hadde altså ein sterkare preferanse for landsbygda og var sterkare knytte til oppvekstkommunen. Den store undersøkinga Norsk Monitor viste kring 2000 at over halvparten av alle nordmenn var stolte over å vere norske.⁸⁵ Blant dei minst stolte var nynorskbrukarane i bokmålskommunar.

Nokre andre sosioøkonomiske særtrekk for nynorskområda presenterte Øystein A. Vangsnes og to andre språkforskarar i 2015.⁸⁶ Med data frå åra 2009–2012 konstaterte dei at utdanningsnivået var lågare og sysselsetjinga høgare i lokalsamfunn med nynorsk profil enn i bokmålssamfunn, og der var fleire intakte familiar i nynorsksamfunna enn i bokmålsamfunna. Ein større del av både kvinner og menn var sysselsette i nynorskområda enn i bokmålsområda. Det går også fram av denne studien at berre fire prosent av nynorskelevane budde i samfunn der det var meir enn 30 prosent av både nynorsk- og bokmålselevar.

I ein annan presentasjon av funn frå det same materialet konsentrerte Øystein A. Vangsnes og Göran Söderlund seg om situasjonen i Sogn og Fjordane.⁸⁷ Her presiserte dei at dei sosioøkonomiske faktorane som hadde mest å seie for resultata på dei nasjonale prøvene, var utdanningsnivået til foreldra, kor mange kvinner som var yrkesaktive, og skilsmisseraten. Dei kunne også dokumentere ein annan strukturell faktor som kanskje var den viktigaste. I kommunar der minst halvparten av elevane var nynorskbrukarar, gjorde dei same skilnadene seg gjeldande som er nemnde ovanfor.

⁸⁵ Håvard Teigen, same staden, s. 166.

⁸⁶ Øystein A. Vangsnes, Göran B.W. Söderlund og Morten Blekesaune: «The effect of bidialectal literacy on school achievement», *International Journal of Bilingual Education and Bilingualism*, 2015, s. 1–16.

⁸⁷ Øystein A. Vangsnes og Göran Söderlund: «Språk og læring: Fins det nynorske tospråksfordelar?», i Gjert Langfeldt (red.): *Skolens kvalitet skapes lokalt*, Bergen 2015, s. 97–120.

Dette peikar på ny i retning av eit tydeleg nivå for kritisk masse: Nynorskelevane må vere i fleirtal for å ha ein tydeleg fordel.

Forholdet mellom nynorsk og bokmål som opplæringspråk i skulen har endra seg mykje det siste hundreåret, men lite som liturgispråk i kyrkja og som tenestemål i offentleg forvaltning. Dette viser også att når innbyggjarane blir sorterte etter tenestemål i kommunane.

Aldri har fleire menneske budd i nynorskkommunane enn i første halvdel av 1950-talet. Då hadde desse kommunane over 700 000 innbyggjarar. Godt og vel 500 000 budde i slike kommunar då lov om målbruk i offentleg teneste blei innført i 1930-åra. På nokre få tusen nær budde det like mange i desse kommunane i 2015.

Dei språknøytrale kommunane er som regel nøytrale på papiret, men praktiserer bokmål som sitt teneste- og administrasjonsspråk (sjå kapittel 11). På det meste, også det i 1950-åra, budde tre av fire nordmenn i desse kommunane. I alle år frå registreringa tok til i 1933, har mange fleire budd i språknøytrale kommunar enn i bokmålskommunar.

På dette punktet er nynorskkommunane like stabile som Den norske kyrkja (sjå kapittel 17). Like sidan 1960-åra har om lag 11 prosent av alle nordmenn budd i nynorskkommunar. I det same tidsrommet fall nynorskprosenten i grunnskulen frå 23 prosent til 12 prosent (sjå kapittel 8).

Resten handlar no om nynorskkommunane.

Kvart år bytar mange hundre tusen nordmenn bustadadresse. Somme flyttar langt, andre reiser kort. Der er mange undersøkingar og analysar av flyttemønster, men sjeldan er desse kopla til språkbakgrunn. Ingunn Kleggetveit tok med eit slikt spørsmål då ho i 2013 undersøkte språkhaldningar hos vidaregåande-elevar i indre Agder (tabell 4.2.6). På spørsmål om kva dei helst ville slå seg til, ville nynorskbrukarane helst busetje seg i heimbygda, medan bokmålsbrukarane i større grad ville ut (sjå kapittel 5.4).

Frå 2001 til 2015 auka folketalet i nynorskkommunane med vel 6 prosent (tabell 4.2.2). Variasjonen var stor frå fylke til fylke. Både Rogaland og Hordaland hadde 14 prosent fleire innbyggjarar i nynorskkommunane i 2015 enn i 2001. Den største nedgangen hadde nynorskkommunane i Aust-Agder, der folketalet minka med seks prosent. Summert enda også nynorskkommunane i minus for dette tidsrommet.

Det meste av veksten stod innvandrarar for. Til innvandrarane rek-

nar Statistisk sentralbyrå personar busette i Noreg som anten har innvandra sjølve eller er fødde i Noreg med innvandrarforeldre.

Vekst gjennom innvandring er etter kvart blitt nesten like viktig i nynorskkommunane som i resten av landet. Den skilnaden som oppstod i den tidlege fasen av innvandring er derimot ikkje blitt jamna ut. I 2001 budde om lag 300 000 innvandrarar i Noreg. Dei var blitt vel 500 000 i 2009 og 805 000 i 2015. I 2001 utgjorde innvandrarar tre prosent av innbyggjarane i nynorskkommunane og nær sju prosent i heile landet (tabell 4.2.3). Åtte år seinare var dei same prosenttala 6 og 11, og i 2015 11 og 16 (tabell 4.2.4 og 4.2.5).

Eit anna slåande trekk er at nynorskkommunane fekk høvesvis fleire vestlege innvandrarar enn andre delar av landet. Denne skilnaden auka kraftig utover på 2000-talet. Forholdet mellom vestleg og ikkje-vestleg innvandring var i 2001 38–62 i nynorskkommunane og 32–68 for heile Noreg. I 2015 var det same forholdet 63–37 i nynorskkommunane, mot 44–56 for heile landet.

Innvandrarane kom i 2015 frå 221 land og sjølvstyrte regionar, mot 214 i 2009.

To tredelar av innvandrarbefolkninga hadde i 2001 ein ikkje-vestleg bakgrunn og kom frå Aust-Europa, Asia medrekna Tyrkia, Afrika, Sør- og Mellom-Amerika. Innanfor Noreg fordeler desse ikkje-vestlege innvandrarane seg i eit interessant mønster. Ein tredel av innvandrarbefolkninga budde i 2004 i Oslo, og det var då dobbelt så mange innvandrarar i hovudstaden som på heile Vestlandet. Dei ikkje-vestlege innvandrarane utgjorde nær 80 prosent av alle innvandrarane i Oslo. Dette var mykje meir enn landsgjennomsnittet. På Vestlandet var i 2004 dei ikkje-vestlege innvandrarane om lag ein like stor del som for landet sett under eitt.

I nynorskkommunane auka folketalet med berre 11 000 frå 2001 til 2009. I det same tidsrommet fekk desse kommunane 15 000 fleire innvandrarar. Utan innvandrarane ville altså folketalet i nynorskkommunane ha minka. Det same gjeld for tida 2009–2015. Då auka folketalet med 25 000, men kommunane fekk 28 000 nye innvandrarar.

Med vel 1200 innvandrarar var Flora den nynorskkommunen som hadde flest innvandrarar i 2009. Det andre ytterpunktet var Modalen med sine sju innvandrarar. Rekna i prosent låg likevel Hemsedal øvst. Der utgjorde innvandrarar 12 prosent av folketalet. I den andre enden låg Masfjorden med 1,5 prosent. Innvandrarane utgjorde meir enn 5 prosent av

folketalet i 63 nynorskkommunar i 2009, mot berre 13 i 2001. Då talde innvandrane mindre enn 2 prosent i 29 kommunar. Åtte år seinare hadde 28 av desse krabba over totalet.

Skilnadene var store også i fordelinga mellom vestlege og ikkje-vestlege innvandrarakar. Dei ikkje-vestlege innvandrarakarane utgjorde i 2001 alt frå 19 prosent i Hjelmeland, Rogaland til 85 prosent i Hjartdal, Telemark.

Med eit nynorsk blikk var Rogaland ein kulturelt brytingsområde for møtet mellom dei to norske kulturane. Til dømes hadde Rogaland fleire skular med klassar som er delte mellom bokmål og nynorsk enn noko anna fylke. Eit liknande brytingspunkt er dette fylket også når innvandrarspørsmål står på saklista. Av dei fylka som i 2001 hadde eit visst innslag av innvandrarakar blant innbyggjarane sine, hadde Rogaland den jamnaste fordelinga mellom dei vestlege og dei ikkje-vestlege. Her var 51 prosent av innvandrarakarbefolkninga ikkje-vestleg. I skarp kontrast til dette hadde 78 prosent av innvandrarakarane i Oslo ein slik bakgrunn.

Det var til dels andre kommunar som gjorde seg gjeldande i 2015.

Då låg Klepp i Rogaland øvst med vel 2600 innvandrarakar. Det andre ytterpunktet var framleis Modalen med 26 innvandrarakar. Rekna i prosent låg då Nord-Fron i Oppland øvst med 23 prosent innvandrarakar blant innbyggjarane. I den andre enden låg Lom i Oppland med 2,3 prosent. Innvandrarakarane utgjorde meir enn fem prosent av folketalet i 107 nynorskkommunar i 2015, mot 63 i 2009 og 13 i 2001.

Skilnadene var store også i fordelinga mellom vestlege og ikkje-vestlege innvandrarakar. Dei ikkje-vestlege innvandrarakarane utgjorde i 2015 alt frå sju prosent i Gaular, Sogn og Fjordane, til 64 prosent i Valle, Aust-Agder. På fylkesnivå var fordelinga jamnast i Aust-Agder med 53–47.

4.3 Landsdelar og regionar

Den nynorske skriftkulturen er med sine dialektar grunnfesta i det regionale. Dei viktigaste regionale trekka er identifiserte og følgde over hundre år frå 1910 (tabell 4.3.1). Både for offentleg skrift og offentleg tale var det vesentleg større del som brukte nynorsk på Vestlandet i 2010 enn i 1910, medan utviklinga hadde gått andre vegen for privat skrift.

Dei mange veljarundersøkingane frå 1960-åra og framover gir mykje informasjon som også gjeld språk. Alt frå dei første undersøkingane var nynorsk såpass lite brukt privat utanfor Vestlandet at dei sosiale variablane gav liten informasjonsverdi for resten av Noreg (tabell 4.3.2). Denne tabellen er fragmentert, og det vesle som kan lesast ut av tala, er det velkjende mønsteret med at nynorsk har stått sterkare i primærnæringane på Vestlandet enn i andre delar av næringslivet, og meir hos eldre enn hos yngre.

Eit politisk stikkprøve ligg føre som viser den språklege posisjonen til Høgre-veljarane fram mot 1980, då partiet utvida veljargrunnlaget sitt gjennom den såkalla Høgre-bølgja på 1980-talet (tabell 4.3.3). Der viser det seg at Høgre gjekk like mykje fram både blant nynorskbrukande veljarar på Sør- og Vestlandet som i resten av landet.

Eit geografisk tverrsnitt av den språkdelte kulturen i Noreg er gjort for 2015 (tabell 4.3.4). Den institusjonelle bruken av nynorsk var som venta mykje sterkare enn den individuelle bruken på Vestlandet. For dei fleste andre landsdelane var begge typane bruk såpass liten at den tyngda som ligg i den nynorske skriftkulturen, er bygd på det vestlandske.

4.4 Folkerøystingar, val og meiningar

Eit stort utval av meir enn 1300 folkerøystingar om liturgispråk i kyrkja mellom 1892 og 1954 er sortert etter landsdel (tabell 4.4.1). Det store fleirtalet av desse røystingane blei haldne på Vestlandet, men noko uventa var ja til nynorskprosenten vesentleg høgare på Austlandet. Dei viser at den lokaldemokratiske forankringa av norsk språkpolitikk har vore viktig for at den nynorske skriftkulturen skulle bli riksdekkjande.

Folkerøystingane om opplæringspråk i skulen frå og med 1965 viser ein annan uventa tendens. I heile tidsrommet 1965–2014 var det berre på Austlandet at eit fleirtal av folkerøystingane enda i ja til nynorsk. Flest røystingar var det på Vestlandet, med eit samla resultat på 44 prosent nynorsk og 56 prosent bokmål. Også i Trøndelag var det mange røystingar, og der enda 72 prosent med bokmål. For bruken av nynorsk gav dette klare utslag, og det fekk mykje å seie for nynorsk som eit riksdekkjande språk.

Om du skriv nynorsk eller bokmål, snakkar normert eller dialekt –

mange meiningar om språk følgjer språket du bruker. Eit titals spørjeundersøkingar etter 1945 viser at dei regionale meiningsgrensene for nynorsk og bokmål følgjer litt andre mønster.

I den aller første spørjeundersøkinga om norsk språk var det ingen slik skilnad å sjå. I byane Oslo Bergen og Trondheim meinte 82 prosent at Noreg burde få eitt skriftspråk, i resten av landet 78 prosent (tabell 5.4.2).

Den nye valforskinga avdekte i tiåra etterpå klare regionale meiningsmønster i oppslutninga om politiske parti og i språkleg praksis blant veljarane. På Vestlandet ønskte 48 prosent å skrive nynorsk privat i 1965, mot berre fire prosent i resten av landet. I 1981 svara høvesvis 29 og tre prosent det same.

Sju av ti meinte i 2009 at nordmenn ikkje brukte for mykje dialekt (tabell 5.3.6). Her var dei geografiske skilnadene ganske små – frå 67 prosent i hovudstaden til 77 prosent nord for Trøndelag. Fem år seinare meinte sju av ti at NRK-sendingane burde vere prega av dialektmangfald, men også at dei som snakka, burde unngå vanskelege dialektord (tabell 5.3.23). Dette dialektmangfaldet hadde mindre tilslutning i Oslo og på Austlandet enn elles, i spørsmålet om å tale normert var Nord-Noreg og Oslo ganske så gjennomsnittlege. Ingen brukte meir dialekt enn nettopp nordlendingane, og ingen var meir positive til allmenn dialektbruk enn dei, berre ikkje i NRK, og særleg ikkje i nyheitssendingane (tabell 5.3.24). Derimot var det knapt regionale meiningsskilnader i synet på norske tekstar i norsk musikk i 2009 (tabell 5.9.1). Når det kom til norsk musikk med engelske tekstar var for ein gongs skuld nordlendingane og vestlendingane samde. Det var dei som var minst begeistra.

Grad av urbanitet viser att i meiningsmønstera. Mellom 1985 og 1999 føretrekte ni–ti prosent å lese nynorsk. I tidsrommet 1995–1999 gjaldt dette 17 prosent av innbyggjarane på landet, mot ti prosent på tettstadene og fire prosent i byane (tabell 5.6.2). Ti år tidlegare sa høvesvis 18, 12 og 5 prosent det same (5.6.1). Frå 1985 til 1999 auka desse nynorsklesarane frå åtte til 11 prosent i byane på Vestlandet, medan dei minka frå 39 til 34 prosent i tettstadene og frå 56 til 46 prosent på bygdene i vest.

Kva ungdom over heile landet meiner om nynorsk, har berre vore kartlagt éin gong, i 1996. I vestlandsfylka nord for Rogaland var eit fleirtal av tenåringane positive til nynorsk, på Austlandet og i Nord-Noreg berre 20 prosent.

I 2006 likte 30 prosent av nordmennene i nokon grad eller svært stor

grad å lese nynorsk (tabell 5.6.11). Slik var det med 16 prosent av nordlendingane og 19 prosent av austlendingane. I alle andre landsdelar var det mange fleire som likte å lese nynorsk – på Vestlandet 45 prosent. Over heile landet var det fleire som likte å lese nynorsk enn som sjølve skreiv nynorsk.

Denne avstanden mellom haldning og handling blei mykje større då spørsmålet blei stilt i 2008 om det er viktig å lære å lese og skrive både nynorsk og bokmål. I store delar av landet var om lag 25 prosent samde i dette (tabell 5.6.12). Berre på Vestlandet og i Trøndelag var der fleire. Jansvara var likevel mange fleire enn den private bruken av nynorsk skulle tilseie. Det same spørsmålet blei stilt på ny tre år seinare. Då var meiningsmønsteret uendra på Vestlandet, medan seks av ti i Oslo og Akershus var usamde i slik opplæring, mot fire av ti i 2008.

Endå klarare var meiningskilnadene i spørsmålet om VG og Dagbladet burde bruke meir nynorsk. Det som måtte vere av kritisk innstilling til Oslo nordpå, viste lite att då dette spørsmålet blei stilt i 2006 (tabell 5.4.13). Alt i alt var 29 prosent samde i dette, men berre 13 prosent av nordlendingane, mot 24 prosent i Oslo og på Austlandet og 44 prosent på Vestlandet.

Få nordlendingar ser nokon fordel med at Noreg har nynorsk i tillegg til bokmål. Slik var det iallfall i 2006. Då meinte 34 prosent at det i nokon grad eller svært stor grad var ein fordel (tabell 5.1.4). Dette meinte 19 prosent av innbyggjarane i nord og 47 prosent på Vestlandet. I dei andre landsdelane såg stort sett ein av tre det på same måten.

Desse svara kan eit stykke på veg jamførast med meiningsane om nynorsk og bokmål framleis bør vere to jamstilte språk. Mange fleire var positive til dette i 2013 enn til spørsmålet om fordelten med nynorsk i 2006 (tabell 5.1.6). Av alle spurde støtta 46 prosent vidare jamstilling. Både i Oslo og Akershus og på Vestlandet – nesten også Trøndelag – meinte fleirtalet at dei to språka burde bli verande jamstilte. Lågast var tilslutninga i Nord-Noreg, der 38 prosent var samde, og på Austlandet, med 39 prosent tilslutning.

4.5 Utdanning

Den geografiske fordelinga mellom nynorsk og bokmål i folke- og grunnskulen endra seg mykje frå 1910 til 2012 (tabell 4.5.1). Seint på 1940-talet

brukte fire av ti elevar i Trøndelag nynorsk. I 2015 var prosenttalet nede i 0,1. Stor var også tilbakegangen i Nord-Noreg.

Rekna i prosent gjekk nynorskdelen tilbake frå 65 i 1947 til 41 i 2012, men i absolutte tal auka nynorskbrukarane frå 51 000 til 69 000 i det same tidsrommet. Nær seks av ti nynorskbrukarar i folkeskulen budde på Vestlandet i 1947, mot ni av ti i grunnskulen i 2012 (tabell 4.5.2). På kommunenivå kan dette studerast for skuleåra 2001/02 og 2011/12 (tabell 4.5.5).

I gymnas og vidaregåande skule peika derimot vestlandspilene nedover på nynorsksida. Kring 1970 gjekk om lag 30 prosent av dei nynorske artianarane på skular på Vestlandet, men i 2012 gjorde berre 23 prosent dette (tabell 4.5.3). På Austlandet var det nøyaktig like mange nynorskelevar i avgangsklassane i 2015 som i 1968.

Kor viktig tenestemål i ein kommune er for førstespråket til elevar i grunnskulen, er uvisst, men likegyldig er det neppe. 76 prosent av nynorskelevane i grunnskulen i skuleåret 2008/09 budde i nynorskkommunar (tabell 4.5.4). Dette endra seg ganske mykje på få år. I skuleåret 1993/94 burde 70 prosent i dei same kommunane. Det vil seie at nynorskkommunane utgjer eit større, stabilt språkmiljø.

I ei stor undersøking frå 1996 ligg det også føre informasjon om kva språkleg bakgrunn elevane hadde (tabell 4.5.6). Denne viste at 67 prosent av nynorskelevane i undersøkinga kom frå Vestlandet og 54 prosent av bokmåselevane kom frå Austlandet, medan heile 58 prosent av dei som hadde skifta til nynorsk, budde på Vestlandet.

4.6 Offentleg forvaltning

Det var på Vestlandet ideen om kommunale tenestemål som språkpolitisk verkemiddel raskast fekk fotfeste (tabell 4.6.1). I 1933 hadde heile 146 kommunar vedteke nynorsk tenestemål, berre ni hadde bokmål, medan 63 var nøytrale. Også på Sørlandet var då nynorskkommunane i fleirtal. Dette mønsteret var ganske uendra i 1960.

Etter kommunesamanslåingane frå 1964 forsvann det nynorske tenestemålet ut av dei fleste lokalsamfunna på Sørlandet, og ei negativ utvikling i Trøndelag og Nord-Noreg skaut då fart. På Austlandet var den store endringa at mange bokmålskommunar blei erstatta med nøytrale kommunar, i den grad det hadde noko å seie i praksis. Etter 1990 har

ingen kommune i Trøndelag eller Nord-Noreg nynorsk som tenestemål.

Ved inngangen til ein mogleg ny kommunestruktur var der eit fire-delt mønster i 2015: nynorskkommunar dominerte på Vestlandet, bokmålskommunar på Austlandet og nøytrale kommunar i Trøndelag, og ein balanse mellom bokmålskommunar og nøytrale kommunar i Nord-Noreg (tabell 4.6.2).

4.7 Presse

Utover på 1900-talet blei det skipa svært mange lokale fådagarsaviser på Vestlandet. Dei aller fleste av desse er redigerte på nynorsk eller på begge språka. I 2015 kom åtte av ti nynorskaviser ut på Vestlandet, mot sju av ti i 1925 (tabell 4.7.1). Den gongen var det færre, men større aviser, blant anna fleire dagsaviser.

No dominerer fådagarsavisene heilt blant nynorskavisene (tabell 4.7.2). Likevel har det aldri kome ut fleire nynorskaviser på Austlandet enn mellom 2000 og 2009. Til liks med radio og tv er avisene med og utjamnar dei klare språklege regionaliseringstendensane som kan knytast til bustadadresse.

4.8 Kyrkje og religion

Den regionale tendensen som er skildra ovanfor, gjer seg også gjeldande i kyrkjesokna (tabell 4.8.1). I 1937 brukte 47 prosent av kyrkjesokna på Vestlandet nynorsk. Dette har auka mykje over tid, slik at heile 74 prosent av kyrkjesokna på Vestlandet hadde nynorsk liturgi i 2015.

Medan nynorsk som skulemål elles er redusert til langt under 10 prosent i alle andre landsdelar enn Austlandet, brukte då framleis meir enn 10 prosent av kyrkjesokna i Trøndelag, på Sørlandet og Austlandet nynorsk liturgi.

4.9 Språk- og kulturinstitusjonar

I organisert form er nynorsken blitt mindre vestlandsk (tabell 4.9.1). I 2012

budde godt over halvparten av alle medlemene i Noregs Mållag på Vestlandet, mot fire av ti i 1918. Dei siste 25 åra har kvar fjerde mållagsmedlem budd på Austlandet.

På papiret er målrørsla altså sterkast der nynorsken er minst brukt. Det er eit ganske typisk trekk for meiningsorganisasjonar – di sterkare ei sak står, di mindre nødvendig er den frivillige organiseringa av meiningsfrendar. Der nei-fleirtalet var størst under folkerøystinga om EF-medlemskap i 1972, var difor ofte der Folkebevegelsen mot EF ganske svakt organisert.

4.19 Historisk statistikk

Den vestlandske dominansen i bruk av nynorsk er blitt sterkare med åra, men det nynorske språket er ikkje vestlandsk på same måten.

Det har ofte vore hevda at det skriftspråket Ivar Aasen etablerte, var dominert av vestlandske ord og eit vestlandsk formverk. *Ordbog over det norske Folkesprog* med 22 000 ord kom i 1850, *Norsk Ordbok* med 45 000 ord kom i 1873. Ivar Aasen henta mindre enn 40 prosent av ordtilfanget frå Vestlandet til ordbøkene sine, men også at det er store skilnader mellom dei to utgåvene (tabell 4.19.1). I første utgåva var litt over halvparten av orda frå Vestlandet, i andre utgåva var nesten halvparten av orda frå Austlandet.

Slike geografiske hovudmønster seier likevel ikkje noko om den andre sida av denne saka: at Ivar Aasen i første omgang tok lite omsyn til språket som kunne finnast i småbyane (og dei få større byane) austafjells og i andre landsdelar. Planen hans var å gjere det seinare, men det rakk han aldri.⁸⁸

Ivar Aasen framheva språket til folk flest, allmugespråket. Den viktigaste grunnen hans til å gjere det var at han meinte mange såg på dette som sitt morsmål. På Sunnmøre budde om lag 30 000 menneske i 1830-åra, og av desse er det neppe meir enn «en 50^{de} Deel, som ikke bruger Distriktets Almuesprog», og slik vil det vere i store delar av landet, skreiv

⁸⁸ Jf. Ottar Grepstad: *Historia om Ivar Aasen*, 3. utgåva, Oslo 2014.

Aasen.⁸⁹ Med det blei han den første iallfall i Noreg som brukte folketal i argumentasjonen for det han ville gjere.

Nokre av skriftene hans som enno er upubliserte, syner at han også tenkte i retning av språksosiologi. I arbeidet med ein skriftnormal for nynorsk tok han omsyn til meir enn det språklege. På veg inn i det store arbeidet med *Norsk Grammatik* som låg føre i 1864, sette han seg hausten 1857 til med «Optegnelse af Statistiske Tabeller over Folketællingen». Den 8. oktober 1857 rekna han seg ferdig. Då hadde han mellom anna laga ein tabell som han kalla «Sprogdistrikter (Maalfylke)».⁹⁰

Var det første gongen eit slikt omgrep blei brukt i Noreg? Det var iallfall første gongen nokon rekna på kor mange som brukte dei ulike dialektane.

Ivar Aasen hadde på dette tidspunktet bygt opp den geografiske inndelinga av dialektar som seinare er blitt ståande. Det han no gjorde, var å finne ut kor mange som budde i dei ulike delane av landet. På den måten kunne han vite ganske godt kor mange brukarar kvar dialekt hadde. I dei reknestykka tok han også med iallfall ein del av byane, slik at oversynet dekte 90 prosent av alle innbyggjarane (tabell 4.19.2). I Noreg budde nær 1,5 millionar menneske i 1855. Aasen sorterte dei i prinsippet etter talemål. For somme område brukte han dei etablerte futedøme-grensene, andre stader delte han meir detaljert inn. På dette tidspunktet var det enno såpass lite flytting mellom futedøme og regionar at den geografiske inndelinga også var mykje av ei språkinndeling.

Dette materialet sorterte han i tre prioriterte grupper, og då rekna han også med alle byane. Den gruppa han rangerte høgast, var dialektar brukte av nær 600 000 menneske. Her tok han med dialektane frå Sunnmøre, Sogn og Fjordane, Hordaland, Ryfylke, Jæren og Lister, dei sørlege fjellbygdene i Rogaland, Telemark, Numedal, Hallingdal og Valdres, dei nordlege fjellbygdene i Gudbrandsdalen og Østerdalen, dessutan Romsdal, Nordmøre og Orkdalen.

Dialektane i gruppe nr. 2 blei brukte av om lag 450 000 menneske. Til desse rekna han ein del nordnorske dialektar, talemåla i Namdalen, Innherred, Stjørdalen, Strindheim og Fosen, flatlandsbygdene i Hedmark,

⁸⁹ Ivar Aasen: «Forerindring», *Den søndmørske Dialekt*, her etter Jarle Bondevik ofl.: *Sunnmrsgrammatikkane av Ivar Aasen*, Bergen 1992, s. 59.

⁹⁰ Ivar Aasen: Ms.4° 915:23:9:1, Nasjonalbiblioteket, jf. Ivar Aasen: *Brev og Dagbøker*, band III, Oslo 1960, s. 214.

Solør, Odalen, Toten, Hadeland og Ringerike, og talemåla i Vest- og Aust-Agder utanom Lister.

Nedst plasserte han dialektar som blei brukte av vel 450 000 menneske. Desse budde i Buskerud, Vestfold, Østfold og i byane.

Det Norske Samlaget rekrutterte medlemmer frå mange av Aasens *Sprogdistrikter* (tabell 4.19.3). Det medlemsnivået organisasjonen etablerte kring 1885, blei verande nokså uendra heilt fram til 1950-åra. 46 prosent av medlemene til Samlaget i 1880-åra budde på Austlandet, 31 prosent på Vestlandet. Godt over hundre år seinare, i 2005, budde 39 prosent av Samlags-medlemene austafjells, 40 prosent vestafjells. Busetnadsmonsteret endra seg kraftig i dette tidsrommet, men balansen mellom aust og vest ser ut til å vere eit særtrekk ved Samlaget jamført med andre nynorskins-titusjonar.

For 25 år i ein tidleg fase av den nynorske skriftkulturens historie er utgivingsstader for nynorske bøker sorterte etter landsdel (tabell 4.19.4). Av vel 1900 bøker kom 1100 ut i Oslo og 224 i Bergen. Å gi ut bøker var særleg den gongen først og fremst ei bysak, sjølv om forfattarane kunne vere busette andre stader.

Dei regionale trekka i den nynorske skriftkulturen kan vidare studerast på fylkesnivå for tidsrommet 1930–1996 for seks ulike variablar (tabell 4.19.5). I *Språkfakta 2015* er der nok meir materiale som kan analyserast med eit regionalt blikk.

For det kortare, men likevel viktige tidsrommet 1970–2000 har samfunnsvitaren Håvard Teigen analysert folketalsutviklinga ved å skilje kommunane etter tenestemål og kor sentralt dei ligg. I desse tiåra var det berre nynorsk-kommunane som voks i folketal, anten dei var utkantkommunar, mellom-sentrale eller sentrale (tabell 4.19.6). Ikkje berre det, veksten var større i nynorsk-kommunane også i dei mellomsentrale og sentrale kommunane, der også nøytrale kommunar og bokmålskommunar fekk fleire innbyggjarar. Der er ingen enkle samanhengar mellom språk, identitet og samfunnsendring, skriv Teigen, men tilfeldige årsaker kunne ikkje forklare desse skilnadene. På fleire viktige område har nynorskbrukarane andre haldningar enn bokmålsbrukarane, og ut av dette kunne ein

sterkare regionalidentitet ta form. På den andre sida: Jamt over var truleg nynorskbrukarane ikkje i fleirtal i dei fleste nynorskkommunane.⁹¹

Dei regionale tyngdepunkta i den språkdelte norske kulturen blei identifiserte i 2008 (tabell 4.19.7). Vestlandet var det relative og faktiske tyngdepunktet for nynorsk skriftkultur. Innanfor den institusjonelle bruken av nynorsk skilde seg Sørlandet seg positivt ut, medan den individuelle bruken ikkje hadde andre tyngdepunkt enn Vestlandet.

Tema: språkportrett av eit fylke

Sogn og Fjordane er det nynorske grunnfjellet og har vore det i snart hundre år.⁹² Posisjonen for nynorsk i fylket har hatt mykje å seie for den nasjonale posisjonen for språket. Som eit sterkt fleirtalsspråk får nynorsk større tyngd her enn andre stader. Bruken av nynorsk er prega av stor stabilitet og få endringar i både skule, kyrkje og offentleg forvaltning etter 1930-åra. Mykje av det som er omstridd rundt forbi i Noreg, er sjølv sagt i Sogn og Fjordane.

Sogn og Fjordane er det sterkaste, men ikkje det største nynorskfylket rekna i tal brukarar. Dette er eit like eittspråkleg fylke som Vestfold, berre med motsett forteikn. Innbyggjarane i fylket meiner både at det er viktig å bruke meir nynorsk og at alle nordmenn skal lære begge skriftspråka skriftleg. Først i seinare år har fylket og innbyggjarane også fått innslag av innvandra språk og kulturar, men mindre enn dei fleste andre i landet.

Sogn og Fjordane representerer eit språkleg hegemoni som gjer det tydeleg at mange nordmenn lever i skiftande språklege fleirtal og mindretal. Dette kan auke respekten for verdien av språklege skilnader og språkleg variasjon i Noreg.

Det kan anast ein tendens til at bruken av nynorsk er mindre stabil i ytre enn indre strøk. Saman med språk for elevar på yrkesførebuande program i den vidaregåande skulen og språkbruksmønster i næringslivet er dette det viktigaste emnet å få meir sikker kunnskap om når ein politik

⁹¹ Håvard Teigen: «Nynorsk og regional utvikling», i Håvard Teigen og Elisabeth Bakke (red.): *Kampen for språket*, Oslo 2002, s. 168 ff.

⁹² Dette underkapitlet er i hovudsak henta frå Ottar Grepstad: *Språkfakta Sogn og Fjordane 1646–2012*, Ørsta 2012, s. 4–7.

for nynorsk skal formast. Her gjeld det at ein ikkje tek situasjonen anno 2012 for gitt.

Sogn og Fjordane har ein så særmerkt språkleg posisjon at fylkeskommunen har god grunn til å be om å vere representert og bli teken med på råd i viktige forum der nasjonal og regional politikk blir drøfta som kan få følger for språkleg praksis.

Nynorsk er like sjølvsgatt i vest mot Nordsjøen som bokmål er aust ved Oslofjorden. Det spesielle ved dette er at bokmål er det dominerande språket nasjonalt. Då er det ikkje opplagt at eit anna språk kan stå så sterkt i ein del av landet.

Berre to prosent av alle nordmenn bur i Sogn og Fjordane. Språkleg og dermed kulturelt er fylket mykje viktigare enn slike tal skulle tilseie.

Få av dei endringane i bruken av nynorsk som har prega Noreg det siste hundreåret, har gjort seg gjeldande i Sogn og Fjordane. Dette illustrerer at Noreg er eit samfunn med meir enn eitt kulturelt sentrum. Eit slående døme er den sterke diskusjonen om samnorsk kring 1950. Då samnorskmotstanden var på sitt sterkaste, organiserte Foreldreaksjonen mot samnorsk ein stor underskriftsaksjon. Den 1. januar 1953 hadde dei fått inn om lag 400 000 underskrifter. Berre 300 av desse – 0,8 promille – var frå Sogn og Fjordane, medan 124 000 hadde adresser i Oslo.⁹³ Det som var ei stor sak inst i Oslofjorden, kunne knapt merkast innover i fjordane vestpå.

Den posisjonen nynorskbrukarane etablerte i fylket i tiåra før 1940, er stort sett like sterk i dag. Den som ønskjer å styrkje bruken av nynorsk eller ta vare på den tradisjonen som alt finst, bør ikkje slå seg til ro med at dagens situasjon er stabil. Der er nokre gryande teikn til endring som tilseier ein føre var-strategi.

På dette punktet har det som Sogn og Fjordane gjer, nasjonal interesse og nasjonale konsekvensar fordi fylket har nokre røynsler sentrale styresmakter ikkje kan finne andre stader.

Ei ganske utbreidd oppfatning har vore at nynorsken raskt blei teken i bruk i dei indre bygdene, men blei møtt med meir motstand ute ved kysten i både Hordaland og Sogn og Fjordane.⁹⁴ Den oppfatninga har ein

⁹³ *Sprog og tall*, Oslo 1960, s. 33 f.

⁹⁴ Ottar Grepstad: «Demokratisering i ein språkdelt kultur», *Vestlandets historie*, Bergen 2006, band 3, s. 175.

del for seg, men der er også fleire døme på at nynorsken kom tidleg i bruk også ute ved kysten – frå Bremanger kom både den første offentlege annonsen og det første bladet i Sogn og Fjordane som var redigert på nynorsk, og det første mållaget i fylket blei skipa i Florø.

Frå seinare år blir det dokumentert visse tendensar til at nynorsken står svakare ute ved kysten enn innover i fjordane. Her må meir undersøkjast før eintydige konklusjonar kan trekkjast, men politisk kan det vere føremålstenleg å gå ut frå at det faktisk er slik.

Skilnadene mellom tettbygde og spreidtbygde område er mindre i Sogn og Fjordane enn i det meste av landet elles. Det kan godt hende at fråværet av sterk urbanisering har vore ein styrke for bruken av nynorsk, men det seier heller ikkje seg sjølv at nynorsk skriftkultur taper mot alt urbant. Modernisering av samfunn har med meir å gjere enn urbanisering, men analysar av moderniseringsprosessar gir innsyn i språklege posisjonsendringar. I ein stor studie av målreising og modernisering har historikaren Oddmund L. Hoel mellom anna vist kva som skjedde då ein del einsidige industristader blei utvikla på Vestlandet tidleg på 1900-talet.⁹⁵

Høyanger er ein slik industristad. Då industrireisinga tok til i 1916, var dette ei veglaus grend i Kyrkjebø herad med 124 innbyggjarar. Då aluminiumsproduksjonen tok til i 1919, budde nær 1000 menneske der.

Landsmålet blei teke tidleg i bruk. Alt i 1891 hadde skulestyret i Kyrkjebø innført ei noregshistorie på landsmål i undervisninga, i 1900 brukte alle skulane i kommunane abc-bok på landsmål, og i 1902 tok Kyrkjebø sokn i bruk Blix-salmane. Mange av innflyttarane kom frå miljø og område fjernt frå landsmålet. Dette gjorde den nye industristaden Høyanger til eit språkdelt samfunn. Slik blei det også mange andre stader i landet. Noreg var blitt eit land med ein språkdelt kultur ikkje berre nasjonalt, men også lokalt. I 1917 vedtok difor Stortinget at kommunane kunne opprette språklege parallellklassar. I Høyanger kom slike få år seinare. Gruppene av nynorsk- og bokmålsbrukarar var jamstore, og striden var kvass. Noka folkerøysting om saka blei det likevel ikkje; truleg dempa ordninga med parallellklassar behovet.

⁹⁵ Den vidare framstillinga byggjer på Oddmund L. Hoel: *Mål og modernisering 1868–1940*, Oslo 2011, s. 249–285.

Landsmålet vann først mest fram i område langt unna byane, og på desse industristadene kom landsmålet under sterkt press. Mot dei fastbuande med sin klassiske allianse av bondepolitikarar og lærarar stod innflyttarar i form av funksjonærar på aluminiumsverket og folk frå borgarskapet mot. Nynorsk var likevel så solid etablert i lokalsamfunnet at den innflytta språktradisjonen ikkje tok heilt over. Etter dei store økonomiske og sosiale endringane tidleg på 1900-talet blei Høyanger med tida ein like sterk brukar av nynorsk som bygdene i fylket.

Det som sosiologen Andras Hompland med eit lån frå Norsk Dusteforbund i Dagbladet har kalla innflyttarplaga, prega Høyanger for lang tid.⁹⁶ Studiar av Årdal peikar i same retning som Hoels analyse av Høyanger. Med grundige studiar også av andre språkdelte lokalsamfunn, særleg Florø og Måløy, blir det mogleg å forstå meir av regionale og kulturelle skilnader i fylket.

Perspektiv: den regionale krafta

Innanfor ei ramme av demokrati er det ei rekkje mekanismar, lover og system som påverkar bruken av nynorsk og bokmål. Det har nok vore ein tendens til å overdrive den rolla desse har spelt og samstundes underurdere dei demografiske mekanismane.

Nynorskbrukarane på Vestlandet står for alt frå 38 prosent til 91 prosent av all bruk av nynorsk, alt etter om det gjeld elevar i grunnskulen, privat bruk blant vaksne, medlemmer i Noregs Mållag, aviser redigerte på nynorsk, kommunar med nynorsk tenestemål eller kyrkjesokn med nynorsk liturgi.

Slik har det ikkje alltid vore. Ideen om det nynorske blei realisert på ulikt vis frå fylke til fylke:

- Dei første bøkene kom ut i Hordaland.
- Dei første blada blei utgitt i Oslo og Hordaland.
- Det første mållaget blei skipa i Oslo og det første ungdomslaget i Oppland.
- Kyrkjelydar i Telemark var dei første som brukte nynorske salmar i

⁹⁶ Andreas Hompland i *SØKELYS på Sogn og Fjordane*, nr. 2 1982.

kyrkja.

- Dei første skulekrinsane med nynorsk opplæringsmål kom i Aust-Agder, Hordaland, Møre og Romsdal.
- Kyrkjesokn i Nord-Trøndelag og Hordaland var dei første som innførte nynorsk liturgi.
- Den første kaffistova blei opna i Oslo.
- Det første nynorske teatret blei skipa i Oslo, med utgangspunkt i teatermiljø i Akershus.
- Kommunar i Hordaland og Sogn og Fjordane var dei første som vedtok nynorsk som tenestemål.

Grunnlaget for den nynorske skriftkulturen blei altså lagt i heile ni fylke. Møre og Romsdal, der det heile tok til med Ivar Aasen, var sjeldan tidleg ute. Meir enn noko anna fylke representerer Hordaland både pionerane, breidda og kontinuiteten.

Det er også på Vestlandet bruken av nynorsk har konsentrert seg. Det var høvesvis fleire nynorskelevar i grunnskulen på Vestlandet i 2008 enn i første halvdel av 1900-talet. I 1910 var 33 prosent av vestlandselevane nynorskbrukarar, i 2008 43 prosent. I alle dei andre landsdelane har utviklinga gått motsett veg etter 1945. Resultatet er at snart ni av ti nynorskelevar i grunnskulen bur på Vestlandet. I seinare tiår har bruken av nynorsk i skular på Austlandet vore nokså stabil; 12 prosent av nynorskelevane budde på Austlandet i 1910, mot 10 prosent i 2008.

Alt før Ivar Aasen døydde, var likevel eit tyngdepunkt i norskdomsrørsla på veg vestover. Det geografiske tyngdepunktet i målrørsla flytta seg vestover frå Austlandet alt i 1880-åra. Størst var aktiviteten i Hordaland. Like sidan 1880-åra har Telemark og Vestlandet nord for Rogaland vore kjerneområda for målrørsla. 1900-talet har vore prega av ei rørsle sørover frå Nord-Noreg, vestover frå Austlandet, nordover frå Sørvestlandet.

Desse endringane kjem både av at busetnadsmønsteret har endra seg, og av at det blir færre røyster for nynorsk i skulemålsrøystingane i desse landsdelane. For folkerøystingane på Austlandet etter 1965 har eit klart fleirtal enda med nynorsk. På Sørlandet og Vestlandet har eit knapt fleirtal enda med bokmål, medan det store fleirtalet av folkerøystingar i Trøndelag og Nord-Noreg har gitt bokmål som resultat.

Utover på 1900-talet utvikla Vestlandet eit tungt økonomisk hege-
moni i Noreg.⁹⁷ Dette forsterka seg med oljeproduksjonen frå 1970-åra. Eit
tilsvarande kulturelt hegemoni greidde derimot landsdelen ikkje å etab-
lere. Språkleg sett er der difor ei spenning mellom regional identitet og
nasjonal posisjon.

Utover på 2000-talet auka sentral-Austlandet sin del av busetnaden
i landet. Det kan få mange konsekvensar, også språkpolitisk. Ei viktig
motvekt vil då vere at nynorsk blir verande mykje brukt på Vestlandet.
Dei siste tiåra er det nettopp på Vestlandet at enkeltpersonar, grupper,
bedrifter og institusjonar har teke nynorsk i bruk i nye domene.

Det er store språklege skilnader i Noreg og innbyggjarane lever i
skiftande språklege fleirtal og mindretal. Nynorskbrukarane er framleis
mange på Vestlandet, i indre strøk på Sørlandet og i dalføra aust og vest
på Austlandet. I Trøndelag og Nord-Noreg har samisk fått sterkare for-
mell status fleire stader.

Innvandrarane dei siste tiåra har teke med seg mange ulike mors-
mål, men busett seg mest på Austlandet. Såleis har Aust-Noreg, Vest-No-
reg og Nord-Noreg no kvar sin språkprofil.

Bokmål er det mest brukte skriftspråket i alle landsdelar. Slik har
det vore like sidan Stortinget jamstelte det nye landsmålet med det etab-
lerte *bogsproget* i 1885. Ei av dei viktigaste endringane dei siste 50 åra er at
det er blitt høvesvis færre nynorskbrukarar i andre landsdelar enn på
Vestlandet. Nesten halvparten av dei som helst bruker nynorsk privat,
bruker like gjerne bokmål som nynorsk. Dei fleste av desse hadde ny-
norsk som opplæringspråk i skulen.

Spørsmålet om Vestlandets rolle i nynorsk skriftkultur har vore der
like sidan den første organiseringa i 1860-åra. I 1868 blei Vestmannalaget
stifta i Bergen og Det Norske Samlaget i Oslo. Vestmennene, som dei blei
kalla, aspirerte ikkje til noka dominerande nasjonal rolle, slik Samlags-
miljøet gjorde. Den regionale interessa gav sine utslag i den eine rett-
skrivingsreforma etter den andre og blei dels brukt, var dels årsak til, dei
organisatoriske og rettskrivingspolitiske motsetnadene som etter kvart
kom til å prege Noregs Mållag. På den eine sida er det ingen tvil om at
Vestlandet utover på 1900-talet gav nynorsk skriftkultur den tyngda som

⁹⁷ Dette underkapitlet er i hovudsak henta frå Ottar Grepstad: *Språkfakta Sogn og Fjordane 1646–2012*, Nynorsk kultursentrum 2012, s. 5–6.

trongst. På den andre sida var det heile tida så viktig å framheve nynorsk som eit riksdekkjande språk, mindre brukt som det var på nasjonalt nivå, at regionale initiativ i beste fall blei møtte med skepsis.

Slik var det også då spesialrådgivar Sverre Jervell i Utanriksdepartementet tok til orde for ein nynorsk Vestlands-region på landstinget til Landssamanslutninga av nynorskkommunar i 2003. Han viste til regionaliseringa i EU og spurde: «Når kjem nynorskregionen?»⁹⁸ Framtida for fylkeskommunane var eit ope spørsmål – Jervell kjende seg i 2003 sikker på at fylkestingsvalet det året ville bli det siste – og meinte dette opna for regionar av typen Vestlandet. Han viste til kor viktig språk og kultur hadde vore for fleire europeiske regionar, med Katalonia som paradedømet: «Det er klokt å tenke ut en regional strategi for nynorsken som gradvis kan erstatte den nasjonale strategien.» Med nynorsk som fleirtalsspråk på Vestlandet fekk ein så heller godta eit krav om minst 25 prosent bokmål i dei regionale radiostasjonane, la han til.


Jervell rekna med at den støtta som nynorsken har i sentralmakta, kunne gå tapt eller i alle fall bli svekt viss ein la opp ein regional strategi: «Jeg er ikke sikker på at det er så farlig». Nettopp den frykta har heile tida vore ankepunktet mot ein regional strategi.

Det kunne vere eit tankeeksperiment å sjå for seg at Bergen i den økonomisk sterke regionen Vestlandet i si tid hadde spelt ei like konstruktiv rolle i språkpolitikken som borgarskapet i Barcelona og Katalonia gjorde. Under Franco-regimet var katalansk eit forbode språk i Sapnia, men det blei brukt privat av mange og var eit sosialt elitespråk i Katalonia, slik engelsk ein gong var i Quebec. Katalonia er på få ti år blitt ein økonomisk motor i det spanske samfunnet, og på like kort tid har styresmaktene i regionen gjennomført ein ganske så konsekvent tospråkspolitikk for katalansk og spansk.

Etter eit slikt tankeeksperiment er ein strengt tatt like langt.

⁹⁸ Sverre Jervell: «Europeiske regionar på frammarsj når kjem nynorskregionen?», foredrag på landstinget til LNK, Ivar Aasen-tunet 2003, manuskript arkiv Ivar Aasen-tunet.

5 Haldningar og meiningar



Figur 5.1 Meinjing om vidare jamstilling melom nynorsk og bokmål 2013. Prosent

Noreg er eit språksamfunn med stor språkleg variasjon i tale og skrift, bygd på to språk som er formelt jamstilte og gjensidig forståelege for dei fleste, saman med tre samiske urfolksspråk og fleire historiske minoritetsspråk. Dette språklege mangfaldet var ganske allment akseptert i 2015.

Mange nordmenn har no akseptert nynorsk, svært mange meiner dialektane ikkje blir brukte for mykje, men like mange ønskjer ikkje fleire varige minoritetsspråk. Å bruke dialekt er mest akseptert i vest og nord, minst i hovudstaden. Like mange var i 2013 for og mot vidare jamstilling mellom nynorsk og bokmål, og størst var motstanden i Nord-Noreg.

Ein av tre likte i 2013 at Noreg blir eit meir fleirspråkleg samfunn, like mange verken likte eller mislikte det, og ein av tre likte det dårleg.

Dei som tener lite, er meir positive til både nynorsk, dialektar og nye varige minoritetsspråk enn dei som tener mykje. Dei som tener minst og mest er mest positive til meir engelsk i Noreg, menn er meir negative enn kvinner, og nynorskbrukarane er meir kritiske enn bokmålsbrukarane til auka bruk av engelsk.

Det meiningsdannande mønsteret er eintydig. Som språk, så meining. Meiniane om språk følgjer det språket ein bruker og inneber at nynorsk- og bokmålsbrukarar generelt sjeldan eller aldri meiner det same om språkpolitikk.

Tre av ti liker å lese nynorsk. Dei fleste av desse bur i Oslo eller på Vestlandet, og gjerne i nynorskkommunar. Mange yngre nynorskbrukarar har eit dårleg språkleg sjølvbilete. Jamt over liker nynorskelevane betre å lese bokmål enn nynorsk; berre to av ti nynorskskrivande tenåringar liker best å lese nynorsk.

Fire av ti veljarar er interesserte i språkspørsmålet. Denne interessa har vore stor i minst 50 år.

5.1 Eit fleirspråkleg Noreg

Innvandring i nord frå aust og vestfrå i sør la i farne tider grunnlaget for det som blei eit fleirspråkleg samfunn der kolonispråket dansk aldri mista grepet, men endra seg. Det tek tid å etablere toleranse for nye innvandrarspråk.

Språkleg og kulturell toleranse heng saman. Dette emnet er undersøkt få gonger, men tendensane har vore tydelege. Dei som kring tusenårsskiftet var positive til nynorsk, var også meir positive til innvandrarar enn dei nynorsknegative er (tabell 5.1.1) Di meir positive dei er til nynorsk, di meir positive er dei også til innvandrarar (tabell 5.1.2 og 5.1.3). På den tida var det vesentleg færre innvandrarar i dei nynorskdominerte delane av landet enn i resten av landet. Dermed var det også færre kontaktpunkt mellom nynorskbrukarar og innvandrarar enn mellom bokmålsbrukarar og innvandrarar.

I undersøkingane 1999–2001 fekk svararane presentert ulike utsegner. Det første spørsmålet gjaldt utsegner om at innvandrarane yter sitt til eit større kulturelt mangfald i Noreg, eller at skikkane deira kan bli ein trussel mot norsk kultur. Det andre gjaldt utsegner om at innvandrarane

er arbeidssame folk som yter verdfulle bidrag til norsk økonomi, eller at dei utnyttar velferdsordningane våre og får del i gode dei sjølv ikkje har vore med på å skape. Det tredje spørsmålet var om dei liker eller misliker at vi har fått muslimske trussamfunn i Noreg.

Statistisk sentralbyrå har i ei årrekke kartlagt kva etniske nordmenn meiner om innvandrarak og flyktningar. Språk er ikkje blant spørsmåla.⁹⁹ På fleire sentrale punkt endra meiningane seg lite frå 2005 til 2014. I 2005 var 69 prosent heilt eller nokså samde i at innvandrarak flest gjer ein nyttig samfunnsinnsats. Det same meinte 77 prosent i 2014. Sju av ti nordmenn meinte både i 2005 og 2014 at innvandrarak gjer kulturlivet i Noreg rikare, medan ni av ti i heile tidsrommet meinte nærkontakt med innvandrarak som naboar og på anna vis ikkje var negativt.

Den allmenne velviljen overfor innvandrarakane var størst når det gjeld kulturelt mangfald generelt, minka kraftig når det blei tale om økonomi og velferdsgode, og var minst når det var tale om at nye religiøse institusjonar tok form i Noreg, så som muslimske trussamfunn. Desse haldningane varierte mykje alt etter kva syn vedkomande har på nynorsk. Dei som likte godt å lese nynorsk, var meir positive enn gjennomsnittet, mens dei som ikkje kunne tenkje seg å lese nynorsk, var blant dei mest negative.

Haldningane var ikkje dei same hos alle dei som var mest positive til å lese nynorsk. Dei som budde i dei fire vestlandsfylka frå Rogaland til Møre og Romsdal, var i alle tre tilfella meir positive til innvandrarak enn landsgjennomsnittet. Men: Dei som var positive til nynorsk og budde i andre delar av landet, var klart meir positive til innvandring enn vestlendingane.

Haldningane fordelte seg ulikt geografisk også blant dei som var mest negative til nynorsk. Dei av desse som budde på Vestlandet, var ein tanke meir positive til innvandrarakane enn dei som budde andre stader i landet.

Eit eintydig mønster kjem til syne. Det seier ikkje noko om årsaker, men det syner eit klart samanfall mellom kulturelle oppfatningar.

Særleg dei nynorskpositive i fylke utanfor det nynorske kjerneområdet var mykje meir innvandrarakvennlege enn dei i desse områda som var

⁹⁹ Statistisk sentralbyrå: «Holdninger til innvandrere og innvandring», *ssb.no*, lesedato 9.8.2015.

negative til nynorsk. Ikkje uventa var haldningane til at det no finst muslimske trussamfunn i Noreg, meir negative i dei nynorske kjerneområda enn i resten av landet. Her blei etablerte norske kulturmønster særleg sterkt utfordra.

Dette vil ikkje seie at alle nynorskpositive bokmålsbrukarar eller at alle nynorskbrukarar er positive til innvandrarane si rolle i det norske samfunnet. Særleg tala for vestlandsfylka tyder på at ein god del nynorskbrukarar var skeptiske, kritiske eller avvisande til innvandrarane.

Dialektar står sterkt i Noreg. Det gjer ikkje dei nye minoritetsspråka som innvandrarane har hatt med seg til Noreg sidan dei første tyrkarane kom i 1965. I 2009 blei nordmenn for første gong spurde om korleis dei stiller seg til at fleire nye varige minoritetsspråk utviklar seg i Noreg. Berre 17 prosent var samde i at slike språk burde få sin plass i Noreg (tabell 5.1.5). Heile 64 prosent var heilt eller delvis usamde i ei slik utvikling.

Vesentleg fleire yngre enn eldre var samde i at det er greitt med slike nye minoritetsspråk. Dei med vidaregåande utdanning eller fagskule som høgaste utdanning, var meir usamde i denne utviklinga enn dei som berre hadde grunnskule eller universitets- og høg-skuleutdanning. Dei med lågast inntekt var meir samde i slik utvikling av nye minoritetsspråk enn dei med høgare inntekt. Geografisk var skilnadene små.

Summen av kunnskap om bruk av nynorsk, haldning til dialekt og innstilling til nye minoritetsspråk gir eit uventa svar: Dei med høg utdanning og/eller høg inntekt er mindre språkleg tolerante enn dei med låg inntekt og/eller låg utdanning.

Dei siste tiåra er det stilt mange spørsmål om synet på norsk språkpolitikk. Eit av dei sjeldne spørsmåla kom frå Noregs Mållag i 2006: «I kva grad synest du det er ein fordel for det norske språket at vi har nynorsk i tillegg til bokmål?» 33 prosent meinte at det i nokon eller svært stor grad er ein fordel, medan 48 prosent i nokon eller svært liten grad såg ein fordel ved dette (tabell 5.1.4). Kvinner var litt meir positive enn menn, og dei over 50 var mykje meir positive enn dei som var yngre. Dei som tente minst, såg ingen fordel i det heile, medan dei som tente litt meir, var dei mest positive, og så fall tilslutninga i takt med høgare inntekt. Folk i mindre byar med 5000–50 000 innbyggjarar var mest negative og folk i hovudstaden mest positive. Størst var motstanden i nord, der 84 prosent av folk i Finnmark og 65 prosent av innbyggjarane i Troms i liten eller svært liten grad såg nokon fordel med to norske språk. Motstykket var,

som så ofte elles, Sogn og Fjordane. Der meinte 65 prosent at det i nokon eller svært stor grad var ein fordel med nynorsk i tillegg til bokmål, tre prosent såg i liten grad nokon fordel, men ingen svara «i svært stor grad».

Stortinget vedtok alt i 1885 å jamstille dei to språka som i dag heiter bokmål og nynorsk. Før 2012 hadde ingen spurt nordmenn om bokmål og nynorsk framleis burde vere jamstilte språk. Undersøkinga frå 2006 ga nokre peikepinnar om meiningslandskapet, men svara var ukjende i 2012.

Spørsmålet om jamstilling deler Noreg i to, og uvanleg mange meiner noko om saka. Fire av ti meiner nynorsk og bokmål skal bli verande jamstilte, og like mange er usamde i dette. Berre ein av ti veit ikkje kva dei meiner om spørsmålet. Slik var det i 2012, og slik var det i 2013, men signifikant fleire tek stilling no enn før Språkåret.

I 2012 var 46 prosent heilt eller delvis samde i at nynorsk og bokmål skal vere jamstilte språk, og 31 prosent svara at dei likte godt eller svært godt at Noreg blir meir fleirspråkleg (tabell 5.1.6). Dei tilsvarande tala i 2013 var 48 prosent og 34 prosent. Her gav verken utdanning eller inntekt særlege utslag, kvinner og eldre var meir positive enn menn og dei yngre, og motstanden var minst på Vestlandet.

Spørjeundersøkingar seier aldri alt, heller ikkje om kor tolerante nordmenn faktisk er språkleg sett. Over tid har det kome mange meiningsmålingar om kulturell toleranse, og nokre om språkleg toleranse. Tendensen har vore at dei som er mest positive til at Noreg er eit land med to jamstilte norske språk, også er dei som er mest positive til nye kulturelle impulsar frå innvandrarar.

Der var ein skepsis. Hausten 2013 likte ein av tre godt eller svært godt at Noreg blir eit meir fleirspråkleg samfunn, like mange verken likte eller mislikte det, og ein av tre likte det litt eller svært dårleg (tabell 5.1.7). Også her var det fleire som tek stilling no enn for eit år sidan, og dei som gjorde det, fordelte seg ganske likt mellom for og mot. Kvinner var meir positive enn menn, unge meir positive enn eldre, folk med høgare utdanning meir positive enn dei med mindre utdanning, det same gjaldt for høg inntekt, og folk på Austlandet var dei mest positive – men folk i Oslo dei mest negative.

Svara i undersøkingane tyder på at så mykje som 250 000 menneske kan ha skifta mening i eitt eller fleire av desse språkspørsmåla i 2013. Det er umogleg å bevise at det er Språkåret som er årsaka til desse meiningsendringane, og det er sannsynleg at fleire årsaker har gjort seg gjeldande.

Endringane tyder iallfall på at Språkåret greidde å fange opp og spele på lag med andre endringsmekanismer i samfunnet.

Frå og med 2005 blir det regelmessig publisert integreringsbarometer. Integrerings- og mangfalddirektoratet publiserte det sjuande i rekkja i 2014. Her er det diverre inga kopling til førstespråket hos dei som svarar, og det materialet som er blitt utvikla mellom 1995 og 2013 på anna hald, kan difor ikkje koplant til dette barometeret.

5.2 Språkpolitisk engasjement

Fire av ti veljarar er interesserte i det som i valundersøkingane blir kalla språkspørsmålet. Liknande data er ikkje kjende frå andre land, men iallfall i Norden er det tydeleg at språk engasjerer nordmenn meir enn andre, kanskje med unntak av islendingane.

Med litt ulike spørsmål har valundersøkingane frå 1965 kartlagt kor interesserte og engasjerte veljarane har vore i språksaka. Til grunn for undersøkingane ligg erkjenninga av at språkbruken i det private kan representere ei politisk kraft i det offentlege rommet, ei motkulturell kraft. Ved sida av lekmannsrørsla og fråhaldsrørsla tok målrørsla form i førre hundreåret som ein motkultur retta mot dei kulturelle ytringsformene i bysamfunnet. Dette har i det minste vore den vanlege framstillinga i norsk statsvitskap.

Dei som svarar at dei er «nokså» eller «meget» interesserte, blir rekna som aktive, medan dei som seier dei er «lite» interesserte, går som passive. Det er langt frå innlysande at dette gir ein god peikepinn på kven som faktisk bruker nynorsk og bokmål.

Nesten halvparten av veljarane er nokså eller svært interesserte i språkspørsmålet (tabell 3.3.1). Like frå 1965 fram til 2013 har mellom 39 og 48 prosent av veljarane svara slik. Når desse svara blir kopla til kva språk veljarane bruker, blir dei som svara at dei var nokså eller svært interesserte, rekna som aktive bokmåls- eller nynorskbrukarar (tabell 5.2.1). Frå 1965 til 2005 var den største endringa her at det blei mange fleire aktive bokmålsbrukarar.

Den gruppa av nynorskbrukarar som har minka mest mellom 1965 og 2005, er dei som er lite interesserte i språkspørsmålet. Til gjengjeld har

engasjementet auka på bokmålssida med mange fleire aktive bokmålsbrukarar. Det er altså bykulturen som her har vunne fram. Samstundes er det blitt færre band mellom dei tre motkulturane.

Partia har endra språkprofil blant veljarane.

Når dei same svara blir sorterte etter kva parti veljarane har røysta på, kjem store endringar mellom 1965 og 2005 til syne (tabell 5.2.2). Både i SV(SF), Arbeiderpartiet, Venstre, Kristeleg Folkeparti og Framstegspartiet var vesentleg fleire av veljarane aktive bokmålsbrukarar i 2005 enn 40 år tidlegare. I Senterpartiet var denne endringa mindre. Berre Høgre hadde fleire passive bokmålsveljarar i 2005 enn i 1965, og færre aktive bokmålsbrukarar.

Det partipolitiske potensialet i målsaka er nyleg analysert.¹⁰⁰ Aktive nynorskbrukarar har i tida 1965–2005 aldri vore noka særleg stor veljargruppe. Målsaka skil etter kvart jamt mindre veljarar med ulike partiidentifikasjonar frå kvarandre. Det ser såleis ut til at partiidentifikasjonen til nynorskbrukarane i liten grad heng saman med deira språkpolitiske standpunkt. Til gjengjeld står Arbeiderpartiet sterkast blant dei som er lite interesserte i målsaka.

Blant nynorskbrukarane var det jamt over berre mindre endringar i to av sentrumspartia, Kristeleg Folkeparti og Senterpartiet. Det tredje sentrumspartiet, Venstre, mista derimot mange aktive nynorskbrukarar frå 1965 til 2005. Til gjengjeld fekk SV fleire slike veljarar. I Arbeiderpartiet og Framstegspartiet var nynorskprofilen nokolunde lik heile tida.

Ein nærstudie av dei seinare stortingsvala syner at i 1993 var 43 prosent av veljarane nokså eller svært interesserte i det som blei kalla språkspørsmålet. Tolv år seinare var endå fleire interesserte. Berre hos Framstegsparti-veljarane var språkengasjementet det same i 2005 som i 1993. I det tidsrommet dalte språkinteressa hos veljarane til både Venstre og Høgre. Kristeleg Folkeparti endra seg mykje, særleg frå 2001 til 2005, og fekk fleire engasjerte bokmålsveljarar, men færre engasjerte nynorskveljarar. Senterpartiet hadde mange engasjerte nynorskveljarar heile tida, og fekk fleire interesserte bokmålsbrukarar i 2005. Då hadde SV og Arbeiderpartiet meir engasjerte nynorsk- og bokmålsveljarar enn i 1993. Dei mest

¹⁰⁰ Frode Berglund: *Partiidentifikasjon og politisk endring. En studie av langsiktige partitilknytninger blant norske velgere 1965–1997*, Oslo 2004.

språkinteresserte veljarane gjekk i 2005 helst til Kristeleg Folkeparti, Senterpartiet eller Arbeiderpartiet (sjå kapittel 6.2 og 6.3).

5.3 Talemål

Dialektane har fått ei sterk stilling i Noreg dei siste tiåra. I hundreåra då Noreg var ein del av Danmark og seinare var i union med Sverige, heldt nordmenn flest fram med å tale dialektane sine. Sosialt akseptert av overklassen blei dette først frå 1970-åra då ei rekkje dialektaksjonar gradvis endra haldningane til dialektbruk.

Lenge før den tid var det usemje om kva talemål som var gyldige nasjonalt.

Spørjeundersøkingar frå Norsk Gallup og Aftenposten i 1950-åra synte tydeleg kor sterk oppslutning det var om bruk av normert uttale i NRK, og då først og fremst bokmål. Den første av desse undersøkingane er frå 1956 (tabell 5.3.1). Det mest interessante ved dei svara er at berre to av ti meinte det ikkje burde vere to språk i NRK-sendingane. Få år etter ein opprivande aksjon mot samnorsk og kort tid etter at fredsåra hadde sett spørsmålet om nynorsk og bokmål litt til sides, var dette færre enn venta.

I 1971 meinte 30 prosent av det var for mykje nynorsk i NRK (tabell 5.3.2). I 1979 ville 70 prosent ha radio- og tv-programma på bokmål (tabell 5.3.3). Då meinte vel halvparten av dei spurde at fordelinga mellom bokmål og nynorsk i NRK var nokolunde rettferdig (tabell 5.3.4). Det året var det 75 prosent bokmål i radio og 79 prosent bokmål i tv, dialektbruk ikkje medrekna (tabell 14.1.4).

Dei meiningsendringane som gjorde seg gjeldande i 1980- og 190-åra, er dårleg kartlagde. Resultatet viste att utover på 2000-talet.

I 2002 var eit stort fleirtal av bokmålsbrukarane og eit endå større fleirtal av nynorskbrukarane svært eller ganske positive til at vanleg daglegspråk blir brukt i radio og tv (tabell 5.3.5). Omgrepet «vanleg daglegspråk» kan ikkje reknast som synonym for dialekt, og det er difor vanskeleg å jamføre desse haldningane med tendensar i andre undersøkingar.

I 2009 var 71 prosent av innbyggjarane litt eller heilt usamde i at dialektane blir brukte for mykje (tabell 5.3.6). Kvinnene var meir tolerante til dialektbruken enn mennene, og det var ein svak tendens til at dei yngre

aksepterte dialekt meir enn dei eldre gjorde. Med meir utdanning var det også fleire som er usamde i at dialektane blir for mykje brukte. Når dette blir kopla til faktisk bruk av skriftspråk, blir det tydeleg at dei med lite utdanning vil ha mindre språkvariasjon (sjå kapittel 7).

Di meir ein person tente, di meir samd var vedkomande i utsegna om at dialektane blir brukte for mykje. Dei med låg inntekt har ei meir positiv haldning til dialektar, og det var også fleire nynorskbrukarar blant dei med låg inntekt enn blant dei med høg inntekt. Dialekt og nynorsk var i 2009 ikkje eit sosialt overklassefenomen (sjå kapittel 7). Geografisk er austlendingane meir reserverte til bruk av dialekt enn innbyggjarane i resten av landet.

Rett nok var 22 prosent heilt eller litt samde i at det berre bør brukast bokmål i riksdekkjande radio og tv, men 77 prosent meinte også det var greitt å bruke dialekt (tabell 5.3.7). Det var vesentleg fleire som ville at også dialekt skulle brukast i riksdekkjande radio og tv enn det var som ville nøye seg med bokmål eller nynorsk.

Endå fleire ville ha dialekt i distriktssendingane i radio og tv (tabell 5.3.8). Dette skulle helst vere dialektar frå det aktuelle distriktet, og vesentleg fleire meinte det var greitt med dialektar enn om det blei snakka norsk med utanlandsk aksent (tabell 5.3.9). Det ser altså ut til at den språklege toleransen er sterkare overfor det ein oppfattar som norsk enn det ein ser på som utanlandsk.

Mønsteret frå 2009 dukka opp att to år etter. Ei lita undersøking frå 2011 viste at 47 av 82 NRK-medarbeidarar ville ha standardisert nynorsk eller bokmål i rikssendingane, medan 34 meinte at medarbeidarane skulle bruke sin eigen dialekt (tabell 5.3.10). I distriktssendingane meinte derimot berre 20 medarbeidarar at ein burde bruke normert nynorsk eller bokmål (tabell 5.3.11). Ei endå mindre undersøking viser kva 41 lyttarar og sjåarar meinte om bruken av nynorsk og dialekt i NRK Sogn og Fjordane (tabell 5.3.13). 11 meinte nynorsk var «godt» radiospråk, og 12 sa det same om dialekt.

Ei representativ publikumsundersøking i 2012 gav sikre haldepunkt om kva lyttarane og sjåarane meiner om saka. 74 prosent var heilt eller delvis samde i at det er greitt at programleiarane i riksdekkjande program bruker dialekt, og berre 24 prosent var like samde i at dei berre burde snakke normert nynorsk eller bokmål (tabell 5.3.19).

Like stor var aksepten for at nyheitsopplesarane bruker dialekt (tabell 5.3.20). Her var det fleire som ville ha normert nynorsk eller bokmål, men ikkje meir enn 34 prosent. For dialektssendingane var heile 87 prosent heilt eller delvis samde i bruk av dialekt (tabell 5.3.21). Det var ikkje fleire som meinte at det burde snakkast normert her enn tilfellet var for rikssendingane.

Det var NRK som gjennomførte undersøkinga i 2012. To år etter laga NRK ein reprise, men med ein annan type spørsmål. Sju av ti meinte at NRK-sendingane burde vere prega av dialektmangfald, men også at dei som snakka, burde unngå vanskelege dialektord (tabell 5.3.23). Berre ein av tre ville ha standard bokmål og nynorsk tale frå programleiarane. Preget av dialektmangfald hadde mindre tilslutning i Oslo og på Austlandet enn elles, og i aldersgruppene var det mest tilslutning hos dei mellom 30 og 39. Å unngå vanskelege dialektord var det ganske allmenn semje om, og i spørsmål om å tale normert var Nord-Noreg og Oslo ganske så gjennomsnittlege.

Der var ein klar tendens til at programleiarane burde snakke meir normert særleg i riksnnyheiter, og meir dialekt i distriktssendingar og andre program (tabell 5.3.24). Det synspunktet hadde sterkare støtte i Oslo enn resten av landet, men også her var nordlendingane om lag som gjennomsnittet. Det spesielle ved det var at ingen brukte meir dialekt enn nettopp nordlendingane, og ingen var meir positive til allmenn dialektbruk enn dei (sjå kapittel 7.1). For nyheitssendingane i NRK gjaldt det altså ei anna norm, men berre der. I program av typen Nitimen ville 43 prosent ha mest dialekt – det meinte 56 prosent av nordlendingane, 36 prosent av oslofolk og 31 prosent av austlendingane. Også i dette spørsmålet var det mest stemning for dialekt i aldersgruppa 30–39 år, og minst i gruppa 15–29 år. Desse tala ber i seg tydelege spor av dei mange tiår lang debatt om språket i rikskringkastinga, der meiningssterke oslomiljø støtte den normerte talen, helst bokmål og riksmål

Ni av ti over heile landet meinte det var bra at folk snakkar dialekt (tabell 5.3.25). Her var det små meiningskilnader mellom geografiske område og mellom ulike aldersgrupper. Slik var det også med spørsmålet om forståing av dialektar. Fire av ti var heilt eller delvis usamde i at alle dialektar er lette å forstå, og like mange meinte at nokre dialektar er umoglege å forstå. At dialektbruk hindrar kommunikasjon i samfunnet, sa 34 prosent seg samde i, nordlendingane var mest usamde, og mange

var usikre. Fire av ti meinte at dialektar blir brukte for mykje, men aldersgruppa 30–39 var mest usamd i dette.

Vanskelegast å forstå meinte folk at nordnorske dialektar er, lettast er dialektane i austlandsbyane (tabell 5.3.26). Undersøkinga fortel kva folk meiner og trur om dialektane, ikkje kva dei faktisk forstår, og dei meiningane var eit brokut lappeteppe. Minst meiningsskilnader var det om nordnorske og vestlandske dialektar, medan ein del vestlendingar streva med trøndsk, og ein del trønderar med sørlandske talemål. Dialektane i fjellbygdene austafør var det vestlendingane som forstod dårlegast, og ein av få tydelege meiningsskilnader mellom aldersgruppene gjaldt dialektane på dei austlandske flat bygdene. Dei var det gruppa 50+ som forstod best.

På eit oppfølgings spørsmål om kva faktorar som gjorde det vanskeleg å forstå tale i NRK, svara 39 prosent dialektar, 19 prosent utydeleg uttale, 10 prosent vanskelege ord. Berre tre prosent meinte nynorsk gjorde det vanskeleg å forstå.

Korleis innvandrarane oppfattar det norske dialektmangfaldet har vore lite undersøkt. Ei av dei første til å stille kritiske spørsmål om dette var språkforskaren Åsta Øvregaard. Å bruke dialekt i alle samanhengar går ikkje utan vidare i hop med ønsket om sosial og kulturell integrering, skreiv ho i 2008. Då risikerer vi at dialekt blir maktspråk.¹⁰¹ Språkforskaren Arne Torp var samd i at det var god grunn til å ta omsyn, men meinte det var å overdrive om dialektar blei framstilt som ei hindring for integrering.¹⁰² I åra etterpå har bruken av dialekt auka på.

I 2009 var 56 prosent at programleiarane i riksdekkjande radio og tv burde snakke normert. Fem år seinare meinte berre 33 prosent det same. Det er ei formidabel meiningsendring på kort tid.

Å vurdere dialektar er og blir synsing. Den synsinga byggjer på ei blanding av kunnskapar, fordomar, meir eller mindre vilkårlege røymsler, sikkert også *hören saken* frå andre. I 2011 kåra Dagbladet dei mest og minst sjarmerande dialektane ved at den som ville, svara på Internett (tabell 5.3.12). Best ut av dette kom Stavanger-dialekten, som også var ein av dei tre mest mislikte.

¹⁰¹ Åsta Øvregaard: «Når dialekt blir maktspråk», *Aftenposten* 27.1.2008.

¹⁰² Arne Torp: «Er norske dialektar maktspråk?», *Aftenposten* 29.1.2008.

Mindre kuriøs er kunnskap om korleis folk ser på sine eigne dialekter. I ei lita rundspørjing blant elevar ved to vidaregåande skular i indre Agder i 2012 var åtte av ti nynorskbrukarar heilt eller delvis samde i at dialekten i heimbygda deira var fin (tabell 5.3.14). Seks av ti bokmålsbrukarar sa det same. Det var så godt som ingen skilnad mellom desse to gruppene då dei svara på spørsmålet om dei snakka ein dialekt som var vanleg på heimstaden deira (tabell 5.3.15).

Nynorsk- og bokmålsbrukarane i indre Agder skilde lag då spørsmålet var om dei brukte dialekten i alle samanhengar – det gjorde mange fleire nynorsk- enn bokmålsbrukarar (tabell 5.3.16). Derimot var det tydeleg at fleire bokmåls- enn nynorskbrukarar tilpassa dialekten sin i ulike samanhengar (tabell 5.3.17). Og noko fleire av nynorsk- enn bokmålsbrukarane hadde lite til overs for knot (tabell 5.3.18).

Ungdomsskuleelevar i bokmålsbyen Haugesund og nynorskkommunen Vindafjord var delte i sin språklege praksis, men 90 av 123 elevar meinte det var litt eller heilt sant at dialekten deira likna mest på nynorsk (tabell 5.3.22).

5.4 Bokmål og nynorsk i skrift

Haldningane til norsk språk endra seg mykje i andre halvdel av 1900-talet. Det som var ein samlande tanke om eitt språk i åra etter den tyske okkupasjonen – ein var berre usamde om kva språk det skulle vere, blei til ei aukande forståing av eit fleirspråkleg Noreg.

I 1946 ville berre 15 prosent av innbyggjarane halde på både bokmål og nynorsk som skriftspråk, og 79 prosent viller ha eitt språk (tabell 5.4.1). Det var første gongen den nye reiskapen spørjeundersøking blei brukt om språklege emne. Noko fleire menn enn kvinner ville ha eitt skriftspråk, og politisk var Arbeiderparti-, NKP- og Høgre-veljarane dei mest positive, medan ja-prosenten var minst blant Venstre- og Kristeleg Folkeparti-veljarane (tabell 5.4.2).

Av dei som ville ha eitt skriftspråk, gjekk 66 prosent inn for bokmål og 30 prosent for nynorsk (tabell 5.4.3). Oppslutninga om nynorsk som einaste skriftspråket var størst på Sør- og Vestlandet, og størst om bokmål på Austlandet og i Nord-Noreg. Blant Venstre-veljarane var det eit visst

fleirtal for nynorsk som einaste skriftspråket, medan eit stort fleirtal av veljarane i dei andre partia gjekk inn for bokmål.

Alt i 1951 svara 27 prosent at det var nødvendig å ha skriftlege eksamensprøver i både nynorsk og bokmål ved examen artium (tabell 5.4.4). Dette endra seg til at 26 prosent i 1957, 23 prosent i 1966 og 20 prosent i 1975 meinte at gymnasiastane skulle skrive eksamenssvar på begge språka (tabell 5.4.5 og 5.4.6).

Svara på same spørsmålet i 1957 er sortert etter dei vanlege sosiale variablane. Ein av fire visste ikkje kva dei meinte. Fleire menn enn kvinner ville ha eksamen på begge språka, dei yngre var noko meir positive enn dei eldre, dei med gymnas eller høgare utdanning var mykje meir positive enn dei med lågare utdanning, bygdefolk meir enn byfolk, austlendingane mindre positive enn resten av landet, pensjonistane mykje meir negative enn funksjonærar og sjølvstendig næringsdrivande, dei som arbeidde i primær- eller tertiærnæringane var mest positive, og partipolitisk var tilslutninga mykje større hos Senterparti-veljarar enn hos Høgre-veljarar.

I 1996 skulle Norsk språkråd avgjere om namneformene «Norge» og «Noreg» skulle jamstillast eller om «Noreg» skulle bli verande eineform på nynorsk. Ein del av vurderingsgrunnlaget var ei meiningsmåling blant nynorskbrukarane. Svaret var eintydig: Sju av ti ville jamstille dei to formene (tabell 5.4.7). På få unntak nær var variasjonen i svara liten. Sterkast tilslutning hadde framlegget blant lågare og høgare funksjonærar og sjølvstendig næringsdrivande, og svakast hos heimearbeidande.

Tilgangen på lesestoff i ulike sjangrar og format er med og utvida breidda i ein skriftkultur. Dette rører ved konvensjonar om kva språk passar til, og kva stoff som passar på ulike språk. Lingvistisk er ikkje eitt språk betre enn eit anna i så måte, men dei sosiale og kulturelle oppfatningane formar haldningar til dette. Det kom tydeleg fram då elevar ved Volda ungdomsskule i 1996 blei spurde om kva stoff nynorsk og bokmål passa best til. Utvalet av svararar var ikkje stort, men fleire viktige meiningskilnader mellom jenter og gutar kom til uttrykk.

Ein like stor del av jentene og gutane meinte at nynorsk ikkje passa i ungdomsblad, mange meinte det ikkje var bra at bokmål dominerte i vekeblad og aviser, og fleire jenter enn gutar ville ha meir nynorsk i riksavisene (tabell 5.4.8). Derimot var jentene og gutane ganske samde om at nynorsk høver best i annonsar og redaksjonelt stoff i lokalavisene, og

noko fleire av jentene meinte bokmål passa best i ungdomsbøker og kjærleiksromanar (tabell 5.4.9). Det dei var vane til å sjå, var også det som passa best, og jentene var hakket meir konvensjonelle enn gutane i så måte.

Den forklaringa held ikkje for svara frå dei same Volda-elevane om tv-teksting i 1996. Nesten ingen av jentene ville ha tekstane på nynorsk (tabell 5.4.10). Eller kanskje handlar det om det same: Dei programma desse tenåringane såg, var slike som ein ikkje var vane til å sjå teksta på nynorsk.

I Oslo var 55 prosent av vidaregåande-elevar usamde i at det var for mange filmar var teksta på nynorsk i tv (tabell 5.8.12). Same året meinte 83 prosent av lærarar i vidaregåande skule i Oslo det same (tabell 5.7.1).

Då 123 ungdomsskule-elevar i Haugesund og Vindafjord blei spurde om teksting av tv-program i 2013, meinte 39 av 51 nynorskelevar det var greitt at NRK teksta nokre av programma på nynorsk (tabell 5.4.22). Bokmåselevane var delte på midten – 31 meinte det var greitt, 29 at det ikkje var greitt. Svært mange av bokmåselevane meinte at NRK ikkje burde tekste endå meir på nynorsk. Det same meinte 16 av 51 nynorskelevar.

Dette handla om fleire ting, også om ein eventuell samanheng mellom språk og lokale kulturtradisjonar. Dette fekk 300 elevar i seks kommunar spørsmål om i 2000. Di meir nynorsk var brukt i lokalsamfunna, di fleire meinte at nynorsk var ein viktig del av den lokale kulturen (tabell 5.4.11). Eit liknande mønster gjorde seg gjeldande for bokmål, men ikkje med så store utslag som for nynorsk. Elevane hadde sterkare meiningar om nynorsk og lokal kultur enn om bokmål og lokal kultur.

Liknande spørsmål blei stilte til elevar ved to vidaregåande skular i indre Agder i 2012. Åtte av ti nynorskelevar meinte nynorsk var ein del av kulturen i heimbygda deira, mot seks av ti bokmåselevar (tabell 5.4.16). Fleire nynorskelevar meinte altså dette, og dei meinte det sterkare. Meiningsskilnaden var endå større i spørsmålet om nynorsk burde brukast i barneskulen i heimbygda. Det meinte åtte av ti nynorskelevar, men berre tre av ti bokmåselevar (tabell 5.4.17). Mønsteret frå seks kommunar i 2000 kunne såleis finnast att i indre Agder i 2012.

61 elevar ved tre vidaregåande skular på Austlandet svara i 2010 på ei rekkje spørsmål om bruk av nynorsk. Elevane kom frå ein skule i bokmålsområde, i eit språkleg grenseområde og frå eit nynorskområde. Stort

sett meinte bokmålselevane det motsette av nynorskelevane, og i dei fleste spørsmåla var elevane i grenseområdet mest samde med nynorskelevane (tabell 5.4.14). 41 av elevane var heilt eller ganske samde i at nynorsk og bokmål burde bli verande jamstilte språk, medan 17 var heilt eller ganske usamde. 47 elevar var heilt eller ganske samde i at journalistane i dei store avisene burde få skrive på nynorsk viss dei sjølve ønskte det, men elevane var meir delte i spørsmåla om fleire filmar burde tekstast på nynorsk og fleire bøker omsetjast til nynorsk.

Dei fleste av desse Austlands-elevane meinte at haldninga deira til nynorsk hang saman med nynorskundervisninga dei fekk i skulen (tabell 5.4.15). Kva slags undervisning skulen tilbyr, har altså med meir å gjere enn fagleg dugleik og evna til å lese og skrive nynorsk. Like mange meinte rett nok at haldninga til nynorsk også hang saman med deira eigen kulturelle bakgrunn, men fleire elevar var usamde i dette enn i kva rolle undervisninga spelte.

123 ungdomsskule-elevar i Haugesund og Vindafjord svara på liknande spørsmål i 2013. Ein tredel av dei visste ikkje kva foreldra meinte om nynorsk (tabell 5.4.20). Heile 55 elevar meinte nynorsk ikkje er ein viktig del av norsk kultur, medan 51 elevar sa at det var litt eller heilt sant, og blant dei 41 var det særleg mange nynorskelevar. Derimot var nynorskelevane meir usikre enn bokmålselevane på om den kulturelle bakgrunnen påverka haldninga deira til nynorsk.

Også i denne undersøkinga skilde nynorsk og bokmålsbrukarane lag i meining, i like stor grad som på Austlandet. 40 av 51 nynorskelevar meinte at journalistar må få velje språk sjølve, og det same meinte 27 av 71 bokmålselevar (tabell 5.4.21). Dei fleste bokmålselevane meinte det ikkje var for lite nynorsk i avisene og at alt burde stå på bokmål. Dei fleste nynorskelevane meinte det var for lite nynorsk, men ville ikkje at alt skulle stå på nynorsk. Som så ofte elles markerte nynorskbrukarane ein tospråkleg posisjon i praksis.

Ungdomsskuleelevane i Volda var vane med nynorsk i lokalpressa og bokmål i rikspressa. Regionavisa Sunnmørsposten kartla i 2002 kva lesarane deira meinte om bruken av nynorsk i spaltene (tabell 5.4.12). Sju av ti meinte det var ei passeleg blanding av nynorsk og bokmål, men særleg i Ørsta og Volda var det fleire som ville ha meir nynorsk. I omlandet til Sunnmørsposten var det mykje meir nynorsk i bruk enn i avisspaltene (sjå kapittel 15.3). Vanen gjorde sitt; det var greitt at det var som det var.

Dei største riksavisene har tradisjonelt brukt mindre nynorsk i sitt redaksjonelle stoff enn mindre riksaviser og fleire regionaviser. Noregs Mållag lanserte i april 2006 kampanjen «Slepp nynorsken til!» retta mot VG og Dagbladet. Dei ville få desse to riksavisene til å bruke meir nynorsk på redaksjonell plass. Seks månader seinare overrekte Noregs Mållag 36 000 underskrifter til Dagbladet.

I januar 2006 hadde Sentio gjennomført ei spørjeundersøking om saka for Nynorsk Pressekontor (tabell 5.4.13). 29 prosent svarta at dei var samde i kravet, 50 prosent var usamde og 10 prosent visste ikkje kva dei meinte. Der var ingen meiningsskilnader mellom menn og kvinner, men langs alle andre variablar var skilnadene til dels store. Særleg mange sa ja blant dei over 50 år, med høgare utdanning, lita inntekt, vestlendingar, dei som budde på bygdene, og blant dei som røysta på sentrumspartia eller SV.

Nei-prosenten var større blant dei mellom 30 og 39 enn hos dei yngre og dei eldre. 30 prosent av dei under 30 år var samde i kravet. I ei spørjeundersøking med nokolunde same spørsmålet blant Oslo-elevar ved vidaregåande skular i 2005 sa derimot 44 prosent at dei to avisene burde sleppe til meir nynorsk (tabell 5.8.10). Det standpunktet hadde støtte frå eit fleirtal av elevar ved vidaregåande skular i nynorskområde og språklege grenseområde på Austlandet i 2010 (tabell 5.4.14). Det same meinte halvparten av elevane ved ein nynorsk ungdomsskule i Nord-Rogaland i 2013, medan elevane ved to bokmålsskular i same området i større grad var mot I denne saka var mange nynorskelevar usikre.

Fleire undersøkingar har vist at relativt fleire med lite utdanning bruker nynorsk. Sympatien for nynorsk i denne saka var derimot vesentleg mindre hos dei med lite utdanning enn hos dei med høgare utdanning. Derimot var også dei lågtlønnte i denne undersøkinga meir positive til nynorsk enn dei med høgare inntekt.

Di meir urbanisert folk budde, di fleire av dei var usamde i kravet frå Noregs Mållag. Størst tilslutning var å finne hos dei som budde på bygdene. Særleg dei som budde i Hordaland, Sogn og Fjordane eller Møre og Romsdal, var positive til meir nynorsk i VG og Dagbladet. Mest negative var dei som budde i Nord-Noreg.

At også ganske mange i Vestfold ville ha meir nynorsk i osloavisene, kan verke overraskande, men vel så uventa var det at heile 24 prosent i Sogn og Fjordane ikkje visste kva dei skulle meine om saka.

Partipolitisk var mønsteret det same som i dei store valundersøkingane. Den positive innstillinga til nynorsk var størst i sentrumspartia og i SV. Meiningskilnadene blant veljarane til Framstegspartiet og Arbeiderpartiet var derimot små. Også blant Venstre-veljarane var eit fleirtal imot. Dermed stadfesta også denne undersøkinga at dette partiet har endra veljargrunnlaget sitt kraftig.

I slike underlagsmateriale er feilmarginane særleg store. Tendensane i desse svara var likevel så tydelege at nokre av dei lange linjene i norsk kulturhistorie kom til syne.

200-årsjubileet for Ivar Aasen var grunnlaget for Språkåret. Kor mange har høyrte om ein person som levde og døydde på 1800-talet, og kva slags inntrykk har dei av han? Hausten 2012 hadde 96 prosent høyrte om Ivar Aasen. Hausten 2013 hadde 98 prosent høyrte om han. Det høge talet frå 2012 blei altså stadfesta og vel så det (tabell 5.4.18).

For eit år sidan hadde vel fem av ti eit svært godt eller ganske godt inntrykk av Ivar Aasen. I november 2013 svara seks av ti det same (tabell 5.4.19). Fleire meinte noko om han, og fleire hadde eit positivt bilete av han enn før Språkåret tok til. Hausten 2013 hadde berre fem prosent eit dårleg inntrykk av han. Forholdet mellom oppfatningane om Ivar Aasen og nynorsk er ein viss parallell til politiske spørjeundersøkingar der ein partileiar kan vere meir – eller mindre – populær enn partiet.

5.5 Engelsk og norsk

Nordmenns haldningar til engelsk har vore undersøkte nokre få gonger etter 1945, og der er store skilnader i synet på engelsk.

Nynorsk faktabok 2005 presenterte fleire undersøkingar der meiningane om engelsk var sorterte etter språket til svararane. Den eldste, kjende undersøkinga stod Anne Steinsvik Nordal for i 1996. Blant niandeklassingar i Volda meinte ein av tre at det var greitt med engelske ord i norsk, og fem av ti meinte det var greitt med ein del engelske ord (tabell 5.5.1). I 1998 meinte åtte av ti elevar ved vidaregåande skular i Hordaland at det var greitt med engelske butikknamn i Noreg (tabell 5.5.2).

I Hordalands-tala var det, litt uventa, jentene blant nynorskbrukarane som var mest reserverte overfor engelske namn på butikkar og firma. I Volda var nettopp jentene ørlite meir positive enn gutane til engelske

ord i norsk. Bokmålsbrukarane blant Hordalands-elevane var meir positive til engelsk enn nynorskbrukarane. Dette skiljet mellom nynorsk- og bokmålsbrukarar er endå tydelegare blant dei vaksne (tabell 5.5.3). Nynorskbrukarane var i 2002 både fleire som meinte at det bør lagast nye norske ord, og dei meinte det sterkare enn bokmålsbrukarane (tabell 5.5.4). Der var nynorskbrukarane også mykje meir negative til engelsk som arbeidsspråk enn bokmålsbrukarane (tabell 12.3.1). Sju av ti var heilt eller nokså usamde i at det var best om alle brukte engelsk.¹⁰³

I 2007 gjennomførte Språkrådet den første større spørjeundersøkinga om emnet på lang tid. Heile 86 prosent var samde i at det er viktig å vere medvite om sitt eige språk og bruke norske ord og uttrykk (tabell 5.5.5). Derimot svara 50 prosent at det ofte var enklare å bruke engelske enn norske uttrykk, men berre 22 prosent meinte at engelsk var eit betre språk enn norsk.

Den positive haldninga til engelsk stod noko sterkare blant menn enn blant kvinner (tabell 5.5.6). Dei yngre var mykje meir positive enn dei eldre, og tilsvarande som i undersøkinga av haldninga til nye minoritetspråk (tabell 5.1.4) var det blant dei med minst og mest utdanning den positive innstillinga var størst også til engelsk. Særleg i Oslo, men også på resten av Austlandet, var det fleire som meinte at engelsk er betre enn norsk enn tilfellet var i resten av landet, trass i at det er desse andre landsdelane som står for det meste av eksporten.

Vel halvparten av dei spurde var usamde i at dei fleste snakkar engelsk om 50 år (tabell 5.5.7). Mennene var ein tanke meir samde enn kvinnene. Alder gav uventa lite utslag: 50 prosent av dei mellom 15 og 29 år, og 50 prosent av dei over 50 år, meinte dei fleste ikkje snakkar engelsk om 50 år. Sterkast uttrykk for dette gav vestlendingane, medan Oslo-folk hadde meir tru på engelsk om 50 år enn folk i nokon annan landsdel. Det var i det heile ein markert motstand mot bruk av engelsk i ulike samanhengar i 2007, og særleg til engelske butikknamn og at norske selskap brukar engelsk som arbeidsspråk (tabell 5.5.8).

Heile 67 prosent var negative til at mange butikkar brukte «sale» i staden for «salg»; alternativet «sal» blei ikkje nemnt av Språkrådet som stod bak undersøkinga (tabell 5.5.9). Fleire menn enn kvinner var positive til bruken av «sale», vesentleg fleire yngre enn eldre, og – også her – dei

¹⁰³ Gjert Kristoffersen ofl.: *Norsk i hundre!*, Oslo 2005, s. 23 f.

med minst utdanning var meir positive enn dei med utdanning frå universitet og/eller høgskule.

46 prosent av alle spurde brukte i 2007 engelske ord ein eller fleire gonger om dagen (tabell 5.5.10). Dette gjaldt fleire menn enn kvinner, svært mange fleire yngre enn eldre, og vesentleg fleire med høgare utdanning enn dei med grunnskule som høgaste utdanning (tabell 5.5.11). Minst bruk av engelske ord i daglegtalet var det i Nord-Noreg og det som i ein del spørjeundersøkingar no blir kalla Vestre Austlandet.

Dei aller fleste nordmenn meiner det er viktig å verne det norske språket. Slik svara ni av ti hausten 2007 (tabell 5.5.12). Så mykje som 61 prosent var heilt samde i dette. På same måten som mennene hadde noko meir tru på engelsk enn på norsk i framtida, var det ørlite fleire kvinner som la særleg vekt på vern av norsk. Skilnadene mellom ulike aldersgrupper var små, ni av ti også blant dei under 30 år delte synspunktet. Same kva landsdel ein budde i, var svaret stort sett det same.

Økonomistudentar ved Universitetet i Bergen og Noregs handelshøgskule blei vinteren 2011/12 spurde om deira syn på engelske og norske finastermar. For dei var engelsk ikkje noko stort problem. To av tre, 77 av 117, var heilt eller delvis usamde i at det er for mange engelske termar i finansnæringa (tabell 5.5.13). Det var brei semje om at dei engelske termene er meir presise, og at dei norske termene ikkje er gode, men sju av ti var også heilt eller delvis samde i at det er viktig å utvikle norske omgrep. Her var kvinnene meir positive til norske omgrep enn mennene, som på si side meinte sterkare det dei meinte (tabell 5.5.14 og 5.5.15). I det avgrensa utvalet var NHH-studentane noko meir positive til norske omgrep enn studentane ved Universitetet i Bergen var (tabell 5.5.16 og 5.5.17).

5.6 Lesing og skriving

Dei språkvala tenåringane tek, verkar inn på haldningane deira etterpå, iallfall for ei tid. Eit stort mindretal av bokmålsbrukarar vil helst ikkje lese nynorsk, og eit like klart mindretal av nynorskbrukarar har eit anstrengt forhold til sitt eige språk.

Frå 1980-åra har den store verdiundersøkinga Norsk Monitor kartlagt mange samfunnsspørsmål, i ein periode også haldningane til å lese

bøker, blad og aviser på nynorsk. Med litt variasjonar undervegs var det både i 1985 og 1999 ni prosent som føretrekte å lese bøker på nynorsk (tabell 5.6.1). Dei store lesargruppene var å finne på Vestlandet. Der sa fem av ti at dei føretrekte å lese på nynorsk. Samstundes var der ein nedgang å spore. Frå 1985 til 1999 styrkte KrF posisjonen sin blant nynorskbrukande veljarar, medan særleg Ap og H gjekk tilbake.

Eit nærbilete av åra 1995–1999 viste at mennene var ørlite meir positive til å lese nynorsk enn kvinnene var, velviljen minka i takt med urbaniseringsgrad, og vestlendingane var mykje meir positive enn andre (tabell 5.6.2). Utdanning hadde lite å seie, men alder slo ut – dei eldre var meir positive enn dei yngre. Det største skiljet gjekk mellom innbyggjarane i nynorskkommunar og andre delar av landet. Jamt over føretrekte 34–54 prosent av innbyggjarane i nynorskkommunane å lese nynorsk, med lågast prosentdel i aldersgruppene 25–39 år, medan berre fire prosent av innbyggjarane i andre kommunar føretrekte lesestoff på nynorsk.

Svararane kunne gradere haldninga si ut frå fem svaralternativ: a) Liker godt å lese nynorsk, b) Synest det går greitt å lese nynorsk, c) Vil helst sleppe å lese nynorsk, d) Kan ikkje tenkje meg å lese nynorsk, og e) Usikker. 39 prosent likte i 1999 godt eller syntest det var greitt å lese nynorsk, men 41 prosent ville helst sleppe og 19 prosent kunne ikkje tenkje seg å lese nynorsk (tabell 5.6.3). Det er tal som viser stor avstand mellom allmenn toleranse og spesifikk handling. Dei som var positive til nynorsk, var meir positive di meir bøker dei las generelt. Blant dei negative var haldninga den same om dei las mange eller få bøker.

Der er ein viktig nyanse i dette. 11 prosent av bokmålsbrukarane i nynorskkommunar likte godt å lese nynorsk, 43 prosent synest det gjekk greitt, men 32 prosent ville helst sleppe, og 11 prosent kunne ikkje tenkje seg å lese nynorsk.¹⁰⁴ Bokmålsbrukarar i nynorskkommunar var altså meir positive til å lese nynorsk enn bokmålsbrukarar i resten av landet.

Tre av ti nordmenn liker i nokon grad eller i svært stor grad å lese nynorsk. Det var iallfall situasjonen i 2006 (tabell 5.6.11). 30 prosent likte det i nokon grad eller i svært stor grad. Noko fleire kvinner enn menn gjorde det, dei over 50 år mest og gruppa 30–39 år minst. 45 prosent av dei med meir enn treårig høgare utdanning likte å lese nynorsk, mot berre

¹⁰⁴ Håvard Teigen: «Nynorsk og regional utvikling», i Elisabeth Bakke og Håvard Teigen (red.): *Kampen for språket*. Oslo 2002, s. 167.

23 prosent av dei med vidaregåande skule. Folk med middels høge inntekter var meir positive enn andre inntektsgrupper. Svakast stod lesing på nynorsk i dei mindre byane med 5000–50 000 innbyggjarar, og i denne undersøkinga var det faktisk fleire i Oslo enn på bygdene som likte å lese nynorsk. På Vestlandet gjorde 45 prosent det, i Nord-Noreg berre 17 prosent og på Austlandet utanom Oslo 18 prosent. Mest negative var innbyggjarane i Finnmark og Vestfold, der 79 og 76 prosent i liten grad likte å lese nynorsk. Mest positive var folk i Sogn og Fjordane. Der las 74 prosent gjerne nynorsk, i nokon eller svært stor grad.

Den som liker å lese nynorsk, har altså bra utdanning, tener midels, bur i Oslo, i tettstader eller på bygda, aller helst på Vestlandet.

Det kan vere eit argument for at alle bør lære å lese og skrive begge språka, men jamt over veg det nok tyngre som eit argument mot. Den språkdelte norske kulturen er blitt meir akseptert med åra. Med dei læreplanane som blei innførte frå og med skuleåret 2006/07, blei det eit overordna krav at alle elevar skal lære å lese og skrive både bokmål og nynorsk. I 2008 var det vesentleg fleire enn nynorskbrukarane som meinte dette er viktig (tabell 5.6.13). 27 prosent var samde i dette, og skilnadene var ganske små mellom dei som budde i bygder, i småbyar, større byar og Oslo. 44 prosent var usamde, medan heile 28 prosent la seg midt imellom.

Tendensen til at svararane fordelte seg ganske likt mellom desse tre svara, pregar undersøkinga. Det var jamt over mange fleire som var heilt usamde enn som var heilt samde. Unntaket var vestlendingane. For Vestlandet under eitt var 21 prosent heilt usamde og 22 prosent heilt samde. I Sogn og Fjordane var berre 4 prosent heilt usamde og heile 35 prosent heilt samde. Også i Hordaland og Møre og Romsdal var det mange fleire som var heilt samde enn heilt usamde.

Med stigande alder auka tilslutning til synspunktet om verdien av opplæring i begge språka. Utdanning og arbeid hadde derimot lite å seie. Den partipolitiske skilnaden var derimot tydeleg.

Høgre-veljarane var dei mest negative. Heile 37 prosent var usamde, og berre 10 prosent samde. Dei tilsvarende tala for Framstegsparti-veljarar var 34 prosent og 14 prosent. Blant Arbeiderparti-veljarane var engasjementet like sterkt på begge sider. Berre Senterpartiet og Venstre hadde fleire veljarar som var heilt samde enn heilt usamde. Sett under eitt for stortingspartia hadde berre Senterpartiet fleire veljarar som var samde

enn usamde i at det å lære å lese og skrive både nynorsk og bokmål er verdifullt. Flest veljarar som plasserte seg midt imellom, hadde Venstre, Kristeleg Folkeparti og Arbeiderpartiet.

Undersøkinga blei gjennomført på ny tre år seinare (tabell 5.6.17). Samla var svarmønsteret i 2011 svært likt det i 2008, men motstanden var blitt større i Oslo og Akershus. Diverre har det ikkje vore mogleg å skaffe komplette data frå dei som gjennomførte denne undersøkinga.

Ei rekkje regionale og nasjonale undersøkingar frå og med 1996 viser nokre ganske eintydige mønster når det gjeld å lese og skrive nynorsk og bokmål.

Over 3700 elevar i 10. klasse og på VK1 ved nesten 1000 skular svara vinteren 2006 på ei rekkje spørsmål om deira syn på språk, lesing og skrivning. Skilnadene mellom ungdomsskule og vidaregåande skule var liten i år, men stor i prosent.

«Liker du å lese bokmål?» var eitt av spørsmåla. I ganske stor eller svært stor grad, svara tre av fire (tabell 5.6.6). I svært liten eller ganske liten grad, svara resten. Jamt over likte bokmåselevane litt betre å lese tekstar på bokmål enn nynorskelevane gjorde. Dei som generelt likte dårleg å lese, same kva språk tekstane var på, vil nok særleg finnast blant dei som likte minst å lese. Der plasserte likevel berre ein av ti elevar seg.

Dette verken overraskar eller uroar. Det store fleirtalet av 16- og 17-åringar likte å lese tekstar på bokmål. Ubehaget slår først inn med svara på spørsmålet «Liker du å lese nynorsk?» Nei, svara åtte av ti (tabell 5.6.5). Så mange var det som i ganske liten eller svært liten grad likte å lese tekstar på nynorsk. Ni av ti bokmåselevar svara slik, men også seks av ti nynorskelevar likte i liten grad å lese nynorsk. Jamt over likte nynorskelevane betre å lese bokmål enn nynorsk, og dei likte det mykje dårlegare i ungdomsskulen enn i vidaregåande.

I 2006 mislikte den typiske nynorskbrukaren blant tenåringane like mykje å lese tekstar på nynorsk som på engelsk. Ja, unge nynorskbrukarar likte betre å lese bokmål enn engelsk, medan bokmålsbrukarane likte uhorveleg mykje betre å lese engelsk enn nynorsk (tabell 5.6.7).

Fire år seinare var det framleis slik på Austlandet at bokmåselevar i vidaregåande skule i større grad enn nynorskelevane likte å lese sitt eige språk (tabell 5.6.16).

Det gjaldt også ved to vidaregåande skular på Sørlandet i 2012. To av tre nynorskbrukarar likte best å lese bokmål og to av ti las like gjerne

bokmål som nynorsk (tabell 5.6.18). Berre to av ti nynorskbrukarar likte best å lese nynorsk. Så godt som alle bokmålelevane likte berre å lese bokmål. Dette mønsteret gjekk att då spørsmålet gjaldt kva språk som var lettast å lese, men då var det ingen av nynorskbrukarane som syntest det var lettast å lese nynorsk (tabell 5.6.19). I mykje større grad enn bokmålelevane las nynorskelevane like gjerne tekstar på begge språka (tabell 5.6.21).

Unntaket var Firda vidaregåande skule i Nordfjord. Det sa 88 prosent av elevane i 2010 at dei likte å lese nynorsk (tabell 5.8.16).

Store grupper av unge nynorskbrukarar har med andre ord eit dårleg språkleg sjølvbilete og eit negativt eller vanskeleg forhold til sitt eige språk. Korleis eit språkleg sjølvbilete kan bli så dårleg, er der minst tre forklaringar på, utan at det hjelper så mykje.

Forklaring 1: Både blant nynorsk- og bokmålelevar er der ein del som generelt ikkje liker å lese. Om desse utgjer ein større del av nynorskelevane enn av bokmålelevane, veit ingen, men særleg sannsynleg er det ikkje. Svara i undersøkinga kan tyde på at ein av ti elevar var slike ikkjelesarar. Når ein av ti nynorskelevar i svært liten grad likte å lese bokmål, medan to av ti nynorskelevar i svært liten grad likte å lese nynorsk, tyder det på at dei generelle leseholdningane blir forsterka av haldninga til kvart av språka.

Forklaring 2: Tenåringane finn ikkje det lesestoffet på nynorsk som dei er mest interesserte i. Dei fekk ikkje noko spørsmål om kva type lesestoff dei likte best eller minst, men vi veit at sjangerbreidda av lesestoff på nynorsk for tenåringar er mykje mindre på nynorsk enn på bokmål (sjå kapittel 7.6). Ein vesentleg svarskilnad peikar i same lei. Heile seks av ti nynorskelevar i ungdomsskulen likte i liten grad å lese nynorsk, mot tre av ti i vidaregåande skule. Den mentale skilnaden mellom desse to gruppene er større enn aldersskilnaden skulle tilseie. Det skal meir til for at 15-åringen liker det han les, enn at 18-åringen gjer det.

Forklaring 3: Dei generelle haldningane til dei norske språka slår tungt inn. Desse tenåringane er svært vare for dei allmenne haldningane heime, i venekrinsen, blant klassekameratane, ute i verda. Sjansen er mykje større for at ein ung nynorskbrukar gong på gong høyrer negative utfall mot språket hennar enn at ho høyrer positive utrop om det same. Når mange andre misliker nynorsk, skal det litt til for at ein sjølv liker det.

At språkhaldningane slår inn, viser seg i svara på spørsmålet om kor godt elevane liker å lese engelsk. Der svara nynorsk- og bokmålelevane med små skilnader det same, men med den systematiske skilnaden at nynorskelevane var meir atterhaldne til å lese engelsk enn bokmålelevane var.

På viktige punkt var dei same mønstera der når det handla om å skrive nynorsk og bokmål.

I 1996 meinte om lag like mange ungdomsskule-elevar i Volda at det var lett å skrive både nynorsk og bokmål (tabell 5.6.4). Gutane meinte nynorsk var lettast, jentene bokmål. Slik var det også med svara på spørsmål om det var nynorsk eller bokmål som var lettast å skrive korrekt.

På landsplan likte svært få bokmålelevar i 2006 å skrive nynorsk. Også halvparten av nynorskelevane sa at dei i svært liten eller ganske liten grad likte å skrive nynorsk (tabell 5.6.8). Det kunne forklarast med at langt frå alle liker å skrive i det heile, men her var det slik at halvparten av nynorskelevane svara det same om det å lese nynorsk. Nynorskelevane hadde endå større avstand til å skrive bokmål, som få bokmålelevar ikkje likte å skrive (tabell 5.6.9).

Slik var det også i Valdres i 2009. Åtte av ti nynorskelevar ved Valdres vidaregåande skule sa då at dei likte godt eller ganske godt å skrive nynorsk (tabell 5.6.14). Det gjorde også ein av tre bokmålelevar. Seks av ti av dei som hadde skifta til bokmål, hadde distansert seg og likte ikkje så godt eller ville helst ikkje skrive nynorsk. På den andre sida likte ni av ti bokmålelevar å skrive bokmål. Det same gjorde nesten sju av ti nynorskelevar. Bokmålelevane var såleis meir positive til bokmål enn nynorskelevane til nynorsk. Ein av tre ville helst ikkje skrive nynorsk, og berre ein av ti likte svært godt å skrive nynorsk.

Elevar ved tre vidaregåande skular på Austlandet meinte i 2010 at det var viktig å lære nynorsk språkhistorie på skulen (tabell 5.6.15). Det var omtrent det einaste nynorsk- og bokmålelevane var samde om. Anten spørsmålet var om alle burde lære nynorsk på skulen, om det var viktig å lære å skrive nynorsk på skulen, om det var nødvendig å lese nynorske tekstar på skulen eller om tida til nynorskundervisninga burde brukast til noko anna, svara dei fleste nynorskelevane ja og dei fleste bokmålelevane nei. Elevane i eit språkdelt område spreidde seg meir over heile skalaen frå heilt samd til heilt usamd.

Desse elevane blei spurde om kor lett det var å skrive nynorsk og bokmål. I noko større grad enn nynorskelevane syntest bokmålselevane det var lett å skrive språket sitt (tabell 5.6.16). Her som andre stader var nynorsk- og bokmålselevar samde om at det var lett å lese og å skrive bokmål, men berre dei fleste nynorskelevane og elevane i det språklege grenseområdet meinte det også var lett å lese og å skrive nynorsk.

Likevel var det i 1996 slik at 64 prosent av vidaregåande-elevar over heile landet meinte det var vanskeleg å skrive nynorsk, men berre 12 prosent meinte det var vanskeleg å skrive bokmål (tabell 5.8.3).

Den motviljen mot eige språk hos unge nynorskbrukarar som blei dokumentert på nasjonalt nivå i 2006, blei stadfesta i ei undersøking blant elevar ved to vidaregåande skular i indre Agder i 2012. Der likte nynorskelevane jamt over betre å skrive bokmål enn nynorsk (tabell 5.6.20). Fire av ti nynorskbrukarar i undersøkinga på Sørlandet likte best å skrive nynorsk – og like mange likte like godt å skrive både bokmål og nynorsk. Her svara åtte av ti bokmålsbrukarar at dei likte best å skrive bokmål. Derimot meinte alle bokmålsbrukarane at det var lettast å skrive bokmål, medan halvparten av nynorskbrukarane meinte det var like lett å skrive begge språka (tabell 5.6.21). Få nynorskbrukarar ved dei to skulane i indre Agder meinte at det var lettast å skrive nynorsk.

I Møre og Romsdal var det eit liknande bilete i 2013, skarpt språkdelt. 100 av 183 vidaregåande-elevar i Molde og 87 av 195 elevar ved Fagerlia i Ålesund ville helst ikkje skrive nynorsk (tabell 5.6.23). I Volda likte derimot 89 av 112 elevar godt eller svært godt å skrive nynorsk.

På landsplan var det i 2006 slik at ei med gode karakterar såg meir positivt på kvarandre sine språk enn dei som gjorde det dårleg i norsk (tabell 5.6.10). Det mønsteret var ganske likt for både nynorsk- og bokmålselevane.

Svara om skrivning forsterkar dei haldningane som viste seg i svara om lesing og rører ved grunnleggjande spørsmål i norsk utdanningspolitikk.

Biletet anno 2006 kan fyllast ut med haldningane hos elevar ved fire vidaregåande skular i Møre og Romsdal to år seinare. Nynorskelevane lånte i større grad bøker på både nynorsk og bokmål enn bokmålselevane (tabell 5.6.12). Kvar tredje bokmålselev ville ikkje låne ei bok viss den var på nynorsk, men ein av ti nynorskelevar ville helst berre låne nynorsk bøker. Prisen ved å vere nynorskbrukar er at ein er praktiserande tospråkleg

og er positiv til bokmål, medan bokmålsbrukarane skjermar seg mot nynorsk.

Kva som er kjekt eller lettast å lese, heng nok nøye saman med kva type lesestoff som faktisk er tilgjengeleg på ulike språk. Kva ein helst les og skriv, er ofte eit spørsmål om eigen vane og det som dominerer i miljø som er viktige for vedkomande (sjå kapittel 7.6). Difor var det som venta at dei aller fleste nynorskbrukarane i undersøkinga på Sørlandet meinte det var mest naturleg for dei å skrive nynorsk, og at dei aller fleste bokmålsbrukarane sa det same om bokmål (tabell 5.6.22).

Nynorskelevar i Vindafjord meinte i 2013 at det ikkje var vanskeleg å forstå tekstar på nynorsk, og det same sa bokmålselevane i Haugesund (tabell 5.6.24). I spørsmåla om å lese og skrive nynorsk skilde dei derimot lag, desse også. Dei fleste nynorskelevane meinte det var greitt å lære å lese og å skrive tekstar på nynorsk, og dei fleste bokmålselevane mente det ikkje var greitt. Få bokmåselevar meinte det var kult å kunne skrive nynorsk, og nynorskelevane delte seg. 27 meinte det var kult, 17 ikkje. Nokolunde same mønsteret viste seg i spørsmålet om tekstar på nynorsk verkar meir ekte enn tekstar på bokmål. Nynorskbrukarane hadde altså ikkje eit eintydig positivt forhold til sitt eige språk.

5.7 Lærarar

I sine allmenne oppfatningar om språkopplæring og språkpolitikk skil lærarane seg lite ut frå resten av innbyggjarane i Noreg.

I den undersøkinga frå 2006 som er referert ovanfor, blei elevane også spurde om korleis dei oppfatta lærarane si innstilling til sidemål, som for ni av ti ville seie nynorsk (tabell 5.7.2). At elevane meiner noko om lærarane, er ikkje det same som at det er dette lærarane meiner, men det inntrykket elevane har av lærarane, har mykje å seie også for innstillinga deira til eit fag eller emne. Nynorskelevane meinte lærarane var mykje meir positive innstilte til sidemål enn bokmåselevane meinte deira lærarar var. Berre 11 prosent av elevane meinte at lærarane deira anten var litt eller veldig negative.

Ungdomsskule-elevar i Vindafjord og Haugesund fekk liknande spørsmål i 2013 (tabell 5.8.20). Bokmåls- og nynorskelevane var heilt same om at norsklærarane deira var veldig positive til nynorsk.

Svar i ei undersøking året før peika i retning av at lærarane iallfall i Oslo var om lag så positive til nynorsk som elevane generelt meinte lærarane var (tabell 5.7.1). Åtte av ti var heilt eller litt samde i at VG og Dagbladet burde ha meir stoff på nynorsk, åtte av ti var heilt eller litt usamde i at for mange utanlandske tv-seriar var teksta på nynorsk, og sju av ti var heilt eller litt samde i at fleire utanlandske bøker burde omsetjast til nynorsk.

I 2006 gjorde 73 ungdomsskulelærarar i Oslo greie for sitt syn på nynorsk. Det vil seie at kvar femte Oslo-lærer i ungdomsskulen var med i undersøkinga. Eit stort fleirtal var samd i jamstillinga mellom nynorsk og bokmål, og endå fleire brukte like gjerne litteratur på nynorsk som på bokmål i undervisninga (tabell 5.7.3). Derimot meinte eit fleirtal at det var unødvendig for elevane å lære å skrive nynorsk, og at den undervisningstida heller burde brukast på andre delar av norskfaget (tabell 5.7.4). Obligatorisk sidemålsundervisning burde avviklast, meinte fleirtalet, men dei var likevel samde i at den undervisninga var med og heldt oppe det språklege mangfaldet i Noreg.

Så eintydige var ikkje meiningane då norsklærarar i 2010 blei utfordra på sine eigne fagspørsmål. Lærarane skilde ikkje mellom munnlege og skriftlege ferdigheiter – begge delar var like viktige (tabell 5.7.6). Derifrå skilde meiningane lag, og dei avgjerande skilja var kva førstespråk, utdanning og røynsle lærarane sjølve hadde.

61 prosent meinte at sidemålsundervisninga var svært viktig eller ganske viktig, men 71 prosent av bokmålsbrukarane blant lærarane meinte den var mindre viktig eller ikkje viktig (tabell 5.7.5).

48 prosent av norsklærarane var usamde i at nynorsk og bokmål er jamstilte språk i læreplanen (tabell 5.7.7). Med det var dei like delte som folk flest i det spørsmålet (tabell 5.1.5). Interessant nok var heile 78 prosent av bokmålsbrukarane blant lærarane usamde i den jamstillinga.

Like delte var meiningane i spørsmålet om det burde undervisast i nynorsk og bokmål på alle årssteg i ungdomsskulen og vidaregåande skule (tabell 5.7.7). 51 prosent sa ja, 41 prosent nei. Språket var skilnaden: 79 prosent av lærarane med nynorsk som førstespråk ville ha slik undervisning på alle årssteg, mot 44 prosent av lærarane med bokmål som førstespråk. Her syner underlagsmaterialet at halvpartane av alle lærarane meinte sidemålsundervisninga var ganske viktig eller svært viktig. Det gjorde 74 prosent av nynorsklærarane og 47 prosent av bokmålslærarane.

Blant lærarane på yrkesfag i vidaregåande og blant lærarar med lite erfaring meinte eit tydeleg fleirtal at sidemålsundervisning ikkje var viktig.

Slik var det også med meiningane om elevar i ungdomsskulen bør kunne lese og skrive både nynorsk og bokmål (tabell 5.7.8). 48 prosent svarta ja, 47 prosent meinte det var nok å kunne lese nynorsk, ikkje skrive det språket. Her var meiningsskilnaden endå større. 87 prosent av lærarane med nynorsk som førstespråk meinte alle elevane burde lære alt dette, og 39 prosent av lærarane med bokmål som førstespråk.

To av tre lærarar meinte det var nok at minoritetsspråklege elevar kunne skrive hovudmålet (tabell 5.7.9). Berre i dette spørsmålet i undersøkinga var skilnaden liten mellom dei to gruppene av språkbrukarar. 51 prosent av lærarane med nynorsk som førstespråk svarta slik, og 69 prosent av lærarane med bokmål som førstespråk. Berre tre prosent av alle lærarane meinte at desse elevane burde kunne skrive begge dei norske språka. Minoritetsspråklege elevar har i fleire tiår hatt høve til å få opplæring berre i eitt norsk språk, og den tradisjonen viser att i svara (sjå kapittel 8.2).

Altså: Norsklærarane med nynorsk som førstespråk var mykje meir samde enn bokmålslærarane i jamstillinga mellom nynorsk og bokmål i læreplanen, at undervisninga i sidemål må gjelde på alle årssteg frå og med ungdomsskulen, og at alle elevar frå og med ungdomsskulen bør kunne lese og skrive både nynorsk og bokmål.

5.8 Elevar

I spørsmål som gjeld opplæringspolitikk og allmenn språkpolitikk er nynorsk- og bokmålslevane knapt samde om noko som helst.

Nesten alle nynorskelevane ved vidaregåande skular i Sauda i 1979 meinte at nynorsk når nærast dialekten deira (tabell 5.8.1). Eit fleirtal av dei elevane som hadde skifta til bokmål, og av dei elevane som heile tida hadde bokmål som førstespråk, meinte derimot at bokmål når nærast dialekten deira.

Den første store undersøkinga av ungdoms haldningar til nynorsk og bokmål blei gjennomført i 1996. Før den tid hadde det vore mest gjetterverk og ønsketenking. Berit Skog, Anne Haukenes og Ronny Jørgenvåg fekk inn svar frå heile 5000 elevar ved 111 vidaregåande skular. Materialet

blir ekstra interessant gjennom ei jamføring med den undersøkinga frå 2006 som er nemnd tidlegare.

At 27 prosent av elevane var positive til nynorsk, viser at det er mange fleire enn dei primære nynorskbrukarane som har ei slik oppfatning (tabell 5.8.2). Sjølv på Austlandet, der nynorsken no står svakare enn tidlegare i dei fleste samanhengar som blir målte i statistikkar, var kvar fjerde ungdom positiv til nynorsk. Undersøkinga viste at velviljen til nynorsk auka i takt med bokmengda heime. Knapt nokon variabel slo sterkare ut enn akkurat denne. Ein annan tendens var at di fleire bøker, di større språkleg toleranse. Undersøkinga synta også ein klar samheng mellom bokmengd heime og kor mykje utdanning foreldra hadde.

At bokmåselevar som var positive til nynorsk, var meir kulturelt aktive enn dei som var negative, overraska ikkje. Slik oppstår den kulturelle reproduksjonen som i neste generasjon får følgjer for haldningar og framferd i den språkdelte norske kulturen. Meir uventa var det at jenter var noko meir positive til nynorsk enn gutane var. Haldningane blant nynorskelevane i Volda same året kunne tvert om tyde på at jentene framleis er såpass rolleorienterte at dei gjerne også er mindre positive til nynorsk.

Haldninga til språka følgde karakterane også her. Dei som meistra skulens prestasjonskrav, var jamt over meir positive til nynorsk enn dei som streva. Også studieretningane viste eit haldningsskilje. Mange fleire av nynorskbrukarane på yrkesfaglege var negative til sitt eige språk enn dei som gjekk på allmennfag. At så mange som åtte av ti nynorskbrukarar på yrkesfag var negative til nynorsk, kastar lange skuggar over fleire dominerande trekk i norsk skule- og språkpolitikk, og forklarar noko av dynamikken i den språklege lekkasjen av nynorskbrukarar.

I synet på bokmål skilde det lite mellom kva parti tenåringane valde. Jamt over var 96 prosent positive. Haldninga til nynorsk varierte derimot mykje med partival. Flest nynorskpositive var der bant veljarane til sentrumsparti, og berre blant KrF-veljarane var eit fleirtal positive til nynorsk: 52 prosent. Mest negative var FrP-, H- og Ap-veljarane der høvesvis 83, 77 og 76 prosent var negative til nynorsk.

Dei haldningane som er dokumenterte ovanfor i spørsmål om det å lese og skrive nynorsk og bokmål, gjekk att også i 1996-undersøkinga (tabell 5.8.3). Svara har ikkje vore sorterte etter førstespråket til elevane, men bokmåselevane utgjorde over 80 prosent av svararane (tabell 5.8.2).

Mange fleire likte det dei las på bokmål enn det dei las på nynorsk. Så godt som alle elevane meinte bokmål var lett å forstå, og det same meinte halvparten av elevane om nynorsk. 64 prosent meinte at nynorsk var vanskeleg å skrive, og 12 prosent meinte bokmål var vanskeleg å skrive.

Dei fleste nynorskelevane ved Volda ungdomsskule meinte det var like viktige å halde på dialekten som på skriftspråket sitt, og dei var meir opptekne av skriftspråket enn av dialekten (tabell 5.8.4). Her svarta stort sett jentene og gutane det same, men dei skilde lag på spørsmålet om dei trudde dei kom til å bruke mest nynorsk eller bokmål i framtida (tabell 5.8.5). Åtte av ti gutar meinte at dei kom til å bruke nynorsk mest, mot seks av ti jenter. Rett nok trudde ni av ti jenter og gutar at dei kom til å bruke nynorsk på vidaregåande skule (tabell 5.8.6). Her svarta mange fleire gutar enn jenter at foreldra deira nok venta at dei skulle halde fram som nynorskbrukarar, og elevane hadde generelt stor tru på at dei kunne bruke nynorsk i dei yrka dei ville velje, og at nynorsk kunne brukast i dei fleste yrka. Var der ein idé om språkskifte kom den altså frå forventningane i omgivnadene

Ei anna undersøking stod Hordaland Mållag for i 1998 blant nesten 300 elevar på fire vidaregåande skular i fylket. Der svarta fire av ti ja og fire av ti nei på spørsmålet om vi treng to skriftspråk i Noreg (tabell 5.8.7). Slik fordelte også svarta seg då eit landsrepresentativt utval i 2012 og 2013 blei spurt om jamstillinga mellom nynorsk og bokmål bør halde fram (tabell 5.1.5). Blant nynorskelevane var mange fleire jenter enn gutar for to skriftspråk, men på dei fire skulane Arna, Sotra, Stord og Voss var det berre på Voss eit fleirtal av elevane var for to skriftspråk.

Jamstillingsvedtaket av 1885 er altså meir omstridd blant veljarane enn hos dei folkevalde.

Ved dei fire skulane meinte åtte av ti av det ikkje var for mykje nynorsk i samfunnet (tabell 5.8.8). Det meinte 87 prosent av nynorskelevane og 63 prosent av bokmålelevane. Mange fleire jenter enn gutar sa at ikkje var for mykje nynorsk. Særleg tydeleg var dette i synet på engelske ord i norsk.

Tre av fire sa at dei aldri hadde tenkt på å skifte førstespråk, men det var ein svak tendens til at fleire jenter enn gutar blant nynorskelevane hadde tenkt tanken (tabell 5.8.9). På dette spørsmålet var det knapt skilnader mellom skulane.

Dette var ein statusrapport frå Hordaland i 1998. Seks år seinare svara 798 nynorskelevar i Sogn og Fjordane på liknande spørsmål (tabell 5.8.10). Tre av fire trudde ikkje nynorsk ville bli ein ulempe for dei i framtida, åtte av ti hadde aldri tenkt på å skifte til bokmål, og ni av ti trudde ikkje dei kome til å skifte i framtida. 91 prosent av elevane ved vidaregåande skular i fylket var nynorskbrukarar. Då desse gjekk i barne- og ungdomsskulen, brukte 95 prosent av dei nynorsk. Gjennom vidaregåande skule blei det i denne undersøkinga altså fire prosent færre nynorskbrukarar i Sogn og Fjordane. Dette inkluderer eventuelle innflyttarar med bokmålsbakgrunn. Nedgangen er uvanleg liten; alle andre stader i landet er overgangen til bokmål større. Til gjengjeld er det god grunn til å rekne med at ein del skiftar til bokmål etter avslutta vidaregåande skule, som studentar eller gjennom yrkesliv.

I 2004 rekna altså ein av fire rekna med at nynorsk kom til å bli ein ulempe for dei. Likevel trudde berre ein av ti at dei ville skifte. Det seier sitt om kor sterk nynorsktradisjonen er i Sogn og Fjordane. Tala frå 2004 blei stadfesta i 2010, då 325 elevar ved Firda vidaregåande skule på Sandane svara på liknande spørsmål som i 2004 (tabell 5.8.16). Også då svara ein av ti at dei rekna med å bli bokmålsbrukarar, medan to av ti trudde dei kom til å nytte begge språka. Som i 2004 hadde få skifta til bokmål i vidaregåande skule.

Seks av ti rekna med at dei ville skrive nynorsk i framtida, to av tida både nynorsk og bokmål. Ni av ti likte godt eller svært godt å skrive nynorsk, medan tre av fire likte godt eller svært godt å skrive engelsk. Nesten alle var samde i at det var viktig å bruke nynorsk fordi nynorsk var ein del av den lokale kulturen, og tre av fire var heilt usamde i at ein burde skrive bokmål fordi dei fleste i Noreg skriv bokmål. I dei svara ligg mykje språkleg og kulturell sjølvtilit. I den grad innbyggjarane i Sogn og Fjordane skiftar til bokmål – og somme gjer det, er det noko dei til no har gjort etter at dei har avslutta vidaregåande skule.

Haldningane og framtidsutsiktene frå Nordfjord i 2010 kan jamførast med situasjonen i Valdres på same tid.

Valdres har lenge vore eit språkdelt område, med ein ikkje uvesentleg språkleg ambivalens. Lokalavisa Valdres har vore redigert på nynorsk og bokmål sidan 1978, ein del av kommunane har lenge hatt nynorsk tenestemål, 11 kyrkjesokn har nynorsk liturgi og 14 bokmål. I eit slikt område er presset mot nynorskelevar i skulen stort. Ei spørjeundersøking

blant dei 414 elevane ved Valdres vidaregåande skule i 2009 dokumenterte det presset, og avdekte ein svært stort lekkasje over til bokmål (sjå kapittel 7.5).

50 prosent var samde i utsegna om at det er viktig å bruke nynorsk i Valdres fordi nynorsk er ein del av kulturen der (tabell 5.8.14). Dette meinte 80 prosent av nynorskelevane og 45 prosent av bokmåselevane. Fleire var heilt usamde enn heilt samde i dette: 15 prosent var heilt samde, 25 prosent heilt usamde. Blant elevane som svara, hadde halvparten skifta til bokmål etter barneskulen (tabell 7.5.12). Det vil seie at mange av dei som hadde skifta til bokmål, meinte det var viktig at ein heldt fram med å bruke nynorsk i Valdres; men det fekk altså andre gjere.

Halvparten av elevane meinte det var viktig at valdrisane heldt fram med å bruke nynorsk. Dette viste også att i svara deira på spørsmålet om kva språk dei rekna med at dei kom til å bruke privat i framtida (tabell 5.8.15). Åtte av ti bokmålsbrukarar rekna med at dei kom til å bruke både nynorsk og bokmål; berre ein av ti svara bokmål. Av dei som brukte nynorsk ved Valdres vidaregåande skule i 2009, svara 31 prosent av dei ville bruke nynorsk i framtida, 25 prosent bokmål, og 42 prosent begge språka.

Noko av det same biletet tok form i svara frå elevar ved to vidaregåande skular i indre Agder i 2012. Tre av fire nynorskelevar var heilt eller delvis samde i at det var viktig å halde på dialekten same kvar dei kom til å bu i framtida, medan mange bokmåselevar ikkje var så sikre på det (tabell 5.8.17). På spørsmålet om eige skriftspråk i framtida delte nynorskelevane seg tre heilt like store delar: mest nynorsk, om lag like mykje nynorsk og bokmål, og mest bokmål (tabell 5.8.18). Ni av ti bokmåselevar meinte dei ville bli verande bokmålsbrukarar.

Likeins svara 88 prosent av elevane i Volda at dei alltid ville skrive nynorsk (tabell 5.8.19). Like interessant er det at «berre» 75 prosent av Molde-elevane og 53 prosent av Fagerlia-elevane i Ålesund trudde dei alltid ville skrive bokmål i framtida.

Fleire undersøkingar har prøvt å kartleggje kva foreldre til elevar meiner om nynorsk, kva lærarane deira meiner og kva den kulturelle bakgrunnen har å seie for haldninga til nynorsk. Kva elevane trur dei andre i klassen meiner, har derimot vore meir ukjent. I 2013 svara dei fleste nynorskelevane ved ein ungdomsskule i Vindafjord at dei andre i klassen var veldig positive til nynorsk, og eit like stort fleirtal av elevane ved to ungdomsskular i Haugesund meinte det motsette (tabell 5.8.20).

Nokre år tidlegare hadde ei anna undersøking vist at haldningane til nynorsk hos vidaregåande-elevar i Møre og Romsdal anno 2008 hang delvis saman med utdanningsnivået til foreldra (tabell 5.8.13). Dei negative haldningane til nynorsk var spreidde utover utdanningskalaen, medan dei med godt utdanna foreldre, jamt over hadde ei noko meir positiv innstilling til nynorsk enn dei som ikkje hadde det. Skilnadene var likevel ikkje store.

Godt og vel halvparten av 142 elevar ved fem vidaregåande skular på Vestlandet rekna i 2014 med at dei kom til å skrive nynorsk i framtida – resten fordelte seg ganske likt mellom dialekt, bokmål og engelsk (tabell 5.8.21).

Slik såg det ut i Noreg rundt mellom 1996 og 2014. I hovudstaden var det noko heilt anna.

Då Oslo kommune i 2005 tok til med eit treårig prøveprosjekt om munnleg sidemålsundervisning i staden for skriftleg, svara over 2500 elevar og 68 lærarar på spørsmål om sitt syn på nynorsk. Dei adjektiva flest elevar meinte passa ganske godt eller svært for nynorsk, var «gamaldags» (72 prosent) og «kjedeleg» (65 prosent), medan 52 prosent meinte «poetisk» passa godt, og 48 prosent «stygt» (tabell 5.8.11).

Mest usamde var Oslo-elevane i utsegnene om at det trengst ei nynorsk dagsavis (93 prosent), at fleire rock- og poptekstar burde vere på nynorsk og at fleire bøker burde omsetjast til nynorsk (81 prosent) (tabell 5.8.12). Dei utsegnene som fekk størst tilslutning, var at lærebøker på nynorsk er unødvendig (67 prosent), nynorsk skjønnlitteratur burde omsetjast til bokmål (59 prosent), og at ingen skriv nynorsk om 50 år (44 prosent). Likevel meinte også 44 prosent at journalistar burde kunne skrive nynorsk i VG og Dagbladet. 43 prosent sa også at dei forstod nynorsk betre etter å ha lese slik litteratur i skulen.

Tenåringane i Valdres anno 2009 såg for seg ei språkdelt framtid for seg sjølve. Samstundes likte altså svært mange av dei dårleg å skrive nynorsk. Nynorskelevane var positive til å skrive både nynorsk og bokmål, og dei var meir positive til å skrive bokmål enn bokmålslevane var til å skrive nynorsk. Det var eit mykje dårlegare utgangspunkt for deira eigne liv i den språkdelte norske kulturen enn det sunnmørselevane frå 1996 hadde. Skuggen frå det vanskelege språklege sjølvbiletet hos unge nynorskbrukarar som blei dokumentert i 2006, fall også over Valdres.

Vegen frå haldning til handling blir kartlagd i kapittel 7.5.

5.9 Musikk

Utover på 2000-talet kunne ei endra haldning til songlyrikk på norsk dokumenterast. Publikum er like positive til songar med norske tekstar som til songar med tekstar på engelsk. Det var eitt av mange funn i ei spørjeundersøking Språkrådet og GramArt gjennomførte i 2009.

Heile 85 prosent hadde eit ganske godt eller svært godt inntrykk av norsk musikk med norsk tekst, og 79 prosent svara det same om norsk musikk med engelsk tekst (tabell 5.9.1). Det var likevel også 85 prosent som hadde eit ganske godt eller svært godt inntrykk av utanlandsk musikk med engelsk tekst. På spørsmålet om norske tekstar påverka inntrykket av musikken, delte publikum seg på midten. 44 prosent svara at dei fekk eit betre inntrykk med tekstar på norsk, men 46 prosent sa at dette ikkje verka inn.

Det slåande trekket ved meiningsbiletet i denne undersøkinga er den breie semja om at det passar godt med norsk tekst i norsk musikk – kvinner som menn, unge som eldre, oslofolk som nordlendingar. Der var likevel ein viss tendens til at bygdefolk var meir positive enn storbyfolk. Også om engelske tekstar i norsk musikk var meiningane ganske like. Mest reserverte var bygdefolk.

Publikum hadde klare meiningar om kva språk som kler ulike musikksgjangerar best (tabell 5.9.2). Heile 95 prosent meinte det passa ganske godt eller svært godt med norske tekstar i viser. Svært mange meinte det same om tradisjonsmusikk, danseband og pop/rock. Derimot meinte publikum at norsk språk passa berre middels til roots/country, hip-hop/rap, samtidsmusikk og klassisk kunstmusikk. Til både jazz, metal, blues og elektronika meinte publikum norske tekstar passa dårleg. Berre 19 prosent meinte norsk tekst passa ganske godt eller svært godt til elektronika.

Ein geografisk nærstudie av Trøndelag viser at trøndarane var meir positive enn andre nordmenn til norske tekstar i pop og rock, hiphop og rap, jazz, metal og blues, berre ikkje i countrymusikk. Det var i Trøndelag artistar med sin trønderrock flytta norsk språk inn i pop og rock, og dei positive følgjene av dette kan altså framleis lesast ut av meiningane til trønderane. Nordmenn 15–35 år skilde seg lite ut frå landsgjennomsnittet, men det vil seie at også yngre nordmenn i 2007 trudde på norske tekstar

og gjerne ville ha det. 77 prosent var samde i at det er blitt kulare å syngje på norsk, og 24 prosent føretrekte at artistane song på dialekt).

Tilslutninga til bruk av dialekt var sterkast i nord og på bygdene og svakast i Oslo og i andre store byar (tabell 5.9.3). Eit argument mange var samde i, var at dei kjende seg att i musikken når tekstane var på norsk. Det meinte dei eldre meir enn dei yngre, bygdefolk meir enn byfolk, og tilslutninga auka også her med avstanden til hovudstaden.

809 musikarar som alle er medlemmer i GramArt, fekk dei same spørsmåla og gav til dels andre svar. 41 prosent av artistane tykte det var lettare å uttrykkje seg på norsk enn på engelsk, og 44 prosent meinte dei gjorde det best på eigen dialekt (tabell 5.9.4). Svært få av dei, berre åtte prosent, meinte dei måtte syngje på engelsk fordi det språket er mest akseptert i musikk-Noreg.

Artistane blei også spurde om gode grunnar til å syngje på engelsk (tabell 5.9.5). Då meinte eit fleirtal av musikarane at engelsk kling betre enn norsk (59 prosent), og at det var lettare å skrive gode tekstar på engelsk (55 prosent). Det argumentet for engelske tekstar som flest artistar var samde i, var at dei brukte engelsk fordi dei ville gjere det bra internasjonalt (74 prosent).

Dette salsargumentet har lenge vore framheva. I røynda er det heller få musikarar som har lykkast i utlandet og som har vore avhengige av at dei då song på engelsk. På spørsmål svara 14 prosent av publikum og sju prosent av musikarane at norsk tekst berre i nokon grad eller i stor grad hindra sal av musikk i Noreg (tabell 5.9.6 og 5.9.7). For sal i Europa meinte derimot 82 prosent av publikum og 87 prosent av artistane det same. Liknande tal prega svara frå både publikum og utøvarar når spørsmålet gjaldt USA eller andre marknader. Også for sal i Norden meinte eit knapt fleirtal både av publikum og artistar at norsk tekst ville hindre salet.

5.19 Historisk statistikk

Den store elevundersøkinga i 1996 gjorde det også mogleg å skilje ut dei framandspråklege elevane, som då enno var ganske få i Noreg (tabell 5.19.1). Innstillinga til nynorsk var ganske negativ, og til bokmål tilsvarende positiv. 92 prosent sa dei var positive til bokmål, og like mange var negative til nynorsk.

I den store undersøkinga om engelsk i 2007 blei nordmenn også spurde om kor gode dei meinte dei var i engelsk (tabell 5.19.2). Seks av ti meinte dei meistra engelsk ganske godt eller svært godt. Der var ingen skilnad mellom kvinner og menn, yngre rekna seg som betre i engelsk enn dei eldre gjorde, likeins var det mange fleire med høgare utdanning som meistra engelsk, og denne kjensla av meistring falma di lenger bort ein kom frå Oslo-området.

Tema: tenåringar i Stavanger anno 1996

Før 1990-åra visste ein lite om kva språkbrukarane meinte om språk i Noreg. Norsk Gallup gjennomførte sine faste spørsmål frå 1950-åra og frametter, truleg i samarbeid med Aftenposten, og valforskarane gjorde det same, berre meir usynleg. 1960- og 1970-åra var ein normativ periode der mange nok var meir opptekne av kva andre burde meine enn å spørje om kva andre meinte.

Eit vendepunkt var doktoravhandlinga *Den vet best hvor sko(l)en trykker* – av Lars Sigfred Evensen i 1986 om «elevers og læreres opplevelse av problemer i språkundervisning i ungdomsskole og videregående skole». Ti år seinare gjennomførte Anne-Berith Råbu ei spørjeundersøking som blei eit referansepunkt for mange.¹⁰⁵

Ho intervjuar 63 elevar i 8. klasse ved tre ungdomsskular og 70 elevar i VK2 ved tre vidaregåande skular i Stavanger. Dei 59 gutane og 74 jentene hadde alle bokmål som førstespråk. Dei meiningsmønsterane ho avdekte, har vist seg i mange seinare undersøkingar.

Tenåringane i Stavanger hadde nokså stereotype og negative oppfatningar av nynorskbrukarar. Her låg ei negativ innstilling til språket i botnen. Dei såg på nynorskbrukaren som mindre urban enn bokmålsbrukaren og oppfatta bokmålsbrukaren som høgare utdanna enn nynorskbrukaren.

¹⁰⁵ Anne-Berith Råbu: *To ulike norskfag? En undersøkelse av holdningene til nynorsk som sidemål blant elever i ungdomsskolen og den videregående skolen*, hovudoppgåve, Universitetet i Oslo 1997

Mange elevar skildra nynorskbrukaren som ein lågt utdanna og gamaldags kledd person frå landsbygda, men nokre såg også på nynorskbrukaren som ein person som har lese mykje og er medviten om sin eigen kultur. Den typiske bokmålsbrukaren var for desse tenåringane sin suksessrik person med høg utdanning og god jobb, men som også kunne vere litt fin på det.

Dialekt var ingen open inngang til nynorsk. Mellom 65 og 85 prosent av elevane ved dei tre ungdomsskulane meinte dialekten deira likna mest på nynorsk, og det same gjorde mellom 55 og 75 prosent av vidaregåande-elevane. Ved to skular meinte berre ein av ti elevar at dialekten låg nærmast bokmål. Dette verka likevel lite inn på synet deira på nynorsk.

Dei fleste elevane var negative til å få opplæring i nynorsk. Her var det liten meiningsskilnad mellom ungdomsskule og vidaregåande skule, men jentene var noko meir positive enn gutane. Jentene var også generelt meir positive til nynorsk enn gutane.

64 prosent av ungdomsskule-elevane var usamde i at alle skal ha sidemålsundervisning. Det same meinte 61 prosent av vidaregåande-elevane. Berre 12 prosent av ungdomsskule-elevane ville ha sidemålsundervisning for alle, mot 23 prosent av vidaregåande-elevane. Skilnaden var større mellom kjønn enn mellom utdanningsnivå. På ungdomsskulane var 15 prosent av jentene og åtte prosent av gutane samde i dette, på dei vidaregåande skule 29 prosent av jentene og 11 prosent av gutane.

Dei argumenta for opplæring i nynorsk som sidemål som flest ungdomsskule-jenter brukte, var «lære to språk» (22 prosent) og «likner dialekt». Ungdomsskule-gutane la mest vekt på «ingen ting» (32 prosent) og «forstå nynorsk». Jentene i vidaregåande peika særleg på «likner dialekt» (31 prosent) og «kulturarv». Gutane svara helst «ingen ting» (32 prosent) eller let spørsmålet stå ope.

Dei argumenta mot opplæring som flest ungdomsskule-jenter brukte, var «unødvendig» (47 prosent), «vanskelig», «mye grammatikk» og «blander språkene». Ungdomsskule-gutane la mest vekt på «unødvendig» (23 prosent), «kjedelig» og «alt». Jentene i vidaregåande peika særleg på «unødvendig» (47 prosent), «vanskelig» og «blander språkene». Gutane la mest vekt på «unødvendig» (39 prosent) og «alt».

Jentene meinte noko i større grad enn gutane gjorde, og dei meinte det sterkare. 19 prosent av ungdomsskule-jentene og 31 prosent av vidaregåande-jentene såg det som positivt at dialekten deira likna mest på nynorsk, mot høvesvis tre og 11 prosent av gutane.

Både i ungdomsskulane og i vidaregåande meinte 17 prosent av elevane at det var positivt å lære begge språka. Men: Kvar femte elev meinte at ingen ting var positivt ved nynorsk. 56 prosent av vidaregåande-elevane og 35 prosent av ungdomsskule-elevane såg på opplæringa som unødvendig.

Eit fleirtal av tenåringane i Stavanger anno 1996 meinte at Noreg burde ha eitt norsk språk i framtida.

Perspektiv: gamle rettar og nye språk

Skilnaden mellom haldning og handling kan vere mykje større enn rekjefølgja av tre konsonantar. Noreg har vore eit fleirspråkleg samfunn i meir enn tusen år, først i tale, så også i skrift. Med dei nye innvandra kulturane melder spørsmålet seg om kva rettar desse skal ha for sine språktradisjonar. Vesturopeiske land har som regel utvikla ein språkpolitikk der historiske minoritetar har andre rettar enn dei nye innvandrarane har.

Mange nordmenn er usikre på kva den engelske påverknaden inneber, kva dei bør meine om denne påverknaden, og kva som bør gjerast. Endå meir usikre er dei på kva rettar innvandrarane skal få for sine språktradisjonar. Veggen til ei vellykka sosial integrering går gjennom språket; innvandrarane må meistre norsk. Det siste tiåret har dette blitt eit såpass unisont krav at den andre sida av saka er blitt borte: Korleis skal innvandrarane ta vare på eigne kulturtradisjonar samstundes som dei blir språkleg og sosialt integrerte i det norske samfunnet?

Til no har mange etniske nordmenn hatt meir forståing for utvandrararen enn for innvandrararen. Utvandra nordmenn som har teke vare på norske tradisjonar i USA, vekker sympati. Det same gjer norske koloniar i pensjonslandet Spania. Når utvandrarar frå andre verdsdelar kjem til Noreg og blir innvandrarar, er sympatien meir skjør.

Dei mange nye språkmøta mellom innvandrarar og etniske nordmenn frå 1960-åra og frametter har gjort nordmenn meir avslappa i språkspørsmålet. Skilnader som før var provoserande, er ikkje lenger så farlege.

Likevel er det blitt slik at det ein ikkje slepp unna med å meine eller seie om innvandrar, kan ein gjerne meine eller seie om nynorskbrukarar og fenomenet nynorsk.


Samstundes som innbyggjarane i Noreg skal finne ut av haldningane sine til det innvandra kulturelle mangfaldet, skal dei også handtere det etablerte norske mangfaldet. Det burde vere enkelt, men er det ikkje.

I 1996 var det mykje mindre velvilje overfor nynorsk hos framandspråklege elevar enn hos elevar med norsk som førstespråk (tabell 5.8.2). Utvalet i 1996 var lite, men tendensen eintydig. Ti år seinare var det mange fleire framandspråklege elevar i Noreg, men den språklege og sosiale integreringa hadde ikkje kome mykje lenger. Kva innvandrarar meinte om den tospråklege norske situasjonen i 2015, har ikkje vore kartlagd.

Organisasjonar som arbeider med produksjon, formidling og utdanning skipa i 1985 Rådet for skriftkultur. Då var ordet «skriftkultur» ganske nytt, og dette var såleis eit tidleg initiativ. Målet var å styrkje og verne «skriftkulturen på bokmål, nynorsk og samisk», og ambisjonsnivået var å få til eit nasjonalt formidlingssenter for skriftkultur ved Nasjonalbiblioteket etter mønster av Center for the Book som no finst i alle dei amerikanske delstatane.¹⁰⁶ Kva Rådet for skriftkultur oppnådde, er noko uklart. Rådet blei avvikla i 2000 med ei skisse til eit slikt senter ved Nasjonalbiblioteket.

¹⁰⁶ Paul M. Røthe: «Rådet for skriftkultur, notat 16.3.2000, forfattarens arkiv.

6 Folkerøystingar og val



Figur 6.1 Kommunevalet 2015 i nynorskkommunar og alle kommunar. Prosent

Lokale folkerøystingar er eit viktig element i det norske lokaldemokratiet, både som prinsipp og i omfang. Frå 1892 er opplæringspråk i grunnskulen og liturgispråk i kyrkja blitt avgjort gjennom folkerøystingar, og sidan den gongen er det truleg gjennomført godt over 4000 slike folkerøystingar.

I åra 1965–2014 blei det halde nær 400 folkerøystingar om opplæringspråk i skulen. Over 73 000 personar røysta, og valdeltakinga var gjerne høgare i andre lokale folkerøystingar.

Mellom 1892 og 1954 blei det gjennomført meir enn 1300 folkerøystingar om liturgispråk i kyrkja. Som regel gav dei klare fleirtal for nynorsk. Slik har det også vore i skulen. Nynorsk er blitt røysta inn med klart fleirtal og ut att med knappe marginar, og fleire røysta for nynorsk

på 2000-talet enn i 1960- og 1970-åra. Endringane i busetnadsmønster har likevel meir å seie for bruken av nynorsk enn folkerøystingane.

Kvar fjerde lokalpolitikar i Noreg anno 2015 sat i kommunestyret i ein nynorskkommune. Veljargrunnlaget i desse kommunane er ein viktig del av fundamentet for fleire parti.

Sentrumspartia får mange fleire røyster i nynorskkommunane enn i resten av landet, og på 2000-talet gjorde Senterpartiet og Kristeleg Folkeparti det best i den delen av landet.

På landsbasis står nynorsk sterkast blant veljarane til sentrumspartia med Senterpartiet som det fremste nynorskpartiet på 2000-talet. Framstegspartiet og Høgre hadde færrest dialektbrukarar blant veljarane sine, SV og sentrumspartia flest.

6.1 Lokale folkerøystingar om opplæringspråk

Frå og med 1892 har det truleg vore gjennomført over 3000 lokale folkerøystingar om opplæringspråk i skulen. Etter 1945 har jamt fleire av folkerøystingane vore haldne i avgrensa område der ein tidlegare nynorsk dominans er komen under press. Desse grenseområda blir i målrørsla gjerne kalla randsonar.

Den offisielle skulestatistikken inneheldt tidlegare publisert statistikk ned på kommunenivå fram mot 1950-åra. Diverre tok publiseringa slutt akkurat då den store overgangen (tilbake) frå nynorsk til bokmål tok til. Eit fragmentert arkivmateriale i Peder Hovdans arkiv frå åra 1952–1954 gav informasjon om resultatet av 43 folkerøystingar om skulemål desse åra. Dette er seinare supplert med andre fragment, og tabell 6.1.1 inneheldt i 2015 opplysningar om 116 folkerøystingar mellom 1945 og 1964. Der var mange fleire. For mange av dei registrerte folkerøystingane er utfallet førebels ikkje kjent.

Det etablerte språklege lokaldemokratiet førte til at det blei halde folkerøysting i 393 skulekrinsar mellom 1965 og 2014 (tabell 6.1.2). Flest folkerøystingar har det vore i Nord-Trøndelag (71), Møre og Romsdal (65) og Rogaland (47), og i alle tre fylka var tyngdepunktet mellom 1965 og 1990.

Fram mot 2000 blei folkerøystingane sjeldnare. Etter dei mange kommunesamanslåingane i 1960-åra følgde 190 folkerøystingar på 15 år

fram til 1980, mot 124 røystingar dei neste 20 åra. Frå og med 2000 har det vore gjennomført berre 78 folkerøystingar (tabell 6.1.3). I 232 av folkerøystingane blei resultatet bokmål, i 157 nynorsk. Det vil seie at nynorskbrukarane tapte i seks av ti skulekrinsar. 45 prosent av røystene gjekk til nynorsk, 55 prosent til bokmål, men berre 40 prosent av vedtaka blei nynorsk. I vedtaks form har likevel resultatet vore oftare bokmål enn nynorsk, då likevel slik at i seinare år har nynorsk jamt oftare vore resultatet.

Når ei ordning har vore i bruk så lenge som ordninga med folkerøystingar om skulemålet har vore, samstundes som presset mot nynorsk iallfall ikkje er blitt mindre, kunne vi vente at ordninga ville verke mindre positivt for nynorsk i dag enn for tretti år sidan. Slik er det likevel ikkje. Fleire røystar for nynorsk i dag enn for tretti år sidan. I bolken 1965–1969 røysta berre 34 prosent for nynorsk, mot 47 prosent i bolken 2010–2014. Når veljarane får høve til det, vel mange fleire aktivt nynorsk i dag enn for tretti år sidan.

Folkerøystingane frå og med 1965 er sorterte både etter år (tabell 6.1.4) og fylke (tabell 6.1.5).

Dei regionale skilnadene er store. I Telemark har nynorskbrukarane tapt godt over halvparten av folkerøystingane, og i Sogn og Fjordane kom den første folkerøystinga om skulemålet etter 1965 så seint som i 2005. Sidan 1965 har nynorsken rast ut av skulekrinsane i Nord-Trøndelag. Ikkje i noko fylke har nynorsken mista meir på desse åra. 24 tapte krinsar i Sør-Trøndelag strekar under at i historia om nynorsk i skulen skriv Trøndelag no på siste kapitlet. Det same gjeld i endå større grad Nordland og Troms. Jamnast har summen av folkerøystingar vore frå Aust-Agder til Hordaland (tabell 6.1.6).

32 kommunar hadde minst fem folkerøystingar om skulemål frå og med 1965 (tabell 6.1.7). Flest hadde Steinkjer og Bergen med høvesvis 21 og 20, Verdal 13, Rennesøy 11 og Drangedal 10. I desse og andre kommunar med mange folkerøystingar har det vore særleg mykje debatt og usemje om opplæringspråket i skulen, men dermed også ein svært aktiv bruk av lokalt folkestyre.

Mykje tyder på at nynorsk som opplæringspråk forsvann ut att der nynorskbrukarane stod svakast utanfor skulen. Det kan sjå ut til at endringa kom lettast på dei stadene der nynorsk ikkje var blitt noko meir enn eit opplæringspråk i skulen, og verken hadde støtte i lokal presse eller kyrkjelyd. I ein slående analyse av folkerøystingar om skulemål 1965–

2002 er tidlegare statssekretær Morten Søberg inne på det same. Han viser til at i åtte av ti tilfelle blei desse folkerøystingane haldne «i situasjonar der nynorsk var skulespråk medan den aktuelle kommunen ikkje nytta nynorsk som administrasjonsspråk». ¹⁰⁷ Der nynorsk aldri blei ein sosial eller formell konvensjon i lokalsamfunnet, stod språket i røynda svakt også som skulemål.

Mest grunn er det til å stoppe opp ved Møre og Romsdal og Rogaland. Det er i desse to fylka presset mot nynorsk i skulen no er sterkast. Rogaland blei aldri eit så sterkt nynorskfylke for skulemål som dei andre vestlandsfylka. Difor har tilbakegangen i Møre og Romsdal særleg mykje å seie. Berre i Nord-Trøndelag har nynorsken mista fleire skulekrinsar enn her. Ein grundigare studie vil likevel vise at det var i perioden 1965–1971 det glapp mest. Det var då særleg mange krinsar i Nord-Trøndelag gjekk over til bokmål. Etter 1970 har nynorskbrukarane vunne fleire krinsar enn dei har tapt.

6.2 Kommuneval og folkevalde

Kvar fjerde lokalpolitikar i Noreg var i tida fram til 2015 folkevald i ein nynorskkommune (tabell 6.2.1). Nær 2600 folkevalde utgjorde kommunestyra i desse kommunane. I tillegg var det om lag 200 folkevalde i dei nynorskbrukande fylkeskommunane.

I det norske lokaldemokratiet utgjer nynorskkommunane ein arena som på viktige punkt skil seg frå landsgjennomsnittet. Godt og vel kvar tiande veljar bur i desse kommunane, og det er ikkje all verda. Til gjengjeld er dei ein del av fundamentet for fleire parti. Éin konklusjon er at sentrumspartia treng nynorskbrukarane. Ein annan er at nynorskbrukarane treng sentrumspartia. Ein tredje konklusjon er at den språklege makta framleis er ein gyldig faktor i forståinga av norsk politikk og samsfunnsendingar.

I nyare valforsking er det få spor av moglege samanhengar mellom faktiske valresultat og tenestemål i bustadkommunane til veljarane. Den første analysen stod Ottar Hellevik for i 2002 med tal frå Norsk Monitor

¹⁰⁷ Morten Søberg: «Språkleg konkurranse i Noreg. Ein analyse av folkerøystingar om nynorsk eller bokmål», *Tidsskrift for samfunnsforskning* nr. 4/2004, s. 659–701.

1995–1999 (tabell 6.2.2). For fleire parti var der klare skilnader mellom oppslutninga i nynorskkommunar og andre kommunar, og mellom nynorsk- og bokmålsbrukarane i desse kommunane. Kristeleg Folkeparti, Senterpartiet og Arbeiderpartiet gjorde det best i nynorskkommunane, Høgre og Framstegspartiet best blant bokmålsbrukarane. I kommunar med anna tenestemål var det SV, Arbeiderpartiet og Senterpartiet som henta flest røyster blant nynorskbrukarane, og Arbeiderpartiet og Høgre blant bokmålsbrukarane. Alle sentrumspartia og Framstegspartiet gjorde det høvesvis blant nynorskbrukarane i nynorskkommunane enn i andre kommunar.

Ein enkel analyse av kommunevalet i 2007 blei lagd fram i årstale nr. 7 om tilstanden for nynorsk skriftkultur i 2007. Den er her følgd opp med analysar av lokalvala i 2011 og 2015.

Mange nasjonale tendensar gjer seg sjølvstøtt gjeldande også i nynorskkommunane. Underlagsmaterialet viser fleire interessante mønster.

Kva parti som er størst i kommunane, varierer derimot mykje, og dette endra seg ein god del frå 2007 via 2011 til 2015 (tabell 6.2.4). Ved dei tre kommunevala i 2007, 2011 og 2015 var Arbeiderpartiet det partiet som var størst i flest kommunar. Det kan vere andre parti som har ordførarane eller som utgjer det politiske fleirtalet, men rekna i røystetal er Arbeiderpartiet, Senterpartiet og Høgre dei tre store partia i nynorskkommunane.

Arbeiderpartiet var størst i 44 av 113 nynorskkommunar i 2015, mot 37 i 2011 og 39 i 2007. Interessant er det også at Senterpartiet var størst i 35 kommunar i 2015, mot 21 i 2011 og 33 kommunar i 2007. Det tredje store partiet var Høgre – størst i 17 kommunar i 2015, mot heile 32 i 2011 og 14 i 2007. Slik sett resulterte lokalvalet i 2015 i eit styrkeforhold mellom partia som likne mykje på 2007, men med eit svakare Høgre og sterkare Arbeiderpartiet enn den gongen. I 2011 mista Senterpartiet posisjonen sin i mange kommunar, og Høgre tok tilsvarende mange. Derimot var Arbeiderpartiet eller Senterpartiet størst i sju av ti nynorskkommunar i 2015.

I dette er eit svært tydeleg geografisk mønster. Arbeiderpartiet og Senterpartiet er store i nynorskkommunar både i aust og vest, medan dei andre partia med få unntak berre er størst i vestlandskommunar. Slik har det vore ved alle dei tre vala som er undersøkte. Det viser seg også at dei største partia er høvesvis mykje større enn andre parti på Austlandet enn på Vestlandet, der fleire parti gjerne er meir jamstore.

Om lag 11 prosent av innbyggjarane bur i kommunar med nynorsk tenestemål. Ved kommunevalet i 2007 kom 244 000 røyster eller 11,8 prosent av alle røystene frå desse kommunane (tabell 6.2.5). Valdeltakinga i desse kommunane var om lag som i resten av landet. Det politiske mønsteret i nynorskkommunane var derimot svært ulikt det samla resultatet på landsplan.

Dei 244 000 veljarane som røysta, fordelte seg annleis mellom partia enn i Noreg sett under eitt. På landsplan blei Høgre større enn Framstegspartiet, men i nynorskkommunane var det omvendt. Der var berre Arbeiderpartiet og Senterpartiet større. Det samla valresultatet gav store skilnader mellom Framstegspartiet, Høgre og Senterpartiet, men i nynorskkommunane var det Senterpartiet som så vidt blei størst.

Særleg delar av Høgre mobiliserte også ved dette valet for det bidraget til norsk kulturelt mangfald som går under namnet nei til nynorsk. I dei tyngste nynorskmiljøa blei dette standpunktet flagga med såpass lite trøkk at det neppe forklarar kvifor Høgre gjorde det dårlegare i nynorskkommunane enn elles i landet.

Historisk har som nemnt dei tre sentrumspartia vore sterkt knytte til nynorsk som språk og som kulturberar. I seinare år har det vore hevda at dei historiske motkulturane, som Stein Rokkan kalla dei, har tapt det meste av krafta. Språk åleine er ikkje årsaka til at sentrumspartia står sterkare i nynorskkommunane enn elles i landet, men det er altså der partia er størst. Berre Senterpartiet, Venstre og Kristeleg Folkeparti gjorde betre val i nynorskkommunane enn i landet sett under eitt. Alle andre parti kom dårlegare ut i nynorskkommunane enn dei gjorde totalt.

Til saman fekk dei tre sentrumspartia 20,2 prosent av røystene ved kommunevalet 2007. I nynorskkommunane fekk dei derimot 34,6 prosent tilslutning (tabell 6.2.3). Meir enn kvar tredje veljar i nynorskkommunane sokna til sentrumspartia. I 72 kommunar gjekk meir enn 20 prosent av veljarane til sentrumspartia, og i 52 av desse kommunane røysta over 40 prosent på eit sentrumsparti. I over 20 kommunar utgjorde dei tre sentrumspartia reine fleirtal. Dei rikspolitiske overtonane gjer at denne sentrumstendensen er ein analytisk faktor, ikkje ein operativ politisk faktor.

Det partiet som henta størst del av veljarane sine i desse kommunane, var Senterpartiet. Kvar fjerde Senterparti-veljar i 2007 budde i ein

nynorskkommune. Det same gjorde kvar femte Kristeleg Folkeparti-veljar og kvar åttande Venstre-veljar. Av sentrumspartia var det Venstre som var minst avhengig av desse nynorskveljarane.

På papiret, men berre der, ser den politiske røynda slik ut: Utan røystene i nynorskkommunane hadde Senterpartiet enda på 5,9 prosent og mista eit ukjent tal ordførarar, Venstre hadde stoppa på 5 prosent og Kristeleg Folkeparti hadde hamna på 5,1 prosent. Utan nynorskveljarane hadde heller ikkje Framstegspartiet gjort det beste lokalvalet nokon gong.

Ved lokalvalet i 2011 kom 277 000 eller 11 prosent av røystene frå nynorskkommunane (tabell 6.2.6). I nynorskkommunane gjekk berre Høgre og Venstre fram. For Høgre var framgangen mindre her enn for heile landet, medan Venstre gjekk meir fram her enn elles. Arbeiderpartiet gjekk ørlite tilbake i nynorskkommunane, men auka to prosent samla. For dei partia som gjekk tilbake ved kommunevalet, var tilbakegangen mindre i nynorskkommunane for SV og Framstegspartiet, men større for Senterpartiet, og den same for Kristeleg Folkeparti.

Nynorskkommunane er ein viktigare valarena for somme parti enn for andre. I 2011 var veljarane i nynorskkommunane særleg viktige for sentrumspartia. Dei historiske sentrumspartia stod framleis sterkare i nynorskkommunane enn i landet sett under eitt. Særleg Senterpartiet og Kristeleg Folkeparti gjorde det vesentleg betre i desse kommunane, medan Arbeiderpartiet og Framstegspartiet gjorde det mykje dårlegare der enn totalt sett.

I 2015 røysta 269 000 veljarar i nynorskkommunane. Også dette året utgjorde dei 11 prosent av alle veljarane, og i desse kommunane budde 11 prosent av alle nordmenn. Valdeltakinga var altså like låg i desse kommunane som for landet sett under eitt.

Endringane ved kommunevalet i 2015 var store målt mot valresultatet i 2011, men mindre jamført med 2007-valet. Arbeiderpartiet gjekk fram både i 2011 og 2015, Høgre voks kraftig i 2011 og krympa att i 2015, men var då framleis eit stort parti. Den viktigaste skilnaden er at Framstegspartiet fall frå 17,5 prosent i 2007 til 9,5 prosent i 2015. I norsk politikk er det ei stor endring.

Dei partia som i 2011 gjorde det betre i nynorskkommunane enn i resten av landet, oppnådde det same i 2015 (tabell 6.2.8). I nynorskkommunane røysta to av ti veljarar på Senterpartiet i 2015, mot mindre enn ein av ti i heile landet. Med 26 prosent av røystene i nynorskkommunane

var Arbeiderpartiet desidert størst men Senterpartiet nådde altså nesten opp i 20 prosent. Også Kristeleg Folkeparti og Venstre gjorde det noko betre i nynorskkommunane enn i landet sett under eitt. Trass i nedgangen gjorde også Framstegspartiet det noko betre i nynorskkommunane enn elles i 2015, som partiet også gjorde i 2011, men ikkje i 2007. På fylkesnivå var Høgre det største partiet i nynorskkommunane i Rogaland, Senterpartiet i Aust-Agder (berre to kommunar), Arbeiderpartiet i dei sju andre fylka med nynorskkommunar.

I 2015 røysta 35,6 prosent av veljarane på eit av dei tre historiske sentrumspartia; Miljøpartiet Dei Grøne er ikkje rekna med her. I 2011 røysta 33,2 prosent av veljarane slik, og i 2007 fekk sentrumspartia 34,6 prosent av røystene.

Legg ein partiprogramma til grunn, kan ein stort sett seie at dei tydelegaste nynorskpertia er alle unnateke Arbeiderpartiet, Høgre og Framstegspartiet. Dette skiftar noko frå kommune til kommune; av alle parti som stilte til val i Ørsta eller Volda i 2015, var det berre Volda Høgre som hadde programfesta aktiv nynorskstøtte. I det store biletet er det likevel språkpolitisk dekning for å rekne på forholdet mellom dei tre store og dei mange andre partia. I 2015 fekk «nynorskpertia» 29,8 prosent av røystene når alle felleslister og bygdelister er trekte frå. Dei tilsvarande tala for 2011 og 2007 var 24,2 og 28,3 prosent. Med vise atterhald kan det då seiast at 2015-valet var det beste lokalvalet for nynorskbrukarane på lenge.

I heile 99 av 113 nynorskkommunar gjekk meir enn 20 prosent av veljarane til sentrumspartia i 2015. Som i 2007 røysta over 40 prosent av veljarane i 52 kommunar på eit sentrumsparti. Veksten kom altså i kommunane med 20–39 prosent sentrumsrøyster. I 26 av kommunane røysta fleirtalet på eit av sentrumspartia, mot 22 kommunar åtte år tidlegare. Det eine ytterpunktet var Gloppen kommune i Sogn og Fjordane med 71,4 prosent av røystene til sentrumspartia. Den andre ytterpunktet var Øygarden i Hordaland med 9,4 prosent, men både der og andre stader var det lokale bygdelister og felleslister som gjorde utslaget.

Røystetal er ei sak, verv og posisjonar noko anna. Ofte må lokalpolitiske konstellasjonar brytast ned på personnivå for å gi fullgod mening. Difor er det også relevant å analysere kor viktige nynorskkommunane er på personnivå for ulike parti. Slik dokumentasjon er utarbeidd for perioden 2011–2015 (tabell 6.2.7). Der viser det seg at Arbeiderpartiet var det partiet som hadde svakast eigeninteresse i nynorskkommunane.

Arbeiderpartiet henta ein lågare prosentdel av røystene sine frå veljarane i nynorskkommunane enn i resten av landet, og hadde også høvesvis færre kommunestyremedlemer og ordførarar i desse kommunane. Det nest største partiet ved valet i 2011 var Høgre, som hadde ein større del av kommunestyremedlemer og ordførarar i desse kommunane enn elles i landet. Med tanke på posisjonar var nynorskkommunane viktigast for sentrumspartia og Framstegspartiet i perioden 2011–2015. Endringane i 2015 gjorde at i perioden 2015 – 2019 var nynorskkommunane blitt viktigare for Arbeiderpartiet.

6.3 Stortingsval

Senterpartiet og Kristeleg Folkeparti er dei partia som no hentar mest røyster hos nynorskbrukarane (tabell 6.3.1). I prosent har desse partia fått vesentleg fleire røyster blant nynorskbrukarane enn blant bokmålsbrukarane ved alle stortingsvala frå og med 1965. Slik var det også i Venstre fram til 1970-åra. Etter partikløyvinga på Røros i 1972 nærma partiet seg gradvis resultatet i 2005, der partiet for første gong fekk noko fleire røyster blant bokmålsbrukarane enn blant nynorskbrukarane.

Dei store valundersøkingane ved stortingsval inneheld mange data som kastar lys over meiningane om språk. Fragment er publiserte i ei rekke skrifter.¹⁰⁸ I 1965 røysta nynorskbrukarane helst på Arbeiderpartiet, Venstre og Senterpartiet, men i 1981 hadde dette endra seg til Arbeiderpartiet, Senterpartiet og Kristeleg Folkeparti (tabell 6.3.2). Den største endringa mellom 1965 og 1985 var at Venstre mista så mange nynorskveljarar etter EF-striden og etter at partiet blei delt i 1972, men tendensen var tydeleg alt i 1969 (tabell 6.3.3). Bokmålsveljarane gjekk helst til Arbeiderpartiet og Høgre.

Ei ny stor endring gjorde seg gjeldande fram mot tusenårsskiftet og slo sterkt ut i 2005. Då sa heile 33 prosent av nynorskveljarane at dei røysta

¹⁰⁸ Døme på slike studiar er Henry Valen og Willy Martinussen: *Velgere og politiske frontlinjer*, Oslo 1972, s. 46–51 og 76–83; Tor Bjørklund og Bernt Hagtvet: *Høyrebølgen*, Oslo 1981 s. 37–44; Stein Rokkan: *Stat, nasjon og klasse*, Oslo 1987, s. 170–201; Bernt Aardal og Henry Valen: *Velgere, partier og politisk avstand*, Oslo 1989, s. 232–237; Henry Valen: *Valg og politikk*, Oslo 1992, s. 155–192; Dag Østerberg og Fredrik Engelstad: *Samfunnsformasjonen*, Oslo 1995, s. 346–349.

Arbeiderpartiet, mot 19 prosent fire år før. I kraft av storleik er det dette partiet som ved alle stortingsvala frå 1965 har fått flest røyster hos nynorskveljarane.

Ved dei seinare stortingsvala har Framstegspartiet henta mange fleire røyster hos nynorskbrukarane enn før. Saman med ordførarar i fleire nynorskkommunar frå 2003 inneber dette auka politiske spenningar. Det ser ut til at partiet har styrkt seg meir hos nynorskbrukarar enn hos bokmålsbrukarar dei siste åra. Grunnen er at partiet generelt har gått mest fram i områda utanfor storbyane, ikkje minst på Vestlandet.

Ein av dei mest omfattande veljaranalysane av nyare dato har Ottar Hellevik utvikla gjennom den store og kontinuerlege meiningsmålinga Norsk Monitor. Viktig informasjon frå denne undersøkinga for tidsrommet 1985–2001 er stilt til rådvelde (tabell 6.3.4 og 6.3.5). Vansken er at grunnspørsmålet om nynorsk er om vedkomande føretrekkjer å *lese* bokmål/riksmål eller nynorsk/landsmål. På same måten som interesse for språkspørsmålet ikkje utan vidare seier noko om faktisk språkbruk, er det å lese ikkje på langt nær det same som å skrive. På den andre sida kan eit slikt spørsmål fange opp haldningane også hos dei som faktisk skriv lite eller ingen ting. Tala ser totalt sett ut til å liggje nær opp til svara for spørsmål om kva vedkomande føretrekkjer å *skrive*.

Arbeiderpartiet var det partiet som gjekk mest tilbake blant nynorskbrukarane frå 1985 til 2001. Også Høgre mista nynorskrøyster i dette tidsrommet då Erling Norviks høgrebølgje ebba ut. For både SV og RV var skilnaden mellom bokmåls- og nynorskbrukarar liten. «Nynorskveljarar er altså ikkje heilt som andre veljarar, og særpreget har auka sidan 1985», skriv Hellevik.¹⁰⁹

Høgre endra mykje på veljargrunnlaget sitt frå slutten av 1970-åra. Bunads-Høgre blei eit omgrep som tente til å karakterisere ein viktig del av den nye profilen. I dette låg også at partiet fekk fleire røyster frå nynorskbrukarar (tabell 4.3.3). Etter kvart kan det sjå ut til at det har oppstått nokre ganske tydelege skilnader innanfor partiet mellom bygdefolk på Vestlandet og by- og bygdefolk på Austlandet. Kombinert med svekt verdikonservativ profil og sterkare marknadsliberalistiske trekk har dette i

¹⁰⁹ Ottar Hellevik: «Nynorskbrukaren – kven er han?», i Håvard Teigen og Elisabeth Bakke (red): *Kampen for språket*, Oslo 2002.

prinsippet auka spenningane i partiet, men i seinare år har partiet hatt færre profilerte nynorskbrukarar som talsfolk enn godt er for målrørsla.

Sjølv om Høgre endra ein del av veljargrunnlaget sitt frå slutten av 1970-åra og fekk oppslutning frå fleire nynorskbrukarar, er det framleis slik at bykulturveljarane dominerer i Høgre og motkulturveljarane i sentrumspartia, mens det gjerne er dei som er lite engasjerte i desse kultur-motsetnadene som søker mot Arbeiderpartiet og SV. Særleg Kristeleg Folkeparti er blitt ein klar motpol til Høgre på motkultursida. At motkulturane er svekte, har også over tid svekt sentrumspartia. I Venstre står nynorskbrukarane svakare som veljargruppe no enn før. Det er det same mønsteret som valundersøkingane har dokumentert.

For første gong er partipolitisk val knytt til talemålet til veljarane, i ei spørjeundersøking frå 2012 (tabell 6.3.6). Då blir fleire signifikante skilnader tydelege. 49 prosent av dei spurde seier dei snakkar bokmål eller ei bokmålsnær dialekt. Når desse blir fordelte på partia, spreier dei seg frå 31 prosent av Senterparti-veljarane til 56 prosent av Framstegsparti-veljarane. I alt svarar 45 prosent at dei snakkar dialekt eller mest dialektprega, og her er spreinga endå større enn for bokmål. 38 prosent av Framstegsparti-veljarane seier dei snakkar dialekt, mot 67 prosent av SV-veljarane. Både i SV, Senterpartiet, Venstre og Kristeleg Folkeparti utgjer dialektbrukarane over halvparten av veljarane.

6.9 Historisk statistikk

Også i kyrkja har det vore mange folkerøystingar om liturgispråk, om Blix-salmane skulle takast i bruk og om *Nynorsk Salmebok* skulle takast i bruk. Det ligg føre informasjon om 1312 slike folkerøystingar mellom 1892 og 1954 (tabell 6.9.1). Seks av ti folkerøystingar blei haldne på Vestlandet, men det var folkerøystingar i alle fylka.

Nesten 1000 av folkerøystingane gjaldt bruk av salmar. Det blei halde 638 folkerøystingar om å innføre Blix-salmane, og 337 om å innføre *Nynorsk Salmebok*. I gjennomsnitt røysta vel 60 prosent ja. Det blei også gjennomført 337 folkerøystingar om nynorsk liturgi. Her var det fleire som svara ja, i gjennomsnitt 72 prosent.

Når eit språk først har vore røysta inn i kyrkja, er det som regel blitt verande. Det konserverande ved kyrkespråket blir illustrert ved røystingar på Nordmøre og i Romsdal, der nynorskbrukarane jamt over er i klart mindretal. Tidleg i oktober 2001 var over 300 med og røysta over opplæringspråk ved Haukås skule i Fræna i Romsdal.¹¹⁰ To tredelar av røystene gjekk til bokmålet. Då Tingvoll sokneråd på Nordmøre seinare på hausten samrøystes ville byte ut nynorsk med bokmål i liturgien, gjekk eit knapt fleirtal i soknemøtet mot. På denne gamle skulestaden hadde den siste nynorske skulekrinsen forsvunne i 1970. Då var det berre eit tidsspørsmål før iallfall spørsmålet om neste formelle endring ville kome. Det var likevel ikkje nok; fleirtalet heldt på det som var blitt etablert.

Tema: på parti med språket

Det norske språkspørsmålet var der før partia kom til. Tyngda i saka gjorde det nødvendig for partia å ta stilling, og opna utvegar for å bruke saka til eige beste. Å fremje nynorsk kan gjerne lesast som ein del av ei norsk nasjonsbygging, men det ar også ein del av ei norsk partibyging.

Venstre, Høgre og Arbeiderpartiet blei alle skipa i det vesle tidsrommet 1884–1887. Det tok tid før dette blei moderne organisasjonar, valprogram var gjerne avgrensa til nokre få sentensar, og der formulerte ingen parti noko om språk før 1906. Sidan den gongen har det ikkje vore gjennomført eit einaste val i Noreg utan at språkpolitikk har vore med. Emnet har sjeldan prega valkampane, men ingen parti har i lengda kunna stille seg på sida av saka. Kva partia har meint om språkpolitikk gjennom meir enn hundre år, er dokumentert ein annan stad.¹¹¹

Den språkpolitiske vendinga som har prega mange språksamfunn frå 1990-åra, slo også inn i Noreg. Her viste endringa seg på fleire måtar i valprogramma til partia. Først og fremst brukte partia på 2000-talet meir plass på urfolk, nasjonale minoritetar og nye innvandrarspråk enn for nokre tiår sidan. Innhaldet skilde seg. Overfor urfolk og nasjonale mino-

¹¹⁰ *Romsdals Budstikke* 3.10.2001.

¹¹¹ Ottar Grepstad: *På parti med språket? Språkpolitikk i norske partiprogram 1906–2017*, Ørsta 2013.

ritetar la partia vekt på at desse måtte få utvikle sine språktradisjonar parallelt med kompetansen i norsk. Overfor nye innvandrarak var det derimot integrering som gjaldt.

Faglitteraturen om språk baud på mange fleire og ulike tankegangar enn før. Vegen frå fagboka og seminaret via den allmenne debatten til programkomiteane og partilandsmøta er og ar så lang at det aller meste av dette nye stoffet blei borte før vedtaka blir gjorde. Ved stortingsvalet i Språkåret 2013 var såleis knapt noko anna parti enn Miljøpartiet Dei Grøne nokolunde på høgde med hovudlinjer i det som då måtte reknast som standard språkfagleg tenking. Dette fråværet av oppdatert politikk fekk få følgjer, truleg mest fordi feltet er så lite politisert som det er. Det gode resultatet for dette partiet ved lokalvalet i 2015 var difor interessant også språkpolitisk sett.

I klima- og miljøpolitikken måler ein gjerne politiske motstandarak mot det som fagmiljøa seier. Det gjer ein også på mange andre politiske saksfelt. I språkpolitikken kjem ein framleis langt med allmenne analysar og til dels stivna resonnement.

Dette er påfallande av to grunnar.

Dei siste tiåra var det berre på norsk skrive mange tilgjengelege, oppdaterte og nytenkjande bøker og artiklar om språk og språkpolitikk. I det same tidsrommet hadde dei fleste partia gjort valprogramma til svært omfangsrrike trykksaker. Lite av denne utvida spalteplassen kom oppdatert språkfagleg innsikt til gode.

Det er som det må vere at partia destillerer ein essens av analysar, resonnement og tiltak på kvart område av politikken. Det skal vere legitimt å snakke like allment om språk som ein gjer om helsevesen og samferdsel. Valprogramma er ingen skriftstad for fotnotepresis vitskap. I så måte kan programma lesast som ei melding til språkfaglege miljø om kor mykje som står att i arbeidet med å gjere djup innsikt allment tilgjengeleg og relevant. På den andre sida bør dei same krava til ein kunnskapsbasert politikk gjelde her som elles i samfunnet.

Halvparten av veljarane er interesserte i språkspørsmålet. Det var dei i 2013, og det var dei 50 år tidlegare. Likevel var det ikkje slik at språkpolitikken var ein utslagsgivande faktor valdagen. Det var heilt andre spørsmål som avgjorde kva parti ein røysta på, i den grad desse vala stod seg ved ein rasjonell analyse. Samstundes har norsk valforskning i eit halvt

hundreår vist at partivala sil seg i nynorskdominerte område frå dei bokmålsdominerte områda. Språk er og blir meir enn språk, og dei sosiale og kulturelle samanhengane språk er knytte til, viser att når røystene blir talde opp. Nokre parti gjer det betre i nynorskprega område enn i resten av landet, og nokre gjer det betre i bokmålsprega område. Slik har det vore ved stortingsvala, og dokumentasjonen i *Språkfakta 2015* viser den same klare tendensen ved kommunevala.

Tydelegare kan det ikkje vere at forholdet mellom nynorsk og bokmål høyrer den norske kvardagen til, anten ein vil eller ikkje. I hundre år har det norske demokratiet også handla om språk.

Perspektiv: folkerøystingar som strategi

Lokal folkerøysting som strategi og prinsipp i kulturpolitikken blei innført i 1892.

Då avgjorde først kyrkjeminister Wilhelm Andreas Wexelsen at Elias Blix' *Nokre Salmar* kunne brukast i kyrkja «hvør Beslutning om saadan Benyttelse bliver fattet af Menighedens Husfædre». Eit par månader etterpå vedtok Odelstinget i lov om landsfolkeskulen at "Skolestyret bestemmer, om Skolens Læse- og Lærebøger skal være affattede paa Landsmaal eller i det almindelige Bogmaal, og i hvilket av disse Maal Elevernes skriftlige Arbejder i Almindelighed skal affattes. Dog skal Eleverne lære at læse begge Maal. Inden Skolestyret fatter sin Beslutning, skal Overtilsynets og derefter Kredens Erklæring være indhentet. Er denne sidste afgivet med to Trediedele af de mødende Stemmer, skal den af Skolestyret tages tilfølgelge."

Seinare har det vore system med både rådgivande og bindande folkerøystingar om desse emna. I 1915 vedtok Odelstinget at val av skriftleg opplæringspråk skal avgjerast ved folkerøysting i skulekrinsen. Tidle-gare hadde ikkje skulestyret vore bunde av vedtak i dei enkelte krinsane. To år seinare vedtok Odelstinget at foreldre som ønskjer eit anna opplæringspråk for borna sine enn det som er hovudmålet ved skulen, kan få det viss det er mange nok born til å fylle ei klasse og det ikkje inneber «nævneværdig større utgifter for kommunen». Systemet har vore halde godt ved like, og fleire saker enn opplæringspråk har vore emne for lokale folkerøystingar.

Med folkerøystingar som system gav staten kommunane og lokalsamfunna ei språkpolitisk rolle – kyrkjesokna skulle avgjere salmesaka, kommunane skulle avgjere opplæringspråket. I begge tilfella har det seinare veksla mellom folkerøystingar og vedtak i representative organ, men heile tida er makt blitt verande i lokalsamfunna.

Dei mange tusen folkerøystingane gjennom meir enn 100 år representerer eit språkleg lokaldemokrati som er eit viktig grunntrekk i den språkdelte norske kulturen. Røystingane er interessante ikkje minst fordi dei syner kva innbyggjarane i dette landet faktisk meiner når dei må ta aktivt stilling til språkspørsmålet, og står overfor eit reelt val. På ny får vi stadfesta at den nynorske skriftkulturen kjenner dei parlamentariske vegane til makt, men så mange nynorskroyster ville det ikkje ha blitt utan det utanomparlamentariske arbeidet rundt desse røystingane. I dette ligg også eit avklara samspel mellom språkpolitikk og demokratisk utvikling.

Lite har vore undersøkt systematisk om korleis nynorsk blei røysta inn som opplæringspråk i skulen fram mot 1940, og korleis nynorsk blei røysta ut att i 1950-åra. Den største enkeltstudien har språkhistorikaren Roger Lockertsen stått for i sin analyse av målreising i Nordland og Troms 1898–1940.¹¹²

Det norske hegemoniet i nord aksepterte på denne tida verken verdien av eller bruken av språk som samisk og kvensk. I tillegg til dei konfliktane dette utløyste, var det også strid innanfor det norske. Norsk var i ferd med å bli meir enn bokmål også her. Berre i 1939 blei det gjennomført 318 folkerøystingar om skulemål i Nord-Noreg – 175 i Nordland, 143 i Troms. Dette var nesten tre gonger så mange som i heile tidsrommet frå 1900 til 1938. I gjennomsnitt blei det altså halde ei folkerøysting kvar yrkedag i 1939.

Den tyske okkupasjonen frå våren 1940 sette sin bråstoppar for denne demokratiske språkbygginga nedanfrå. Frammøteprosenten var låg; jamt over røysta færre enn 25 prosent av alle røysteføre. Difor stod skulestyra i mange tilfelle fritt til å leggje valresultatet bort og innføre kva opplæringspråk dei ville. Skulestyra hadde tidlegare avvist nynorsken så snart dei såg den minste sjansen til å gjere det, meiner Lockertsen: «I

¹¹² Roger Lockertsen: *Målreising i Nord-Noreg 1890–1940*, hovudoppgåve, Universitetet i Tromsø 1984.

1939 var det andre vegen: Da innførte skolestyra nynorsk i ei mengd krinsar som hadde fleirtal for bokmål, men der frammøtet var dårleg.»

Særleg mellom 1910 og 1930 var der fleire sterke nynorskmiljø nordpå, og på Helgeland blei bruken av nynorsk meir enn eit blaff. Privat var det ein del som brukte nynorsk nordpå også på 2000-talet, men i haldning til nynorsk var nordlendingane blant dei mest kritiske i Noreg. Knappt nokon brukte dialekt meir enn dei, og knapt nokon såg så positivt på bruk av dialekt som dei men brua mellom dialekt og nynorsk var stegd.

Slik fører den språkdelte kulturen i Noreg til at innbyggjarar i ulike lokalsamfunn jamleg held folkerøystingar om språk i kyrkje eller skule. Etter som tiåra går, blir språk på denne måten filtra meir og meir inn i dei allmenne politiske prosessane som det norske demokratiet no er tufta på. Folkerøystingane har vore ein del av ein prosess der språkstriden ga nordmenn erfaring med å løyse kulturelle konflikhtar utan vald.

Systemet med lokale folkerøystingar utfordrar den språkdelte norske kulturen. I kvar einaste folkerøysting om skulemålet er valet kategorisk, anten bokmål eller nynorsk. Dette har Ola E. Bø i ein samtale kalla språkpolitikk etter utslagsmetoden.

Folkerøystingane fører til at mange får høve til eller må ta stilling til viktige språkpolitiske spørsmål. Det er med og gjer språk viktig, som språk er for mange i Noreg (jf. kapittel 5). Etter kvart blei folkerøystingane ein strategi for å utvikle det eittspråklege samfunnet. Dilemmaet i dag er at i slike folkerøystingar kan ikkje begge sider vinne. Folkerøystinga gir mykje makt til fleirtalet og lite vern for mindretalet. Prisen er ikkje berre at eit språk blir røysta ut for minst fem år, men også at forståinga av den språkdelte norske kulturen blir sett under press.


Å vere mot folkerøystingar er lett å stemple som ei udemokratisk oppfatning, særleg når dette systemet har vore i bruk i mykje meir enn 100 år. Spørsmålet er kor lenge det er mogleg å vere for både prinsippet om folkerøystingar og verdien av det språklege mangfaldet.

Etter kvart som innvandrarane blir bufaste, kan systemet med lokale folkerøystingar vere med og integrere dei meir i det norske demokratiet. Folkerøystingane kan også tene til å gjere den norske språksituasjonen viktigare for dei. Dette føreset at dei i større grad enn no buset seg i område der slike folkerøystingar er aktuelle.

Folkerøystingar ar likevel ikkje vore ein konsekvent strategi for alle. Så mykje som 90 prosent av skulane med nynorsk som opplæringspråk kan vere resultatet av lokale folkerøystingar, men det har neppe vore folkerøysting om meir enn halvparten av skulane med bokmål som opplæringspråk.¹¹³

¹¹³ Ingar Arnøy i foredrag på seminar på Sunndalsøra 27.3.2013, egne notat.

7 Individuell språkbruk



Figur 7.1 Bruk av dialekt i skrift 2013. Prosent

Bokmål er det mest brukte språket i Noreg og har vore det sidan nynorsk og bokmål blei jamstilte norske språk i 1885. Auka bruk av engelsk inn på 2000-talet svekte bokmål på fleire viktige område, medan bruken av nynorsk var ganske stabil, og det blei jamt fleire med andre språk enn norsk som førstespråk. Den store språklege endringa i Noreg dei siste 50 åra er at dialekt no blir brukt på nær sagt alle område i samfunnet og særleg i privat skrift.

Det finst om lag 600 000 nynorskbrukarar i Noreg. Fire av ti er reelt tospråklege i den forstand at dei like gjerne bruker bokmål som nynorsk. Prosentdelen nynorskbrukarar over 15 år har halde seg stabil sidan 1990-åra, men fleire av dei skriv no ofte dialekt.

På 2000-talet har også bruken av dialekt som skriftspråk auka, særleg blant dei yngre, og etter kvart skriv tre av ti dialekt i ein eller fleire samanhengar. Generelt skriv oslofolk minst dialekt, vestlendingar og nordlendingar mest, og Noreg nærmar seg eit samfunn med tre norske skriftspråk – to normerte og eit unormert med stor variasjon.

Det er ein svak tendens til at fleire kvinner enn menn bruker nynorsk privat, og at nynorskbrukarane utgjer ein større del blant eldre enn yngre. Di meir utdanning ein person har, di meir sannsynleg er det at vedkomande bruker bokmål. Det er også fleire bokmålsbrukarar blant dei med høg inntekt enn blant dei med låg inntekt. Det sosiale elitespråket er bokmål.

Fleire nynorskbrukarar enn for 50 år sidan blir verande nynorskbrukarar, særleg viss dei er mange nok, har eit trygt språkmiljø i skulen, kan bruke nynorsk på jobb, har lett tilgjenge til lesestoff på nynorsk, og språket ikkje er særleg omstridd i lokalsamfunnet. Om lag halvparten av nynorskelevane held seg til nynorsk fram til eksamen i vidaregåande skule. Særleg unge bokmålsbrukarar les lite nynorsk, medan unge nynorskbrukarar les mykje bokmål, til dels meir bokmål enn nynorsk.

7.1 Talemål

I Noreg er vi fleirspråklege på ulike nivå, i tale som dialektar, i skrift gjennom nynorsk, bokmål og delvis dialekt. Mange er fleirspråklege i både tale og skrift.

Stortinget er den fremste norske institusjonen. I denne institusjonen gjeld merkverdig nok ikkje alle lover, til dømes lov om målbruk i offentleg teneste. Det som derimot blir følgt opp, og som er blitt det sidan 1913, er retten til å bli referert på nynorsk eller bokmål. I det ligg ein indikator om talemål, og den einaste vi har som strekkjer seg over meir enn 100 år. Denne referattradisjonen marker også at både bokmål og nynorsk er så vel talemål som skriftspråk.

Lenge var det slik at saksordføraren avgjorde om komitéinnstillinga blir skriven på nynorsk eller bokmål, og kva språk ei lov blei forma på. Seinare års bruk av teksthandsaming har no ført til at mest alle komitéinnstillingar inneheld anten setningar, avsnitt og kapittel på skiftande språk.

Storingsrepresentantane er i alle høve ei gruppe det er lett å få oversyn over, og som truleg har mykje å seie for det allmenne omdømet for nynorsk. Der er mykje fleire nynorskbrukarar på Stortinget enn blant veljarane, og slik har det vore lenge. Skilnaden er truleg større i dag enn i mellomkrigstida (tabell 7.1.1). I Stortinget stod nynorskbrukarane sterkast i 1960-åra, då nynorsken elles sleit med oppslutning og bruk. Sidan 1981 har nynorskbrukarane utgjort ein ganske stabil prosentdel på Stortinget, men med eit markert fall det siste tiåret. I perioden 2013–17 blir berre 19 representantar eller 11 prosent refererte på nynorsk. Ein lågare prosentdel nynorskbrukarar har ikkje vore registrert i Stortinget sidan slutten av 1913.

Utanom Stortinget er éin arbeidsplass er kartlagd betre språkleg enn andre, men utvalet er lite og neppe representativt. I 2011 svara 82 NRK-medarbeidarar på spørsmål om eige talemål. 48 svara at dei snakka dialekt, 28 standardisert bokmål og 5 standardisert nynorsk (tabell 7.1.3).

Den eldste undersøkinga av utbreiinga av ulike talemål er frå 1969 (tabell 7.1.2). Dei data som er tilgjengelege, er diverre fragmenterte, men undersøkinga syner iallfall at ein av tre snakka dialekt ut frå eiga vurdering. Svært få snakka nynorsk, og enno snakka mange riksmål. Dialekt blei mest brukt av dei som budde utanfor byane, arbeidde i primær- og sekundærnæringane og tente mindre.

Ei større undersøking i nyare tid av dette emnet stod NRK for i 2012 (tabell 7.1.4). I 1969 hadde 65 prosent svara at dei snakka bokmål eller riksmål. I 2012 svara 49 prosent at dei snakka bokmål eller mest bokmålsprega. 34 prosent snakka i 1969 dialekt, og i 2012 gjorde 46 prosent det.

Den skilnaden skulle ein tru ville vere større etter mange tiår med auka status for dialektar. Meir som venta var det at fleire unge enn eldre snakka dialekt, at bruken av bokmål minka på vegen frå storbyen til bygda, og at Oslo og Nord-Noreg var to språklege ytterpunkt. I Oslo snakka 76 prosent bokmål eller mest bokmålsprega; i Nord-Noreg snakka 85 prosent dialekt eller mest dialektprega. Det skil seg mykje kor sterk identiteten er mellom tale og skrift, ikkje minst i Nord-Noreg, der mange nok oppfattar sitt eige talemål som bokmålsnært.

Kor mange som snakkar dei ulike dialektane, har også vore ein ukjend variabel; ein kan ikkje slutte frå bustad til talemål. Forholdet mellom ulike dialektar viste seg å vere jamnare enn folketalet i ulike delar av landet skulle tilseie då NRK kartla dette i ei ny undersøking i 2014 (tabell

7.1.5). Fordelingane må lesast med det atterhaldet at dette er sjølvforståinga til kvar og ein som blei spurd.

I 2014 var bruk av dialekt ganske allment akseptert. Det inneber ikkje at alle bruker dialekt i kva samanheng som helst. Dette var det også litt delte meiningar om (sjå kapittel 5.3). Mange fleire snakka meir dialektprega privat enn på jobb, og fleire normerte mot bokmål når dei var på arbeid (tabell 7.1.6). Her var det klare skilnader aldersgruppene imellom. Privat snakka 59 prosent av alle mest dialektprega og 34 prosent mest bokmålsprega. I aldersgruppa 30–39 år snakka derimot 69 prosent mest dialekt og 23 prosent mest bokmål. I nordmenns språklege sjølvforståing var altså bokmål i 2014 på veg til å bli meir og meir eit skriftspråk og lite anna.

Dialektane er geografisk definerte, og geografisk definert er også den plassen dialektane har i kvardagen i eit eintydig mønster kysten rundt (tabell 7.1.6).

Privat fall bruken av dialekt privat frå 92 prosent i Nord-Noreg via 60 prosent på Sørlandet til 32 prosent i Oslo. Bruken av bokmål var heilt motsett, frå 59 prosent i Oslo ned til seks prosent i Nord-Noreg.

Språkbruken på arbeid viste det same geografiske mønsteret, men med mindre skilnader. På jobb fall bruken av dialekt frå 75 prosent i nord til berre 20 prosent i Oslo, medan bruken av bokmål fall tilsvarande frå 67 prosent i Oslo til 17 prosent i nord.

Er desse tala nokolunde korrekte, blei bokmål i 2014 altså knapt brukt i privat tale nord for Trøndelag og også mindre på jobb enn i nokon annan del av landet. I tala ligg også ein språkleg avstand som har auka mykje dei siste 50 åra. Den opplevde språkpraksisen i Oslo og i Nord-Noreg var diametralt ulik. Nesten sju av ti snakka mest bokmålsprega på jobb i Oslo, og ni av ti snakka mest dialektprega privat i Nord-Noreg.

7.2 Skriftspråk

Der er stabilt mange nynorskbrukarar, men fleire av dei skriv no meir dialekt enn før, og mange av dei vekslar mellom bokmål og nynorsk. Dei som skriv berre nynorsk, var i 2015 truleg i ferd med å bli eit mindretal blant nynorskbrukarane.

To typar undersøkingar gir to utviklingslinjer i forholdet mellom nynorsk og bokmål etter 1945.

Den eine typen er meiningsmålingar, der spørsmålet om eige skriftspråk blei stilt ganske ofte av Norsk Gallup i andre halvdel av 1900-talet. Bruken av nynorsk gjekk ned frå 25 prosent i 1951 til 8 prosent i 1985. Tala frå 1951 er dei eldste som finst om dette emnet.

Den andre typen er valundersøkingane 1957–2013, der same spørsmålet om kva ein likte best å skrive, er blitt stilt kvart fjerde år unnateke 1961 (tabell 7.2.2). Her gjekk bruken av nynorsk ned frå 12 prosent i 1957 til åtte prosent i 2013. Det er ei tydeleg endring, og nedgangen var like stor etter 2000 som i det 43 åra før.

Hovudtendensane i dei to undersøkingane er dei same som i fem liknande undersøkingar frå 1995, 2000, 2002, 2005 og 2014 (tabell 7.2.1 og 7.2.4). På spørsmål om kva språk dei som regel bruker privat, svara åtte- ni prosent at dei som regel brukte nynorsk, og fem-seks prosent sa at dei brukte nynorsk og bokmål om lag like mykje. Dette innebar at 12–15 prosent av nordmennene var tospråklege utover på 2000-talet, og fleire i 2014 enn i 1995. Fleire enn på lang tid sa i 2014 at dei helst skreiv nynorsk privat, og auken var særleg stor på Vestlandet, der nynorskbrukarane utgjorde ein like stor del av innbyggjarane i vekstfylket Rogaland i 2014 som ti år tidlegare (tabell 7.2.14).

Svaralternativet «begge delar» var aldri med i valundersøkingane. Svara i desse undersøkingane frå 1990- og 2000-talet viser likevel den same tendensen som dei store undersøkingane 1995–2005 (tabell 7.2.5, 7.2.6, 7.2.7 og 7.2.8). Nynorskbrukarane flata i desse undersøkingane etter kvart ut kring ti prosent.

Omrekna til absolutte tal gir 2014-undersøkinga 598 000 nynorskbrukarar (tabell 7.2.14). Av desse bruker 240 000 både nynorsk og bokmål. Dette stemmer godt med ulike anslag på ulike grunnlag. To av tre nynorskbrukarar budde på Vestlandet. Hordaland var størst med 154 000, Møre og Romsdal hadde 92 000, Rogaland 85 000 og Sogn og Fjordane 66 000. I hovudstaden budde det 42 000 nynorskbrukarar. I aldersgruppe 45–65 år brukte 176 000 nynorsk. Det same gjorde 162 000 i aldersgruppa 30–45 år og 131 000 som var 15–30 år gamle. Den eldste gruppa var den minste: 122 000 av dei over 65 år brukte nynorsk. Halvparten av nynorskbrukarane var altså mellom 15 og 45 år gamle i 2014.

Bruken av nynorsk, bokmål og dialekt blei kartlagd nasjonalt i både 2012 og 2013 (tabell 7.2.11 og 7.2.12). Det same spørsmålet blei stilt begge åra, før og etter Språkåret 2013, og handla om kor mykje dialekt folk brukte når dei skreiv. Tendensen var den same begge åra, og undersøkingane kan reknast som pålitelege. To av tre svara at dei heilt eller delvis ikkje brukte dialekt. Ein av fire brukte dialekt i sms-meldingar og ein av ti i sosiale medium. Skilnadene var små mellom kvinner og menn, mange fleire unge enn eldre skreiv dialekt, og det var ein viss tendens til at dei med lite utdanning skreiv meir dialekt enn dei med høgare utdanning. Den største skilnaden var geografisk. Åtte av ti i Oslo svara at dei ikkje skreiv dialekt, mot fem av ti på Vestlandet og fire av ti i Nord-Noreg.

Vestlendingane var midt på treet i dialektbruken sin både i 2012 og 2013. Ei meir avgrensa undersøking hos elevar i fem vidaregåande skular på Vestlandet i 2014. Der svara 119 av 142 at dei skreiv dialekt på Facebook (tabell 7.2.13). Av desse brukte 91 dialekt på Snapchat og 24 på Twitter. For andre digitale medium var tala små.

Denne tendensen kunne sporast alt i 1990-åra. Av 48 ungdomsskuleelevar i Volda svara 25 at dei privat skreiv dialekt, medan 18 skreiv nynorsk og 5 bokmål (tabell 7.5.5). Undersøkinga er lita, men tendensane finst også i anna materiale. Det ser altså ut til at digitale medium ikkje skapte nokon ny skrivetradisjon, men at dei private skriftvanane blei overførte til desse formata (sjå kapittel 13.6).

Dei nyare, store undersøkingane synte at nynorskbrukarane er sette saman av to grupper: Dei som berre bruker nynorsk i privat skrift, og dei som bruker begge språka. Forholdet mellom desse gruppene er om lag 60–40 i dei fire undersøkingane. Mange av dei som bruker begge språka, her kalla blandabrukarar, er mest truleg nynorskbrukarar som har flytta til byane og bruker bokmål i arbeidsdagen og kanskje i ein del urbane samanhengar. I 2005 svara 7,5 prosent at dei helst brukte nynorsk privat, og 5,5 prosent svara at dei like gjerne brukte bokmål som nynorsk. Tilsvarende tal ti år tidlegare var 7,4 prosent og 5,0 prosent

Omrekna til absolutte tal gav dette om lag 350 000 absolutte nynorskbrukarar og om lag 225 000 blandabrukarar kring 2005. Regjeringa Stoltenberg II la i 2008 til grunn at der var om lag 600 000 nynorskbrukarar i Noreg. Det reknestykket bygde på undersøkinga frå 2005.¹¹⁴ I tiåret 2005–

¹¹⁴ *St.meld. nr. 35 (2007–2008) Mål og meining*, s. 52.

2014 auka folketalet med nær 600 000. Sjølv om nynorskprosenten gjekk ned i grunnskulen i det same tidsrommet, tilseier ei rekkje undersøkingar at det er rimeleg å gå ut frå at om lag 600 000 nordmenn var nynorskbrukarar privat i 2015 – 360 000 absolutte nynorskbrukarar og 240 000 blandabrukarar (tabell 7.2.14).

Tal frå Finland set den norske situasjonen i relieff. I Finland er om lag fem prosent svenskspråklege, men ti prosent er reelt tospråklege, og tre av fire svenskspråklege er tospråklege.¹¹⁵ Skilnaden er at nynorsk og bokmål er to gjensidig forståeleg språk, og det er ikkje svensk og finsk.

Der skjer ei sosial demokratisering gjennom språket.

2005-undersøkinga syner at nynorskbrukarane er færre i den yrkesaktive generasjonen 30–59 år enn blant dei yngre og dei eldre (tabell 7.2.8). Blant dei yrkesaktive utgjer nynorskbrukarane ein noko lågare del i privat sektor enn i offentleg sektor, men skilnaden er liten og ligg innanfor den statistiske feilmarginen.

Med dei stillingskrava som mange i offentleg sektor har om å kunne bruke begge språka, var det rimeleg å rekne med at her er det også særleg mange som gjerne vekslar mellom språka privat. Det er det ikkje. I offentleg sektor er det uventa få som like gjerne bruker nynorsk som bokmål.

Der er tydeleg fleire nynorskbrukarar blant dei med lite utdanning enn blant dei med mykje. Tala tyder også på at noko fleire av dei med lite utdanning enn dei med mykje utdanning vekslar mellom bruken av nynorsk og bokmål. Årsaka er truleg at dei er språkleg usikre og ikkje har fått noko eintydig fotfeste i den språkdelte norske skriftkulturen.

Økonomisk er nynorskbrukaren gjennomsnittsmenneske. Med stigande inntekt blir det færre nynorskbrukarar. Dette verkar nok sterkt inn på den sosiale posisjonen nynorsk har i samfunnet. Den erklærte uviljen og motstanden mot nynorsk i store elevgrupper bør analyserast også i lys av slike økonomiske skilnader.

Det er ein svak tendens til at fleire kvinner enn menn bruker nynorsk privat og at nynorskbrukarane utgjer ein større del i dei eldre aldersgruppene enn i dei yngre. Di meir utdanning ein person har, di meir sannsynleg er det at vedkomande bruker bokmål. Utbygginga av det mo-

¹¹⁵ Opplyst på møte med Svenska litteratursällskapet i Finland i Helsingfors 12.6.2014, egne notat.

derne kunnskapssamfunnet dreg her i stikk motsette retningar: Auka utdanning aukar på somme punkt den språklege og kulturelle toleransen, men endrar også den individuelle språkbruken (sjå kapittel 5.1). Viss auka utdanning gjer den enkelte til ein sikrere språkbrukar, inneber dette ein tydeleg fare for at fleire nynorskbrukarar er språkleg usikre mellom anna fordi fleire av dei har lågare formell utdanning. Ein svak tendens til at noko fleire med låg utdanning enn med høg utdanning like gjerne bruker bokmål som nynorsk, understrekar dette.

Mange har utdanna seg bort frå bruk av nynorsk som skriftspråk. Tendensen er eintydig: Di høgare utdanning, di fleire bokmålsbrukarar. Såleis har talet på nynorskbrukarar i heile etterkrigstida vore høgare i skulen enn blant dei vaksne. Det kan altså sjå ut til at lengre utdanning fører til at færre bruker nynorsk. Grunnen kan også vere at ein del av dei eldre nynorskbrukarane har mindre utdanning enn bokmålsbrukarane i same aldersgrupper, og bokmålsbrukarane har høgare inntekt.

Dei sosiale skilnadene mellom bokmål og nynorsk er små, men tydelege. Nynorsk er ikkje noko sosialt eller økonomisk overklasse- og elitespråk. To yrkesgrupper skil seg ut: Så mykje som kvar fjerde bonde eller fiskar bruker nynorsk privat. Denne sosiale fordelinga av nynorskbrukarane er svært stabil; når talet på bønder har gått ned, har det svekt nynorsken. Nynorskbrukarane gjer mest av seg på dei mindre glamorøse stadene i samfunnet.

7.3 Sjølvmeldingar

I fleire tiår har om lag ti prosent av alle nordmenn levert sjølvmeldingane sine på nynorsk. Blant næringsdrivande er det endå fleire som bruker nynorsk.

Ein tidleg dokumentasjon av nordmenns språklege sjølvbilete skriv seg frå 1978. Då var det framleis slik at Postgirokontoret trykte blankettar og katalogar på nynorsk og bokmål, og kontohavarane blei bedne om å krysse av for ønskt språk. Av dei 258 000 kontohavarane i 1978 ville 9,1 prosent ha trykksakene på nynorsk, 90,0 prosent på bokmål.¹¹⁶

¹¹⁶ *Norges kulturhistorie*, band 8, Oslo 1984, s. 137.

Det er ikkje alltid like viktig for folk kvar nynorsken blir brukt. Det har meir å seie med nynorsk i kyrkja enn i formelle samanhengar som sjølvmeldinga. I 2004 leverte nordmenn 3,6 millionar sjølvmeldingar (tabell 7.3.1). 385 000 eller 11 prosent av desse var på nynorsk. I 2013 brukte 10 prosent nynorsk i sjølvmeldingane sine. Målt i absolutte tal stemmer dette ganske godt med dei tala som kjem ut av undersøkingar om kva skriftspråk folk helst bruker privat (sjå kapittel 7.1).

Overraskinga ligg i skiljet mellom næringsdrivande på den eine sida og lønsmottakarar og pensjonistar på den andre (tabell 7.3.2). 14 prosent av sjølvmeldingane frå næringsdrivande var på nynorsk i 2004, mot 10 prosent frå privatpersonar. Det var altså ein større del av næringsdrivande enn av personlege skatteytarar som då brukte nynorsk.

Dette blei første gongen dokumentert i *Nynorsk faktabok 2005*. Funna går på tvers av ein hypotese i *Nynorsk faktabok 1998* om at høvesvis fleire personlege skatteytarar enn næringsdrivande nyttar nynorsk. Éin viktig grunn til at det likevel ikkje er slik, kan vere at det gjerne er rekneskapskontor som fyller ut oppgåvene frå næringsdrivande. I så fall vil det seie at rekneskapskontora er ei viktig gruppe av nynorskbrukarar i næringslivet.

7.4 Verne- og sesjonspliktige

Like sidan 1947 er verne- og sesjonspliktige spurde om sitt eige førstespråk. Inga anna gruppe er så nøye kartlagd også språkleg.

Bruken av nynorsk og bokmål hos dei vernepliktige følgjer ganske nøye dei endringane som blir viste gjennom dei allmenne spørjeundersøkingane, men med eit raskare fall ned mot 10 prosent (tabell 7.4.1). I 1953 svara 24 prosent av dei vernepliktige at dei brukte nynorsk. Alt frå midten av 1960-åra var om lag 10 prosent av dei vernepliktige nynorskbrukarar. Den viktigare endringa etter dette er at dei som i 1960- og 1970-åra stilte seg nøytrale i dette språkspørsmålet, frå 1990-åra er heilt borte. Skiftet kring 1990 er såpass markert at kanskje spørsmålsstillinga eller metoden då blei endra.

I 2004 kom det nynorskbrukande vernepliktige frå alle fylke og frå 39 prosent av alle kommunane i landet. Ein nærstudie frå 2008 av verne-

pliktige i nynorskkommunane viser store variasjonar kommunane imellom, men mange av tala er for små til at nokon utførleg analyse gir meining (tabell 7.4.7). Regionalt har fordelinga mellom nynorsk- og bokmålsbrukarar endra seg mykje frå det eine nynorskfylket til neste.

Endringane har vore store i mange fylke frå 1950-åra til i dag. Den overordna tendensen er her som på andre område at bruken av nynorsk utover på 2000-talet var mest stabil og sterkast på delar av Vestlandet. Materialet viser også her at nynorskbrukarane finst i alle fylke.

Sju av ti vernepliktige i Hordaland og Møre og Romsdal brukte nynorsk i 1953 (tabell 7.4.3). Dette er dei eldste tala på fylkesnivå. I 2014 brukte fem av ti i Hordaland nynorsk, og tre av ti i Møre og Romsdal (tabell 7.4.4).

Prosentdelen nynorskbrukarar blei halvert blant dei vernepliktige på Austlandet og i Rogaland på dei fem tiåra frå 1963 til 2014. Utviklinga kan studerast på fylkesnivå for åra 1963, 1964, 2000 og 2004 – dei to sistnemnde åra også på kommunenivå (tabell 7.4.2, 7.4.4, 7.4.5 og 7.4.6). I Hordaland var det store endringar undervegs, men i 2010 og 2014 var prosentdelen nynorskbrukarar større enn i 1964. Også i Sogn og Fjordane brukte fleire av dei sesjonspliktige nynorsk på 2000-talet enn i 1960-åra. Her kan situasjonen i 2010 studerast på kommunenivå (tabell 7.4.7). Pila peika nedover i Møre og Romsdal med eit markert fall på 2000-talet.

Frå og med 2010 ligg det føre data ikkje berre på fylkesnivå, men også med skiljet mellom kvinner og menn (tabell 7.4.10, 7.4.11, 7.4.12 og 7.4.13). Færre kvinner enn menn brukte nynorsk. Tala for 2014 var såleis typiske – åtte prosent av mennene brukte nynorsk, sju prosent av kvinnene. Denne kjønnskilnaden går att i svært mange undersøkingar; færre unge kvinner enn unge menn bruker nynorsk.

Også i Sogn og Fjordane er der ein slik skilnad, men den er mindre enn i andre delar av landet og må målast i desimalar (tabell 7.4.9). I 2011 brukte 88,6 prosent av sesjonspliktige menn nynorsk, mot 87,1 prosent av kvinnene. I dei andre fylka var prosentdelen nynorskbrukarar mykje mindre, og skilnaden mellom kvinner og menn var på om lag tre prosent.

7.5 Språkstabilitet og språkskifte

Dei som blir verande i språket, har eit trygt språkmiljø i skulen, kan bruke det på jobb og i fritid, har tilgjenge til mykje lesestoff på språket, og det er

truleg ikkje svært omstridd i lokalsamfunnet. Der må vere mange andre nynorskbrukarar for at mange også skal bli verande.

På 1990-talet låg det føre berre to studiar av språkstabilitet – Sauda kring 1980 og Nord-Gudbrandsdalen i åra 1990–1995. I 2015 var desse supplerte med studiar i fylke som Møre og Romsdal, regionar som Valdres og indre Agder, og kommunar som Volda, Lindås og Nord-Fron. I tillegg er det utført analysar på landsplan av endringane frå 1. til 10. steg i grunnskulen, og frå ungdomsskule til vidaregåande skule. Det finst også materiale som viser endringar frå vidaregåande skule til høgare utdanning (sjå kapittel 10).

Haldningane til språkskifte er dokumenterte i kapittel 5. Praksis viser at ein del av dei som meinte dei kom til å bli verande nynorskbrukarar, nok skifta til bokmål. Årsakene er samansette. Det har å gjere med individuell språkbruk, situasjonen i skulen og haldningar hos så vel enkeltpersonar som større miljø. Under det heile ligg det sosiale hegemoniet det mest brukte språket representerer, som blir forsterka av at bokmål blir særleg mykje brukt i dei samanhengane og på dei arenaene der tenåringar helst vil vere. Heile forklaringa er dette likevel ikkje.

Trass i det nemnde hegemoniet er der ein vesentleg språkstabilitet i delar av nynorskområda. Viss nasjonale arenaer har den same prestisjen i desse områda som i resten av landet, inneber det at tenåringane i desse områda blir eksponerte for nesten like mykje bokmål som elles. Likevel blir mange av dei verande nynorskbrukarar. Kva mekanismar og maktfaktorar som gjer seg gjeldande her, er lite undersøkt.

Problemet språkskifte blei bretta ut i årstale nr. 4 om tilstanden for nynorsk skriftkultur hausten 2004. Etter studiar i tilgjengeleg materiale var konklusjonen at om lag ein tredel av nynorskbrukarane skiftar til bokmål før dei har fylt 20 år, og at dei fleste gjer dette etter avslutta ungdomsskule. Ein annan og like klar tendens er at dei tidlege kulla heldt meir fast ved nynorsken enn det som kan kallast mellomgenerasjonane.

Eit lengdesnitt i tidsrommet 1915–1995 viser at den språklege lekkasjen frå nynorsk til bokmål truleg var på det høgaste i dei årskulla som var fødte 1936–1965 (tabell 7.5.1). På det meste forsvann då seks av ti nynorskbrukarar over til bokmål. Mange av dei som i 1940-åra og 1950-åra blei rekna som nynorskelevar i statistikken, kom drivande på ei fjøl og kvarv i første stryket. Dei var nynorskbrukarar berre på papiret. Det er

nok også mest sannsynleg at dei som i vaksen alder står fram som nynorskbrukarar, også var det i skuleåra.

I dei nemnde mellomgenerasjonane er over halvparten av nynorskbrukarane blitt borte (tabell 7.9.2). I så fall blei årskull på om lag 15 000 nynorskbrukarar med tida reduserte til 7500. Rekna i absolutte tal kan dette tyde på at nesten like mange personar frå kvart årskull blir verande nynorskbrukarar i dag som for femti år sidan, trass i at skulemålsprosenten er mykje lågare.

Språkskiftet frå barnesteget til ungdomsskulen har aldri vore stort, men det blei større frå midten av 1990-åra (tabell 7.5.4). I det årskullet som tok til i barneskulen hausten 1995, skifte for første gong to prosent til bokmål i ungdomsskulen. Dette mønsteret har vore stabilt i tiåra etterpå.

I det språkpolitiske ordskiftet har det lenge rådd uvisse om utviklinga i vidaregåande skule. Frå og med 2009 ligg det føre sikre data om kva språk elevane bruker ved avgangseksamen i vg3. Konklusjonar kan trekkjast. Då dei årskulla som tok eksamen i vidaregåande skule 2009–2012, byrja i 1. klasse i grunnskulen, hadde på landsplan 15 prosent av dei nynorsk som hovudmål (tabell 7.5.7). To prosent gjekk over til bokmål innan 10. klasse, og fem prosent til før eksamen i vg3. Om lag halvparten av nynorskbrukarar skiftar dermed til bokmål før dei går ut av vidaregåande skule. Dette har vore rekna på før, men no er tala trygge.

Denne språklege lekkasjen pregar også Vestlandet, men svært ulikt frå fylke til fylke. Størst er skiftet i Møre og Romsdal. Der går heile 28 prosent frå nynorsk til bokmål – fire prosent i grunnskulen, resten i vidaregåande skule i vg3. Minst er endringa i Sogn og Fjordane: to–tre prosent skiftar i grunnskulen, ni–ti prosent i vidaregåande skule.

Den relative stabiliteten er stor frå fylke til fylke (tabell 7.5.8). Ni av ti elevar i Sogn og Fjordane blei verande nynorskbrukarar gjennom grunn- og vidaregåande utdanning. Det same gjaldt fem av ti elevar i Møre og Romsdal og Hordaland, tre av ti i Aust-Agder, to av ti i Rogaland. Lågast var stabiliteten i Telemark, Oppland og Vest-Agder.

Noko av det same mønsteret kan lesast ut av tal for endringar på fylkesnivå frå 1. til 10. steg i grunnskulen (tabell 7.5.8). I *Nynorsk faktabok 2005* blei for første gong desse skilnadene dokumenterte (tabell 8.5.7). I dei fylka der lekkasjen er stor frå ungdomsskule til vidaregåande skule, er den tendensen synleg alt i overgangen frå barneskule til ungdomsskule. Oversynet for skuleåret 2004/05 synte at få nynorskelevar skifta

språk på veg frå barnesteget over i ungdomsteget. Størst var skilnaden nettopp i Oppland, og i Telemark. Det skuleåret hadde 22 prosent av elevane i Oppland nynorsk på barnesteget, mot 19 prosent på ungdomsteget. I skuleåret 2009/10 hadde 21 prosent av barneskule-elevane i Oppland nynorsk, men berre 17 prosent av ungdomsskule-elevane (tabell 8.1.13).

Eit anna tidsbilete viser at 17 prosent av dei elevane som tok til i 1. klasse hausten 1992, brukte nynorsk. Då det same kullet gjekk ut av 10. klasse våren 2002, brukte 16 prosent nynorsk (tabell 7.5.4). For det kullet som går ut av 10. klasse våren 2010, er endringa større. Av dei brukte 15 prosent nynorsk då dei tok til på skulen i 2000. Hausten 2009 brukte 13 prosent av desse nynorsk. Det vil seie at kvar sjuande nynorskelev hadde gått over til bokmål på vegen frå 1. til 10. klasse.

Dette gjer eldre tal ekstra interessante. I gjennomsnitt hadde kvar tredje elev ved vidaregåande skular i Sauda skifta frå nynorsk til bokmål i 1979 (tabell 7.5.2). I 1990-åra var lekkasjen mykje større i Nord-Gudbrandsdalen. Der hadde ni av ti elevar nynorsk i grunnskulen (tabell 7.5.3). På Lom vidaregåande skule brukte derimot berre seks av ti elevar frå Lom og Skjåk nynorsk, og fire av ti frå Vågå. Nærleiken til Otta kan forklare at lekkasjen var større i Vågå enn i dei to andre kommunane.

I 1996 blei meiningar og praksis hos 79 nynorskelevar i 9. klasse i Volda kartlagde (sjå kapittel 5). Gutane følgde heilt andre språkmønster enn jentene (tabell 7.5.5). Gutane skreiv helst nynorsk i brev, dagbøker og på lappar, dei aller fleste jentene skreiv bokmål. I meldingar til skulen skreiv alle mest nynorsk, og på plakatar og på pc-en var skilnadene små mellom gutar og jenter. Det mønsteret som her blei synleg, at jentene skreiv mest dialekt i private samanhengar, har vist seg i mange seinare undersøkingar, og eit par tiår seinare var det blitt vanleg å skrive dialekt privat og i digitale medium (sjå kapittel 13).

I Volda anno 1996 brukte 64 av elevane nynorsk når dei kunne, og 56 trudde dei kom til å skrive mest nynorsk i framtida. Typiske grunnar for å skifte til bokmål var då flytting til bokmålsdominerte område, omsyn til mottakaren, krav i jobben, fleirtalsdominansen til bokmålet, og at «nynorsk er dumt». Det var ein tydeleg tendens til at jentene la meir vekt på å kunne bruke dialekt enn nynorsk, og at jentene jamt over var meir positive til bokmål.

Ti år seinare stilte Nordal på ny spørsmål til dei same elevane. Denne gongen svara 48; av desse budde 20 framleis i Volda eller Ørsta (tabell 7.5.6). Også denne undersøkinga er for lita til å kunne vere representativ, og den språklege praksisen hos dei 31 som ikkje svara, kan vere ein heilt annan enn hos dei som svara. Tendensane er likevel interessante, ikkje minst fordi emnet har vore så lite undersøkt, og den praksis som blei avdekt i 2006, kan jamførast med forventningane ti år tidlegare.

Nesten alle (45 av 48) hadde halde fast ved nynorsk også i vidaregåande skule. Det tyder på at det har mykje å seie kor mykje nynorsk ein er omgitt av i kvardagen også utanfor skule eller arbeid.

Av dei 40 som opplyste om eige språk i høgare utdanning, hadde 29 brukt bokmål i eksamenssvar, 19 nynorsk og ein både nynorsk og bokmål. Resten hadde kombinert på ymse vis. Etter vidaregåande skule hadde altså 25 av 45 gått over frå nynorsk.

Ein tredel brukte nynorsk i arbeidet sitt, ein tredel bokmål, og resten brukte språk i ulike kombinasjonar. Presset for å bruke bokmål som arbeidsspråk var stort. Hadde dei stått fritt til å velje nynorsk eller bokmål på arbeidsplassen, ville 26 brukt nynorsk og 20 bokmål. Sjølv blant dei som budde i Ørsta eller Volda, ville eit fleirtal bruke bokmål i arbeidet.

Privat skreiv 25 dialektprega, 18 skreiv nynorsk og fem bokmål. I 1996 var jentene mest tilpassingsvillige, men i 2006 var det kvinnene som heldt mest fast ved å skrive nynorsk. Både hos menn og kvinner var det likevel dei som skreiv dialektprega som var den største gruppa – 17 av 30 kvinner, 9 av 18 menn.

Dei som på denne måten hadde gått frå nynorsk til bokmål, eller til å bruke begge språka, meistra i prinsippet begge. Den språkkompetansen kan ikkje overvurderast. Det er berre det at ei større undersøking frå 2009 trugar med å grave grunnen unna for dette resonnementet.

Ein liten studie av språk hos ungdomssuleelevar i Volda i 1996 tyder altså på at svært få skifta frå nynorsk til bokmål i vidaregåande skule, men at halvparten gjorde det då dei tok til på høgare utdanning (tabell 7.5.5). Ein større studie av elevar ved vidaregåande skular i Lindås (Nordhordland) og Nord-Fron (Gudbrandsdalen) i 2012 viste stor lekkasje begge stader til bokmål, men likevel større språkstabilitet i Lindås (tabell 7.5.14.). På Vinstra blei fire av ti verande nynorskbrukarar i vidaregåande skule, mot fem av ti i Lindås.

Årsakene til språkskifte er mange. Gjengangarargumentet blant dei elevane i Lindås og Nord-Fron som skifta til bokmål, var at dei likte bokmål betre enn nynorsk (tabell 7.5.15), medan det taktiske argumentet om å få betre karakter var det nest mest brukte argumentet. Utdanningsnivået til foreldra er ingen utslagsgivande faktor i denne prosessen. I allfall var utslaga små i ei undersøking av språkstabiliteten hos elevar ved fire vidaregåande skular i Møre og Romsdal i 2008 (tabell 7.5.11). Ei undersøking frå 1996 tyder derimot på at dette kan ha ein del å seie for haldningane hos elevane (sjå kapittel 5.8).

Tenåringane som bruker bokmål, er sikrare i språkvalet sitt enn nynorskbrukarane. Slik var i det minste den klare tendensen i ei mindre undersøking hos elevar ved to vidaregåande skular i indre Agder i 2012 (tabell 7.5.16). Der svara sju av ti bokmålsbrukarar at dei var heilt sikre i valet, mot fire av ti nynorskbrukarar. Den klare tendensen til at nynorskbrukarane er reelt tospråklege, kom til uttrykk også her. Svært få bokmålsbrukarar brukte aldri nynorsk i andre fag enn norsk, medan halvparten av nynorskelevane gjorde det (tabell 7.5.17). Ved desse skulane skreiv ein tredel av nynorskelevane mest nynorsk i lengre tekstar, ein tredel skreiv mest bokmål og ein tredel skreiv om lag like mykje på begge språka. Derimot skreiv åtte av ti bokmålsbrukarar mest bokmål i lengre tekstar og berre to av ti om lag like mykje på begge språka. I den grad strategien om å bruke nynorsk i fleire fag enn norsk er etablert, og desse to skulane var representative anno 2012, var det langt att.

Språkbruken hos vidaregåande-elevar i Møre og Romsdal i 2013 skilde seg mykje frå skule til skule. Tre av fire ved Molde vidaregåande og fem av ti ved Fagerlia i Ålesund hadde alltid brukt bokmål, og ni av ti i Volda hadde alltid brukt nynorsk (tabell 7.5.19). I Molde hadde to av ti skifta frå nynorsk til bokmål, ved Fagerlia tre av ti. Dei fleste av dei som alltid hadde brukt nynorsk, kom frå kommunar med nynorsk tenestemål (tabell 7.5.20). Dei som skifta, gjorde det helst i vidaregåande skule, men så mykje som ein av fire svara at dei hadde gjort det i ungdomsskulen (tabell 7.5.21).

Ein har gjerne rekna med at den språklege lekkasjen av nynorskbrukarar har vore større på yrkesførebuande enn studieførebuande program. Den tidlegare skarpe skilnaden mellom teoretisk og praktisk vidaregåande utdanning viste att i spørsmålet om språkleg lekkasje slik tilfellet har vore i Sauda (tabell 7.5.2). Der var det mange fleire som skifta til

bokmål av dei som tok praktisk utdanning enn av dei som tok teoretisk utdanning. I 1996 var mange fleire elevar på allmennfag enn i yrkesfag positive til nynorsk (tabell 5.8.2). Skiljet mellom yrkes- og studieførebuande program er der framleis, men det er lite. På nasjonalt nivå finst berre tal for dei som kjem frå yrkesførebuande program og tek påbyggingskurs i vg3. I åra 2013–2015 var det ein noko større del som brukte nynorsk ved eksamen i studieførebuande program enn i allmenn påbygging (tabell 9.1.2 og 9.1.3).

Den vesle desimalskilnaden er interessant og har sitt unntak i Hordaland. Dette er det einaste fylket der prosentdelen nynorskelevar er større på påbyggingskurset enn for dei som har følgd det studieførebuande programmet. Skilnaden er så stor at den slår ut nasjonalt. Mykje må undersøkjast for å kunne forklare dette, og sjølv om det trengst tal for fleire år, dreiar det seg neppe om eit tilfeldig blaff. Så store skilnader i språkbruk oppstår ikkje frå eitt år til neste. Mest truleg ligg den viktigaste forklaringa i næringslivet og næringsstruktur. Både Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane har eit desentralisert næringsliv. Likevel kan det sjå ut til at det desentraliserte næringslivet er kopla sterkare til sterke, regionale nynorsktradisjonar i Hordaland enn i dei to fylka, og at dette gjer det lettare for ein del nynorskbrukarar å halde på språket. Årsakssammenhengen er ikkje opplagd, og er det noko det er språk- og sosialpolitisk viktig å finne ut meir om, er det dette.

Noko av språkskiftet må reknast som taktisk skifte ved eksamen. Det er kjent at ein del nynorskelevar i vidaregåande skule melder seg opp til eksamen med bokmål som hovudmål, slik at dei er sikra gode karakterar både i hovudmål og sidemål. Ingen veit kor mange som gjer dette, men det var openbert lite av slike språktaktiske skifte ved Firda vidaregåande skule både i 2004 og 2010. Det vitnar om ein skule som skaper språkleg tryggleik.

Tenåringane ved Firda vidaregåande skule i 2010 hadde to munnlege språk – sin eigen dialekt og eit såkalla blandingspråk (tabell 5.8.16). Til familie og kjende brukte dei med få unntak sin eigen dialekt, medan dei til venene i større grad brukte blandingspråket. Undersøkinga stadfestar at dialektane i fylket har høg status blant unge.

For den vidare bruken av nynorsk er det svært positivt at ni av ti Firda-elevar likte godt eller svært godt å skrive nynorsk, og at dei likte betre å skrive nynorsk enn engelsk, sjølv om svært mange av dei gjerne

også skriv engelsk. I ei nasjonal undersøking i 2006 svara seks av ti nynorskelevar i vidaregåande skule at dei i ganske stor eller i stor grad likte å skrive nynorsk (tabell 5.6.6).

Alt dette viser at dagens 19-åringar handterer mange språk og språkvariantar alt etter høve og sjanger. Dei gjer det på anna vis i Nordfjord enn i Valdres. Haldningar og praksis hos Firda-elevane i 2010 kan jamførast med ei tilsvarande undersøking ved Fagernes vidaregåande skule året før.

I Valdres kjem språkskiftet tidleg. I 2009 svara alle dei 414 elevane ved Valdres vidaregåande skule på ei rekkje spørsmål om bruk av nynorsk og bokmål. 65 prosent av dei hadde hatt nynorsk som hovudmål i barneskulen (tabell 7.5.12). Alt i ungdomsskulen hadde berre 41 prosent av dei nynorsk, og då dei tok til i vidaregåande skule, hadde berre 21 prosent av elevane nynorsk som hovudmål. Berre eit par prosent sa dei brukte begge språka.

Elevane kom i hovudsak frå seks kommunar i Valdres. Dei språklege skilnadene mellom kommunane var store (tabell 7.5.13). Nesten halvparten av elevane som svara, kom frå dei to kommunane Nord- og Sør-Aurdal. Eit knapt fleirtal av desse hadde hatt nynorsk på barneskulen. Berre 11 prosent av elevane frå Nord- og Sør-Aurdal hadde nynorsk som hovudmål også då dei tok til på Valdres vidaregåande skule. Det hadde derimot nesten halvparten av elevane frå Etnedal (48 prosent), Vestre Slidre (46 prosent) og Vang (41 prosent).

Overgangen til bokmål var størst i dei språkdelte kommunane, og det var fleire jenter eller gutar som hadde meldt overgang til bokmål. Nesten halvparten av språkskiftarane grunngav dette med at bokmål var lettare for dei. Det kan ha med meistring å gjere, men det har nok også med det samla språkdelte miljøet i dalføret. Den språklege lekkasjen til bokmål har ikkje å gjere med innflytting, for sju av ti elevar med nynorsk i barneskulen hadde begge foreldra sine frå Valdres. Derimot seier ikkje undersøkinga noko om språket til foreldra.

Nesten alt som var stabilt over tid hos Firda-elevane, endra seg mykje hos Fagernes-elevane. 65 prosent av dei hadde hatt nynorsk som hovudmål i barneskulen. I ungdomsskulen hadde 41 prosent av elevane nynorsk, og då dei tok til i vidaregåande skule, hadde berre 21 prosent av dei nynorsk som hovudmål. Einast eit par prosent sa dei brukte begge språka.

Hovudtendensen er framleis at den språklege lekkasjen frå nynorsk til bokmål slår inn med størst kraft først etter ungdomsskulen. Undersøkinga frå Valdres gir likevel grunn til å tru at der nynorsken er under press utanfor skulen, kan dette språkskiftet kome tidlegare. Utviklinga i Trøndelag på 1960- og 70-talet kan tene som eit varsku om kva prosessar som no gjer seg gjeldande i Valdres, Hallingdal og delar av Telemark.

Gjennom det meste av 1900-talet har der altså vore ein språkleg lekkasje frå nynorsk til bokmål i Noreg. Dette gjer ein del av nynorskbrukarane tospråklege ved at dei tek vare på kompetansen i nynorsk. Deira samla språkkompetanse er dermed større enn hos mange andre. Likevel er det tydeleg at dei fleste av desse etter kvart bruker mindre nynorsk.

Sogn og Fjordane står for sin del endå sterkare som nynorskfylke jamført med resten av landet ved utgangen av vidaregåande skule enn ved inngangen til grunnskulen. Her dreiar det seg om grunnfjell av grannitt. Også slikt kan slå sprekker. Førebels er sprekkene ganske små, men det ville vere klokt å rekne med at lekkasjen aukar viss særskilde tiltak ikkje blir sette inn.

7.6 Lesing

Vi veit ganske mykje om forholdet mellom nynorsk og bokmål i digitale medium, radio, fjernsyn, aviser og bøker. Den faktiske lesinga er derimot ein ganske kvit flekk på kartet.

I leseverk for ungdomsskulen varierer forholdet mellom nynorsk og bokmål meir enn ein skulle vente ut frå læreplanen (tabell 7.6.1). Blant dei leseverka som var i bruk kring 2006, var forholdet skeivast i boka *Kontekst* frå Gyldendal og jamnast i det språkdelt leseverket *Frå saga til CD* frå Fag og Kultur. Verket *Neon* frå Samlaget plasserte seg midt på treet.

I 2006 blei 4000 elevar i ungdomsskular og vidaregåande skular spurde om sitt syn på det å lese og skrive nynorsk og bokmål. Saman med ei rekkje andre undersøkingar gir dette god kunnskap om haldningane hos elevane (sjå kapittel 5.6). Praksis viste at bokmålelevane las lite aviser og teikneseriar på nynorsk og mest dikt (tabell 7.6.2). Dette lesemønsteret var ganske likt i 10. steg i ungdomsskulen og i vk1. Det gir ein svært skeiv inngang til ein heil skriftkultur. Berre vel halvparten sa at dei hadde lese

noko på nynorsk i skulebøkene. Ein mykje større del av nynorskelevane las i eit omvendt mønster – flest las bokmål i aviser og teineseriar, noko færre i skjønnlitterær form. Jamt over las nesten ein like stor del av nynorskelevane tekstar på bokmål som bokmåselevane gjorde.

Slik reproducerer skulen den språklege ulikskapen.

To år seinare blei dette mønsteret også stadfesta når det gjeld frekvens. Vidaregåande-elevar i Møre og Romsdal las mykje oftare tekstar på nynorsk enn bokmåselevane gjorde – 28 prosent av nynorskelevane las nynorsk så å seie kvar dag, medan 25 prosent av bokmåselevane så godt som aldri las nynorsk (tabell 7.6.3). Det dei las på nynorsk oftast var stoff på skulen og i avisene (tabell 7.6.4). I populære format som dataspel, Internett og teikneseriar las dei fleste nokså sjeldan eller svært sjeldan noko på nynorsk.

Rekna i tidsbruk las ungdomsskuleelevar i Trondheim i 2009 mest tekst på tv, i lekse og på Internett (tabell 7.6.5). Same året las ungdomssuleelevar på Sunnmøre mest i lekser og på Internett. Skilnadene var ganske store mellom dei seks skulane som var med i undersøkinga. Det var dei også når det kom til språk i lesestoffet til desse elevane. Sunnmøringane las mykje meir nynorsk i aviser og bøker enn trønderane, medan det var lite nynorsk å finne på Internett og i dataspel.

Konklusjonen er ikkje til å kome utanom etter alle desse undersøkingane: For bokmåselevane er nynorsk eit språk dei møter mest i dikt og skulebøker. For nynorskelevane er nynorsk eit språk dei møter minst i dei formata som dei liker best.

7.9 Historisk statistikk

Den seinare profilerte og omstridde offiseren Edvard Os arbeide kring 1910 sterkt for å få nynorsk i bruk på mange område, Forsvaret medrekna. *Soldatens bok* kom i nynorsk parallellutgåve som *Hermannsboki* frå 1913, og i 1914 fekk Os kartlagt kor mange av rekruttane som tok med seg nynorsk- eller bokmålsutgåvene (tabell 7.9.1). Den samla rekruttstyrken var det året på om lag 16 000. Språkvalet til om 6500 blei kartlagt, og av dei valde 21 prosent nynorskutgåva. Er tala representative for heile landet, er det ein uvanleg høg prosentdel for eit kull der nok færre enn 10 prosent hadde

hatt nynorsk som opplæringspråk i skulen (tabell 8.1.1). Sjansen er difor stor for at undersøkinga gjeld utvalde delar av landet.

Tenåringars skriftspråk i Sauda anno 1979 var prega av normert skrift (tabell 7.9.3). 14 av 81 ungdomsskuleelevar brukte dialekt, mot 20 av 136 av dei vidaregåande elevane, altså om lag 15 prosent. Det kan ha med skulesituasjonen å gjere, men det kan også vere eit uttrykk for at dialektbølgja ikkje hadde rulla inn fjorden enno. Kombinasjonen nynorsk + bokmål dominerte på begge utdanningsnivåa, men det er god grunn til å merke seg at det berre ved elevar med nynorsk som førstespråk som sa at dei brukte dialekt i ungdomsskulen, og svært få av dei som hadde bokmål som førstespråk i vidaregåande.

Eit reknestykke viser dynamikken i denne språkbruken. Mellom 800 000 og 850 000 nordmenn vil få, har eller har hatt nynorsk som hovudmål, skreiv sosialøkonomen Asbjørn Torvanger i 1985 (tabell 7.9.4). Han hadde kombinert folketalsdata for personar fødte mellom 1917 og 1976 med døyingsstal og eksisterande data om skulemål, altså personar i alderen 9–68 år i 1985. Ut frå dette kom han fram til at om lag 850 000 personar som var i live i 1985, hadde hatt nynorsk som hovudmål.

For første gong var nynorskbrukarane skilde ut kvantitativt, ikkje etnisk, og definerte, talfesta og skriffesta. Kvar femte nordmann frå skulepliktig alder og oppover hadde nynorskbakgrunn i 1985. Langt frå alle var då framleis nynorskbrukarar, men dei hadde alle saman hatt dette som sitt språk i skulen og brukt nynorsk i kortare eller lengre tid i liva sine.

Til den 12. og siste årstalen om tilstanden for nynorsk skriftkultur gjorde Asbjørn Torvanger reknestykket på nytt, med same metoden. Som i 1985 hadde Torvanger delt elevane i grunnskulen inn i grupper etter fødselsår, eller kohortar. Alle personar fødte mellom 1917 og 2005 var delte inn i 11 slike grupper. Vidare klargjorde han overlevingsraten, altså kor stor del av kvar gruppe som framleis lever på eit framtidig tidspunkt, ut frå eit gjennomsnitt for kvinner og menn. Med dette på plass kunne han estimere samla tal på nynorskbrukarar i eit år ut frå talet på nynorskelevar i kvar gruppe, multiplisere med overlevingsraten fram til dette året og så summere alle dei 11 gruppene. Til dette kom dei som er fødte før eller etter desse gruppene

Dei 850 000 menneska anno 1985 var i 2011 blitt til 780 000. I 2011 levde det altså som venta noko færre nordmenn med nynorskbakgrunn

enn tilfellet var i 1985. Den gongen hadde kvar femte nordmann ein slik språkleg bakgrunn, i 2011 godt og vel kvar sjette. Når tala blir korrigererte for den språklege lekkasjen til bokmål, blir konklusjonen at nynorskbrukarane er blitt færre, men framleis er mange.

Ny kunnskap om overlevingsratane gjorde det aktuelt for Torvanger å justere reknestykket for 1985. Nordmenn med nynorskbakgrunn fødte mellom 1917 og 1985 blei i 1985 rekna til 690 000, men må ut frå nye data korrigerast til 646 000. Dei som i 2011 var fødte mellom 1917 og 2005, utgjorde 737 000. Dei som var fødte før 1917 eller etter 1985, utgjorde 160 000 i 1985 og 43 000 i 2011. Medrekna korrigeringa frå 2011 vil dette seie at det i 1985 levde 646 000 + 160 000 nordmenn med nynorskbakgrunn, altså 806 000, medan det i 2011 levde 737 000 + 43 000, altså 780 000. Same korleis ein reknar, var det færre nordmenn med nynorskbakgrunn i 2011 enn i 1985.

Tala stadfestar resultata i fleire store spørjeundersøkingar mellom 1995 og 2014. Ved fire høve svara mellom 12,4 og 14,2 prosent at dei privat helst skreiv nynorsk eller både bokmål og nynorsk. Det talet Torvanger rekna seg fram til for 2011, 780 000, svarar til 15,7 prosent av det samla folketalet.

Om lag 800 000 har altså hatt eller vil få nynorsk i skulen. Minst 200 000 av dei brukte lite eller ingen ting nynorsk i 2011.

Nynorskbrukarane har vore fleire enn offentleg språkpolitikk har føresett og er blitt færre enn den same språkpolitikken har greidd å hindre. Somme har nok teke avstand frå si eiga språklege fortid, men mange lever i det tospråklege grenselandet i den språkdelte norske kulturen.

Tospråklegheit er ikkje noko vi får, men noko vi har, seier språkforskaren Trond Trosterud. Spørsmålet er, legg han til, kva vi får når vi har tospråklegheit.¹¹⁷ Det tydelegaste svaret har kome frå ein annan språkforskar, Øystein A. Vangsnes: «Tospråklegheit i *kva språk det måtte vera*, gir born ei rekkje språklege fortrinn og nokre spesifikke ikkje-språklege fortrinn som gjer dei betre rusta til å tenkja og handla i kvardagslege situasjonar.»¹¹⁸ Utrekninga frå Asbjørn Torvanger fortel i tillegg at det

¹¹⁷ Trond Trosterud: «Språkmangfaldet i Europa», foredrag på haustseminar Noregs Mållag i Bergen 26.9.2009, egne notat.

¹¹⁸ Øystein A. Vangsnes: «Fleirspråklege fordelar», tale på landsmøtet i Noregs Mållag 27.4.2012, *nm.no*, lesedato 27.7.2012..

norske samfunnet mellom anna får jamt fleire som ein gong var einspråklege nynorskbrukarar, men som med tida blei tospråklege bokmålsbrukarar. Dei har ein språkleg fordel.

Dette seier likevel lite om kor mange av desse som er blitt verande nynorskbrukarar. Mykje tyder på at kvar tredje tidlegare, no kvar fjerde, nynorskbrukar skiftar til bokmål før vedkomande går ut i arbeidslivet. I reknestykket ovanfor utgjer desse minst 250 000 menneske. Når desse er rekna frå, sit vi også der att med noko under 600 000 nynorskbrukarar. Dei seinare spørjeundersøkingane stadfestar langt på veg Torvangers analyse.

Språkbarometer har vore eit formidlingsgrep i dette dokumentasjonsarbeid like frå *Nynorsk faktabok 1998*. Metaforen var vald for å framheve at det handlar om press og trykk mot bruk, ikkje om temperatur i ein debatt.

Det aller første barometeret som blei laga, viste situasjonen i 1995 for individuell og institusjonell bruk av nynorsk (tabell 7.9.5). Denne framstillinga blei oppdatert i 2004 (tabell 7.9.6). Til *Språkfakta 2010* blei barometeret utvida (tabell 7.9.7). Det nye barometeret var todelt, med endringar og utviklingstrekk i bruken av nynorsk og bokmål, og tilsvarande for andre språk i Noreg, først og fremst engelsk, samisk og historiske minoritetsspråk. Av 31 utvalde variablar viste 10 at situasjonen var stabil for nynorsk, 10 markerte auke og 11 nedgang. «Ingen av endringane er dramatiske; norsk skriftkultur er tungt etablert og institusjonalisert i samfunnet. Det kjem både nynorsk og bokmål til gode», var konklusjonen i 2010.

Til *Språkfakta Sogn og Fjordane 1646–2012* i 2012 blei det laga eit fjerde språkbarometer, no med ei jamføring mellom Sogn og Fjordane og Noreg (tabell 7.9.8). På dei aller fleste områda låg fylket høgt oppe i nynorskbruk, landet sett under eitt var derimot spreidd med retning nedre del av barometeret.

Tema: tre generasjonar nynorskbrukarar

Mykje av den grunnleggjande leseopplæringa har vore institusjonalisert i skule og kyrkje. Bibelen, Nytestamente og lærebøker har vore inngangsdøra til leseverda for mange. Det som ikkje har vore undersøkt, er kva som har prega tilbodet for den frivillige, individuelle lesinga der kvar og

ein gjer sine val. Meir presist: Kva har dei unge nynorskbrukarane hatt å velje mellom i dei tiåra då det moderne forbrukarsamfunnet blei bygt ut? Eit gruppeportrett av tre ulike tiår viser tydelege endringar og ein konstant.

I 1950-åra brukte mellom 20 og 25 prosent av innbyggjarane i landet nynorsk. I absolutte tal vil det seie om lag 750 000 nynorskbrukarar. Den som voks opp i Noreg i 1950-åra, møtte først og fremst sitt eige språk heime i familien. I radio kunne ein tenåring høyre i gjennomsnitt ein time program på nynorsk kvar dag. Det kom om lag 150 nye bøker på nynorsk i året, ingen allmenne riksaviser var redigerte på nynorsk, men var tenåringen heldig, budde ho i eit område der ei av godt og vel 30 lokalaviser på nynorsk kom ut nokre dagar i veka. Grammofonplater med songtekstar på nynorsk var knapt å få kjøpt.

I 1980-åra brukte om lag 11 prosent av innbyggjarane nynorsk. Dei 750 000 i 1950 var no blitt til 450 000 utanom dei som brukte nynorsk og bokmål om lag like mykje, men som ingen kartla den gongen. Både dei og alle andre nordmenn kunne høyre to timar nynorskprogram i radio kvar dag, og sjå ein time med nynorsk på tv. Dette var altså vesentleg meir enn tilbodet ein generasjon tidlegare. No kom det ut om lag 60 aviser som var redigerte på nynorsk, ei av dei var riksavis. Spreiinga av desse gjorde det sannsynleg at mange fleire av nynorskbrukarane i 1980-åra enn i 1950-åra hadde tilgang på ei nynorsk avis, lita eller stor, men sjeldan kvar dag i veka. No hadde dei også tilgang til ei allmenn riksavis på nynorsk ein gong i veka. Kvart år kom det ut om lag 400 bøker og småskrifter på nynorsk. Til skilnad frå 1950-åra kunne tenåringane no velje mellom om lag 50 grammofonplater på nynorsk eller dialekt.

På 2010-talet brukte fleire nordmenn nynorsk privat enn før, og nynorskbrukarane utgjorde då om lag 600 000. Den bratte nedgangen frå 1950-åra hadde flata ut, og ein auke kunne registrerast. No kom det ut 66 riks- og lokalaviser som var redigerte på nynorsk eller både nynorsk og bokmål, og fleire dagsaviser med riksdekning brukte dagleg også nynorsk som redaksjonelt språk. Den nynorske riksavisa heldt fram i same omfang som nokre tiår tidlegare, og mengda av nye bøker på nynorsk var uendra. Kvart år kom det ut om lag 650 bøker på nynorsk. Det nye var at mengder av dokument på nynorsk var tilgjengelege på Internett, saman med eit ukjent tal musikkfiler med tekstar på nynorsk eller dialekt.

I 2015 var det mykje meir sannsynleg at ein nynorskbrukar såg eller høyrde sitt eige språk dagleg enn i 1950-åra. Meir usikkert var det om ein nynorskbrukar lettare og oftare møte andre nynorskbrukarar enn for 60–70 år sidan. I dette lange tidsrommet blei brukarane færre, men tilbodet auka både i mengd og breidd.

Slik er valfridomen på norsk.

Perspektiv: frå nasjonalromantikk til modernisering

Prosjektet nynorsk var ein av dei store tankane på 1800-talet, forma av sterke impulsar frå opplysningstida på 1700-talet. Det prosjektet blei sett ut i livet samstundes som den norske samfunnet tok til å bli gjennomorganisert, den folkevalde makta blei avklara, ein sterk stat blei utvikla, og interessemotsetnadene mellom arbeid og kapital blei balanserte og formaliserte. Historia om dette er blitt skriven på fleire måtar.

Bode statsvitskap, historie og andre fagmiljø har over tid skrive nye forteljingar om Noreg. Det som først var heroisk nasjonalromantikk, blei etter kvart til nasjonsbygging før nye kapittel om modernisering kom til.

Norsk språk allment blei skrive inn i desse grunnforteljingane, og det forma seg eit mønster der bokmålskrivande forskarar heldt nynorsk fast i ei nasjonalromantisk forståing. Nynorskskrivande søkte mot andre perspektiv, festa seg ved det sosiale fenomenet skriftkultur og skreiv frå 1990-åra nynorsk jamt oftare inn i forteljingar om modernitet, modernisering og demokratisering. Med større tyngd i skriftene om modernisering blei omgrepet etter kvart historisk prega og ganske marginalt, men det spelte ei viktig rolle i fleire tiår.

I den unge statsvitskapen blei «motkultur» den viktigaste merkelappen for nynorsk skriftkultur, gjerne kopla til ei forteljing om nasjonsbygging. Noreg var gjennom ein fase med nasjonsbygging frå midten av 1800-talet til langt inn i 1950- og 60-åra. Institusjonar skulle etablerast, lov- og regelverk formast, velferdsstaten utviklast og ein mest mogleg felles kultur formast.

Før eller seinare går ein stat som regel gjennom ei slik nasjonsbygging. Med nasjonsbygginga følgjer gjerne ideen om den eittspråklege staten. Kvar stat skal ha eitt offisielt språk. Det har vore norma. Praksis har vore annleis. Den klassiske norske språkstriden som tok til i 1850-åra, blei

etter kvart eit spørsmål om kva for eit språk som skulle vere språket i nasjonalstaten Noreg. Tanken om det tospråklege eller fleispråklege samfunnet var fjern både for begge sider i striden. Dette gjekk også ut over forståinga for verdien av urfolksspråket samisk og historiske minoritetsspråk som kvensk.


Utover på 1900-talet tok moderniseringa gradvis over for nasjonsbygginga i Noreg. Med modernisering følgjer gjerne andre normer. Særleg ideen om den eittspråklege staten står då for fall. I Noreg skjedde dette samstundes med at den nye innvandringa tok til i midten av 1960-åra. Kulturelt og språkleg mangfald var ikkje enkelt å integrere i den store forteljninga om nasjonsbygging. Tidlegare hadde dei fleste innvandrane kome frå grannelanda eller andre vesteuropeiske land. No kom det innvandrare med heilt andre kulturelle referansar. Det norske samfunnet har brukt nokre tiår på å omstille seg til den nye fleirkulturelle situasjonen.

Utover på 2000-talet gjekk tida for ideen om det eittspråklege Noreg ut. Kva skjer når røyntene som fleispråkleg samfunn frå gammalt av blir kople til dei språklege røyntene innvandrane har frå sine land? Desse kjem frå samfunn med mange språk, men sjeldan med så sterke skriftkulturtradisjonar som Noreg har.

Dei nye innvandrane som kom til Noreg frå 1965, tok nordmenn med inn i ein ny type språkmøte. Det handla ikkje om å ta inn over seg den brutale fornorskinga frå 1850-åra eller den striden om det norske språket som enda med to norske skriftspråk, men om å leve med mange fleire språklege skilnader enn før.

Resultatet av desse språkmøta avgjer korleis den individuelle språkbruken i Noreg er i 2025 og i 2050. Tendensen på 2000-talet var ikkje til å ta feil av. Berre eit lite mindretal brukte nynorsk og bokmål om lag like mykje, men det var trass alt 240 000 som gjorde det. Ved stortingsvalet i 2013 fekk berre Arbeiderpartiet, Høgre og Framstegspartiet fleire røyster.

8 Barnehage og grunnskule




Figur 8.1 Nynorsk- og bokmålelevar i folkeskulen 1910–1970. Absolutte tal

Det språklege mangfaldet har auka mykje i Noreg dei siste tiåra. Kvart år kjem elevar med nye innvandrarspråk inn i grunnskulen, og i skuleåret 2014/15 gjekk elevar med 108 ulike morsmål i skulen. Dei tre største innvandrarspråka var somalisk, polsk og arabisk.

Barnehagen var i 2015 blitt ein allmenn samfunnsinstitusjon. Nesten alle barnehagane driv ei eller anna form for språkstimulering, men berre fire av ti gjer det i systematisk form.

Utover på 2000-talet hadde jamt fleire elevar samisk som førstespråk, medan færre hadde kvensk eller finsk. Mange fleire elevar fekk morsmålsundervisning i store innvandrarspråk som somalisk, urdu og arabisk enn i urfolksspråket samisk og historiske minoritetsspråk.



Figur 8.2 Nynorsk- og bokmålelevar i grunnskulen 1976–2014. Absolutte tal

I skuleåret 2014/15 hadde 77 000 elevar nynorsk som førstespråk, og 538 000 hadde bokmål. Nynorskbrukarane utgjorde då 12 prosent av elevane, mot 15 prosent i 2000. Nynorskprosenten var noko høgare i barneskulen enn ungdomsskulen.

Det går nynorskelevar i grunnskulen i fire av ti kommunar, og tre av fire nynorskelevar bur i nynorskkommunar. Flest nynorskelevar i skuleåret 2014/15 hadde Hordaland, men for første gong sidan 1920-åra var Sogn og Fjordane nest størst.

Eit fleirtal av alle nordmenn har no hatt ei form for skriftleg undervisning i nynorsk. For 50 år sidan gjaldt dette berre eit lite mindretal. Først med omlegginga til obligatorisk ungdomsskule og ny vidaregåande skule i 1970-åra blei nynorsk ei sak for alle unge i Noreg.

Skulen gjer mange nynorskbrukarar reelt tospråklege, men dei fleste bokmålsbrukarane blir verande eittspråklege. År om anna svarar talet på nynorskbrukarar på 10. steget i Sogn og Fjordane til talet på dei som ikkje har sidemålsundervisning i Oslo-skulen.

8.1 Nynorsk og bokmål

Det blir jamt færre nynorskelevar i grunnskulen, men i absolutte tal er situasjonen ganske stabil.

I skuleåret 2014/15 er det 54 000 nynorskelevar og 374 000 bokmålslevar i barneskulen, og 23 000 nynorskelevar og 164 000 bokmålslevar i ungdomsskulen (tabell 8.1.15). Fire fylke var utan nynorskelevar i barneskulen, seks fylke i ungdomsskulen. Alt i alt var dette 4000 færre nynorskelevar og 6000 fleire bokmålslevar enn fem år tidlegare (tabell 8.1.13).

77 000 nynorskelevar i skuleåret 2014/15 utgjorde 12,4 prosent av dei norskspråklege elevane (tabell 8.1.9). 88 000 nynorskelevar i skuleåret 2004/05 utgjorde 14,2 prosent, og 81 000 elevar i skuleåret 1994/95 var 17,2 prosent av dei norskspråklege elevane. Denne utviklinga kan studerast på kommunenivå for perioden 1993–2009 (tabell 8.1.10). For skuleåret 2008/09 kan situasjonen vurderast på skulenivå (tabell 8.1.12). I *Nynorsk faktabok 2005* blei for første gong ein slik totaltabell for eit skuleår publisert, for skuleåret 2004/05. Tabell 8.21 i den utgåva er på 99 sider og er her med i eit samandrag på kommunenivå (tabell 8.5.7).

Prosentdelen nynorskelevar er noko større i barneskulen enn i ungdomsskulen (tabell 8.1.11). Både i 1994/95 og 1999/00 var det rett nok omvendt, men i skuleåret 2014/15 er det 0,5 prosent færre nynorskelevar i ungdomsskulen enn i barneskulen. Denne skilnaden var dobbelt så stor berre fem år tidlegare. Den språklege lekkasjen frå nynorsk til bokmål er omtalt ein annan stad (sjå kapittel 7.5).

Dei absolutte tala viser at nynorsk skriftkultur er langt over nivået for kritisk masse. Det samla talet på nynorskelevar i grunnskulen held seg no kring 75 000. I 1972 kom den nye ungdomsskulen med fleire årssteg inn i materialet. Difor auka dei absolutte elevtala mykje det året. Eit liknande, men mindre hopp gjorde tala då den tiårige grunnskulen blei innført frå 1997.

Ein del nynorskbrukarar går over til bokmål, men framleis kjem det også til mange nye nynorskbrukarar kvart år (tabell 8.1.7). Hausten 2014 tok 7800 elevar til i 1. klasse med nynorsk som opplæringspråk. I absolutte tal er dette svært langt over nivået for kritisk masse for bruken av eit skriftspråk. Kvart år mellom 1920 og 2014 har det kome til mellom 19 000 (i 1946) og 8000 nye nynorskbrukarar i skulen.

Prosent nynorskbrukarar nådde sitt høgdepunkt i 1944 med 34,1 prosent (tabell 8.1.1). I absolutte tal blei høgdepunktet nådd ti år etter med 106 000 elevar. Etter ein sterk vekst i talet på nynorskelevar fram mot 1940-åra fall nynorskprosenten i grunnskulen jamt i heile etterkrigstida. Nivået i 1990-åra svara i prosent til tida kring 1910. Sjølv om sentraliseringa både sosialt og administrativt i etterkrigstida svekte grunnlaget for nynorsk i skulen, førte folketalsutviklinga til at elevtalet på ny auka opp mot 100 000 i 1970-åra. I 1910 hadde 47 000 elevar nynorsk som opplæringspråk, i 2014 var dei 77 000.

Fram til 1970-åra utgjorde nynorskelevane ein stabil prosentdel i mange fylke (tabell 8.1.5 og 8.1.6). I Oppland og Telemark tok nedgangen til i 1950-åra, på Sørlandet var fallet endå større på den tida, og det minka mykje både i Rogaland og Hordaland. Denne utviklinga kan studerast på kommunenivå for tidsrommet 1935–1950 (tabell 8.1.8). Nedgangen flata ut og blei jamvel delvis snudd til oppgang i fleire av desse fylka i 1960-åra, med sikrare tal frå og med 1971 viser at nedgangen nok heldt fram også i 1960-åra.

Dei siste 20 åra har nynorskelevane gått frå å utgjere 17 prosent til 12 prosent i den tiårige grunnskulen (tabell 8.1.6). Denne nedgangen er no på sitt største sidan 1960-åra (tabell 8.1.2, 8.1.3 og 8.1.4). Sidan 1994 har nynorskprosenten falle frå 24 til 18 i Oppland, frå 20 til 10 i Telemark, frå 33 til 24 i Rogaland og frå 49 til 38 i Hordaland (tabell 8.1.6). Dette heng nok saman med folkeflyttingane i retning av byane i desse to fylka. Nord-Vestlandet skil seg ut: Nynorskprosenten gjekk ned frå 55 til 51 i Møre og Romsdal og auka frå 96 til 97 i Sogn og Fjordane.

Det som slår mest ut, er at byane veks og at folketalet i utkantstrøka går ned. Folkerøystingane om opplæringspråk i skulen har hatt mindre å seie dei siste tiåra (sjå kapittel 6.1). I skuleåret 2009/10 budde dermed ni av ti nynorskelevar i grunnskulen på Vestlandet (sjå kapittel 4.5).

8.2 Urfolksspråk og minoritetsspråk

Fleire elevar får opplæring i samisk no enn for 15 år sidan, medan færre elevar lærer kvensk eller finsk, og for kvart år kjem elevar med nye innvandrarspråk inn i den norske skulen.

Hausten 2014 hadde 1900 elevar nordsamisk som førstespråk, andrespråk 2 eller andrespråk 3 (tabell 8.2.1). Hausten 2001 var det tilsvarende talet nær 1700. Talet på lulesamiske elevar auka noko, og det var like mange sørsamiske elevar i 2014 som i 2001. Berre talet på elevar med finsk eller kvensk gjekk tilbake, frå nær 1100 hausten 2001 til under 600 hausten 2014. I dette tidsrommet har det offentlege satsa på ein meir systematisk kvensk språkpolitikk, og det kan hende at denne har hindra ein endå større tilbakegang.

Det språklege mangfaldet av nye minoritetsspråk i grunnskulen er stort, men ikkje større no enn for ti år sidan (tabell 8.2.2). Skuleåret 2000/01 var det registrert elevar med undervisning i 117 ulike morsmål i tillegg til den ordinære undervisninga. I skuleåret 2014/15 femnde den same morsmålsundervisninga om 108 identifiserte språk.

Dei tre største innvandrarspråka i skulen 2014/15 var somalisk, polsk og arabisk, mot somalisk, urdu og arabisk fem år tidlegare (tabell 8.2.3). Blant dei språka som hadde 1000 eller fleire elevar i eitt skuleår, auka derimot polsk mest frå 2000/01 til 2014/15. Av dei ti språka med flest elevar hausten 2012, var sju språk med på same lista i 2000. Jamt over blir dei store innvandrarspråka verande store, medan det er til dels ganske store endringar mellom dei språka som har frå 1 til 10 elevar.

Mellom 2000 og 2015 har elevar fått opplæring på 206 morsmål utanom norsk i skulen. Det var 33 fleire enn i 2009 og 89 fleire enn i 2000. Talet på elevar var lågare enn før i 2014, men det språklege mangfaldet hadde auka.

I dei fleste kommunane er det no innvandrarak som står for det meste av folketalsveksten (sjå kapittel 4). For den nynorske skriftkulturen har det mykje å seie at dei som buset seg i nynorsk kommunar eller nynorskdominerte område, kan meistre nynorsk, og at innvandrarak andre stader i landet er godt kjende med denne delen av den norske røynda. Borna får si opplæring i skulen, med dei avgrensingane som dei såkalla fritaksreglane set. Også dei vaksne har sine språklege rettar, og sine ønske om kulturell og sosial integrering, utan at det må innebere ei assimilering.

Alt i 1951 var norskopplæring på plass for vaksne innvandrarak, og det offentlege dekte desse kursa frå 1970.¹¹⁹ Tidleg på 2000-talet var opplæringstilbod i nynorsk for vaksne innvandrarak heilt minimale. Gloppen

¹¹⁹ Gjert Kristoffersen ofl.: *Norsk i hundre!*, Oslo 2005, s. 28.

opplæringscenter utvikla pionerprosjektet Nynorsk+, men det tok tid før slik opplæring kom inn i ordna og forpliktande former. Vox, det nasjonale fagorganet for kompetansepolitikk forvaltar norskprøvene for innvandrarakarar. Tala derifrå seier ingen ting om fordeling mellom nynorsk og bokmål (tabell 8.2.4). Då nynorskkommunane i 2011 blei spurde om opplæringspråk for vaksne innvandrarakarar, svara fire av ti nynorskkommunar at det var nynorsk (tabell 8.2.5).

Denne situasjonen blei kartlagd på nytt i 2014. 60 av 102 nynorskkommunar svara på spørsmål, og sju av ti kommunar gav berre tilbod på bokmål til vaksne innvandrarakarar (tabell 8.2.6). Berre kvar fjerde nynorskkommune gav tilbod på nynorsk. I alt rapporterte dei 60 kommunane om 3350 deltakarar. 70 prosent av deltakarane brukte bokmål. Dette skaper store vanskar for dei delane av næringslivet som ønskjer å bruke nynorsk. I ei spørjeundersøking blant bedrifter i den maritime klynga på Sunnmøre i 2015 peika fleire leiarar nettopp på dette. Det problemet dei hadde med å bruke nynorsk, var at viktig arbeidskraft frå andre land hadde fått si norskopplæring på bokmål, ikkje på nynorsk (sjå kapittel 12.3).

Det er nøyte bestemt korleis vedtak blir gjort om opplæringspråk i grunnskulen og i vidaregåande skule. For tilbod til vaksne innvandrarakarar finst ingen slike reglar. Ein god del kommunar opplyste ikkje om korleis avgjerda var teken (tabell 8.2.7). Der slik informasjon låg føre, viste det seg at mange instansar tok avgjerdene, og at éin tendens var tydeleg: Der tilbodet var på bokmål, var det nesten alltid leiaren for norskopplæringa som hadde bestemt det i samråd med sine tilsette.

Korleis det faktisk stod til med opplæring på bokmål og nynorsk, kunne først dokumenterast frå hausten 2014 (tabell 8.2.8). Då tok 6200 innvandrarakarar norskprøva, av dei berre 97 eller 1,6 prosent på nynorsk. Mellombels tal for våren 2015 viste at 8800 tok same prøva då, 151 på nynorsk og 8615 på bokmål. I alle tal som finst for språk i Sogn og Fjordane. Var dette det einaste området der nynorskbrukarane var i mindretal jamvel i det fylket.

Eit integreringsbarometer har vore publisert regelmessig frå og med 2005 (sjå kapittel 5.1). I 2014 var 87 prosent heilt eller delvis samde i at det bør vere obligatorisk å greie ein språktest i norsk for å bli norsk statsborgar.¹²⁰

¹²⁰ Integrerings- og mangfaldsdirektoratet: *Integreringsbarometeret 2013/2014*, Oslo 2014, s. 29.

8.3 Barnehage

Det finst mykje pedagogisk kunnskap om arbeid og tilbod i barnehagane, men den språklege sida er knapt dokumentert. Ein første enkel studie blei presentert i årstale nr. 8 om tilstanden for nynorsk skriftkultur i 2008.¹²¹ Denne blei følgd opp med ei rekkje tiltak frå målrørsla si side.

Ein av konklusjonane i studien frå 2008 var at forholdet mellom dei to norske språka og dermed også bruken av nynorsk ikkje blei tematisert. Barnehagane blei med det ei sone utanfor den norske språkrøynda.

Den einaste vesle undersøkinga som finst om praksis gjeld nynorsk-kommunane og er frå 2011 (tabell 8.3.1). Seks av ti kommunar svara at det blir drive språkstimulering i barnehagane som var i samsvar med opplæringspråket i kommunane. Interessant nok svara tre av ti at dei ikkje visste.

8.4 Folkeskulekrinsar og skular

Ein av dei første tabellane som blei laga i arbeidet med statistisk dokumentasjon av den nynorske skriftkulturen, var framveksten av skulekrinsar med nynorsk opplæringspråk (tabell 8.4.1).

Offisiell statistikk presenterte språksituasjonen i folkeskulen for første gong i 1910. Då hadde det skjedd store endringar etter at skulestyra i 1892 hadde fått løyve til å avgjere kva som skulle vere opplæringspråket. For desse to viktige tiåra mellom 1890 og 1910 er det først og fremst Peder E. Hovdands innhaldsrike materiale som dokumenterer situasjonen. Materialet hans er ikkje feilfritt, men berre det visuelle inntrykket av kolonnane seier noko om spreiding og utbreiing, kor lite som skjedde mellom 1890 og 1897, og kor fort det gjekk etterpå.

I 1901 prøvde likevel Kirkedepartementet å kartleggje situasjonen. Dette første grunnlaget for offisiell dokumentasjon av den språkdeltede norske skulen blei presentert i *Nynorsk faktabok 2005* (tabell 8.9.1). Kjell Haugland har samla dokumentasjonen og viser at landsmålet i 1901 var

¹²¹ Ottar Grepstad: *Draumen om målet*, Oslo 2012, s. 241–273.

brukt i minst 17 prosent av dei skulekommunane som kom inn under lova om landsfolkeskulen.¹²² Alt i 1901 var landsmål i bruk i skulen i 13 fylke.

Utviklinga på krinsnivå er dokumentert for heile det 20. hundreåret, frå 1900 til 1995 (tabell 8.4.2 og 8.4.3). I ni fylke har dei nynorske skulekrinsane på eit eller anna tidspunkt vore i fleirtal. Dette gjeld alle fylka langs kysten frå og med Telemark til og med Møre og Romsdal, dessutan Oppland og Nord-Trøndelag. Kring 1940 var det nære på at det var fleirtal i Troms også. I vestlandsfylka frå Hordaland til og med Møre og Romsdal har det vore fleirtal heile tida sidan 1910–1920. I dei andre fylka varte fleirtalet frå 20 år (Oppland, Nord-Trøndelag) til 40 år (Telemark, Rogaland). I Nord-Noreg blei nynorsk eit blaff fram mot 1940.

I ein del kommunar er det svært få nynorskelevar. Ein del av desse går i nynorskklassar på skular som elles har bokmål som opplærings-
språk. Eit materiale som ikkje lenger blir oppdatert, syner at det dreia seg om 200 klassar tidleg på 2000-talet (tabell 8.4.4). Utdanningsdirektoratet undersøkte saka for ungdomsskulens del i 2015.¹²³ I åra 2010–2015 var det på eit eller anna tidspunkt 136 skular i 99 kommunar som hadde 15–30 nynorskelevar på 8.–10. trinn. Variasjonen var ganske stor over tid, men 21 skular hadde slike grupper i kvart av desse skuleåra. For skuleåret 2014/15 gjaldt dette 1600 elevar på 75 skular i 67 kommunar.

Kontrasten til dette er dei store nynorske skulemiljøa. Hausten 2004 hadde 36 ungdomsskular 300 nynorskelevar eller fleire, og ti år seinare var der 38 slike skular (tabell 8.4.5). Alle desse låg i vestlandsfylka.

8.5 Kommunar

På 2000-talet har fire av ti kommunar nynorskelevar i skulane sine (tabell 8.5.1). Slik har det vore sidan 1970-åra. På det meste, kring 1940, var det nynorskelevar i seks av ti kommunar.

Ikkje berre står bruken av nynorsk generelt sterkt i Sogn og Fjordane. Skulemiljøa er også meir eittspråklege enn dei er i andre område der nynorsk blir mykje brukt. Dette kjem fram ved å analysere kor mange

¹²² Kjell Haugland: *Striden om skulespråket*, Oslo 1985.

¹²³ Utdanningsdirektoratet: «Rett til opplæring i egne språkdelte grupper på ungdomstrinnet», brev til Kunnskapsdepartementet 21.6.2015.

kommunar som har minst 90 prosent nynorsk- eller bokmåselevar (tabell 8.5.2). Kommunar der ingen av språka utgjer 90 prosent, blir då rekna som blanda kommunar. Sogn og Fjordane har ingen slik bokmålskommune og berre Vågsøy er tydeleg språkblanda. Det motsette mønsteret er det typiske i Noreg og blei meir typisk på Vestlandet i andre halvdel av 1900-talet. Det vil seie at ein aukande del av nynorskbrukarane går i språkdelte skulemiljø alt i grunnskulen.

I alle fylke har det på eitt eller anna tidspunkt vore grunnskuleelevar med nynorsk til hovudmål. Det er tydeleg at folketalsutviklinga (og med den sentraliseringa) frå slutten av 1950-åra og dei mange kommunesamanslåingane på 1960-talet over tid gjorde mange nynorskbrukarar til bokmålsbrukarar. Den toppen i elevtal som var kring 1940, var truleg aldri reell i den forstand at her kom det mange raske endringar med nye skulekrinsar som gjekk over til nynorsk, men der opplæringspråket i skulane aldri blei integrert i kvardagen elles. Blir biletet presentert i tiår, kjem nokre modifikasjonar til syne. Grundige studiar trengst for å få eit fastare grep om desse årskulla med mange mellombelse nynorskbrukarar. Der er rikeleg med materiale å studere. Dønnes kommune på Helgeland kan stå som døme: frå ingen nynorskelevar i 1935 til 100 prosent nynorsk i 1940 og 1945, og ned att til 5 prosent i 1950. Det var likevel unntaket, ikkje regelen, at nedgangen var så bratt.

Den minkande nynorskprosenten i grunnskulen kan nyanserast ved å vise kvar endringane er størst på kommunenivå (tabell 8.5.3). Frå 1998 til 2008 auka talet på nynorskelevar med meir enn ti prosent i 12 kommunar, medan 39 kommunar fekk minst ti prosent færre nynorskelevar i det same tidsrommet. Jamt over var nedgangen større enn oppgangen i prosent.

Alle kommunane med minst 300 elevar i grunnskulen låg som nemnt på Vestlandet. Det same gjaldt dei 22 kommunane som hausten 2014 hadde over 1500 nynorskelevar i grunnskulen (tabell 8.5.4). I 2004 var det 13 slike kommunar. Dei fem største kommunane var Stord, Hå, Time, Os og Førde. Hå var samstundes eitt av fleire døme på at kommunar med mange nynorskelevar i grunnskulen og nynorsk som dominerande kyrkjepspråk likevel er språknøytrale når det kjem til tenestemålet (sjå kapittel 11).

Motsetnaden til dei mange språkblanda kommunane er dei kommunane som er eittspråkleg nynorske i grunnskulen. Kva kommunar som

har vore det, varierte mykje frå 1994 til 2014 (tabell 8.5.5). I 1994 var der 33 slike kommunar, i 2014 12. Jølster og Vanylven var dei einaste kommunane med 100 prosent nynorskelevar både i 1994, 2004 og 2014.

Alle kommunar med nynorskelevar i skuleåra 1998/99 og 2003/04 er kartlagde (tabell 8.5.6) Hausten 2003 hadde 180 kommunar nynorskelevar i grunnskulen. Av desse utgjorde nynorskelevane meir enn 65 prosent i så mange som 121 kommunar (tabell 8.5.8). Altså var nynorsk dominerande i to av tre kommunar med nynorskelevar. Fordelinga var den same i 2009.

Lov om opplæring gir elevar rett til å gå gjennom ungdomsskulen og/eller vidaregåande skule utan opplæring i sidemål. I ungdomsskulen gjeld dette elevar som får opplæring etter ein individuell opplæringsplan, og elevar med anna morsmål enn norsk. I vidaregåande skule gjeld dette for dei som etter ei legevurdering har vanskar med å meistre både nynorsk og bokmål, dei som ikkje har gått på ungdomsskule i Noreg, og dei som var fritekne for sidemålsundervisning i ungdomsskulen.

Kor mange elevar som på landsplan får slike fritak, dei kallar, er ukjent. For den største kommunen, Oslo, ligg det derimot føre påliteleg dokumentasjon frå og med skuleåret 2007/08 for 10. steg i ungdomsskulen (tabell 8.5.9). Tre av ti avgangselevar i ungdomsskulen var fritekne av ein eller annan grunn, og der var små avvik frå år til år. Kvart år gjaldt dette 1400–1500 elevar. Det er like mange som talet på nynorskelevar på 10. steget i Sogn og Fjordane eller Rogaland.

Oslo kommune har tilsvarende tal for vidaregåande opplæring, men kommunen registrerer ikkje vedtak om fritak. Dermed er tala ikkje pålitelege nok til at dei bør setjast opp i ein tabell.¹²⁴ Likevel er det ein peikepinn at om lag 37 prosent av vidaregåande-elevane i skuleåret 2010/11 var utan sidemålsopplæring, og at det same gjaldt 32 prosent av elevane i skuleåret 2012/13. Desse tala står ganske bra til fritaksprosenten på 10. steget. I absolutte tal dreiar det seg om 3300–3400 elevar. Med atterhald om misvising er dermed like mange Oslo-elevar utan sidemålsopplæring i vg3 som det er nynorskelevar i heile landet som tek eksamen i vg3.

¹²⁴ Hild Lamvik, Oslo kommune, i e-post til Noregs Mållag 8.12.2012 og 8.10.2013.

8.6 Fylke

Rekna i absolutte tal har Hordaland flest nynorskelevar (tabell 8.1.4). Der brukte 24 000 elevar nynorsk i skuleåret 2014/15. For første gong sidan 1920-åra var Sogn og Fjordane då det nest største fylket med nær 17 000 nynorskelevar. Ni fylke hadde færre bokmåselevar enn Hordaland hadde nynorskelevar.

Eit fleirtal av nynorskelevar har det vore i fem fylke. Eit slikt fleirtal har det vore i Hordaland og Sogn og Fjordane like sidan 1910, i Møre og Romsdal sidan 1920, mens nynorskelevane også har vore i fleirtal i Rogaland (1920–1964) og Nord-Trøndelag (1939–1958). I 2015 var det berre fleirtal i Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane, og om få år er Sogn og Fjordane åleine på den lista.

Til *Språkfakta Sogn og Fjordane 1646–2012* blei det laga ein første regional studie av opplæringspråk i grunnskulen (tabell 8.6.2 og 8.6.3). I *Språkfakta 2015* er denne følgd opp med liknande regionale framstillingar for Hordaland og Møre og Romsdal. I Sogn og Fjordane viste dei regionale skilnadene seg å vere små, og ein venta skilnad mellom ytre og indre strøk var i beste fall usikker. For Møre og Romsdal var derimot skilnadene store mellom regionane, med mest nynorsk på Sunnmøre, mindre i Romsdal og lite på Nordmøre (tabell 8.6.1). For kortare tid kan dette studerast på kommunenivå (tabell 8.6.5). I Hordaland var situasjonen stabil frå 1992 til 2012 i Sunnhordland, Hardanger og Voss, medan nynorskprosenten i grunnskulen fall frå 24 til 16 i Midhordland og frå 96 til 84 i Nordhordland i det same tidsrommet (tabell 8.6.4).

8.7 Lærarar

Mykje har vore skrive om den pedagogiske sida av saka, men lite i form av statistiske undersøkingar. Der ligg føre to undersøkingar, ei om lærarane i Bærum i 2003 og ei om lærarane i Oslo i 2006.

Undersøkinga i Bærum dekte 88 ungdomsskulelærarar. Kommunen hadde arbeidd meir målretta med desse spørsmåla enn sjølv mange nynorskkommunar hadde gjort. Haldningane blant ungdomsskulelærarane gav likevel ingen grunn for målrørsla til å slå stiftan.

62 av dei 88 ungdomsskulelærarane i Bærum hadde inntil eitt års utdanning i norsk (tabell 8.7.1). Dei var ikkje særleg godt nøgde med den nynorskundervisninga dei i si tid fekk som studentar. Likevel meinte dei jamt over at dei kunne nok om nynorsk, rett nok også med ønske om fagleg påfyll (tabell 8.7.2 og 8.7.3).

Kring 2000 hadde mange teke til orde for at elevane måtte få lese og skrive nynorsk i fleire fag enn norsk. Berre ein av tre lærarar i Bærum la opp til dette (tabell 8.7.4). Fleirtalet av lærarane la heller ikkje vekt på språket når dei valde ut tekstar til undervisninga (tabell 8.7.5). Seks av ti lærarar meinte dei ikkje var fagleg engasjerte nok i undervisninga si; der låg altså ei uro under om at dei burde ha meir å gi (tabell 8.7.6). Det alvorlege var at like mange lærarar meinte elevane ikkje hadde nokon fordel av å lære både nynorsk og bokmål som skriftspråk (tabell 8.7.7). Di meir utdanning lærarane hadde, di større del meinte det var positivt at elevane lærer å skrive og lese både nynorsk og bokmål.

Kvar femte ungdomsskulelærer i Oslo blei i 2006 spurd om deira eigen kompetanse i nynorsk (tabell 8.7.8). Eit klart fleirtal meinte at dei hadde god oversikt over nynorske skriftspråksnormer, og eit like klart fleirtal var usamd i at dei hadde for lite kompetanse til å undervise i nynorsk som sidemål.

Dette fleirtalet likte å undervise i nynorsk, men likte også betre å vurdere elevtekstar på bokmål enn på nynorsk (tabell 8.7.9). Derimot sa eit like stort fleirtal at dei ikkje brukte tekstar på nynorsk i andre delar av norskfaget, og heller ikkje i andre fag.

I ei landsdekkjande undersøking frå 2010 mangla det ikkje på kompetanse, iallfall ikkje i bokmål, ifølgje lærarane sjølve. 99 prosent av lærarane meinte at dei i svært stor grad eller ganske stor grad hadde den kompetansen som trongst for undervisning i bokmål (tabell 8.7.110). Når det gjaldt undervisning i nynorsk, strekte 80 prosent seg like langt. Blant lærarane i studieførebuande fag i vidaregåande var det fleire enn gjennomsnittet som meinte at dei i svært stor grad hadde nok kompetanse i nynorsk. Som kompetanse, så mening: Lærarar med bokmål som førstespråk og høg kompetanse i nynorsk var mykje meir positive til nynorskens plass i skulen enn bokmållærarar med låg kompetanse (sjå kapittel 5.7).

8.9 Historisk statistikk

Fleire av tabellane i dette underkapitlet er kommenterte ovanfor.

I det avsluttande arbeidet med *Språkfakta 2015* dukka det opp eit oversyn som viste nynorsk- og bokmålsprosentane i dei ulike regionane i 1930 (tabell 8.9.2). Då budde 53 000 av 78 000 nynorskelevar på Vestlandet, eller to av tre. I 2015 budde ni av ti nynorskelevar der. Dei sterkaste nynorskregionane utanfor vestlandsfylka i 1930 var Indre Aust-Agder (81 prosent), Øvre Telemark (80 prosent) og Inderøy (74 prosent). No er berre Øvre Telemark att av desse.

Fram til 1961 var lærebokutgiving noko som forlaga stort sett hadde stelt med sjølve. Det gjekk som det måtte gå: Det kom få lærebøker på nynorsk. For å rette på dette og dekkje andre presserande lærebokbehov blei Statens lærebokutval oppretta i 1961. Ordninga gav raskt resultat, men berre fragmentert informasjon ligg føre.

Statens lærebokutval fordelte i åra 1962–1966 700 000 kroner i tilskot til lærebøker på nynorsk, og av dette gjekk 400 000 til bøker for folkeskulen og ungdomsskulen. I 1966 disponerte lærebokutvalet 200 000 kroner. Halvparten av dette løyvde utvalet til nynorske lærebøker i økonomisk gymnas.¹²⁵ Eit par tiår seinare blei det løyvt 24,3 millionar til utgiving av basisutgåver og parallellutgåver i 1979, men denne støtta minka utover på 1980-talet og utgjorde i 1986 19,9 millionar.¹²⁶ Over tid blei dette store summar.

Tema: eit fleirtal med opplæring i nynorsk

Dei språklege vendepunkta i norsk skulepolitikk på 1900-talet er innføringa av obligatorisk ungdomsskule i 1969 og omlegginga til vidaregåande skule i 1974. Før dette var det i røynda berre eit ørlite mindretal som gjekk gymnasvegen. Det var aldri meir enn to prosent av dei elevane som hadde hatt nynorsk i grunnskulen, som mange år seinare hadde nynorsk ved eksamen artium. Ordninga med obligatorisk sidemål i gymnas og på

¹²⁵ Berge Furre ofl.: *Målreising 1967*, Oslo 1967, s. 129.

¹²⁶ Tor Solumsmoen: «Kap 269 post 71 Kirke- og undervisningsdepartements lærebokutvalg», notat 11.10.1986, Den norske Forleggerforening, arkiv Ivar Aasen-tunet.

lærarskule var dermed i alle år ei ordning for eit lite, men ikkje uviktig mindretal.

I 1970-åra skifta den skriftlege sidemålsundervisninga ham. Frå då av har i praksis så godt som heile årskulla hatt skriftleg undervisning i nynorsk, anten som hovudmål eller som sidemål (tabell 8.9.8). Den 1. januar 2004 budde 3,7 millionar menneske over 15 år i Noreg. Alle som då var mellom 15 og 50 år gamle, hadde hatt skriftleg nynorskundervisning av di så godt som alle desse i det minste har ungdomsskule eller realskule. Det dreia seg om 2,5 millionar menneske. Av dei 1,2 millionar nordmennene som i 2004 var eldre enn 50 år, kan vi rekne med at om lag ein tredel, eller 400 000 menneske, hadde hatt skriftleg nynorskundervisning.

Det vil seie at alt endra seg på éin mannsalder. Kring 1970 hadde om lag 900 000 nordmenn «lært» nynorsk skriftleg (tabell 8.9.7). Kring 2015 har godt over tre millionar «lært» det. Vi lever i ei tid då for første gong eit fleirtal av innbyggjarane over 15 år i Noreg har hatt skriftleg undervisning i nynorsk.

Det inneber på langt nær at alle meistarar å skrive nynorsk eller handterer det skriftspråket i det daglege. Mange bokmålsbrukarar har hatt ganske stor avstand til språket og hatt lite med det å gjere i det daglege, og det er eit godt stykke frå det å bli undervist i nynorsk i nokre skuleår og å skulle bruke det språket etterpå. Gjennom opplæringa i skulen for alle kan ikkje språket berre veljast vekk eller setjast til sides.

Unntaket er dei som etter lovverket kan fritakast, som det heiter, for sidemålsundervisning (sjå kapittel 9.4).

I skuleåret 2014/15 fekk 43 000 elevar særskild norskundervisning. Av desse følgde 14 000 elevar læreplan for språklege minoritetar. I skuleåret 2000/01 hadde 31 000 elevar slik undervisning¹²⁷ Elevane med særskild norskundervisning utgjorde sju prosent av alle som gjekk i den norske grunnskulen hausten 2014, mot seks prosent hausten 2000.

Perspektiv: språk i barnehøg

Språket tek alltid til i barnehøg. Det var perspektivet i årstale nr. 8 om tilstanden for nynorsk skriftkultur i 2008.

¹²⁷ Data frå Grunnskolens Informasjonssystem, *gsi.udir.no*, lesedato 12.8.2015.

Frå og med 1960-åra og 70-åra vann to store og tidsdekkjande institusjonar fram i Noreg: fjernsynet og barnehagen. Det siste tiåret er Internett også blitt ein slik institusjon der barn møtest i fellesskapar, får impulsar, uttrykkjer seg. Barndomslandet er blitt det Jon Bing alt i 1984 kalla det elektroniske landskapet, og som altså er prega av både skjermar og hagar.

Medieforskinga dokumenterer medieforbruket på kryss og tvers, men berre dei som er ni år eller eldre, blir spurde og rekna med. Det vi veit sikkert om forbruket hos born under skulepliktig alder, er kor mykje tid dei bruker på fjernsyn og kva kanalar dei då ser på. Dei minste borna bruker faktisk ganske lite tid på tv. Dei ser heller ikkje meir på tv i dag enn dei gjorde ved inngangen til det nye tusenåret. I 2007 såg born frå 3 til 6 år i gjennomsnitt 78 minutt tv kvar dag, mot 83 minutt i 2000. Fordelt på kanalar er tendensen soleklar: Både i 2000 og 2007 var NRK1 den viktigaste kanalen for born mellom 3 og 6 år. Dei brukte 44 prosent av tv-tida si på NRK1.

Born under skulepliktig alder har til no brukt lite tid på fjernsyn. Dei er mange fleire timar i barnehage enn i fjernsynskroken. I 2007 var det 6436 barnehagar i landet. Då den første utgreiinga om offentleg politikk for små born blei laga i 1972, hadde mindre enn 13 000 born under sju år kontakt med ei eller anna form for barnehage. Desse utgjorde tre prosent av alle under skulepliktig alder. I 2007 hadde om lag 250 000 born barnehageplass. Det vil seie 84 prosent av alle born under skulepliktig alder. I nynorskfylket Sogn og Fjordane hadde heile 88 prosent av borna slik plass. Berre Sør-Trøndelag og Troms låg endå litt høgare i barnehagedekning.

Etter barnehagelova av 2006 er det kommunane som skal godkjenne og føre tilsyn med alle barnehagar, same kven som eig dei. I dag er barnehagen nesten ein reint skuleførebuande institusjon. Nytteperspektivet står sterkare, og utvikling av ferdigheitene i lesing, skrivning og matematikk er viktigare. Nesten alle barnehagane driv med språkstimulering i ustrukturerte former, og 40 prosent har systematisk språkstimulering på norsk.

Å lære lesekunsten er ein språkleg prosess, og innlæring av skrift byggjer på tale-språket. Då må barnehagen, ikkje berre skulen, ta omsyn til den språklege bakgrunnen til elevane og kva språk dei meistrar. Samstundes er det altså slik at nettopp i sine første leveår er mennesket særleg

lærenemt og mottakeleg for inntrykk. Det gjeld å trø forsiktig, slik mange barnehagetilsette gjer. Det gjeld også å ta sjansar. Det er det mange barnehagetilsette som ikkje tør, iallfall ikkje når det gjeld språk. Dei får heller ikkje mykje hjelp frå faglitteraturen og forskinga.

Den rådande oppfatninga er at viktige delar av sosialiseringa skjer medan borna enno er små. Identitet tek form, individualisering skyt fart, kompetanse blir utvikla. Særleg i åra frå 6 til 12 formar borna ein identitet om det som har med meistring å gjere.

Dette er også viktig i politikken overfor urfolk og minoritetar.


I 1970 opna den første barnehagen for samiske born, i Kautokeino. Det var eit varsku om at den fornorskingspolitikken som hadde vore ført sidan 1870-åra, var under avvikling. Særleg flyttsamane var skeptiske. For deira born venta internatskule frå dei var sju år gamle. Skulle borna i barnehage før det, ville dei endå tidlegare møte det flyttsamane såg på som ein annan kultur og ei anna livsform. I den barnehagen lærte dei samiske borna leiker og samværsformer som var framande for dei, og den tospråklege førskulelæraren hadde lite å velje i av songar og eventyr på samisk. Med åra har mykje endra seg. I 2006 var 46 samiske barnehagar med meir enn 1100 born i drift. Nær 900 av desse borna var samar.¹²⁸

Spørsmålet om barnehagens rolle auka i styrke då borna frå innvandarmiljøa skulle få barnehageplass. I 2006 kom kvart femte barn i Oslo-barnehagane frå språklege og kulturelle minoritetar. For landet sett under eitt var åtte prosent av borna minoritetsspråklege, mot tre prosent i 1996. Likevel er nettopp innvandrarane dei som bruker barnehagetilbodet minst.

Kva barnehagane har å seie for språkleg og dermed kulturell sosialisering, kjem til uttrykk i debatten om forholdet mellom innvandrarar og barnehagetilbod. Enkelt er det ikkje, for ut frå ein og same kunnskapen trekkjer partane heilt motsette konklusjonar. Både innvandrarar og etnisk norske veit at barnehagen fornorskar borna. Det kallar mange etniske nordmenn nødvendig og verdfull sosialisering. Ein del innvandrarar ser derimot på dette som eit tap av kulturell identitet for borna deira.

¹²⁸ *Samisk statistikk 2008.*

9 Vidaregåande skule



Figur 9.1 Nynorsk- og bokmålselevar ved examen artium og eksamen vidaregåande skule 1915–2015. Absolutte tal

Kvart år tek om lag 3200 nynorskelevar og 44 000 bokmåselevar eksamen i den vidaregåande skulen. Talet på nynorskelevar var lågt, men konstant – talet på bokmåselevar høgt og aukande. Berre i åra 2009–2015 fekk Akershus og Oslo 4000 fleire elevar som tok eksamen på studieførebuande program.

Litt over halvparten av nynorskelevane held fram med nynorsk gjennom vidaregåande skule, men den andre halvparten skiftar til bokmål. Våren 2015 brukte 6,4 prosent av elevane nynorsk ved eksamen i vg3, mot 7,4 prosent fem år før.

Der var nynorskelevar i alle fylka i skuleåret 2014/15, men nedgangen har vore særleg stor i Oppland, Buskerud og Telemark. I Sogn og Fjordane var nynorskdelen endå større enn fem år tidlegare. Til liks med

grunnskulen går mange nynorskelevar i små nynorskmiljø i dei vidaregåande skulane. Det gjer dei utsette for eit sterkare språkpress.

I absolutte tal var det nokre få hundre nynorskelevar i gymnaset, medan der er fleire tusen i den vidaregåande skulen som blei innført frå 1974.

I gymnaset tok etter kvart ein av ti examen artium på nynorsk, og der var ein svak tendens til at fleire kvinner enn menn brukte nynorsk i gymnaset. Av dei som då tok examen artium i Sogn og Fjordane, brukte derimot åtte av ti nynorsk. I større grad enn no kom gymnasiastane frå fleire kantar av landet. Difor kan gymnastala ikkje fullt ut jamførast med nynorskprosenten frå tida då desse elevane gjekk i grunnskulen.

9.1 Vidaregåande skule

Noreg har i over hundre år hatt detaljrike og pålitelege tal for bruk av nynorsk og bokmål i folkeskulen og seinare grunnskulen. For realskulen blei det aldri offentleggjort data, og for gymnaset berre i avgrensa omfang. Den vidaregåande skulen blei innført frå 1975, men først i 2012 kom den første dokumentasjonen, i *Språkfakta Sogn og Fjordane 1646–2012*. Det vil seie at både sentrale og lokale styresmakter har mangla ein del relevant kunnskap om språklege endringar i samfunnet og dermed hatt eit dårleg grunnlag for politisk handling.

Førstespråket til elevane blir ikkje registrert systematisk og påliteleg når dei tek til på vidaregåande skule, berre ved oppmelding til eksamen. Då skjer det på to ulike nivå. For yrkesførebuande program blir eksamen gitt lokalt, og dokumentasjonen av fordeling mellom nynorsk og bokmål blir verande lokalt. For studieførebuande program blir eksamen gitt sentralt, og her ligg det no føre informasjon om førstespråket til elevane frå og med 2008. Utdanningsdirektoratet har sytt for at denne statistiske dokumentasjonen no er komen inn i ordna former.

Eit fragment av statistisk informasjon dukka opp i spørjetimen i Stortinget i 1983. Det var nok til å gi ein peikepinn om korleis dette språklege landskapet såg ut i skuleåret 1980/81 og 1981/82 (tabell 9.1.1). Dei åra gjekk ein tredel av elevane på allmenn studieretning. Av desse brukte 11 prosent nynorsk. I 2015 hadde det talet bikka under sju for studieførebuande fag.

Eit anna fragment skriv seg frå ei stor spørjeundersøking i 1996 der 5000 elevar ved 111 vidaregåande skular over heile landet svara på mange spørsmål. Då brukte 11 prosent av elevane nynorsk, 87 prosent bokmål (tabell 9.1.2). Enno var altså situasjonen ganske stabil.

I 2015 tok 3200 nynorskelevar og nær 47 000 bokmåselevar eksamen i studieførebuande fag og allmenn påbygging i den vidaregåande skulen (tabell 9.1.5). Dei tilsvarande tala i 2009 var 2900 og 37 000, og i 2012 3100 nynorsk og nær 46 000 bokmål. I absolutte tal blei det fleire nynorsk- og bokmåselevar, men frå 2009 til 2015 fall nynorskprosenten frå 7,4 til 6,4 (tabell 9.1.3). Den fallande kurva flata ut frå 2012 (tabell 9.1.4). I absolutte tal var der ti prosent fleire nynorskelevar i 2015 enn i 2009 – ein auke frå 2956 i 2009 til 3200 i 2015.

Utanfor Vestlandet var det desse åra forsvinnande få nynorskelevar. Heile 93 prosent av nynorskelevane i 2015 budde på Vestlandet, og kvar tredje av dei gjekk på vidaregåande skule i Hordaland. På 10. steg i ungdomsskulen var det 2400 fleire nynorskelevar i Hordaland enn i Sogn og Fjordane i 2012 (tabell 8.1.15). I vg3 på vidaregåande skule tre år seinare skilde det berre 200 elevar i favør Hordaland.

Alle fylkeskommunane har nynorskelevar på vidaregåande skular, men dei regionale skilnadene er både store og overraskande. På Vestlandet hadde 50 prosent av elevane nynorsk som førstespråk i 1997, og 41 prosent hadde det i 2012. Tilbakegangen var størst Møre og Romsdal. Nynorsktradisjonen har vore sterk i både Telemark, Oppland og Buskerud. I Telemark utgjorde nynorskelevane fem prosent i 2009 og fire prosent i 2015, medan Oppland gjekk frå sju prosent til fem prosent, og i Buskerud var nynorskelevane så få i 2015 at dei kunne teljast på to hender.

I Sogn og Fjordane var derimot nynorsk hovudmålet for 86 prosent av elevane i 2012 og for 84 prosent i 2009. På ny slår stabiliteten inn som det typiske.¹²⁹ Dette fortel lite om det som skjer i dei tre åra på vidaregåande skule. I ei undersøking frå 2010 var nynorsk førstespråket for 93 prosent av elevane på vg1 ved Firda vidaregåande skule på Sandane (sjå kapittel 5.8). Tala for oppmelding til eksamen i 2012 syner at 93 prosent i vg1 var blitt til 92 prosent i vg3. Svært få avgangselevar i 2012 har altså skifta til bokmål i dei tre Firda-åra.

¹²⁹ Tal frå Utdanningsdirektoratet for delar av eksamenskullet i 2008 tyder på at 7,7 prosent då skreiv nynorsk til eksamen. I Sogn og Fjordane gjorde 88,7 prosent dette.

Ei lita overrasking i tabellen dukkar opp nordpå. Også det elles ganske nynorskfrie fylket Finnmark har som regel nynorskbrukande elevar ved eksamen i vidaregåande skule. Til dei vidaregåande skulane kan elevar reise ganske langt, og Finnmark er av dei fylka som har skular med mange langvegsfarande elevar. Særleg ein del private skular får slike konsekvensar. I Sogn og Fjordane var nynorskelevane i mindretal berre ved Sygna vidaregåande skule i Balestrand. Denne skulen er eigd og driven av Norsk Luthersk Misjonssamband.

Tabellar syner aldri årsaker, men minst tre tendensar kan lesast ut av dette materialet.

For det første inneber urbanisering og sentralisering fleire bokmålsbrukarar. Berre på desse fem åra fekk Akershus og Oslo 4000 fleire elevar som tok eksamen på studieførebuande program. Talet på nynorskelevar var lågt, men konstant – talet på bokmålselevar høgt og aukande. Mange av desse hadde nok bokmål frå før.

For det andre fører urbanisering og sentralisering til språkskifte. Dette er særleg tydeleg i Rogaland og Møre og Romsdal. Nynorskelevane blei færre og bokmålselevane fleire. Dei språkmøta ein del elevar kjem borti, får særleg språklege følgjer for dei som er usikre språkleg eller på anna vis. Då er det greiast å følgje fleirtalet. Det er ikkje sikkert at desse opplever dette som noko problem, men for posisjonen for nynorsk har desse språkmøta altså negative følgjer.

For det tredje blir nynorskbrukarane gjerne verande nynorskbrukarar viss dei bur i miljø der nynorsk pregar kvardagen og er eit respektert fleirtalsspråk. Slik er det i store delar av Sogn og Fjordane. Fylket manglar dei tette, større byane, men den urbaniseringa som finst, slår i liten grad ut negativt for bruken av nynorsk i vidaregåande skule. Av dei offentlege skulane i Sogn og Fjordane har berre Flora og Måløy vidaregåande skular eit vesentleg innslag av bokmålsbrukarar. Ved begge skulane har prosentdelen nynorskbrukarar auka mykje dei siste åra.

Nynorskbrukarane utgjorde ein større del av avgangselevane kring 1980 enn dei hadde gjort ti år før, og det store fallet kom utover på 2000-talet. Kva som skjedde, står att å finne ut.

9.2 Fylke

Materialet om avgangselevane i vidaregåande skule er brote ned på skulenivå for fleire fylke. Då blir det tydeleg kor små nynorskmiljøa er på dei fleste vidaregåande skulane.

I Rogaland hadde berre Bryne vidaregåande skule meir enn 50 avgangselevar med nynorsk som førstespråk i åra 2009–2012 (tabell 9.2.1). I Hordaland var det derimot ni slike skular berre i 2012 (tabell 9.2.2). Desiderst størst var Stord vidaregåande skule med 180 nynorskelevar. Nesten like mange var der i Sogn og Fjordane, der åtte av 13 skular hadde så mange nynorskelevar (tabell 9.2.6). Sogndal vidaregåande skule var størst med 182 elevar. I Møre og Romsdal var det derimot berre tre slike skular (tabell 9.2.7). Størst var Volda vidaregåande skule med 172 nynorskbrukande avgangselevar. Dette vil seie at den største nynorske vidaregåande skulen i 2012 låg i Sogn og Fjordane.

Også i Sogn og Fjordane er det altså færre nynorskelevar på påbyggingskurset enn på studieførebuing, men her skil det seg mykje frå skule til skule. Nedgangen skriv seg frå Firda, Hafstad og Sygna vidaregåande skular, medan Måløy vidaregåande skule har like mange nynorskelevar på påbyggingskurset som elles, og Flora jamvel har fleire. Dette kan ikkje forklarast med moglege allmenne skilnader mellom ytre og indre strøk. Skilnader i yrkesprofilar og eventuell sosial status kan derimot verke inn, eventuelt også tilflytting.

For eitt fylke, Hordaland, ligg det føre komplette tal for alle aldersstega, skuleåret 2012/13 (tabell 9.2.4). Størst av alle var Stord vidaregåande skule med over 800 nynorskelevar. Nummer to på den lista var Kvinnherad vidaregåande skule med 335 nynorskelevar. Det ser ut til at dei store nynorskskulane jamt over har få bokmåselevar, som dermed blir det vesle mindretalet som nynorskelevane er så ofte elles.

Tala er henta inn frå Hordaland fylkeskommune og skal vere ganske pålitelege. I dette materialet utgjorde nynorskelevane 26,5 prosent. I tala for oppmelding til eksamen i åra 2013–2015 varierte derimot nynorskprosenten mellom 19,4 og 21,1. Det signaliserer at ein del skiftar språk når dei nærmar seg eksamensporten. Det ligg også føre opplysningar om heim kommunen til alle vidaregåande-elevane i Hordaland i skuleåret 2012/13 (tabell 9.2.3). Det gjer det mogleg å analysere desse endringstendensane meir inngåande.

9.3 Examen artium

Berre eit mindretal av årskulla tok i si tid examen artium. Det gamle gymnaset og den nye vidaregåande skulen var lenge den kvite flekken i all statistisk dokumentasjon av nynorsk. Ein tabell i Einar Haugens *Riksspråk og folkemål* (1968) om språk ved examen artium 1935–1960 var eit av få opplysende bidrag.

I årstale nr. 4 om tilstanden for nynorsk skriftkultur hausten 2004 blei for første gong materialet breitta ut så langt det då var mogleg utan å ha tilgjenge til klausulerte delar av norske skulearkiv. Frå publikasjonen *Universitets- og skoleannaler* var det mogleg å hente ut data ordna etter språk like frå 1913, året etter at ordninga med sidemålsstil blei innført i gymnaset, og fram til 1945. Dette kunne supplerast med stoff frå ei rekkje andre offentlege kjelder fram til og med 1971. Resultatet blei lagt fram i *Nynorsk faktabok 2005* (tabell 9.3.1).

I femtiårsperioden frå 1920 til 1970 utgjorde nynorskbrukarane mellom 7 og 10 prosent av alle avgangselevane i gymnaset. I absolutte tal var dei få – 100 i 1920 var blitt til 128 i 1930, nær 500 kring 1950 og vel 600 i 1960. Den såkalla utdanningseksplasjonen i 1960-åra gav heilt andre storleikar – 1400 avgangselevar i 1968 (tabell 9.3.4) og nær 2500 i 1971 (tabell 9.3.5).

Geografisk fordelte desse artianarane seg noko jamnare enn avgangselevane frå vidaregåande skule fire tiår seinare. I 1971 gjekk åtte av ti avgangselevar på skular på Vestlandet, mot vel ni av ti i 2015. I 1971 var ordninga med landsgymnas avvikla, men denne kan då likevel ha vore med og gitt ei slik jamnare fordeling.

Noko uventa var Sogn og Fjordane også kring 1970 det fylket som hadde nest flest avgangselevar frå gymnaset. I 1971 gjekk det ut 224 fleire elevar ved gymnasa i Hordaland enn i Sogn og Fjordane. Eit varsamt overslag tilseier at der var 1200 fleire avgangselevar frå folkeskulen i Hordaland enn i Sogn og Fjordane i 1967, som er det året som ligg nærmast (tabell 8.1.3). Dette indikerer ein høgare utdanningsgrad i Sogn og Fjordane enn i Hordaland.

Kring 1970 var det ein svak tendens til at kvinnene utgjorde ein større del av nynorskelevane enn mennene, men skilnaden til bokmålslevane var liten på dette punktet.

I 1960-åra vekte det oppsikt då målfolk hevda og dokumenterte at nynorskelevar gjorde det betre til eksamen enn bokmåselevar. For Noregs Mållag hadde studentane Arnulf Eide og Dag Aanderaa analysert eksamenskarakterane ved 11 landsgymnas og 11 bygymnas i åra 1959–1961.

For karakterane i hovudmål var skilnadene ganske små, men signifikant fleire nynorskelevar enn bokmåselevar fekk Mykje tilfredsstillande. I sidemål var det noko heilt anna. Elevane med Særs tilfredsstillande var ganske få og fordelinga ganske lik. Derimot fekk 17 prosent av bokmåselevane ved vanlege gymnas og 30 prosent av bokmåselevane ved landsgymnas fekk Mykje tilfredsstillande, mot 41 prosent av alle nynorskelevane. «Som ein kunne venta, ligg nynorskelevane høgt over bokmåselevane», konstaterte Dagfinn Mannsåker.¹³⁰

Han såg fleire forklaringar: Landsgymnasa hadde betre elevar og gav betre undervisning i nynorsk, den gjensidige respekten for dei to språka var større ved landsgymnasa enn i bygymnasa, og elevane ved landsgymnasa var meir språkblanda og fekk dermed også meir kontakt med begge språka i skulekvardagen. Så kvesste Mannsåker det til: I utvalet var der 140 nynorskelevar ved bygymnas. Dei var best av alle; 26 prosent fekk Mykje tilfredsstillande i hovudmål, mot 22 prosent av alle nynorskelevane i utvalet, og 58 prosent fekk same karakteren i sidemål, mot 41 prosent av alle nynorskelevane i utvalet.

Mannsåker var ikkje i tvil: Karakterfordelinga vitna om «kor stor rolle det spelar at elevane møter sidemålet dagleg i skulemiljøet og utanfor, at dei møter det i eit miljø som stimulerer dei til å ta det alvorleg, og ikkje minst at dei får undervisning i det av høgt kvalifiserte lærarar».

Dette var truleg eit av dei første empiriske bidraga til verdien av språkleg mangfald. Perspektivet blei henta fram at på 2000-talet. Nynorskelevane gjer det best når dei er mange nok, konstaterte språkforskaren Øystein A. Vangsnes i 2014.¹³¹ Dette heilt sentrale poenget utdjupa han

¹³⁰ Dagfinn Mannsåker: «Eksamensresultat og sidemålsopplæring», *Arbeiderbladet* 4.2.1964, udatert særtrykk.

¹³¹ Øystein A. Vangsnes: «Kva veit vi om tospråklegheit?», foredrag på Nynorskdagen i Førde 29.4.2014, egne notat.

saman med to andre språkforskarar i eit prosjekt der den første publikasjonen kom i 2015.¹³² I studien analyserte dei 240 000 nasjonale prøver for åttandeklassingar i ungdomsskulen i åra 2009–2012. Når sosioøkonomiske faktorar var rekna med, kunne dei dokumentere ein fordel for nynorskelevar i å vere tospråklege i det norske.

Årsaka til skilnadene i karakterar låg ikkje i språka, men i situasjonen og skulen. Tendensen er der enno. Kvar haust tek ein del elevar om att eksamenar, eller dei tek eksamen først då av helsegrunnar eller andre årsaker. Stikkprøver tyder på at viss oppmeldingane til hausteksamenar hadde vore rekna med, ville alle nynorsktala vore om lag 0,5 prosent lågare. Årsaka er at mange fleire bokmåselevar enn nynorskelevar tek (om att) eksamenar til hausten.

9.9 Historisk statistikk

Gymnaset var linjedelt i reallinje, naturfaglinje, engelsklinje, norrønlínje, latinlinje og meir til. Langt inne i dei offentlege utdanningsarkiva ein stad ligg nok informasjon om korleis gymnasiastane fordelte seg på desse linjene, kanskje også slik at materialet kan sorterast etter førstespråket til elevane.

For perioden 1933–1941 kunne tal for tre av linjene finnast i dei årlege universitets- og skuleannalane (tabell 9.9.1). I desse åra gjekk 46 prosent av nynorskelevane i dette utvalet på reallinja, 35 prosent på latinlinja og berre 19 prosent på engelsklinja. Fordelinga endra seg lite frå år til år, og det sterke innslaget av realistar peikar i retning av ein ingeniørtradisjon der mange iallfall i utgangspunktet brukte nynorsk. Blant bokmålsbrukarane i gymnaset desse åra gjekk 45 prosent på reallinja, berre 20 prosent på latinlinja og 35 prosent på engelsklinja. Nynorsk- og bokmåselevane i gymnaset hadde altså ganske ulik fagprofil i 1930-åra.

Landsgymnasa blei ei viktig rekrutteringsarena for akademiske nynorskbrukarar utover på 1900-talet til ordninga blei avvikla kring 1970. Mållag og ungdomslag stod bak dei fleste landsgymnasa, og språkpolitisk

¹³² Øystein A. Vangnes, Göran B.W. Söderlund og Morten Blekesaune: «The effect of bidialectal literacy on school achievement», *International Journal of Bilingual Education and Bilingualism*, 2015, s. 1–16.

var nok dette noko av det viktigaste målrørsla utretta i første halvdel av 1900-talet.

Etter initiativ frå Arne Garborg blei Rogaland off. landsgymnas opna på Bryne i 1924. Forholdet mellom nynorsk og bokmål dei første 50 åra er ukjent, men det ligg føre opplysningar om førstespråket til avgangselevane 1974–1999 ved det som då heitte Bryne vidaregåande skule. På dei 25 åra melde nesten 4200 elevar seg opp til eksamen (tabell 9.9.2). 52 prosent av dei brukte nynorsk, 48 prosent bokmål. I dette tidsrommet endra elevane språkprofil. Frå og med 1989 var bokmålelevane i fleirtal. Tre av fire elevar i 1974 brukte nynorsk, berre tre av ti i 1999. Avgangskulla var større i 1990-åra enn i 1970-åra, men 110 nynorskelevar i 1974 var blitt til 60 i 1999.

Som landsgymnas rekrutterte skulen vidt og hadde elevar frå heile Rogaland og jamvel frå andre fylke. Som vidaregåande skule blei rekrutteringsområdet avgrensa til Jæren. Det store skiftet kom med overgangen frå linjegymnas til vidaregåande skule i 1976; dei siste linjefagelevane gjekk ut i 1978. Med vidaregåande skule kom nye fagtilbod som idrett, handel og kontor, og der var det mykje færre nynorskelevar enn på skulen sett under eitt.¹³³

I femårsperioden 1974–1978 gjekk dei fleste elevane på engelsk- og reallinjene, og nynorskelevane utgjorde ein like stor del på reallinja som på engelsklinja (tabell 9.9.3). Berre økonomilinja skilde seg ut. Der var 57 prosent av elevane nynorskbrukarar desse åra.

Den nynorske nedgangen heldt fram ved Bryne vidaregåande skule utover på 2000-talet. Berre frå 2009 til 2012 minka prosentdelen nynorskelevar ved eksamen i vg3 frå 33 til 17 (tabell 9.2.1). I absolutte tal var dette framleis den største nynorskskulen i fylket, men ingen stad var endringane større enn på Jæren. Dei økonomisk-sosiale endringane i regionen viste her att i det kulturelle.

¹³³ Audun Skryten: «Nynorsk eller bokmål?», *Bryne vidaregåande skule 75 år 1994–1999*, Bryne 1999, s. 51 ff.

Tema: den destabiliserande faktoren

Den som er 15 år gamal i Noreg, avgjer sjølv om ho eller han vil vere medlem i Den norske Kyrkja og om bokmål eller nynorsk skal vere opplæringspråk. Det er vaksne val å ta for personar som enno har tre år att før dei er myndige. I dette ligg ein stor tillit til den unge samfunnsborgaren.

Gjennom ungdomsskulen endrar dei færraste sitt eige opplæringspråk. Det er på veg inn i den vidaregåande skulen det skjer, den første store språkendinga hos norske språkbrukarar. Kva faktorar som påverkar desse vala, er vanskelege å identifisere. Å studere slike prosessar er å studere korleis sosiale og kulturelle konvensjonar tek form og verkar.

Desse maktmekanismane er mange og samlar seg i hegemoniets usjarmerande framferd.

Det handlar om det ein trur er *den allmenne oppfatninga*. Kva gjer det med ei 15 år gamal jente å høyre språket hennar bli latterleggjort eller nedlatande kommentert i medium ho har respekt for og av personar ho kanskje ser opp til? Ein vil helst ikkje skilje seg ut, og iallfall ikkje negativt, og ei rekkje undersøkingar syner at ganske mange unge nynorskbrukarar har eit vanskeleg forhold til sitt eige førstespråk.

Det handlar om *sosial status*. På nasjonalt nivå har nynorsk aldri fått nokon tung sosial status. Derimot fekk nynorsk etter få tiår ein ganske sterk kulturell posisjon som språk for kunst og tanke. Kva det har hatt å seie for allmenn bruk og sosial status, er uråd å seie, men det har sin verknad at miljø langt utanfor dei nynorske erfarer den språklege verdien av nynorsk. Det er mange som seier at dei helst ikkje eller absolutt ikkje vil lese nynorsk, men kor mange av dei som også les lite bokmål, veit vi lite om, men det er sannsynleg at mange les meir nynorsk tekst enn dei tenkjer over.

Det handlar om *allmenn bruk av språket*. Di meir eit språk blir brukt i kvardagen, di sterkare blir den sosiale norma om at det er greitt eller rett å bruke det språket. Di mindre eit språk blir brukt allment, og di meir det blir avgrensa til nokre samfunnsområde, di lettare er det å sjå bort frå det.

Det handlar om *haldningane i nærmiljøet*. Tenåringar tek ikkje utan vidare opp alle verdiar og meiningar hos foreldra, heller ikkje er lærarane ein avgjerande faktor, knapt nok venene. Likevel, det er lettare å slutte

seg til negative oppfatningar i nærmiljøet om noko som i utgangspunktet har lite sosial status knytt til seg enn det er å stille seg positivt.

Det handlar om *målretta nyttetenking*. Mang ei folkerøysting om opplæringspråk er gjennomført av di foreldre med store ambisjonar for borna sine har gått ut frå at borna vil vere best tente med å bruke bokmål. På same måten skiftar ein del tenåringar språk før eksamen fordi dei trur dei då vil få best karakterar totalt. Ein kan ikkje rekne med at alle desse har noko identitetsprega forhold til skriftspråk.

Det handlar om *språkets politiske posisjon*. Resonnement om at det er viktig å sjå mykje nynorsk rundt seg, kan ikkje forklare den raske framveksten av ganske store nynorskmiljø tidleg på 1900-talet. Dei fleste under 20 år lærte og brukte nynorsk i Sogn og Fjordane før det språket domierte i pressa i fylket, og før næringslivet tok til å bruke nynorsk ganske allment. Her var det heller ei politisk kraft som gjorde seg gjeldande, og som kom til uttrykk i form av ei allmenn oppfatning om at dette var viktig. Den krafta blei ikkje varig og sterk nok i dei områda i Trøndelag, på Austlandet og på Sørlandet som ein gong var prega av nynorsk, men som ikkje lenger er det.

Alt dette og meir til har sitt å seie for den språklege stabiliteten blant nynorskbrukarane. Vegen frå folkeskule til examen artium var kritisk for mange nynorskbrukarar i første halvdel av 1900-talet, og det har vegen også vore for mange frå grunnskule til vidaregåande skule.

Perspektiv: utdanning bort frå eige språk

Det moderne kunnskapssamfunnet representerer ei reell utfordring for den nynorske skriftkulturen. På den eine sida aukar den språklege og kulturelle toleransen når folk har meir utdanning (sjå kapittel 5). På den andre sida går mange nynorskbrukarar over til å bruke bokmål (nokre få engelsk) di meir utdanning dei tek. Brukarane blir færre, men toleransen aukar.

Kring 1900 utdanna skulane i Noreg elevane bort frå deira eige talemål og deira eigen kultur. Vegen til kunnskap førte dei bort frå deira eige språk. Dette er situasjonen i mange land den dag i dag: Borna lærer eit anna språk enn sitt eige i skulen, og deira eige språk står dermed i fare for å gå ut av bruk. Dette er eit mentalt kritisk punkt. Finske Antti Tuori

sa det ein gong slik: «Eg kan seie alt eg har lært på eit anna språk, men at eg kan berre på mitt eige språk.»¹³⁴

Ein skriftkultur er avhengig av eit jamt aukande utdanningsnivå blant brukarane. Iallfall er det slik i moderne kunnskapssamfunn. Er brukarane av eit språk vesentleg lågare utdanna enn brukarane av eit anna språk, kan det få store følgjer. Slik sett var det ikkje opplagt at posisjonen for nynorsk skriftkultur skulle bli styrkt utover på 1900-talet, då nynorskbrukarar flest fekk kortare skulegang gjennom landsfolkeskule enn bokmålsbrukarar fekk gjennom byfolkeskulen. Mange bokmålsbrukarar gjekk også i landsfolkeskulen, men dette strukturelle skiljet i norsk skulevesen talte ikkje til fordel for nynorsk skriftkultur.

Gymnasa låg få stader i landet og fungerte slik sett ein ei sentraliserande kraft. Med dei mange vidaregåande skulane frå 1970-åra kunne mange tenåringar bu heime lenger. Inga undersøking ligg føre som seier noko om skiljet mellom heimebuande og hybelbuarar viser att i dei språklege endringane. Dei tala som finst, tyder ikkje på at den desentraliserte vidaregåande skulen, målt mot gymnaset, har styrkt den språklege stabiliteten hos nynorskbrukarane (sjå kapittel 7.5).

Eller var det norske samfunnet i første halvdel av 1900-talet slik forma at det styrkte den allmenne bruken av nynorsk at mange blei verande på bygdene og i dei kulturmiljøa dei hadde sin bakgrunn frå? Historia om språkleg knot, om språking, går langs ei linje like frå Ludvig Holbergs tid på 1700-talet. Urbanisering og sosial karriere gjorde noko med språket til mange, og i Norge snudde dette først seint på 1900-talet. Då blei det jamt meir legitimt å bruke eigen dialekt både utanfor eigen heimstad og i heilt andre sosiale situasjonar enn dei ein kom frå.

Dette presset for å snakke korrekt hadde sin parallell i det å skrive korrekt, det vil seie slik fleirtalet meinte det skulle skrivast. I praksis innebar det eit press for å gå bort frå nynorsk. Også inn på 2000-talet var det slik at nynorskbrukarar som regel tilpassa seg fleirtalsspråket dit dei flytta, medan bokmålsbrukarane i større grad ville gjere sitt språk til bruksspråket dit dei kom.


Å forlate heimstaden for å ta vidare utdanning blei ein del av denne endringsprosessen. Når det i tillegg viste seg at fagterminologien i mange

¹³⁴ Sitert av Vigdís Finnbogadóttir i foredrag på landsmøtet i Noregs Mållag i Ørsta 19.4.2013, eigne notat.

fag ikkje var godt nok utbygd på nynorsk, var det nyttig for mange å skifte til bokmål. Gjennom flytting, vidaregåande skule og høgare utdanning mistar den nynorske skriftkulturen mange brukarar og får få nye.

Der ligg paradokset og problemet: bruk vs. toleranse.

10 Høgare utdanning og forskning



Figur 10.1 Hovud- og masteroppgåver på nynorsk, bokmål og engelsk 1971–2011. Absolutte tal

Gjennom utdanningsløpet frå grunnskule til universitet og høgskule blir nesten alle bokmålsbrukarar verande bokmålsbrukarar, medan mange nynorskbrukarar går over til bokmål. Blant universiteta hadde Universitetet i Bergen størst prosentdel nynorskbrukarar med 12 prosent, men NTNU var det einaste universitetet med aukande nynorskprosent.

Det varierte på 2000-talet mykje frå fag til fag kor stor del av pensum som var på norsk. Skilnaden var også stor mellom høgskular og universitet. I 2010 var 83 prosent av pensum i fem fag på norsk ved høgskulane, mot 56 prosent i dei same faga ved universiteta. Høgskulane spelte såleis ei sentral rolle i utvikling og vedlikehald av fagspråk på norsk.

Ei støtteordning for lærebøker i høgare utdanning som blei oppretta i 1984, hadde ved utgangen av 2014 gitt støtte til utgiving av meir enn 1100 lærebøker. Av desse var 18 prosent på nynorsk, nokre få på samisk.

I absolutte tal var det mange fleire som skreiv masteroppgåver på bokmål eller nynorsk på 2000-talet enn i tiåra før. I prosent skreiv jamt fleire avhandlingane sine på engelsk, og dette gjekk særleg ut over bruken av bokmål. Ni prosent avhandlingar på engelsk i 1986 var blitt til 37 prosent i 2011.

Ei stor undersøking blant studentar i Bergen frå 2008 tyder på at fleire menn enn kvinner blir verande nynorskbrukarar gjennom høgare utdanning, og fleire i real- og naturvitskap enn i humaniora og samfunnsvitskap.

Alle høgare utdanningsinstitusjonar skal ha språkpolitiske styringsdokument, men tre av fire vitskapleg tilsette kjenner ikkje til slike dokument på sine lærestader, og færre enn ein av ti kjenner til slike dokument ved eige institutt eller eiga avdeling.

10.1 Studentar og undervisning

Den eldste dokumentasjonen av språkfordeling hos studentar ved norske universitet er frå 1956 og 1957 og gjeld Universitetet i Oslo. Meir kontinuerleg informasjon ligg føre frå og med 1996, men berre i prosent, ikkje i absolutte tal (tabell 10.1.1). I 2000 brukte 4,7 prosent av Oslo-studentane nynorsk og i 2013 2,5 prosent. I det same tidsrommet minka prosentdelen nynorskstudentar ved Universitetet i Bergen frå 14,0 til 11,7, og ved Noregs arktiske universitet i Tromsø frå 2,6 til 1,5. Derimot auka nynorskdelen ved NTNU i Trondheim frå 4,5 i 2000 til 4,7 i 2013. Høgskolen i Rogaland fekk frå 2005 status som Universitetet i Stavanger, og der utgjorde nynorskstudentane 6,4 prosent det året, mot 4,4 i 2013.

Språkfordelinga i pensumlitteraturen skiftar svært mykje frå fag til fag. Ein gjennomgang av 2000 pensumlistar ved 93 lærestader viste at seks av ti sider var på norsk i 1999 og sju av ti i 2013 (tabell 10.1.2). Prosentdelen norsk pensum auka i fag som fysikk og informatikk, men minka i historie og sjukepleie. Ein studie i 2010 avdekte at høgskulane i dei fire faga informatikk, historie, sosiologi og sjukepleie hadde ein større del av pensum på norsk enn universiteta (tabell 10.1.3). Alt i alt var 56 prosent av

pensumlitteraturen på norsk ved universiteta, mot 83 prosent ved høgskulane. Størst var skilnaden i informatikk.

På bachelornivå var nær tre av fire sider på norsk i 2013, på masternivå seks av ti (tabell 10.1.5). Denne undersøkinga gjaldt fem ulike fag. I utvida form femnde undersøkinga også om to fag som var utan undervisning på bachelornivå (tabell 10.1.4). Skilnadene mellom faga var store, med mest norsk i rettsvitskap og minst i biologi.

Posisjonen for engelsk som undervisningsspråk ved universitet og høgskular blei kartlagt i 2013. 545 vitskapleg tilsette blei intervju, og seks av ti svara at dei hadde undervist (ein eller mange gonger) på engelsk dei siste to åra (tabell 10.1.6). Klart fleire menn enn kvinner hadde brukt engelsk, det hadde fleire av dei eldre enn dei yngre gjort, og det var flest samfunnsvitarar og færrast humanistar som hadde brukt engelsk i undervisninga. Som ventande kunne vere, hadde ein større del av tilsette med anna førstespråk enn norsk brukt engelsk, men desse utgjer ein liten del av utvalet, og svara er difor ikkje så pålitelege.

Tilsette ved universitet og høgskular vurderte sin eigen kompetanse i engelsk som høg (tabell 10.1.7). Tre av fire meinte at dei meistra engelsk bra. Mennene vurderte seg sjølve som betre enn kvinnene gjorde om seg, dei yngste var betre enn dei eldre, og naturvitarane betre enn humanistane. Til gjengjeld var det ein noko større del av humanistane enn naturvitarane som rekna seg som svært gode i engelsk.

Seks av ti hadde altså undervist i engelsk, men berre tre av ti vitenskapleg tilsette meinte studentane var gode i engelsk. For fleire variablar var skilnadene små, men fagområda imellom var der store skilnader (tabell 10.1.8). 35 prosent av naturvitarane meinte at studentane hadde ein bra generell kompetanse i engelsk, mot 24 prosent av realistane og 21 prosent av humanistane.

Dei vitenskapleg tilsette meinte studentane var mykje betre i munnleg forståing enn skriftleg bruk av engelsk (tabell 10.1.9). 64 prosent meinte den munnlege forståinga var noko betre eller mykje betre enn den skriftlege evna. Dei yngste vurderte kompetansen som mykje høgare enn dei eldre tilsette gjorde, men her var skilnaden mellom fagområda liten.

10.2 Hovudfag og mastergrad

I 1997 blei det gjort eit første oversyn over språk i hovudoppgåver ved norske universitet 1906–1995. Søk i Nasjonalbibliografiske data gav slike opplysningar om 52 000 oppgåver. Av desse var under 1060 på nynorsk, eller to prosent. Mellom 1906 og 1970 fanga søka opp berre 28 hovudoppgåver på nynorsk, og vel 9000 på bokmål. Ut frå dette auka bruken av nynorsk i academia mykje i tida etter 1970. Tala var for upålitelege til at dei kunne publiserast i *Nynorsk faktabok 1998*. Årsaka var at datamengdene var for store til at søkemetoden og databasen kunne gi rett informasjon. No kan tala i staden gjere teneste som eit litt lurvete bakteppe (tabell 10.9.4).

I 2006 blei 33 prosent av masteroppgåvene ved norske universitet og høgskular skrivne på engelsk, mot berre ni prosent i 1986 (tabell 10.2.1). Dette gjekk ut over bruken av bokmål. 61 prosent av oppgåvene var skrivne på bokmål i 2006, mot 81 prosent 20 år tidlegare. Her tapte bokmål til engelsk, som auka frå ni prosent i 1986 til 33 prosent i 2006. Bruken av nynorsk var den same begge åra og med små endringar undervegs: tre prosent.

Den nemnde tabellen blei utvida med eigne søk som gjer at framstillinga dekkjer tidsrommet frå 1971. Søkemetoden gjorde det uråd å ekskludere avhandlingar frå ikkje-norske lærestader, og tala kan difor ikkje jamførast fullt ut. Sikrast er tala for nynorsk og bokmål, som viser at 24 hovudoppgåver på nynorsk i 1971 var blitt til 205 i 2011, og at 464 hovudoppgåver på bokmål i 1971 var blitt til 5329 i 2011. I prosent bruker få nynorsk i avhandlingar, men i absolutte tal er dei mange.

Hausten 2008 var det over 200 engelskspråklege masterprogram i Noreg (tabell 10.2.2). Dette utgjorde 23 prosent av alle masterprogramma. Desse programma var noko meir populære enn dei norskspråklege, slik at 29 prosent av studentane var registrerte på dei engelskspråklege masterprogramma. Åtte av ti studentar på desse programma var norske.

10.3 Doktorgrad

Det engelske språkpresset viste att på mange nivå, og i nokre fag meir enn i andre. I 2002 var 76 prosent av doktoravhandlingane skrivne på engelsk,

mot 66 prosent i 1981 (tabell 10.3.1). Rekna i prosent blei det færre doktoravhandlingar i statsvitskap på skandinaviske språk frå 1991 til 2002, men noko fleire i pedagogikk (tabell 10.3.2).

Når norsk blir delt i nynorsk og bokmål også på doktorgradsnivå, viser ei undersøking klare endringar mellom 197 og 2007 (tabell 10.3.3). Prosentdelen avhandlingar på engelsk ved norske universitet og høgskular auka frå 78 prosent til 87 prosent i dette tidsrommet. Samstundes minka bokmålsdelen frå 20 til 13 prosent, og nynorsk frå 2,2 til 0,5. Det var høvesvis mange fleire utanlandske doktorandar i 2007 enn i 1997. Dette forklarar noko av auken, men ikkje alt.

Bortanfor alt dette ligg den fremste internasjonale anerkjenninga, Nobelprisane. Til og med 2014 hadde 13 nordmenn fått ein nobelpris, frå Bjørnstjerne Bjørnson som den første i 1903 til May-Britt og Edvard Moser i 2014. Vinnarane av vitskapelege prisar har alle brukt engelsk i arbeida sine, men med tildelinga i 2014 fekk også nynorsk skriftkultur sine første. Edvard Moser fekk Fridthiof Oos' legat for beste nynorskstil i vidaregåande skule i 1981, og 5. juli 2015 kåserte han i eit timelangt «Sommer i P2»-program på dialekt nær nynorsk.

10.4 Publisering

I vitskapeleg publisering var det berre innanfor humaniora at skandinaviske språk dominerte på slutten av 1990-talet (tabell 10.4.1). 20 år tidlegare hadde skandinaviske språk hatt ein liknande posisjon også i samfunnsfag. I dette tidsrommet dominerte skandinaviske språk sterkt i publisering av pedagogisk forskning (tabell 10.4.3). Innanfor pedagogikk var prosentfordelinga mellom skandinavisk og engelsk om lag den same for publisering som for doktoravhandlingar.

Utgiving av akademisk faglitteratur har vore marknadsbasert. Noregs forskingsråd gav i si tid som Noregs allmennvitskapelege forskingsråd tilskot til utgiving av utvalde avhandlingar i 500 eksemplar, og det var det. Difor var det ei språkpolitisk nyvinning då ei tilskotsordning for lærebøker i høgare utdanning blei etablert i 1985. Føremålet den gongen var tilskot til bøker på nynorsk og til grunnbøker på bokmål eller nynorsk, etter få år også til samiske lærebøker.

Frå 1985 til 2014 søkte forlaga om støtte til over 4000 titlar (tabell 10.4.2). Nær 500 eller 12 prosent var på nynorsk, og 40 titlar på samisk. Over tid har 18 prosent av midlane gått til nynorske utgivingar, men der ein i 1980- og 1990-åra prioriterte nynorske bøker, har det ikkje vore gjort etter 2000. Opplysningar om tildelingane manglar for åra 1996–2003, men elles har ordninga vore med og finansiert utgiving av meir enn 1100 lærebøker på nynorsk, bokmål eller samisk.

Storleiken på ordninga har endra seg. Høgste summen var i 1994. Ordninga blei evaluert positivt av Utdannings- og forskingsdepartementet i 2004, med framlegg om ein skarpare språkpolitisk profil. I staden gjekk regjeringa Bondevik II i statsbudsjettet for 2005 inn for å sløyfe ordninga. I Stortinget blei saka redda, i første omgang med halve summen i 2006 av det som hadde vore løyvt for 2005. Seinare kom det til meir midlar, og ordninga har dei siste åra disponert godt over 4 millionar i året.

I 2006 omtalte Universitetet i Oslo fleire undervisningsemne på engelsk enn på nynorsk (tabell 10.4.4). 10 prosent blei omtalte på engelsk, 3 prosent på nynorsk, 69 prosent på bokmål, og 17 prosent på bokmål og engelsk. Mest brukt var engelsk i omtalen av samfunnsvitenskap (29 prosent), utdanningsvitenskap (21 prosent) og medisin (20 prosent).

10.5 Språkstabilitet og språkskifte

Ved Universitetet i Bergen er det gjennomført fleire store undersøkingar hos studentane som inkluderer spørsmål om språk. Den første er frå 1998, ei ny blei laga i 2008, og i 2015 var ei tredje under førebuing for gjennomføring eit par år seinare. Det vil gi eit generasjonsperspektiv på språkstabilitet og språkskifte hos studentar ved eit norsk universitet.

1223 studentar var med i denne Bergens-undersøkinga i 2008 (tabell 10.4.1). 30 prosent av desse hadde brukt nynorsk før vidaregåande skule, og som studentar brukte 16 prosent nynorsk. Det inneber at 55 prosent av dei som hadde brukt nynorsk i grunnskulen, framleis gjorde det, medan 45 prosent hadde skifta til bokmål anten i vidaregåande eller høgare utdanning. Dette svarar ganske bra til andre undersøkingar og analysar (sjå kapittel 7.5).

200 studentar i denne undersøkinga brukte nynorsk på universitetet. Berre 12 av dei var tidlegare bokmålsbrukarar (tabell 10.5.2). Vel 800

hadde brukt bokmål gjennom heile utdanningstida, medan 175 hadde skifta frå nynorsk til bokmål. Det ligg nær å skrive at ein del av domenetapet frå bokmål til engelsk tek bokmålsbrukarane att ved å få ny tilførsel av bokmålsbrukarar frå nynorsksida. Merkeleg få av studentane i Bergens-undersøkinga rekna seg som tospråklege ved at dei brukte både nynorsk og bokmål.

Noko fleire menn enn kvinner heldt på førstespråket nynorsk gjennom heile utdanninga – 17 mot 15 prosent (tabell 10.5.3). Sortert etter lærestad var skilnaden i språkstabilitet mykje større. Ved Høgskulen i Bergen hadde 21 prosent av nynorskstudentane brukt nynorsk like frå grunnskulen, mot berre sju prosent ved Noregs handelshøgskule. Universitetet i Bergen og Kunsthøgskolen i Bergen låg midt på treet med 15 prosent. Med 11 prosent språkstbile nynorskstudentar kom også Bedriftsøkonomisk Institutt betre ut enn handelshøgskulen.

Rekna i prosent var skilnaden størst ordna etter fag, frå fire prosent ved odontologi og åtte prosent på juss til 22 prosent ved matematiske og naturvitskaplege fag og 26 prosent ved teknologifag ved Høgskulen i Bergen. Dette overraskar: I fleire realfagsmiljø heldt fleire studentar på førstespråket nynorsk enn i humaniora, som har vore rekna som eit sterkt nynorskområde. Då gjeld det å minne om at prosentdelen nynorskbrukarar på gymnas i 1930-åra var vel så høg i realfag enn på engelsklinja (sjå kapittel 9.3). Dette forklarar ikkje skilnadene i 2008, men det peikar på ein nynorsk realfag- og ingeniørtradisjon som har vore lite omtala og endå mindre kartlagd.

Når studentane blei sorterte etter fylke, dukka det opp tre slående trekk (tabell 10.5.4).

Det eine er at den konstante språkstabiliteten i Sogn og Fjordane slår sprekkar når tenåringane dreg til akademien. 68 prosent av studentane frå dette fylket hadde vore nynorskbrukarar frå grunnskulen av, men 19 prosent hadde no skifta til bokmål.

Det andre er at nynorskbrukande studentar frå Møre og Romsdal var i mindretal i 2008, medan dei hadde vore i fleirtal i grunnskulen. 27 prosent av Møre-studentane brukte framleis nynorsk, 38 prosent hadde skifta. Også i Hordaland hadde mange skifta, men der var nynorskstudentane framleis den største gruppa – når Bergen ikkje blei rekna med.

Det tredje er at fleire menn enn kvinner var blitt verande nynorskbrukarar frå grunnskule til høgare utdanning. Berre kvinnelege studentar

frå Sogn og Fjordane heldt meir på førstespråket sitt enn mennene frå same fylket gjorde. Elles var det fleire kvinner enn menn som gjekk frå nynorsk til bokmål.

Bergens-undersøkinga kartla også forholdet mellom dei kulturelle interessene til foreldra og skriftspråk hos studentane (tabell 10.5.5). I andre undersøkingar har dei sosiale skilnadene vore tydelege. Det er også dei kulturelle. Mellom tidlegare og noverande nynorsk- eller bokmålbrukarar var skilnadene uvesentlege. Det store skiljet var å finne mellom nynorsk og bokmål uavhengig av kor lenge studentane hadde brukt språka. Foreldra til bokmålsstudentar var mykje meir interesserte i klassisk musikk og teater enn foreldra til nynorskstudentane, medan nynorskforeldra var mykje meir interesserte i friluftsliv, religion og tradisjonsmusikk enn bokmålsforeldra.

Språkstabiliteten er kartlagd hos dei 307 doktorandane som skreiv avhandlingane sine på nynorsk eller bokmål mellom 1997 og 2007 (tabell 16.5.6). 16 prosent av dei brukte nynorsk i ungdomsskulen, vel 12 prosent i vidaregåande, men berre 1,3 prosent på doktorgradsstudiet, sjølv om over 8 prosent av dei då framleis rekna seg som nynorskbrukarar.

Det kritiske punktet var overgangen frå vidaregåande skule til høgare utdanning. Det blir særleg tydeleg når språket er kartlagt hos dei 48 som skreiv avhandlinga si på nynorsk (tabell 10.5.7). Etter avslutta utdanning var det heller få som skifta frå nynorsk til bokmål, eller til andre språk.

10.6 Terminologi

Språk er den viktigaste infrastrukturen i samfunnet, sa prosjektleiar Knut Jonassen i Standard Norge i 2014.¹³⁵ Terminologi og standardar er to av berebjelkane i den infrastrukturen. Mest av alt handlar terminologi om korleis eit samfunn skal eller bør fungere.

Når det kjem til stykket, handlar terminologi om standardisering på ulike nivå. Fagterminologi blir definert mellom anna gjennom ordbøker, medan standardar for prosedyrar m.m. blir fastsette gjennom eigne dokument og rutinar.

¹³⁵ Foredrag på Språkdagen 2014 i regi av Språkrådet i Oslo 18.11.2014.

I Noreg utviklar og fastset tre institusjonar standardar på kvar sine område. Standard Norge er den største av desse, gir ut Norsk Standard og tek seg av alle standardiseringsoppgåver med to unntak. Norsk Elektroteknisk Komité standardiserer på det elektrotekniske området og vedtek standardar under nemninga Norske elektrotekniske normer. Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit er eit forvaltningsorgan under Samferdselsdepartementet og fører tilsyn med post- og teletenester.

Nokon standard for rapportering om standardar er ikkje fastsett. Framstillinga er difor avgrensa til standardar frå Standard Norge. Denne institusjonen hadde ved utgangen av 2014 etablert om lag 16 000 standardar. Nærmare 1200 eller sju prosent av desse var på norsk (tabell 10.6.1). I 2004 utgjorde standardar på norsk 14 prosent av alle standardar som gjaldt.

Ved utgangen av 2011 var det fastsett 13 755 elektrotekniske normer, men svært få av desse var på norsk, og per 2010 var det fastsett 4170 norske standardar som gjaldt post og telekommunikasjon.¹³⁶

Der er altså til saman om lag 35 000 standardar og normer som gjeld i Noreg.

10.7 Administrasjon

Stortinget gav i 2009 universitets- og høgskulelova dette tillegget med § 1–7: «Universiteter og høyskoler har ansvar for vedlikehold og videreutvikling av norsk fagspråk.» Som følgje av dette ligg det til institusjonane å fastsetje eigne språkpolitiske styringsdokument.

I 2013 kjende tre av fire vitenskapleg tilsette ikkje til noko slikt dokument ved eigen institusjon. Medan 79 prosent av naturvitarane og samfunnsvitarane ikkje kjende til noko slikt dokument, gjaldt dette 66 prosent av humanistane. Der det var flest som hadde undervist på engelsk dei to siste åra, var det færrest som kjende til slike styringsdokument (sjå kapittel 10.1).

Når spørsmålet kom til kjennskap til slike dokument ved eiga avdeling, institutt eller fakultet, kunne berre sju prosent svare ja. Berre samfunnsvitarane visste noko meir enn realistane og humanistane.

¹³⁶ Språkrådet: *Språkstatus 2012*, Oslo 2012, s. 21.

Det kan vere to grunnar til at så få kjende til slike språkpolitiske styringsdokument. Det kan vere at dei ikkje fanst, eller at dei tilsette ikkje hadde fått nok informasjon til at dei hadde festa seg ved dette. Med den allmenne merksemda som har vore om dette spørsmålet i Noreg det siste tiåret, er det likevel lite flatterande viss det var mangel på informasjon som var problemet. Var ein interessert, ville ein kanskje spørje.

10.9 Historisk statistikk

Studentmållaget i Kristiania var både det første studentmållaget i landet og eit språkpolitisk viktig miljø, ikkje minst i etableringsfasen for den akademiske delen av ein nynorsk skriftkultur. Mellom 1900 og 1910 var det registrert 214 medlemmer i laget. Ellen Rodvang har undersøkt dei nær-
mare.

Dei kom frå alle delar av landet, men meir enn fire av ti var frå Vestlandet (tabell 10.9.1). I fagprofil likna dei svært på landsgjennomsnittet i realfag, men relativt fleire av desse studerte filologi og teologi, medan relativt færre studerte medisin og juss (tabell 10.9.2). Likevel var det slik at kvar fjerde studerte juss og kvar fjerde filologi.

Nær halvparten av dei enda som lærarar eller forskarar (tabell 10.9.3). Relativt mange av dei blei også prestar eller juristar. Dette kom til å prege referanserammene for tonegivande miljø langt utover på 1900-talet.

Alt tidleg på 1900-talet oppstod ei språkleg skilje i rekruttering til høgare utdanning. Nynorskbrukarar frå bygdene søkte seg i større grad via folkehøgskular til lærarskulane, medan bok målselevane frå byane drog i retning universitetet.¹³⁷ Mellom 1917 og 1937 tok vel 9000 studentar til på lærarskulane. Ni av ti av dei kom frå bygdene, og mange var nok nynorskbrukarar, men presis informasjon om dette ligg ikkje føre.¹³⁸ I 1952 kom verket *Norske Skolefolk* ut. Skuleforskarer Åsmund Strømnes har

¹³⁷ Ottar Grepstad: *Draumen om målet*, Oslo 2012, s. 115 f.

¹³⁸ Gunnar Yttri: «Læraren som bygdehøvding», i Gjert Langfeldt (red.): *Skolens kvalitet skapes lokalt*, Bergen 2015, s. 80 f.

rekna ut at 9266 folkeskulelærarar var presenterte, 5629 av dei med sjølvbiografiar. Han har analysert eit tilfeldig utval med ein firedel av alle dei biograferte.

Sju av ti kom frå bygdene, og 45 prosent av dei brukte nynorsk – 51 prosent av mennene, 34 prosent av kvinnene (tabell 10.9.5). Av dei som brukte nynorsk, var derimot sju av ti menn.¹³⁹ Språkfordelinga endra seg med alder – blant lærarane under 32 år brukte 31 prosent nynorsk, blant dei over 56 år utgjorde nynorskbrukarane 46 prosent. Flest nynorskbrukarar kom det frå gard eller lærarfamilie. Vestlendingane dominerte; 73 prosent av lærarstudentane frå Vestlandet brukte nynorsk, 37 prosent av studentane frå Trøndelag og nordover, og 24 prosent av studentane frå Austlandet og Sørlandet.

Trass i denne ganske sterke akademiske tradisjonen var det få i nynorskmiljøet som følgde med på utviklinga i bruken av nynorsk innanfor academia. Ein interessant dokumentasjon frå åra 1952–1957 var det såleis riksmålsmiljøet som fekk fram (tabell 10.9.6). Der var det færrest nynorskstudentar å finne ved Universitetet i Oslo innanfor juss, noko fleire i økonomi og flest i historie og filosofi.

Tema: akademisk press mot bokmål

Latin var det første internasjonale vitenskapsspråket. På 1600- og 1700-talet mista språket denne posisjonen til fordel for ulike nasjonalspråk. Utover på 1900-talet blei engelsk det mest dominerande språket for internasjonal publisering, og på 2000-talet var språket blitt ganske einerådande, men mindre i humaniora enn i andre delar av vitenskapen. Vitenskapsmiljøa treng eit slikt fellesspråk for å vite om kvarandre, dele kunnskap og utvikle ny innsikt. Samstundes treng kvart språksamfunn fagterminologi som er tilgjengeleg også utanfor vitenskapsmiljøa.

Akademia er eitt av dei domena som representerer størst press frå engelsk i det norske språksamfunnet. Dette er ei politisk vilja utvikling etter at Stortinget for ein del år sidan tok bort kravet om at norsk til vanleg skulle vere undervisningsspråket ved høgskular og universitet. Våren

¹³⁹ Frode Lønning Strømnes: *Folkeskulelærarar i Fattig-Noreg*, Trondheim 2006, s. 137 f.

2009 vedtok Stortinget å endre lova tilbake i retning av det gamle kravet, men likevel mindre strengt formulert.

Tradisjonen for at høgare utdanningsinstitusjonar styrer seg sjølve, er sterk, særleg for universiteta sin del. Det kan ha vore ein god grunn til å la desse institusjonane sjølve avgjere kva slags språkpolitikk dei skal føre. Styresmaktene har føresett at universitet og høgskular har sine språkpolitiske strategidokument. Desse finst mange stader, men verknaden av dei er ikkje undersøkt.

Det dei akademiske institusjonane gjer med sin språkpolitikk, har langsiktige verknader for heile samfunnet og for dei sjølve. Prioriterer dei internasjonisering, går det ut over arbeidet med fagterminologi på nynorsk og bokmål, men over tid kan dei skåre høgare på dei indeksane som er viktige for dei. Prioriterer dei det samfunnsansvaret dei meiner det er å fremje norsk språk, gir det lite anna utteljing enn velvilje frå dei miljøa som ønskjer å fremje nynorsk og bokmål som to samfunnsberande språk.

I 2005 poengterte eit utval oppnemnt av Språkrådet: «Skal norsk i framtida framleis bli brukt på alle domena i samfunnet, er vi avhengige av at det finst norsk terminologi og eit levande norsk fagspråk som kan fungera ved sida av det engelske på alle fagområde.»¹⁴⁰ Ti år seinare var der ingen ordningar, reglar eller system som målretta stimulerte universitet og høgskular til å prioritere norsk fagspråk. Eit publiseringssystem som gir utteljing økonomisk alt etter kor mykje dei vitskaplege medarbeidarane skriv i visse publikasjonar, har fått mykje av skulda for dette. Denne økonomiske utteljinga er likevel ein marginal del av dei samla driftsinntektene for institusjonane. Pengane følgjer studentane, og i høgare utdanning er det skapt ein statleg marknadsøkonomi der kvar institusjon tek sine avgjerder, men ingen har ansvaret for det som då fell imellom.

Dermed var det i 2015 ingen samla strategi for utvikling av norsk fagterminologi. Mykje blei gjort likevel, frå Standard Norge og andre fagmiljø, men heilskapen smuldra opp. Det som er sikkert, er at offentlege og private instansar investerer årleg milliardar i utvikling og vedlikehald av norsk språk.

Fråværet av ein heilskapleg politikk på det akademiske området går mest ut over bokmålsbrukarane. Verknaden for nynorskbrukarane kjem meir indirekte ved at eit svekt bokmål også kan svekkje nynorsk. Blir ikkje

¹⁴⁰ Gjert Kristoffersen ofl.: *Norsk i hundre!*, Oslo 2005, s. 135.

noko gjort, er det berre eit spørsmål om tid før meir enn halvparten av norske masterstudentar skriv avhandlingane sine på engelsk. Her verkar to mekanismar i same retning. Den eine er den manglande omsuta for sitt eige språk hos det norske fleirtalet av bokmålsbrukarar. Den andre er fråværet av ein samla språkpolitikk for forskning og vitskap. Det hjelper at norsk bokmål dominerer i grunnstudiet i mange fag.

Nokon brei, allmenn debatt om det engelske språkpresset i akademia har det aldri vore. I det som har vore ytra, har posisjonane vore ganske klare.

Ein av dei er at press frå engelsk like gjerne kan forståast som verdfulle kulturimpulsar. «Innlevelse i det engelske språket har gitt mange av oss store muligheter utan at vi dermed har vraket vårt norske språk og vår identitet», skreiv litteraturvitaren Øyvind T. Gulliksen i 2008.¹⁴¹

Ein annan posisjon er at presset frå engelsk i akademia er fundert på ein norsk utdanningspolitikk der publisering på engelsk løner seg betre for universitet og høgskular enn publisering på norsk. Det er altså norske styresmakter meir enn ein angloamerikansk kulturindustri som fremjar denne utviklinga.

Ein tredje posisjon er at presset frå engelsk ikkje er noko problem fordi vitskapleg kommunikasjon på engelsk er blitt heilt nødvendig.

Ein fjerde posisjon er at engelsk fagspråk er betre enn norsk og difor også bør brukast meir. Dette var den klare fleirtalsholdninga blant økonomistudentar i Bergen i 2012 (sjå kapittel 5.5). Spørsmålet er om norske forskarar meistrar språket godt nok. «For å bli bedre på form (engelsk) ofres til dels fokuset på innhald», skreiv to doktorgradsstipendiatar i 2008.¹⁴²

Ein blir ikkje betre til å skrive bokmål ved å skrive middels engelsk.

¹⁴¹ *Morgenbladet* 15.–21.8.2008.

¹⁴² Frode Olav Haara og Eirik S. Jensen: «Språkdebatten forbigås i stillhet», *Morgenbladet* 27.6–3.7.2008.

Perspektiv: språksamlinger og ordbøker

Språkrådet tok i 2013 initiativet til ein samla norsk ordbokpolitikk og utdjupa dette i notatet «Norsk ordbokpolitikk» til Kulturdepartementet 3. mars 2014.

Iallfall frå slutten av 1800-talet har språksamlingar vore bygde opp systematisk i Noreg. Slike samlingar finst ved mange universitet og høgskular. Dei største språksamlingane er ved Universitetet i Oslo, samlokaliserte og forvalta der etter stortingsavgjerd i 1972.

Stortinget vedtok då samrøystes å opprette Norsk leksikografisk institutt frå og med 1. juli 1972 på grunnlag av *Innstilling om språksaken* frå Vogt-komiteen og leggje dette til Universitetet i Oslo. Berre to representantar tok ordet i saka. Saksordførar Per Karstensen (Ap) sa at «språksituasjonen og utforskningen av norsk språk gjorde det nødvendig å styrke det vi kan kalle en vitenskapelig kartlegging av språket».¹⁴³ Dette blei gjort ved å slå saman tre ordboksverk – Nynorsk ordboksverk, Det norske litterære ordboksverk og Gammelnorsk ordboksverk. Lars Roar Langslet (H) meinte den nye institusjonen burde prioritere forskning i samtidsspråket og bad om at ein gjorde det som var mogleg for at Norsk Riksmålsordbok også kom med.

Språksamlingane i Oslo er dei største i landet og inneheld enorme mengder data til bruk i språkgransking, m.a. eit nynorsk-korpus med over 100 millionar ord (1866–d.d.), eit leksikografisk bokmålskorpus med over 100 millionar ord (1985–2005) og ein nasjonal stadnamnbase med om lag 700 000 namn. Der er også samlingar ved universiteta i Tromsø, Trondheim og Bergen.

Sommaren 2014 vedtok styret ved Institutt for lingvistik og nordiske studiar ved Universitetet i Oslo at instituttet «ikkje skal ta ansvaret for vidare forvaltning og drift av samlingane knytte til leksikografi og namnegransking etter at det pågåande prosjektet Norsk Ordbok 2014 blir avslutta».¹⁴⁴ Dette utløyste eit omfattande og motsetnadsfylt arbeid for å finne ei varig, forskingsbasert løysing som kunne sikre vidare dynamiske språksamlingar til bruk for vitskap, næringsliv og andre språkbruksmiljø. Språkrådet konstaterte i 2014: «For bokmål er dokumentasjonen svak for

¹⁴³ *Stortingstidende 1971–72*, s. 3622.

¹⁴⁴ Universitetet i Oslo i brev til Kulturdepartementet 23.3.2015.

perioden 1900–1985. Nynorsk trenger også tilleggsdokumentasjon, særlig for tida 1930–1970.»¹⁴⁵

Det var Ivar Aasen som utarbeidde dei første store ordbøkene for talemål i Noreg. Mellom 1850 og 1911 kom fire større ordbokverk for talemål og nynorsk. I åra 2016–2017 blir to store ordbokverk komplette, eit for bokmål og riksmål, eit for nynorsk og dialektar. Den eine er redigert på moderat bokmål, den andre følgjer nynorskrettskrivinga frå 1938.

Riksmålsvernet oppretta eit ordbokutval i 1919 og sette i 1922 i gang arbeidet med å utvikle *Norsk Riksmålsordbok* som eit litterært ordbokverk. Fire band kom i åra 1937–1957, og to tilleggsband i 1995. Dette verket inneheld 220 000 oppslagsord.¹⁴⁶

Ei oppdatering, utviding og nyredigering av denne ordboka tok til i 2000, mellom anna ved å samle inn meir tekstmateriale, og Kulturdepartementet ytte tilskot frå det året. I dette låg også ei modernisering og fagleg profesjonalisering. *Det Norske Akademis Store Ordbok* er planlagd ferdig i 2017 med om lag 250 000 oppslagsord og dekkjer moderat bokmål.¹⁴⁷ I 2014 hadde prosjektet 9,25 årsverksstillingar, og ein føresette 16 redaksjonelle årsverk frå og med 2015 til verket var fullført.¹⁴⁸

Eit langsiktig mål for Det Norske Akademi er å kunne publisere *Bokmålets og riksmålets ordbok* som eit digitalt, korpusbasert verk som dekkjer heile rettskrivinga for bokmål, der riksmål blir forstått som ei undernorm. Ordboka frå 2017 skal vere det faglege grunnlaget. Det formelle grunnlaget blei lagt gjennom ein avtale mellom Universitetet i Oslo ved Institutt for lingvistiske og nordiske studiar og Det Norske Akademi i 2011.

Norsk Ordbok er eit av dei store ordbokverka i verda (sjå kapittel 1.6). På årsmøtet i Det Norske Samlaget i 5. mai 1927 tok ordbokforfattaren og psykologen Ola Raknes til orde for «ei heilsleg norsk idiom- og synonym-

¹⁴⁵ Språkrådet: «Norsk ordbokpolitikk», notat til Kulturdepartementet 3.3.2014, s. 5.

¹⁴⁶ Det Norske Akademis store ordbok, *naob.no*, lesedato 8.8.2015; Petter Henriksen: «BRO-arbeidet og Det Norske Akademis store ordbok», notat til Språkrådet 5.12.2011; Christian-Emil Ore: «Notat om leksikografi ved ILN etter 2015», notat 12.8.2011.

¹⁴⁷ Bente Christensen ofl.: «Bokmålets og riksmålets nasjonale ordboksverk – BRO-prosjektet», notat til Kulturdepartementet og Språkrådet, udatert og upaginert [2011].

¹⁴⁸ Det Norske Akademi: Budsjettøknad 2015 til Kulturdepartementet, 28.2.2014.

ordbok». ¹⁴⁹ Ordboka skulle tene til å utvikle vidare skriftspråket nynorsk og auke prestisjen for dette språket. ¹⁵⁰

Det ambisiøse målet for prosjektet har i seinare år vore formulert slik: «Norsk Ordbok skal gje ei uttømmande vitskapleg framstilling av ordtilfanget i dei norske dialektane frå 1600 og til i dag og av det nynorske skriftmålet.» Norsk Ordbok byggjer altså på kjelder for tale og skrift gjennom 400 år, er ei litterær ordbok over skriftspråket nynorsk og ei ordbok over alle norske dialektar. Verket dekkjer altså også talemålsgrunnlaget for bokmål.

Med tilskot frå staten utvikla Det Norske Samlaget ein plan for Norsk Ordbok frå 1930. Det Norske Samlaget styrte redaksjonen til 1972, då Universitetet i Oslo tok over ansvaret, som ein del av verksemda ved det nyoppretta Norsk leksikografisk institutt. Ein prosjektorganisasjon for ferdigstilling av prosjektet var i drift frå 2002 og blei avvikla i 2015.

Arbeidet med Norsk Ordbok har vore prega av vekst. Det som kring 1930 var tenkt som eit verk på to–tre band, skulle i hovudsak setjast saman av ordbøker som alt fanst, skrivne av slike som Ivar Aasen, Hans Ross og Steinar Schjøtt. I tillegg blei eit svært innsamlingsarbeid sett i gang, og med tida kom det ordsamlingar frå meir enn 700 personar. ¹⁵¹ I åra 1992–1998 blei vesentlege delar av dette grunnlagsmaterialet digitalisert, m.a. 3,2 millionar ordsetlar, først ved innskriving, seinare ved skanning.

Norsk Ordbok utgjorde i 1972 6,5 årsverkstillingar. ¹⁵² I 2000 var det 10,3 årsverkstillingar i Norsk Ordbok. ¹⁵³ Ein ny prosjektorganisasjon blei etablert i 2002 for å fullføre verket til 2014. Det året var det 32 årsverkstillingar ved Norsk Ordbok. Sommaren 2015 var dette redaksjonsmiljøet oppløyst.

Komplett med band 12 inneheld Norsk Ordbok om lag 340 000 oppslagsord. ¹⁵⁴ Det redaksjonelle arbeidet med band 1 tok til 50 år tidlegare, og i 1950 låg det første heftet på 160 sider føre. Kring 1970 rekna ein med

¹⁴⁹ Ottar Grepstad: «Eit språk blir til. Frå den nynorske skriftkulturens annalar», *allkunne.no*.

¹⁵⁰ Sturla Berg Olsen and Åse Wetås: “Revision and digitisation of the early volumes of *Norsk Ordbok*: Lexicographical challenges”, *Proceedings*, Euralex 2014.

¹⁵¹ Redaksjonen i Norsk Ordbok i rettingar til Steinulf Tungesvik 2000, upaginert vedlegg same staden.

¹⁵² Oddrun Grønvik, notat 15.11.2013.

¹⁵³ Steinulf Tungesvik, *Norsk Ordbok 2014 – om vegen fram til fullføring av ordbokverket i 2014*, Oslo 2000,, s. 8.

¹⁵⁴ Christian-Emil Ore, «Notat om leksikografi ved ILN etter 2015», notat 12.8.2011.

at verket ville bli på ni–ti band. Redaksjonen vedtok så i 1987 at verket måtte utvidast til 12 band.¹⁵⁵ Så seint som i 1999 rekna ein med at verket først ville vere fullført i 2060.¹⁵⁶

Med Norsk Ordbok fullført i 12 band står det att å oppdatere og digitalisere dei fem første banda som dekkjer om lag 100 000 oppslagsord *a–h*. Med Det Norske Akademis store ordbok ferdig står det att for begge desse verka å etablere systematisk vedlikehald og fagleg revisjon som fangar opp språkutviklinga i Noreg.

Eittbandsbøkene *Nynorskordboka* og *Bokmålsordboka* kom ut i 1986 med seinare oppdateringar. Grunnlaget for desse standardordbøkene var det arbeidet som då var gjort med Norsk Ordbok. Med høvesvis 90 000 og 85 000 oppslagsord er desse ordbøkene dei viktigaste kjeldene til kunnskap om rettskrivingsnormalane for nynorsk og bokmål. I 2015 var enno mykje oppdateringsarbeid ugjort, særleg for bokmål.


«Skal det mona med ordbokarbeid må ein få sitja i fred og bruka lenger arbeidsdag enn vanleg», sa Leiv Heggstad, dåverande prosjektleiar for Norsk Ordbok, i 1936.¹⁵⁷

¹⁵⁵ Steinulf Tungesvik, same staden, s. 9.

¹⁵⁶ Christian-Emil Ore: «Nettordbøker og Norsk Ordbok – hvordan etablere en vitenskapelig nettordbok», *Nordiska studier i lexikografi*, 11, 2012, s. 495.

¹⁵⁷ Hans Aarnes: «Arbeidet med den norske ordboka», *Nynorsk Vekeblad* 12.9.1942.

11 Offentleg forvaltning



Figur 11.1 Tenestemål i kommunane 1932–2015. Prosent

Språkleg regelverk og praksis i offentlig forvaltning har mykje å seie for den allmenne språkbruken i Noreg. Av 428 kommunar i 2015 hadde 113 eller kvar fjerde kommune nynorsk som tenestemål, medan 158 hadde bokmål og 157 var nøytrale. I praksis var dei fleste nøytrale kommunane bokmålskommunar, med Bergen som eit markert unntak. Prosentdelen nynorskkommunar har vore stabil sidan 1970-talet.

14 av 19 fylkeskommunar var språknøytrale, medan tre brukte nynorsk og to bokmål.

Både i 1981, 2006 og 2011 var om lag fire av ti nynorskkommunar misnøgdde med den statlege oppfølginga av lov om målbruk i offentlig teneste av 1980, men knapt nokon av kommunane følgde opp med klage. Ni av ti nynorskkommunar hadde ei eller anna form for vedtak om nynorsk også som administrasjonsspråk. Mange gjorde unntak for enkelte

yrkesgrupper, utan særskilde vedtak. Mange interkommunale selskap brukte ikkje det administrasjonsspråket kommunane hadde fastsett for eigen bruk.

Mållova blir broten kvar dag, men så mange følgjer den at både departement og resten av statsforvaltninga brukte meir nynorsk på 2000-talet enn før. I 2014 var 28 prosent av alle stortingsdokument på nynorsk, mot 13 prosent i 2000, og tre av ti statsorgan oppfylte kravet om minst 25 prosent på kvart språk. Alle skjema for publikum skal liggje føre på begge språka, og det gjorde 78 prosent i 2013, mot 55 prosent i 2000.

Då Stortinget i 2009 slutta seg til hovudlinjene i språkmeldinga *St. meld nr. 35 (2007–2008)*, etablerte dei folkevalde også prinsippet nynorsk. Dette er seinare aldri følgt opp i praksis verken av regjeringar eller andre delar av statsforvaltninga enn Språkrådet.

Stortinget vedtok i 2014 Grunnlova på nynorsk og lett modernisert bokmål. Frå før har iallfall Finland, Canada og Belgia konstitusjonane sine på meir enn eitt språk.

11.1 Tenestemål i kommunar og fylkeskommunar

Frå 2000 til 2015 minka talet på kommunar frå 435 til 428. I 2015 var det 113 nynorskkommunar, dvs. kommunar som har gjort vedtak om at statsorgan skal bruke nynorsk som tenestemål i skriv til kommunen (tabell 11.1.1). Dette var fire færre enn i 2000. 157 kommunar var nøytrale, mot 165 i 2000, medan 158 kommunar kravde at staten skulle bruke bokmål i sin kontakt med dei, mot 165 i 2000. Talet på nynorskkommunar endra seg altså noko mindre enn talet på dei to andre typane kommunar.

Nynorskkommunane var i 2015 fordelt på ti fylke, dei nøytrale kommunane fanst i 17 fylke, medan bokmålskommunane låg i 15 fylke. Berre Sogn og Fjordane var utan så vel nøytrale kommunar som bokmålskommunar, medan berre Vestfold var utan nøytrale kommunar og nynorskkommunar. På Vestlandet hadde Hordaland flest nynorskkommunar (30), på Austlandet Telemark (8) og på Sørlandet Aust-Agder (4). Dette hadde endra seg lite sidan 2000 (tabell 11.1.2).

26 prosent av kommunane hadde nynorsk tenestemål i 2015, mot 27 prosent i 2000 (tabell 1.1.3). Prosentdelen nøytrale kommunar auka i det

same tidsrommet frå 35 til 36, medan bokmålskommunar minka frå 37 til 36.

Halvparten av nynorskkommunane følgde i 2015 vedtak om tenestemål frå 1930- eller 1970-åra (tabell 11.1.4). I mange nynorskkommunar har vedtaka om tenestemål vore uendra like sidan 1932 (tabell 11.1.10). I 30 av desse kommunane skriv dei nyaste gyldige vedtaka seg frå før 1940. Kommunesamanslåingane i 1960-åra førte til at 58 kommunar gjorde tilsvarende vedtak i 1960- og 70-åra. Etter 1990 har berre 10 nynorskkommunar gjort språkvedtak.

Vedtaka gav nynorskkommunane ein sterkare posisjon totalt. Frå 1979 til 2015 minka talet på kommunar frå 454 til 428, men talet på nynorskkommunar auka frå 106 til 113 (tabell 11.1.5). Flest nye nynorskkommunar blei det då i Hordaland og Sogn og Fjordane. På fylkesnivå kan denne utviklast følgjast i detalj med tal frå 1986, 1997, 2002, 2004, 2009, 2013 og 2015 (tabell 11.1.6, 11.1.7, 11.1.8, 11.1.9, 11.1.11, 11.1.14 og 11.1.18).

Fylkeskommunen er noko anna i 2015 enn i 1950-åra. Likevel er det interessant at ti fylke hadde nynorsk som tenestemål i 1957.¹⁵⁸

Etter lov om målbruk i offentleg teneste frå 1980 blir tenestemålet i fylkeskommunane avgjort av kor mange nynorsk- og bokmålskommunar det er i fylket; dei nøytrale blir ikkje rekna med. Fire nynorske fylkeskommunar i 1986 var i 2015 blitt til tre – Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal (tabell 11.1.12, 11.1.15 og 11.1.17). Ei endring på kommunenivå i Rogaland oppheva det nynorske kommunefleirtalet i det fylket. Frå 1986 til 2015 auka talet på nøytrale fylkeskommunar frå 6 til 14, medan talet på fylkeskommunar med bokmål som tenestemål minka frå 9 til 2. Det skulle i prinsippet ha endra den språklege praksisen i mange fylkeskommunar, men den saka har aldri vore undersøkt.

Sidan 1980 har berre tre kommunar gjort om tidlegare vedtak om nynorsk tenestemål. Begge er blitt nøytrale: Gjerstad i Aust-Agder, Rennesøy i Rogaland og Gjemnes i Møre og Romsdal. Bjerkeim i Rogaland har gjort eit vedtak som er uklart formulert, men som blir tolka slik at kommunen har nynorsk tenestemål og er nøytral i administrasjonsspråk. Kvar kommune er ordna etter tenestemål i 2009, 2013 og 2015 (tabell 11.1.13, 11.1.16 og 11.1.19).

¹⁵⁸ H.Aa. [Hans Aarnes]: «Noreg», *Norsk Allkunnebok*, band VIII, spalte 1117.

I ei spørjeundersøking i 2006 svara i alt ni kommunar og ein fylkeskommune at det administrativt eller politisk hadde vore oppe framlegg om endring av tenestemål etter 1996 (tabell 11.1.20). Kommunane ligg i Oppland, Aust-Agder, Rogaland og Møre og Romsdal. Då same spørsmålet blei stilt i 2011, om tida etter 2000, svara fem nynorskkommunar at det hadde vore oppe framlegg om å endre tenestemål til nøytral (tabell 11.1.21). Dei fleste var nok fanga opp av undersøkinga i 2006. Noko spesielt var det at 13 kommunar som i forskrifta til mållova var førte opp som nynorskkommunar, svara i 2011 at dei var språknøytrale. Ein del kommunar kjende altså ikkje til sine eigne språkpolitiske vedtak.

Saka om tenestemål var blitt reist i 1921. Då vedtok Voss kommune å krevje at staten skulle bruke nynorsk i all kontakt med kommunen (tabell 11.9.1). Dette opna for at alle kommunar kunne gjere vedtak i saka, og ei rekkje kommunar følgde raskt opp. Alt før utgangen av 1922 hadde 117 eller kvar femte kommune gjort vedtak om nynorsk som tenestemål vedteke nynorsk tenestemål (tabell 11.1.2). Fem år seinare var det nynorskkommunar i 12 av 19 fylke. På det meste, i 1954, hadde Noreg 291 nynorskkommunar – 39 prosent av alle.

Sidan 1970-åra har om lag kvar fjerde kommune hatt nynorsk tenestemål. Liksom kyrkjesokna fungerer altså kommunane som stabiliserande element i den språkdeltede norske kulturen (sjå kapittel 17).

Utover på 1900-talet og fram til i dag har styrkeforholdet mellom nynorsk, nøytral og bokmål skifta, og tendensen har vore at bokmålskommunane er blitt fleire, dei nøytrale færre, rekna i prosent. Prosentdelen nøytrale kommunar var på sitt høgste i 1965, under dei mange kommunesamanslåingane. Då var 59 prosent nøytrale. Det kan ha å gjere med at mange kommunar gjorde førebelse vedtak i saka, og gjorde dei ingen vedtak, blei dei rekna som nøytrale. Slik er det framleis: Fråvær av vedtak gjer kommunen språknøytral.

I 2009 var 36 prosent av kommunane språknøytrale, mot 35 prosent i 1985. I seinare år er det dei språknøytrale kommunane som har auka mest, rekna i absolutte tal. I eit lengre tidsperspektiv er det derimot bokmålskommunane som er blitt fleire. Då nynorskkommunane var som flest i 1954, utgjorde bokmålskommunane berre 27 prosent. I 2009 brukte derimot 37 prosent av kommunane bokmål tenestemål.

11.2 Nynorsk og bokmål i staten

Like sidan 1885 har offisiell norsk politikk vore språkleg jamstelling mellom bokmål og nynorsk. Det viktigaste staten har gjort, er å etablere formelle rammevilkår i form av lover og ein eigen språkpraksis som legitimerer ein nynorsk skriftkultur. Den som vil forklare tilstanden for nynorsk skriftkultur i Noreg, kan ikkje oversjå staten.

Lov om målbruk i offentleg teneste har verka sjølv om mange ikkje har følgd lova: Nynorsk blei mykje meir brukt i offentleg forvaltning i 2015 enn 50 år tidlegare.

Skiftande regjeringar brukte mykje meir nynorsk i stortingsdokument utover på 2000-talet enn i 1960- og 1970-åra (tabell 11.2.1). I absolutte tal auka talet på nynorske stortingsdokument frå 8 i 1961–62 til 40 i 1990 og 66 i 2010. På same tid auka prosentdelen nynorske dokument frå 3 til 31. Berre sidan 1980 er den nynorske prosentdelen blitt dobla. Frå 1961 til 2010 fall derimot det absolutte talet på bokmålsdokument frå 296 til 145.

Skilnadene mellom departementa har vore store. Mållova frå 1980 inneber eit krav om at minst 25 prosent av dokumenta skal vere på nynorsk. I åra 1988–2000 var det ingen departement som heile tida oppfylte dette kravet. Men det kom seg. Tre departement hadde minst 25 prosent av stortingsdokumenta på nynorsk i 1988, og i 2000 var der sju slike departement (tabell 11.2.2). Den samla auken i bruk av nynorsk kom ved at mange fleire departement brukte meir nynorsk. I 1988 laga sju departement mindre enn 10 prosent av stortingsdokumenta på nynorsk, i 2000 berre to.

Frå 1990-åra tok ein til å registrere også sidetal i dokumenta, og denne dokumentasjonen har vore einerådande etter 2010. Rekna i sider var 13 prosent av stortingsdokumenta på nynorsk i 2000 (tabell 11.2.3). Dette auka år for år, passerte 25 prosent i 2013 og nådde opp i 28 prosent i 2014 (tabell 11.2.4). Aldri var det samla resultatet betre enn i 2014. Tre departement passerte 25 prosent-kravet i 2000, og i 2014 gjorde åtte departement eller halve regjeringa det same. Tendensen til at fleire departement brukte meir nynorsk, var tydeleg utover på 2000-talet. Mellom 2001 og 2014 var det berre eitt departement som eitt år ikkje leverte frå seg eit einaste stortingsdokument på nynorsk: Kulturdepartementet i 2014.

Departementa brukte i åra etter 2010 jamt over meir nynorsk i dokument på 1–10 sider enn i stortingsdokument, men ikkje i 2014 (tabell

11.2.5). Slike dokument på nynorsk har utgjort 20–25 prosent dei fleste åra etter 1995. Mellom 1995 og 2014 oppfylte berre Kulturdepartementet kvart år 25 prosent-kravet, medan Forsvarsdepartementet aldri gjorde det.

For dokument på meir enn 10 sider frå departementa har bokmål dominert fullstendig like frå den første dokumentasjonen i 1996 (tabell 11.2.6 og 11.9.6). Nesten kvart år var mindre enn 10 prosent av dokumenta på nynorsk, og ingen av departementa var i nærleiken av å oppfylle 25 prosent-kravet kvart år. Regjeringa sett under eitt sende frå seg 12 prosent av slike større dokument på nynorsk, og det var meir enn i noko av åra 2006–2013. Årsaka til desse begredelege tala vil finnast langs aksene mellom likesæle og boikott.

Kulturdepartementet har ansvaret for at gjeldande språkpolitikk og lovverk blir følgt i statsforvaltninga. Til og med 2014 førte dette departementet tilsyn med oppfølging av mållova i departementa, men delegerte dette arbeidet til Språkrådet frå og med 2015. Det har vist seg å vere krevjande å gjere mållov og språklege rettar til like sjølvsegde faktorar i kvardagen som arbeidsmiljølov og rekneskapsreglar. Svært mange departement, statlege forvaltingsorgan og institusjonar avgrensar denne språklege verksemda si til eit nødvendig minimum. Svært få prøver også å gjere meir enn dei formelt må gjere. Denne minimumsstrategien har prega både statleg og mykje anna offentleg forvaltning lenge.

Frå og med 1994 har Språkrådet ført eit systematisk tilsyn med alle statsorgan under departementsnivå. I seinare år har gjerne meir enn 120 slike organ svara (tabell 11.2.7). I gjennomsnitt svarar åtte av ti institusjonar kvart år. Om lag tre av ti statsorgan oppfylte kravet om 25 prosent nynorsk både for mindre og større dokument. I større grad enn departementa greidde dermed statsorgan å lage både kortare og lengre tekstar på nynorsk.

Det følgjer av mållova at skjema som publikum skal fylle ut, skal liggje føre på både nynorsk og bokmål. I 2000 var 55 prosent av dokumenta på begge språka, og i 2013 gjaldt dette 76 prosent. I det same tidsrommet auka talet på dokument frå 2500 til 2900.

Målt i sidetal er der ein tydeleg tendens til at nynorsk i større grad blir brukt i korte dokument, dvs. dokument på mindre enn ti sider, enn i lengre. Utviklinga i åra etterpå har ikkje vore særleg positiv, og det er såleis ikkje publisert oppdaterte versjonar av dei nemnde tabellane.

Generelt er informasjonane om andre typar dokument enn stortingsdokument usikre fordi tala byggjer på eigenrapportering. Kulturdepartementet har difor teke ein del av desse tala med ei klype salt.

Mållova har føresett ei utbreidd skrivekunne i nynorsk på tvers av skiljet mellom bokmål og nynorsk som førstespråk. Med ei stor statsforvaltning konsentrert om Oslo-området har dette vore ein føresetnad for at språkbruken ikkje skulle løysast mekanisk gjennom omsetjing. Rekrutteringa av nynorskbrukarar til denne delen av statsforvaltninga har aldri vore stor.

Då Stortinget i 2006 den førebels siste stortingsmeldinga om lov om målbruk i offentleg teneste, viste statsråd Trond Giske til at «det er bare 3 % av de ansatte i sentraladministrasjonen som har nynorsk som hovedmål».¹⁵⁹ «Én ting er sentraladministrasjonen», repliserte Olemic Thomassen. «En annen er en ganske stor offentlig sektor i resten av landet og hensynet til minoriteters mulighet til deltakelse.» Giske svarta med eit sitat frå kulturmeldinga som regjeringa Bondevik II la fram i 2003: «Toleranse for nye kulturimpulsar må heller ikkje verta eit påskot til å forneakta det tradisjonelle kultur mangfaldet vårt.»¹⁶⁰

11.3 Lovverk og regelverk

Den 6. mai 2014 vedtok Stortinget Grunnlova på nynorsk med 168 røyster mot ei røyst. Vedtaket sette eit første punktum for ein debatt som hadde vart i 12 år.¹⁶¹

Språkforskaren Finn-Erik Vinje hadde på oppdrag frå Stortinget gitt ut ei bok om språket i Grunnlova i 2002. Der tok han til orde for ei varsam modernisering av Grunnlova på bokmål. Hausten 2008 fremja Carl I. Hagen og Finn-Erik Vinje det grunnlovsforslaget som måtte til. Rådet i Nynorsk kultursentrum bad i 2010 kontroll- og konstitusjonskomiteen i Stortinget om at Grunnlova også blei omsett til moderne nynorsk. Det standpunktet vann sakte, men sikkert støtte i fleire parti, og eit stort

¹⁵⁹ *Forhandlinger i Stortinget*, møte 16.3.2006.

¹⁶⁰ *St.meld. nr. 48 (2002–2003) Kulturpolitikk fram mot 2014*, s. 193.

¹⁶¹ Framstillinga byggjer på Ottar Grepstad: «Då Grunnlova blei nynorsk», *Vågå – sagt og skrivi gjennom ti'n*, årbok 2014, s. 6–23.

fleirtal i Stortinget bad våren 2012 om at Grunnlova også blei omsett til nynorsk.

Under leiing av Hans Petter Graver la Grunnlovsspråkutvalget fram eit slikt forslag i september same året, saman med ein tilsvarende versjon på moderne bokmål. Då Stortinget tok stilling våren 2014, var det likevel Vinje-versjonen frå 2008 som blei vedteken saman med Graver-versjonen på nynorsk. Den nynorske Grunnlova blei vedteken med fleire røyster enn bokmålsversjonen og den nynorske versjonen blei dermed *lex superior*.

Fleire statar har konstitusjonane sine på fleire språk, og komitéfleirtalet viste til dette i innstillinga: «F l e r t a l l e t er vidare kjent med at flere andre europeiske land allerede har hatt sin grunnlov på ulike språk i en årrekke uten at det har syntes å forårsake vanskeligheter. Eksempler på slike land er Belgia, Finland og Sveits, hvor grunnloven foreligger på de offisielle skriftspråkene.»¹⁶²

I Noreg blei fem komplette omsetjingar av Grunnlova til nynorsk publiserte mellom 1878 og 1985. Fleire av desse kom til «etter vedtak av Justisdepartementet». Tekstane blei trykte i bøker som jamt kom i nye utgåver og opplag, og Grunnlova på nynorsk var tilgjengeleg så å seie heile tida mellom 1875 og 1989. Det vesle tomrommet 1990–2012 kan difor gjerne kallast *det danske mellomspil*.

For kvar ny omsetjing til nynorsk hadde verket frå Eidsvold fått ein ny tittel. Språket endra seg meir enn jussen. På nynorsk var Grunnlova vore skriven på både trøndermål, klassisk i-mål og moderne nynorsk.

Alt i 1814 låg dei første offisielle omsetjingane av Grunnlova til engelsk og fransk føre – seinare også til tysk. Slike bruksutgåver er vanlege i mange land.

Nynorsk faktabok 1998 publiserte for første gong eit samla oversyn over alle lovene som blei vedtekne av Stortinget sidan den første i 1894 og fram til 1994, og kor mange som blei omsette til nynorsk. Dette er seinare blitt delvis oppdatert (tabell 11.3.1). Utanom dei tyske krigs- og okkupasjonsåra blei nær 7000 lover vedtekne mellom 1900 og 2012. Av desse var 500 på nynorsk, eller sju prosent. Nærmare 500 av desse blei vedtekne

¹⁶² *Innst. 177 S (2013–2014)* Innstilling til Stortinget fra kontroll- og konstitusjonskomiteen, s. 52.

etter 1945. Ein større del av dei lovene som enno gjaldt i 2004, var på nynorsk, 17 prosent. Innslaget av nynorsk i juridiske tekstar og dermed rettsstellet er såleis vesentleg større no enn før 1940, til skilnad frå både kyrkje og skule.

Politisk sett er det interessant at lovvedtak på nynorsk utgjorde den største prosentdelen i perioden 1945–1964, i dei to tiåra då den sosialdemokratiske orden rådde, som historikaren Berge Furre har kalla perioden 1952–1973.¹⁶³ Målrørsla og Arbeiderpartiet har ikkje alltid funne kvarandre, men nettopp då partiet dominerte Stortinget mest, kom det også flest lover på nynorsk. Rett nok var språket til saksordføraren som regel avgjerande for språket i lovvedtaket, men mange av saksordførarane må ha kome frå regjeringspartiet.

Nynorsk blir meir brukt i lover enn i forskrifter til lovene. Frå og med 2009 var berre godt og vel to prosent av forskriftene på nynorsk (tabell 11.3.5).

Med EØS-avtalen frå 1994 blir det laga svært mange rettsdokument på norsk som er knytte til denne avtalen. Tal dokument ligg føre for 2009 og 2010; der var 12 prosent av dokumenta på nynorsk (tabell 11.3.4). For seinare år blir det rekna sidetal. I 2011 kom det EØS-rettsdokument på til saman 4800 sider. Av desse var 4356 eller ni prosent på nynorsk. I 2014 hadde dokumentmengda auka til 6600 sider, men berre 218 sider eller tre prosent var då på nynorsk. Likevel blei nynorsk meir brukt i rettsdokument knytte til EØS-avtalen enn i eigne norske lover og forskrifter. Ikkje berre det: Eining for EØS-omsetjing i Utanriksdepartementet hadde mykje betre oversyn over språkfordelinga enn Lovdata.

Mållova er nok ikkje den lova som mest konsekvent blir følgd. Dokumentasjonen ovanfor frå systematisk tilsyn gjennom fleire tiår viser likevel at lova har verka, og truleg har det systematiske tilsynet hatt mykje å seie. Mållova er utan formelle sanksjonar, men kombinasjonen av lov og tilsyn er ikkje ueffen.

Frå og med 2001 er talet på klagesaker om mållova dokumentert (tabell 11.3.2). Dei siste åra har det kome mellom 40 og 80 klagar, og i perioden 2006–2014 behandla Språkrådet 620 klagesaker. Der kunne nok ha vore fleire. I ei spørjeundersøking i 2006 var seks av ti kommunar nøgde

¹⁶³ Berge Furre: *Vårt hundreår*, Oslo 1991.

med statens oppfølging av mållova (tabell 11.3.3). Minst nøgde med fylkeskommunane og kommunane i Telemark. Fem år seinare svara berre ein av ti kommunar at dei faktisk hadde klaga på brot på mållova (tabell 11.3.6). Like mange svara at dei ikkje kjende til nokon slik klagerett og dermed ikkje kjende særleg godt til kva som står i denne lova.

I spørjeundersøkinga frå 2011 var det ingen nynorskkommunar som svara at dei alltid fekk skriv frå staten på nynorsk (tabell 11.3.7). Derimot svara fire av ti at dei sjeldan eller aldri fekk slike skriv. Heller ikkje var det nokon nynorskkommune som alltid fekk e-postar på nynorsk frå statsforvaltninga (tabell 11.3.8). Her var det endå fleire som svara at dei sjeldan eller aldri fekk slike på nynorsk. Det klare inntrykket nynorskkommunane sat med, var at sentrale statsorgan brukte nynorsk minst og dei lokale mest (tabell 11.3.9).

Dei hadde grunn til å klage, men gjorde det nesten aldri. Språkrådet følgde opp undersøkinga med brev 24.8.2011 til alle sentrale statsorgan under departementsnivå. På den andre sida: Staten brukte etter kvart meir nynorsk, men i kommunane var misnøya den same.

I språkmeldinga *St.meld. nr. 35 (2007–2008) Mål og meining* om ein heilskapleg språkpolitikk tok regjeringa Stoltenberg II i 2008 til orde for prinsippet nynorsk: «Nynorsk høyrer i utgangspunktet alltid med der norsk språk blir tematisert eller brukt. I dei tilfella der nynorsk likevel ikkje er ein relevant faktor, må dette legitimerast aktivt og behova til nynorskbrukarane bli dekte.»¹⁶⁴. Dette politiske imperativet var per 2015 de facto ikkje brukt som argument eller som tilvising i eit einaste dokument frå noka regjering eller nokon annan del av statsforvaltninga enn Språkrådet.

11.4 Administrasjonsspråk i kommunane

Mykje kan seiast om språkpraksis i statsforvaltninga, men staten har iallfall etablert eit system for å gå seg sjølv etter i saumane. Noko slikt manglar norske kommunar heilt.

Kva språk kvar enkelt kommune bruker i eigen administrasjon, finst det inga samla oversikt over. Det nærmaste ein kjem, er med i *Språkfakta*

¹⁶⁴ *St.meld. nr. 35 (2007–2008) Mål og meining*, s. 82.

2015. Nokre kommunar veit heller ikkje sjølve kva vedtak dei har gjort. Som oftast er det likevel samsvar mellom administrasjonsmålet i kommunen og det språket kommunen har gjort vedtak om som tenestemål frå statens side.

Éin fylkeskommune skil seg ut. Telemark fylkeskommune er nøytral i tenestemål, men vedtok både i 2001 og 2005 at nynorsk skal vere administrasjonsspråket for saker til fylkestinget og andre politiske utval. I alle andre saker står saksbehandlarane fritt til å bruke nynorske eller bokmål. I praksis har skilnaden mellom nøytral og bokmål lite å seie, som uttrykt i Ingrid Kvissels mållov: «Dei som påstår seg nøytrale i språkspørsmålet skriv alltid bokmål.»¹⁶⁵

Den første kartlegginga av vedtak om administrasjonsspråk blei gjennomført i 2006 og gjaldt dei kommunane og fylkeskommunane som då hadde nynorsk tenestemål (tabell 11.4.1). 93 svara, og det gav ein svarprosent på 79.

Undersøkinga stadfesta oppfatninga om at vedtaka om nynorsk tenestemål gjerne også gjeld som vedtak om nynorsk som administrasjonsspråk for dei kommunalt tilsette. Godt og vel halvparten av kommunane svara at slik var det, men tre firedelar svara også at dei hadde eigne vedtak om administrasjonsspråk. Då eit liknande spørsmål blei stilt i 2011, svara 26 prosent av nynorskkommunane at vedtaket om tenestemål gjeld, medan 67 prosent hadde vedtak om nynorsk som administrasjonsspråk (tabell 11.4.4). Det vil seie at ni av ti kommunar hadde eit reelt vedtak.

Målet var å dokumentere den formelle og faktiske bruken av tenestemål og administrasjonsspråk. Det blei også stilt fleire spørsmål om korleis kommunane såg på statens oppfølging av mållova. 35 prosent var ikkje nøgde med måten statleg forvaltning praktiserer sin eigen målbruk på overfor kommunane. Den eine gongen eit liknande spørsmål var blitt stilt til alle kommunane, var i 1981. Då svara 40 prosent av nynorskkommunane at statsorgan sjeldan etterlevde regelen om tenestemål. I den grad desse spørsmåla kan jamførast, var misnøya altså om lag like stor i 2006 som 25 år tidlegare. Kommunane på Austlandet var i 2006 meir kritiske til staten enn vestlandskommunane var, og i vest var kommunane i Sogn og Fjordane dei mest kritiske.

¹⁶⁵ Gudmund Hernes: *Hvorfor mer går galt*, Oslo 1981

Berre éin kommune hadde i 2006 gjort vedtak om at enkelte avdelingar eller etatar ikkje er bundne av dei formelle språkvedtaka (tabell 11.4.2). I spørjeundersøkinga frå 2011 svara ein av ti kommunar at dei ikkje hadde noko vedtak, men ein praksis for unntak (tabell 11.4.5). Korleis denne praksisen er, sa kommunane ein del om i 2006. Då svara kvar sjetten kommune at avdelingar, yrkesgrupper eller nøkkelpersonar i praksis gjerne eller jamt over ikkje bruker nynorsk som administrasjonsspråk (tabell 11.4.3). Dette gjaldt særleg innanfor ikt og helse- og sosialsektoren; fleire nemner legane særskilt. Regjering Bondevik II regulerte dei regionale helseføretaka med eiga forskrift om mållova i 2004, til klare protestar frå fleire føretak. Den same samfunnssektoren sleit altså mange kommunar med også.

84 prosent av nynorskkommunane hadde i 2011 den praksis at dei brukte nynorsk i alle brev til privatpersonar, 13 prosent svara på same språket som brevskrivaren hadde brukt, og 3 prosent lét språket til saksbehandlaren avgjere (tabell 11.4.6).

Fleire kommunar hadde gitt opp i 2006. Dei svara at medarbeidarar som var for dårlege i nynorsk, fekk gjere som dei ville. Særleg gjaldt dette kommunar i Rogaland. Klepp kommune stadfesta nynorsk tenestemål i 1998, men la ingen føringar for språkbruken i administrasjonen. I praksis hadde det ført til at større dokument og planar var på nynorsk, og at saksbehandlarar elles stort sett brukte nynorsk og bokmål som dei ville. Bjerkreim kommune gjekk over til nøytralt administrasjonsspråk i 2003, Tysvær kommune stilte medarbeidarane sine ganske fritt i 2005, og Time kommune vedtok i 2006 at «saksbehandlarar som ikkje meistrar nynorsk, kan nytta bokmål i saksbehandling og i andre planar».

Undersøkinga frå 2006 dokumenterte altså at særleg legar, ingeniørar og datafolk i den kommunale forvaltninga er blitt ein språkleg elite som langt på veg gjer som dei vil. Nokre av dei best betalte og best utdanna yrkesgruppene fekk dermed særrettar.

Ei av årsakene til at nynorskkommunane stilte seg sjølve i ei slik klemme, kom til syne i undersøkinga frå 2011. Der viste det seg at tre av ti nynorskkommunar ikkje stilte språkkrav når dei lyste ut ledige stillingar (tabell 11.4.7). To tredelar opplyste derimot om administrasjonsspråket i kommunen.

Det går att i 2011-undersøkinga at nynorskkommunane og nøytrale kommunar ofte følgjer same praksis. Det vil seie at nynorskkommunane

uvente ofte lèt vere å profilere seg som nynorskkommunar i den språklege kvardagen. Slik er det også i drifta av kommunale og interkommunale føretak. Åtte av ti kommunale føretak brukte same administrasjonsspråket som kommunen – to av ti gjorde det altså ikkje (tabell 11.4.8). Berre halvparten av nynorskkommunane svara at interkommunale selskap brukte same administrasjonsspråk som dei. Mange slike selskap kan vere danna saman med kommunar med anna administrasjonsspråk, eller kommunane kan ha late vere å stille språkkrav. Begge delar forsterkar biletet av at mange nynorskkommunar gjer lite ut av posisjonen sin.

11.9 Historisk statistikk

Administrativt kom eit språkmønster i Noreg til syne alt i 1924. Då hadde 563 av 725 av kommunar svara på spørsmål frå Postverket om kva språk dei ville ha på oppslag m.m.¹⁶⁶ Postverket hadde sendt ut spørsmåla sommaren 1923 og gjennomførte den første landsdekkjande språkundersøkinga, i full skala. 228 kommunar (40 prosent) ville ha materiell på nynorsk, 222 kommunar (39 prosent) berre på bokmål og 97 kommunar (17 prosent) ville ha materiell på både nynorsk og bokmål. 16 kommunar visste ikkje.

Eit tidleg spor av dokumentert språkpraksis i statsforvaltninga gjeld språk i rundskriv frå departementa 1976–1990 (tabell 11.9.2). Den utviklinga i retning av meir nynorsk og mindre bokmål frå staten som er dokumentert på feire område ovanfor, viser seg også her. Frå å utgjere to prosent av alle rundskriv i 1976 kom åtte prosent av dei på nynorsk i 1990. I tillegg kom då seks prosent av rundskriva på både nynorsk og bokmål.

I verksemda til departementa og statsorgan under departementsnivå var innslaget av nynorsk mykje lågare i 1995 og 1996 (tabell 11.9.5). I 1996 utgjorde nynorskdokument berre 14 prosent av heile publikasjonsmengda. Dei tre departementa som brukte mest nynorsk, var Finans, Kultur og Utdanning. For statsorgan under departementsnivå kom også Justis og Kommunal bra ut i 1996. Til gjengjeld var nynorsk mykje brukt i

¹⁶⁶ *Den 17de Mai* 22.3.1924.

den utoverretta verksemda i form av pressemeldingar, rundskriv og stillingsannonser, så mykje at 30 prosent av alle departementale skriv i 1996 var på nynorsk.

Eit ytterpunkt i dokumentasjonen er å kartleggje om statsrådar (eller andre personar i formelle maktposisjonar) bruker nynorsk eller bokmål. Nokon direkte samanheng mellom personleg språk og politisk profil kan ein ikkje vente, men det er eit kuriøst faktum at regjeringa Solberg frå 2013 nok er den første regjeringa etter 1945 som var utan ein nynorskbrukar blant statsrådene.

Den språklege samansetjinga av regjeringar har aldri vore dokumentert. Det nærmaste vi kjem, er den riksmålsprofilerte forleggjaren Henrik Groths arbeid. Han peika i 1974 på at Sigurd Hoel i si tid hadde funne ut at Noreg hadde hatt 24 kyrkjeministrar etter 1905. Av dei hadde 18 vore nynorskbrukarar, med ei samla funksjonstid på 40 år, medan seks bokmålsstatsrådar hadde sete i sju år. Til og med 1974 hadde Noreg hatt 29 statsrådar, og dei 22 nynorskbrukarane blant desse hadde ei samla funksjonstid på 56 år, medan sju bokmålsministrar hadde vore med i 15 år.¹⁶⁷

Når denne ministerlista blir strekt fram til 2015, har Noreg hatt 46 kulturministrar etter 1905.¹⁶⁸ 25 av dei har vore nynorskbrukarar, 21 bokmålsbrukarar. Dei nynorske kulturministrane hadde ved inngangen til 2015 hatt ei samla funksjonstid på 62 år, bokmålsstatsrådene 49 år. Kva det forklarar av den språklege kulturpolitikken i alle desse åra, er ei anna sak.

Tema: språkportrett av nynorskkommunane

Nynorskkommunane si rolle i den språkdelte norske kulturen er prega av stor variasjon kommunane imellom (tabell 11.9.7).

I 1885 vedtok eit stort fleirtal i Stortinget å jamstille det nye landsmålet med det etablerte skriftspråket i landet. Dette er blitt kalla jamstellingsvedtaket. Vedtaket frå 1885 er den absolutte og overordna premissen for alt som seinare har vore gjort språkpolitisk. I dei hundre åra norske

¹⁶⁷ Henrik Groth: *Stat og kultur*, Oslo 1974, s. 36.

¹⁶⁸ Eigne utrekningar på grunnlag av offisielle regjeringslister.

parti har programfesta noko om språkpolitikk, har ikkje eitt einaste parti på Stortinget teke til orde for å oppheve dette vedtaket. Derimot har to parti gått inn for å lempe på krava i den lova om målbruk i offentleg teneste som Stortinget vedtok i 1980, og som bygde på ei tilsvarande lov frå 1930.

Grunnlaget for regulering av målbruken i offentleg forvaltning var det Gustav Indrebø i 1932 kalla kommunalmålprinsippet, og som var blitt innført med lov om målbruk i offentleg teneste i 1930. Det inneber at kommunane som institusjonelle einingar avgjer kva språk staten skal bruke overfor dei. Dette prinsippet om kommunal språkmakt har knytt målbruken i delar av statsforvaltninga så sterkt til lokale avgjerder at bruken av nynorsk i offentleg forvaltning er blitt sterkare regionalisert. Såleis kan mållova ha vore ein viktig del av den faktiske språklege regionaliseringa i Noreg. Eit viktig poeng er at dette prinsippet blei innført då talet på kommunar var svært høgt. Verknaden kan vere ein annan når kommunane blir færre.¹⁶⁹

Nynorskkommunane er viktige ved at dei dominerer innanfor det nynorske. Ni av ti nynorskelevar i grunnskulen budde i skuleåret 2014/15 budde i desse kommunane, men berre sju av ti vernepliktige. Nær åtte av ti kyrkjesokn med nynorsk liturgi låg i nynorskkommunar.

Nynorskkommunane har mange av dei administrative einingane i både skule og kyrkje. 23 prosent av alle kyrkjesokna i landet ligg i desse kommunane, 20 prosent av grunnskulane og 15 prosent av dei vidaregåande skulane.

569 000 menneske budde i nynorskkommunane i 2015. Dette var 11 prosent av det samla folketalet i landet. Denne prosentdelen har vore ganske stabil sidan 1974, med større endringar begge vegar i tiåra før.

Bruken av nynorsk tenestemål i kommunane følgjer i hovudsak same tendensen som skulemålet. Det var i første halvdel av 1950-åra at nynorskkommunane utgjorde den største prosentdelen av alle innbyggjarane, 22 prosent. I absolutte tal blei toppen nådd i 1957.

Kommunane med nynorsk som tenestemål representerer store økonomiske verdiar (tabell 11.9.4). Det nynorske kommune-Noreg hadde i

¹⁶⁹ Kåre Lilleholt og Jens Kihl: *Rapport om kommunereforma – frå Askvoll til Åseral*, Oslo 2014, s. 31.

1995 22,5 milliardar i inntekter. Av dette utgjorde dei tre fylkeskommunane 9,8 milliardar, eller 44 prosent. Desse tala har ikkje vore oppdaterte seinare.

Derimot ligg det føre dokumentasjon av at mange enkeltpersonar er direkte knytte til verksemda i nynorskkommunane (tabell 12.9.6 og 12.9.7). Nær 2600 folkevalde – kvar fjerde kommunalpolitikar i landet – sit med den politiske makta i desse kommunane. I ein gitt situasjon kan det vere ein maktfaktor å rekne med.

Dei tilsette i primærkommunane utførte i 1995 21 600 årsverk (tabell 11.9.3). I 2004 hadde dette auka til vel 35 000 årsverk. Omrekna til enkeltpersonar vil det seie at nynorskkommunane i 2004 sysselsette om lag 44 000 personar. I tiåret 1995–2004 ekspanderte kommune-Noreg kraftig. Ei tid kunne det sjå ut til sysselsetjingsveksten var sterkare i nynorskkommunane enn i andre kommunar. På 2000-talet auka derimot folketalet i nynorskkommunane mindre enn for landet under eitt.

Med endringa i oppgåvefordelinga mellom stat, fylke og kommunar dei siste åra spelar fylkeskommunane no ei mindre rolle rekna i sysselsetjing. I 1995 blei det utført 12 900 årsverk i dei nynorske fylkeskommunane. Etter at staten tok over sjukehusa, fall talet til 6700 årsverk. Dette utgjorde om lag 8400 tilsette.

Desse analysane av den politiske og økonomiske rolla til nynorskkommunane har ikkje blitt oppdaterte.

Perspektiv: mållov, språklov og kommunar

Kvar du bur og kva språk du bruker, har mykje å seie for synet ditt på nynorsk og bokmål, og bruken av desse språka. Det er dokumentert gjennom ei rekkje undersøkingar som er presenterte i *Språkfakta 2015* (sjå kapittel 5 og 7).

Etter 1900 har Noreg på det meste hatt 747 kommunar – frå 1931 til 1942. Dei mange samanslåingane i 1960-åra reduserte talet på kommunar frå 732 i 1960 til 451 i 1970. Røynsleane med samanslåtte kommunar førte fleire stader til omgjerding av desse vedtaka, og frå 1977 hadde Noreg 454 kommunar. Med åra minka dette til 428 i 2015.

Der var 290 kommunar med nynorsk tenestemål i 1955. 243 av dei blei slått saman med andre kommunar – 101 gjekk inn i større nynorsk-

kommunar, 142 gjekk inn i nøytrale kommunar eller bokmålskommunar. Av dei 47 kommunane som stod att, blei 38 verande nynorskkommunar, medan ni valde vekk nynorsk som tenestemål seinare.¹⁷⁰

Spørsmåla om kor mange kommunar Noreg bør ha og kor mange innbyggjarar dei bør ha, kom opp att i 1990-åra. I 1992 tok eit offentleg utval til orde for ein ny runde med samanslåingar. Samfunnsforskarane Jon Naustdalslid og Andreas Hompland peika på at framlegga frå utvalet ville redusere kommunetalet til om lag 250.¹⁷¹ Det språklege perspektivet brukte dei ikkje, men ut frå det dei to samfunnsforskarane kalla ei dødsliste, kunne ein rekne seg fram til at Noreg ville stå att med mindre enn 70 nynorskkommunar. Det kunne innebere at bruken av nynorsk mange stader ville falle under nivået for minste kritiske masse, dvs. det minimum ein treng for å kunne utrette noko.

Regjeringa Solberg sette i 2014 i gang ein prosess med avgjerdsfrist i 2016 og gjennomføring innan utgangen av 2019. Målet var å omforme Noreg til ein stat med 100 kommunar. Det ville i så fall føre til at Storbritannia er det einaste europeiske landet med større kommunar enn Noreg. Danmark hadde nokre år tidlegare omorganiserte det regionale nivået til 100 kommunar som til saman forvaltar eit område like stort som Sørlandet og Telemark.¹⁷² Dei tre fylka hadde i 2014 48 kommunar. Prosessen gjekk sakte, og statsminister Erna Solberg sa i august 2015 at målet no var å kome ned under 400 kommunar.¹⁷³

Frå 1992 til 2009 blei det berre ni færre kommunar i landet – frå 439 til 430. Mellom 2010 og 2015 blei to til borte. På 2000-talet vedtok Stortinget å overføre fleire funksjonar og oppgåver til kommunane. Særleg nye oppgåver i helsesektoren utfordra på ny storleiken til kommunane. Framleis var dei språklege perspektivet lite framme i det samla ordsiftet, som dermed avdekte at mållova har vore gjort for mykje til eit spørsmål om statens rolle og for lite til eit ansvar for kommunane.

Då regjeringa Nordli i 1979 la fram forslag til den mållova Stortinget vedtok året etter, hadde dei ikkje funne grunnlag for å gi reglar for kommunal og fylkeskommunal målbruk. Styresmaktene ville heller i seinare

¹⁷⁰ Kåre Lilleholt og Jens Kihl, same staden, s. 10.

¹⁷¹ Jon Naustdalslid og Andreas Hompland: *Dei arme små*, Oslo 1993.

¹⁷² Saksutgreiing i Landssamanslutninga av nynorskkommunar, juni 2014.

¹⁷³ *Aftenposten* 10.8.2015.

stortingsmeldingar om språkleg jamstilling i staten vurdere «nærmare føresegner» på det området. Først i 1999 blei saka følgd opp. Då utnemnde regjeringa Bondevik I ei arbeidsgruppe som blant anna skulle vurdere om det burde lagast slike reglar. Gruppa konkluderte med varsemnd og atterhald om at tilhøvet mellom kommunane og målbruksreglane burde takast med i drøftingane av ei mogleg omorganisering på regionalt nivå.¹⁷⁴

Verkeområdet var det viktigaste emnet i mandatet for gruppa. Like sidan 1920-åra hadde målrørsla gjerne retta merksemda mot verkeområdet, altså kva institusjonar, føretak og forvaltningsdelar som lova skulle gjelde for. I den mållovsmeldinga som kom i 2001, utsette regjeringa Bondevik II spørsmålet om å utvide verkeområdet for mållova til alle spørsmål kring ei ny offentlegheitslov var avklara. Den lova vedtok Stortinget i 2005. I den språkmeldinga regjeringa Stoltenberg II la fram i 2008, *St.meld. nr. 35 (2007–2008) Mål og mening* – stod det framleis att ein del slike spørsmål.

Den 17. mars 2006 varsla Kultur- og kyrkjedepartementet i brevs form alle leiarar i staten om at dei hadde å sjå til at mållova blir følgd til punkt og prikke. Leiarane fekk to–tre år på seg til å setje dette i verk. Litt skjedde, men langt frå nok. Den 17. mars 2009 blei framleis ikkje norsk lov følgd av statsforvaltninga i Noreg.

Likevel: Mållova *har* auka bruken av nynorsk i statsforvaltninga. Lova har vore med og gjort nynorsk til eit meir brukt språk også utanfor forvaltninga, og har vore viktig i utviklinga av ein språkdelt norsk kultur.

Då Stortinget vedtok den første mållova i 1930, stod staten for størsteparten av offentleg sektor. Då mållova blei revidert i 1980, utgjorde kommune-Noreg ein større del av bruttonasjonalproduktet enn staten. I 1990 hadde kommunane kome opp i 69 prosent av all sysselsetjing i offentleg sektor. I 2004 hadde kommunedelen falle til 58 prosent, og i 2013 var dei to delane av offentleg sektor blitt jamstore.¹⁷⁵

Vel 127 000 menneske arbeidde i det statlege tariffområdet i 2005. I tillegg kom om lag 145 000 tilsette i heileigde statsaksjeselskap, regionale helseføretak og statsføretak. Til saman var det altså vel 270 000 statstilsette i 2005. Desse fanst over heile landet, men éin stad hopa det seg kraftig

¹⁷⁴ Kåre Lilleholt ofl.: *Verkeområdet for mållova*, utgreiing for Kulturdepartementet, juni/sep-tember 2000, arkiv Ivar Aasen-tunet.

¹⁷⁵ Statistisk sentralbyrå: «Nøkkeltall for offentlig sektor», *ssb.no*, lesedato 5.8.2015.

opp. Om lag 45 prosent av den statlege kjerneverksemda blei utført i Oslo-regionen, sjølv om denne regionen berre hadde 22 prosent av folketalet i landet. 14 prosent av dei som då arbeidde innanfor det statlege tariffområdet, utfører sine dagsverk i dei tre fylka med nynorsk tenestemål.

I 2001 tok staten over ansvaret for sjukehusa. Det var nok den største endringa i oppgåvefordelinga mellom stat og fylke sidan den nye fylkeskommunen blei forma i 1970-åra. Då viste det seg også fort at nynorskfylka tidlegare ikkje hadde hatt nokon klar språkpolitikk for desse offentlege institusjonane. I staden var det staten ved kulturminister Valgerd Svarstad Haugland som i 2004 ganske kontant fastsette eiga forskrift om mållova og helseføretaka.

Kommunane har mykje meir å seie for den faktiske offentlege språkb Bruken i dag enn for 75 år sidan. Truleg er stat og kommune til saman den største språkprodusenten i landet. Undersøkinga i 2006 avdekte likevel at berre 15 av 114 nynorskkommunar då hadde vedteke språkbruksplanar.

Mållova er rett og slett viktigare enn nokon gong fordi offentlig sektor er større enn før, og fordi lova har vist seg å vere føremålstenleg for å skape ei utvikling i retning av jamnare balanse i den språkdelt norske kulturen. Den mållova som blei fremja for å skape eit eittspråkleg samfunn, har i over 70 år vore ein nødvendig føresetnad for å forme grunnlaget for ein språkdelt norsk kultur.

Likevel held ikkje lova lenger mål i høve til dei overordna måla Stortinget har sett seg for ein samla tospråkspolitikk som gjennomsyrrer både offentlig forvaltning og anna regulering av samfunnet. For å bevare og styrkje den tospråklege situasjonen må lova utvidast, ikkje innskrenkast. Ei fornøya mållov må forplikte kommunane på ein heilt annan måte enn tilfellet er i dag. Viss ikkje kommunane stiller dei same krava til sine leiarar som staten no gjer til sine, har det lita interesse at kommunane er misnøgde med statens oppfølging av mållova.


Særleg tydeleg blir dette når ein undersøker kommunale og interkommunale føretak. Desse følgjer ofte ein annan praksis en den enkeltkommunane har fastsett. Dels er dette eit varsel om kva som kan skje når kommunar slår seg saman og ein ikkje passar på slike spørsmål, dels viser dei interkommunale føretaka at større kommunar kan vere ein fordel. Dette argumentet har då også vore mykje brukt av dei som ønskjer mange kommunesamanslåingar.

Då Stortinget i 2009 slutta seg til hovudpunkta i stortingsmeldinga *Mål og meining*, blei prinsippet nynorsk offisiell politikk. Det vil seie at omsynet til nynorsk skal alltid vurderast eksplisitt når spørsmål som vedkjem norsk språk, blir tematiserte. I 2015 mangla det enno ein administrativ mekanisme som sikra at nynorsk faktisk blir vurdert eksplisitt både ved å kome inn på førehand og å kontrollere i etterhand.

Sentraliseringa, urbaniseringa og samanslåinga har ført til at det bur færre menneske i nynorskkommunane i dag enn i 1930. Dette svekkjer kommunalmålprinsippet. Busetnads-, nærings- og distriktpolitikk vil i stor grad verke inn på den komande utviklinga i bruken av nynorsk tenestemål.

Det språklege utgangspunktet for forhandlingar om kommunesamanslåingar kunne ha vore betre.

12 Næringsliv



Figur 12.1 Språk i reklame i tv, vekeblad og magasin 2015. Prosent

Bruk av norsk og engelsk i næringslivet har mykje å seie for den allmenne posisjonen til desse språka i Noreg. Bedriftsleiarar har større tru på norsk enn kundane deira har, og kundane er meir positive til bruk av engelsk i reklame enn bedriftsleiarane.

Engelsk gir høgare status, men ikkje utan vidare større truverde. Særleg dei med lite utdanning har ein tendens til å knyte status til engelsk. I 2010 meinte både seks av ti bedriftsleiarar og seks av ti kundar at norsk bør brukast i all reklame og marknadsføring i Noreg.

Bedriftsleiarane er usikre på språkstrategiane sine for framtida. Større språkleg mangfald i samfunnet elles påverkar også næringslivet. Det kan vere den viktigaste grunnen til at nynorsk etter kvart blir noko meir brukt i reklame.

I reklamen er ulike tendensar dokumenterte. Frå 1948 til 2012 auka bruken av nynorsk i avisannonser i Sogn og Fjordane frå 38 prosent til 74 prosent. Ei undersøking våren 2015 avdekte derimot at nasjonalt er det bokmål og engelsk som gjeld. Utanlandske annonsørar brukte mykje meir engelsk og ei blanding av bokmål og engelsk enn norske annonsørar.

Kva språk som blir brukt i reklame, seier ein god del om den allmenne språksituasjonen, for næringslivet utfordrar sjeldan grunnhaldningane hos kundane. Difor er det interessant at profilerte matvareprodusentar har brukt ein del nynorsk i reklame utover på 2000-talet.

Store delar av næringslivet er utan aktive språkval. Eit mogleg unntak var i 2015 den maritime klynga på Sunnmøre, eit av dei mest vekstkraftige næringsmiljøa i landet. Ein tredel av bedriftene brukte nynorsk som sitt hovudspråk, og endå fleire brukte mykje nynorsk i det daglege.

12.1 Reklamespråk allment

På 2000-talet var der tendensar til meir nynorsk i reklame, og aukande tilslutning både hos kundar og bedriftsleiarar til tanken om at reklame i Noreg bør vere på norsk. Det dominerande mønsteret var likevel tydelegare tendensar til meir bruk av engelsk

I 2015 blei den første større undersøkinga av språk i reklame i Noreg presentert som ein del av ei ny temautstilling i Ivar Aasen-tunet. Nær 1700 annonser i tv, avismagasin, vekeblad og magasin frå ei veke i april 2015 blei kartlagde (tabell 12.1.8). Vel halvparten av annonsane var frå norske annonsørar, og det tydelegaste skiljet gjekk nettopp mellom norske og utanlandske annonsørar. Dei norske brukte bokmål i 85 prosent av annonsane og engelsk eller engelsk og bokmål i 13 prosent av annonsane. Dei utanlandske brukte derimot berre 43 prosent bokmål og heile 53 prosent engelsk eller bokmål og engelsk. Mest engelsk var det i tv-reklame frå utanlandske annonsørar, og mest bokmål frå norske annonsørar i magasin. Dialekt og nynorsk var berre sjeldne unntak.¹⁷⁶

Likevel er det slik at særleg ein del profilerte matvareprodusentar har brukt nynorsk meir eller mindre systematisk i reklame utover på

¹⁷⁶ Jf. Anders Aanes: «Når det gjeld å skilje seg ut», *Sunnmørsposten* 17.6.2015.

2000-talet. Lerum fabrikker har gjort det konsekvent sidan 2003, Tine gjer det av og til.

Den einaste større analysen av bruken av nynorsk i reklame er ein studie av tre aviser i Sogn. Til gjengjeld var dette ein svært innhaldsrik studie av tidsrommet 1948–1980 på grunnlag av nærmare 9000 annonsar (tabell 12.1.1). Annonsane var henta frå Sogn Dagblad (Høyanger), Sogn og Fjordane (Hermansverk) og Sogningen (Leikanger), slik at undersøkinga utført av Torill Nedberge omfattar både indre og ytre Sogn (tabell 12.9.2, 12.9.3 og 12.9.4).

Nynorskdelen auka frå 38 prosent i 1948 til 68 prosent i 1980. Grunnlagsmaterialet viser at annonsespråket utvikla seg ulikt i dei tre avisene, men der er ein tydeleg og noko overraskande tendens til at lokale annonsørar brukte meir bokmål, medan annonsørar utanfor regionen brukte meir nynorsk. Dei gruppene som endra seg mest, var daglegvarer, klede/sko/tekstil og bygg/utstyr. Tendensen gjekk i retning av fleire standardiserte annonsar, ferdiglaga frå produsentane og etter kvart kjedene. Der blei det mindre plass for nynorsk

Heldt denne tendensen fram etter 1980? Den grunnfaste nynorskbruken i fylket tilseier at svaret er ja. Ei ny, enkel undersøking av alle annonsane i Firda i ei veke i 1972, 1992 og 2012 stadfestar hypotesen, med atterhald (tabell 12.1.2). I dette tidsrommet gjekk Firda frå fire til seks nummer i veka, og i alt blei 1558 annonsar undersøkte. Dei tre nemnde undersøkingane dekkjer dermed over 12 000 annonsar.

For 40 år sidan var 62 prosent av annonsane på nynorsk, for 20 år sidan heile 82 prosent, og i 2012 var 74 prosent på nynorsk. Utviklinga skifta mykje frå bransje til bransje på desse 40 åra. Ein jamt større del av kunngjeringane frå organisasjonar og offentleg forvaltning var på nynorsk, medan bruken av nynorsk heile tida var høg innanfor stillingsannonser, personlege annonsar og tenesteyting.

I 1972 brukte annonsørar frå Sunnfjord mykje meir nynorsk enn annonsørar frå andre regionar eller landsdelar. Det er svært interessant at denne skilnaden var blitt nesten heilt utjamna i 2012. Årsakene er fleire. Det er generelt blitt mindre kontroversielt å bruke nynorsk kommersielt, annonsar frå kjedar blir til ein viss grad meir tilpassa den lokale marknaden, og lokale annonsar står for ein mindre del av den samla annonseringa. I 1972 stod annonsørar frå Sunnfjord for 79 prosent av annonsane, i 1992 75 prosent og i 2012 68 prosent.

På redaksjonell plass bestemmer redaktøren, på annonseplass kundane. Kva språk som er brukt i avisannonser, seier mykje om kva plass språket har i næringsliv og offentleg forvaltning, men gir ikkje heile biletet. Nokre bransjar annonserer mykje i aviser, særleg bygg og bil, medan andre bruker heilt andre kanalar. Språkfordeling i annonsar frå offentleg forvaltning er regulert gjennom kommunale vedtak og lov om målbruk i offentleg teneste. Personlege og private annonsar – bortkomne kjæledyr, leige og utleige, dødsfall – speglar i stor grad det språket privatpersonar bruker når dei står fritt.

Den nye undersøkinga vitnar om at folk i fylket gjerne bruker nynorsk når dei kan. Ein skriftkultur treng også sterke profesjonelle miljø av språkbrukarar. Både for avis, radio og tv har Sogn og Fjordane slike redaksjonsmiljø, etter kvart også for bokutgiving.

Næringslivsleiarane er meir positive enn kundane til at all reklame i Noreg er på norsk. Tilsvarende meinte fleire næringslivsleiarar enn kundar at det er for mykje engelsk i denne reklamen. Generelt ville både kundar og næringslivsleiarar ha mindre engelsk i reklame i Noreg, men utan at norsk språk skulle bli einerådande. Det viste to spørjeundersøkingar om språk i næringslivet som Språkrådet gjennomførte hausten 2008 og 2010, med identiske spørsmål.

I 2010 var 62 prosent av leiarane og 62 prosent av kundane samde eller svært samde i at norsk bør brukast i all reklame og marknadsføring i Noreg, mot 52 og 51 prosent to år tidlegare (tabell 12.1.3–12.1.6). Dette er ei signifikant endring, og på kort tid. Blant kundane var noko fleire kvinner enn menn samde i dette, og dei med høgare utdanning var meir samde enn dei som hadde berre grunnskule. Leiarar i sørvisbedrifter var noko meir positive til norsk i reklame enn leiarar i industri- og handelsbedrifter, men generelt minka tilslutninga di fleire tilsette bedriftene hadde.

12.2 Engelsk i reklame

Engelsk gir status, men ikkje truerverde.

Ein del språkundørsøkingar har vist ein tydeleg tendens til at dei med lite utdanning er vel så språkleg tolerante som dei med meir utdan-

ning (sjå kapittel 5.1). Dokumentasjonen ovanfor tyder på at denne toleransen har sine nyansar. Faktoren status slår inn. Dei med lite utdanning legg meir vekt på den status engelsk kan gi enn dei med meir utdanning (tabell 12.2.1). 41 prosent av dei med grunnskule meinte at engelsk i reklame får produkt og tenester til å verke meir raffinerte og eksklusive. Berre 19 prosent av dei med høgare utdanning meinte det same. I dette spørsmålet var kvinner og menn svært samde.

Status er noko heilt anna enn truverde. Berre 6 prosent meinte at reklame på engelsk er meir truverdig enn reklame på norsk (tabell 12.2.2). Den sosiale variabelen som slo ut, var utdanningsnivået. 16 prosent av kundane med grunnskule var samde eller svært samde i at engelsk ber med seg truverde, mot berre 3 prosent av dei med høgare utdanning. Generelt såg altså kundar med grunnskule meir opp til det som blei uttrykt på engelsk enn dei med høgare utdanning.

I 2010 meinte fleire kundar enn i 2008 at det blir brukt for mykje engelsk i reklame – 52 prosent i 2010 (tabell 12.2.7) mot 40 prosent i 2008 (tabell 12.2.8). Dette svarar godt til den auka støtta til reklame på norsk i det same tidsrommet. Mannlege og kvinnelege kundar meinte det same i 2008, men fleire menn var kritiske til engelsk reklame i 2010. Utdanningsnivået hadde lite å seie for kva dei meinte. Også eit fleirtal av næringslivsleiarane meinte desse åra at det blir brukt for mykje engelsk – 50 prosent i 2010, 49 prosent i 2008 (tabell 12.2.9 og 12.2.10). Blant næringslivsleiarane var samanhengen svakare mellom storleik på bedrift og synspunkt på engelsk enn tilfellet var då dei blei spurde om norsk burde brukast i all reklame. Meiningskilnadene var noko større næringane imellom. 49 prosent av leiarane i industribedrifter meinte i 2008 at det blir brukt for mykje engelsk i reklame i Noreg, mot 42 prosent i handelsbedriftene og 40 prosent i sørvisverksemdene.

Eit tydeleg fleirtal av næringslivsleiarane meinte i 2008 at det er lite viktig eller svært lite viktig å bruke engelsk i reklame og marknadsføring (tabell 12.2.5). Særleg leiarane i industri- og handelsbedrifter vurderte det slik. Der sa 72 prosent at engelsk er lite viktig eller svært lite viktig. 64 prosent av leiarane i sørvisverksemdar meinte det same, men det var også blant desse det var flest som såg det som svært viktig å bruke engelsk. Tendensen var også tydeleg til at leiarar la meir vekt på engelsk i reklame alt etter kor mange tilsette bedrifta hadde. Desse tendensane var stort sett noko sterkare i 2010 (tabell 12.2.6).

Kundane kunne velje mellom svaralternativ som ikkje gjer det mogleg å jamføre svara med bedriftsleiarane. I 2008 delte kundane seg i tre klare grupper. 42 prosent var likegyldige, 36 prosent var negative til bruk av engelsk i reklame i Noreg, medan 20 prosent var positive (tabell 12.2.3). Kvinner var noko meir negative enn menn, og for dette spørsmålet gjorde utdanningsnivået store utslag. Blant dei med grunnskule var heile 39 prosent positive, mot 15 prosent av kundane med høgare utdanning. To år seinare var det like mange positive, mange færre likegyldige og mange fleire negative (tabell 12.2.4). Spørsmålet var altså blitt viktigare og meiningsskilja skarpare.

Jamt over hadde bedriftsleiarane mindre tru på påverknadskrafta i engelsk enn publikum hadde.

Engelsk gir reklame meir status, men ikkje større truverde. Så ville då heller ikkje det store fleirtalet av kundar i 2008 ha det på seg at dei let seg påverke meir av reklame på engelsk enn på norsk (tabell 12.2.11). Berre 17 prosent var samde i at folk flest blir meir påverka av engelsk enn norsk reklame, og her gav dei ulike utdanningsnivåa berre små utslag. Svara frå 2010 viser at fleire då meinte meir og sterkare om dette, men med same hovudmønster i haldningane (tabell 12.2.12).

Bedriftsleiarane var endå tydelegare i sin tale. I 2008 var 10 prosent av dei samde eller svært samde i at folk flest blir meir påverka av engelsk enn norsk reklame (tabell 12.2.13). Heile 65 prosent var svært usamde i denne påstanden, mot 55 prosent av kundane, men fleire bedriftsleiarar enn kundar var usikre i si sak. I 2010 meinte signifikant fleire bedriftsleiarar at engelsk reklame påverka kundane meir enn norsk reklame gjer (tabell 12.2.14). Motstanden mot engelsk reklame hadde altså auka, men det hadde også trua på at reklame på engelsk verkar meir enn reklame på norsk.

Nokså få kundar, 17 prosent i 2008 og 20 prosent i 2010, meinte altså at reklame påverka dei. Om lag like mange meinte at bedriftene sel fleire varer og tenester ved å bruke engelsk (tabell 12.2.15 og 12.2.16). Særleg mange av dei med grunnskule såg det slik. Blant dei meinte 33 prosent at bedriftene sel meir ved å bruke engelsk.

Bedriftsleiarane var i større grad enn kundane anten svært usamde i påstanden om at reklame på engelsk fremjar salet, eller dei var usikre. Berre 17 prosent var samde i utsegna i 2008, medan 59 prosent var svært usamde; det same meinte 48 prosent av kundane (tabell 12.2.17). Også her

var det særleg leiarane i sørvisbedriftene som meinte at engelsk fremjar salet. To år seinare meinte berre 12 prosent av bedriftsleiarane at engelsk fremjar salet. Då var heile 68 prosent svært usamde (tabell 12.2.18).

12.3 Arbeids- og administrasjonsspråk

Språkrådet gjennomførte i 2005 ei enkel undersøking av språkpraksis hos 20 av dei største bedriftene i Noreg.¹⁷⁷ 12 av bedriftene hadde valt eit administrasjonsspråk, og for åtte av desse var det engelsk. I bedriftene utan eit fastsett administrasjonsspråk kunne engelsk bli brukt i alle situasjonar. Eit knapt fleirtal av bedriftene brukte som regel berre norsk i alle samanhengar, frå nettstader til interne e-postar og styrepapir. Fire–fem bedrifter brukte berre engelsk på nettstad, i styrepapir, i styremøte og i informasjon til tilsette, og ganske mange brukte både engelsk og norsk.

I 2015 kom ei noko større undersøking av språkpraksis i bedrifter. Utvalet for ei undersøking ved Monika Haanes Waagan var 39 bedrifter i den maritime klynga på Sunnmøre. Desse hadde i 2014 tre ulike hovudspråk på nettstadene sine – ni brukte nynorsk, 18 bokmål og 12 engelsk (tabell 12.3.13). Årsrapportane var derimot skrivne i seks språkkombinasjonar, frå to på nynorsk og åtte på nynorsk og bokmål til fem på bokmål og engelsk og fem på engelsk. I stillingsannonsane var nynorsk mest brukt, truleg fordi bedriftene då vende seg til innbyggjarane i ein region der nynorsk dominerer kvardagen.

Waagan følgde opp denne kartlegginga med ei spørjeundersøking i august 2015 i samarbeid med Nynorsk kultursentrum. Då blei det tydeleg at den maritime klynga var prega av ein fleirspråkleg kvardag, og at den formelle sida av saka berre seier litt om den faktiske språkpraksisen i bedriftene. Nett det gjeld neppe berre for den maritime klynga på Sunnmøre. Funna kan ikkje jamførast med så mykje all den tid feltet ikkje har vore kartlagt på denne måten før, og difor blir det også subjektivt og vilkårlig kva ein ventar og ikkje ventar å finne. Likevel må det vere rett å seie at fleire bedrifter brukte meir nynorsk enn venta. I den maritime klynga på Sunnmøre dominerte dei norske språka i 2015. Det generelle

¹⁷⁷ Gjert Kristoffersen ofl.: *Norsk i hundre!*, Oslo 2005, s. 105 f.

inntrykket er ikkje at det same kunne seiast om ein annan økonomisk motor på Vestlandet, oljeindustrien i Stavanger-området.

Fleire bedrifter hadde meir enn eit administrasjonsspråk, eller bedriftsspråk, som det blei kalla i undersøkinga (tabell 12.3.14). 23 av 29 bedrifter brukte nynorsk, men 20 brukte bokmål og 19 engelsk. I formelle dokument som aksjonærprotokoll, årsmelding og styrepapir var bokmål brukt noko meir enn nynorsk, men 13 av 29 bedrifter brukte nynorsk her. I utoverretta dokument av typen stillingsutlysingar, marknadsføring og digitale medium var den språklege variasjonen større – størst i interne dokument, minst i styrepapir. Desse tala skil seg ein del frå den observerte praksisen i 2014. Her kan det ha verka inn at ei av fire bedrifter ikkje svara på undersøkinga i 2015, at praksis i desse skilde seg frå dei bedriftene som faktisk svara, eller at praksis ikkje fullt ut var slik som bedriftsleiarane sjølv sa at den var i 2015.

Korleis avgjerder om språkpraksis blir tekne, har følgjer for bruken av språka. I kommunar med formelle vedtak om språk i opplæringstilbod til vaksne innvandrarakar var nynorsk meir enn brukt enn når denne avgjerda blei teken av leiinga for opplæringstilbodet (sjå kapittel 8.2). Noko av det same kan gjelde for bedrifter. Iallfall var 17 av 29 bedrifter utan noko formelt vedtak om administrasjonsspråk (tabell 12.3.15). Av dei ni som hadde eit slikt vedtak, hadde styret teke avgjerda i tre bedrifter, dagleg leiar i fire, og to visste ikkje.

Same korleis slike avgjerder blir tekne, er der mange faktorar som kan påverke den faktiske språkbruken. 17 av 29 bedrifter grunn gav sin eigen språkpraksis med sedvane, at det var berre blitt slik (tabell 12.3.16). Kva språk medarbeidarane brukte, påverka i ganske stor grad eller svært stor grad språkpraksis i 20 bedrifter. Interessant er det også at 19 bedrifter sa det same om lokal identitet eller lokalt skriftspråk. I svært mange undersøkingar er identitet eit gjengangarargument hos nynorskbrukarane. Den same tendensen viste seg på Sunnmøre: «Vår bruk av nynorsk er sterkt kopla til identitet», kommenterte ein av bedriftsleiarane. Det som hadde minst å seie, var språket til leverandørar og tenesteytarar. Heller ikkje uformelle signal frå eigarane påverka språkpraksis i særleg grad.

I den grad bedriftene tok sine språkval, var det altså i hovudsak leiding og medarbeidarar som gjorde det gjennom eigen praksis. 12 av 29 bedrifter hadde hatt slike drøftingar ein eller fleire gonger dei siste fem åra

(tabell 12.3.17). Noka stor sak i det daglege var det likevel ikkje. 20 bedriftsleiarar svarta at det sjeldan eller aldri var slike drøftingar i verksemdene deira. Ut av desse drøftingane kom ganske ulike svar og strategiar. Somme tilpassar seg meir enn andre. Ein bedriftsleiar oppsummerte slik: «Vi held på vår opprinnelege språkprofil, sjølv om verksemda veks i område som ikkje er utprega nynorskområde.»

Ei viktig årsak til dette kan vere at få bedrifter rapporterte om reaksjonar frå omverda på deira eigen språkpraksis. Av dei 12 bedriftene som brukte nynorsk i grunnlagsdokument av typen aksjonæravtale og vedtekter, hadde fire fått både positive og negative reaksjonar frå eige fagmiljø, ei hadde fått begge delar frå leverandørar, og ei bedrift hadde ein eller fleire negative reaksjonar frå kundar. Resten var positive reaksjonar eller ingen reaksjonar i det heile. Utvalet er lite, men viss desse tendensane held vatn, er det mange bedrifter som overvurderer risikoen for negative reaksjonar frå omverda om dei til dømes bruker nynorsk.

Dei andre undersøkingane avdekkjer eit næringsliv utan språkpolitikk, eller rettare sagt eit næringsliv med få aktive språkval. Som så ofte elles skil nynorsk- og bokmålsbrukarane lag i synet på språksituasjonen. I 2002 var 24 prosent av nynorskbrukarane positive til at engelsk var blitt arbeidsspråk i ein del bedrifter, medan 55 prosent var negative (tabell 12.3.1). Derimot var 44 prosent av bokmålsbrukarane positive og 37 prosent negative. Kvar femte nynorsk- og bokmålsbrukar var korkje positive eller negative. Dei som meinte noko, meinte altså i stor grad det motsette av kvarandre.

Sjølv om det var fleire næringslivsleiarar enn kundar som la vekt på norsk i reklame, sa også 34 prosent i 2008 at engelsk var blitt viktigare for bedriftene deira dei siste fem åra (tabell 12.3.2). Særleg svarta fleire leiarar i industri- og handelsverksemdene slik, og det gjaldt særleg for dei største bedriftene, dei med meir enn 250 tilsette. Svært få næringslivsleiarar meinte andre språk enn engelsk var blitt viktigare dei siste fem åra (tabell 12.3.3).

Berre dette eine spørsmålet i undersøkinga frå 2008 avdekte større uvisse enn spørsmålet om engelsk var blitt viktigare. Sett under eitt var heile 18 prosent av bedriftsleiarane usikre. Dette gjaldt 24 prosent av leiarane i industribedrifter og 23 prosent av leiarane for bedrifter med mindre enn 5 tilsette.

Under desse svara ligg strukturskilnadene i norsk økonomi. Alt etter bransje og storleik er verksemdene meir eller mindre avhengige av utanlandske marknader, og dette viser att i svara. Handelsbedriftene sel mest på den norske marknaden, medan sørvisbedriftene er meir avhengige av internasjonal kontakt. Difor er det særleg interessant at det var i dei minste bedriftene at andre språk enn engelsk var blitt viktigare mellom 2003 og 2008.

Undersøkinga synte at ni av ti bedriftsleiarar meinte at deira bedrifter var utan ein språkpolitikk. I dette la dei at styret ikkje hadde fastsett slike reglar og rutinar. Dei såg det heller ikkje som ein del av samfunnsansvaret for bedriftene å føre ein språkpolitikk som bygde opp om bruk av norsk.

I 2008 og 2010 var engelsk enno ikkje viktig for mange bedrifter. Spørjeundersøkinga frå 2008 dokumenterte også korleis bedriftsleiarane såg på bruken av engelsk i eigne bedrifter. Eit lite fleirtal meinte at manglande engelskkompetanse i bedriftene ikkje kunne føre til at bedrifta mista kontraktar (tabell 12.3.4). Særleg i handelsbedriftene var det likevel mange, 27 prosent, som meinte at dette kunne skje. Det same meinte mange i dei minste bedriftene, dei med mindre enn fem tilsette, og dei med meir enn 50 tilsette. Så mange bedriftsleiarar var usikre at svara på dette spørsmålet nok var meir tufta på vurderingar enn kunnskap. Så var då også spørsmålet hypotetisk i forma.

42 prosent av bedriftsleiarane meinte i 2008 at det er viktig å bruke munnleg engelsk i møte med leverandørar og kundar (tabell 12.3.5). Som nemnt ovanfor meinte berre 19 prosent av dei same bedriftsleiarane at engelsk reklame er viktig. Bedriftsleiarane la altså mykje større vekt på munnleg engelsk enn engelsk i allmenn reklame. Vesentleg fleire leiarar i handelsbedrifter enn i industri- og sørvisbedrifter la vekt på å kunne bruke munnleg engelsk i kontakt med leverandørar og kundar. Så mykje som 48 prosent av leiarane for dei minste bedriftene meinte at munnleg engelsk er viktig.

Bedriftsleiarane la meir vekt på munnleg enn skriftleg engelsk i kontakt med leverandørar og kundar (tabell 12.3.6). 34 prosent meinte at skriftleg engelsk var viktig i desse samanhengane, medan 42 prosent altså meinte munnleg engelsk var viktig.

Det store fleirtalet av bedriftsleiarane meinte at engelsk ikkje er viktig verken i e-post og brev til tilsette eller i interne møte. 76 prosent sa at

e-post og brev på engelsk er lite eller svært lite viktig (tabell 12.3.7), og 73 prosent sa det same om engelsk i interne møte (tabell 12.3.8). Bransjetilknytning og tal tilsette hadde lite å seie, men så mykje som 16 prosent var usikre.

Svara ovanfor gjaldt kommunikasjon mellom leiing og tilsette i bedriftene. Også i den interne kommunikasjonen mellom tilsette la næringslivsleiarane lite vekt på munnleg og skriftleg engelsk (tabell 12.3.9). Berre 11 prosent meinte dette var viktig eller svært viktig. Noko fleire av leiarane for dei større bedriftene hadde eit slikt syn.

Berre i spørsmålet om kommunikasjon mellom einingar i eit konsern svara vesentleg fleire at det er viktig å bruke engelsk i brev og e-post (tabell 12.3.10). Så mykje som 30 prosent meinte dette, ganske sikkert fordi mange konsern har avdelingar og einingar i andre land enn Noreg. Dette kjem til uttrykk ved at 36 prosent av leiarane i industribedrifter la vekt på engelsk i brev og e-post avdelingane imellom. Mange leiarar i småbedrifter delte synspunktet, færre leiarar i mellomstore bedrifter med 5–50 tilsette gjorde det, og det var i dei store bedriftene at flest leiarar la vekt på slik bruk av engelsk.

Få leiarar la vekt på å kunne bruke engelsk i styrepapir og styremøte (tabell 12.3.11 og 12.3.12). 71 prosent meinte det var lite viktig eller svært lite viktig å bruke engelsk i styrepapira, og 70 prosent meinte det same om bruk av munnleg engelsk i styremøta. Også her skilde dei små og dei store bedriftene seg ut frå dei mellomstore med meir vekt på bruk av engelsk. Uvissa var tydeleg: Heile 22 prosent av bedriftsleiarane var usikre på kva dei skulle meine om bruk av munnleg engelsk på styremøta. Flest usikre var det blant leiarane av industriverksemder og verksemder med mindre enn fem tilsette.

Å endre språk krev tydeleg organisering. Skogstad Sport i Stryn gjekk over til å bruke nynorsk i 2011. Det familieeigde selskapet blei skipa i 1936, dreiv etter kvart sju eigne butikkar og hadde 37 konseptbutikkar over heile landet og omsette i 2011 for 1000 millionar. Det var marknadsdirektøren som personleg snudde dette personleg.¹⁷⁸

¹⁷⁸ Opplyst av Skogstad Sport på landsmøtet i Noregs Mållag i Ørsta 19.4.2013.

12.9 Historisk statistikk

Norskdomsrørsla har gjort meir enn å organisere enkeltpersonar til kulturpolitisk arbeid. Lagsbruket, eit forretningstiltak drive av mållag og/eller ungdomslag, blei raskt etablert som ein berande forretningsidé for å tene pengar. Dessutan utgjorde dei eit sentralt kulturpolitisk verkemiddel for å nå ut til mange (tabell 12.9.1). *Nynorsk faktabok 1998* gav det første oversynet over slike forretningstiltak som ungdomslag og mållag hadde stått bak gjennom 1900-talet. I alt hadde minst 212 slike lagsbruk vore i drift sidan den første kaffistova blei opna i Kristiania i 1901. Overnattings- og serveringsstadene dominerte og utgjorde åleine 162 tiltak.

Kor viktig denne verksemda var for å gjere det nynorske prosjektet lettare fordøyeleg for allmenta, er først dei siste par tiåra blitt studert. Heller ikkje har ein enno kartlagt kor store summar som er blitt overførte frå lagsbruka til drifta av organisasjonane. Noregs Ungdomslag og Noregs Mållag vedtektsfesta i 1917 at 5 prosent av overskotet etter skatt og 1 promille av årleg omsetning skulle betalast i lagsbruksskatt og -avgift til hovudorganisasjonen – Noregs Ungdomslag eller Noregs Mållag. Stordomstida for lagsbruka var perioden 1905–1920, og kring 1920 utgjorde lagsbruksskatten bort imot 60 prosent av inntektene til Noregs Ungdomslag og Noregs Mållag. Truleg utgjorde lagsbruksskatten nærmare 50 prosent av inntektene i delar av mellomkrigstida, mens den i 1950 påviseleg utgjorde 25 prosent. På 2000-talet utgjer denne inntekta mindre enn ein prosent for Noregs Mållag.

I den frilyndte ungdomslagsrørsla har også ungdomshusa vore viktige møtestader og verksemder. I 2005 var det registrert om lag 300 ungdomshus, og i 2015 eigde ungdomslag til saman 232 ungdomshus.¹⁷⁹ Ein gong var der endå mange fleire; Statens ungdoms- og idrettskontor registrerte i 1953 om lag 800 ungdomshus.¹⁸⁰ Så tidleg som kring 1920 hadde 330 lag eigne hus. Desse ungdomshusa har vore viktige sosiale tiltak i lokalsamfunna. I dei fleste kommunane har desse ungdomshusa vore den einaste offentlege, samlande møtestaden. Med over 16 000 arrangement i

¹⁷⁹ Ottar Grepstad: *Nynorsk faktabok 2005*, tabell 13.15 og 13.16, og Jon Låte i e-post til forfatteren 1.9.2015.

¹⁸⁰ Jon Låte i e-post til forfatteren 2.9.2015.

året har ungdomshusa vore ein viktig fellesskapsarena i mange lokalsamfunn.

Som andre næringsføretak har kulturinstitusjonar sine økonomiske ringverknader, og ein analyse av desse kva lokalsamfunn og storsamfunn får att av verdier i kroner og øre. Minst éin slik analyse ligg føre i form av ein enkel dokumentasjon av pengestraumen gjennom Ivar Aasen-tunet dei fem første driftsåra 2000–2004 (tabell 12.9.8). Summane er i nominell verdi, og det frå januar 2000 til desember 2004 steig konsumprisindeksen med 9,3 prosent. Realverdien var altså større enn det som går fram av tala nedanfor.

Frå 1991 og fram til opninga i 2000 utgjorde dei offentlege utviklings- og investeringskostnadene 73,3 millionar. Av dette stod staten for 65 prosent. Dei lokale leveransane til denne byggjeverksemda utgjorde truleg om lag 30 millionar. Desse kjøpa av varer og tenester hadde i neste omgang sine verknader for lokale lønsinntekter og lokale skatteinntekter. Alt før ein einaste gjest hadde sett foten innom døra i nybygget eller slengt seg nedpå i uteamfiet, var dobbelt så mykje midlar førte tilbake til lokalsamfunna som det vertskommunane hadde satsa. Med på kjøpet fekk kommunane eit anlegg til ein teknisk verdi av det firedoble av innsatsen og ein institusjon med minst ti faste arbeidsplassar.

I dei fem første driftsåra etter opninga av Aasen-tunet i 2000 hadde Nynorsk kultursentrum ei samla omsetning på vel 42 millionar. Lokalt forbruk og investeringar hadde saman med dei direkte skatteinntektene tilført lokalsamfunna 27,5 millionar på fem år. Det vil seie at to av tre kroner frå omsetninga gjekk til dei to lokalsamfunna i form av skattar, forbruk og investeringar.

Slår vi saman utviklings- og investeringsmidlane frå 1990-åra og driftsmidlane 2000-2004, har dei to vertskommunane Ørsta og Volda brukt 15,5 millionar. Saman med det lokale næringslivet har dei same kommunane fått tilbake minst 30 millionar i 1990-åra og 27,5 millionar dei første åra etterpå. Det vil seie at 15,5 millionar kommunale kroner er blitt til 57,5 millionar kroner i lokaløkonomien. Alt etter så kort tid er kvar kommunale krone blitt til fire kroner i lokaløkonomien.

To av tre kroner frå verksemda til Nynorsk kultursentrum hamnar i næringslivet eller i kommunekassa i vertskommunane. Der er nokre trekk ved denne institusjonen som langt frå er typiske i norsk kulturøkonomi, men det kan ikkje vere tvil om at kulturinstitusjonar har sitt å seie

for den dynamikken som økonomien i kvart einaste lokalsamfunn er avhengig av.

Undersøkingane ovanfor er truleg det som finst om språkfordelingane i næringslivet. Kva som kan reknast med på nynorsksida i næringslivet, har også vore svært lite diskutert. Kor mykje skriftleg framstilling som blir brukt, varierer både næringane imellom og frå verksemd til verksemd.

Eit meir formelt perspektiv er å registrere verksemdene i nynorsk-kommunane, sidan vi kan rekne med at nynorsk generelt blir brukt meir i desse områda enn elles. Ein slik liten studie er gjort to gonger med tal frå 1995 og 2004.

I 1995 var det 115 nynorskkommunar. Til saman hadde desse meir enn 21 000 verksemdar i desse kommunane (tabell 12.9.6). Dette inneber at 16 000 av verksemdene, eller 76 prosent, heldt til i eit av dei tre fylka Hordaland, Sogn og Fjordane, Møre og Romsdal. Til dette kom kommunane som arbeidsplassar; dei var i 2005 arbeidsgivarar for 44 000 tilsette (tabell 11.9.3).

Nynorsk faktabok 1998 inneheldt tal på arbeidstakarar som var buette i nynorskkommunane. I alt dreia det seg om 201 000 personar, og igjen dominerte dei tre vestlandsfylka. Nærmare 170 000 arbeidstakarar budde i 1995 i nynorskkommunar i desse tre fylka.

21 100 føretak heldt til i nynorskkommunane i 1995. Ti år seinare hadde dette talet auka til 38 100 (tabell 12.9.7). Det er umogleg å gå ut frå at denne auken på 80 prosent i talet på føretak er typisk for alle kommunane, men mengda av føretak seier iallfall noko om at grunnlaget for å utvikle nynorsk som språk i næringslivet var sterkare enn før. Det viste seg også, ikkje uventa, at kystbaserte næringar dominerer på lista over dei største føretaka i kvar kommune. Berre éin kommune, Leikanger, hadde ei bedrift frå kulturnæringane som den største private arbeidsplassen.

Samyrkeørsle brukte lenge mykje nynorsk. *Nynorsk faktabok 2005* offentleggjorde ein gamal, upublisert dokumentasjon av samyrkelaga si stilling i nynorskkommunane i 1977 (tabell 12.9.5). Ein tredel av dei over 460 000 medlemene i det som no er Coop, budde då i nynorskkommunar eller i språkblanda område. I august 2005 passerte Coop ein million medlemmer, og i 2013 var nær 1,4 millionar medlemmer.¹⁸¹

¹⁸¹ Coop Norge: *Årsmelding 2013*, coop.no, lesedato 5.8.2015.

Coop hadde iallfall så seint som i 1998 språkreglar som mellom anna slo fast at det skulle vere ei rimeleg fordeling mellom nynorsk og bokmål. Dette gjaldt også for medlemsbladet, som då var eitt av få nynorske innslag i norsk handelsnæring på nasjonalt nivå, og kvart tredje år kom årsmeldinga for hovudkonsernet på nynorsk. Organisasjonen hadde også handbok for tillitsvalde på nynorsk.

I åra som følgde, endra dette seg. I 2015 var Coop Norge delt i 12 regionale avdelingar, og av desse brukte Coop Vest nynorsk som administrasjonsspråk.

Tema: reklame på nynorsk

Den norske reklamebransjen var lenge språkleg monokulturell. Kinoreklamen var lenge ein av dei siste dominerande arenaene for riksmål, i bein linje frå den tidlege radioreklamen i 1920-åra. Med kommersielt tv endra delar av reklamebransjen strategi i takt med at dialektane fekk jamt høgare status. NRK hadde etablert ein praksis med veksling mellom dei to norske normerte språka, som særleg frå 1980-åra blei utvida med aukande bruk av dialekt (sjå kapittel 14). Ved inngangen til 1990-åra var bruk av dialekt i ferd med å bli vanleg i dei fleste næringane, og i massemedium blei denne utviklinga forsterka av ein teknologi som etter kvart braut ned skiljet mellom avsendar og mottakar.

Dette førte til at ulike dialektar etter kvart blei meir brukte i reklame, stundom også normert nynorsk. McDonald's var uventa tidleg ute med eit slikt grep, alt før 2000. «No opnar McDonald's på Stord!» stod det på reklameplakatane deira då kjeden opna restaurant på Stord 20.11.2013. Frå 25.10.2014 var ei barnebok på nynorsk fast innslag i barnemenyen Happy Meal, trykt i 25 000 eksemplar.¹⁸²

Eit prestisjetungt tilfelle frå 2009 var kortfilmen «Made by Norway» som Aker ASA viste på TV2 og på norske kinoar. 2,5 millionar såg og høyrde Anderz Eide lese «Nordmannen» av Ivar Aasen in extenso i filmen som var regissert av Erik Poppe.¹⁸³

¹⁸² «McDonald's med nynorsk på menyen», *Nationen* 24.10.2014.

¹⁸³ Ottar Grepstad: *Draumen om målet*, Oslo 2012, s. 277.

Det ligg ikkje føre nokon studie av kva språk reklamebransjen nyttar. I den språklege brytingstida kom etablerte tankemønster til syne då den profilerte reklamemakaren Paal-Terje Asheim hausten 2003 sa at han heller ville lage reklame på urdu enn på nynorsk. Bakgrunnen var eit seminar i regi av Nynorsk kultursentrum om reklamespråket. Seinare sa Asheim at han var blitt utnytta av NRK Kulturnytt til å ordleggje seg slik, og at han slett ikkje hadde noko mot reklame på nynorsk. Alt før 2003 hadde han laga dei såkalla matpakke-monologane for Synnøve Finden på nynorsk.¹⁸⁴ Utsegna til NRK fekk ein annan profilert reklamemakar, Ingebrigt Steen Jensen, til å gå hardt i rette med Asheim. «Ein stor motvilje mot å lese nynorsk trur eg ikkje finst, og viss det er slik, bør til og med reklamebransjen, i den grad det er mogleg, bidra til å gjere noko med det,» sa Jensen.

Utover på 2000-talet blei det meir nynorsk i reklamen. Reklamebyrået DBB brukte nynorsk i ein større kampanje for IKEA i 2007 med boktittelen «Alle reiser er ein omveg heim» av Herbjørn Sørebo som brodert motiv.

Ein jamt mindre del av årsinntektene til innbyggjarane i Noreg går til mat. Sjølv om den økonomiske rolla er mindre, er det likevel tydeleg at mat får jamt meir å seie i den opplevingsindustrien som no er ei aukande drivkraft i norsk økonomi. Denne næringa byggjer på opplevingar, og med opplevingar er her meint «noko minneverdig som engasjerer oss på ein minneverdig måte».

Eitt av mange typiske trekk ved opplevingsindustrien er at kortreist mat står på menyen. Mykje av denne kortreiste maten får emballasje teksta på nynorsk. Det som dei store einingane i landbrukssamvirket ikkje har vilja gjere, gjer altså dei mange små einingane utan å nøle. Småskalaproduzentane i norsk matindustri får sin legitimitet gjennom foredling av råvarene i nærområdet. Då er det heller ikkje kunstig at dei bruker det språket som er tettast på deira eigen kvardag. Med sitt breie talemålsgrunnlag er nynorsk eit kortreist språk som får høgare status gjennom kortreist mat. Dei lokale matproduzentane har teke tilbake makta over eigen matproduksjon. Når dei først var i gang, tok dei også tilbake makta over språket.

¹⁸⁴ Paal-Terje Asheim i intervju med *Norsk Tidend* nr. 3 2008.

Større språkleg toleranse og krafta i den lokale opplevingsindustrien er to viktige årsaker til at nynorsk blei meir brukt reklame på 2000-talet. Nettopp matindustrien var ein av bransjane som gjekk føre.

Bergens-baserte Toro, etablert i 1946, marknadsførte på 2000-talet jamleg Vestlandslefsa på nynorsk: «Ein bit Noreg bretta to gonger.»¹⁸⁵

Orkla-eigde Sætre kjeksfabrikk blei etablert i 1883 på Vålerenga i Oslo og har i dag hovudkvarteret sitt på Kolbotn i Akershus. Bokstavkjeks har dei selt sidan 1933, og då denne vara i 2007 skulle relanserast etter å ha vore borte frå marknaden i seks år, brukte Sætre mellom anna heil-sidesannonsar på nynorsk i dei store avismagasina. «Vi er glade for å informera deg om at Bokstavkjeks ikkje forskjellsbehandlar nynorsk og bokmål. Vi synest at begge målformene er like gode.» Og: «Det som kan skrivast, kan etast», heitte det i den kongeniale teksten frå Try reklamebyrå. Det same byrået laga i 2006 to versjonar av ein reklamefilm for Grandiosa Spelt, ein på nynorsk og ein på bokmål, og i eit testpanel røysta nesten alle for nynorskversjonen.¹⁸⁶

Då Noregs Mållag i 2006 for første gong delte ut Nynorsk næringslivspris, var vinnaren Lerum fabrikk i Sogndal. Verksemda blei skipa i 1907, men først i 2003 tok leiinga i bruk hovudmålet sitt. Fabrikken fekk prisen fordi dei «får nynorsken ut til heile landet, i butikkar, på bordet og langs vegen». «Me er stolte av språket vårt», takka kvalitetssystemsjeff Gro Lerum Bondevik, «og har aldri fått negative tilbakemeldingar på at me nyttar nynorsk i all kommunikasjon».

«Ekte» er eitt av dei orda som går att når verksemder skal formulere kva verdiar dei står for, og i opplevingsindustrien når ein lenger viss ein står for noko som er ekte og ikkje berre gir seg ut for å vere det. Direktør Kåre Lerum bruker språket «som eit døme på at Lerum er ekte vare». Eivind Grov ved Hotel Alexandra i Loen er ikkje i tvil: Det ekte og det lokale blir berre viktigare og viktigare. Tine har hatt nokså skiftande språkstrategi dei siste par tiåra og kom etter kvart til å bruke dialekt for å representere noko spennande.¹⁸⁷

«Nynorskargumentet er som miljøargumentet. Så lenge verksemder trur at dei vil selje meir ved å bruke nynorsk, så vil dei bruke nynorsk»,

¹⁸⁵ Ottar Grepstad: *Draumen om målet*, Oslo 2012, s. 226 f.

¹⁸⁶ Kjetil Try i *Norsk Tidend* nr. 3 2008.

¹⁸⁷ Tone Beate Gusland: «– Vi må jo bare si «mø». En sociolingvistisk analyse av reklamefilmer for melk, masteroppgåve, Universitetet i Oslo 2013.

sa Kjetil Try i 2008. Den utskiljinga har for mange vore eit tveigga sverd. «Dere kommer til å tape millioner», åtvare reklamebyrået då Lerum Fabrikker i 2003 bestemte seg for å gå over til nynorsk på all emballasje og i all reklame.¹⁸⁸ Og: «Det går ikke an å bruke nynorsk og engelsk sammen.» Det gjekk bra, men det kravde mykje ekstraarbeid av dei tilsette av di få medarbeidarar i reklamebransjen meistrar nynorsk. «Kva er det som skil juice frå jus?» spurde Lerum i ein magasinreklame. I 2015 var Lerum størst på saft og nest størst på syltetøy i Noreg.¹⁸⁹

Svaret handla om truverde og autentisitet. «Vi synes sørlandsdialekten gir en ekstra troverdighet», sa dagleg leiar Pål Barth Nilsen i Talkmore seinsommaren 2014.¹⁹⁰ «Jo: Dialekt har autoritet i dag. Talemål gjør reklame som du ellers ikke ville stoppe opp ved, avvæpnende, fengende og troverdig», skreiv Knut Olav Åmås seinare same året.¹⁹¹

Det er som om avstand er ein faktor for makta over språket. Di større avstand, di lettare blir det å oversjå verdien av det lokale. Der det lokale kjem til orde, blir også nynorskbrukarane meir synlege.

Perspektiv: den språklege botnlinja

Den norske økonomien er svært open, og mange bedrifter produserer for eksport eller lever av import. Likevel er det store fleirtalet av bedrifter først og fremst knytt til heimemarknaden. Då er dei også avhengige av å bruke norsk, og å kunne godt norsk.

Den omfattande spørjeundersøkinga i 2008 viste at bedriftsleiarane ikkje er så likegyldige i språkspørsmålet som den offentlege debatten har gitt inntrykk av. Mange bedriftsleiarar er usikre, og dei veit at feil strategiar kan få store følgjer.

Som praktisk reiskap vil engelsk framleis bli verande ein effektiv kommunikasjonsreiskap i internasjonalt samkvem. Samstundes fører

¹⁸⁸ Konsernsjef Trine Lerum Hjelhaug i foredrag i Nynorsk forum i Sogn og Fjordane på Skei 9.11.2012, egne notat.

¹⁸⁹ Konsernsjef Trine Lerum Hjelhaug i takketales for Storegut-prisen under Litteraturdagane i Vinje 29.8.2015.

¹⁹⁰ NRK.no 7.8.2014.

¹⁹¹ Aftenposten 21.12.2014.

både det store EU og oppbygginga av nye økonomiar som Kina og Brasil til at mange fleire språk enn engelsk vil bli brukte i internasjonal handel.

Også næringslivet blir dermed prega av større språkleg mangfald. Det kan innebere at fleire bedrifter tek sjansen på å bruke heimespråket sitt. Det er i mange tilfelle nynorsk. Utover på 2000-talet blei det gradvis meir legitimt å bruke nynorsk i reklame, dels for å skilje seg ut, dels for å formidle visse verdiar. Samstundes heldt ein del verksemder fram med å vere tospråklege ved at dei brukte nynorsk lokalt og bokmål nasjonalt. Slike språkvanar kan bli utfordra.

Botnlinja avgjer for kvar einaste næringsdrivande. Dagleg blir det teke val som viser att til slutt. Det avgjerdsgrunnlaget er bygt opp av erfaring, kunnskap og fordomar. Alle må ta noko for gitt, og då kjem ein ikkje utanom at det også må dømast og avgjerast før ein eigentleg veit. Dei for-domane gjeld ofte slikt som ikkje kan målast eller vegast. Forståinga av språk er ein del av denne porteføljen.

Nordmenn er meir opptekne av språk enn mange andre, heiter det gjerne. Ein del undersøkingar stadfestar den fordomen. Då skulle ein også tru at dette allmenne språkengasjementet ville setje spor etter seg i næringslivet og i offentleg politikk overfor næringslivet. Spørjeundersøkingar frå det siste tiåret viser at dei fleste bedriftsleiarane meiner noko om språkleg praksis. Det står att å finne ut meir om kva dei gjer, ikkje kva dei meiner.

I fleire land har styresmaktene gått mykje lenger enn dei norske. Frankrike har sidan 1994 hatt Toubin-lova som påbyrd at fransk skal brukast i alt frå reklame til arbeidsavtalar og som regulerer bruken av fransk i massemedium og undervisning. Liknande lover har Litauen, Latvia og Polen.

I språkvegen går ikkje næringslivet føre, men det hender dei skal same vegen. At store og små verksemder i bygdebyar på Vestlandet bruker meir nynorsk enn før, fortel at nokon har teke nokre val, men det seier også noko om den posisjonen språket har i lokalsamfunnet. Både avishus og forlag har meint at det som er på nynorsk, blir kjøpt av færre enn det som er på bokmål. Sel ei bok på nynorsk dårleg, er det fordi den er på nynorsk, ikkje fordi den var dårleg skriven, hadde eit dårleg omslag, feil forfattar eller rett og slett var dårleg tenkt.


Alt slikt gjer at det kan koste noko ekstra, iallfall mentalt og praktisk, å drive kommers på eit språk som er mindre brukt enn eit anna språk.

Denne kostnaden fell bratt di fleire som bruker same språket og di meir erfaring ein får. Transportselskap i offentleg eige på Vestlandet var tidleg ute med å bruke nynorsk, og det tok tid før reiselivsnæring og matvareindustri følgde etter.

Å halde ved lag og utvikle vidare ein skriftkultur, er likevel ei sak nær sagt for alle andre enn filologane. Kva posisjon eit språk har i eit samfunn, har ikkje minst å gjere med kva som skjer på arbeidsplassane, der dei fleste held til mange timar i veka og mange dagar i veka og mange veker i året og mange år i livet. Eit språk blir så levande som folk gjer det til.

Den språklege botnlinja handlar altså om ord og gjerning, den også.

13 Digitale medium



Figur 13.1 Nynorske tekstar på statlege nettstader og NRK.no 2010–2014. Prosent

Ni av ti nordmenn bruker Internett dagleg. Det styrkjer norsk skriftkultur generelt. Vurderinga i 2010 var at Internett ikkje hadde endra forholdet mellom bokmål og nynorsk, og at aldri før hadde fleire tekstar vore tilgjengelege på bokmål og nynorsk. Det same kan seiast i 2015.

For nynorskbrukarane med eit mindre brukt språk er ein digital skriftkultur særleg viktig. I 2015 var truleg fem prosent av dokumenta på nettsider med norsk tekst på nynorsk. Dette forholdet mellom nynorsk og bokmål har vore ganske stabilt frå den første målinga i 1997. Nynorsk var på veg til å bli like mykje brukt i det nyaste massemediet Internett som i dei gamle formene boka og avisa. Dei digitale tekstane er berre så mykje meir tilgjengelege.

Bokbransjen opna aldri for gratis, allmenn tilgang til utgivingane sine på Internett. Det gjorde avisene frå 1990-åra, og rekninga blei betalt

utover på 2000-talet. Alle viktige nynorsk- og bokmålsaviser hadde digitale utgåver i 2014, og der var ein viss tendens til meir språkblanda redigering på nettstadene enn i papirutgåvene. Dei to handordbøkene *Nynorskordboka* og *Bokmålsordboka* hadde i 2014 74 millionar unike brukarar, mot 88 millionar året før. Relativt sett blei *Nynorskordboka* mest brukt.

Berre VG.no hadde fleire brukarar enn NRK.no i 2014. Med sin språkblanda praksis er NRK.no den viktigaste formidlaren av stoff på nynorsk til eit stort publikum. På statlege nettstader auka bruken av nynorsk vesentleg frå 2005 til 2014.

På Facebook, Twitter og i andre sosiale medium vekslar mange mellom fleire språk. Truleg skriv om lag seks av ti dialekt eller det som kan kallast eit unormert privatspråk. Slik har mange nordmenn skrive også før dei digitale formata tok over.

13.1 Internett

Det ser ut til at om lag fem prosent av tekstar på norske nettsider er på nynorsk. Fleire undersøkingar frå 1997 til 2015 peikar i den leia.

Ved å søkje etter språkmarkerande ordformer som «ikkje» på nynorsk og «ikkje» på bokmål er det mogleg å få eit ganske påliteleg oversyn over bruken av nynorsk på Internett. Det første søket blei gjennomført alt hausten 1997 av Norsk språkråd til bruk i *Nynorsk faktabok 1998* (tabell 13.1.2). Dette var første gongen ein prøvde å kartleggje omfanget av norsk språk på Internett i det heile.

I 2015 blei nynorsk brukt i 1,6 prosent av dei dokumenta på norsk-språklege nettsider som var indekserte og registrerte i Google, og i 4,6 prosent av tilsvarande dokument i Bing (tabell 13.1.11). Eit søk med Yahoo gav 16,4 prosent nynorsk. Det ligg altså ikkje føre eintydig informasjon om kor mykje nynorsk er brukt på norskspråklege nettsider. Den søkemetoden som har vore brukt sidan 1997, kan vere forelda.

Seint i 1990-åra var søkjemotoren AltaVista rekna som den beste. Typiske nynorskord var i gjennomsnitt brukte i 4,3 prosent av alle dokumenta i 1997 (tabell 13.1.1). Det vil seie at Internett som massemedium då hadde mindre nynorsk enn dei fleste andre massemedia i Noreg. I bokmediet utgjorde nynorsken då om lag 7 prosent, i verbalsendingane til NRK kring 10 prosent, i avisene over 20 prosent.

Søk i 1999, 2001, 2003, 2004, 2005 og 2009 gav nokså ulike tendensar med dei to søkjemotorane (tabell 13.1.3–13.1.10). Med AltaVista låg bruken av nynorsk stort sett på 4–5 prosent i det nemnde tidsrommet, med ein tydeleg topp kring 2001, medan Google gav nærmare 8 prosent nynorsk.

Då *Nynorsk faktabok 2005* blei skriven, såg det ut til at ein tydeleg større del av norskspråklege dokument var på nynorsk kring 2005 enn i 1997. Etter nødvendige korrigeringar blei biletet eit anna. Nynorsk utgjorde kanskje ein like stor eller liten del av norskspråklege dokument på Internett i 2009 som i 1997. På desse åra hadde derimot dokumentmengda på Internett eksplodert i omfang. Difor var mykje meir nynorsk tekst tilgjengeleg på Internett utover på 2000-talet enn på slutten av 1900-talet.

13.2 Oppslagsverk

Dei to ordbøkene *Nynorskordboka* og *Bokmålsordboka* inneheld til saman om lag 175 000 oppslagsord. I 2000 søkte publikum 1,1 millionar gonger i desse ordbøkene. I 2014 blei det gjennomført heile 74,3 millionar søk (tabell 13.2.1). Forholdet mellom søk i nynorsk og i bokmål var 40–60. Relativt sett blei altså *Nynorskordboka* mest brukt. Det seier noko om at mange nynorskbrukarar er usikre på sitt eige språk, men ny rettskriving for nynorsk i 2012 gjorde at ekstra mange brukte ordboka det året. Det var 25 prosent færre søk i *Bokmålsordboka* i 2014 enn året før. To viktige årsaker kan vere betre (betalings)teneste på Ordnett.no og at *Bokmålsordboka* langt frå var oppdatert.

Det største nynorske oppslagsverket på Internett på *Wikipedia Nynorsk*. Frå den første artikkelen i 2004 hadde dette verket vakse til meir enn 120 000 oppslagsord sommaren 2015. *Wikipedia Bokmål* hadde i 2015 nådd endå høgare. Den første bokmålsartikkelen blei publisert i 2001, og bokmålsutgåva inneheldt våren 2015 nærmare 410 000 oppslagsord. Det gjorde *Wikipedia Bokmål* til det 20. største av 285 Wikipedia-utgåver.¹⁹² Nynorskversjonen stod for 23 prosent av alle oppslagsorda i dei to norske utgåvene, mot 17 prosent i 2006.

¹⁹² https://meta.wikimedia.org/wiki/List_of_Wikipedias, lesedato 10.7.2015.

Store Norske leksikon inneheld ein del artiklar på nynorsk, men desse er ikkje merka med språkkode, og det er difor uvisst kor mange dei er og dermed kor stor del dei utgjer av alle artiklane i verket. Sommaren 2015 inneheldt *Store Norske leksikon* om lag 170 000 artiklar.¹⁹³

Allkunne er det einaste redigerte oppslagsverket på Internett. Dette blei planlagt frå 1999, og tenesta opna i 2009. Ved utgangen av 2014 hadde *Allkunne* publisert vel 14 000 artiklar (tabell 13.2.3). Sommaren 2015 hadde dette auka til om lag 22 000.

13.3 Andre allmenne nettstader

Før 2000 var Internett ein lite brukt kanal. Eit mindretal av pc-brukarane hadde tilgjenge til Internett, og overføringskapasiteten var liten. I 1996 kunne berre 11 prosent av alle i Noreg klikke seg ut på Internett. I 2008 hadde 85 prosent tilgjenge til Internett, og 71 prosent brukte det dagleg. I 2014 hadde 96 prosent av alle i Noreg tilgjenge til Internett, og 88 prosent brukte nettet på ein vanleg dag.¹⁹⁴

Alt i 1996 var dei første allmenne nettavisene i gang som berre blei produsert digitalt. *Nettavisen* var redigert på bokmål, og utfordra iallfall storavisene og regionavisene til å satse på det nye massemediet nettavis. Schibsted tok regien først. *Dag og Tid* var den første nynorskavisa med nettutgåve, i avgrensa form, frå 1996.

Ved utgangen av 2009 var 59 nynorske nettaviser i drift (tabell 13.4.1). Denne dokumentasjonen er ikkje oppdatert seinare. I åra frå 1996 til 2009 varierte det mykje korleis desse nettavisene brukte det digitale mediet. Utviklinga gjekk gjerne i fire fasar, frå heimeside via smal nettavis til ei oppdatert fådagarsavis til å bli ei vanleg nettavis med jamleg oppdatering (tabell 13.3.2).

Internett gjorde stoff på nynorsk meir tilgjengeleg enn nokon gong før. Alt må ta til ein stad, og språkbruksmønsteret på Internett viste mykje same tendensen som i tidlegare medium. Rundt 1900 kom det ut få aviser og bøker på landsmål. Hundre år seinare var tilbodet eit heilt anna. Då

¹⁹³ <https://snl.no>, lesedato 10.7.2015.

¹⁹⁴ Odd Frank Vaage: *Norsk mediebarometer 2014*, Statistiske analyser 143, Statistisk sentralbyrå, Oslo 2015.

var det digitale tilbudet på nynorsk om lag like lågt som avistilbudet hadde vore i 1900.

Ein annan viktig tendens var at nettutgåvene stundom er meir språkblanda enn dei same avisene er på papir. På nettet går det ofte fort, og dermed styrer kjeldene språket i større grad enn i papirutgåvene. Ved fleire høve har såleis VG.no publisert delar av nyheitssaker på nynorsk ved at dei redigerte saman utdrag frå dokument på nynorsk og bokmål frå ulike departement. Der fekk den tospråklege statsforvaltninga ein direkte konsekvens.

Etter at dei første nettavisene var i drift, blei berre om lag ti nye nynorskaviser skipa. Dei nye avisene kunne lage nettavis parallelt med papiravisa frå første nummer, med eventuelle taktiske og praktiske avgrensingar. Medieforskaren Sigurd Høst har dokumentert utbygginga av norske nettaviser sidan 1996. Ved utgangen av 2014 publiserte 198 norske nettaviser nyheiter digitalt, mot 194 i 2011.¹⁹⁵

I 2008 hadde 52 nynorskaviser utvikla ei eller anna form for nettavis, medan seks aviser mangla heilt ei slik teneste. 24 av desse dreiv det som kan kallast ei vanleg nettavis. Dei 28 andre avisene baud anten nettbrukarane ei avgrensa nettavis eller ei netteneste som blei oppdatert på linje med papirutgåva. Der var ingen eintydig samanheng mellom satsing på nettavis og utgivingsfrekvens for papiravisa; blant dei 24 nettavisene var ti vekeaviser på papir.

Over halvparten av nettavisene blei etablerte før 2002. Også dei fleste bokmålsavisene utvikla sine nettaviser til og med 2001. Særleg i 2000 og 2001 gjekk mange nynorskaviser på nettet. Stabiliteten var derimot så som så. På få år har mange nettaviser veksla mellom å vere avgrensa nettaviser, vanlege nettaviser eller nettaviser med avgrensa oppdatering.

Papir- og nettutgåvene var enno ikkje i 2009 blitt identiske. Dei større avisene heldt ein del av kommentarstoffet borte frå nettavisene, men dei fleste nynorskavisene var små og hadde difor heller lite slikt. I deira tilfelle var ein annan skilnad tydeleg, sjølv om det ikkje var ein skilnad som berre gjaldt nynorskpressa. Dei heldt att på personaliastoffet og reserverte dette jamt over for papirutgåva. Nettstrategien for nynorskavisene veksla frå regelmessig til selektiv oppdatering.

¹⁹⁵ Sigurd Høst: *Avisåret 2014*, Volda 2015., s. 32.

Språkleg prega pressekonsernsystemet nettutgåvene meir enn papiravisene. Då Firda i 1996 blei kjøpt opp av A-pressen, viste dette i første omgang mest att i leiar- og kommentarstoffet. På Internett blei den eittspråkleg redigerte papiravisa Firda til ein tospråkleg nettstad. Både papir- og nettutgåva var i 2009 framleis redigerte på nynorsk, men på nettet publiserte avisa mykje redaksjonelt stoff på bokmål, levert direkte frå det som hadde vore A-pressens eige byrå, Avisenes Nyhetsbyrå (ANB), og som no var selt til NTB. I pressekonsernet A-pressen var tunge tradisjonar frå det gamle partipressesystemet ført vidare. Det svake innslaget av nynorska-viser i den gamle arbeidarprensa var blitt til eit sterkt innslag av redaksjonelt bokmålsstoff i nettutgåvene i den nye A-pressen.

Med nettavisene fekk også kvar einaste nynorsk lokalavis riksdekkjande distribusjon. Stoffet var lokalt, men spreinga uavgrensa. Aldri før var tekstar på nynorsk så allment tilgjengelege som no, og lokalavisene var viktige for at denne stoffmengda skulle kome over nivået for kritisk masse. Her hadde det absolutte talet meir å seie enn styrkeforholdet mellom nynorsk og bokmål.

Den viktigaste tilveksten i nynorsk nettjournalistikk etter 2000 er Framtida.no, ei nettavis redigert spesielt for unge lesarar. Med etableringsstøtte frå Kulturdepartementet i tre år gjekk Framtida.no frå å vere ein liten nettpublikasjon i 2010 til å bli ein ganske stor i 2014, då med meir enn 300 000 unike brukarar (tabell 13.3.4). Same året hadde Allkunne nær 100 000 brukarar.

Den fremste nettstaden for publisering på nynorsk var utan tvil NRK.no. År om anna var 16 prosent av artiklane på nynorsk, og i 2014 vil det seie at NRK.no publiserte om lag 12 000 artiklar på nynorsk (tabell 13.3.5). Dette er mindre enn Wikipedia publiserer på eitt år, men brukar-tala var svært høge. Med meir enn 5,6 millionar brukarar kvar veke var NRK.no i 2014 den nest mest brukte nettstaden i Noreg. Berre VG.no var større.¹⁹⁶

Den første store kartlegginga av publikumsretta nettstader i Noreg blei utført for *Nynorsk faktabok 2005* (tabell 13.3.3). Metoden som blei brukt, var den same som for allmenne søk etter nynorsk- og bokmålsførekomstar på Internett. I 2005 utgjorde nynorskartiklar 28 prosent av det samla tilbodet på NRK.no, 29 prosent frå Utdanningsdirektoratet og 52

¹⁹⁶ NRK: *Årsrapport 2014*, Oslo 2015.

prosent på sprakrad.no. Dei fleste nettstadene hadde den gongen svært lite på nynorsk.

13.4 Offentleg forvaltning

Statlege nettstader bruker meir nynorsk enn før, men jamt fleire brukte i 2015 bere bokmål og engelsk som redaksjonsspråk. Utanom nynorskkommunane var kommunale nettstader ganske konsekvent på bokmål i 2015.

Internett er blitt jamt viktigare for kontakten mellom forvaltning og borgarar. *Nynorsk faktabok 2005* la i samarbeid med Norsk språkråd fram ein omfattande dokumentasjon av kor mykje nynorsk, bokmål, samisk og engelsk var brukt på 173 nettstader i statleg regi (tabell 13.4.1). Berre tolv forvaltningsorgan gjorde då som Stortinget hadde føresett om fordeling av nynorsk og bokmål.

Nettsidene til statsorgan kjem inn under reglane i lov om målbruk i offentleg teneste. For sentrale statsorgan, dvs. statsorgan som har heile landet som tenestekrins, inneber det anten (1) at tekstar som statsorganet sjølv lagar, finst både i bokmåls- og nynorskversjon, slik at ein velje språk ved å klikke på bokmål eller nynorsk, eller (2) at minst fjerdeparten av tekstane er på nynorsk (eller på bokmål, dersom fleirtalet av tekstane er på nynorsk). Begge språka skal vere klart synlege på nettstadene. Ikkje berre ein del av det vekslande tilfanget skal vere på nynorsk, men også ein del av dei faste tekstane og menyane. Reglane blei fastsette i *St.meld. nr. 9 (2001–2002)* og *St.meld. nr. 48 (2002–2003)*, og alle partia i Stortinget utanom Framstegspartiet slutta seg til dette.

Prosenttala for bokmål og nynorsk kan omfatte tilfang som ikkje kjem inn under mållovsreglane for sentrale statsorgan. I Den norske kyrkja, i undervisningsverksemda og i rettsstellet gjeld lova berre den administrative delen av verksemda. Nettstadene til somme etatar omfattar også regionale avdelingar, som anten har tenestemål eller er språkleg nøytrale. Vidare kan nettstadene ha tilfang laga av andre og der institusjonen sjølv ikkje har ansvaret for språket.

Færre enn tjue nettstader gav i 2005 brukarane høve til å velje mellom nynorsk og bokmål, eller var i ferd med å utvikle slike løysingar. Berre ni prosent av nettstadene hadde nynorsk skjermmiljø, medan 24 prosent hadde innslag av nynorsk på side 1.

I det redaksjonelle stoffet var det mindre enn ein prosent nynorsk-dokument på heile 49 nettstader – 28 prosent av alle nettstadene. 16 statlege nettstader var fri for nynorsk. I den grad femtalet er noko å skrive heim om, var det 52 nettstader – 30 prosent – som hadde meir enn 5 prosent av dokumenta på nynorsk. Av desse låg 30 nettstader over 10 prosent. Éin nettstad, Høgskulen i Sogn og Fjordane, skilde seg ut ved å ha for lite bokmål. Her høyrer den merknaden med at mållova primært blei utvikla for å auke bruken av nynorsk.

Med desse atterhalda og hovudtendensane var det i 2005 berre tolv av 173 nettstader som kunne seiast å oppfylle krava frå Stortinget og regjeringa:

1. Høgskulen i Sogn og Fjordane
2. Bunad- og folkedraktrådet
3. Høgskulen i Volda
4. Noreg.no
5. Språkrådet
6. Lotteri- og stiftelsestilsynet
7. Høgskolen Stord/Haugesund
8. Norsk lokalhistorisk institutt
9. Brønnøysundregistra
10. Utdanningsdirektoratet
11. Statens lånekasse for utdanning
12. Norsk kulturråd

På lista ovanfor er tre høgskular med. Resten av universitets- og høgskulesektoren strauk diverre med glans. Det same gjeld svært mange av dei mest publikumsretta nettstadene i statleg regi. Blant verstingane merkjer slike som Aetat, Barneombodet, Likestillingsombodet, Samordna opptak og Skattedirektoratet seg ut saman med nasjonale gallionsfigurar i kulturlivet som Kulturnett Noreg, Nasjonalbiblioteket og Nasjonalmuseet for kunst.

Regjeringa og departementa sin eigen nettstad, som då heitte Odin, kom ut med mindre enn ni prosent nynorsk. Søk på einskilddepartementa gav for små tal til at det gav meining, men når nettstadene frå alle forvaltningsorgana blei ordna departementsvis, var lista overraskande. Justis- og politidepartementet raga høgst saman med Moderniseringsdeparte-

mentet og Finansdepartementet. Med eit gjennomsnitt på 5,7 prosent nynorsk i det samla talet på dokument var det likevel ingen departement som hadde grunn til å vere nøgde hausten 2005.

Språkrådet har ført vidare denne kartlegginga med same metoden, avgrensa til statlege nettstader (tabell 13.4.2). Det som i 2005 var mindre enn seks prosent nynorsk på statlege nettstader, hadde i 2014 auka til 15 prosent.

Kommunane er viktige språkprodusentar og språkbrukarar. På nettstadene sine brukte ni av ti nynorskkommunar berre nynorsk i 2011, men ein av ti brukte både nynorsk og bokmål (tabell 13.4.3). Det tyder på at nynorskkommunane ofte prøver å bruke nynorsk, men ikkje alltid får det heilt til.

Statsforvaltninga er generelt prega av ein minimumsstrategi for å oppfylle språkpolitiske krav (sjå kapittel 11.3). Dette pregar også den offentlege satsinga på nettstader. Regjeringa Bondevik II og stortingsfleirtalet gjorde det i sesjonen 2001–2002 klart at offentleg drivne nettstader skulle ha ei rimeleg fordeling mellom nynorsk og bokmål. Dokumentasjon av målbruken på ein del viktige publikumsretta nettstader i 2005 viste at det meste enno var ugjort. Både NRK og Stortinget hadde bra med nynorskdokument på nettstadene sine, medan Det norske kongehus og TV2 var på nullpunktet.

Eit spesielt punkt i norsk språkpolitikk har vore det faktum at administrasjonen i Stortinget ikkje har følgd retningslinjene frå det politiske fleirtalet i Stortinget. Det var ikkje innlysande at Stortinget kunne halde fram med å heve seg over lov om målbruk i offentleg teneste. Eit stortingsvedtak i 2007 endra verda på dette punktet, og nettstaden Stortinget.no har frå hausten 2008 vore tospråkleg, iallfall delvis.

Hausten 2014 la Direktoratet for forvaltning og ikt om nettstaden Regjeringa.no/Regjeringen.no til Regjeringen.no. Dermed braut regjeringa Solberg med dei retningslinjene som lenge hadde vore gjeldande om at statlege nettstader skal ha parallelle versjonar på nynorsk og bokmål, seinast stadfesta i *St.meld. nr. 35 (2007–2008) Ein heilskapleg språkpolitikk*. I 2015 hadde alt ein del andre statlege nettstader gått bort frå denne praksisen. Ros bør delast ut til Posten. Dette er ein av dei offentlege nettstadene som enno i 2015 gav publikum skjermmiljø på både nynorsk, bokmål og engelsk.

Hausten 2009 rapporterte Språkrådet til Kulturdepartementet om den språklege jamstillinga i statsforvaltninga. Der kom det fram at berre 20 av 129 rapporteringspliktige organ hadde skjermmiljø på både nynorsk og bokmål på nettstadene sine, 40 hadde nynorsk på framsida, og 80 hadde skjermmiljø på engelsk.¹⁹⁷

13.5 Næringsliv

I næringslivet er det eit ganske delt syn på bruken av norsk og engelsk i digitale tenester, og spørsmålet om nynorsk når ikkje opp hos dei fleste.

Språkrådet gjennomførte i 2008 ei spørjeundersøking blant bedriftsleiarar om bruk av norsk og engelsk. Den avdekte delte syn i næringslivet på bruk av engelsk på nettstadene til bedriftene (tabell 13.5.1). Heile 58 prosent meinte at engelsk var lite eller svært lite viktig å bruke, medan 27 prosent såg dette som viktig eller svært viktig. Di fleire tilsette bedriftene hadde, di større vekt på bedriftsleiarane på engelsk på nettstadene. Særleg handelsnæringa såg det som viktig å bruke engelsk på nettstadene (sjå kapittel 12.3).

Den einaste kjende undersøkinga av digital praksis i næringslivet skriv seg frå den maritime klynga på Sunnmøre i 2015 (tabell 13.5.2). Berre bedriftene med nynorsk som hovudspråk brukte ganske konsekvent nynorsk på nettstadene og i sosiale medium. Bedriftene med bokmål som hovudspråk brukte uventa mykje engelsk, medan bedriftene med engelsk hovudspråk som venta brukte lite anna enn engelsk.

13.6 E-post, sms og sosiale medium

Ei av dei eldste undersøkingane av språk i sosiale medium skriv seg frå 2003 (tabell 13.6.1). Alt då svara sju av ti elevar at dei skreiv sms-ar på dialekt, og halvparten sa at dei tilpassa språket etter mottakaren. Ei eldre gruppe av lærarar skreiv derimot i hovudsak det som i undersøkinga blei kalla «vanleg norsk».

¹⁹⁷ Språkrådet i brev til Kultur- og kyrkjedepartementet 7.12.2009.

Alderen på lærarane hadde lite å seie for måten dei skreiv på i sms-meldingane, men det var tydeleg fleire i storbyane enn på bygdene som skreiv «vanleg norsk» (tabell 13.6.2). Det same mønsteret gjer seg gjeldande i ei rekkje meiningsmålingar; særleg innbyggjarar i Oslo-området skriv mindre på dialekt enn andre (sjå kapittel 5).

Ei undersøking av språket til ungdomsskuleelevar i 2009 stadfestar dette (tabell 13.6.3). Der var det mange byelevar (Trondheim) som brukte bokmål på Internett, og mange bygdeelevar (Sunnmøre) som skreiv på dialekt eller ei blanding av dialekt og normert skriftspråk.

Dette skiljet var mindre hos vidaregåande-elevar i indre Agder i 2012 (tabell 13.6.5). Utvalet var på berre 49 elevar, så atterhald må til, men det var eit slåande trekk at nokre av elevane med nynorsk som førstespråk brukte bokmål i sms og chat. Prosentdelen som skreiv mest på dialekt var like store hos nynorsk- og bokmålsbrukarane.

Dei aller fleste av 123 ungdomsskule-elevar i Vindafjord og Hauge-sund sa i 2013 at dei skreiv mest dialekt i sms og på Facebook (tabell 13.6.6). Interessant nok svara 21 av 51 nynorskelevar at dei skreiv mest på nynorsk, og 25 av 51 sa at dei skreiv mest på bokmål. I dette ligg nok at dei veksla mellom nynorsk, dialekt og bokmål i praksis.

Ei spørjeundersøking hos vidaregåande-elevar på Vestlandet i 2014 viste same mønsteret som den landsdekkjande undersøkinga i 2003 og den regionale i 2012. Også i denne undersøkinga er utvalet avgrensa, 118 respondentar, så atterhald høyrer med. Tre av fire elevar skreiv mest dialekt på Facebook (tabell 13.6.7). I statusoppdateringar og kommentarar spreidde dei seg over ni ulike språkkombinasjonar der dei tre største var dialekt, dialekt og nynorsk, og kvartetten dialekt, nynorsk, bokmål og engelsk (tabell 13.6.8). Dei om svara at dei skreiv dialekt på Facebook, brukte dialekt særleg i chat og elles «stort sett over alt» (tabell 13.6.9). Dei som skreiv mest dialekt, grunn gav det med at det var slik dei snakka (tabell 13.6.10). Mange la også vekt på at dialekt er uformelt og difor passar i dette mediet.

Ho som stod for denne undersøkinga, Audhild Gregoriusdotter Rotvatn, har kalla dette språket eit skrivesnakke-språk. Det dreiar seg om å bruke eit privatspråk. Frå større og meir representative undersøkingar av privat skrift er det kjent at mange no gjerne bruker dialekt i slike samanhengar. Bruken i tidlegare tider har aldri vore kartlagd, men privatspråk er kjent frå både brev og dagbøker. Dei digitale media forsterkar nok

denne tendensen, men det er ikkje dei som har skapt den. Enno i 2015 var sosiale medium ganske nye fenomen, og brukarane såg på desse som så personlege eller private at mange valde å skrive privatspråket sitt der, som i praksis var unormert dialekt (sjå kapittel 14).

Språkforskaren Berit Skog er ein av dei som har arbeidd lengst med studiar i digital skriftkultur. Ei undersøking ho har gjennomført i fleire år, er å kartlegge språkvanane i sosiale medium. Utvala er ikkje representative av di alle som ville, kunne svare på spørsmåla på Internett, og fleire år har undersøkinga vore avgrensa til Trondheim. Respondentane er så mange at tendensane i materialet likevel har interesse, og nokre av spørsmåla har vore stilte i både 2010, 2012 og 2013 (tabell 13.6.4).

Summa summarum skreiv minst seks av ti på dialekt i slike samanhengar. Dette var likevel ikkje det einaste dei skreiv – sju av ti brukte bokmål, fem av ti engelsk. Undersøkinga stadfestar dermed at dei digitale media er prega av språkleg variasjon sjølv på individnivå. Ein og same person skiftar mellom ulike språk alt etter samanhengen. Den sosio-geografiske skilnaden er ikkje til å oversjå: Svært få i Oslo skreiv på dialekt, svært mange i Trondheim gjorde det. Sett under eitt var det også ein tendens til at fleire jenter enn gutar brukte dialekt. Nynorsk var det som blei minst brukt, men her kan det skeive utvalet ha slått særleg ut. Berit Skog såg sjølv ein tendens til at det ho kallar ulike språksamfunn, blei forma gjennom denne digitale skriftera.¹⁹⁸

Tema: døgnskrift

Internett var der ganske brått. Før 1990 var dette ei sak for spesielt interesserte og for utvalde fagmiljø. 25 år seinare var det å vere på nett ei kvardagssak for nær sagt alle nordmenn. Ingen teknologiske endringar i rammevilkåra for å tale eller skrive er gjennomført raskare enn utbreiinga av Internett.

¹⁹⁸ Berit Skog: «Språket i sosiale medier», Berit Skogs blogg 26.11.2010, «Stammespråket i sosiale medier», Berit Skogs blogg 11.11.2012 og «Dialekt i sosiale medier», Berit Skogs blogg 28.10.2013, *forskning.no*.

På den eine sida er Internett i allmenn bruk. På den andre sida er Internett i eit historisk perspektiv eit ungt medium. Fleire trekk ved tidlegare tider endringar i bruk av skrift har vist seg på nytt. Der ytringsfridom blei etablert, prøvde dei nye språkbrukarane seg fram i form og innhald. Denne meir uformelle skrivinga kunne også finnast att i brev og dagbøker. Langt frå alle var trygge på rettskriving og sjanger.

Kor mykje folk flest har skrive i tidlegare tider, veit ingen. Mangt er teke vare på, mykje har gått tapt, og berre ein del av det heile har vore studert.

Skriving i sosiale medium har noko av dei same trekka – det blir meir privatskrift enn formell skrift. Å jamføre desse tekstane med det ein kjenner av meir eller mindre formelle tekstar frå tidlegare tider, gir ikkje meining. Difor er også den historiske utviklinga vanskeleg å skildre.

Noko av det som er sikrast er at den digitale kvardagen er prega av døgnskrift. I sosiale medium blir det skrive 24/7. Nordmenn fødte etter 2000 er den første generasjonen som i prinsippet skriv kvar dag, frivillig. Av slikt kan det bli både språkskifte og språkstabilitet, men først og fremst kan det gi språkbrukarar som blir jamt tryggare på si eiga skriving. Når dette blir kombinert med ei ganske sofistikert forståing av kva som gjeld i ulike samanhengar, der ein skriv annleis i e-post enn i sms-ar, blir den allmenne kunnskapen om skriving mykje breiare utvikla enn tilfellet var i 1950 eller i 1900.

Døgnskrifta var eit av dei mest dominerande trekka ved den digitale skriftkulturen som blei forma utover på 2000-talet. For ein nynorsk digital skriftkultur var truleg NRK.no, lokalavisene og offentleg forvaltning dei tre viktigaste aktørane med tanke på autoritet og legitimitet. I det daglege var det om å gjere at flest mogleg brukte nynorsk. Difor la nynorskmiljøet alt før tusenårsskiftet stor vekt på å utvikle skjermmiljø for begge dei to norske språka. I 2015 låg både Windows, dei allmenne programma frå Microsoft, Facebook og søkemotoren Google føre i oppdaterte nynorskversjonar, men synonyme parallellsøk var enno ikkje etablert som ein sjølvskriven funksjon.

Perspektiv: mellom dialekt og engelsk


Internett kan forståast som eit medium for effektiv spreiding av dei dominerande språka og kulturane. Like relevant er det å sjå Internett som ein eineståande sjanse for mindre brukte språk, regions- og minoritetsspråk. Internett kan brukast både til å gjere desse språka meir synlege enn dei elles har kunna vere, og til å utvikle bruken av desse språka.

På ganske få år er Internett blitt eit dagleg medium for fleirtalet av innbyggjarane i mange land, i Noreg for så godt som alle. Dette pregar tekstproduksjonen i dette mediet. Internett gir høve for mange fleire til å kome til orde, og representerer ei demokratisering av skriftkulturar som alt finst. Med breiare sosial rekruttering av dei som skriv, blir også spennvidda større i måten dei skriv på. I Noreg har dette ført til at både dialektar, sosiolektar, etnolektar og sjargong pregar ein del av tekstproduksjonen. Internett kan over tid påverke forståinga av skilnaden mellom skrift og tale, særleg i land der talespråket har høg prestisje. Talegjenkjennings-teknologi kan også kome til å gjere normert tale meir vanleg.

Alt dette gjer at Internett langt frå berre er endå ein kanal for meir engelsk inn i andre språksamfunn. Internett kan både gi mindre brukte språk nye utveggar og gjere det lettare for brukarane av andre store verdspråk å utfordre det engelske hegemoniet. Her vil økonomiske styrkeforhold mellom land og regionar vere grunnlaget for dei språklege endringane Internett vil bli prega av dei neste tiåra.

At NRK utvikla eit nyheitsspråk på nynorsk for radio og tv, sette lite spor etter seg i papiravisene. Der blei bokmål verande bokmål. Nettstaden nrk.no har lenge vore redigert tospråkleg. Etter kvart som netta- visene tek meir og meir over for papiravisene, kan allmennkringkastaren dermed få endå meir å seie språkleg i Noreg.

14 Radio og fjernsyn



Figur 14.1 Nynorsk, dialekt og bokmål i NRK Radio 1972–2014. Prosent

Internett har endra medievanane, men framleis er tv og radio mykje brukte massemedium i Noreg. I begge media har dialektane teke over mykje sendetid dei siste tiåra og oppnådd jamt høgare status. Dermed høyrer publikum mindre normert nynorsk og bokmål i radio og tv, og det som har minka mest, er bruken av normert bokmål.

I NRK radio var dialekt brukt i 25 prosent av sendetida i 2014, i tv i 17 prosent. Målt i sendetimar sender NRK radio no meir på nordsamisk enn på normert nynorsk, medan NRK tv sender meir normert nynorsk enn nordsamisk.

Allmennkringkastaren NRK er med sin status og si utbreiing framleis den viktigaste språkprodusenten i Noreg. NRK oppfyller enno ikkje

det målet om minst 25 prosent nynorsk som Stortinget sette i 1970, men dei siste åra har dei greidd det for fleire av kanalane sine.

Når vi veit kor mange fleire bokmålsmedarbeidarar NRK har rekruttert over tid, er det eit mirakel at NRK faktisk bruker meir nynorsk enn før. Språkleg fordelte medarbeidarane seg i NRK i 2012 ganske likt innbyggjarane sett under eitt. I redaksjonane hadde NRK derimot færre nynorskbrukande medarbeidarar på 2000-talet enn på slutten av 1980-talet. Ein effektiv rekrutteringskanal var NRK Nynorsk mediesenter, som til og med 2015 hadde skaffa NRK og andre medieverksemdar 115 journalistar sidan senteret blei opna i 2004.

Trass i dette var truleg den norske tv-marknaden aldri mindre norsk enn i 2015. Aktørar som HBO, Netflix og YouTube styrkte den angloamerikanske kulturindustriens grep om mediekvardagen.

14.1 Program

Der er meir nynorsk enn før i NRK, men ikkje nok. Andre riksdekkjande radio- og tv-kanalar bruker gjerne dialekt, men set som oftast grensa for språkleg mangfald ved nynorsk.

NRK hadde i 2015 enno ikkje nådd det målet Stortinget sette opp i 1970 om at minst 25 prosent av verbalsendingane i radio og tv skulle vere på nynorsk, men aldri var målet nærmare. I 2014 brukte både NRK P1, NRK1 og NRK2 meir enn 25 prosent nynorsk (tabell 14.1.3). Tidlegare hadde NRK berre nådd dette kravet for tre kanalar ein gong, i 2001. Utover på 2000-talet stabiliserte allmennkringkastaren seg på meir enn 20 prosent nynorsk i dei fleste kanalane.

Det er bruken av dialekt som har auka, ikkje normert tale. Denne dialektbruken har først og fremst redusert bruken av normert bokmål (tabell 14.1.4). I radio brukte NRK dei fleste åra etter 2000 mellom 30 og 40 prosent dialekt i radio og mellom 15 og 20 prosent i tv. Då det blei meir allment akseptert å snakke dialekt frå 1970-åra og framover, slo dette tidlegare og sterkare inn i radio enn i tv i NRK. Den skilnaden var der framleis i 2014.

I radio har nynorsk vore mest brukt i P3 og minst i P2, og på tv meir i NRK1 enn i NRK2. Hausten 2007 opna NRK den nye tv-kanalen NRK Super, og etter 2010 har godt og vel 20 prosent av sendingane deira vore

på nynorsk. Skilnadene mellom kanalane var små. I 2006 la NRK om til ei meir påliteleg måling av språkbruken enn tidlegare. Sidan den tid har nynorsk minka og bokmål auka. Prinsipielt kan det vere uheldig å jamføre tal før og etter 1999, men den nye målemetoden førte ikkje til heilt andre tal enn åra før. Det indikerer at språkstatistikken i NRK har vore betre enn ryktet ville ha det til.

Her blir det dokumentert at bruken av normert nynorsk har minka svært mykje sidan 1970-åra, medan nedgangen har vore mykje mindre for normert bokmål. NRK bruker no mindre normert nynorsk enn på 1930-talet. Ein annan skilnad er at ikkje all annan språkbruk i NRK no er bokmål.

Med unntak av nokre tomrom blir det her lagt fram komplette oversyn over utviklinga av nynorskprosenten i NRK radio sidan 1933 og i NRK tv sidan 1961 (tabell 14.1.1 og 14.1.2). Så langt materialet rekk, inneheld desse to tabellane også dokumentasjon av samla sendetid i timar. Prosenttala gjeld normert nynorsk tale, dialekt ikkje medrekna.

Grunnlaget for statistikken frå NRK skil frå og med 1972 mellom nynorsk, dialekt og bokmål. I prinsippet blir all ikkje-normert tale kategorisert som dialekt. Når NRK offentleggjer språkstatistikkane sine, fordelar dei dialektbruken likt mellom nynorsk og bokmål. Det er gjerne desse korrigererte tala som er blitt nytta i offentleg debatt om språket i NRK. Di meir dialekt som blir brukt, di høgare kan altså nynorskprosenten bli; på papiret kan prosenten bli 50 utan eit einaste innslag med normert nynorsk. 50 prosent bokmål og 50 prosent dialekt gir 25 prosent nynorsk. Difor er det viktig å få fram også dei tala som viser bruken av normert nynorsk og bokmål i tillegg til dialekt.

Dette er gjort for både radio og tv (tabell 14.1.1 og 14.1.2). Frå og med 2000 rapporterer ikkje NRK lenger om kor stor del verbalprogramma utgjer av den samla sendetida. Det ligg derimot føre ein omfattande dokumentasjon like sidan 1933. Det som då viser seg, er at bruken av det som kan reknast som normert nynorsk, frå 1980 til 2014 har falle frå 16 prosent til ni prosent i radio, medan normert nynorsk utgjorde 17 prosent av tv-sendingane både i 1980 og 2014. Ei viktig årsak er at NRK tv har brukt ein god del normert nynorsk i manusbundne program av typen filmar med norske kommentarar

Årleg sender NRK truleg minst 7500 timar med norsk tale i radio og minst 4000 timar i tv. Dei tala føreset at ordsendingane utgjer om lag same

delen av samla sendetid no som i 1990-åra, der nøyaktige tal ligg føre. Dette er eit svært viktig bidrag til at den språkdelte norske kulturen utviklar seg vidare. Av ordsendingane utgjer då normert nynorsk om lag 1250 timar – 500 timar i radio og 750 timar i tv. I 1930-åra utgjorde den nynorske sendetida i radio under 200 timar. Det vil seie at NRK radio no sender mykje meir normert nynorsk enn på den tida då nynorsk blei mest brukt i grunnskulen (sjå kapittel 8.1). Det vil også seie at NRK årleg sender mindre på normert nynorsk enn på nordsamisk.

Dialektbruken aukar mest. Radiokanalane er prega av aukande dialektbruk. Fjernsynssendingane har tradisjonelt vore dei normerte språka sitt domene. Frå midten av 1990-åra er dialektane blitt vesentleg meir brukte også i tv-sendingane, men skilnaden mellom radio og tv er framleis stor. I 1996 blei for første gong dialektar brukte meir enn normert nynorsk i NRK. Når sendeskjemaet er blitt utvida dei siste åra, har auken stort sett kome på dialekt- og bokmålssida.

I prosent er bruken av normert nynorsk blitt nesten halvert sidan tidleg på 1970-talet. Størst var prosentdelen i 1977: 18,5 prosent. Dei siste åra har talet sige langt under 10. Sidan den samla sendeflata har auka sterkt, er ikkje den faktiske reduksjonen like stor. Det kan likevel sjå ut til at noko av prisen for målrørsla sine dialektaksjonar på 1970-talet blir betalte i form av meir dialekt og mindre normert nynorsk i programma frå den viktigaste radio- og fjernsynsstasjonen i Noreg. Det inneber at lyttarar og sjåarar møter mindre nynorsk som talemål, og det er ikkje med og gjer nynorsk til eit alminneleg språk.

Den språklege praksisen til NRK kan dokumenterast nesten samanhengande like frå 1933. Om andre kringkastarar er kunnskapen liten.

Både TV2, P4 og Kanal24 skulle i dei første konsesjonsvilkåra «styrkje norsk språk, identitet og kultur». I dette låg ein klar føresetnad også om å bruke nynorsk utan at noko er talfesta. Det vesle som finst av materiale om desse programflatene, tyder ikkje på at dei har mykje å tilføre det språklege mangfaldet i Noreg (tabell 14.9.8). Grensa går ved dialektar. I alle desse radio- og tv-stasjonane sit bruk av normert nynorsk tale og skriftleg nynorsk langt inne.

Likevel, der er glimt som tyder på at nynorsk er akseptert som språk i tv-mediet. Det må vere ein viktig grunn til at det var så små skilnader mellom bruken av nynorsk i NRK, TV2 og TVNorge som det blei doku-

mentert i 1996 (tabell 14.9.6 og 14.9.7). Ei samanliknande gransking mellom nyheitsinnslag i NRK1 og TV2 våren 1997 synte til og med at TV2 brukte meir nynorsk enn NRK (tabell 14.9.10). Her rådde også slumpe-treffet, for talemålet til ankermannen og -kvinna i studio slo sterkt ut.

Den kommersielle radiostasjonen P4 bruker mykje meir bokmål enn NRK og TV2 og har minimale innslag av dialekt og normert nynorsk (tabell 14.1.5). Det vesle som er av dialekt, er stort sett talemål frå Austlandet. Her var det få endringar i tida 2008–2013.

Utanom NRK, TV2, P4 og Kanal24 står alle radio- og fjernsynskanalar fritt til å føre det språket dei vil. Det gjer dei også. Blant dei mange nærradio- og lokalfjernsynsstasjonane finst nok ein del innslag av talemål som ligg nynorsken nær, men til no er ikkje dette undersøkt i form av statistisk analyse.

TV er eit snakkemedium, sa ein gong den danske kulturforskaren Søren Kjørup. Med sine teksta program er det også eit skriftmedium. Sylfest Lomheim estimerte i 2000 at kvar nordmann las tv-tekstar svarande til om lag 1200 boksider.¹⁹⁹ Ein meir inngåande studie frå Institutt for medier og kommunikasjon ved Universitetet i Oslo tyder på forbruket i 2003 utgjorde om lag 6000 sider, eller 17–18 romanar.²⁰⁰ Nordmenn såg ein tanke mindre på tv i 2014 enn i 2003; 84 minutt dagleg var blitt til 74 minutt.²⁰¹ Den endringa er så lita at reknestykket frå 2003 gjeld framleis. Desse tekstane er altså ein viktig del av den språklege kvardagen.

I 2014 teksta NRK 19 400 sendetimar i tv, mot 11 900 fem år tidlegare (tabell 14.1.6). Denne store auken fordelte seg ganske likt mellom framandspråklege program og program på norsk. I 2010 teksta NRK godt og vel halvparten av alle programma, og i 2014 var 85 prosent teksta. Kor mykje av dette som var på nynorsk, og kor mykje på bokmål, kan førebels ikkje seiast.

Teksting femner om endå meir enn dette. Norsk audiovisuell over-setterforening la i 2005 fram ein rapport som viste at 25 ulike tv-kanalar teksta om lag 15 000 sendetimar i 2003, 211 kinofilmar og 700 filmar til

¹⁹⁹ Sylfest Lomheim: *Skrifta på skjermen*, Kristiansand 2000.

²⁰⁰ Espen Seip Blystad og Arnt Maasoe: *The Invisible Text*, Universitetet i Oslo 2004, upagiert.

²⁰¹ Odd Frank Vaage: *Norsk mediebarometer 2014*, Statistiske analyser 143, Statistisk sentralbyrå, Oslo 2015.

utleige. Dette utgjorde 240 000 boksider. Med same om rekningsfaktor som ovanfor svara dette til 720 romanar.²⁰²

Trass i dette var truleg den norske tv-marknaden aldri mindre norsk enn no, konstaterte direktøren i Riks-TV sommaren 2015.²⁰³ Aktørar som HBO, Netflix, YouTube og Facebook styrkte den angloamerikanske kulturindustriens grep om mediekvardagen. YouTube var vinnaren blant dei gratis strøymetenestene og hadde ei dagleg dekning på 23 prosent. Den største brukarbetalte strøymetenesta var Netflix, som kvar tredje husstand abonnerte på.

14.2 Medarbeidarar

Nynorsk faktabok 2005 dokumenterte for første gong korleis programmedarbeidarane fordeler seg etter språk like frå 1965 til 2003 (tabell 14.2.1). Detaljar i dette materialet kan studerast (tabell 14.2.2 og 14.2.3). Frå berre 25 nynorskbrukande medarbeidarar i 1965 hadde NRK i 2003 171 slike medarbeidarar, og då jamt fordelt mellom riksredaksjonane og distriktskontora. I prosent var NRK likevel høgare oppe i 1980-åra. Då brukte kvar femte programmedarbeidar nynorsk.

NRK Nynorsk mediesenter blei opna i Førde i 2004. I planlegginga blei alle redaksjonelle medarbeidarar i NRK i 2003 kartlagde etter språk og avdeling. Som ein del av det arbeidet blei ei undersøking frå 1988 henta fram og gjennomført på nytt. Då undersøkinga blei gjennomført i 2003, var materialet frå 1965 ikkje kjent.

I 1988 hadde NRK 116 nynorskbrukande programmedarbeidarar. Desse utgjorde 19 prosent på distriktskontora og 18 prosent i riksredaksjonane for radio og tv. I 2003 var det framleis 19 prosent nynorskbrukarar på distriktskontora, men no utgjorde dei berre 10 prosent i riksredaksjonane. Totalt sett utgjorde dermed nynorskbrukarane ein mykje mindre del av programmedarbeidarane i NRK i 2003 enn 15 år tidlegare.

NRK sende mange fleire programtypar i 2003, og dei hadde mange fleire programmedarbeidarar. På distriktskontora var det heile 61 prosent

²⁰² Referert i Gjert Kristoffersen ofl.: *Norsk i hundre!*, Oslo 2005, s. 99.

²⁰³ Christian Birkeland: «TV i Norge har aldri vært mindre norsk», *Sunnmørsposten* 21.7.2015.

fleire medarbeidarar i redaksjonane i 2003 enn i 1998. Seks av distriktskontora hadde fleire nynorskbrukarar, men det var også seks distriktskontor som stod heilt utan nynorskbrukarar i 2003, og åtte kontor hadde seks eller færre nynorskbrukarar. Nynorske redaksjonsmiljø over den kritiske storleiken var det berre i Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal, i 1988 så vel som i 2003.

I 2003 arbeidde godt og vel 430 personar i redaksjonane på distriktskontora i NRK. I riksredaksjonane for radio og tv arbeidde det over 870. Språkleg var desse riksredaksjonane sette i hop på heilt anna vis enn distriktskontora. Nynorskmedarbeidarane i NRK er regionaliserte på ein slik måte at over halvparten av dei arbeidde på distriktskontora.

Det var i sentralredaksjonane dei negative tala skjulte seg. Talet på nynorskbrukarar i sentralredaksjonane i radio og TV har auka med 35 prosent sidan 1988, frå 65 til 88. I det same tidsrommet var det derimot blitt meir enn dobbelt så mange bokmålsmedarbeidarar i sentralredaksjonane til NRK. Spreidde rundt på mange redaksjonar som nynorskbrukarane er, innebar dette at berre dagsnytt- og magasinredaksjonane for rikskanalane i NRK hadde den nødvendige kritiske storleiken for bruk av nynorsk.

Undersøkinga i 2003 synte at NRK då var på veg tilbake til der institusjonen var før utbygginga av distriktskontora blei pressa fram i 1970-åra. NRK voks på 2000-talet meir sentralt enn regionalt. Samstundes stod bruken av nynorsk i NRK generelt i fare for å bli innsnevra til nyheiter og det regionale. Heile 9 av 33 redaksjonseiningar var fri for nynorsk. Særleg kritisk var det i barne- og ungdomsredaksjonane, og i underhaldningsavdelinga.

Når vi no veit kor mange fleire bokmålsmedarbeidarar NRK har skaffa seg i seinare år, er det eit mirakel at nynorskprosenten i NRK-programma faktisk har auka og ikkje falle som stein til botnars.

I 2009 blei det gjennomført ei undersøking blant alle NRK-tilsette som kunne ha gitt påliteleg og oppdatert informasjon til undersøkingane frå 1965, 1988 og 2003 (tabell 14.2.4 og 14.2.5). Diverre valde NRK Forsking ein metode som gjer det umogleg å vite om svara var representative. Truleg var det fleire nynorskbrukarar enn bokmålsbrukarar som svara av di dei var meir motiverte til å gjere det. Undersøkinga blei lagd fram ved femårsjubileet for NRK Nynorsk mediesenter i Førde.

Av vel 2000 journalistar og redaksjonssjefar svara 754. Av desse brukte 15 prosent alltid nynorsk skriftleg, og 9 prosent sa dei gjorde det ofte. Det vil seie at kvar fjerde medarbeidar i undersøkinga ofte eller alltid skreiv nynorsk på arbeid. 10 prosent svara at dei skreiv dialekt ofte eller alltid. Så stor del av alle redaksjonsmedarbeidarar utgjer ikkje nynorsk-brukarane; då hadde også ein større del av sendingane vore på nynorsk (eller dialekt).

22 prosent av dei som svara, skreiv som regel nynorsk eller begge språka. Dette er mange fleire enn dei som gjer det på landsplan (sjå kapittel 7.2). Det kan nok hende at nynorskbrukarane utgjer fleire prosent i NRK enn i heile landet, men også dette svaret tyder på at undersøkinga ikkje er representativ.

NRK gjennomførte ei større og påliteleg undersøking i 2012 (tabell 14.2.6). Der svara seks av ti at dei snakka bokmål eller mest bokmålsprega, medan tre av ti snakka mest dialekt, og ni prosent snakka nynorsk eller mest nynorskprega. Dette viser at den store staben av redaksjonelle medarbeidarar i NRK er språkleg ganske representativ for Noreg.

Medieforskaren Jon Peder Vestad sette ved tusenårsskiftet i gang eit doktorgradsprosjekt om nynorskjournalistane i NRK. Om lag 190 nynorskjournalistar svara på spørsmåla hans. Dette var 70 prosent av dei som då brukte nynorsk i nasjonale og regionale kringkastingsstasjonar. Prosjektet blei aldri fullført, men alt i 2001 publiserte han nokre hovudfunn i ein artikkel.²⁰⁴

Ni av ti svara at det var viktig for dei å bruke nynorsk. Fire av fem sa seg heilt eller ganske samde i at identiteten deira som nynorskbrukarar var sterk. Tre av fire var heilt eller delvis samde i at «eg er kry av å vere nynorskbrukar». Berre fem prosent var samde i det gamle slagordet «Nynorsk einaste skriftspråk i Noreg».

Heile 95 prosent vurderte si eiga rolle som viktig, både som språkleg førebilete og som garantistar for nynorsk i framtida. 60 prosent meinte det var viktig at språket dei brukte i sendingane viste kvar dei kom frå. Kvar femte meinte at nynorsk kunne vere til hinder for dei på arbeidsmarknaden i framtida, og dette meinte kvar tredje av dei som hadde vakse opp utanfor det nynorske kjerneområdet. Likevel svara halvparten nei på om

²⁰⁴ Jon Peder Vestad: «Utfordringar for nynorsk normaltalemål», *Vestads vevstad*, lesedato 3.5.2001. Først halde som foredrag i Målpolitisk råd ved Det Norske Teatret 21.4.2001.

dei kunne tenkje seg å bruke bokmål som arbeidsspråk. Over 80 prosent hadde aldri vurdert seriøst å skifte til bokmål som arbeidsspråk, men 10 prosent hadde snust på tanken. Det var også 10 prosent som hadde hatt bokmål som opplæringspråk i skulen.

Om lag halvparten av dei 190 journalistane snakka nynorsk med dialektpreg, som Vestad sjølv rekna som normert nynorsk. Dei fleste var usamde i at normert tale er en uting, eit lite fleirtal meinte ein burde snakke normert i rikssendingar, men eit fleirtal ville også ha meir dialektbruk i etermedia generelt. 27 prosent snakka nynorsk med tydeleg dialektpreg. Berre 34 prosent meinte det var lett å snakke normert utan manuskript, medan over 80 prosent meinte det var lett å snakke normert med manuskript.

Ni av ti fekk ros frå ukjende for språkbruken sin, men over halvparten hadde fått negativ kritikk. 60 prosent ønskte ei liberal linje i tilnærminga mellom nynorsk og bokmål, medan 33 prosent ønskte ei tradisjonell linje for nynorsk, med avstand til bokmål. Berre 10 prosent var heilt samde i bokmål påverka nynorsk for mykje.

Under halvparten var eller hadde vore medlem i Noregs Mållag eller andre nynorskorganisasjonar. Over halvparten hadde ei svært sterk eller ganske sterk samkjensle med andre nynorskbrukande journalistar i radio og tv. Samkjensla med andre nynorskbrukarar var sterkast hos dei som hadde vakse opp utanfor det nynorske kjerneområdet.

NRK er ein av dei viktigaste språkaktørane i Noreg. Det som NRK gjer språkleg på éin dag, kan ha meir å seie enn det mange andre prøver å få til på eitt år. Lyttarane og sjåarane får meir språkleg mangfald frå denne institusjonen enn nær sagt nokon annan allmennkringkastar i verda er i stand til å gi, og mykje meir enn frå private mediekonsern. Årsaka er dei formelle språkkrava som blir stilte, og måten desse blir handterte i det daglege redaksjonelt og administrativt. Desse krava framhevar språk på ein heilt annan måte i NRK enn hos mange av konkurrentane.

Det er eit privilegium å få spegle det språklege mangfaldet i Noreg, sa dåverande kringkastingsjef Hans-Tore Bjerkaas i 2010.²⁰⁵ Stort sett viser dette att i måten NRK framstiller seg sjølv på for omverda, men i rapporten *NRK i 2004* var der ikkje eitt ord om språk. I denne institusjonen

²⁰⁵ Hans-Tore Bjerkaas: «Språkrekneskap for NRK», foredrag på Dei nynorske festspela 25.6.2010.

som i så mange andre er leiinga den kritiske faktoren. Det leiinga ikkje legg vekt på, blir heller ikkje viktig for andre.

14.3 Utdanning

Frå 1970-åra blei etter kvart utdanning i journalistikk eit av dei mest etterspurde tilboda ved universitet og høgskular. Sjølv då det eine mediehuset etter det andre på 2000-talet måtte strame inn og skjere ned på stillingstal, heldt denne populariteten seg.

I åra 2007–2009 blei det utdanna 621 journalistar i Noreg.²⁰⁶ Av desse var 51 eller åtte prosent nynorskbrukarar. Halvparten kom frå journalistutdanninga ved Høgskulen i Volda, der kvar femte journaliststudent brukte nynorsk. På same tid sende NRK Nynorsk mediesenter frå seg 30 nynorskpraktikantar, altså fleire enn Høgskulen i Volda. Her dreiar det seg rett nok om to ulike typar utdanning – ei toårig høgskuleutdanning og ei fem månaders praktikantutdanning.

NRK Nynorsk mediesenter i Førde blei oppretta i 2004. Til og med 2015 hadde institusjonen utdanna 115 nynorskbrukande journalistar (tabell 14.3.1). Desse kom frå om lag 70 kommunar i 11 fylke, og seks av ti var kvinner. Sommaren 2015 arbeidde 57 prosent av dei utdanna journalistane i medieverksemdar – om lag 50 prosent i NRK.²⁰⁷ I dei åra verksemda har vore i drift, er ein minkande del av dei utdanna praktikantane blitt verande i massemedia.

14.9 Historisk statistikk

Nynorsk faktabok 2005 presenterte eit materiale som dokumenterte bruken av nynorsk i verbalprogram etter emneområde. Materialet gjaldt åra 1956–1971 og 1972–1984 (tabell 14.9.1 og 14.9.2). Her kom det fram at nynorsk – medrekna halvparten av dialektinnslaga i tabell 14.9.2 – var blitt jam-

²⁰⁶ Hans-Tore Bjerkaas, same staden.

²⁰⁷ NRK Nynorsk mediesenter: *Statusrapport 15.05.2015*, www.nynorskmediesenter.no, lese-dato 22.7.2015, og e-post frå Magni Øvrebotten med korrigerede data 20.8.2015.

nare fordelt med åra. I 1950- og 60-åra var nynorsk knapt brukt i underhaldningsprogram i det heile. Dette er framleis eit domene der nynorsk er lite synleg. Mest brukt var nynorsk i 1950- og 60-åra i Dagsnytt og i religiøse program.

Den eine langtidsverknaden av dette var at nynorsk blei eit respektert og velfungerande nyheitsspråk, til glede for mange aviser (sjå kapittel 15). Så dominerande og prestisjeprega som nyheitssendingane er blitt, har det mykje å seie at nynorsken framleis blir mykje brukt i desse programma.

Den andre langtidsverknaden var at bruken av nynorsk i religiøse program gjorde sitt til å halde ved lag den nynorske posisjonen i kyrkjelivet og byggje opp under den jamstillinga som har prega dette domenet (sjå kapittel 17.1).

Det er vanskeleg å bruke talemål som grunnlag for kategorisering. Kringkastingsringen har i fleire analysar prøvt med andre språkinnendingar og skilt mellom normert og normnært språk og mellom nynorsk-nære og bokmålsnære dialektar (tabell 14.9.5). Det gjekk tydeleg fram at radiostasjonane sjølv hadde få programmedarbeidarar som brukte normalnynorsk. I nyare radioprogram er det altså ikkje dei tilsette ved radiostasjonane, men studiogjestene, intervjuobjekta og innringjarane som løftar prosenten for nynorsk og nynorsknaert talemål.

Tilsvarande har den nesten totale mangelen på nynorskbrukande programmedarbeidarar i barne- og ungdomsredaksjonen og i underhaldningsavdelinga alt sett djupe kulturhistoriske spor. Igjen blir det tydeleg at forholdet mellom tilsette og andre nynorskbrukarar har mykje å seie. Når teksta innslag blir rekna med, viste ei undersøking frå 1996 at NRK hadde mykje meir nynorsk enn TV 2 og TV Norge (tabell 14.9.6, 14.9.7 og 14.9.8). Grunnen var at TV Norge iallfall pr. 1996 let vere å tekste innslag på nynorsk. Ein liknande praksis la TV 2 til grunn i heile konsesjonsperioden til og med 2009.

Ei undersøking frå 1997 viste at nynorsk var nesten fråverande i teksting av barne- og ungdomsprogram (tabell 14.9.9). Med NRK Super fekk allmennkringkastinga ein gyllen sjanse til å snu opp ned på dei språklege konvensjonane i barne-tv på norsk. I 2009 blei eit dubbefirma for nynorsk bygt opp i Volda. Praksis har vist at dubbing også blir brukt i program for sjåargrupper som kan lese, slik at fleire program no blir dubba som før berre blei teksta.

Det var NRK som etablerte ein fleirspråkleg praksis for nyheitsformidling i riksdekkjande massemedium her til lands. Då TV 2 opna sendingane sine i 1992, var denne praksisen blitt ein sosial konvensjon som TV 2 vanskeleg kunne oversjå. I staden gjekk dei til dels lenger enn NRK, iallfall i nyheitsdekninga. Ei lita undersøking frå 1997 er førebels den einaste i sitt slag, og den viser at TV2 då brukte mindre normert bokmål enn NRK og meir normert nynorsk (tabell 14.9.10).

Tema: å føre språkstatistikk

NRK har ført språkstatistikk sidan 1933. Det skulle borge for ein viss kvalitet. Sluttala i statistikkane byggjer på opplysningar frå svært mange medarbeidarar i verksemda, og då skal det godt gjerast at alt blir ført konsistent. Kva er normalmål, kva er dialekt?

På grunnlag av tilråding frå språkkonsulent Finn-Erik Vinje valde NRK å inkludere dialektbruken i tala for dei normerte talespråka nynorsk og bokmål. 50 prosent av dialektbruken blei rekna som nynorsk, 50 prosent som bokmål. Ein time på dialekt frå Fredrikstad, Kristiansand eller Kirkenes ville altså bli rekna som 30 minutt nynorsk og 30 minutt bokmål.

Denne reknemåten har NRK halde fast ved like sidan 1972. Det som har endra seg, er vurderinga av språkgrensene og sjølve statistikkføringa.

Lenge bygde statistikkane for språkbruk i NRK på faktisk registrering av kvart program, utført av eit ukjent tal medarbeidarar. Dette gav neppe pålitelege tal. Ein peikepinn på dette kan finnast i tabell 14.9.5. Der blei det lagt fram eit statistisk materiale der all språkbruk var registrert og vurdert av éin person, Randi Alsnes i Kringkastingsringen. Ho hadde lytta til vilkårleg utvalde program og sjølv ført opp språkbruken. Ho kom fram til at bruken av normert eller normnær nynorsk låg langt under dei offisielle tala frå NRK. Sjølv om programutvalet var avgrensa, viste materialet det sannsynlege i at det personlege skjønnet har variert for mykje i føringa av NRK-statistikken.

Etter ein overgangsfase frå 1999 endra NRK statistisk metode og gjekk over til å ta systematiske stikkprøver. Språkfordelinga etter 1998 kan knapt samanliknast med tidlegare år. Grunnen er at NRK la om til ulike datastyrte redigeringsprogram. Det skulle normalt gjere det lettare å registrere språk i innslag, særleg for NRK sine eigne medarbeidarar. I

staden blei arbeidet fragmentert og meir vilkårleg enn det var før. Nyheitsdivisjonen (NYDI) tok i bruk databasen ENPS i midten av juni 1999. Her kom diverre ikkje språk med som kategori. Når nyheitssendingane dermed fall utanfor, og vi veit at nettopp nyheitsredaksjonane tradisjonelt har hatt ein ganske sterk nynorskprofil, blir dermed det samla biletet misvisande. For 1999 skriv tala for radiokanalane seg frå eit utval program, og i tv er ikkje program frå NYDI rekna med.

Den språklege dokumentasjonen blei på ny lagd om i 2006. Frå då av blir det gjennom året samla inn om lag 1000 programklipp frå kvar hovudkanal. Dette skal gi eit utval av innhaldet både gjennom døgnet og året. sju-åtte personar ser eller lyttar seg gjennom alle klippa, kodar språk og tek tida. Dei koda tidene for kvar kanal blir summerte og omrekna til presentar. Datamengda er altså mykje mindre enn før, men systematikken større og vurderingane under større kontroll.

Uvissa som sit att, gjeld den språklege vurderinga av kva som er nynorsk, dialekt og bokmål. I 2006 endra NRK også kriteria for fordeling mellom normert språk og dialekt. Frå då av blir alle tvilstilfelle rekna som dialekt. Det ligg ein norm i det også: Tvilen skal kome dialektane til gode.

Endringane kunne i prinsippet ha gitt eit mykje meir påliteleg grunnlag enn den individuelle registreringa. Til gjengjeld blei det språklege skjønnet endå meir avgjerande, ikkje minst fordi dialektar blei meir brukte i NRK, og skiljet mellom dialekt og normert tale blei meir uklart. Metodisk er tala for dei siste åra difor meir pålitelege enn dei var for tidlegare år. Språkfagleg kan derimot tala vere vel så usikre no som dei var før.

Alle distriktsprogram har vore haldne utanfor språkstatistikken i NRK. Berre program på riksnettet har altså vore rekna med. Det inneber nokså sikkert at bruken av nynorsk har vore undervurdert, og heilt sikkert at tala for dialektbruk har vore for små.

Resultatet av praksis og endringar er at nynorsk ser ut til å vere meir brukt enn det som er tilfelle. Viss svært mange medarbeidarar og programdeltakarar snakkar dialektar frå sentral-Austlandet, ville dette føre til at bruken av nynorsk går opp i statistikken.

Det ser altså ut til at tida er forbi for dei sikre konklusjonane om bruk av nynorsk, dialekt og bokmål i NRK. Iallfall er det berre nokså overordna konklusjonar ein kan trekkje ut frå jamføringar over lang tid.

Perspektiv: talemål eller skriftspråk

Det har aldri vore tvil om at bokmål både er eit skriftspråk og eit talemål. Derimot har mange sett på nynorsk som eit skriftspråk og ikkje noko anna. Språkforskaren Alf Sommerfelt hadde eit godt poeng i ein leksikon-artikkel frå 1939 om språk i Noreg. Der skreiv han at nynorsk gjennom opplæringa i skulen også var blitt eit talemål.²⁰⁸

Det hadde nok skjedd før, og på fleire måtar enn gjennom skulen.

Ei nynorsk kulturhistorie er skriven. Dialektane er grundige dekte i mange språkhistoriske arbeid. Historia om nynorsk som standard talemål ligg derimot berre føre i fragment og kommentarar. Den vordande riksprogramsjefen i NRK, Olav Midttun, tok opp emnet i 1920-åra, og den tidlegare riksprogramsjefen Olav Midttun gjorde opp status i 1960.²⁰⁹ Der peika han på den rolla både kyrkje, ungdomslagsstemna, organisasjonar som Vestmannalaget og ikkje minst NRK hadde spelt. Mange var med og snakka jamt meir frå slutten av 1800-talet, og med NRK blei nynorsk eit talemål på riksplan alt i 1933.

Eit heilt vanleg talemål var det likevel ikkje, meinte Sommerfelt. «Dette talemålet mangler imidlertid sentrum, det har ingen fast, kompakt befolkningsmasse å støtte seg til.»²¹⁰ Det er ei ganske presis framstilling av at nynorsk som talemål blir ein variant på linje med ulike dialektar, som også vil prege nynorsk brukt i tale.

Utviklinga av dialektbruken i NRK og andre radio- og tv-stasjonar er ein direkte konsekvens av dialektaksjonane frå 1970-åra. Generelt er både radio- og tv-programma språkleg ledigare enn for nokre tiår sidan. Normerte talespråk blir oppfatta som stivare og meir formelle. Dermed blir dialekt i aukande grad eit alternativ til både bokmål og nynorsk. Det har mest å seie for oppfatninga av nynorsk, som i utgangspunktet er eit mindre brukt språk enn bokmål.

Tvers gjennom denne store språkendinga er ein sjanger nesten like språkleg einsidig i dag som for 20 eller 40 år sidan. Både program for barn og unge og underholdningsprogram for vaksne er mykje meir dominerte av bokmål enn den rådande språkpolitikken skulle tilseie.

²⁰⁸ [Alf Sommerfelt]: «Norges språk», *Familieboken*, band VI, Oslo 1939, s. 410.

²⁰⁹ Olav Midttun: *Nynorsk talemål i samhøve med skriftmålet og målføra*, Oslo 1960.

²¹⁰ Alf Sommerfelt, same staden.

Det er blitt meir sjølvsagt at radio- og tv-programma skal ha fleire deltakarar frå innvandarmiljøa enn at dei skal ha fleire med nynorskbakgrunn. Det er lettare å sortere og kvotere etter etnisitet enn etter språk. Svaret er både-og, ikkje anten-eller.

I radio og tv handlar det om tre brukssituasjonar: manusbundne sendingar, programleiars språk og språket til intervjuobjekta.

Språkfordelinga hos intervjuobjekta kan til ein viss grad styrast av kva slags program ein lagar og kvar ein hentar programdeltakarane frå. Di fleire som blir henta frå Oslo-området, der dialekt og nynorsk blir lite brukt, di meir normert bokmål vil det bli. Å normere den spontalen desse programdeltakarane representerer, er blitt utenkjeleg i Noreg. I eit land som Frankrike er situasjonen ein heilt annan. Der vekte det reaksjonar då Miss France i 2011 snakka alsassisk i eit offisielt intervju.²¹¹

Hos dei tilsette i NRK fordeler den private bruken av nynorsk, dialekt og bokmål seg om lag som i samfunnet elles. I tillegg er der ein klar tendens til at ein del medarbeidarar ønskjer å bruke normert tale.

Nyheitsopplesarane er i utgangspunktet bundne til å snakke normert nynorsk eller bokmål. Unntak kan bli gitt, og per 2015 gitt to gonger etter at den unntaksregelen blei innført i 2008. For andre manusbundne sendingar er det ganske lett å fremje bruken av normert tale.

Sommaren 2015 la regjeringa Solberg fram forslag til ny plakat for NRK. Dette er dei overordna retningslinjene NRK skal styre etter. To av 12 punkt handla om språk, og det målet frå 1970 om minst 25 prosent nynorsk som seinare var blitt vedtektsfesta, var ført vidare i det nye framlegget til NRK-plakat.

Dialekt og privatspråk er to ulike normsystem, og den auka bruken av dialekt har ført til at fleire tek til orde for dialektnormering. Det første formelle initiativet tok NRK. Frå og med 2015 har NRK etablert eit regime for dialektrøkt med eigne reglar for bruk av dialekt.²¹² I slik dialektrøkt kan ein tenkje seg at ein normerer mot nynorsk der det er konflikt mellom nynorsk og bokmål i dialektane.

Med unntak av planspråka er alle skriftspråk også talemål. I den nynorske skriftkulturen er både dialektar og normert tale viktig Den so-

²¹¹ Ottar Grepstad: *Språksansen*, Oslo 2013, innførsel 18. januar.


²¹² Opplyst av språksjef Ragnhild Bjørge i ein debatt på Dei nynorske festspela 26.6.2015.

siale statusen for normert nynorsk tale vil nok aldri vinne den same posisjonen som normert bokmålstale alt tidleg oppnådde. Bandet mellom dialektane og nynorsk har vore både det lingvistiske grunnlaget og den språkpolitiske rettesnora for nynorskbrukarane. Dette artar seg annleis i praksis på somme område. På teaterscenene *vil* der vere ei reell motsetning mellom dialekt og nynorsk som talemål. I radio og tv vil den same spenninga vere der først og fremst ved at meir dialektbruk *kan* redusere bruken av normert nynorsk.

I land som Frankrike og Tyskland er det mest utenkjeleg at elevane snakkar dialekt i undervisninga. I Noreg blei elevens rett til å bruke eige talemål knesett så tidleg som i 1878. Var der ein kamp om språkleg tillit, var det dialektane som vann den striden. Då målrørsla sette i gang dialektbølgja i 1970-åra, var det ingen som såg for seg at dialektane kunne bli skriftspråk. Det handla om å legitimere dialektane som talemål når som helst og kor som helst. Så vellykka var dette arbeidet for auka status for dialektane som talemål at jamt fleire brukarar også tok dialektane med inn i skriftinga. Den utviklinga blei styrkt av tekniske nyvinningar, først og fremst digitale medium som for mange viska ut skiljet mellom det private og det offentlege.

Det som hadde vore ein språkleg variasjon i brev og andre private dokument, blei på 2000-talet så mykje brukt i nokre digitale format at det nærma seg eit tredje skriftspråk. Å skrive uformelt på dialekt kan vere ei bru til nynorsk, og det kan godt hende at meir skrivning på dialekt skaper ei slags språkleg motstandskraft. Blir dialektrøkt akseptert og utbreidd, kan det i neste omgang vere med og normere den skriftlege dialektbruken. Då kan bandet til nynorsk styrkjast eller slitne.

15 Presse



Figur 15.1 Offentlege tilskot til aviser 2000–2014. Millionar kroner

Noreg er eit avisland. I 2014 kom det ut 235 aviser. Av desse var 46 formelt redigerte på nynorsk, 20 på begge språka og 167 på bokmål. Meir enn kvar fjerde avis var redigert heilt eller delvis på nynorsk, og slik har det vore i fleire tiår. Ei avis var redigert på samisk, og ei på kvensk og norsk.

I tillegg kom ei rekkje aviser som i praksis brukte begge språka i eige stoff, med Bergens Tidende som den fremste. Kwart år er om lag 10 prosent av alt lesestoff på nynorsk i den avisa. Bokmål prega dei store avisene, og nynorsk var mest brukt i dei små.

Dei tre største avisfylka i 2014 var Hordaland med 28 aviser, Oslo med 21 og Møre og Romsdal med 20. Utover på 2000-talet førte det allmenne fallet i opplag til at Oslo-avisene mista det etablerte hegemoniet sitt, iallfall på papir. Både dei reine nynorskavisene og dei språkblanda

avisene auka marknadsdelane sine på 2000-talet og stod for nær 15 prosent av samla opplag i 2014, mot 11 prosent i 1996.

To av tre aviser fekk direkte pressestøtte i 2014. Ordninga med pressestøtte er språkpolitisk blind, men er det viktigaste allmenne tiltaket for norsk skriftkultur. Den direkte pressestøtta var i 2014 på 319 millionar. Til dette kom verdien av fritak for mva på abonnementsaviser, som i 2008 var utrekna til om lag 2,3 milliardar. Nesten halvparten av den direkte støtta gjekk til fem aviser. Resten blei fordelt mellom nærmare 150 aviser, medrekna åtte minoritetsspråklege publikasjonar. I 2014 gjekk om lag 35 prosent av pressestøtta til nynorskaviser eller språkblanda aviser, mot vel 21 prosent i 2000.

15.1 Utgivingar

Avisene var dermed det viktigaste domenet i utviklinga og vedlikehaldet av skriftkulturane i Noreg. Frå 1858 har over 170 aviser vore redigerte på nynorsk, medan noko slikt som 1800 har vore redigerte på bokmål.

235 aviser med eit samla opplag på vel 2,1 millionar eksemplar blei gitt ut i 2014, og då er kommersielle gratisaviser ikkje rekna med. Det kom ut 34 slike aviser i 2012 med eit samla opplag på 1,2 millionar eksemplar.²¹³

167 eller 71 prosent av alle avisene var formelt redigerte på bokmål, 66 (28 prosent) heilt eller delvis på nynorsk, ei avis kom ut på samisk og ei på kvensk og norsk (tabell 15.1.1). Reelt var dei fleste avisene språkblanda. I prinsippet kunne det stå noko på nynorsk i nesten alle avisene som var redigerte på bokmål, og tilsvarende kunne det stå noko på bokmål i alle avisene som var redigerte på nynorsk. Det formelle redaksjonsspråket seier difor ikkje alt om avisene si rolle i den språkdelte norske kulturen.

Alt i 1880 var 119 aviser i drift over heile landet. Berre ei av dei, Fedraheimen, var redigert på landsmål. Det samla talet på aviser har vore ganske stabilt sidan 1930-åra, og det er nynorskavisene som er blitt fleire, frå 35 i 1939 til 66 i 2014. I det same tidsrommet gjekk talet på bokmålsaviser ned frå 251 til 167.

²¹³ Sigurd Høst: *Avisåret 2012*, Volda 2013, s. 6.

Aviser kjem ut, aviser går inn. Desse netttotala skjuler store utskiftingar. Mellom 1950 og 2014 blei heile 219 nye bokmålsaviser sette i gang (tabell 15.1.2). Flest nye aviser kom til mellom 1970 og 1990. Også innanfor det nynorske var det mange utskiftingar med 77 nye aviser mellom 1950 og 2014.

For kvart tiår blei som regel utvalet av nynorskaviser større. Etter femti år med aviser på landsmål var det enno i 1909 færre enn ti å velje mellom for lesarane. Hundre år etter Vinjes Dølen hadde nynorsk avisutgiving stabilisert seg kring 35 titlar, og med mange nye avistiltak frå 1970-åra utgjorde nynorsk presse kring 60 aviser tidleg på 2000-talet. Dette gav ein geografisk spreidd og nokså mangslungen redaksjonell kompetanse i vidare utvikling av den nynorske skriftkulturen.

Nynorsk faktabok 1998 presenterte det første samla oversynet som har vore laga om norsk presse sortert etter redaksjonsspråk. Dokumentasjonen gjaldt åra 1996 og 1997. Materialet blei oppdatert i *Nynorsk faktabok 2005* med data for 2004. No er alt dette korrigert, oppdatert og vesentleg utvida, med komplett informasjon ordna etter fylke og språk.

Dei tre største avisfylka i 2014 var Hordaland med 28, Oslo med 21 og Møre og Romsdal med 20 aviser. Av dei 46 reine nynorskavisene kom 15 ut i Hordaland, 12 i Møre og Romsdal og åtte i Sogn og Fjordane. Nordland var utgivarstad for 19 bokmålsaviser, Oslo 18 og Sør-Trøndelag 14.

Dei avisene som har kome til etter 2000, er små lokalaviser som med svært få unntak blir redigerte på bokmål. ÅmliAvisa blei etablert som ei tospråkleg avis i 2008. Norge IDAG lanserte hausten 2014 Kulturavisa redigert på nynorsk, men denne er eit vedlegg til den ordinære avisa og kan ikkje reknast som noka ny avis.

15.2 Opplag

Bokmål pregar dei store avisene, nynorsk pregar dei små. Utover på 2000-talet mista Oslo-avisene det etablerte hegemoniet sitt målt i opplag, men dei største tok det att i digital bruk.

Frå 2005 stupte det samla avisopplaget. I 2014 kom det ut 235 aviser med eit samla opplag på nær 2,2 millionar eksemplar (tabell 15.2.18 og 15.2.19). I 1997 var der nesten like mange aviser, 227, men det samla opplaget var då vel tre millionar eksemplar (tabell 15.2.8). Enno i 2004 var det

samla opplaget like stort for dei 230 avisene som då kom ut (tabell 15.2.13). I 2008 var fallet der; på fire år var 200 000 eksemplar blitt borte (tabell 15.2.15). Det skulle bli verre. Alt i 2010 var nye 200 000 eksemplar ute av historia og det samla opplaget redusert til 2,6 millionar (tabell 15.2.16 og 15.2.17).

Nedgangen var mindre for aviser redigerte på nynorsk eller begge språka, fram til 2008. For desse minka opplaget med fire prosent mellom 1997 og 2008. Struktur, ikkje språk, var grunnen til desse skilnadene. Frå 1990 til 2008 auka lokale fådagarsaviser opplaget mest. Konkurransen frå Internett hadde til då hatt mest å seie for dei store avisene enn for dei små, og meir for riksavisene enn for lokalavisene. I tida etter 2008 slo den digitale røynda også inn i dei fleste fådagarsavisene, nynorsk så vel som bokmål.

I takt med denne utviklinga la avisutgivarane meir og meir vekt på lesartal både på papir og i digitale format. Desse opplysningane bygde på visse føresetnader, var meir stipulerte og dermed ikkje så pålitelege som dei notorialstadfesta opplagstala. Vel så viktig er det at den dokumentasjonen som finst, er svært mangelfull. Databasen *Medienorge.uib.no* har publisert lesartal frå og med 1996 som er henta frå TNS Gallup. For 2014 dekte den dokumentasjonen berre 128 av 235 aviser. Over 100 aviser mangla, og blant dei svært mange nynorskaviser, medan 110 av 167 bokmålsaviser var med. Av dette kan ingen påliteleg og relevant tabell lagast.

Eiga summering av lesartala for 2014 fortel at dei 128 nettavisene hadde 7,4 millionar daglege lesarar. Av dette stod VG og Dagbladet for 3,2 millionar.²¹⁴ Dei to osloavisene hadde dermed 43 prosent av dei dokumenterte nettlesarane. Dei to avisene dominerte mykje meir på Internett enn på papir, der dei med eit samla opplag på 212 000 eksemplar stod for ti prosent av avisopplaget. Hadde alle nettavisene vore med, ville dominansen for dei to avisene truleg vore berre litt mindre.

For bokmålsavisene minka opplaget med vel 800 000 eksemplar frå 2,7 millionar i 1997 til 1,9 millionar i 2014. Tre firedelar av denne reduksjonen skriv seg frå lokal- og riksaviser utgitt i Oslo. Resten av nedgangen fordelte seg ganske likt utover landet, men i Nordland var reduksjonen ekstra stor.

²¹⁴ Medienorge: «Lesertall for norske nettaviser», *medienorge.uib.no*, lesedato 6.8.2015.

I disse tabellane er Bergens Tidende rekna som bokmålsavis. Formelt har avisa vore redigert på nynorsk og bokmål sidan 1976. Då formaliserte avisa ein praksis med at journalistane sølv valde om dei ville skrive nynorsk eller bokmål. I 1991 blei dette presisert til at bokmål er det normale i Bergens Tidende.²¹⁵ Bokmål har vore så dominerande at det ville gi eit skeivt bilete om ei så stor avis skulle reknast med blant dei språkblanda. I 2014 hadde Bergens Tidende eit netto-opplag på 82 422 eksemplar. Frårekna denne avisa stod bokmålsavisene for 82,5 prosent av samla opplag i 2014, ikkje 85,4 som oppført.

I midten av 1960-åra hadde dei reine nynorskavisene eit samla opplag kring 120 000 eksemplar, men reknemåten i det tilfellet er ukjend og talet må difor skrivast inn i kapitlet for fragmenterte kuriosa.²¹⁶ Eit første oversyn over opplag for nynorskavisene i nyare tid blei publisert i *Nynorsk faktabok 1998*. Då blei dei reine nynorskavisene trykte i 255 000 eksemplar; i 2014 hadde dei auka til 315 000 eksemplar (tabell 15.2.4).

Dette oversynet er jamleg blitt oppdatert. Opplagstoppen blei nådd i 1992 med 358 000 eksemplar. Skilnadene fylka imellom var ganske stor, alt etter kva som kom til av nye aviser i tidsrommet. Denne utviklinga kan følgjast meir spesifisert på fylkesnivå frå 1996 til 2014 (tabell 15.2.6 og 15.2.7). For kvar einaste avis er utviklinga dokumentert i åra 2003 og 2004 (tabell 15.2.11 og 15.2.12).

Berre éi nynorskavis er riksavis, nokre få er lokale dagsaviser, og dei aller fleste lokale fådagarsaviser. For dei avisene som var redigerte på nynorsk, fall det samla opplaget frå 193 000 eksemplar til 176 000. Nedgangen var mindre for dei språkblanda avisene, frå 145 000 til 139 000 eksemplar. Rekna i prosent av alle norske aviser styrkte derimot nynorskavisene posisjonen. Dei reine nynorskavisene stod for 6,3 prosent av samla opplag i 1996 og auka til 8,1 prosent i 2014, og dei språkblanda avisene auka sin marknadsdel frå 4,9 prosent i 1996 til 6,4 i 2014. Alt i alt var dette ein auke frå 11,2 prosent i 1996 til 14,5 prosent i 2014.

Dei største nynorskavisene i 2000 var også størst i 2014, men rekkjefølgja endra seg noko (tabell 15.2.9 og 15.2.10). Firda var desidert størst i 2000, men avstanden til avis nr. 2 skrumpa kraftig inn, og i 2014 var Dag og Tid på veg til å bli den største nynorskavisa. Det same skjedde for dei

²¹⁵ Ottar Grepstad: *Avisene som utvida Noreg*, Oslo 2010, s. 278.

²¹⁶ Berge Furre ofl.: *Målreising 1967*, Oslo 1967, s. 56.

språkblanda avisene. Sunnmørsposten var suverent størst tidleg på 2000-talet, men i 2014 hadde avstanden til Vårt Land på 2. plass skrumpa frå nær 9000 eksemplar til vel 3000. I det første tiåret på 2000-talet peika opplagspila oppover for mange av avisene på denne lista, etter det berre for to – Dag og Tid og Klassekampen.

I nynorskpressa er der tre riksdekkjande publikasjonar, skipa mellom 1887 og 1962. Dei er alle store på sine område, men små i marknaden. Norsk Barneblad er det eldste nynorske bladet som framleis kjem ut; det er også eitt av dei eldste barneblada i verda. Syn og Segn er på si side blant dei eldste kulturtidsskrifta i landet, medan Dag og Tid er den einaste landsdekkjande avisa som er redigert på nynorsk.

Dag og Tid hadde frå 1970-åra eit nettoopplag mellom 6500 og 7500 (tabell 15.2.3). Frå og med 2002 auka opplaget kvart år. Det ligg ikkje føre tal for dei første ordinære driftsåra 1964–1969. Den opplagsveksten mange papiraviser fekk til i 1980- og 90-åra, var Dag og Tid ikkje ein del av, men i seinare år har altså avisa auka opplaget jamt og stødig, medan dei fleste avisene då minka opplaga sine. I ein avismarknad prega av store svingingar over tid har Dag og Tid greidd å drive stabilt, men med små marginar.

Mellom 1970 og 2008 heldt Dag og Tid opplaget stabilt. For Syn og Segn og Norsk Barneblad rasa opplaget nedover i det same tidsrommet. Det allmennkulturelle tidsskriftet Syn og Segn gjekk frå 10 100 tingarar i 1970 til om lag 2500 frå midten av 1990-åra (tabell 15.2.2). Der har opplaget stabilisert seg. Syn og Segn er medlemsblad for Litteraturselskapet Det Norske Samlaget, og dei same tala vil difor finnast i tabell 19.1.1. Etter at Syn og Segn passerte Samtiden ein gong i 1960-åra, heldt det likevel lenge posisjonen som det største allmenne kulturtidsskriftet i landet.

For Norsk Barneblad er tidlegare publiserte oversyn vesentleg utvida og oppdatert i denne utgåva, og er no så påliteleg som det kan bli også for dei første tiåra (tabell 115.2.1). For tidsrommet 1988–2010 ligg det føre to sett av opplysningar. Alt i 1916 hadde bladet passert 10 000 i opplag. Norsk Barneblad hadde eit høgt og stabilt opplagstal i to mannsaldrar, frå om lag 1920 til ut på 1980-talet. Den nedgangen som tok til etter 1980, er først blitt stoppa dei aller siste åra. Opplaget fall frå 11 300 i 1970 til om lag 3000 i 2006, og der har utgivarane no greidd å stabilisere drifta.

Dei store opplaga i nynorsk publisistikk er det julehefta som står for. Det ligg føre systematisk dokumentasjon for åra frå og med 1988 (tabell 15.2.5). Frå og med 2006 er opplagstala erstatta med pålitelege salstal. Opplaget for Smørbukk fall frå 90 000 i 1988 til 53 000 i 2005. For Tuss og Troll var nedturen mindre bratt; frå 65 000 til 40 000. Tilfeldige opplysningar i ymse skrifter peikar i retning av at Smørbukk på det meste har hatt eit bruttoopplag på om lag 100 000 eksemplar. Kring 1920 var Juletre, juleheftet til Norsk Barneblad, oppe i 50 000 eksemplar. Også for dette bladet har fallet vore stort i seinare år.

Storleiken på bruttoopplaga seier ikkje alt. Iallfall i seinare år er om lag halvparten av opplaget blitt selt. Frå 2005 til 2014 auka salet av Smørbukk frå vel 26 000 til over 31 000, medan Tuss og Troll låg stabilt kring 16 000 selde eksemplar.

15.3 Nynorsk og bokmål i aviser

Ein del aviser tok til på bokmål og enda i nynorsk. I alt er det registrert språkskifte til nynorsk for 23 aviser mellom 1890 og 2004 (tabell 15.3.1). Berre fire av desse gjorde det etter 1945. Kor mange som har gått andre vegen, er ikkje kartlagt, men frå midten av 1990-åra har også nokre få aviser gått frå å vere nynorskavis til å vere redigert på begge språka eller på bokmål. Trønderbladet gjekk såleis over til bokmål etter at Adresseavisen kjøpte avisa frå Åsmund Snøfugl i 1996.

Det eldste oversynet over fordeling av stoff på nynorsk og bokmål i 15 blad og aviser skriv seg frå åra 1929–1931 (tabell 15.3.2). Bruken av nynorsk strekte seg sjeldan lenger enn til ein-to prosent sjølv i blad som ein ville tru stod den nynorske tradisjonen nær.

Frå første dag i 1930-åra var NRK med og gjorde nynorsk til eit språk for Dagsnytt og aktuelt. Det har dei gjort med så stor kraft og med så høg kvalitet at kommersielle radio- og fjernsynsstasjonar utan nokon systematisk språkpolitikk bruker til dels mykje nynorsk i nyheitssendingane sine. Særleg gjeld dette TV2 og P4. Tendensane er dokumenterte i kapittel 14.

I avisene har aldri nynorsken fått nokon slik posisjon utanfor dei reint nynorskredigerte avisene og i tospråklege aviser. I 1959 stod nynorsken ganske lågt i kurs mange stader. Ei undersøking av avisspråket dette

året avdekte ei sterk gettofisering av nynorsken sjølv i aviser som vende seg til lesarane i nynorske kjerneområde (tabell 15.3.5). Dette er den einaste eldre, større granskninga av språk i avisene. Lesarane gav sjølv nynorsken plass ved å bruke språket i mange lesarinnlegg. Avisredaksjonane brukte gjerne nynorsk i bygdenytt, men for innanriksnytt var dei i stor grad avhengige av kva språk Norsk telegrambyrå (NTB) brukte. Då som no var NTB ein bokmålsinstitusjon. Dette viste særleg att i ei undersøking av Sunnmørsposten frå 1992, der det var nesten like mange artiklar frå NTB som det var nynorskartiklar i avisa (15.3.11).

Ei av dei avisene som blei undersøkte i 1959, var Sunnmørsposten. Språkfordelinga i denne avisa blei også undersøkt i 1989 og 1992 (tabell 15.3.9). Frå 29 prosent nynorsk i 1959 gjekk avisa til 23 prosent nynorsk i 1989 og 28 prosent i 1992. Kjeldegrunnlag og metode kan vere grunnen til skilnadene mellom 1989 og 1992.

Avisa har altså halde ein ganske høg nynorskprosent i meir enn 50 år. Inga vestlandsk regionavis har ein større stoffdel på nynorsk enn Sunnmørsposten. I 1992 var 23 prosent av stoffet i avisa på nynorsk (tabell 15.3.11). Jamført med andre språkblanda aviser er det mykje. Jamført med marknadsgrunnlaget er det lite. I 1992 gjekk om lag 30 000 av det samla opplaget på 39 000 til lesarar med nynorsk som opplæringsmål. Derimot var to tredelar av artiklane på bokmål, og tre firedelar av notisane. Sunnmørsposten laga ei avis med 70 prosent bokmål i eit distrikt der berre vel 20 prosent av lesarane hadde hatt bokmål som opplæringsmål. Det mest uventa var tendensen til at bokmål var mindre brukt enn nynorsk i næringslivsstoffet i avisa.

Ei av avisene frå 1959-materialet, Dagen, var også blitt undersøkt i 1931 (tabell 15.3.3). På nær 30 år auka avisa bruken av nynorsk frå 5 prosent til 12 prosent. Også Bergens Arbeiderblad, no Bergensavisen, blei undersøkt desse to åra. I denne avisa auka bruken av nynorsk frå 2,6 prosent nynorsk i 1931 til 8,0 prosent i 1959. For fem region- og riksaviser kan bruken av nynorsk og bokmål i 1959 jamførast med 1980 og 2005 (tabell 15.3.4). Både Nationen og Vårt Land brukte vesentleg meir nynorsk i 2005, men Dagen og Stavanger Aftenblad brukte vesentleg mindre.

Ei meir omfattande kartlegging av bokmålsaviser ligg føre frå 1977 (tabell 15.3.6). Der var det sju aviser som hadde minst 20 prosent av stoffet på nynorsk. Ei av dei var Bergens Tidende, der 29 prosent av stoffet var

på nynorsk. Frå og med 1991 førte avisa språkstatistikk for alt redaksjonelt stoff, medrekna lesarbrief. Det er ikkje kjent at noka anna avis gjer det same. Materialet blei for første gong publisert i *Nynorsk faktabok 2005* og blei i *Språkfakta 2010* oppdatert til og med 2008. Årleg publiserte avisa då godt og vel 40 000 artiklar. Om lag 37 000 av desse var på bokmål, og kring 4000 på nynorsk. Avisa låg i desse åra såleis ganske stabilt kring ni prosent nynorsk. Det var mykje mindre enn i 1977, og mindre enn i 1959, då 13 prosent av stoffet var på nynorsk (tabell 15.3.5). Etter 2008 fall språkmerkinga bort i ein av rasjonaliseringsrundane, og tabellen er dermed avslutta.

Bergens Tidende er storavisa på Vestlandet. I den landsdelen brukte i 2005 21 prosent nynorsk, og 13 prosent skreiv like gjerne nynorsk som bokmål (sjå kapittel 4). Det vil seie at Bergens Tidende bruker mykje mindre nynorsk enn språkvanane hos lesarane skulle tilseie. Då er det kanskje heller ikkje så rart at berre ti prosent av lesarane tidleg på 2000-talet meinte det var for mykje nynorsk i avisa – like mange meinte det var for mykje bokmål.²¹⁷ Sju av ti lesarar meinte i 2013 at nynorsk er viktig for Bergens Tidende, færre enn før reagerer på nynorsk i avisa og fleire forsvarer bruken av nynorsk.²¹⁸

Tendensen er ganske tydeleg: Dei språkdelte avisene bruker om lag like mykje nynorsk no som dei gjorde for fleire tiår sidan. Samstundes er det blitt fleire språkdelte aviser, og dei har styrkt marknadsposisjonen sin. Sjølv om langt færre elevar har nynorsk som opplæringspråk no enn før, blir det brukt mykje nynorsk i ulike samanhengar. Truleg er dette grunnen til at ei rekkje aviser i dag er redigerte på både nynorsk og bokmål.

I 1970-åra voks kritikken mot dei riksavisene som ønskte å vere redigerte berre på bokmål. Ei spørjeundersøking viste at dei to avisene som brukte ein del nynorsk, Nationen og Vårt Land, hadde fleire nynorskbrukarar blant lesarane sine enn dei andre avisene (tabell 15.3.7). Omrekna til absolutte tal var det likevel VG og Dagbladet som hadde flest nynorskbrukarar blant lesarane sine. Ved å kombinere kjende opplysningar synte tabellen at blant dei 2,2 millionar som las dei seks norske riksavisene

²¹⁷ Informasjon frå Olav Kobbeltveit i Gjert Kristoffersen ofl.: *Språk i hundre!*, Oslo 2005, s. 44.

²¹⁸ Sjefredaktør Gard Steiro på seminar i Landssamanslutninga av nynorsk kommunar på Voss 24.4.2013, eigne notat.

i 1977, brukte om lag 130 000 nynorsk. Særleg ekspansjonen til VG i tiåra etterpå gjorde truleg talet for den avisa mykje høgare.

Til pressa høyrer også dei allmenne kulturtidsskrifta. Dei siste tiåra har det kome ut mange slike kulturtidsskrift i Noreg. Denne typen publikasjonar er ustabile, dukkar brått opp og forsvinn gjerne like fort. Ganske få kulturtidsskrift har stabil drift i mange tiår, som Syn og Segn. Ei omfattande undersøking frå 1987 av 49 slike tidsskrift syner at dei språkleg sett skil seg lite ut frå pressa generelt. 12 prosent av bidraga i tidsskrifta var på nynorsk, 6 prosent på svensk eller dansk, og 82 prosent på bokmål.²¹⁹ Liknande undersøkingar finst førebels ikkje for fagpressa eller vekepressa.

I 1977 var 27 nynorskaviser medlemmer i Norske Avisers Landsforbund (no Mediebedriftenes Landsforbund). Desse stod for 5,6 prosent av det samla opplaget frå medlemsavisene (tabell 15.3.8). 20 språkblanda aviser med minst 2,5 prosent nynorsk stod for 14,4 prosent av opplaget. Det vil seie at 20 prosent av dei organiserte avisene stod for så godt som heile det samla tilbodet av avisstoff på nynorsk i 1977.

Mot slutten av 1990-åra representerte Norske Avisers Landsforbund vel 60 prosent av det samla nynorskopplaget, mens Landslaget for lokalaviser stod for 60 prosent av avisene som er redigerte på nynorsk (tabell 15.9.15). Dei fleste avisene som er redigerte på begge språka, var og er med i Mediebedriftene. Denne situasjonen viser att ved at Landlaget for lokalaviser lenge var blant dei få privatdrivne nettstadene med ein nynorsk meny. Dokumentasjon ordna etter avisorganisasjon er ikkje ført vidare.

Blant lesarane er meiningane delte om bruk av nynorsk og bokmål i pressa, men den tydelege tendensen er at eit fleirtal ikkje ønskjer meir nynorsk i riksavisene (sjå kapittel 5.4). Her slår mange sosiale og kulturelle konvensjonar inn til fordel for status quo. Sjølv ein del nynorskbrukarar stiller seg på sida av spørsmålet. Noko heilt anna er det at ingen veit om få, nokre, mange i det fleirtalet som ønskjer bokmålsredigerte aviser, ville reagere med kjøpsstopp viss Aftenposten, VG og Dagbladet faktisk blei redigerte som tospråklege aviser, og om nokon fleire då ville

²¹⁹ Sigve Gramstad: *Norske kulturtidsskrift 1986*, Oslo 1987.

kjøpe avisene nettopp fordi dei var blitt språkblanda. Det er også eit faktum at språkblanda aviser, særleg regionavisene, bruker mindre nynorsk enn marknaden skulle tilseie.

15.4 Nynorskpresse

Frå den første i 1858 er det til og med 2014 blitt skipa minst 159 nynorske aviser.

Mange tusen bøker var trykte på dansk då dei første nynorskskriftene kom kring 1850, og avislesarane hadde i fleire tår hatt sine norsk-danske dagsaviser då A. O. Vinje gav ut første nummeret av Dølen i 1858. Det tok tid før dette eine bladet blei til mange. Då Ivar Aasen døyddde i 1896, var det blitt skipa åtte aviser redigerte på landsmål. Frå 1858 til 2014 kom minst 159 slike aviser i gang (tabell 15.4.1). Halvparten av desse, 80 i talet, blei etablerte før 1945, med tiåra 1920–39 som den store tida for landsmålspressa. Over halvparten av alle nynorskavisene før 1945 blei skipa i det intense tiåret.

I 2014 var 65 aviser redigerte på nynorsk eller nynorsk og bokmål. Desse var mykje meir spreidde geografisk no enn for hundre år sidan. Nynorskredigerte aviser kom då ut på meir enn 50 stader i ti fylke, mot utgivingar i tre fylke i 1900. *Språkfakta 2010* dokumenterte også kva nynorskavisar som kom ut i 2010 (tabell 15.4.6). Dei fleste nynorskavisene var ganske unge. To tredelar av dei avisene som kom ut i 2014, var skipa i 1970 eller seinare.

1800-talet igjennom var mest alle avisene i vest redigerte og skrivne på dansknorsk. Utover på 1900-talet blei fleire aviser tospråklege, og svært mange er i dag eittspråkleg nynorske – som oftast med ganske låge opplagstal.

Dag og Tid var i 2015 den nynorske riksavisa som har vore lengst i drift. Den 17de Mai heldt det gåande i 42 år mellom 1894 og 1935, men i 2015 var Dag og Tid inne i sin 53. årgang. Journalistisk blei avisa raskt viktig, men økonomisk var vilkåra marginale i fleire tiår etter dei første prøvenummera i 1962. Utover på 2000-talet blei drifta stabil, opplaget voks kvart år, og inntektene auka. Nøkkeltal ligg føre for nesten alle driftsåra (tabell 15.4.2). Med marknadsinntekter på nær 19 millionar i 2014 var det berre Det Norske Teatret (53 millionar) og Det Norske Samlaget

(35 millionar) av nynorskinstitusjonane som hadde større marknadsinntekter.

Som språkleg motvekt til NTB har Nynorsk Pressekontor (NPK) spelt ei viktig rolle sidan skipinga i 1969. Eit samla oversyn over verksemda ligg føre frå og med 1972 (tabell 15.4.3). Frå 2007 blei drifta av NPK integrert i NTB, men med eige driftsstyre for NPK. Dette gav nye utvegar for NPK, som produserte nesten tre gonger så mange saker i 2014 som i 2010, medan samla inntekter auka mykje mindre. Den pressa medieøkonomien gjorde at talet på kundar gjekk noko ned i det same tidsrommet, men dei som brukte NPK, fekk altså svært mykje meir å velje mellom.

Syn og Segn har eit forlag å stø seg til. Norsk Barneblad har eit fond frå tidlegare gullår å tære av, så lenge det varer. Desse to institusjonelle og økonomiske ankerfesta har vore nødvendige føresetnader for drifta av blada. Den geografiske spreinga av Dag og Tid og Syn og Segn i 2004 og 2012 viser at begge publikasjonane har om lag 40 prosent av tingarane sine i Oslo eller Hordaland (tabell 15.4.4).

I 2004 hadde Dag og Tid 48 prosent av tingarane sine på Austlandet og 32 prosent på Vestlandet, medan Syn og Segn hadde 39 prosent på Austlandet og 40 prosent på Vestlandet. Dette endra seg lite til 2012. For begge publikasjonane var altså utbreiinga på Austlandet mykje støre enn bruken av nynorsk i denne landsdelen skulle tilseie; i 2005 brukte mindre enn 4 prosent av innbyggjarane på Austlandet nynorsk (sjå kapittel 4) Det er sannsynleg at både avisa og tidsskriftet har ein del tingarar som til vanleg bruker bokmål, særleg Dag og Tid.

For 2010 ligg det føre redaksjonelle nøkkeltal for nynorskavisene, presentert i årstale nr. 10 om tilstanden for nynorsk skriftkultur (tabell 15.4.5).²²⁰ Det året arbeidde 726 personar i dei 59 avisene som formelt var redigerte på nynorsk. Størst var Firda med 64 tilsette, minst var Samningen med tre. Berre fem aviser hadde meir enn 30 tilsette, og over halvparten hadde færre enn ti. Miljø med mindre enn 10–12 personar blir før eller seinare for spinkle. Der ligg nivået for kritisk masse. Som andre nynorskinstitusjonar er altså mange nynorskaviser i minste laget. Sett under eitt utgjorde derimot nynorskpressa eit mykje større miljø for språkproduksjon enn NRK.

²²⁰ Ottar Grepstad: *Draumen om målet*, Oslo 2010, s. 332 f.

Halvparten av medarbeidarane i 2010 arbeidde redaksjonelt. Kvar veke produserte desse 362 redaktørane og journalistane stoff på nynorsk som blei publisert på papir og/eller nett. Kvar veke gav nynorskavisene ut over 120 nummer med meir enn 3000 avissider. Annonsar fylte om lag 30 prosent av desse sidene. Av dei sidene som då var att, gjekk inntil 40 prosent bort i illustrasjonar. Vidare må tekst på bokmål trekkjast frå. Summen av dette nokså stødige reknestykket blei at nynorskavisene kvar veke gav lesarane minst 1150 avissider nynorsk tekst. Varsamt rekna svara det til om lag 8600 boksider i romanformat. Gjennom eit heilt år publiserte desse avisene dermed ei tekstmengd på nynorsk som ville fylle godt over 2100 bøker. Kring 2010 kom det årleg ut vel 500 bøker på nynorsk (tabell 16.1.2).

Lokalavisene er ikkje små. Dei er større enn alle andre, språkleg sett. I allfall i 2010 gav Firda lesarane sine om lag 2000 heile avissider nynorsk, Sunnmørsposten 1000 og Bergens Tidende 800 sider. Utanfor offentleg forvaltning var dagsavisa Firda den største produsenten av nynorsk tekst.

Etter 2010 har dei fleste medieverksemdene redusert talet på redaksjonelle medarbeidarar, men NK har auka. I 2015 publiserte nok dei fleste avisene mindre stoff på papir enn i 2010. Omfanget av denne digitale stoffproduksjonen var ukjent.

15.5 Pressestøtte

Mange aviser får pressestøtte, men det meste går til nokre få aviser, og støtteordninga har fått utilsikta verknader til fordel for det språklege mangfaldet i Noreg.

Mellom 2000 og 2014 har om lag 150 aviser fått direkte offentleg støtte (tabell 15.5.2). Om lag to av tre aviser får slik støtte. Talet på aviser med støtte ordna etter redaksjonsspråk viser få endringar i perioden.

Frå og med 2000 er pressestøtta dokumentert på avisnivå annakvart år (tabell 15.5.8, 15.5.9, 15.5.10, 15.5.11, 15.5.12, 15.5.14, 15.5.15 og 15.5.16). Desse tabellane viser små strukturendringar frå år til år. Nokre aviser har kome inn på ordninga, andre har falle utanfor eller har gått inn. Den mest interessante endringa i pressestøtta gjeld fordeling etter redaksjonsspråk.

I 2000 gjekk 7,1 prosent av all direkte støtte til nynorskaviser og 14,2 prosent til språkblanda aviser (tabell 15.5.7). I takt med endringane på

avismarknaden var dei tilsvarande prosenttala 7,7 og 27,2 i 2014 (tabell 15.5.13). Ein vesentleg større del av den samla pressestøtta til norskspråklege aviser gjekk altså til aviser som fremja det språklege mangfaldet i 2014 enn i 2000 – 35 prosent i 2014, mot vel 21 prosent i 2000.

Med eit par unntak var dette inga politisk tilsikta utvikling

Pressestøtte blei innført i to former i 1969. Stortinget vedtok at aviser skulle vere fritekne for den nye meirverdiavgifta frå 1970, etter at dei like sidan 1935 hadde vore fritekne for omsetningsavgift. Likeins vedtok Stortinget å innføre ei ordning med selektiv støtte til aviser. Bakgrunnen for dette var at ei rekkje aviser hadde gått inn i 1950- og 60-åra. På denne tida var den norske avismarknaden prega av partipresse, og særleg var det mange Ap-aviser som gjekk dårleg økonomisk. Pressestøtta blei innført for å halde oppe ei partipolitisk differensiert partipresse. Både på litteraturfeltet og avisfeltet innførte dermed Stortinget i 1960-åra ein ny og meir resultatretta støttepolitikk (sjå kapittel 16).

Den første tida var tilskotet ei subsidiering av avisopplag. Seinare blei ordninga endra til direkte produksjonstilskot, og ordninga blir i dag forvalta av Medietilsynet. Dette produksjonstilskotet skal gå til «økonomisk vanskeligstilte aviser og aviser med små opplag», heiter det i forskrifta. Det meste av støtta går til aviser med mindre enn 80 000 i nettoopplag og som er nr. 2 i opplag på utgivingsstadene sine, og til lokalaviser med mindre enn 6000 i opplag. Nr. 2-avisene må kome ut minst to gonger i veka, lokalavisene minst ein gong i veka. Løyvinga blir rekna ut frå mekaniske kriterium som opplag, frekvens og geografi. Etter 1969 har det vore gjort mange endringar og partipolitiske kompromiss med taktiske tilpassingar av kriteria.

Eit offentleg utval under leiing av Yngve Slettholm la i 2010 fram ei utgreiing om pressestøtta. Det hadde vore laga mange utgreiingar om dette emnet i tiåra før. Det viktigaste spørsmålet denne gongen var om støtteordningane skulle vere like for papirutgåver og digitale utgåver, og kva slags reglar som skulle gjelde for mva. Som i tidlegare utgreiingar var den språklege sida av saka ikkje nemnd.

I alt løyvde staten 184 millionar til aviser i Noreg i 2000. Denne summen hadde auka til 319 millionar i 2014. Den geografiske sida av saka er interessant. I 2000 gjekk 80 millionar eller 43 prosent av all pressestøtte til aviser utgitt i Oslo. I 2014 gjaldt dette 156 millionar, eller 49 prosent. Frå 1997 (tal for 2000 er ikkje rekna ut) til 2014 fall opplaget for Oslo-avisene

frå vel 1,2 millionar til vel 700 000. I prosent av samla avisopplag minka marknadsdelen for Oslo-avisene frå 41 til 34 i det same tidsrommet. Då opplaga fall som mest for aviser utgitt i Oslo, auka den direkte støtta mest til aviser utgitt nettopp i Oslo.

Det andre hovudfylket for utgiving av aviser er Hordaland. I 2000 gjekk 35 millionar i pressestøtte til aviser i det fylket, mot 67 millionar i 2015. I prosent auka Hordaland sin del frå 19 til 21. Det rimar betre med opplaget, der Hordalands-avisene auka marknadsdelen frå sju prosent i 1997 til ni prosent i 2014.

Framgangen for dei språkblanda avisene gjorde det største utslaget.

Presset mot nynorsk skulemål er størst i det som blir kalla rand-sonene, det vil seie distrikta utanfor dei nynorske kjerneområda. Nettopp i desse randsonene har truleg pressestøtta sin viktigaste misjon. År om anna går om lag 15 prosent av pressestøtta til reine nynorskaviser til aviser i Rogaland, Telemark og Oppland. Her var pressestøtta med og heldt oppe nynorsk som eit nasjonalt språk, og gjorde alternativ sidemålsundervisning mogleg.

Lenge var der ei særordning for «meningsbærende aviser». I 2008 fekk fem aviser støtte på det grunnlaget: Dagsavisen, Dagen, Vårt Land, Nationen og Klassekampen. Det året fekk desse fem avisene i alt 131 millionar i støtte. Det utgjorde heile 46 prosent av den samla direkte støtta til aviser i 2008. Ordninga blei seinare justert, men i 2014 fekk dei same fem avisene 182 av 336 pressestøttemillionar: 53 prosent.

Den direkte statsstøtta til aviser er i praksis fleire ordningar. Den største er det som gjerne blir kalla den ordinære pressestøtta. Viktigast er likevel den ordninga som inneber at avisene på visse vilkår er fritekne for meirverdiavgift. I 2008 utgjorde dette fritaket ein verdi på 2,26 millionar.²²¹ Med minkande opplag har denne delen av pressestøtta minka i åra etterpå, men summen er framleis stor.

Ei støtteordning for periodiske publikasjonar tok gradvis form frå 1980. Tildelingane er dokumenterte frå og med 2000 (tabell 15.5.5 og 15.5.6.)

Ordninga tok til som ad hoc-vedtak for enkeltpublikasjonar i Stortinget, med dei partipolitiske kompromissa dette innebar. Frå å vere ei ordning for «Visse publikasjoner» fekk ordninga seinare namnet «Ymse

²²¹ *NOU 2010:14*: Lett å komme til orde, vanskelig å bli hørt – en moderne mediestøtte, s. 41.

publikasjoner». Frå og med 2007 tok Norsk kulturråd over forvaltninga av ordninga og gav den først namnet «Periodiske publikasjoner», seinare «Vekepresse».

Stortinget hadde i 26 år tildelt midlane utan retningslinjer. Norsk kulturråd vedtok dei første retningslinjene for støtteordninga i 2008, og desse tok til å gjelde frå og med 2009. Retningslinjene følgde mandatet for Norsk kulturråd og bygde difor på ei vurdering av redaksjonell kvalitet utan å ta stilling til meiningsinnhaldet i publikasjonane. Dette var kontroversielt i presse miljøet, og i 2012 bad Kulturrådet om at Medietilsynet tok over ordninga. Regjeringa Solberg førebudde ei slik flytting i 2015 med verknad frå 2016.

Støtta skulle frå 2009 gå til aviser som er redigerte på norsk, bokmål og/eller nynorsk, og til aviser med eit minoritetsperspektiv som heilt eller delvis er redigerte på norsk. I alt fekk 16 aviser midlar frå denne budsjett-posten i åra 2000–2009. Berre seks aviser fekk støtte i alle desse åra. Blant desse auka støtta til den kvensk norske avisa Ruijan Kaiku mest i prosent, medan auken i kroner lenge var størst for Dag og Tid. Etter 2010 jamna dette seg ut.

Den språklege prioriteringa Kulturrådet gjorde, blei ført vidare til den nye ordninga i regi av Medietilsynet, fastsett av regjeringa Solberg.

Samiske aviser har ei eiga støtteordning (tabell 15.5.3). Denne ordninga dekkjer aviser på samisk og aviser som skriv på norsk om samisk. Inga pressestøtteordning auka meir enn denne i åra 2000–2014. 8 millionar i 2000 var i 2014 blitt til 25 millionar. Då dei to avisene Assu og Min Aigi i 2008 gjekk saman til den nye avisa Avvir, utløyste dette ei løyving frå staten på 10,6 millionar. Det gjorde den nye avisa til ei av dei største enkeltsatsingane på samisk kultur i Noreg, sjølv om opplaget i 2008 berre var på vel 1200 eksemplar (tabell 15.5.12).

Der var lenge også ei eiga støtteordning for minoritetskulturelle publikasjonar (tabell 15.5.4). Denne blei avvikla frå og med 2015. Det er ukjent om alle dei minoritetskulturelle publikasjonane kan reknast som aviser, men ordninga høyrer likevel med her. I alt fekk 11 ulike publikasjonar støtte i åra 2000–2008. Det spesielle i denne ordninga er at Statens medietilsyn etter kontroll stoppa løyvingane til fire publikasjonar frå og med 2007. Dokumentasjonen er ikkje oppdatert etter 2008.

Der er éi privat støtteordning i norsk presse. Riksfondet for nynorsk presse blei skipa i 1964. Dette er i røynda ei systematisk kronerulling der

dei innsamla midlane blir løyvde til ulike nynorske blad og aviser. Frå 1964 til 2013 hadde fondet løyvt 5,4 millionar i nominelle kroner (tabell 15.5.1). Med ei omrekning av gjennomsnitt for kvart tiår til 2015-kroner utgjer dette 13,3 millionar. Godt og vel to tredelar eller ni millionar var løyvt til Dag og Tid.

15.6 Utdanning

Det var nynorskmiljøet som i 1919 etablerte den første journalistutdanninga i Noreg, Bladmannaskulen.²²² Først i 1951 kom det neste tilbodet, Journalistakademiet i Oslo. Frå 1970-åra utvikla fleire universitet og høgskular utdanningstilbod. Den språklege sida av saka har aldri vore undersøkt.

I 2013 kom Nynorsk avissenter i gang i Førde, etter modell av NRK Nynorsk mediesenter (sjå kapittel 14.3). Til og med 2015 hadde Nynorsk avissenter utdanna 20 praktikantar (tabell 15.6.1). Dei kom frå 18 kommunar i seks fylke, og tre av fire var kvinner.

15.9 Historisk statistikk

Både for blada og avisene var dei tre tiåra 1910–1939 stordomstida. Det ligg føre ein stor firebandsbibliografi over skrifter på nynorsk og bygdemål 1646–1938, og fleire mindre arbeid. Knapt nokon bibliografi er komplett. Det var heller ikkje to oversyn for tidsrommet 1858–1938 som i ein første versjon blei publiserte i *Nynorsk faktabok 2005*, ordna etter utgivingsår og etter tittel (tabell 15.9.2 og 15.9.3). Avgrensinga til 1938 er nødvendig fordi seinare kjelder ikkje var ordna etter språk, og dokumentasjonen femner om 327 aviser og blad.

Kvart tredje blad blei starta i tiårsperioden 1916–25 (tabell 15.9.1). Det vil seie at både i blad og aviser var det dette tidsrommet som var det store. Mange nynorske blad har hatt kort levetid, men fram mot 1940 ser det ut til at kom dei seg først gjennom 1930-åra, kunne dei halde det gåande lenge. Derimot er altså dei fleste nynorskavisene av yngre dato.

²²² Ottar Grepstad: *Avisene som utvida Noreg*, Oslo 2010, s. 131.

Fire fylke skil seg klart ut på utgiversida. To av tre nynorske blad og aviser i tidsrommet 1858–1938 blei utgitt i Oslo, Hordaland, Sogn og Fjordane eller Møre og Romsdal. I denne tida kom det ut fleire blad i Sør-Trøndelag enn i Rogaland. Først i 1920-åra passerte talet på nynorske blad 100. Då nynorsk var blitt svært utbreidd i skulen, blei det også ein større marknad for publikasjonar på nynorsk.

Dei mange blada som kom ut mellom 1858 og 1938, hadde jamt over eit meir sosialt avgrensa nedslagsfelt enn avisene. Blada var gjerne meir knytte til institusjonar enn til geografiske område, og kunne difor nå ut til lesarar mange stader i landet. Dei fleste blada heng difor saman med utbygginga av eit organisasjonssamfunn.

Slike periodiske skrifter har vore vel så viktige i oppbygginga av den nynorske skriftkulturen som bokmediet har vore. Der aviser og periodiske skrifter kom til kort i litterær kvalitet og språkleg fornying, tok dei det att i utbreiing.

Talet på nynorskaviser auka jamt utover 1900-talet. I 1900 var berre åtte aviser redigerte på nynorsk (tabell 15.9.10). Det vil seie at fire prosent av avisene var nynorske. I 1932 kom det ut 282 aviser (tabell 15.9.13). 35 av desse var redigerte på nynorsk og to på begge språka. Det vil seie at 13 prosent av avisene i 1932 var nynorskredigerte.

I 1925 hadde Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal skilt seg ut med flest nynorskaviser (tabell 15.9.11). Den posisjonen har vore uendra, men mot slutten av 1900-talet blei også Rogaland eit fylke med mange nynorskaviser. I 2000 kom såleis åtte av ti nynorskaviser ut på Vestlandet. Utviklinga i Sogn og Fjordane er særleg interessant fordi nynorsk blei vanleg i bruk i skulen lenge før pressa i fylket var blitt nynorsk (tabell 15.9.5).

2010 vil i ettertid stå som det året då det kom ut fleire omfattande pressehistoriske oversynsverk, som *Norsk presses historie* i fire band. Ei av fruktene frå det arbeidet er at det blei mogleg å samle opplysningar om opplagstala for dei viktigaste nynorske publikasjonane mellom 1850 og 1900 (tabell 15.9.4). Blada var alle små i opplag, og vesentleg mindre enn publikasjonar på dansknorsk dei kan jamførast med.

Avisa Den 17de Mai kom ut frå 1894 til 1935, og var den viktigaste nynorskavisa særleg fram til 1913. I norske dagsaviser mangla nynorsken foffeste det meste av 1900-talet etter at Den 17de Mai byrja på den lange nedturen i 1920-åra (tabell 15.9.6). I åra 1911–1913 var dette truleg den

nest største dagsavisa i Noreg med om lag 11 000 i nettoopplag; i 1911 skal opplaget har vore notorialstadfesta til 13 729.²²³ Berre Morgenposten og Aftenposten var då større – i bruttoopplag.

Ole Dalhaug har gjennomført eit ufatteleg arbeid med å registrere alt redaksjonelt og merkantilt stoff i avisa fram til då. Det vil seie at han har registrert over 47 000 artiklar. Noko av den statistiske essensen blei presentert i *Nynorsk faktabok 2005* (tabell 15.9.7, 15.9.8 og 15.9.9). Dokumentasjonen synte at stoffet truleg var blitt skriva av meir enn 1300 ulike personar. Kvar fjerde artikkel var skriven av redaktøren, Rasmus Steinsvik. Berre fram til 1907 skreiv han over 12 000 artiklar.

I ei doktoravhandling frå 2009 sneia Oddmund L. Hoel innom pressehistoria. Der dokumenterte han mellom anna partitilknytning for nynorskavisene 1920–1940 (tabell 15.9.12). Både i 1920 og i 1930 dominerte Venstre-avisene, men i 1940 var Bondepartiet blitt det største avispartiet på nynorsksida. Utan at Venstre-avisene var blitt færre.

Under arbeidet med *Avisene som utvida Noreg* dukka ein villfugl opp i form av opplag for fem av dei største vekeblada i 1949 (tabell 15.9.14). Størst var Hjemmet med over 255 000 eksemplar. Jamført med dette var Nynorsk Vekeblad med sine 26 000 eksemplar eit lite bladtiltak. Dei geografiske skilnadene er vel så interessante. Dei store vekeblada redigerte på bokmål hadde alle den viktigaste marknaden sin i Oslo. Dit gjekk 20–25 prosent av opplaga. Berre ein dryg prosent av opplaget til Nynorsk Vekeblad gjekk same vegen. Som det einaste bladet hadde Nynorsk Vekeblad eit fleirtal av lesarane sine på Vestlandet: 53 prosent. Rekna i absolute tal var det fleire som las Nynorsk Vekeblad enn Hjemmet i Sogn og Fjordane i 1949.

Postverket førte i si tid det dei kalla ei offisiell bladliste, eit oversyn over alle blad som blei spreidde gjennom posten. For året 1957 hadde dei registrert 1496 publikasjonar i denne lista.²²⁴ Av dette var 1344 eller 89,8 prosent på bokmål og 142 eller 9,5 prosent på nynorsk. Lista inneheldt også ein samisk publikasjon og ni på andre språk. Her ligg eit materiale som nok kan gi meir kunnskap for eit lengre tidsrom.

Nynorsk faktabok 2005 dokumenterte for første gong vist kva rolle region- og riksavisene spelar i dei nynorskprega områda (tabell 15.9.15 og

²²³ Arne Falk: *Frifant-epistlar*, Oslo 1969, s. 27 ff.

²²⁴ [Hans Aarnes] H. Aa.: «Noreg», *Norsk Allkunnebok*, band VIII, spalte 1128.

15.9.16). Største lokal-, region- og riksavis var med der det låg føre informasjon om marknadsdelane deira. Der det finst lokalaviser, når desse alltid ut til mange fleire husstandar enn både region- og riksavisene. I alt var ei nynorskredigert avis i 2004 den største lokal- og regionavisa i 26 av nynorskkommunane. Viktigast i så måte var Sunnmørsposten. I heile 77 prosent av dei 115 nynorskkommunane var dermed ei bokmålsredigert regionavis størst, men fleire av desse hadde likevel ein god del stoff på nynorsk.

I alle nynorskkommunane, som i resten av landet, var VG den største riksavisa i 2004. Dekningsprosenten varierte frå 6 prosent i Solund og 7 prosent i Sund og Meland til 30 prosent i Sogndal, 34 prosent i Lærdal, 36 prosent i Gol, 38 prosent i Hemsedal og heile 54 prosent i Bykle. Mest tankevekkjande var mønsteret i Sogn og Fjordane. Ikkje i noko anna fylke er bokmål mindre brukt enn nettopp her, same kva ein reknar på. I 20 av 26 kommunar i dette fylket var samstundes VG større enn jamvel den største regionavisa. Dette var elles berre tilfellet i Bykle og Eidfjord. Sogn og Fjordane fell mellom dei to stolane Firda som stor lokalavis og Bergens Tidende som lita regionavis, og mellom dei to stolane ligg nettopp VG. Dagbladet spelar derimot ei nokså ubetydeleg rolle i så godt som alle nynorskkommunane.

I dei fire vestlandsfylka selde VG kvar dag 84 000 eksemplar i 2004 (tabell 15.9.18). Det var like mykje som heile opplaget til den største avisa i vest, Bergens Tidende. Spreiinga var stor også i dei større byane på Vestlandet.

Tema: den nynorske riksavisa

Dag og Tid er den yngste riksavisa som blei til bortanfor all partimakt. Avisar har utfordra fleire enn ho hadde råd til, prøvt ut grensene for toleranse og har aldri hatt interesse av å gjere nokon til lags.

Den store nynorske riksavisa Den 17de Mai var blitt avvikla i 1935. I fleire tiår etterpå levde draumen om målet, draumen om storavisa. Lenge blei det berre med snakket i Noregs Mållag og andre miljø. Våren 1961 tok alvoret og handlekrafta over.

På eit møte i Bondeungdomslaget i Oslo gav veteranen Anton Beinset frå Den 17de Mai og Dagbladet klar beskjed. Det måtte bli ei søndagsavis, ikkje ei dagsavis. På nynorsk, ikkje om nynorsk. Ikkje nyheiter, men kommentarar. Ubunden, ikkje partipolitisk. Beinset fekk tilhøyrarane til å tenkje på eit nynorsk Newsweek. No rundar Dag og Tid 50 år på handfast papir. Newsweek er på veg over i den virtuelle røynda av nettstader.

I tidsrommet april 1962–mars 1963 kom tre prøvenummer. Frå september 1963 var avisa i det som til tider kunne minne om ordinær drift. Planen var laus, økonomien usikker og bemanninga uklar.

Dei som dreiv fram den nye avisa, hadde eit klart inntrykk av at bokmålspressa voks og nynorskpressa var i krise. I røynda var det omvendt. Frå 1950 auka talet på nynorskaviser, medan mange titals bokmålsaviser gjekk inn. Derimot hadde nynorskprosenten falle sterkt i grunnskulen etter den store flyttesjauen i 1950-åra.

I 1960-åra var målrørsla på veg ut av ei tidskonservativ bakevje og inn i den strie straumen av nye impulsar, utdanningsinstitusjonar og studentkull. Olja i Nordsjøen var enno ein løyndom, og ingen bokstavar hadde samla seg til ordet *pressestøtte*.

I pressa styrte partia som dei ville, og i målrørsla dreiv lagsbrukskapitalen med sitt. Å drive kaffistover og bondeheimar var ein gamal forretningsidé som enno kasta noko av seg for mållag og ungdomslag. Pengar frå desse lagsbruka måtte til om det skulle bli noka nynorsk riksavis. I mange lagsbruk hadde stivna målfolk søkt ly for røynda. Striast var Bondeungdomslaget i Oslo. Rikt som laget var på både vrangvilje og pengar, gjorde dei alt dei kunne for å hindre den nye avisa i å lykkast. Dei greidde det nesten.

Det trengst fem–ti millionar, hadde Beinset sagt. I staden blei driftsgrunnlaget ein aksjekapital på 155 000 kroner frå 848 aksjonærar. Dei pengane varte berre nokre månader. År om anna skreiv avisa ut nytteikning av aksjar, og som oftast var aksjekapitalen brukt opp før den var innbetalt.

I denne jojo-økonomien var viljen stor og aksjekapitalen liten. Den første tida abonnerte berre halvparten av aksjonærane på avisa.

Med unntak av 1966 var det raude tal kvart einaste år fram til 1975. Likevel vedtok utgivarane det eine underskotsbudsjettet etter det andre. Avisas baserte seg på vona om at pengar ville kome som ikkje fanst. Med

sitt nynorske blikk såg utgivarane berre det dei ville sjå. Dei vedtok framtida, men blei hindra av underskota i fortida.

Etter år med jojen som økonomisk styringsreiskap gjekk leiinga i Dag og Tid over til å rekne. Det hjalp. Etter tiår med prøving og feiling hadde disponentane finpusa systemet for styring av pengane. Saman med profesjonalisering av redaksjonen blei Dag og Tid ei moderne organisert og teknologisk solid avis. Tungvinte løysingar hadde dei ikkje råd til. Difor var det mogleg å satse nytt og sterkt på 2000-talet, både journalistisk og økonomisk.

Utover i 1970- og 1980-åra jakta avisa på annonsar frå statsforvaltninga og utvikla nye former for journalistikk i riksaviser. I ein redaksjon med få tilsette og arbeidstider bortanfor alle paragrafar laga Dag og Tid sidetjukke distriktsnummer som utfordra det som iallfall den gongen var ein ganske konfliktsky lokaljournalistikk.

Sidene blei fylte med så mange meiningar at ingen lesar på førehand kunne vite kva som blei tenkt på hi sida. Komande politikarar og andre makthavarar fekk ordet, og ingen partisekretær kunne vere trygg på kva som var i vente.

Ein av dei som sette standarden, var Per Øyvind Heradstveit. I 1964 var det ukritisk journalistikk som gjaldt. Heradstveit og medarbeidarane hans strauk u-en. I eit nummer tok dei for seg alle verva stortingsrepresentantane oppnemnde seg sjølve til. «Alle bein i denne sal», skreiv Dag og Tid over heile framsida. Dei folkevalde hadde aldri sett maken.

Avisa har hatt mange profilerte og originale journalistar – som den kyniske strategen Kjell Snerte, frifanten Arne Falk og den kritiske undraren Agnes Ravatn. Den fremste var nok Tor Gabrielsen. Han sette på trykk eit utkrope referat over fleire nummer frå eit debattmøte mellom Noregs Mållag og Riksmålsforbundet i Sarpsborg i 1976, og eit infamt, åtte sider langt referat frå Riksmålsforbundets årsmøte to år seinare. Målstriden blei aldri den same att.

I Dag og Tid skriv journalistane kvar på sitt vis og meir personleg enn i aviser flest. Det har gitt avisa eit variert uttrykk. Ein del lesarar følgde jamvel spesielle signaturar såpass nøye at det kunne føre til oppseiing når vedkomande slutta.

Draumen om målet var draumen om storavisa. I 1963 var målet 30 000 tingarar. Det tok 40 år å stabilisere opplaget på over 7000 eksemplar, og først etter 2010 låg opplaget stabilt over 10 000.

Usikre kjelder tyder på at avisa kan ha hatt 15 000 tingarar ved årsskiftet 1963/64. Tre år seinare var der berre 5500, og der blei opplaget liggjande lenge, mellom 5000 og 7500. Ein langtidsplan i 1985 skulle gi eit opplag på 10 000 eksemplar i 1990. Dei greidde 7074, men ti år seinare var avisa tilbake til 1985-nivået.

Endringa kom med meir systematikk og meir ambisiøs journalistikk på 2000-talet. Frå og med 2002 har Dag og Tid kvart år auka opplaget frå 6500 til 8700 i 2011. I oktober 2012 er opplaget kring 9400 eksemplar. Så høgt har ikkje avisa vore sidan året då Jonny Nilsson gjekk fortare enn alle nordmenn på skeiser, Einar Gerhardsen gjekk av som statsminister og nokon planla mordet på John F. Kennedy.

Som dei aller fleste nynorsktiltaka er Dag og Tid boren fram og finansiert av nynorskbrukarane og andre med sans for kulturelt mangfald. Viktigast har Riksfondet for nynorsk presse vore. I tidsrommet 1964–2013 hadde dette fondet overført ni millionar 2015-kroner til Dag og Tid (sjå kapittel 15.5). For ei avis som dreiv med stort akkumulert underskot like fram til 1990-åra, utgjer den summen skilnaden mellom konkurs og overlevingsevne.

Dag og Tid har først og fremst trykt meiningsprosa. Spaltelangs har det vore like mange meiningar i denne avisa som gatelangs i verda den vide. Bitre gamalnazistar, nyblinde ml-arar, distriktoptimistar og petimeter av alle slag: Ein årgang av denne avisa rommar eit ubehageleg innsyn i livet bak pannebraskane, særleg i tida før meiningsløysa viste sitt sanne andlet på Facebook.

Dag og Tid kom til verda då ein førestelt nynorsk fellesskap var forma, blei teken for gitt og verken trongst dokumenterast eller legitimerast. Avisa har følgd trusvedkjenninga frå Anton Beinset: *på nynorsk, ikkje om nynorsk*. Fekk redaksjonen kritikk for at avisa skreiv for lite om nynorskmiljøa, svarta redaksjonen at avisa ikkje ville inn i ei slik journalistisk tvangstrøye. Her møttest den allmenne profesjonaliseringa av norsk journalistikk og konsolideringa av ein nynorsk skriftkultur. Dag og Tid prøvde å vere både innanfor og utanfor ein førestelt nynorsk fellesskap.

Lenge var Dag og Tid eit økonomisk risikabelt prosjekt med ørsmå marginalar, samstundes som avisa iallfall i periodar knapt var på fleirtal med rådande haldningar i målrørsla. Avisa utfordra fellesskapen, men ikkje identiteten. Allmennpolitisk er avisa meir på linje med haldningane

hos lesarane og nynorskbrukarane i 2015 enn då dei første prøvenummera kom i 1962.

Omrekna til 2015-kroner hadde avisa ved utgangen av 2014 hatt ei samla omsetning på godt og vel 495 millionar. Av alle desse kronene kom 13 prosent som ulike former for pressestøtte. Resten kom frå lesarane og alle dei andre gode hjelparane.

Å byggje opp ei slik ny riksavis frå grunnen av er ein av dei største tankane i norsk presse etter 1960. No har Dag og Tid halde det gåande lengre enn noka tidlegare nynorsk riksavis. Svært mange papiraviser var på veg ned mot dei dalbotnane i opplag og økonomi då Dag og Tid tok til å vekse seg trygg. Denne avisa kunne berre målrørsla skipe og drive, trass alt. Kvar gong var det mange nok som ikkje gav opp.

Perspektiv: språkblind pressestøtte

Pressestøtta er eit indirekte tiltak i arbeidet med å styrkje norsk språk – og språk i Noreg. Der har aldri vore nokon føresetnad om at støtteordninga skal ha ei språkpolitisk retning. Dette kjem i så fall som ein utilsikta effekt. Den effekten er der i så stor grad at pressestøtta er det viktigaste enkelttiltaket i språkpolitikken.

Den første analysen av pressestøtta ut frå eit språkpolitisk perspektiv blei presentert i årstale nr. 1 om tilstanden for nynorsk skriftkultur hausten 2001. Der blei det dokumentert at Statens medieforvaltning fordelte 179 millionar i pressestøtte til norske aviser i 2000 (seinare korrigert til 184 millionar). Då var både den vanlege produksjonsstøtta og støtta til «visse publikasjoner» rekna med, men ikkje dei reint partipolitiske blada, heller ikkje støtta til pressekontor. Av desse midlane gjekk 10 millionar til aviser med nynorsk som redaksjonsspråk, 28 millionar til aviser med både nynorsk og bokmål som redaksjonsspråk, og 141 millionar til bokmålsaviser. Det vil seie at vel 21 prosent av pressestøtta i 2000 gjekk til nynorskredigerte aviser.

Det er pressa som når ut til flest lesarar og som flest les. Det vil også seie at pressa er språkpolitisk svært viktig. Likevel har Stortinget aldri drøfta pressestøtta i eit språkpolitisk perspektiv. Våren 2009 kommenterte rett nok for første gong alle partia kravet om at pressestøtte også må innebere språkkrav til mottakarane av pressestøtte. Den debatten var prega

av at det var stortingsval same året, og av at både pressa og politikarane gjorde problema større enn dei er.

Over tid har styresmaktene utforma selektive og målretta tiltak for nynorsk skriftkultur, men aldri for andre delar av nynorskpressa enn Nynorsk Pressekontor og Dag og Tid.

Sidan 1969 har Noreg halde seg med ein statleg pressestøttepolitikk. Offentlege utval har utgreidd saka i 1967, 1976, 1982, 1992, 2000 og 2010. I alle dei siderike dokumenta står det alt i alt berre eit par setningar om den språklege sida av saka.


Eitt av dei sterke argumenta avisbransjen aldri har brukt, er at avisene er viktige språkprodusentar. Truleg produserer ingen bransje i privat sektor meir tekst på norsk enn avisbransjen. Heller ikkje har avisbransjen sjølv framheva den kulturelle og språklege verdien av dei mange lokalavisene. Jamført med bokbransjen har avisbransjen plassert seg på sidelinja i arbeidet med å utvikle ein heilskapleg norsk språkpolitikk.

For den kunstnarlege og intellektuelle utviklinga har utan tvil bokmediet vore det viktigaste også i nynorsk skriftkultur. I større grad enn for bokmål har derimot utbreiinga av nynorsk vore avhengig av pressa. Nynorskpressa har vore den mest utbreidde skriftstaden for nynorsk og det vanlegaste lesestoffet for store brukargrupper. Pressa er eit viktigare medium for nynorsk skriftkultur enn for bokmålskulturen fordi så mange av avisene er redigerte på nynorsk og ein liten del av bøkene er skrivne på nynorsk.

Sjølv utan ei språkpolitisk linje er pressestøtta den kulturpolitiske støtteordninga som har mest å seie for produksjon og spreiring av lesestoff på nynorsk. All den tid pressestøtta ikkje har teke omsyn til den særskilde situasjonen for aviser på nynorsk, er det rein politisk flaks at pressestøtta har gitt norske lesarar eit slikt mangfald av aviser også på nynorsk.

Sommaren 2015 la Kulturdepartementet fram eit forslag til ny støtteordning for vekepresse. Der gjekk regjeringa Solberg inn for ei pressestøtteordning med språkpolitisk profil ved at det i den nye ordninga skulle takast øyremerkt omsyn til nynorsk. Det var første gongen i den historia om norsk presestøtte som tok til i 1969.

16 Bøker



Figur 16.1 Bøker utgitt i Noreg på nynorsk, bokmål eller engelsk 1900–2009. Tal titlar

Forlag av alle slag i Noreg gav i 2014 ut 9700 bøker og småskrifter. Av desse var 650 på nynorsk, 7200 på bokmål, 60 på samiske språk og 1600 på engelsk. Om lag sju prosent av bøkene var på nynorsk, medan ei sterkt aukande utgiving på engelsk hadde redusert bokmålsbøkene til 74 prosent. Stabil nynorskprosent og aukande engelskprosent har vore typisk for 2000-talet.

Om lag 2500 bøker var omsette frå andre språk. Til bokmål blir flest bøker omsette frå engelsk, men til nynorsk blir bøkene omsette frå eit større språkutval.

39 litterære prisar blir delte ut, dei fleste årleg, og då er ikkje prisar til bøker på eitt språk tekne med. Mellom 1934 og 2014 var det kåra 1270 vinnarbøker, og 23 prosent av dei var på nynorsk. Nynorske bøker er ikkje

generelt betre enn bøker på bokmål, men blant dei beste bøkene er relativt fleire på nynorsk enn på bokmål.

Ei av tre bøker frå norske forlag er skjønnlitteratur. Prosentdelen sakprosa auka noko frå 1950-åra til 2000-talet for både bokmål og på nynorsk. Innanfor skjønnlitteratur og sakprosa er derimot skilnadene store. I skjønnlitteraturen dominerer prosa meir på bokmål enn på nynorsk, i sakprosaen er det mest nynorsk å finne om språk, historie og geografi, og bokmålslesande born kan velje mellom mange fleire nye barnebøker enn dei nynorsklesande.

Med unntak av barnebøker minkar utlånet av bøker, men salet aukar, målt i titlar. I 2015 var 70 000 bøker i sal gjennom bokhandlane. 87 prosent av dei var på bokmål, 11 prosent på nynorsk. Utanom skulebøker var tilbodet på nynorsk størst innanfor nyskriven skjønnlitteratur for born eller vaksne. I begge desse bokgruppene var 22 prosent av bøkene på nynorsk.

I 1965 etablerte Stortinget Norsk kulturråd og dei første innkjøpsordningane for bøker på norsk. Med åra er det blitt seks slike ordningar. Desse er viktige både for bokmål og nynorsk, men viktigast for bokmål. I prosent blir det kjøpt inn fleire bokmålsbøker i dag enn i 1960-åra.

16.1 Utgivingar

Åtte av ti bøker frå norske utgivarar er på norsk, og fleire utgitte bøker er på engelsk enn på nynorsk.

Frå og med 1800 hadde det ved utgangen av 2014 kome ut over 415 000 bøker og småskrifter i Noreg (tabell 16.1.1). For heile dette tidsrommet var 6,8 prosent på nynorsk og 81,8 prosent på bokmål. Over 11 prosent var på andre språk. Tekstproduksjonen i bokform på norsk har vore enorm. 3200 bøker i tiåret 1900–1909 var i 1950-åra blitt til 24 000 og i åra 2000 – 2009 heile 61 000. Aldri har det kome fleire trykte bøker i Noreg enn då den digitale tidsalderen tok til på 2000-talet.

Kvart år kjem det no ut om lag 9500 bøker (tabell 16.1.2). Om lag 16 prosent av desse er på engelsk. Av dei norske bøkene er godt over 600 eller 8–9 prosent på nynorsk. Det vil seie at det kjem ut over dobbelt så mange bøker på engelsk som på nynorsk, og på fleire emneområde er bokmål under kraftig press frå engelsk. På dei samiske språka blir det gitt

ut 40–70 bøker i året. Saman med dei få samiskspråklege avisene inneber dette at samisk skriftkultur truleg er farleg nær nivået for kritisk masse.

I absolutte tal kom det ut 235 bøker på nynorsk i tiåret 1900–1909. I tiåret 2000–2009 hadde dette auka til 4300 bøker. For bøker på bokmål har auken vore endå litt større rekna i prosent, frå 2900 til 56 000 i absolutte tal. Like frå tidleg på 1900-talet har dermed nynorsk bokutgiving utgjort 7–9 prosent av alle bøker utgitt i Noreg. Berre i tiåret 1920–29 svinga prosentdelen over 10.

Det norske forlagssystemet blei først sterkt i andre halvdel av 1800-talet. Rekna tilbake til 1800 har forlag i Noreg fram til i dag gitt ut fleire bøker på engelsk enn på nynorsk. På samisk er det kome ut nær 1200 bøker i alt. Det er ikkje meir enn to års utgiving på nynorsk.

Iallfall frå 1990 har ein aukande del bøker vore på engelsk, men i absolutte tal er det bøker på bokmål som har auka mest. Det samla talet på utgivingar frå norske forlag har auka frå 5400 i 1990 til 6500 i 2000 og 8900 i 2010. Det kom såleis ut 80 prosent fleire bøker i 2014 enn 25 år tidlegare.

Tala inkluderer småtrykk under 48 sider, og dermed er mellom anna dei mange små barnebøkene rekna med. I tillegg kjem alle bøkene av forfattarar busette i Noreg som blei gitt ut i København før Gyldendal Norsk Forlag klypte over dette danske hegemoniet i 1920-åra. Det interessante er at nynorsk bokutgiving stod like sterkt for hundre år sidan som i dag. I åra 1900–1909 kom det ut om lag 3300 bøker i Noreg. Av desse var 89 prosent på bokmål og sju prosent på nynorsk. I tiåret 2000–2009 kom det ut 70 000 bøker her til lands. Då var framleis sju prosent av bøkene på nynorsk.

Det som hadde endra seg, var forholdet mellom bokmål og engelsk. Frå første til siste tiår på 1900-talet fall bokmålsprosenten i norsk bokutgiving frå 89 til 82, medan bøker på engelsk steig frå to til ni prosent. No gir norske forlag i alle fasongar ut dobbelt så mange bøker på engelsk som på nynorsk kvart år. Presset frå engelsk har hatt lite å seie for nynorsk bokutgiving, men mykje for bokmål.

Tre av fire bøker er norske originalverk. Kvart år kjem det såleis ut om lag 2500 omsette bøker (tabell 16.1.4). Ein database i Unesco viser som venta at engelsk er det dominerande originalspråket for bøker omsette til nynorsk eller bokmål (tabell 16.1.3). I tidsrommet 1979–2014 utgjorde engelske bøker tre av ti bøker omsette til nynorsk og to av tre bøker omsette

til bokmål. Tidleg på 1900-talet etablerte særleg Det Norske Samlaget ein tradisjon for å omsetje bøker til nynorsk frå ei lang rekkje språk. Den tradisjonen var enno ikkje broten på 2000-talet.

16.2 Prisar

Er skjønnlitterære bøker på nynorsk betre? Dette spørsmålet blei stilt i *Språkfakta 2010* og skal no få eit meir presist svar enn det var mogleg å gi den gongen.

Bakgrunnen for spørsmålet var at *Nynorsk faktabok 2005* inneheldt eit første oversyn over Brageprisen. Den norske Forleggerforening oppretta denne bokprisen i 1992, og målet var å gjere dette til den fremste litterære prisen i landet. Oppnemnde fagjuryar med skiftande samansetting frå år til år har grunnlagt både nominasjonar og kåringar av vinnarane.

Til og med 2014 var 334 bøker nominerte (tabell 16.2.2). Av desse var 67 eller 20 prosent på nynorsk, og då 80 prosent på bokmål. Kvart einaste år har minst éi nynorskbok vore nominert, utan at det har vore føresett språkvotering verken av bokmåls- og nynorskbøker. Av 120 vinnarbøker var 26 eller 22 prosent på nynorsk. Då er også utdelingane av den årlege heidersprisen rekna med. Dei nynorske bøkene blir altså ikkje berre nominerte; mange av dei går heilt til topps.

Som vist ovanfor utgjorde bøker på nynorsk åtte prosent av alle norske bøker etter 1990. For dei forlaga som kan melde på bøker til Brageprisen, og det kan berre medlemsforlaga i Den norske Forleggerforening, er prosenttalet endå lågare. Av dei titlane som Norsk kulturråd har kjøpt inn til norske bibliotek, og som dermed passerer den «offisielle» kvalitetstestskelen, utgjer nynorskbøkene i det same tidsrommet 15–17 prosent (sjå kapittel 16.8). Både i Brageprisen og innkjøpsordningane kjem nynorskbøkene betre ut enn prosentdelen utgivingar skulle tilseie. Brageprisen representerer eitt av fleire trappesteg opp på kvalitetsstigen, men i lys av innkjøpsordninga er det ikkje eintydig sikkert at nynorskbøkene er betre.

Der var fleire bokmålsbrukarar blant jurymedlemene enn blant dei nominerte bøkene. Til og med 2009 hadde 249 personar vore med i jury-

ane; denne delen av tabellen blir ikkje oppdatert. Det ser ut til at 11 prosent av desse er nynorskbrukarar. På same måten som talet på nominerte eller prisvinnande nynorskbøker varierer frå år til år, varierer det også mykje kor mange nynorskbrukarar som sit i juryane. Det er som regel flest nominerte og prisvinnande nynorskbøker dei åra det har vore flest bokmålsbrukarar i juryane.

Språkfordelinga i Brageprisen hadde altså noko til felles med bøkene i innkjøpsordningane. Spørsmålet var om Brageprisen skilde seg ut frå andre litterære prisar i så måte.

Nynorsk faktabok 1998 inneheldt oversyn over litterære og andre prisar som nynorskbrukarar hadde fått. For prisar som også går til bokmålsbrukarar, var berre nynorskvinnarane tekne med. Det har vesentleg større interesse å vite korleis prisvinnarane fordeler seg etter språk over tid. No ligg eit slikt oversyn føre (tabell 16.2.1).

Frå og med 1934 har det vore 39 litterære prisar som framleis blir delte ut. Prisar som er øyremerkte for eitt språk, til dømes Riksmålsprisen og Nynorsk litteraturpris, er ikkje med i oversynet. Til og med utgivingsåret 2014 hadde desse prisane gått til 1270 vinnarbøker. 294 av dei, eller 23 prosent, var på nynorsk. Nokre av prisane har ei kvotering i seg, men desse er for få til at dei gir noko utslag i ei så stor mengd av prisvinnarar. Språkfordelinga var ganske lik mellom dei ulike sjangrane – 21 prosent nynorsk i skjønnlitteratur for vaksne, 24 prosent i barne- og ungdomsbøker, 19 prosent i sakprosa og 28 prosent i omsetjingar og gjendiktingar.

Det kan ikkje seiast at nynorske bøker generelt er betre enn bøker på bokmål, men blant dei beste bøkene er relativt fleire på nynorsk enn på bokmål.

16.3 Sjanger og emne

For skjønnlitterære utgivingar er sjangerfordelinga grei å handtere. For sakprosaen er og blir det ei blanding av sjanger og emne.

Eit påliteleg oversyn frå tiåret 1946–1955 viser at åtte prosent av dei skjønnlitterære bøkene for vaksne var på nynorsk, 22 prosent av barne- og ungdomsbøkene og 11 prosent av sakprosaen (tabell 16.3.1). Etter eit skjønnlitterær hopp på den nynorske prosentstigen i perioden 1966–1985 stabiliserte skjønnlitteratur på nynorsk seg kring åtte prosent fram mot

2008 (tabell 16.3.2). Også sakprosa på nynorsk blei liggjande på dette nivået.

Fordelinga mellom skjønnlitteratur og sakprosa er altså svært lik for bokmål og nynorsk. Innanfor desse to hovudsjangrane er derimot skilnadene mange. Med visse atterhald kan denne utviklinga studerast år for år mellom 1966 og 1996 (tabell 16.3.3). Då viser det seg at år om anna utgjorde prosa nesten halvparten av alle skjønnlitterære bøker på nynorsk (tabell 16.3.4).

Den nynorske litteraturen har andre tyngdepunkt i dag enn tidlegare i hundreåret. *Nynorsk faktabok 2005* presenterte ein analyse som konkluderte med at sakprosa utgjorde ein aukande del av nynorskbøkene fram mot 1940, og at sakprosadelen så minka kraftig i dei tiåra som følgde. Dei komplette tala som no er lagde fram for andre halvdel av 1900-talet, tvingar fram eit dementi for den delen av analysen som gjeld tida etter 1950.

Innanfor skjønnlitteraturen sett under eitt var lyrikken lenge det nynorske tyngdepunktet. Skiljet mellom song og dikt har ikkje til alle tider vore så skarpt som i vår tid, og songen har like sidan Ivar Aasens tid vore ein viktig kanal for nynorskbrukarane. I 1920-åra var kvar fjerde lyrikkbok nynorsk, medan kvar tredje lyrikkbok dei seinare tiåra har vore på nynorsk (tabell 16.3.4 og 16.4.8). Også denne analysen treng eit sikrare fundament for å kunne bli ståande.

Når utgivingane blir sorterte etter emne, blir dei nynorske tyngdepunkta synlege. I 1993 var særleg mange av utgivingane om språk, historie og geografi på nynorsk (tabell 16.3.5). Det hadde nok å gjere med mange lokalhistoriske utgivingar på nynorsk, og at nynorskbrukarar skriv meir om språk enn bokmålsbrukarane. Seinare i 1990-åra var fordelingsmønsteret ganske likt (tabell 16.3.6 og 16.3.7). Slik var det også utover på 2000-talet (tabell 16.3.8 og 16.3.9). Meir uventa var det at naturvitskap tok seg opp på nynorsk frå 2013 (tabell 16.3.10). Tyngdepunkta rekna i prosent i 2014 var dermed språk, naturvitskap, historie og geografi.

16.4 Skjønnlitteratur

Over tid har fire av ti nynorskforfattarar debutert med lyrikk, men utover i mange forfattarskapar blir prosaen meir dominerande. Korleis bokmålsforfattarane debuterer og eventuelt endrar seg, har aldri vore undersøkt.

I *Nynorsk faktabok 1998* blei innkjøpsordningane for skjønnlitteratur frå 1965 omtalte som ei viktig årsak til at prosabøkene i 1980-åra utgjorde ein mykje større del av samla nynorsk skjønnlitteratur enn dei hadde gjort då ordninga tok til. Den konklusjonen hadde eit ganske skrøpeleg grunnlag, heitte det derimot i *Språkfakta 2010*. Det var likevel eit faktum, heitte det, at mange fleire debuterer med prosa på nynorsk no enn for nokre tiår sidan.

I 2005 var grunnlaget ei debutantliste for åra 1960–2005. Denne lista var i 2010 utvida til tidsrommet 1946–2008. Konklusjonen var dekkjande, men også det nye talmaterialet var svært ufullstendig, viste det seg. I 2015 kom publikasjonen *Skjønnlitterære debutantar på nynorsk og dialekt 1843–2014*. Der var det mykje som ingen hadde sett før.

I alt debuterte 1262 forfattarar på nynorsk mellom 1843 og 2014. 521 av debutbøkene var lyrikk, altså 40 prosent. 396 eller 32 prosent debuterte med skjønnlitterær prosa, og 190 eller 15 prosent gjorde det med ei barne- eller ungdomsbok. Meir uventa er det at ein av ti forfattarar debuterte med skodespel. Bak det talet ligg den sterke tradisjonen for amatørteater i ungdomslagsrørsla fram mot 1950-åra, som skapte etterspurnad etter nye skodespel på nynorsk eller dialekt. Lyrikk var den mest populære sjangeren hos debutantane mellom 1910 og 1930 og mellom 1940 og 1980, medan barnebøkene gjorde seg sterkt gjeldande frå 1970-åra og framover. På prosa debuterte særleg mange mellom 1910 og 1950 og på 2000-talet.

Uventa få debuterte på dialekt – berre 55 av 1262 forfattarar (tabell 16.4.2). Det var heller ikkje mange fleire som gjorde det fram mot vår eiga tid enn i dei første tiåra.

Det har vore vanleg å sjå på den nynorske skriftkulturen som ein stad for menn. Den skjønnlitterære debutantlista seier noko anna (tabell 16.4.3). Kvar fjerde debutant var ei kvinne, og frå 25 prosent kvinner i 1950-åra auka dette til godt over 50 prosent utover på 2000-talet. Alt i 1958 var det for første gong fleire kvinner enn menn blant debutantane.

Det Norske Samlaget er det forlaget som har fått fram flest debutantar (tabell 16.4.5). På lista over dei ti største debutantforlaga ligg Noregs Boklag og Olaf Norlis forlag på ein delt andreplass. Gyldendal og Aschehoug ligg på 4. og 5. plass, men skil seg frå dei andre ved at dei har hatt ein jamn tilvekst av debutantar gjennom det meste av 1900-talet. Alle dei andre forlaga har dominert i periodar.

Frå 1960-åra har Samlaget heile tida vore forlaget med flest nynorsk-debutantar. Før den tid skifta ulike forlag på å dominere kvar sine tiår (tabell 16.4.6). I 1910-åra var Erik Gunleiksons forlag i Risør størst, og i 1950-åra var det Marius Evjebergs forlag på Bøstad i Vesterålen som fekk fram flest debutantar. Også her gjorde den regionale krafta seg gjeldande i utviklinga av den nynorske skriftkulturen (sjå kapittel 4).

Den nynorske skjønnlitteraturen utgjorde ein aukande del av norsk skjønnlitteratur i tida før Norsk kulturråd blei skipa i 1965 (tabell 16.4.7). I 1918 var 98 prosent av skjønnlitterære originalverk på nynorsk – i 1963 heile 30 prosent.

16.5 Sakprosa

Bokmål dominerer meir i sakprosaen enn i skjønnlitteraturen. I fleire store emnegrupper var det enno i 2015 få bøker på nynorsk.

Vidar Lynghamar fullførte i 2004 ein større studie i nynorsk sakprosa frå heile 1900-talet (tabell 16.5.1 og 16.5.2). Av 40 sjangrar og emnegrupper kom det i 1999 ut meir enn ti nynorskbøker i berre seks kategoriar, og i ti kategoriar kom det ikkje ut ei einaste nynorskbok det året. Hundre år tidlegare var det fritt for nynorskbøker i 29 av 40 kategoriar.

Enkelte emnegrupper skil seg altså klart ut i nynorsk sakprosa. Det er språk og språkvitskap, litteratur, geografi og historie – i den siste emnegruppa er det nok historiebøkene og då særleg dei lokalhistoriske skrifterne som dreg talet opp. I bokform er enno ikkje nynorsk eit heildekjande språk.

Både på bokmål og nynorsk er bøker om samfunnsvitskaplege emne den største bokgruppa i tida etter 1956 (tabell 16.5.3 og 16.5.4). På nynorsk auka samfunnsvitskaplege bøker frå 28 prosent i perioden 1956–85 til 33 prosent i åra 1986–2008. For bokmål handla 33 prosent av bøkene om samfunnsvitskaplege emne i begge desse tidsromma.

Frå 1956 fram til 2008 har nynorsk sakprosa stått for om lag åtte prosent av all norsk sakprosa i bokform. Dette endra seg lite over tid. Emnegruppene har derimot utvikla seg ulikt. Det er tre emnegrupper der nynorsk sakprosa gjer meir av seg enn elles: språkvitskap, litteratur og historie/geografi. Sterkast står nynorsk sakprosa innanfor språkvitskap. Der var kvar femte bok i perioden 1956–85 på nynorsk, likeins 1986–2008.

I sakprosabøker for vaksne er nynorsk etter kvart særlig lite brukt i naturvitskaplege skrifter. Mellom 1985 og 2008 kom det ut berre 64 bøker om slike emne på nynorsk. Det svara til fire prosent av alle bøker om naturvitskap på norsk. Slik har det ikkje alltid vore. I perioden 1956–85 kom ni prosent av alle naturvitskaplege bøker på nynorsk. Ikkje for noka anna emnegruppe var det større endringar i tidsrommet 1956–2008.

16.6 Barne- og ungdomsbøker

På bokmarknaden er skilnaden størst mellom nynorsk og bokmål i barne- og ungdomslitteraturen – ikkje i kvalitet men i kvantitet.

I årstale nr. 9 om tilstanden for nynorsk skriftkultur i 2009 blei det dokumentert at på ein gjennomsnittsdag i 2008 las 29 prosent av born i alderen 9–12 år papiraviser, medan 32 prosent las bøker. Bok og avis var altså om lag like vanleg. For tenåringar 13–15 år var det heilt annleis. 54 prosent av dei las papiravis, medan berre 20 prosent av dei las bøker. I heile aldersgruppa 9–15 år las 17 prosent dagleg nyheiter i nettavis, medan 23 prosent les teikneserieblad. Hos dei yngste hadde altså boka blitt verande den mest brukte kjelda til trykt lesestoff i 1990-åra og 2000-åra.

Komne til 2015 stod boka sterkare enn før.²²⁵ Då las 40 prosent av dei mellom ni og 15 år bøker dagleg, mot 27 prosent i 2008. 28 prosent las nyheiter og faktastoff i nettaviser, mot 17 prosent i 2008. Papiravisene var den store taparane blant unge lesarar. 15 prosent av dei mellom ni og 15 år las dagleg papiraviser i 2015, mot 41 prosent i 2008.

På dei femti åra frå 1956 til 2005 kom det ut over 30 000 barnebøker på norsk (tabell 16.6.1 og 16.6.2). Det er slikt som gjer at dei norske skriftspråka står seg godt jamført med det store fleirtalet av språk i verda. Eit barn født i 2000 hadde tre gonger så mange nye barnebøker på norsk å velje mellom som eit barn født i 1950. Den auken har kome ved at det mest brukte språket er blitt endå meir brukt. For kvar ny barnebok på nynorsk i 1950-åra kom det ut ti bøker på bokmål. Femti år seinare kom det ut 15 barnebøker på bokmål for kvar bok på nynorsk. Med 500 nye barnebøker på norsk kvart år fløymer marknaden no over av slikt lesestoff. Det står

²²⁵ Odd Frank Vaage: *Norsk mediebarometer 2014*, Statistiske analyser 143, Statistisk sentralbyrå, Oslo 2015.

ikkje på kvaliteten. Dei mange barnebokforfattarane og -utgivarane har i seinare tiår skapt ein fenomenal barnelitteratur på begge språka. Så godt som kvart år blir nokre av dei få nynorskbøkene lønte med nokre av dei fremste litteraturprisane i landet, men i røynda er det som om ein bekk renn ut i ei elv og kverv i eit stryk mellom bakkar og berg.

Å ha valfridom dreiar seg om å kunne velje mellom dei mange og like, ikkje berre mellom dei få og gode. Alle bøker utgitt i Noreg frå og med 1956 kan sorterast etter emne og sjanger. Skjønnlitterære barnebøker utgjer ein større del av den samla barneboklitteraturen på nynorsk enn på bokmål. Likevel er det skjønnlitteratur på bokmål som dominerer, som ei kontorblokk ved sida av ein funkisvilla.

Mellom 1956 og 1975 voks det opp om lag 250 000 born som gjekk inn i skulen med nynorsk som hovudmål (sjå kapittel 8). På desse 20 åra kunne borna gle seg over i alt tre nye sakprosabøker på nynorsk. Dei som voks opp etter 1970-åra, fekk fire nye sakprosabøker i året.

Skilnadene mellom bokmål og nynorsk var altså store. Sortert etter emne er dei blitt enorme. Knappt nokon vitskap står sterkare og er meir respektert enn naturvitskapen. At naturvitskap interesserer born, veit mødrer og fedrar alt om, og heldigvis får ikkje gutane ha dette stoffet for seg sjølv lenger. Dei borna som voks opp i 1950-, 60- og 70-åra, hadde lite å velje i av naturvitskapleg lesestoff i bokform. På dei 30 åra mellom 1956 og 1985 gav norske forlag ut to slike bøker på nynorsk og tre på bokmål. Mellom 1986 og 2008 kom det ut 15 naturvitskaplege barnebøker på nynorsk og 301 på bokmål, altså 20 gonger fleire på bokmål.

Sakprosa på nynorsk for born har i meir enn 50 år vore under nivået for kritisk masse.

På den andre sida av litteraturgrensa fekk born som voks opp på 1950-talet, i gjennomsnitt 15 nye skjønnlitterære bøker å velje mellom i året. Dei som lærte å lese tidleg på 2000-talet, kunne gle seg over 27 nye bøker i året. Det er mogleg at dette kan seiast å vere over nivået for kritisk masse. Iallfall viss kvaliteten blir rekna med.

Når dei tilsvarande tala for bokmålslesarane blant borna dukkar opp, hopar atterhalda seg opp i ein kø som endar i ein grunnleggjande tvil. Dei som voks opp i 1950-åra, fekk over 160 nye skjønnlitterære bøker

på bokmål kvart einaste år. Femti år seinare kunne dei velje mellom noko slikt som 450 titlar i året, mot godt under 100 for nynorsklesarane.²²⁶

Bokmålslesaren kan i prinsippet finne fram ei flunkande ny bok kvar einaste dag. Nynorsklesaren kan gjere det same kvar fjortande dag. Bokmålslesaren har eit større tilbod enn kvar enkelt kan fordøye. Nynorsklesaren får aldri nok av sitt eige og må søkje til sin gode nabo, til bokmålet.

Det som skulle vere valfridom, enda i fråvær. Fram til 1970-åra måtte så godt som alle born i nynorskmiljø lære seg å lese ved hjelp av bøker og blad på bokmål. Dei fleste av dei lærte å lese på bokmål før dei hadde noko å lese på nynorsk. Ikkje på noko tidspunkt i det moderne norske mediesamfunnet har nynorskbrukarane hatt tilgang på heile breidda av lesestoff. Frå 1960-åra kilte den nye aldersgruppa tenåringane seg inn mellom born og vaksne og var ingen av delane. Desse sosiale og kulturelle mekanismene verka like mykje på nynorskbrukarar som bokmålsbrukarar, men fråværet av lesestoff gjorde at nynorskbrukarane fann lite att av sitt i den nye ungdomskulturen. Mange unge nynorskbrukarar har knapt hatt noko val, langt mindre nokon valfridom.

Frå og med 2010 kom det ut 1600–1800 barne- og ungdomsbøker i Noreg (tabell 16.6.3). Om lag 94 prosent av desse var på norsk – 80 prosent bokmål, 14 prosent nynorsk. Dei som ville lese nynorsk, kunne velje mellom godt og vel 200 nye bøker i året. Dei som ville lese på bokmål, måtte finne fram mellom 1500 nye bøker kvart år.

16.7 Forlag

Forlag som har spesialisert seg på nynorsk bokutgiving har vore fundamentet for litteratur på nynorsk, men der har vore mange fleire viktige aktørar enn det eine store forlaget i dag, Det Norske Samlaget.

Historisk tok nynorsk bokutgiving til som ei verksemd spreidd på mange tiltak. Fram til inngangen på 1900-talet stod dei erklærte målforlaga for mindre enn halvparten av alle utgivingane på nynorsk. Det Norske Samlaget blei skipa i 1868 for å gi ut bøker. Til og med 2014 hadde forlaget gitt ut over 8600 titlar (tabell 16.7.1). Kvart år frå 1972 har forlaget

²²⁶ Data frå Bokbasen om bøker utgitt i 2014 som var i sal 2015, spesialkøyring 27.8.2015.

gitt ut meir enn 100 nye bøker. Etter at Samlaget måtte selje skulebokavdelinga til Fagbokforlaget i 2012, fall titteltalet frå godt over 200 til vel 130 i året, og dei samla inntektene fall frå 115 millionar i rekordåret 2007 til 50 millionar i 2014. Det årlege driftstilskotet frå staten som Samlaget har fått mest kvart år sidan 1881, utgjorde i lengre tid om lag 10 prosent av inntektene og auka til 31 prosent i 2014.

Samlaget stod for 19 prosent av dei nærare 500 titlane som kom ut på nynorsk før hundreårsskiftet (tabell 16.9.1). Marknadsdelen endra seg med åra. Berre 5 prosent av dei 314 nynorskbøkene som kom ut i 1950, stod Samlaget for, mot heile 35 prosent av titlane i 1995 (tabell 16.7.4). Samlaget blei raskt ein sentral aktør i nynorsk bokutgiving i førre hundreåret, men var meir perifer fram mot 1950-åra. Sidan 1960-talet har Samlaget gradvis bygt seg opp til å bli det dominerande nynorske forlaget og eit svært viktig forlag i det heile. I 1990-åra stod Samlaget for 35–40 prosent av alle nye bøker på nynorsk. Marknadsdelen var på sitt høgste i 2004. Då kom halvparten av alle nynorske bøker ut på Samlaget. Etter omorganiseringa i 2012 kom kvar femte nynorskbok ut på Samlaget i 2014.

Blant dei forlaga som var med i Den norske Forleggerforening, dei såkalla organiserte forlaga, fall nynorskprosenten på boklistene (tabell 16.7.2 og 16.7.3). Det viser seg tydeleg når utgivingstal for tidsrommet 1971–1995 for dei tre største forlaga i Den norske Forleggerforening – Gyldendal, Aschehoug og Cappelen – blir samanlikna med Samlaget. Dei største norske forlaga gav ut til dels vesentleg færre nynorskbøker i 1990-åra enn dei hadde gjort tjue år tidlegare. Størst var nedgangen hos Aschehoug, som historisk har vore det mest nynorsktolerante forlaget av dei tre. Til saman stod desse tre forlaga for 18 prosent av alle nynorskbøkene i perioden 1971–1975, mot berre 12 prosent i åra 1991–95. I same periode auka Samlaget sin del av alle nynorskbøker mykje frå 17 prosent, som var situasjonen i 1971.

Nynorsk bokutgiving er og har vore spreidd på mange aktørar, men nettopp denne spreinga er også det svake punktet, fordi det er så få profesjonelle forleggjarar som satsar. Tilkomsten av nye forlag på Vestlandet er i ferd med å endre denne situasjonen noko. I 1993 gav Skald Forlag i Leikanger ut dei første bøkene sine, og i 1996 følgde Selja Forlag i Førde opp. Til og med 2014 hadde desse to forlaga gitt ut over 400 titlar, med jamt fleire for riksmarknaden (tabell 16.7.6).

Bokklubbane var ein svært sentral aktør på bokmarknaden fram til privilegia blei oppheva og rammevilkåra endra seg utover på 2000-talet. I fleire tiår var difor Bokklubben Nye Bøker både ein tonegivande forlegjar og seljar, og hadde i stordomstida si svært mykje å seie for spreinga av gode bøker til store lesargrupper. Mellom 1976 og 2012 hadde bokklubben nær 600 hovudbøker (tabell 16.7.5). 22 av dei, eller fire prosent, var på nynorsk. Frå å vere ein aktør som sjølv sa dei gav ut dei viktige bøkene, enda klubben som ein aktør som gav ut bøkene folk snakka om. Skiljet mellom bokklubb og nettbokhandel er no i praksis oppheva, og dokumentasjonen er difor avslutta med året 2012.

16.8 Støtteordningar

Før 1965 var der knapt ei einaste offentleg støtteordning for bøker på bokmål, og dei store innkjøpsordningane i Kulturrådet har hatt mest å seie for bokmåls litteraturen

Dei første støtteordningane til bøker utgitt i Noreg kom i 1881. Då løyvde Stortinget midlar til omsetjing av Det nye testamentet til nynorsk. Seinare gav staten støtte også til enkelte skulebøker. Frå 1899 til 1912 kom det vesentlege tilskot som finansierte Steinar Schjøtts ordbokarbeid. Og frå 1906 kom det støtte til utvalde bokseriar, som *Norrøne bokverk* og omsetjingar av klassisk litteratur frå andre land. Først frå 1924 fekk Det Norske Samlaget ei eiga generell løyving over statsbudsjettet. Sidan 1929 har statstilskot vore grunnlaget for arbeidet med *Norsk Ordbok*.

Det var desse tiltaka for utvikling av nynorsk skriftkultur som gjorde utgivingsstøtte for bøker til ein del av den statlege kulturpolitikken.

Noka øyremerkt støtte for enkelttitlar av nye nynorske bøker, skjønnlitteratur eller sakprosa, for allmenntilgjengleg marknaden fanst ikkje før Norsk kulturfond blei skipa i 1965. Frå og med 1966 har Norsk kulturråd kvart år løyvt ein viss sum til sakprosabøker på nynorsk, open for alle forlag. I praksis var denne ordninga lenge brukt av få forlag, men etter 2005 var det mange fleire som har ønskt å gi ut bøker på nynorsk. Med stramme marginar i bokmarknaden har det økonomiske insitamentet i denne støtteordninga gjort det attraktivt for mange å satse noko meir på

nynorsk b ker.  r om anna har denne st tteordninga for b ker p  nynorsk utgj rt mindre enn to prosent av dei samla l yvingane til litteratur i Norsk kulturfond, mens den kring 1970 utgjorde om lag seks prosent (tabell 16.8.1).

Etter 2010 minka denne satsinga, og med verknad fr  2015 tok r det i Norsk kulturr d bort st tteordninga for nynorsk litteratur. Det var f rste gongen eit offentleg organ fjerna ei st tteordning til nynorsk skriftkultur.

I 1965 kj pte det nyskipa Norsk kulturr d inn 159 titlar i dei flunkande nye innkj psordningane for litteratur. Dei f rste ordningane var automatiske. Det vil seie at Kulturr det skulle kj pe eit visst tal eksemplar av dei titlane som blei funne gode nok, og at desse blei spreidde til alle biblioteka i landet. I desse automatiske innkj psordningane blei b kene f rst vurderte i ettertid og eventuelt underkjende ved at ein valde bort dei b kene ein meinte var d rlegast.

Fr  1990 har det kome til fleire selektive ordningar. Ogs  her blir b kene kj pte inn etter at dei er utgitt, men berre dei ein vurderer som dei beste, s  langt budsjettet rekk.

I 1965 kj pte dei alts  inn 159 titlar – 28 p  nynorsk (18 prosent) og 96 p  bokm l (82 prosent). I 2000 hadde det samla talet p  innkj pte titlar auka til 384 (tabell 16.8.2). I 2012 hadde dette auka til 623 titlar – 95 p  nynorsk (15 prosent) og 528 p  bokm l (85 prosent). Sterkast stod nynorsk i lyrikken med kvar tredje innkj pte bok, svakast i omsett skj nnlitteratur der fire av 100 var p  nynorsk (tabell 16.8.3).

Den nyaste selektive innkj psordninga for b ker gjeld sakprosa for allmennmarknaden. Ordninga blei oppretta i 2005, og til og med 2014 var det kj pt inn 636 titlar (tabell 16.8.9). 77 av desse, eller 12 prosent, var p  nynorsk. I bokform har nynorsk vore mindre brukt og utbreidd enn i blad og aviser, men likevel er denne litter re tradisjonen blitt sterk nok til at ogs  her ligg prosentdelen innkj pte titlar over prosentdelen utgitte b ker.

Den f rste spr kpolitiske analysen av innkj psordningane blei lagd fram i  rstale nr. 1 om tilstanden for nynorsk skriftkultur i 2001 (tabell 16.8.5).  r om anna er dette blitt utvida med samla dokumentasjon for kvart fjerde  r (tabell 16.8.6, 16.8.7 og 16.8.8). Gjennom desse ordningane bruker staten store summar p    halde ved like og utvikle vidare dei to skriftkulturane. 60 millionar i 2000 var blitt til 121 millionar i 2012 (tabell

16.8.4). Den dokumentasjonen har vore viktig for å kunne identifisere den samla offentlege satsinga på bok- og pressestøtte (sjå kapittel 3.10).

At det er for bokmåls litteraturen innkjøpsordninga har verka mest, kjem tydeleg fram når systemet blir delt etter språk. I tida før innkjøpsordningane blei etablerte, minka talet på nye prosabøker på bokmål sterkt. Nivået for nynorskutgivingar heldt seg derimot oppe. Det som truleg var felles for begge språka, var at rekrutteringa av nye forfattarar var svak kring 1960.

I 2000 brukte Norsk kulturråd som nemnt om lag 60 millionar kr på denne ordninga. Viss vi føreset at det jamt over går med like mange kroner til ei nynorskbok som blir kjøpt inn, som til ei bokmålsbok, kan vi slå fast at om lag 8,6 millionar blei brukte til innkjøp av bøker på nynorsk i 2000. For den summen fekk norske folkebibliotek til rådvelde vel 67 000 eksemplar av desse bøkene. I 2012 fekk biblioteka meir enn 100 000 nynorskbøker til utlån utan kostnad for kommunane som har ansvaret for biblioteka.

Innkjøpsordningane har vore språkpolitisk blinde. Knappt nokon av ordningane tek særleg omsyn til språkfordeling. Resultatet er at både nynorske vaksen- og barnebøker utgjorde ein mindre del av alle innkjøp i 2012 enn i 1965, medan det motsette var tilfelle for barne- og ungdomsbøkene. I 1965 var 23 prosent av vaksnebøkene og 18 prosent av barnebøkene på nynorsk. I 2012 var dei tilsvarende tala 15 prosent og 15 prosent.

Etter ein kraftig vekst fram mot 1980 har nynorskprosenten falle sterkt dei seinare åra. Det var i 1980 at tidsskriftet *Basar* retta merksemda mot dei store mengdene av diktsamlingar som på den tida kom ut i Noreg. Både før og etter har titteltalet for diktsamlingar på nynorsk (og på bokmål) vore ganske stabilt. Derimot har auken i bokmålstitlar innanfor barne- og ungdomslitteratur, og prosa for vaksne, vore formidabel. Samstundes er nynorsk skjønnlitteratur på veg tilbake til tittelnivået på slutten av 1960-åra.

Salsinntektene er det viktigaste grunnlaget for nynorsk bokutgiving. Eigeninntektene er den absolutte største delen av inntektene til dei ulike utgivarane av bøker på nynorsk. Men dei støtteordningane som finst, er viktige for dei økonomiske marginane i verksemder med liten eigenkapital og sterk konkurranse.

Fritaket frå mva utgjør størsteparten av støtta til utgiving av aviser (sjå kapittel 15.8). Slik er det nok også for bøker, der kjøparen i siste ledd

ikkje betaler mva. For 2012 rekna Finansdepartementet verdien av dette til 1,5 milliardar i indirekte støtte til bokbransjen.²²⁷ Den samla verdien av mva-fritak for presse, tidsskrift og bøker var for 2012 rekna til 4,1 milliardar kroner. Kulturdepartementet hadde det året eit samla budsjett på 8,9 milliardar.

16.9 Sal og utlån

I eit bruksperspektiv er det vesentleg om boklesarane kjøper eller låner bøkene. Dei tala som er tilgjengelege for ei jamføring, kjem frå medlemsforlaga i Den norske Forleggerforening og for alle norske bibliotek. Desse kan diverre ikkje sorterast etter språk. Mellom 2003 og 2013 auka talet på selde eksemplar for alle bokgrupper med til saman 26 prosent (tabell 16.9.2). Pilene for utlån peika derimot nedover i same tidsrommet, med skjønnlitteratur for born som einaste unntaket. Målt i kroner brukte ikkje folk mykje meir på bøker enn før, men dei fekk fleire bøker for same summen takka vere mange billigutgåver.

Avisene tok til på digitaliseringa i 1990-åra. Først etter 2010 var bokbransjen i gang med å utvikle e-bøker for allmenntilgjengeleg marknaden. Då inneheldt norske fag- og forskingsbibliotek alt 1,5 millionar e-bøker. I all hovudsak var dette digitale bøker og tidsskrift på andre språk enn norsk. Det presset frå engelsk som er dokumentert ovanfor, har ikkje minst med e-bøkene å gjere.

Til skilnad frå avisbransjen publiserte derimot bokbransjen aldri stoffet sitt gratis i digitale medium. Avisa blei på ein måte gratis for dei som ville, men boka måtte ein framleis betale for.

For første gong blir dokumentasjon av bøker i sal publisert. Data frå Bokbasen viser at vel 70 000 titlar var i sal i august 2015 (tabell 16.9.3). Dette er såkalla bokhandelrelevante titlar, bøker som blir selde gjennom såkalla ordinære kanalar av typen bokhandel, nettbokhandel, bokklubb. Det som fell utanfor, er mest lokale utgivingar som blir selde på anna vis, til dømes gjennom historielaget eller sparebanken. Det faktiske talet på titlar i sal var altså noko større. Dokumentasjonen inkluderer alle typar utgivingar, også skulebøker.

²²⁷ Prop. 1 LS (2011–2012) Skatter, avgifter og toll 2012, s. 265.

Av 70 000 titlar var vel 61 000 på bokmål og 6400 på nynorsk. På dei ulike samiske språka var vel 500 titlar i sal, og berre 17 på kvensk. Blant desse språka var nordsamisk størst med godt over 350 titlar; ein del titlar som var merka «samisk», var svært sannsynleg på nordsamisk.

Seks av ti bøker i sal var utgitt i 2010 eller seinare, tre av ti bøker i tiåret 2000–2009, og ei av ti bøker før 2000. Relativt sett var der mange fleire eldre nynorskbøker enn bokmålsbøker i sal. Forklaringa kan ligge i 1439 titlar i Samlagsantikariatet, ei teneste Det Norske Samlaget har drive sidan 1995 for å kunne tilby mange eldre bøker til kundane. Alt i alt var 11 prosent av bøkene i sal på nynorsk, men blant bøker utgitt før 2000 var kvar fjerde bok på nynorsk.

11 forlag stod for 44 000 titlar i sal, eller 63 prosent (tabell 16.9.4). Størst blant desse var Cappelen Damm med over 15 000 titlar – nesten kvar femte tittel i sal kom frå dette forlagskonsernet. Dei neste forlaga var Gyldendal med 8800 titlar, Aschehoug med 4100 titlar og Fag bokforlaget med 3400 titlar. Det femte største forlaget var Det Norske Samlaget med 2800 titlar.

Utgivarprofilen for bøker på nynorsk skil seg frå profilen for bøker på bokmål. Dei 11 største forlaga stod for ein større del av nynorskbøkene enn alle forlaga sett under eitt, men ein mindre del av bokmålsbøkene som var i sal. Det største nynorskforlaget var Det Norske Samlaget, utgivar av 34 prosent av alle nynorskbøker i sal. Innanfor bok bokmålsbøker var Cappelen Damm størst med ein marknadsdel på 23 prosent. Det eine store nynorskforlaget dominerte altså meir innanfor nynorsk enn det store bokmålsforlaget gjorde innanfor sitt språk. Cappelen Damm var også det nest største nynorskforlaget med 14 prosent av titlane i sak, medan Gyldendal hadde 11 prosent av nynorskbøkene som var i sal. Innanfor bokmåls litteraturen var Gyldendal nest størst med 13 prosent av titlane. Her var det ingen andre forlag med meir enn ti prosent av marknaden, målt i titlar.

Fleire bøker på nynorsk var i sal gjennom bokhandlane enn talet på utgitte titlar skule tilseie, og dermed motsett for bøker på bokmål. År om anna var sju prosent av utgitte bøker og småskrifter på nynorsk, men i bokhandelsystemet var 11 prosent av titlane på nynorsk (sjå kapittel 16.1). Skilnadene mellom sjangrane var store. 37 prosent av lærebøkene for grunnskulen var på nynorsk, altså langt under halvparten, og berre 28

prosent av lærebøkene for vidaregåande skule. Derifrå var det eit fritt fall ned til sju prosent av lærebøkene for høgare utdanning (tabell 16.9.5).

På allmennmarknaden var tilbodet av nynorskbøker best innanfor norsk skjønnlitteratur for vaksne og for born. I begge desse sjangrane var 22 prosent av bokutvalet på nynorsk. Også innanfor allmenn sakprosa for vaksne var tilbodet større enn talet på utgitte bøker. Dårlegast stelt med lesestoff på nynorsk var det innanfor serieromanar og omsett sakprosa for vaksne. I absolutte tal var tilbodet på bokmål svakast for norsk sakprosa for born, der 530 titlar stod i skarp kontrast til 8000 sakprosatitlar for vaksne. Derimot kunne 1200 skjønnlitterære titlar for vaksne kjøpast på nynorsk, og 3900 på bokmål.

Innanfor skjønnlitteratur for vaksne stod bokmål sterkast i dei sjangrane som tradisjonelt sel mest (tabell 16.9.6). Dei nynorske tyngdepunkta var derimot lyrikk, skodespel, essayistikk og klassisk litteratur. I alle desse sjangrane stod bøker på nynorsk for 27–31 prosent av tilbodet. Likevel var det svært viktig for nynorsk skriftkultur at 23 prosent av alle romanar var på nynorsk, og alt i alt var 22 prosent av all nyskriven norsk skjønnlitteratur på nynorsk.

I nyskriven norsk barne- og ungdomslitteratur utgjorde bøker på nynorsk 20 prosent (tabell 16.9.7). Tilbodet av biletbøker var særleg stort på bokmål med over 700 titlar i sal. Dette var også den sjangeren med best tilbod på nynorsk i form av 150 titlar. Rekna i prosent var likevel dette ein av dei svakaste sjangrane for bøker på nynorsk, saman med klassisk litteratur.

Avstanden var stor frå 22 prosent skjønnlitteratur på nynorsk til 11 prosent sakprosa på nynorsk (tabell 16.9.8). I absolutte tal var over 1800 titlar om samfunn og historie på bokmål i sal, mot mindre enn 300 på nynorsk. Flest nynorsktitlar var tilgjengelege om kyrkje, religion og kunst, der 300 bøker på nynorsk utgjorde 18 prosent av alle bøkene om desse emna. Ganske mange memoarar og biografiar låg føre på nynorsk – 100 titlar på nynorsk svarta til 16 prosent av alle titlane.

Lærebøker for høgare utdanning har mykje å seie for vedlikehald og utvikling av fagterminologi på nynorsk og bokmål (sjå kapittel 5.5 og 10.6). På dette området var bokmål under sterkt press frå engelsk frå 1990-åra. Samstundes låg utgivingane av lærebøker på nynorsk for høgare utdanning for mange fag under det som må reknast som nivået for kritisk masse. Sju prosent av alle desse lærebøkene som var i sal i 2015, var på

nynorsk (tabell 16.9.9). I pedagogikk og helse. Og sosialfag var over 1000 titlar i sal på bokmål, mot høvesvis 62 og 10 på nynorsk. I språkfaga og dei estetiske faga var færre enn 50 titlar på nynorsk, men desse stod for 14 prosent av tilbodet. Den einaste faggruppa med mange nynorskbøker, var dei andre humanistiske faga – religion, historie, litteraturvitskap og filosofi 130 bøker på nynorsk utgjorde 20 prosent av alle titlane i sal.

I alle desse sjanrane og emnegruppene var forsvinnande få bøker på andre språk enn nynorsk eller bokmål. Det var også få fleirspråklege titlar. Ideen om boka som det eittspråklege formatet har nok i lang tid stått vesentleg sterkare enn ideen om den eittspråklege avisa.

Ein ting er kva bøker som i prinsippet var til sals gjennom bokhandlane. Noko heilt anna var det kva bøker bokhandlane faktisk gjorde tilgjengelege for bokkjøparane. Den tabellen er enno ikkje laga.

Når lister over dei bøkene som sel best, skal setjast opp, stiller to titlar utanfor konkurranse: Alf Helleviks *Nynorsk ordliste* og *Bibelen*. Bibelselskapet åleine hadde frå og med 1899 selt 3,5 millionar eksemplar berre av *Bibelen*, 6,3 millionar eksemplar av *Det nye testamentet*. Nynorskutgåvene av Bibelen var ved utgangen av 2014 selde i nær 600 000 eksemplar, testamentet i nær 1 000 000 eksemplar (sjå kapittel 17.1).

Innanfor nynorsk skriftkultur er ei verdsleg bruksbok bestseljaren. Det Norske Samlaget gav i 1938 ut *Nynorsk ordliste*, redigert av Einar Breidsvoll og Knut Liestøl. Ved utgangen av 1958 hadde 118 000 kjøpt boka (tabell 16.9.1). Frå 1959 kom Alf Hellevik inn som medforfattar og var lenge eineforfattar. Etter ti nye utgåver i åra 1959–2012 hadde forlaget ved utgangen av 2014 selt 2,7 millionar eksemplar.

16.19 Historisk statistikk

Folkelesnad på nynorsk var det forlag som Olaf Norli, Noregs Boklag og Fonna Forlag som stod for fram mot andre verdskrigen.

Dei utgivingstala for andre viktige nynorskforlag enn Samlaget som blei presenterte i *Nynorsk faktabok 1998*, er seinare blitt supplerte med ei rekkje forlag (tabell 16.19.2). Mellom 1886 og 1992 gav ti dedikerte forlag ut frå 85 til 732 titlar. Dei tre største var Noregs Boklag med 732 titlar, Olaf Norlis forlag med 626 titlar og Lunde forlag med 365 titlar. Dei store tala gjer at Samlaget til tider på 1900-talet var eit lite forlag målt i titlar. Mellom

1900 og 1970 stod dei ti forlaga for 3000 av 8000 nynorskbøker (tabell 3.11.3 og 16,1.1). Godt og vel seks av ti nynorskbøker kom altså ut på andre forlag.

Ei komplett liste over utgivingar frå Norsk Barneblads forlag mellom 1887 og 1988 ligg no føre (tabell 16.19.3). To av dei fremste forfattarane etter 1945 var Johannes Heggland og Arvid Hanssen. Det same gjeld Noregs Boklag for heile perioden 1922–1984 (tabell 16.19.4). Dette forlaget hadde forfattarar som Jan-Magnus Bruheim, Olav H. Hauge og Ola Jonsmoen (tabell 16.19.5). Aud Skipenes har laga ein av svært få studiar som seier noko om kvinnene si stilling i norsk bokutgiving. Færre enn ti prosent av forfattarane til Noregs Boklag var kvinner, og ingen av dei skreiv meir enn fem bøker (tabell 16.19.6). Det var altså heller på andre forlag at kvinnene gjorde mest av seg i nynorsk skriftkultur på 1900-talet.

Titteltal seier lite om spreiding og bruk. På dei 30 åra mellom 1956 og 1997 var det om lag 40 bøker på nynorsk for allmenntilgjengleg marknaden som alt i utgivingsåret selde minst 10 000 eksemplar (tabell 16.19.7). Det var til *Nynorsk faktabok 1998* norske forlag for første gong la fram sine egne salstal. Det hadde dei tidlegare vore lite villige til å gjere samla. Hovudbøker i bokklubbar er ikkje medrekna, heller ikkje lærebøker. Gjennom bokhandlane har ingen nynorskforfattar nådd fleire på allmenntilgjengleg marknaden enn Jon Leirfall, mens Arthur Arntzen er bestseljaren på dialekt. Ingen skjønnlitterære prosabøker er med på lista, men lyrikarar som Jakob Sande og Halldis Moren Vesaas har oppsiktsvekkjande høge salstal. At 34 av bøkene er utgitt på Samlaget, kan vel berre forklarast med at forlaget har arbeidd systematisk for å få fram nynorskbøker med høgt salspotensial.

«Eg greidde ikkje å tenkje då eg skulle skrive kokeboka *Frå Lom til Lyon* på bokmål i 1986», sa Arne Brimi i ettertid. Forlaget ville ha ei bok på bokmål. Han måtte skrive nynorsk for å få det til. Boka var til slutt seld i 200 000 eksemplar.²²⁸

Dei organiserte forlaga dominerer meir på bokmål enn på nynorsk. I allfall gjorde dei det i siste del av 1900-talet. Utgivarstrukturen har endra seg vesentleg dei siste tiåra. Dei organiserte forlaga – dei som er med i Den norske Forleggerforening – står for ein minkande del av nynorsk bokutgiving og for ein aukande del av bøker på bokmål.

²²⁸ Arne Brimi på møte om Diktarhuset i Lom 22.2.2013, eigne notat.

Ut frå dei tala som var moglege å skaffe til *Nynorsk faktabok 1998*, såg det ut til at desse organiserte forlaga i 1995 stod for 23 prosent av alle bøker som blei utgitt på nynorsk det året, mot 29 prosent i 1975 (tabell 16.19.8 og 16.3.4). Tendensen var rett, men prosentane feil. Med komplett informasjon frå Nasjonalbiblioteket viser det seg at i femårsperioden 1991–1995 kom 34 prosent av nynorskbøkene frå organiserte forlag, mot 42 prosent i femårsperioden 1976–1980 (tabell 16.3.2 og 16.19.8).

For bøker på bokmål gjekk endringa andre vegen. I åra 1991–95 kom 48 prosent av alle bokmålsbøker ut på organiserte forlag. Det gjorde berre 42 prosent i perioden 1976–80.

For åra etter 1995 manglar slike samla tal for dei organiserte forlaga. I tida fram mot 2010 var bokbransjen prega av både store strukturendringar og tilvekst av mange mindre forlag som ikkje gjekk inn i Den norske Forleggerforening. Difor er det grunn til å tru at fordelinga av bøker mellom nynorsk og bokmål i 1990-åra var nokolunde den same utover på 2000-talet. Det vil i så fall seie at to av tre nynorskbøker kvart år kjem frå forlag utanfor Den norske Forleggerforening, medan det same berre gjeld for halvparten av bokmålsbøkene.

I 1975 var 15 av 28 emnegrupper innanfor sakprosa frå medlemsforlaga i Den norske Forleggerforening nynorskfri sone, mot 11 av 19 i 1995 (tabell 16.19.9, 16.19.10, 16.19.11 og 16.19.12). Desse tala gir eit språkpolitisk portrett av den organiserte delen av forlagsbransjen, og kva posisjon bøker på nynorsk hadde utanfor dei nynorske forlaga.

Tema: skriftkulturens status

Det er ikkje til å kome forbi at boka har ein særleg status i mange skriftkulturar. Slik er det også i Noreg.

Forvaltninga av dødsbu er ein god målestokk for denne statusen. Aviser og blad blir i beste fall nostalgiske, ferieminne, kuriosa. Blir dei ikkje kasta der og då, blir dei det seinare. Bøkene har i mange tilfelle i det minste ein viss økonomisk verdi, og den verdien har med boka sin status å gjere. Dødsdomar om kulturelle fenomen har vore avsagde om så mangt. Alt i 1850-åra, før eit einaste dikt var skriva på nynorsk, kom den første meldinga om at dette språket har inga framtid føre seg. Filmen skulle gå tunge tider i møte då tv-en kom, likeins radioen. I 1980-åra blei

det meldt at no var det ute for boka sin del, og på 2000-talet flaug svarte ramnar over papiravisene.

Dei teknologiske nyvinningane får alltid følgjer, men sjeldan slik ein først trudde eller frykta. Det ein har teke for gitt, kan brått bli sett frå nye sider. Kor praktisk bokformatet faktisk er, var det få som sette ord på før Internett blei daglegvare. Ikkje berre er boka eit framifrå lagringsmedium, den er også eit haldepunkt i kvardagen og den sikraste måten å halde kontakt med fortida på. Aldri før har så mange skrive så mykje om kulturav som etter at kvardagen blei digital. Og aldri før har nordmenn kjøpt fleire papirbøker.

Boka har vore eit sikkert kjennemerke for vitaliteten i språk og skriftkultur. Det er ikkje opplagt at den posisjonen blir verande den same i all tid. Digitale medium kan vere vel så effektive til å skriftfeste språk og styrkje skriftkulturane. Difor kan det godt hende at papirboka etter kvart blir eit tidsmerke for dei skriftkulturane som har eksistert lengst og som er sterkast utbygde. Likevel: Mangt kan digitaliserast, men ikkje status.

Viss bøkene ikkje fanst, kvar skulle ein då ha fylt Internett med av tekstar frå nære og fjerne tider?

Perspektiv: nynorsk litteraturhistorie

Forståinga av nynorsk skriftkultur kjem til kort om vi held fast ved dei tradisjonelle inndelingane i kulturlivet. I ei norsk litteraturhistorie blir den nynorske tradisjonen lesen i det skimrande lyset frå den dominerande bokmålstradisjonen. Det same gjeld både norsk pressehistorie og norsk kringkastingshistorie. Dei som utvikla ei presse på landsmål, gjorde det ved å skilje seg ut, og først då dei hadde greidd det, hadde dei styrke til å bli integrerte.

Fleirtalet forstår meir av mindretalet når mindretalet blir synleg på sine eigne premisar. Det har vist seg nødvendig å skrive ei nynorsk pressehistorie for at ei allmenn norsk pressehistorie kan bli meir heildekjande. På same måten trengst det ei nynorsk litteraturhistorie. Vendepunkta i utviklinga av nynorskavisene var til dels andre, kom på andre

tidspunkt og prega andre delar av landet enn dei tilsvarande vendepunkta i utviklinga av bokmålsavisene. Det same gjeld for teknologiske endringar og finansieringsformer, ja, heile tildrivet var eit anna.

Lesarens kulturhistorie er noko heilt anna enn utgivarens eller forfattarens. Det ein har trudd gjaldt alle, gjaldt helst nokre få, kanskje ein god del, av og til mange. Der har ikkje vore ei samla offentlegheit med fleire såkalla deloffentlegheiter. Det vi kallar norsk kultur, litteratur, presse, er alt saman summen av slike deloffentlegheiter med vekslande dominans og styrke. For å forstå det norske hegemoniet må vi altså grave djupare i variasjonane og skilnadene. Først då kan den eventuelle valfridomen på norsk kome til syne.

Frå 1980-åra og fram til i dag er det gitt ut mange bøker og skrifter som svarar ja på det spørsmålet. Ei slik historie er alt skriven for to sjangrar og format – presse og lyrikk. I boka si om linjer i nynorsk lyrikk *Frå gamle fjell til magma* (2004) byggjer Jan Inge Sørbø på ein føresetnad om at der er noko litterært felles innanfor den nynorske lyrikken som er noko meir enn institusjonelle samanhengar. Terje Aarset impliserer samanhengar i *Den nynorske songskatten* (2009). Den institusjonelle sida er på si side det overordna perspektivet på den nynorske pressehistoria i *Avisene som utvida Noreg* (2010). Likeins vil ein finne dette i Bjørn Kvalsvik Nicolaysen og Bjarte Birkelands bok *Folkemål og danning*, om nynorske lærebøker 1867–1915. Denne boka kom til i eit bergensmiljø som gav boka med den myndige tittelen *Det nynorske skriftlivet* av Idar Stegane (1987). Herifrå kom også essayet «Det nynorske essayet frå a til Aa» (1982), sist prenta i *Retorikk på norsk* (1988), og nettopp det nynorske essayet har fleire skrive om seinare.

I tidlegare tider var der mange referansar til det spesifikt nynorske. Det blei publisert eigne artiklar med samlemeldingar av nynorske bøker, og det blei skrive fleire kortare, samla framstillingar. Ei av dei nyare framstillingane like frå Ivar Aasens tid er av Leif Mæhle, som i 1977 heldt foredraget «Den nynorske litteraturen – ein nynorsk litteratur?»²²⁹

Dei to norske skriftkulturane har vore innvovne i kvarandre, men også i strid og motsetnad til kvarandre. Resepsjonshistoria meiner eg er ganske så eintydig – Aasen og Vinje blei lesne heilt ulikt av nynorsk- og

²²⁹ Leif Mæhle: «Den nynorske litteraturen – ein nynorsk litteratur?», *Mål og makt* nr. 2 1981, s. 20–30.


bokmålsfolk, jf. *Bibliografi over skrifter om Ivar Aasen* (2014) og Jon Haarbergs studie *Vinje på vrangen* (1985). Det kan også hende at Ravatn blir lesen litt ulikt i så måte; hennar nynorskgenerasjon og kvinner les tekstane hennar annleis enn frognerdamene, det er no iallfall ein hypotese. Pressehistoria viser heilt eintydig at det er to historier med ulike opp- og nedturar. Korleis dette ville sjå ut for skjønnlitteratur og sakprosa allment, veit ein først når emnet er undersøkt.

Ein del reknestykke gir som resultat at journalistikken står for 80 prosent av all nynorsk tekst, og bøker 20 prosent, men då er forvaltningsprosa og brukslyrikk ikkje rekna med. For bøker utgjer sakprosa truleg to tredelar av alle skrifter, skjønnlitteratur altså ein tredel.

Eit anna reknestykke viser at mellom 1850 og 2015 kom tre av ti bøker på nynorsk ut fram til 1968 – året då Det Norske Samlaget runda 100 år. Sju av ti bøker kom altså ut i det mykje kortare tidsrommet 1968–2014. I absolute tal blir skilnaden mykje større: Om lag 8000 titlar før 1968, vel 20 000 titlar etter 1968. Det ser ut til at sakprosaen blei jamt meir dominerande. Fire av ti bøker mellom 1850 og 1968 var sakprosa, mot to av tre i tida etterpå.

Dette seier lite om kva skrifter som var viktige, men det seier mykje om korleis ein skriftkultur blei bygd ut i både breidd og tyngd på godt og vel 150 år.

17 Kyrkje og religion



Figur 17.1 Liturgispråk i kyrkjesokn 1910-2015. Absolutte tal

Kyrkja er den samfunnsinstitusjonen i Noreg som har den klaraste språkpolitiske praksisen. Nynorsken står relativt sterkare i kyrkja enn i andre delar av samfunnet. Av nærmare 1300 kyrkjesokn i 2015 brukte 385 eller 30 prosent nynorsk liturgi. Forholdet 30–70 mellom nynorsk og bokmål blei etablert alt før 1940 og har endra seg svært lite seinare.

Som nytt skriftspråk blei nynorsk sunge inn i kyrkja gjennom 150 salmar som Elias Blix skreiv frå 1860-åra og ut hundreåret. Frå 1893 var desse med i *Landstads salmebok*, som då var nesten einerådane i kyrkjelydane, og seinare har aldri mindre en 19 prosent av salmane i salmebøkene vore på nynorsk. *Norsk salmebok* blei teken i bruk i 2013, og der er fire av ti norske salmar på nynorsk.

Nynorsk salmebok blei godkjend til kyrkjebruk i 1926. Då var alt Blix-salmane innførte i halvparten av sokna. Blix-salmane rydda også vegen for den nynorske liturgien.

Heile *Bibelen* kom på nynorsk i 1921. Før ei revidert utgåve var ferdig i 1938, var 100 000 eksemplar selde. Bibelselskapet har ført salsstatistikk etter språk like sidan 1899 og hadde ved utgangen av 2014 selt 10,1 millionar biblar og nytestamente. I 2014 selde Bibelselskapet 59 000 biblar – 85 prosent på bokmål, 15 prosent på nynorsk. Den fordelinga har vore ganske uendra i mange tiår.

På få år har *Bibelen* kome i to nye omsetjingar. Etter eit arbeid som tok mange år og involverte mange medarbeidarar, gav Bibelselskapet ut nye omsetjingar til nynorsk og bokmål i 2011. Fire år seinare gav Hermon Forlag ut *Det nye testamentet* på nynorsk som eit einmannsverk utført av Norvald Yri.

17.1 Den norske kyrkja

Den norske kyrkja er truleg den samfunnsformasjonen som mest systematisk og konsekvent praktiserer ein språkdelt kultur. Det har også ført til få endringar i forholdet mellom nynorsk og bokmål gjennom mange tiår.

Bruk av nynorsk i Den norske kyrkja viser heilt andre tendensar enn skulemålet. Om lag 30 prosent av kyrkjesokna brukte nynorsk liturgi i 2015 (tabell 17.1.1). Det var dobbelt så mange som kring 1925 og ein like stor prosentdel som i 1940. Tal frå ei lang rekkje kjelder måtte samlast for å kunne vise utviklinga frå dei første nynorske kyrkjelydane i 1892 og fram til vår tid. Talet på nynorske sokn auka jamt like fram mot 1980, og i prosent har nynorskdelen lege ganske fast dei siste 40 åra. Området frå Sunnhordland til Nordmøre utgjer tyngdepunktet i bruk av nynorsk i kyrkja.

Den språkfordelinga som blei etablert i Den norske kyrkja fram mot 1940, er såleis ført vidare etterpå. I tiåra før var det mange stridar og folkerøystingar (sjå kapittel 6.9). Det var det også i skulen, men dei demokratiske prosessane i kyrkja skapte meir ro enn dei same prosessane gjorde i skulen, og medan bruken av nynorsk raskt blei halvert etter 1950, heldt bruken i kyrkja seg på det same høge nivået.

Både i Stavanger, Bjørgvin og Møre bispedøme utgjorde dei nynorske kyrkjesokna ein større del i 2015 enn i 1996. Dette er det motsette av utviklinga i grunnskulen, men der er bruken av nynorsk individuell, medan den er institusjonell og kollektiv i kyrkja. Dette stadfestar analysen om skilnaden mellom institusjonell og individuell språkbruk (sjå kapittel 3). Mellom 2005 og 2015 var det få endringar i fordelinga mellom nynorsk og bokmål, likeins få organisatoriske endringar. Nokon eigen tabell over nyare røystingar og avgjerder om nynorsk i kyrkja er difor ikkje bygd opp enno.

I 1990-åra blei organisasjonsstrukturen i Den norske kyrkja justert. 1369 sokn i 1996 var i 2015 blitt til 1260. Tilsvarande var 353 nynorske sokn i 1996 blitt til 369 sokn i 2015, spreidde på sju av 11 bispedøme og 11 av 19 fylke (tabell 17.1.2). Prestegjeld er tenestedistriktet til den enkelte presten, og det er ofte fleire sokn i eitt prestegjeld. Ei ny kyrkjelov av 1996 førte til at alle tidlegare kapelldistrikt blei omforma til eigne sokn eller slått saman med andre sokn. Det kan vere fleire kyrkjer i eitt sokn, men språket er som regel det same for alle. Derimot kan enkeltgudstenester ha avvikande liturgispråk (tabell 17.1.3).

Nynorsk faktabok 1998 presenterte det første samla oversynet over kyrkjesokn ordna etter bispedøme, prosti og språk for 1996 (tabell 17.1.4) Tabellen blei vidareført i forenkla form konsentrert om nynorsk i 2005 med tal frå 2004 (tabell 17.1.5). I 2010-utgåva var den komplette forma på plass att (tabell 17.1.6). Denne er ført vidare i oppdatert form for 2015 (tabell 17.1.7). Heile tida hadde minst 29 prosent av kyrkjesokna nynorsk liturgi.

Kyrkjemøtet vedtok i 2011 *Strategiplan for samisk kirkeliv* som over tid skal utløyse fleire stillingar for både sørsamisk, lulesamisk og nordsamisk. I kyrkja blir samisk mest brukt i det samiske forvaltningsområdet (sjå kapittel 3). Der var samiske prestestillingar i tre bispedøme – Nord-Hålogaland, Sør-Hålogaland og Nidaros, og i Oslo og Bergen har det vore fleire årlege gudstenester på samisk sidan 1990-åra.

17.2 Bibel og salmebøker

Med *Kirkesalmebog* av M.B. Landstad fekk Kingos *Kirke-Psalme-Bog* frå 1699, Guldbergs *Psalme-Bog* frå 1778 og Balle *Evangelisk-christelig Psalme-bog* frå 1798 avløyning i Den norske Kyrkja frå og med 1869. I 25 år var

denne salmeboka eittspråkleg, i praksis dansk. Frå og med 1893 blei 150 salmar av Elias Blix tekne med, og desse utgjorde 19 prosent av dei 784 salmane i boka (tabell 17.2.1). I alle seinare fellesspråklege salmebøker har nynorsksalmane utgjort ein større del enn dette.

Som ein parallell til den tospråklege *Kirkosalmebog* blei også *Nynorsk salmebok* tospråkleg alt i 1926, året etter at første utgåva låg føre. I den nye utgåva utgjorde bokmålssalmane 22 prosent.

Den neste store salmeboka var *Norsk salmebok* i 1984. Der var 40 prosent av salmane på nynorsk, 60 prosent på bokmål. I 2008 la ei nemnd i Den norske kyrkja fram forslag til ny salmebok. Av 1147 salmar i framlegget var 376 eller 36 prosent på nynorsk. Dette var noko færre enn i dei to bøkene som kyrkja då brukte – *Norsk Salmebok* og *Salmer 1997*. I det endelege utvalet i *Norsk salmebok 2013* er det fleire nynorske salmar i absolute tal enn i noka tidlegare salmebok, og i prosent av norske salmar nær like mykje som i 1984-utgåva.

Det ligg ikkje føre noka brukarundersøking som kan seie noko om den faktiske bruken av salmar på nynorsk og bokmål.

Fire av ti salmar som blir brukte i Den norske kyrkja i dag, er altså på nynorsk. Meir uventa er det at godt over 30 prosent av dei songane og salmane som blir brukte i lekmannsrørsla, er på nynorsk. Sjølv om alle Blix-salmane var godkjende til bruk frå 1892, tok det enno litt tid før den nynorske salmesongen var fullt integrert i kyrkjelivet. At nynorske salmar er så tilgjengelege og mykje brukte, har nok også hatt sitt å seie for den generelle posisjonen for nynorsk i Den norske kyrkja og lekmannsrørsla. Bruken av nynorsk i skule og kyrkje er såleis konsolidert på to vidt ulike nivå.

To private organisasjonar skil seg ut med sine omfattande historiske dokumentasjonar av nynorsk og bokmål. Begge gjeld bøker og skrifter – den eine er Bibelselskapet, det andre er Det Norske Samlaget (sjå kapittel 16.9).

Årleg står biblar og nytestamente på nynorsk for om lag 15 prosent av det samla salet av desse skriftene (tabell 17.2.2). Ein slik samla dokumentasjon blei for første gong lagd fram i *Nynorsk faktabok 1998*, og er her oppdatert. Det Norske Bibelselskap har ført salstal etter språk for *Bibelen* og *Det nye testamentet* like sidan 1899; det var langt frå opplagt at dei skulle gjere det.

Frå og med 1930 hadde Bibelselskapet ved utgangen av 2014 selt 628 000 biblar på nynorsk og bort mot 3,2 millionar på bokmål. *Bibelen* låg føre i nye omsetjingar til nynorsk og bokmål i 2011. På fire år kjøpte 326 000 desse utgåvene.

For sal av *Det nye testamentet* er salstala komplette frå og med 1899. Av denne boka hadde Bibelselskapet ved utgangen av 2014 selt 967 000 eksemplar på nynorsk og 6,2 millionar på bokmål. Salet følgjer fordelinga for opplæringspråk i skulen av di ein god del av salet gjeld konfirman-tane.

Historiene om bibelomsetjingar til bokmål og nynorsk er nøye skildra.²³⁰

Etter mange danske utgåver i bruk låg den første, gjennomarbeidde omsetjinga av Det gamle testamentet til bokmål føre i 1891, og Det nye testamentet i 1904. Ei meir fornorska utgåve kom i 1930, og det vil seie at omsetjingane i 1891 og 1904 i røynda var på dansk-norsk.

På nynorsk var Det nye testamentet ferdig i 1889, og heile Bibelen kom på nynorsk i 1921. Eit førsteopplag på heile 50 000 eksemplar var utselt på ti år, og nye 50 000 var selde før ei revidert utgåve kom i 1938. Då overtok Bibelselskapet salet.

Frå slutten av 1980-åra har der vore to språkleg ulike omsetjingar av Bibelen til nynorsk. Ei meir høgnorsk utgåve kom ut i 1988 som svar på den omsetjinga som var gitt ut i 1970-åra. Bibelselskapet gav som nemnt i 2011 ut heilt nye omsetjingar av Bibelen til nynorsk og bokmål, utført av eit stort arbeidskollektiv. Berre fire år seinare gav Hermon Forlag ut eit einmannsverk, ei komplett omsetjing av Det nye testamentet og Salmane ved den tidlegare misjonæren Norvald Yri.

Det nye testamentet blei omsett til nordsamisk alt i 1840 og kom i revidert utgåve i 1874. Heile Bibelen var omsett til nordsamisk i 1895, og i 2015 var arbeidet godt i gang med ei ny komplett omsetjing til nordsa-misk etter at Det nye testamentet var ferdig i 1998, då i den nordsamiske rettskrivinga som var blitt fastsett i 1978. Det nye testamentet blei omsett til lulesamisk i 2000, og Markusevangeliet låg føre på sørsamisk i 1993.²³¹

²³⁰ Dagfinn Rian: Norske bibeloversettelser – sett på bakgrunn av dansk-norsk bibeloverset-telsestradisjon», i *Bibel og bibeloversettelse*, Trondheim 1995, og Jarle Bondevik: *Og ordet vart nynorsk. Soga åt den nynorske Bibelen*, Bergen 2003.

²³¹ *Strategiplan for samisk kirkeliv*, Oslo 2011, s. 72 ff.

Norsk salmebok 2013 inneheld 15 salmar på kvart av dei tre samiske språka og 15 på kvensk. I 1996 og 2005 kom det ut to samiske salmebøker med til saman 801 salmar, ei lulesamisk salmebok kom ut i 2005 med 232 salmar, og nokre salmar ligg føre på sørsamisk.²³²

17.9 Historisk statistikk

I 1998-utgåva blei for første gong den geografiske framveksten av bruken av salmane til Elias Blix dokumentert i statistisk og samla form (tabell 17.9.1). Salmane kom i fire utgåver frå 1869 til 1891 i eit samla opplag på 10 000 eksemplar. Då tok det heilt av. Berre fram til 1898 var dei til saman prenta i 214 000 eksemplar. Tekstane var difor svært godt kjende alt før dei blei allment aksepterte i kyrkja.

Det meste av dette skjedde det første tiåret på 1900-talet. Då *Nynorsk salmebok* blei godkjend til bruk i kyrkja i 1926, var alt Blix-salmane innførte i halvparten av sokna. Blix-salmane rydda også vegen for den nynorske liturgien. Dei stadene der nynorske salmar blei sungne tidleg i dette hundreåret, utgjer mykje av grunnfjellet for utbreiinga av nynorsk i dag. Unntaket er Nord-Trøndelag, som var tidleg ute med salmesongen, men der nynorsken no står svakt. På den andre sida var Telemark jamt over tidlegare ute med nynorsk i kyrkja enn i skulen.

Det blir arbeidd med å utvikle mest moglege komplette oversyn over folkerøystingane om kyrkjespråk. Inntil vidare er den dokumentasjonen truleg komen lengst for Sogn og Fjordane (tabell 17.9.2). I dette fylket er kyrkja like eittspråkleg nynorsk som den er eittspråkleg bokmål i mange delar av landet. Både for Noreg sett under eitt og for fylket har nok kyrkja vore ei språkleg stabiliserande kraft over lengre tid. Mellom 1892 og 1954 blei det i Sogn og Fjordane halde minst 109 folkerøystingar om Blix-salmane, 87 om liturgi og 87 om *Nynorsk Salmebok*. Tala kan vere høgare då registreringa ikkje er komplett enno.

Reglane for kyrkjespråket er i all hovudsak dei same i dag som i 1892. Då vedtok Kirkedepartementet at kvart kyrkjesokn gjennom folkerøysting avgjer om liturgien og kyrkjehandlingane skal vere på nynorsk eller bokmål. Presten står i preikene fritt i bruk av dei to språka.

²³² *Strategiplan for samisk kirkeliv*, Oslo 2011, s. 74 f.

Prestegjeld er tenestedistriktet til den enkelte presten, og det er ofte fleire sokn i eitt prestegjeld. Ei ny kyrkjelov av 1996 førte til at alle tidlegare kapelldistrikt blei omforma til eigne sokn eller slått saman med andre sokn. Det kan vere fleire kyrkjer i eitt sokn, men liturgispråket er som regel det same for alle. Derimot kan enkeltgudstenester ha avvikande språk i liturgien.

I 1920-åra blei det etablerte hegemoniet til *Landstads salmebok* utfordra av Nynorsk Salmebok. Utbreiinga av Landstads gamle utgåve, Landstads reviderte og Nynorsk Salmebok blei kartlagd i 1933 (tabell 17.9.3). Av vel 1000 kyrkjesokn var det 269 som brukte Landstads gamle utgåve, 462 brukte Landstads reviderte og 147 brukte Nynorsk Salmebok. På den tida brukte over 20 prosent av kyrkjesokna nynorsk liturgi (tabell 17.1.1). Den nynorske salmeboka blei brukt i 15 prosent av kyrkjesokna, og det var såleis ingen direkte samanheng mellom salmespråk og liturgispråk.

I 1930- og 1940-åra tok jamt fleire kyrkjesokn i bruk nynorsk liturgi, og frå slutten av 1940-åra var den fordelinga 30–70 mellom nynorsk og bokmål etablert som gjaldt også i 2015 (tabell 17.9.5). Dei fleste sokna var små, og det var difor berre 15 prosent av alle innbyggjarane i landet som hadde nynorsk liturgi kring 1950 (tabell 17.9.4 og 17.9.5). Administrativt hadde kvar tredje kommune eit eller fleire nynorske kyrkjesokn i 1977 (tabell 17.9.6). Slikt har vore med og gjort nynorsk til ei sak for fleire enn nynorskbrukarane.

Der er ein dokumentasjon frå 2004 som viser kor mange som tek del i gudstenester med nynorsk liturgi (tabell 17.9.7). Det året var 1 424 000 nordmenn på gudstenester med nynorsk liturgi. Det var nesten like mange som det samla publikumstalet på 1 458 000 for fotballkampar i eliteserien same året. Kvar femte kyrkjegjengar var med på nynorske gudstenester. Dette var fleire enn salet av nynorske biblar utgjorde i prosent det året. I fylke med svak nynorskpresse, til dømes Oppland og Nord-Trøndelag, blir desse gudstenestene eit viktig kontaktpunkt med det levande ordet på nynorsk.

Kor mange av prestane som faktisk held preikene sine på nynorsk, er heilt ukjent. Det einaste sikre er at det er mange færre enn prosentdelen nynorske kyrkjesokn.

Tema: myten om hjartesspråket

Eit synspunkt som går att i norsk kulturhistorie, og særleg i den nynorske delen av denne historia, er at det religiøse språket er eit særskilt hjartesspråk. Bakgrunnen for denne framstillinga har gjerne vore den vurderinga Ivar Aasen gjorde kring 1850 om at han ville vente med å få Bibelen og liturgien på nynorsk. Det skriftspråket han hadde funne, måtte først bli solid etablert i samfunnet.

I *Historia om Ivar Aasen* blei det sagt slik:²³³ «Han visste kvar han ville, og at det ville bli strid. Difor ville han dryge lengst råd før ein kristna nynorsken. På det religiøse området rekna han det i 1852 som sikkert at der ville kome motstand, og difor burde ein vente med språklege framstøytar her til *Begreberne om Sagen vare bedre opklarede*.²³⁴ Det stod om hjartesspråket og grunnsterke kjensler om det gudegitte språket som han ikkje ville utfordre for tidleg. Dei religiøse tekstane ville han ta til slutt, *da Fordommen er stærkest paa denne Side*.»²³⁵

Eg er ikkje så sikker på det lenger. Ivar Aasens forståing av situasjonen kan ingen overprøve, det var slik han såg det, men dermed er det ikkje sagt at dette gjeld allment for arbeidet med å gjere religiøse skrifter tilgjengelege på ulike språk. I tilfellet Noreg var det eit innvandra koloniospråk som blei utfordra, og med det eit sosialt og kulturelt hegemoni. I dei fleste tilfella er truleg Bibelen eller delar av Bibelen blitt omsette til språk som ikkje truga eit slikt hegemoni, eller som har ein annan posisjon i dag enn nynorsk hadde på slutten av 1800-talet. Dei aller fleste omsetjingane av Bibelen har kome på 1800-talet og fram mot andre halvdel av 1900-talet. At desse omsetjingane kom til, kan ha vore eit uttrykk for den store språkpolitiske vendinga i retning av språkleg mangfald, og dei kan sjølve ha vore med og styrkt den tenkinga om mangfald.

Det ser iallfall ut til å vere vanskeleg å dra allmenne slutningar om eit religiøst hjartesspråk ut frå Ivar Aasens funderingar for 150 år sidan. Når det kjem til stykket, vekte tanken om å etablere eit nytt skriftspråk meir motstand enn dei faktiske litterære uttrykka for dette språket.

²³³ Ottar Grepstad: *Historia om Ivar Aasen*, Oslo 2014, s. 209 f.

²³⁴ Ivar Aasen: «Om det norske Sprog», *Skrifter i Samling*, III, Kristiania og København 1912, s. 64.

²³⁵ Ivar Aasen: «Grundtanker til en Afhandling om en norsk Sprogform», skrive 1854, trykt i *Maal og Minne* 1917, s. 20.

Perspektiv: religiøse kultur møte

For bruken av nynorsk hadde det svært mykje å seie at bibeltekstar og kyrkjetekstar nokså tidleg var tilgjengelege på nynorsk. Systemet med folkerøystingar og lokal avgjerd om liturgispråk førte til at kyrkja ikkje kunne distansere seg frå den språklege røynda utanfor.

Med innvandrara følgjer nye religionar, eller religionar som no blir utøvde i grannelaget. Det er ein pluss for det kulturelle mangfaldet, men det stiller også integreringspolitikk og mangfaldspolitikkk på ein ny prøve. Til no har det vore meir tilslutning til at religiøse minoritetar skal få sine stader å vere enn at språklege minoritetar skal kunne fremje bruken av sine språk.

I Noreg er truleg Koranen den viktigaste nye boka dei siste 50 åra. Førebels ligg den føre berre i ei omsetjing frå arabisk til bokmål av Einar Berg i 1980 (sjå kapittel 1.4). Alt i 1965 hadde Einar Seim fullført ei omsetjing til nynorsk. Tekstgrunlaget var ei omsetjing av arabisk til svensk av Karl Vilhelm Zetterstéen frå 1917, og John Meadows Rodwells klassiske omsetjing frå arabisk til engelsk av 1861. Seims omsetjing ligg føre som handskrift og er aldri blitt utgitt.²³⁶

For ei vellykka kulturell integrering kan det vere ein nødvendig føresetnad at grunntekstane til dei viktigaste religiøse minoritetane ligg føre på begge dei norske språka. I den grad innvandarane buset seg meir spreidd enn dei har gjort til no, blir dette særleg nødvendig.

Kristenkonservative miljø reagerte negativt då eg skreiv dette i *Språkfakta 2010*. Visste eg ikkje at muslimane sjølve heldt seg til den arabiske originalteksten?²³⁷ Var det så enkelt, var det ingen grunn for nokon til å omsetje Koranen til latin på 1100-talet, på eit tidspunkt då latin var på veg nedover bruksstigen. Religiøse skrifter er forkynnande tekstar men dei er også grunlaget for kultur møte.

I museumsdelen av det gamle sultanpalasset i Istanbul les imamar høgt frå Koranen døgnet rundt, heile året. Å høyre imamen gjer det klart at han ikkje les, men resiterer, og at verselinjer i Koranen kan vere noko anna enn verselinjer i Bibelen.


²³⁶ Tove Elise Thue Dale i e-post til forfattern 23.4.2015.

²³⁷ «Gjør muslimar en bjørnetjeneste», *Norge IDAG* nr. 8 2010, s. 11.

Å setje om Bibelen til fleire tusen språk har vore ein del av den misjonsgjeringa som ligg i kristendomen, men det har også vore med på å utvikle lokale språkkulturar og styrkt mange språk. Å omsetje Koranen til språk som mange ikkje-muslimar forstår, får ein annan funksjon og tenner til å fremje religiøse kultur møte ved at ein kan lese det som skrivi står.

Omsetjing er blitt kalla det usynlege språket, og omsetjing må til for at religiøse og andre kultur møte skal bli meir enn overflate. «Sjå ikkje på overflata, men i djupna», sa Hieronymus og sette om heile *Bibelen* til latin mellom 382 og 405 e.Kr.

18 Kunst og brukskunst



Figur 18.1 Finalesongar i Melodi Grand Prix 1960–2014. Absolutte tal

Scenekunst, film og musikk er alle viktige delar av ein skriftkultur. For bokmål har alle tre vore viktige, for nynorsk mest scenekunst og musikk.

Det Norske Teatret blei opna i 1913 for å fremje scenekunst på nynorsk og dialekt. Til og med 2014 hadde teatret hatt premiere på nærmare 1200 oppsetjingar og gjennomført nær 53 000 framsyningar. Gjestetal ligg føre frå og med 1960, og teatret hadde ved utgangen av 2014 spelt for meir enn 9,9 millionar menneske. Dei nynorske regionteatera Sogn og Fjordane Teater og Hordaland Teater hadde då spelt 15 000 framsyningar for nær 1,7 millionar gjester.

Nationaltheatret og Det Norske Teatret har vore jamstilte nasjonale scener sidan 1990-åra. I 1990 hadde Nationaltheatret mange fleire gjester enn Det Norske Teatret, men statstilskotet var om lag like stort. I 2014

hadde Det Norske Teatret mange fleire gjester, men mykje lågare statstilskot.

Frå den første norske filmen i 1907 og ut 2014 hadde nær 1000 norske kinofilmar hatt premiere. Komplette gjestetal ligg føre frå og med 1967. Til og med 2014 hadde norske filmar hatt ein marknadsdel på 18 prosent av alle kinogjester, og etter dårlege tider på 1990-talet auka norsk film med 2,7 millionar gjester marknadsdelen sin til 25 prosent i 2014. Frå 1990-åra blei også språktonen mykje ledigare i norske filmar.

Mellom 1960 og 2015 blei over 500 songar framførte i dei norske finalane i Melodi Grand Prix. Lenge dominerte songar på bokmål heilt, men frå slutten av 1990-åra tok engelsk over på kostnad av bokmål. I det same tidsrommet auka interessa hos norske artistar for å syngje på norsk, og fleire gjorde noko med det.

18.1 Scenekunst

Nationaltheatret var den dominerande teaterscena utover på 1900-talet, men frå 1990-åra har Det Norske Teatret vore formelt jamstilt med Nationaltheatret og i gjestetal blitt ein større institusjon.

Gjennom arbeidet med statistisk dokumentasjon av nynorsk skriftkultur er truleg Det Norske Teatret det best kartlagde teatret i Noreg, saman med omfattande historiske framstillingar kvart 25. år. Tal for produksjonar og framsyningar ligg føre frå og med premiereåret 1913, tala for selde billetter frå og med 1960 (tabell 18.1.1).

I åra 1960–2014 gjesta over 9,9 millionar menneske Det Norske Teatret. Enno er 1968 rekordåret med over 236 000 gjester, og der var ein ny topp kring 1990 og frå 2012. Den viktigaste forklaringa på toppåret 1968 er *Spelemann på taket* (tabell 18.1.2). Stykket hadde premiere dette året og blei til saman vist heile 335 gonger. Av dei mange produksjonane på Det Norske teatret frå og med opningsåret 1913 hadde 29 oppsetjingar vore spelte minst 150 gonger ved utgangen av 2014. 16 av desse var spelte meir enn 200 gonger. Fire av oppsetjingane hadde premiere etter tusenårsskiftet. Slik speglar denne dokumentasjonen eit viktig endringstrekk i norsk teaterbransje: Fleire produksjonar blir viste færre gonger, og framsyning nr. 150 er blitt eit klenodium. Dei nyaste stykket i denne adelskalenderen

er *Abrahams barn* frå 2011, spelt 248 gonger på fire år og likevel ikkje utspelt.

Til og med 2014 hadde teatret hatt 1165 premierar med til saman nær 53 000 framsyningar; det spelte framsyning nr. 50 000 i jubileumsåret 2013. Premiere nr. 1000 blei gjennomført i 2006. Ordna etter tiår hadde teatret flest premierar i tiåret 1980–1989. Etter ein topp på 136 premierar det tiåret har teatret seinare hatt kring 130 premierar kvart tiår, med mange fleire i året enn før under teatersjef Erik Ulfsby. Då gjekk teatret over til å spele i repertoar og dermed veksla ein mellom mange ulike produksjonar innanfor eit ganske kort tidsrom.

Scenekunsten var i lange tidsrom på 1900-talet ein dominerande rekrutteringsarena for nye nynorske forfattarar (sjå kapittel 16.4). Lenge var amatørteater i regi av ungdomslag og andre frivillige kulturmiljø dei viktigaste scenekunstskaparane i Sogn og Fjordane. I andre halvdel av 1900-talet kom Riksteatret, og Fjernsynsteatret blei eit nytt tilbod. Den som ville ha meir, måtte til byar som Bergen og Oslo. Difor hadde det mykje å seie at regionteatret Sogn og Fjordane Teater opna i 1977 (tabell 18.1.3). Til og med 2014 har teatret hatt nær 840 000 gjester på meir enn 7500 framsyningar. Teatret sette opp framsyning nr. 5000 i 2001 og selde billett nr. 500 000 i 1997. Desse høge tala rommar mange års røynsle med scenekunst på nynorsk, og teatret har markert seg med solid språkrøkt i arbeidet med oppsetjingane.

Eit stykke på veg kan teatret jamførast med den yngste nynorske teaterscena, Hordaland Teater i Bergen. Dette teatret har etter kvart spesialisert seg på barneframsyningar. Frå og med den første premieren i 1988 hadde teatret til og med 2014 hatt vel 840 000 gjester på nær 7500 framsyningar. Hordaland Teater spelte framsyning nr. 5000 i 2004 og hatt gjest nr. 500 000 i 2003.

Det vil seie at desse to regionteatera var blitt om lag jamstore kulturinstitusjonar. Frå 2012 utvikla desse to teatera saman med Det Norske Teatret eit systematisk samarbeid i form av gjesteturnear og fellesproduksjonar.

Noreg har to nasjonalteater – Nationaltheatret og Det Norske Teatret. Nationaltheatret opna i 1899 og har til tider hatt andre rammevilkår enn Det Norske Teatret. I statsbudsjettet blei dei to teatera økonomisk jamstilte frå 1987, men rammevilkåra for dei to institusjonane utvikla seg likevel ulikt (tabell 18.1.5). I 1990 var løyvinga til Nationaltheatret 4,1 mil-

lionar og 10 prosent høgare enn løyvinga til Det Norske Teatret. Denne avstanden hadde i 2013 auka til 19,1 millionar og 12 prosent. Gjestetala gjekk derimot andre vegen. I 1990 hadde Nationaltheatret 40 prosent fleire gjester enn Det Norske Teatret, som i 2013 hadde eit par tusen fleire gjester enn Nationaltheatret.

Opera Nordfjord spelte si første framsyning i 1998 og hadde ved utgangen av 2014 hatt 75 000 gjester på meir enn 200 framsyningar (tabell 18.1.6). Det er store tal for ein liten institusjon. Samla inntekter låg utover på 2010-talet stabilt kring sju–åtte millionar. Av dette utgjorde marknadsinntektene om lag 30 prosent.

18.2 Film

Spelefilmen, kinofilmen, er truleg det massemediet som bruker minst nynorsk, trass i den sterke posisjonen til nynorsk dramatikkk frå scena. Derimot har bruken av dialekt auka også i spelefilmene.

Til og med 2014 hadde nær 1000 norske kinofilmar hatt premiere (tabell 18.2.1). Fram til 1950-åra hadde gjerne fire–fem kinofilmar premiere kvart år. Frå då av kom dobbelt så mange nye filmar kvart år, og frå tusenårsskiftet har 20 eller feire filmar hatt premiere kvart år. Parallelt med auken i filmproduksjonar endra også talemålet i filmene seg.

Utgangspunktet var statisk. Der var knapt meir enn tre talemål i norsk film i 1960- og 1970-åra, alle bymål: Oslo vestkant, Oslo austkant, bergensk. Gigantsuksessen *Flåklypa Grand Prix* frå 1975 var eit av få unntak med sin bruk av nordøsterdalsk. I 2015 hadde 5,5 millionar sett den filmen.²³⁸

Frå 1990-åra fekk mange norske filmar ein ledigare språktone og opningar for meir dialektbruk. Dette blir ikkje fanga opp i lista. Reklamemakaren Kjetil Try har kalla filmen *Mongoland* av Kristoffer Joner frå 2001 eit språkleg vendepunkt i populærkulturen.²³⁹ Det er eit godt poeng. Dialekt hadde vore brukt før i spelefilmar, og ikkje minst sosiolektar som plasserte rollefigurar sosialt. No blei dialekt brukt gjennomgåande i ei rekkje filmar.

²³⁸ Opplysning frå *caprino.no*, lesedato 13.8.2015.

²³⁹ Kjetil Try i *Norsk Tidend* nr. 3 2008.

Der var fleire openberre årsaker til denne endringa. Det blei teknisk enklare og billigare å lage film, slik at mindre produksjonsmiljø kunne gjere det same som dei få store produsentane ein gong hadde vore så åleine om i svære filmstudio på Jar i Bærum. Filmfaget kunne studerast ved fleire lærestader, og dette styrkte framveksten av mange yngre produksjonsmiljø. På desse stadene var dialekt blitt jamt meir allment brukt, og det blei kunstig å isolere filmmediet frå denne kvardagen.

Svært få kinofilmar er blitt laga med tale på anna språk enn norsk, og kinofilmen er med sin status og sine mange sjåarar eit sterkt område for norsk språk – men ikkje for alt av norsk språk. *Nynorsk faktabok 2005* inneheldt ei liste over 20 spelefilmar med nynorsk bakgrunn i form av førelegg eller originalmanuskript (tabell 18.2.2). Norsk filminstitutt har gitt gode grunnar for å presisere lista slik at den er konsentrert om norske filmar som har eit fundament i nynorsk litteratur. Berre eit fåtal av desse hadde også nynorsk tale. I tida 1996–2014 blei berre fire kinofilmar laga med nynorsk bakgrunn. I det tidsrommet auka derimot bruken av dialekt sterkt.

Det finst ein del eldre gjestetalar for kinoar. Frå og med 1967 er publikum på norske filmar skilde ut (tabell 18.2.3). I 1960-åra kunne norske kinoar selje over 20 millionar bilettar i året. Toppåret for norske filmar var 1975 med over 3,8 millionar gjester, som utgjorde 21 prosent av kinopublikummet det året. På denne marknaden slår publikumssuksessane uvanleg sterkt ut, og dei fleste åra stod likevel norske filmar for mindre enn 10 prosent av billettsalet. Med videospelarane på 1980-talet fall gjestetallet i 1992 for første gong under 10 millionar. På 2000-talet stabiliserte gjestetallet seg mellom 11 og 12 millionar, og marknadsdelen for norske filmar steig mot 20 prosent og forbi. I 2014 selde norske kinoar 11,1 millionar bilettar, av dette 2,7 millionar eller 24 prosent til norske filmar.

Det sterkt eittspråklege statselskapet Norsk Film blei lagt ned i 2001. Frå 2011 blir alle kinofilmar teksta, men på bokmål.²⁴⁰

NRK tv har vore ein av dei store kanalane for film på tv, både spelefilm og dramaseriar. Dette tilbodet har auka dei siste åra, men enno i 2010 utgjorde norsk drama berre tre prosent av sendetida for drama (tabell 18.2.4). I 2014 viste NRK 124 norske filmar, mot 72 i 2009, og 68

²⁴⁰ Nina Refseth i foredrag på seminar i Landssamanslutninga av nynorskkommunar på Voss 24.4.2013, eigne notat.

svenske eller danske, mot 28 i 2009 (tabell 18.2.5). Det var likevel ikkje-skandinavisk film som dominerte, meir og meir. 497 slike filmar blei viste i 2009, og i 2014 heile 974. I dette tidsrommet auka den samla sendeflata noko, men ikkje så mykje at det forklarar auken.

18.3 Musikk

Det går ganske greitt å dokumentere bruken av norske språk i bøker, presse, radio og tv. Musikkfeltet er det verre med.

Songkonkurransen Eurovision, som på folkemunne i Noreg framleis heiter Melodi Grand Prix, kan vere ein interessant indikator for utviklinga fordi rammevilkåra er stabile og arrangementet no dekkjer meir enn 50 år. For første gong er språk i alle norske finalesongar identifisert. Mellom 1960 og 2014 blei over 500 songar framførte i dei norske finalane (tabell 18.3.1). Berre to prosent av desse var på nynorsk og fire prosent på dialekt; fem av ti songar var på bokmål, fire av ti på engelsk. Skiftande regelverk for språk i songane førte til eit kraftig tap for bokmål til engelsk frå slutten av 1990-åra. Frå då av blei godt over 200 songar framførte på engelsk og berre 13 på bokmål. Den same anglofiseringa gjorde seg gjeldande i dei internasjonale finalane (sjå kapittel 2.4).

Denne utviklinga gjekk på tvers av det som prega musikkbransjen elles. I 1966 kom det ut om lag 200 norskteksta plater i Noreg, og 10 prosent av desse var på nynorsk.²⁴¹ Ein seinare og meir påliteleg statistikk frå NRK Platearkivet dekkjer tidsrommet 1987–2004 (tabell 18.3.2). Der viser det seg at kvart tredje lydspor var på nynorsk eller dialekt kring 2000.

Nasjonalbiblioteket merkar ikkje lydfestingar med språk i sine nasjonalbibliografiske data, men NRK Platearkivet språkfesta altså kvart einaste spor i lang tid frå 1987. Dette er den delen av kulturlivet der den nynorske skriftkulturen er mest avhengig av marknadsøkonomien. Då er det interessant at nynorsk og dialekt var så mykje brukt.

Tala fortel også at dialektane blir mykje meir brukte i lydfestingar enn i radio og fjernsyn. Når vi reknar med dialektane, er den nynorske songtradisjonen så rotfesta at nynorsken gjer seg meir gjeldande på plate og cd enn i bokform. I seinare år har det kome mange lydbøker med prosa,

²⁴¹ Berge Furre ofl.: *Målreising 1967*, Oslo 1967, s. 65.

men den språklege tendensen er interessant i lys av det faktum at nynorsk lenge har vore eit dominerande språk i norsk lyrikk (sjå kapittel 16.4). Utover på 2000-talet var der ein tydeleg tendens til at fleire norske artistar, både etablerte og nye, song på norsk. Under bransjetreffet Bylarm i 2014 song 26 prosent av artistane på norsk, mot vel 3 prosent i 2007, skriv songdiktaren Idar Lind.²⁴²

Melodi Grand Prix blei verande det store og jamt meir stovereine unntaket.

809 musikarar som alle er medlemmer i GramArt, blei i 2009 spurde om eigen språkpraksis – og om eigne haldningar (sjå kapittel 5.9). 64 prosent song mest på eller berre på engelsk, og ikkje meir enn 16 prosent song berre på norsk (tabell 18.3.3). 38 prosent song heilt eller delvis på norsk. Menn song meir på norsk enn kvinner, fleire eldre enn unge song berre på norsk, men til skilnad frå mange andre undersøkingar der Oslo ligg lågt på dialektkalaen og Nord-Noreg høgt, var det i dette tilfellet fleire oslofolk enn nordlendingar som song heilt eller delvis på norsk.

Av dei som song mest eller berre på norsk, brukte 60 prosent bokmål, 54 prosent dialekt og 19 prosent nynorsk (tabell 18.3.4). Det vil seie at nynorsk er meir brukt i den marknadsavhengige songlyrikken enn i aviser og bøker med offentleg støtte som rammevilkår. Menn søkte mot dialekt, kvinner mot bokmål, der var liten skilnad mellom unge og eldre, og bokmål var like mykje brukt i Oslo som dialekt i vest og nord. Nynorskbrukarar var det flest av på Vestlandet.

72 prosent av musikarane svara at dei ikkje hadde skifta språk i karrieren (tabell 18.3.5). Det var dobbelt så mange som hadde skifta frå engelsk til norsk (20 prosent) som frå norsk til engelsk (10 prosent). Språkskiftarane gjorde seg mest gjeldande blant 40-åringane, dei etablerte artistane, og meir i vest og nord enn i Oslo. Hovudtendensen var likevel at det språket ein artist tek til med, blir hovudspråket til artisten karrieren gjennom.

18.4 Brukskunst

Noko av den brukskunsten som mest umerkande glir inn i kvardagen, er pengesetlar og frimerke. Noregs Bank har jamstilt nynorsk og bokmål frå

²⁴² Idar Lind: *Vinsjan på kaia*, Oslo 2014, s.115.

slutten av 1900-talet, og Posten gir kvart år ut ein viss del frimerke på nynorsk.

Frå og med 1951 til og med 2014 hadde Posten gitt ut 223 frimerke med nynorsk tekst og 30 tospråklege frimerke (tabell 18.4.1). Desse var utgitt i eit samla opplag på 1 675 000 000 eksemplar. Dette har gjort sitt til at den nynorske skriftkulturen blir kvardagsleg og meir sjølvsgd. Posten var likevel seint ute: Det er først frå 1981 at Posten systematisk laga nynorske frimerke kvart år (tabell 18.4.2). Med dei digitale kommunikasjonsformene har bruken av frimerke gått ned, men enno i 2013 kunne opplaga vere store for andre merke enn julefrimerka. Posten gav ut to frimerke til Språkåret 2013 og trykte kvart av dei i 5,1 millionar eksemplar.

Rekordopplaga ligg på eit heilt anna nivå. I 1982 gav Posten ut eit nytt merke i serien «Norske folkemusikkinstrument». Munnharpa var motivet for frimerket med verdi kr 15,00. Dette var trykt i 30,7 millionar eksemplar. Korkje før eller seinare har eit nynorsk frimerke vore spreidd i større opplag, men i 1987 gav Posten ut to tospråklege merke i serien «Ornament». Det eine av dei hadde verdien kr 2,70 og blei trykt i heile 137 millionar eksemplar.

Frå og med våren 1997 gjekk Posten over til eineformene NOREG eller NORGE på frimerka sine. Jamt mindre korrespondanse på papir gjorde frimerka mindre synlege for folk flest utover på 2000-talet. Kor som er utfordrar denne brukskunsten indirekte allmenne oppfatningar om kvar nynorsk høyrer heime. Frimerke om nordlys, ville dyr og norsk tradisjon overraskar ingen, men Posten har også laga nynorske frimerke om arbeidarn, fyrtårn, mote og astronomi.

Endra betalingsmåtar gjer at også pengesetlane blir mindre brukte enn før. I Noregs Bank er det nynorske innslaget endå nyare enn i Posten. Då Noregs Bank hausten 1985 gav ut ein femtilapp med nynorsk tekst og bilete av A.O. Vinje, blei det leven. I ettertid har det vist seg at dette nok var eit av dei siste tradisjonelle utfalla av motstand mot bruk av nynorsk. Seinare kom ei heil rekkje pengesetlar og ein mynt med nynorsk tekst utan så godt som ein einaste offentleg protest. Berre av femtilappen prenta Noregs Bank 205 millionar eksemplar. I den sjuande utgåva av pengesetlar har Noregs Bank frå og med 1994 konsekvent hatt bokmål på framsida og nynorsk på baksida (tabell 18.4.3).

18.9 Historisk statistikk

Nynorske teaterstykker er blitt viste på mange scener, like frå den første framsyninga av stykket *I marknaden* av Ivar Aasen i 1854. Det blei vist minst 300 originalstykker på nynorsk ved norske teaterscener fram til 1963; omsetjingar ikkje medrekna (tabell 18.9.1). Halvparten av desse stod Det Norske Teatret for.

Slike tal strekar under kor viktige institusjonar med kulturpolitiske forpliktingar er for den nynorske skriftkulturen. Nokon oppdatert statistikk over språk ved norske scener er aldri blitt utarbeidd. Ei opteljing i 1965 viste at 22 prosent av framsyningane ved teatra var på nynorsk det året: «Reknar vi etter tilskodartalet, vert prosenten høgare.»²⁴³

Frå 1930-åra etablerte Komediateatret seg som ei svært populær teaterscene i Bergen. For første gong blir omfanget av denne verksemda no dokumentert på linje med dei andre teatra (tabell 18.9.2). Teatret spelte den første framsyninga 4. mars 1933, folkekomedien *Bertels gjenvordigheter* av Torvald Tu. Då den siste framsyninga blei spelt vinteren 1964, hadde teatret stått for 180 produksjonar med til saman meir enn 12 000 framsyningar. På det meste spelte teatret over 600 framsyningar på eitt år. Komediateatret drog tunge vekslar på den scenekunsten Det Norske Teatret hadde utvikla og spelte svært mykje av repertoaret på dialekt, men brukte bokmål administrativt.²⁴⁴

Tema: scener for språk

Teaterscena blei tidleg ein viktig arena for striden om det danske språket i Noreg burde fornorskast eller ikkje, og korleis det burde gjerast. Ulike teater førte ulik praksis, og etter kvart kom det til nye institusjonar som hadde eit særleg språkpolitisk føremål. Det tok 20 år å foredle ideen om eit nynorsk teater til Det Norske Teatret kunne opne i 1913, og amatørteater blei eit av dei viktigaste kulturpolitiske bidraga frå ungdomslagsrørsla i første halvdel av 1900-talet. Seinare kom scener som Komediate-

²⁴³ Berge Furre ofl.: *Målreising 1967*, Oslo 1967, s. 64.

²⁴⁴ Kari Gaarder Losnedahl: *Komediateatret 1933–1964*, Bergen 1996, s. 31.

atret i Bergen, Sogn og Fjordane Teater i Førde og Hordaland Teater i Bergen. Komediateatret gjorde dialekt til eit sjølvstendig kunstnarleg uttrykk mange tiår før dialektbølga rulla inn.

Filmmiljøet brukte nesten 100 år på å kome dit. Filmen var så kulturelt og sosialt omstridd tidleg på 1900-talet at skodespelarar ved Nationaltheatret ikkje fekk ta filmroller. Det opna vegen til kinosalen for mange skodespelarar ved Det Norske Teatret. Det var berre det at dei med få unntak måtte snakke bokmål. Den språkpolitiske sigeren målfolk vann på teaterscenene, tapte dei i kinosalen.

Det var legitimt å bruke særskilde sosiolektar som talemål i filmar og på den måten plassere folk sosialt. Å la dei snakke normert nynorsk eller ulike dialektar var lite aktuelt.

Ei årsak til dette kan ha vore det kommersielle driftsgrunnlaget for film, mot ein teaterbransje som relativt tidleg fekk offentleg støtte. All norsk filmproduksjon var privat eller kommunalt finansiert fram til 1950. Først då kom den første statlege støtteordninga. Medan støtteordningar for litteratur alltid berre har handla om kvalitet, har popularitet vore eit kriterium for offentleg filmstøtte i Noreg.²⁴⁵

Ei anna årsak, som truleg er viktigare, er den sosiale bakgrunnen i filmmiljøet. Teater blei spelt landet rundt på alle slags scener. Film blei produsert i urbane miljø, og lenge nesten berre i eitt miljø, der den kulturelle avstanden til nynorsk skriftkultur var stor.

Slik blei norsk film ei heilt anna språkhistorie enn norsk scenekunst.

Perspektiv: norsk på norsk

Ganske mange biletkunstnarar bruker engelske titlar på prosjekt og utstillingar i Noreg. I scenekunsten er derimot norsk nesten einerådande. Språkleg plasserer delar av populærmusikken seg mellom desse to kunstformene.

Så godt som all tradisjonssong i Noreg har vore på dialekt, men ein del av det blei i skriftleg form normert til dansk, seinare til bokmål eller nynorsk. Kombinasjonen av samfunnsendringar og trykketekniske endringar gjorde skillingsvisa til den populære forma på 1800-talet, nesten

²⁴⁵ Gjert Kristoffersen ofl.: *Norsk i hundre!*, Oslo 2005, s. 97.

utan unntak på dansk og dansk-norsk. Det same gjaldt songane i dei endelaust mange syngjespela som blei framførte på teaterscener på 1800-talet. Salmesongen var dansk til M.B. Landstad laga ei ny salmebok i 1869, men det gjekk mange tiår før vi kan seie at kyrkjelydane jamt over song på norsk – nynorsk eller bokmål.

Å dikte på noko anna enn dansk-norsk, bokmål eller nynorsk var knapt aktuelt for ein einaste norsk diktar før 1950-åra. Skiftet kom med den amerikanske populærmusikken. Her var Det Norske Teatret svært tidleg ute med gjendiktingar av populære musikalsongar til nynorsk alt i 1940-åra, men denne scenekunsten vann ikkje alltid fram. Strengt teke var 1950- og 1960-åra den svakaste tida for song på norsk, men det var då Alf Prøysen dikta vidare på dialekt slik nordmenn hadde gjort i hundreåra før. Visesongen blei verande norsk, og ein god del av det som kom utanfrå, blei gjendikta til norsk.


Rock var sjølve opprørsmusikken for etterkrigsgenerasjonen, og jazz blei ei jamt meir populær musikkform, med Moldejazz som den første store festivalen i Noreg i 1960-åra. Begge desse musikkformene blei ei bru for engelsk språk inn i ungdomslivet. Jazzmiljøet tok knapt nokon gong eit oppgjær med dette, men med Åge Aleksandersens trønderrock frå 1975 kom den klare meldinga om at også pop og rock kunne syngjast på norsk i Noreg. Dette skjeddde samstundes som målrørsla rulla i gang dialektbølgja. Cover-versjonar av utanlandske slagerar blei på denne tida gjendikta til norsk, som regel til bokmål. Fleire tiår seinare blei rap, som ei av dei mest stadbundne og urbane musikkformene, fornorska nær sagt frå første linje, med større spelerom for dialektar.

«Norsk på norsk» er difor eit uttrykk med ei kort historie.

Økonomisk er mykje av musikkbransjen svært marknadsavhengig. Der er få offentlege støtteordningar, og det offentlege regulerer lite på musikkfeltet og tilsvarende meir på litteraturfeltet. Vanetenking tilseier at nynorsk (og dialekt) er meir brukt i litteraturen enn i musikken. Så enkelt er det ikkje. Mykje tyder på at nynorsk og dialekt har fått eit godt foffeste iallfall i ein del musikkjangrar.

Spørjeundersøkinga frå 2009 stadfestar at publikum er open for meir av same sorten. Artistane er opne for endring, men musikkinstusjonen er det i liten grad. Éin norsk tekst og 20 engelske i Melodi Grand Prix 2010 vitnar om kvar vanetenkinga rår grunnen trass i signala frå marknaden. Betre, sett med norske auge, blei det ikkje i åra som følgde.

19 Språk- og kulturinstitusjonar



Figur 19.1 Norske museum 2013. Prosent

I Noreg er der åtte landsdekkjande språkorganisasjonar. Fem av desse arbeider for nynorsk, ein for samnorsk, ein for bokmål og ein for riksmål. Størst er Noregs Mållag med 13 000 medlemmer i 2014. Godt over 95 prosent av nynorskbrukarane er ikkje organiserte målfolk, men medlemene er spreidde jamnare utover landet enn nynorskbrukarane er.

Begge dei to store norskdomsorganisasjonane, Noregs Mållag og Noregs Ungdomslag, hadde vesentleg færre medlemmer utover på 2000-talet enn i sine velmaktsdagar i første halvdel av 1900-talet. Slikt har det gått med mange frivillige organisasjonar. For første gong var dei to organisasjonane jamstore i medlemstal.

To av dei største kulturjubilea og -markeringane etter 1990 har vore gjennomførte av nynorskmiljøet. Ivar Aasen-året 1996 var med og endra

oppfatninga om Ivar Aasen, og medan Språkåret 2013 stod på, skifta 250 000 nordmenn meining i sentrale språkpolitiske spørsmål.

I 2014 hadde kvart femte museum nynorsk som administrasjonsspråk. Størst var Jærmuseet, og i 2013 vitja 700 000 desse musea, noko fleire enn i 2010. Det var i 2015 registrert 70 festivalar og sogespel med nynorsk som administrasjonsspråk.

18 nasjonale og regionale nynorskinstitusjonar hadde 350 fast tilsette i 2015, mot nær 370 21 institusjonar i 2003. Nokre få av desse er store på sine område, ingen av dei er store generelt sett.

Samarbeidsorganet Nynorsk Forum har sidan 2000 dokumentert kor stor del dei statlege løyvingane til nynorsktiltak utgjør av det samla budsjettet for Kulturdepartementet. Frå ein topp på 3,6 prosent tidleg på 2000-talet fall denne nynorskindeksen til 2,6 prosent i 2015.

19.1 Medlemsorganisasjonar

Innanfor nynorsk skriftkultur er der fem organisasjonar for private medlemmer, og éin for institusjonar. Som for andre frivillige organisasjonar har medlemstalet falle mykje dei siste tiåra.

Noregs Ungdomslag og Noregs Mållag fekk raskt mange medlemmer etter at dei var blitt skipa i 1896 og 1906 (tabell 19.1.1). Grunnen er at det alt fanst ei rekkje lokale mållag og ungdomslag då landsorganisasjonane blei skipa. Sidan har Noregs Mållag halde det jamnaste nivået. Noregs Ungdomslag nådde nok vidare ut og har hatt to tydelege toppar i medlemstalet sitt, etter begge verdskrigane, med opp mot 50 000 medlemmer. Seinare er medlemstalet blitt meir enn halvert, og Noregs Mållag var i 2014 for første gong nesten jamstor med Noregs Ungdomslag. Med periodiske unntak har Noregs Ungdomslag på 2000-talet hatt ei vag språkleg-ideologisk plattform.

Litteraturselskapet Det Norske Samlaget er vel utan like i Noreg. Sjølv om dette ikkje er ein vanleg medlemsorganisasjon med lokallag, er det altså medlemene som utgjør tingarane av Syn og Segn, og ved sida av Vestmannalaget er Samlaget den eldste målorganisasjonen i Noreg. Etter ein første topp i tida kring 1920 også her auka medlemstilslutninga på ny kraftig i 1950-åra og frametter med 13 400 i 1968 som toppåret. Frå 1990-åra har medlemstalet falle og flata ut kring 2300 medlemmer.

Norsk Målungdom har om lag 1300 medlemmer. Hausten 2002 avslørte TV2 at organisasjonen hadde juksa med medlemstala, og Oslo tingrett gav ein fellande dom i desember 2003. Etter dette er det rydda opp, men pålitelege tal for 1980- og 1990-åra vil truleg aldri kunne skaffast. Mest truleg har Norsk Målungdom aldri hatt særleg over 2000 medlemmer, sjølv om det ligg føre slike rapporterte tal for fleire år, særleg på 1970-talet.

Stor har nedgangen vore for Kringkastingsringen, som på 2000-talet har stabilisert seg kring 1000 medlemmer, mot om lag 2000 kring 1990 og heile 5000 i 1970-åra. Til liks med Noregs Mållag og Noregs Ungdomslag fekk organisasjonen raskt mange medlemmer. Alt eitt år etter skipinga i 1955 hadde organisasjonen nær 10 000 medlemmer, i ei tid då medlemstala til dei andre norskdomsorganisasjonane gjekk tydeleg tilbake. Verksemda femnde vidt, men er blitt konsentrert i pakt med minkande medlemstal dei siste åra.

Den regionale krafta som pregar den nynorske skriftkulturen generelt, er mindre tydeleg i norskdomsorganisasjonane. Den organiserte målørsla jamnar såleis ut andre tendensar i utviklinga av den nynorske skriftkulturen, og stabiliserer situasjonen. Organiserte målfolk er spreidde over heile landet (tabell 19.1.2, 19.2.3 og 19.1.4). Bakgrunnen til desse veit vi lite om, men det blir nok for enkelt å forklare det med at dei er utflytta vestlendingar.

Geografisk sett har lokallagsstrukturen i Noregs Mållag endra seg lite geografisk sett frå 1995 til 2004. Noregs Mållag held delvis fast på den gamle futedøme-inndelinga i organisasjonsstrukturen, og Noregs Ungdomslag gjer det i endå sterkare grad. Diverre ligg det ikkje føre opplysningar om tal på ungdomslag over tid som gjer det mogleg å studere eventuelle endringar der meir inngåande.

Den auka dialektbruken viser att organisatorisk i Noregs Mållag ved at fleire lokallag kallar seg dialekt- og mållag. I 2013 hadde organisasjonen ni slike lag, mot fem ti år tidlegare.²⁴⁶ Alle laga heldt til i dei delane av landet der nynorsk etter kvart var lite brukt, og dei fleste heldt til i Hedmark eller Oppland.

Landssamanslutninga av nynorskkommunar (LNK) har både kommunar, fylkeskommunar og interkommunale føretak som medlemmer.

²⁴⁶ Noregs Mållag: *Årsmelding 2003–2004* og *Årsmelding 2013–2014*, nm.no, lesedato 9.8.2015.

Lakmustesten er talet på kommunar, som no ligg stabilt på over 100. Det vil seie at ni av ti nynorskkommunar er med i organisasjonen (tabell 19.1.5).

19.2 Jubileum og markeringar

Til rapporten om Språkåret 2013 samla Nynorsk kultursentrum inn nøkkelstal for ein del kulturjubileum og markeringar frå 1990-åra fram til 2013. Dei fleste jubilea det siste tiåret har hatt samla inntekter mellom 6 og 10 millionar (tabell 19.2.1). Då er eigeninnsatsen til sentrale samarbeidspartnarar ikkje rekna med. Diverre har det vore rapportert svært ulikt om jubilea og markeringane. Berre halvparten har rapportert arrangementstal, og det er ikkje sikkert at alle har rekna arrangementstal på same måten. Det ser likevel ut til at Språkåret 2013 ikkje hadde større budsjett til rådvelde enn dei fleste jubilea, men utløyste større aktivitet enn det som har vore vanleg.

Det blei gjennomført 3320 arrangement i Språkåret 2013 (tabell 19.2.2). Desse fordelte seg på 219 kommunar i alle fylka og i svært ulike språkmiljø. Mønsteret er ganske likt Ivar Aasen-året 1996, men den markeringa hadde relativt fleire arrangement på Vestlandet. Garborg-året 2001 var mykje meir konsentrert om vertskapsfylket Rogaland enn tilfellet var for dei to andre tiltaka.

Ein del tidlegare kulturjubileum har gjort det stort i utlandet. Ibsen-jubileet i 2006 blei markert i 83 land, Hamsun-jubileet i 2009 i meir enn 30 land, og Bjørnson-markeringa i 2010 i 15 land.²⁴⁷ Språkåret hadde aktivitet i fem land og skil seg såleis ut frå dei andre. Det var ikkje noko mål for Språkåret å bruke tid og krefter på tiltak utanfor landegrensene. Språkåret skulle feire det norske språklege mangfaldet, og det skulle primært gjerast i Noreg.

Dobbelt så mange fekk kjennskap til Språkåret i tida som gjekk frå hausten 2012 til hausten 2013 (tabell 19.2.3). To veker før Språkåret 2013 opna, hadde to av ti nordmenn høyrte om det. Då Språkåret 2013 blei avslutta, kjende fire av ti nordmenn til det.

Kan Språkåret vere nøgd med at under halvparten av alle vaksne

²⁴⁷ *Så lenge der er språk, kjem det år.* Årsrapport 2011–2014 for Språkåret 2013, Ørsta 2014, s. 36.

nordmenn hadde høyrte om Språkåret 2013 nokre dagar før det blir avslutta? Tala kan ikkje målast mot noko tidlegare kulturjubileum, men for merkevara Språkåret er det positivt at dobbelt så mange hadde fått med seg kva Språkåret var i 2013 enn i 2012.

Det var inga prioritert oppgåve for Språkåret å byggje merkevare. Innhald var det som gjaldt – skape engasjement, idear og refleksjonar om språk. Kommunikasjonsbudsjettet var lågt, men ikkje lågare enn dei kulturjubilea det har vore mogleg å jamføre med. Språkåret 2013 skulle vere året som aldri sluttar, og i det ligg det eit ønske om å vidareføre innhaldet i året, ikkje å vidareføre Språkåret 2013 som organisasjon. I 2013 endra 250 000 nordmenn meining i sentrale språkpolitiske spørsmål (sjå kapittel 5.1).

19.3 Museum og festivalar

Etter skiftande organisasjonsformer og profilar har Dei nynorske festspela til og med 2014 gjennomført over 1000 arrangement (tabell 19.3.1). Både gjestetaltal og økonomisk resultat har svinga. Denne sjangerkryssande festivalen kom til som ein del av arbeidet med å realisere det nye Ivar Aasen-tunet, som det gamle Ivar Aasen-museet blei ein del av i 2000.

Museet er det eldste personmuseet i landet. Det ligg føre lite informasjon om gjestetaltal fram gjennom tidene etter opninga i 1898, men mot slutten av 1900-talet hadde museet 1500–2000 gjester i året (tabell 19.9.2). I 2000 blei museet ein del av det nye Ivar Aasen-tunet.

I 2000 hadde Nynorsk kultursentrum ni fast tilsette og samla inntekter på 6,2 millionar. Medrekna dotterselskapet Allkunne AS hadde institusjonen 17 fast tilsette ved utgangen av 2014, og dei samla inntektene hadde auka til 25,9 millionar (nominell verdi). I dette tidsrommet hadde Nynorsk kultursentrum hatt over 3,7 millionar gjester og brukarar, 4300 arrangement var gjennomførte i 146 kommunar, og 30 temautstillingar var lånte ut 146 gonger i 18 fylke. Dette gjorde Nynorsk kultursentrum til den tredje største nynorskinstitusjonen, etter Det Norske Teatret og Det Norske Samlaget.

Frå 1990-åra har det kome fleire analysar av kva ringverknader kulturinstitusjonar har og kan ha. Særleg interesse har det å finne ut noko om

kva lokalsamfunn og storsamfunn får att av verdiar. Éin av desse analysane gjeld i enkle former pengestraumen gjennom Nynorsk kultursentrum (tabell 19.9.3).

Frå 1991 og fram til opninga i 2000 utgjorde dei offentlege utviklings- og investeringskostnadene 73,3 millionar kroner. Av dette stod staten for 65 prosent. Dei lokale leveransane til denne byggjeverksemda utgjorde truleg om lag 30 millionar. Desse kjøpa av varer og tenester hadde i neste omgang sine verknader for lokale lønsinntekter og lokale skatteinntekter. Alt før ein einaste gjest hadde vore inne i nybygget i Ivar Aasen-tunet i 2000, var dobbelt så mykje midlar førte tilbake til lokalsamfunna som det vertskommunane hadde satsa. Med på kjøpet fekk kommunane eit anlegg til ein teknisk verdi av det firedoble av innsatsen og ein institusjon som no tel 11 faste arbeidsplassar.

På dei fem første driftsåra etter opninga i 2000 hadde Nynorsk kultursentrum ei samla omsetning på vel 42 millionar. Lokalt forbruk og investeringar hadde saman med dei direkte skatteinntektene tilført lokalsamfunna 27,5 millionar på fem år. Det vil seie at to av tre kroner frå omsetninga gjekk til dei to lokalsamfunna i form av skattar, forbruk og investeringar.

Slår vi saman utviklings- og investeringsmidlane frå 1990-åra og driftsmidlane 2000-2004, hadde dei to vertskommunane Ørsta og Volda då brukt 15,5 millionar. Saman med det lokale næringslivet hadde dei same kommunane fått tilbake minst 30 millionar i 1990-åra og 27,5 millionar i tida 2000-2004. Det vil seie at 15,5 millionar kommunale kroner var blitt til 57,5 millionar kroner i lokaløkonomien. Alt etter så kort tid var kvar kommunale krone blitt til fire kroner i lokaløkonomien.

To av tre kroner frå verksemda til Nynorsk kultursentrum hamnar i næringslivet eller i kommunekassa i vertskommunane. Der er nokre trekk ved denne institusjonen som langt frå er typiske i norsk kulturøkonomi, men det kan ikkje vere tvil om at kulturinstitusjonar har sitt å seie for den dynamikken som økonomien i kvart einaste lokalsamfunn er avhengig av.

Ved utgangen av 2014 var det 66 museum i det som blir kalla det nasjonale museumsnettverket. Kvart femte museum hadde nynorsk som administrasjonsspråk (tabell 3.1.4.3). Størst av desse var Jærmuseet (tabell 19.3.3). Dette museet passerte 200 000 gjester på eitt år i 2011 og hadde nær 225 000 gjester i 2013. Nest størst var Sunnmøre Museum med 70 000

gjester. Det største statstilskotet gjekk til Musea i Sogn og Fjordane. På dei fem åra 2010–2014 auka tilskotet frå 21 til 30 millionar. I det same tidsrommet fall gjestetallet frå 99 000 til 60 000.

Kor mange festivalar og sogespel som blir avvikla i Noreg kvart år, er uvisst. Eit første oversyn over slike kulturtiltak med nynorsk som administrasjonsspråk inneheld 53 festivalar og 17 sogespel anno 2015 (tabell 19.3.4). 28 av dei heldt til i Hordaland, 20 i Sogn og Fjordane.

Felles for musea og festivalane med nynorsk som administrasjonsspråk er at dei ligg i nesten alle delar av det som ein gong var kjerneområdet for nynorskbrukarar – Gudbrandsdalen, Valdres, Vest-Telemark og heile Vestlandet. Hallingdal og Trøndelag er utan slike museum.

19.4 Drift

Offentlege midlar inn i nynorskmiljøet gir store ringverknader.

Ei rekkje organisasjonar og verksemder skipa samarbeidsorganet Nynorsk Forum i januar 1997. Desse medlemsinstitusjonane har kvar si historie og driv sitt sjølvstendige arbeid. Men langt på veg er bakgrunnen og føremåla dei same. I *Nynorsk faktabok 1998* blei difor desse rekna saman. Desse 18 institusjonane og verksemdene hadde ei samla omsetning på 314 millionar i 1996.²⁴⁸ Av dette var 63 prosent eigeninntekter. Held vi utanfor Det Norske Teatret med si spesielle finansieringsordning, utgjorde eigeninntektene heile 86 prosent. For kvar offentlege krone som blei sett inn i desse nynorske tiltaka, skapte dei altså sju kroner sjølve. Oversynet for 1996 er ikkje ført vidare.

Nynorsk faktabok 2005 dokumenterte derimot statstilskota til dei nasjonale nynorsktiltaka. Denne dokumentasjonen er ført vidare (tabell 19.4.1, 19.4.2 og 19.4.3). Grunnlaget for desse tabellane er dei institusjonane som er med i Nynorsk Forum, supplert med viktige regionale institusjonar. Statlege støtteordningar som blir forvalta av til dømes Kulturrådet, er ikkje rekna med, heller ikkje ad hoc-tiltak. Desse utgjer likevel for små summar til at dei skiplar tendensen i dokumentasjonen.

²⁴⁸ Ottar Grepstad: *Nynorsk faktabok 1998*, Oslo 1998, tabell 60.

Summen av løyvingane er rekna i prosent av den årlege ramma for Kulturdepartementet. I kulturmeldinga frå 2003 gjekk regjeringa Bondevik II inn for ei systematisk styrking av nynorsk skriftkultur fram mot 200-årsjubileet for Ivar Aasen i 2013. For å få til dette var det aktuelt å bruke positiv favorisering av nynorsktiltak. Eit breitt fleirtal i Stortinget slutta seg til dette våren 2004. Resultatet blei det motsette. Over tid satsa skiftande regjeringar mindre på nynorsktiltak enn den samla auken i kulturbudsjetta skulle tilseie. Kulturløft I og II frå regjeringa Stoltenberg II hadde altså ingen definert nynorskprofil.

Den førte enkle studien av profesjonaliseringa av nynorskmiljøet blei presentert i årstale nr. 3 om tilstanden for nynorsk skriftkultur i 2003. Det året arbeidde det nesten 370 personar i 18 nasjonale og regionale nynorskinstitusjonar som var med i Nynorsk Forum, og desse utførte 334 årsverk. Kunst- og kulturinstitusjonane stod for to av tre årsverk, og seks av ti tilsette var jamvel under same taket, i Det Norske Teatret. Den nest største gruppa var publisistiske verksemder med 17 prosent av årsverka og forskingsinstitusjonar med sju prosent. Mindre enn to prosent av alle årsverka var å finne i barne- og ungdomstiltak.

Undersøkinga frå 2003 blei gjennomført på nytt i 2015 (tabell 19.4.5). Då var 21 institusjonar og organisasjonar i drift, og det samla talet på årsverk var nesten uendra – 329 mot 334 i 2003. Kunst- og kulturinstitusjonane stod for tre av fire årsverk, og som i 2003 arbeidde vel seks av ti ved Det Norske Teatret. Den publisistiske verksemnda femnde om fleire tiltak, men stod for færre årsverk enn i 2003, mest fordi Det Norske Samlaget i 2012 måtte selje skulebokavdelinga. Forskingsverksemnda var redusert til fire prosent av di Norsk Ordbok 2014 var under avvikling i 2015, medan Nynorsksenteret hadde kome til.

Verksemnda skil seg mykje frå institusjon til institusjon, og eit skilje mellom kulturfaglege og driftsfaglege stillingar passar ikkje like godt for alle. 83 prosent av alle årsverka var innanfor det kulturfaglege, 17 prosent var driftsfagleg arbeid i ei vid tyding av det ordet. Det Norske Teatret var framleis den store institusjonen med 69 prosent av alle årsverka, relativt større enn før, for i 2003 blei 64 prosent av årsverka utførte ved den institusjonen.

Tema: skriftkulturens fellesskap

For bokmål finst ingen allmenn, brei organisasjon. Både riksmåls- og nynorsk-miljøet blei tidleg organisert, men det skjedde på to heilt ulike måtar.

Der var ei regional kraft i utviklinga av ein nynorsk skriftkultur (sjå kapittel 4), medan der var ei sosial kraft i riksmålsmiljøet. Vel er det så at dei første nynorskinstitusjonane blei forma i Oslo og Bergen, men frå 1870-åra dukka det opp ungdomslag og mållag mange stader i landet.

Då landsorganisasjonen Noregs Ungdomslag blei stifta i 1896, var der difor eit solid lokalt fundament med 8000 medlemmer i 96 fylkeslag og ungdomslag. Desse laga hadde alt gjennomført 42 ungdomslagsstemne med til saman 46 000 deltakarar.²⁴⁹

Slik var det også for Noregs Mållag. 122 fylkeslag og lokale mållag med minst 3000 medlemmer var alt skipa då Noregs Mållag tok form i 1906.²⁵⁰ Riksmålsforbundet blei derimot skipa i 1907, mest som ein protestorganisasjon mot at alle artianarar skulle kunne skrive både nynorsk og bokmål, og med eit minimum av lokallag som utgangspunkt

Felles for desse organisasjonane og mange andre var derimot at dei forma skriftkulturelle fellesskapar. Di lenger ein organisasjon har vore i drift, di større blir eigentyngda, og di mindre aktuelt er det å avvikle den fellesskapen som er skapt.

Slike fellesskapar formar felles forståingsmåtar og gir handlekraft. Riksmålsmiljøet viste sterk organisering då dei store aksjonane mot samnorsk blei gjennomførte i 1950-åra. Målfolk gjorde det same då dei tidleg på 1900-talet utvikla ei finansieringsform for nye, eigne føretak i eit samfunn der inga offentleg støtte enno var å få. Kvar på sin måte blei difor slike språkorganisasjonar viktige føresetnader for den styrken både bokmål og nynorsk fekk som skriftspråk i eit globalt perspektiv.

Var esperanto berre blitt verande eit individuelt planspråk, ville historia om det språket vore avslutta for lenge sidan. Gjennom organisasjonar og institusjonar blei språket faktisk teke i bruk, ikkje noko anna språk

²⁴⁹ Sven Moren og Edvard Os: *Den frilynde ungdomsrøesla*, Oslo 1921, s. 386, og Werner Steinsland: *Den frisinna ungdomsrøesla til skiping av Noregs Ungdomslag*, hovudoppgåve, Universitetet i Bergen 1981, s. 54 og 57.

²⁵⁰ Olaf Almendingen: *Målstrev og målvokster 1905-1913. Organisering, ideologi og arbeidsoppgåver*, hovudoppgåve, Universitetet i Oslo 1984, s. 13-15.

er det laga så mange museum for som esperanto, og dette språkmiljøet er det einaste som lagar internasjonale språkfestivalar som både skal tene til å styrkje esperanto og fremje kjennskapen til andre språk.

Når emnet i det språkpolitiske ordskiftet er norsk språk, blir det snakka om norsk, riksmål, nynorsk og dialekt. Namnet på det mest brukte språket i Noreg blir sjeldan brukt i slike høve (sjå kapittel 3.1). På same måten har det knapt nokon gong vore diskutert offentleg ein strategi for bruk og vern av bokmål, og særleg ikkje i lys av seinare tiårs språkpolitiske vending i retning av mangfald. Eit prinsipielt standpunkt formulerte filosofen og samfunnsdebutanten Helge Ytrehus kring 1960 i eit foredrag i Stavanger Mållag. Det han kalla den etiske kjernen i den norske språkstriden var «ein strid for frigjering av eit norsk språkgrunnlag som lever inni oss alle den dag i dag».²⁵¹ Dette gjaldt for han like mykje bokmåls- som nynorskbrukarane, men han sette grensa ved riksmål. Riksmålsbevegelsen strir mot ein individuell menneskeleg frigjeringsprosess, sa Ytrehus.

Eit halvt hundre år seinare såg ein annan filosof, Gunnar Skirbekk, den norske tospråksituasjonen som ein del av moderniseringa av Noreg, ein kamp om kulturelt hegemoni og som ei anerkjenning av den andre – det siste som ein utilsikta konsekvens av ein læringsprosess som hadde ført fram til «ein viss grad av kulturell toleranse».²⁵² I Noreg har språk lenge handla om meir enn rettskriving, ja, om meir enn språk.

«Sprogsituationen i Norge har fremmet et dynamisk sprogsyn: Sprog opfattes som et menneskeligt udtryk, der nok overleveres, men også kan formes og reguleres», skreiv den danske språkforskaren Jørn Lund i 1996.²⁵³ Det har ikkje minst språkorganisasjonane sin del av æra for.

Perspektiv: mange og små institusjonar

Når ein organisasjon eller institusjon er stor nok, utgjer dei ein kritisk masse som er i stand til å stå imot ymse former for press og endringar i

²⁵¹ Helge Ytrehus: *Vår nasjonale målstrid*, [Stavanger] u.å., s. 3.

²⁵² Gunnar Skirbekk: *Norsk og moderne*, Oslo 2010, 39.

²⁵³ Jørn Lund: «Aasen set fra Danmark», *Språknytt* nr. 1 1996, s. 16.

rammevilkåra. Fleire av norskdomstiltaka ligg i 2009 under nivået for slik kritisk masse. Når den kritiske massen er der, syter sjølvforsterkande og dynamiske mekanismar for vidare utvikling og vekst. Det som ligg under nivået for kritisk masse, risikerer å ende i stagnasjon.

For å fremje bokmål var der i 2015 ingen slagkraftig organisasjon med eit breitt rekrutteringsgrunnlag og mange medlemmer. Riksmålsforbundet har lita politisk fornyande kraft og manglar det lokale nettverket til Noregs Mållag og Noregs Ungdomslag. Dette er eit av fleire uttrykk for den prisen det krev å vere den største språkbrukargruppa. Når forholdet bokmål–nynorsk er 85–15, blir det heller ikkje noko behov for ein slik organisasjon. I England har ein i mange år arbeidd for å etablere eit museum for engelsk, men det er fleire grunnar enn finansieringsvanskar til at dette prosjektet enno ikkje er realisert. Ein vil heller ikkje finne noko museum for tysk, fransk eller spansk.

Eit slikt museum finst det for nynorsk, og for nynorsk er der mange organisasjonar. Frå 1990-åra kom det til ei rekkje nye nynorskinstitusjonar. Felles for dei alle er at dei er ganske små på kvar sine område.

Størst i kroner og medarbeidarar er Det Norske Teatret, og dette er den einaste nynorskinstitusjonen som også er stor i sin eigen bransje. Nest størst er Det Norske Samlaget. Alle dei andre nynorskinstitusjonane er små. Med sine 18 fast tilsette i 2015 var Nynorsk kultursentrum det største litterære museet i Noreg og det einaste språkmuseet i Norden, men blant norske museum var det ein liten institusjon.

Noko av dette blir kompensert gjennom tett samarbeid mellom institusjonane, ikkje minst gjennom samarbeidsorganet Nynorsk Forum. Det organet blei skipa i 1977, og på desse 20 åra har det vore minimalt med motsetnader i nynorskmiljøet utover det som alltid vil og bør vere av sakleg usemje. Den grunnleggjande føresetnaden har vore samarbeid ut frå største sams mål og ein reell vetorett for kvar medlemsinstitusjon. Dette har lite å seie for publikum, men i det allmenne politiske arbeidet har det vore viktig.

Tilsvarande institusjonar finst i liten grad for bokmål anna enn Nationaltheatret som ein parallell til Det Norske Teatret. Til gjengjeld er dei fleste kulturinstitusjonane jamt over i praksis institusjonar som helst ser berre den eine sida av den språkdeltede norske skriftkulturen.

Teljing og forteljing

Eit essay om språk, tal og kart



Kart 1. Språk i verda anno 1952, frå Antoine Meillet og Marcel Cohen: *Les langues du monde*, Paris 1952. Digital kopi: Ivar Aasen-tunet.

Antoine, Lucien, Marcel. Det er noko med slike namn. Og Elenus.

Same året som Den første verdskrigen ebba ut, tok A. Meillet ordet med boka *Les Langues dans l'Europe nouvelle*. Det strålar optimisme frå ein slik tittel, men forfattaren tok sine atterhald i forordet: «Utan dei aktuelle omstenda ville denne boka aldri blitt skriven.»²⁵⁴ Dette var likevel eit arbeid frå vitskapshuset, heldt han fram, og «dei ideane som utgjer bakgrunnen, har ikkje noko med desse omstenda å gjere».

Samfunn skulle byggjast på nytt, Europa skulle vidare, og Meillet viste kor viktige språk er i slike prosessar. Bøker om språk hadde han gitt ut sidan 1897, denne franske språkforskaren Antoine Meillet (1866–1936). I si forskning blei han tidleg påverka av den sveitsiske lingvisten

²⁵⁴ Antoine Meillet: *Les Langues dans l'Europe nouvelle*, Paris 1918, s. 7.

Ferdinand de Saussure, han skreiv si doktoravhandling om gamalslavnsk, og på ulike måtar utførte han jamførande språkstudiar.

Dei første tiåra på 1900-talet var han ein av dei fremste franske språkforskarane, i eit miljø der det blei tenkt stort, breitt, nytt. Meillet knytte kontaktar fleire stader og samarbeidde i 1920-åra med dei norske språkforskarane Alf Sommerfelt og Hans Vogt. Det var nok grunnen til at han gav ut *La méthode comparative en linguistique historique* på Institutt for sammenlignende kulturforskning i Oslo 1925.

Mange hadde sortert og klassifisert språk før Meillet, og då teorien om dei indoeuropeiske språka tok form på 1700-talet, fekk slikt arbeid ei tydelegare retning. Meillet stoppa ikkje ved språkfamiliane. Han skreiv om både språk og rase, språk og nasjon, språk og sivilisasjon, talde ikkje, men ordna og fortalde og reflekterte. Meillet vandra mellom språka med ein kjennars mine.

I nynorskmiljøet var der både ei fagleg og ei språkpolitisk sjølvforståing. Nesten heile 1900-talet gjennom rådde tanken om Noreg som ein eittspråkleg stat der nynorsk tok over for bokmål. Denne politiske sjølvforståinga vann inga tilslutning utanfor nynorskmiljøet. Den faglege sjølvforståinga stod derimot sterkt i vide krinsar. Antoine Meillet omtalte den norske språksituasjonen om lag slik også nynorskmiljøet såg på verda. Då Noreg er eit demokratisk land med ei sterk nasjonal ånd, skreiv Meillet, kom ein reaksjon mot det dansk-norske språket i form av eit språk bygt på dialektane kalla «språket for landet», landsmål, og som alt har dei same rettane som det dansk-norske.²⁵⁵ «Med færre enn 2,5 millionar innbyggjarar har Noreg no to skriftspråk. Den gamle borgarskapen held fast ved dansk-norsk, medan liberaldemokratane arbeider for å utbreie nynorsk, som er det faktiske norske språket.»²⁵⁶

Ti år seinare kom ei ny utgåve av boka om språka i det nye Europa. Tittelen var uendra, men no var stoffet todelt. Etter 290 sider tematisk framstilling av Meillet følgde ein statistisk del på 200 sider av L. Tesnière «sur la statistique des langues de l'Europe». Lucien Tesnière (1893–1954) var ein annan sentral fransk lingvist i første halvdel av det 20. hundreåret. Meillet var hans mentor, og den statistiske delen av boka frå 1928 kunne såleis verke som eit typisk arbeid utført av ein assistent

²⁵⁵ Antoine Meillet, same staden, s. 269 f.

²⁵⁶ Antoine Meillet, same staden, s. 195.

til ein prosessor. Då var likevel Tesnière alt sjølv blitt professor i slavisk språk og litteratur i Strassburg; seinare drog han til Montpellier. Det viktigaste han gjorde, var å utvikle ein teori om dependensgrammatikk som eit bidrag til å forstå strukturane i språk. Dei økonomiske vanskane etter Den første verdskrigen gjorde at det tok tid før han fekk publisert arbeidet sitt. Han rakk det så vidt. I 1953, året før han døydde, kom endeleg *Esquisse d'une syntaxe structurale*. Tesnière døydde fem år før han fekk sitt internasjonale, vitenskaplege gjennombrot med den posthume utgivinga *Éléments de syntaxe structurale*.

Meillet døydde i 1936, men dukka opp att i bokhandlane i 1952. Då kom ei ny utgåve av verket *Les langues du monde par un groupe de linguistes*. Slike bøker var skrivne før, men då alltid av enkeltpersonar. Godbiten var vedlegget «Atlas des langues du monde». Dei 21 kolorerte karta har titlar som røper tida: «Langues de civilisation».

Saman med Marcel Cohen hadde Meillet redigert ei første utgåve i 1924. Dei femnde vidt, men langt frå alt kom med. Ein viss eurosentrisme var vanskeleg å oversjå, viktige språk mangla, jamvel heile språkfamiliar og geografiske område. Det er mindre enn hundre år sidan, men kunnskapen om ein del språk var enno avgrensa. Dessutan skulle berre franske lingvistar skrive boka. I denne førsteutgåva var karta større og detaljnivået ambisiøst, som eit stort kart over det baskiske språkområdet.

I den store andreutgåva frå 1952 hadde ein erkjent at Frankrike var for lite. Blant dei 25 medarbeidarane var både Harvard-professoren Roman Jakobson, han med nøkkelrolla i *Det 7. klima* av Kjartan Fløgstad, og den britiske språkforskaren Denis Sinor. Forfattarane skreiv både om historia til dei ulike språka og om språkssystema. For ein del språk tok dei også med språkprøver. Fleire språk og mange tekstar gjorde at verka auka frå 811 sider i 1924 til 1297 i 1952. Berre unntaksvis blei brukarane samla i tabellar. Den mest utførlege dekte tyrkisk med tal frå 1890-åra og gjekk over seks sider i førsteutgåva.²⁵⁷ Kanskje var det den første tabellen for språkleg utbreiing som nokon gong var blitt laga. Elles blei tala skrivne inn i teksten der dei høyrde heime. Sjølv etruskisk, eit språk som ikkje lenger var i bruk, fekk sitt kapittel. Latinen måtte greie seg utan.

²⁵⁷ Antoine Meillet og Marcel Cohen : *Les langues du monde*, Paris 1924, s. 196 ff.

På denne tida var det enno uvisst kor mange språk innbyggjarane på jorda brukte. Forfattarane rekna med at det kunne vere mellom 2500 og 3000.²⁵⁸ Dei visste at langt frå alle var med, men lista opp både 204 amerikanske urfolksspråk og 438 språk i den delen av verda som dei kalla «l’Afrique Noire» – Det svarte Afrika.


Marcel Cohen (1884–1976) var endå ein av dei mange framstående franske språkforskarane på 1900-talet. Han studerte under Meillet, gjorde seg kjend med mange språk i både Asia og Afrika, skreiv mykje, også om sitt eige språk. *Histoire d’une langue: le français* kom ut i 1946, og seinare følgde fleire bøker om fransk. Der Meillet skreiv historia om gresk og om latin, og Tesnière dyrka sin grammatikk, tok Cohen også for seg skriftinga meir allment, i verket *La grande invention de l’écriture et son évolution* (1958).

Meillet, Tesnière, Cohen. I fødselsår skil det 27, i dødsår 40. Dei studerte andre språk enn dei som følgde med det franske imperiet. Meillet reiste fleire gonger til Kaukasus, gjekk djupt inn i det armenske språket, var sterk i trua på verdien av planspråk og ein viktig rådgivar då eit nytt slikt språk, interlingua, blei presentert i 1951. Tesnière blei professor i slaviske språk og hjelpte dei allierte styrkane med kodespråk under Den andre verdskrigen. Cohen spesialiserte seg på semittiske språk, kunne meir enn dei fleste om amharisk og gamaletiopisk, engasjerte seg med den italienske okkupasjonen av Etiopia og gjekk som jøde i dekning i Paris i 1941.

DEN SOM SAMLAR PÅ SPRÅK eller arbeider med språk, kjem til kort utan tekstar på dei aktuelle språka. På 1800-talet var Ivar Aasen ein av dei som etablerte den jamførande språkvitskapen der ein ikkje såg språk isolerte frå kvarandre, men prøvde å forstå kva som var likt, og kva som skilde. Meillet, Tesnière og Cohen tok alle del i dette, men lenge før jamføringane blei vitskaplege, var der mange som hadde tenkt i same lei.

Det hadde også den tyske språkforskaren Joseph Chr. Adelung gjort. Til hovudverket sitt henta han tittelen frå Mitridates VI av Pontos. Som herskar nord i Anatolia skreiv han seg inn i historia både som Mitridates den store og Eupator Dionysius. Mitridates var konge av Pontos 120–63 f.Kr og gjekk for å vere ein av dei farlegaste fiendane for

²⁵⁸ Antoine Meillet og Marcel Cohen: *Les langues du monde*, Paris 1952, s. xxix.



Kart 2. Ei av mange standardvisingar av språkfamiliane, <http://en.wikipedia.org/wiki/lesedato> 1.6.2015.

keisarane i Romarriket. Adelungs boktittel *Mithridates oder allgemeine Sprachgeschichte* siktar til ei anna side av livet til denne kongen. I det leksikalske verket *Naturalis Historia* frå om lag 79 e.Kr. skreiv Plinius den eldre – her i den første engelske omsetjinga frå 1601:²⁵⁹

«Mithridates the king, reigned over two and twentie nations of diverse languages, and in so many tongues gave lawes and ministred justice unto them, without truchman: and when hee was to make speech unto them in publicke assemblie respectively to every nation, he did performe it in their owne tongue, without interpretor.”

Mykje i dag, formidabelt den gongen. Difor blei namnet hans eit synonym og symbol for polyglotten, den mangespråklege. Slik dukka han opp i tittelen på eit verk av den sveitsiske forskaren Conrad Gesner i 1555, *Mithridates de differentis linguis*, og altså i Adelungs voluminøse arbeid 1806–1818.

Historiebøkene våre ville innehalde færre feil viss ein sette seg meir inn i bakgrunn og kultur hos ulike folkeslag, skreiv Adelung i forordet. Han trudde på fornuft og opplysning: «Språk og fornuft utvidar

²⁵⁹ C. Plinius Secundus: *The Historie of the World*, Book VII, Chap. XXIII Examples of memorie, <http://penelope.uchicago.edu/holland/index.html>, lesedato 16.5.2015.

kvarandre gjensidig».²⁶⁰ På same tida laga den spanske språkforskaren Lorenzo Hervás y Panduro *Catálogo de las lenguas de las naciones conocidas*. Dette var endå eit arbeid i den tradisjonen som tok form i renessansen.²⁶¹ Det gjaldt å få oversyn over verda.

Panduro var jesuitt med misjonærbakgrunn og skal ha meistra 40 språk. Først skreiv han dette på italiensk som fem av 21 band i det svære verket *Idea dell'Universo* (1778–1792). På spansk blei det seks band på like få år 1800–1805. Panduro, Adelung, Meillet fekk alle merke grensene for den historiske metoden i ein språkvitskap dei gjerne ville gjere komparativ. Dei vitskaplege kategoriane var ikkje klare nok til at reknestykka gjekk opp og systemet kunne fullførast.²⁶²

Å forstå samanhengane mellom språka og sortere dei lingvistisk var den store oppgåva. Utbreiinga kom i andre rekkje (kart nr. 2). I fleire hundre år streva språkforskarane med å avklare kva språk som heng saman med kva. Greiast var det med dei indoeuropeiske språka som fall på plass alt på 1700-talet.²⁶³ Størst har usemja vore om korleis språka på det amerikanske kontinentet bør ordnast. Der språkforskarar flest såg meir enn 150 uavhengige språk, samla Joseph Greenberg frå 1960-åra nesten alle i ein stor familie som han kalla amerind (kart nr. 3). I kartform gav det eit heilt anna språkleg verdsbilete enn det som var blitt vanleg. Hans nære medarbeidar Merritt Ruhlen ordna språkverda etter Greenbergs verdsbilete i fleire oversynsverk i andre halvdel av 1900-talet.²⁶⁴ Når så mange språk heng saman i den indoeuropeiske språkfamilien, er det rart at ein avviser ein slik samanheng også i Amerika, skreiv Ruhlen.²⁶⁵ Slik skreiv han i 2004, men tretti år tidlegare hadde også han delt desse språka inn i mange uavhengige familiar. Då han skifta mening, gjorde han det til gagns. Det var neppe tilfeldig at det kartet han laga, hadde ein annan synsvinkel enn den europeiske.

²⁶⁰ J. Chr. Adelung: *Mithridates oder allgemeine Sprachgeschichte*, Teil T, Berlin 1806, faksimiletrykk Hildesheim og New York 1970, Einleitung, s. iii.


²⁶¹ Verket kan lesast på Biblioteca Virtual Miguel de Cervantes, www.cervantesvirtual.com.

²⁶² Michel Dessaint: «Antoine Meillet et Les langues du monde», *Histoire Epistémologie Language*, 10-II, 1988, s. 187–194, www.persee.fr, lesedato 18.5.2015.

²⁶³ Ottar Grepstad: *Språksansen*, Oslo 2013, innførsel 2.2.

²⁶⁴ Merritt Ruhlen: *A guide to the languages of the world*, Stanford 1975, ny utgåve 1987.

²⁶⁵ Merritt Ruhlen: «Linguistic evidence for human origins», i Mark A. Jobling ofl. (red.): *Human Evolutionary Genetics*, New York 2004, s. 5.



Kart 3. Språkverda i følgje Joseph H. Greenberg, henta frå Merritt Ruhlens nettside, www.merrittruhlen.com, lesedato 7.5.2015.

Få, om noko, språkforskarmiljø, nøgde seg med å kartleggje utbreiinga av språk i tal brukarar. Dei fleste arbeidde med å strukturere språka i lingvistiske system. Nokre få gjorde begge delar.

Conrad Gesner (1516–1565) supplerte omtalen av om lag 130 språk med «Vår far» på 22 av dei, medan Adelungs verk inneheld over 500 utgåver av den same bønna. Ingen av dei rekna på kor mange som brukte språka; det spørsmålet var ikkje stilt så presist enno. Nokre sporadiske opplysningar om dette dukkar likevel opp, som at 300 000 innbyggjarar i Skottland snakka skotsk-gælisk.²⁶⁶ I staden presenterte dei språka som dei sjølve eller andre visste om. Adelung dokumenterte systema for kvart språk det kunne gjerast greie anten av han eller av Johann Severin Vater, som fullførte verket.

Adelung tenkte i ei innleiing høgt om korleis ein best kunne vise dei språklege likskapane og skilnadene. Tidlegare hadde språkforskarar prøvt seg med både talord og mykje brukte ord frå kvardagen, men etter den europeiske reformasjonen blei det jamt vanlegare å bruke «Vår far».

²⁶⁶ J. Chr. Adelung, same staden, Teil TV, Berlin 1817, faksimiletrykk Hildesheim og New York 1970, s. 364.

Det seier noko om kor viktig kyrkja var i samfunnslivet. Adelung gjorde som Gesner, som kanskje hadde fått ideen frå Johann Schildberger. Han hadde vore med i krigen med tyrkarane i 1394, blei teken til fange og var i 32 år slave fleire stader i Europa. Då han var heime att, skreiv han i 1427 ei reiseskildring der han tok med «Vår far» på to språk.²⁶⁷

Renessansemennesket ville få oversyn over verda, og reformasjonen framheva det språklege mangfaldet. Adelung omtalar nærmare 40 verk mellom 1538 og 1805 som inneheld «Vår far» på ei rekkje språk. Panduro stod for ei samling av vel 300 versjonar i *Saggio pratico delle Lingue* i 1787 som Adelung ikkje nemner. Den lange lista hans var altså ikkje komplett, og det viser kor vanleg det var blitt å lage slike bøker.

Det norske språket presenterte Adelung med ei vaklande barokk omsetjing full av lågtyske og sørvestlandske trekk, henta frå eit verk av Johannes Micraelius eller Johann Lütkeschwager, *Altes Pommer Land*, utgitt i 1639. Der er versjonar av «Vår far» trykte på frisisk, dansk, finsk, svensk, norsk og engelsk.²⁶⁸

Wor Fader, du som est y Himmelen.

Gehailiget worde dit Nafn.

Tilkomma os Riga dit.

Din wilia geskia paa Jorden, som handt er udi Himmelen.

Giff os y Tag wort dagliga Brouta.

Och forlaet os wort Skioldt, som wy forlata wora Skioldonar.

Och lad os icke komma udi fristelse.

Man frals os fra onet.

Thy Rigit er dit, Macht och Kracht fra Evighait til Evighait. Amen.

Med ein slik tekst for hand gjekk tanken til den norske språkhistorikaren Gustav Indrebø. I *Norsk målsoga* fortel han at den danske filologen og historiografen Stephan Hansøn Stephanius skreiv ned bønna og

²⁶⁷ J. Chr. Adelung, same staden, Teil II, Berlin 1809, faksimiletrykk Hildesheim og New York 1970, s. 646.

²⁶⁸ Johann Friedrich Micraelius: *Altes Pommer Land*, Das Erste Buch, Alt Stettin 1639, faksimileutgåve Hildesheim 2009, s. 124, jf. J. Chr. Adelung, same staden, Teil II, s. 303 f. Teksten er her sitert etter førsteutgåva hos Micraelius

tok den med i ei bok i 1629.²⁶⁹ Dette var ei samling av historisk-topografiske småskrifter. For Indrebø var det viktig at Stephanius rekna norsk som eit eige språk ved sida av dansk, svensk og tysk, men der stoppa rosen: «Stephanius visste frå tradisjon at der skulde finnast eit norskt mål, men noko meir visste han ikkje; det er tydelegt av denne ‘målprøva’.»²⁷⁰ Teksten gjekk att som døme på norsk tale i tyske lærdomsverk gjennom nesten 200 år, skriv Indrebø, like til Adelung i 1809.

I ein fotnote viste Indrebø til side 109 i *De regno Daniae et Norvegiae*, boka Stephanius gav ut i 1629. Bayerische StaatsBibliothek hadde verket i digital form. Det var berre ikkje mogleg å finne noka bøn på noko språk som helst på dei 512 latinske sidene, aller minst på side 109, der den skulle stå. Gleda over å ta Indrebø i ein feil blei trumfa av uroa over at det var noko som ikkje stemte. I den same fotnoten viste Indrebø også til ein artikkel av sin norske kollega Olaf Kolsrud frå 1917 i *Nordisk tidskrift för bok- och biblioteksväsen*. Kanskje stod det noko meir der.

Der stod det mykje.²⁷¹ Artikkelen viste seg å vere ei lang melding av *Nynorsk boklista* som Anton Aure hadde gitt ut året før. Aure opna si historie i 1646, og Kolsrud drøfta kva som kunne finnast av skrifter på norske dialektar før den tid. Mannen frå Leiden dukka opp alt etter tre sider. Kolsrud fortalde noko Indrebø hadde oversett. Stephanius hadde også gitt ut ei andre utgåve av *De regno Daniae et Norvegiae*, merkeleg nok same året som førsteutgåva. I den nye utgåva erstatta han delar av ei bok frå 1591 med språkprøver på åtte språk – norsk dansk, svensk, tysk, finsk, engelsk, fransk og latin. Kolsrud rekna med at Stephanius hadde fått desse tekstane av sin gode ven og læremeister, historiografen Johannes Pontanus. Dei dukka opp att i eit verk Pontanus sjølv gav ut i 1631. Der stod dei på side 793, skreiv Kolsrud, og det gjer dei, i denne

²⁶⁹ Gustav Indrebø: *Norsk målsoga*, Bergen 1951, ny utgåve Bergen 2001, s.303, viser til Stephan Hansøn Stephanius: *De regno Daniae et Norvegiae*, Leiden 1629, s. 109., jf. Bayerische StaatsBibliothek digital, <https://download.digitale-sammlungen.de/pdf/1433439670bsb10918426.pdf>, lesedato 4.6.2015.

²⁷⁰ Gustav Indrebø, same staden, s. 303.

²⁷¹ Olaf Kolsrud: «Nynorsk boklista», *Nordisk tidsskrift för bok- och biblioteksväsen*, IV, 1917, s. 224.

rekkjefølga: theutonice, belgice, danice, suedice, norvagice, anglice, latine. Men ikkje finsk.²⁷²

Det som Stephanius kanskje fekk frå Pontanus, kan Pontanus ha fått frå Ernst Brinck, bibliotekar ved gymnaset i Harderwijk, den nederlandske hansabyen der alle tre heldt til. Brinck samla på skrifter om dei nordiske språka, og både han og Pontanus fekk ein del slike frå Stephanius. Dermed blir det ugreitt kven av dei som skaffa denne bøna på såkalla norsk. Kolsrud minner om at dette var midt i hollendartida med all sin kontakt mellom Noreg og Nederland. Iallfall Pontanus var aldri i Noreg. Det var heller ikkje nødvendig for å finne døme på norsk språk.

Mellom 1550 og 1750 var den økonomiske stormakta Nederland vårt nære utland, skriv historikaren Margit Løyland, og frå 1650 var Amsterdam det økonomiske knutepunktet i Nord-Europa.²⁷³ Nederlendarar hadde sikra seg rett til handel med Noreg i 1440 og importerte store mengder trelast frå skoglandet i nord. 1600-talet var stordomstida også for skottehandelen, og i eit år som 1619 henta mange fleire skotske enn nederlandske skip tømmer i Ryfylke.²⁷⁴ Språkleg var det hollendarhandelen som sette spor.

Særleg mellom 1620 og 1720 utvandra mange nordmenn til Nederland, og halvparten av dei kom frå Sør-Vestlandet. Mange av dei gifta seg med nederlendarar, mange drog vidare ut på nederlandske skip, og dette langvarige språkmøtet danna ei bru av ord frå nederlandsk og lågtysk inn i norsk dagleg tale. Norsk trelast blei også eksportert vestover.

Det var mest unge langs kysten som emigrerte til Nederland på 1600-talet, men også dølar drog same vegen. Ein som henta heim både kunst, våpen og byggjeskikk frå Nederland seint på 1500-talet, var Åsmund frå Rygnestad i Setesdal.²⁷⁵ Slike samband gir meining til orda «fra Evighait til Evighait» ovanfor. Diftongen kan vere ein hypernorvagisme, men kan også vere ei skiftfesting av uttalen nettopp hos setesdølar. Dei

²⁷² Joh. Isacio Pontanus: *Rerum Danicarum Historia*, Amsterdam 1631, s. 793, digital utgåve www.bokhylla.no, lesedato 5.6.2015. Verket finst også ved Oslo katedralskole, viste eit tilfeldig søk 5.6.2015.

²⁷³ Margit Løyland: *Hollendartida i Norge 1550–1750*, Oslo 2012, s. 8 og 17. Framstillinga om hollendartida byggjer på denne boka og Sølvi Sogner: «Og skuta lå i Amsterdam ...». *Et glemt norsk innvandrersamfunn i Amsterdam 1621–1720*, Oslo 2011.

²⁷⁴ Arnvid Lillehammer: «Skottehandelen og Rogaland», *Ætt og heim* 1987, Stavanger 1987, s. 45.

²⁷⁵ Margit Løyland, same staden, s. 158 ff.

norske innvandarane forma eigne lokalsamfunn i Amsterdam, skipa Sint Olofskapel alt i 1451 og ei lutheransk kyrkje i 1588. Ein god del av dei norske innvandarane kunne skrive, og med eit slikt språkmiljø var det berre ein unødvendig omveg for Pontanus å hente språkprøve like frå Noreg. Dei tidlege nedskrivningane av ord og bønformel var ganske sikkert henta frå det norske innvandarmiljøet i Nederland. Kor korrekt nedskrivninga var, hadde truleg mindre å seie. «Denne språklege bytingen hev likevel faatt eit ufortent langt liv i maalprøvesamlingar som repræsentant for norsk tunga», sukkar Olaf Kolsrud.²⁷⁶

Byting eller ikkje, for første gong sidan 1519 stod ein «norsk» tekst på trykk.²⁷⁷ Dei same orda blei seinare innskrift i keramiske fliser på ein vegg ved Pater noster-kyrkja på Oljeberget i Jerusalem, saman med «Vår far» på 139 andre språk. På nettstaden for denne kyrkja kan «Vår far» no lesast på heile 1817 språk, og for både bokmål og nynorsk er der to versjonar.²⁷⁸ Den norske skrifta på nettet er frå 1900-talet, skrifta på veggen frå 1629.

Kolsrud tykte Adelungs samling av tekstar var nokså ukritisk, men i den sidekorte omtalen av språket i Noreg viser han iallfall til dei relevante skriftene av Christer Jenssøn, Hans Strøm, J.N. Wilse og Laurents Hallager. Mot slutten av boka nemner Adelung at omsetjinga, første gongen trykt i 1629, er den einaste versjonen på norsk han kjenner til.²⁷⁹ Likevel står ein annan versjon av bønna 360 sider framanfor. Denne stadfestar Adelung til Østerdalen, overlevert av ein Hans D. Münter som eg ikkje veit meir om:

Faer vaar, du som er i Himlen,
Helket vaarde dit Namn;
Tilkome os dit Rike;
Sje di Willie her aa Jora, som den sjer i Hiimlen;
Giv os höer Dak vaart daklike Brö;
Og forlat os vaar Sjuld, som vi forlate vaare Sjulner;
Leet os ikkie uti Fristelse;
Men frals os fra det One;

²⁷⁶ Olaf Kolsrud same staden, s. 224.

²⁷⁷ Jf. Olaf Kolsrud, same staden, s. 223 og 225.

²⁷⁸ www.christusrex.org/www1/pater, lesedato 5.6.2015.

²⁷⁹ J. Chr. Adelung, same staden, Teil II, s. 663.

Ty Riket er dit, aa Makten, aa Àran i Ewikheth. Amen.

Det er lite truleg at dette er ein variant som er resultatet av at tekstane har levt sitt eige liv på kontinentet. Til det er skilnadene for store, kommenterer Åse Wetås.²⁸⁰ Dei harde konsonantane i ord som «daklike» kan vere hypernordvågismar. Substantivet «vilje» som hokjønnsord er det dokumentert spreidde førekomstar av i Noreg, mellom anna Trysil, Oppdal og Røros, men summen av dette, hokjønnsforma «jora» og dei palataliserte «sjuld» og «sje» peikar verken i retning Østerdalen eller i nokon særskild geografisk retning. Heller ikkje dei litterære formene «Ewigheth» og «Fristelse».

Fleire av desse store verka peikar langt forbi det reint språklege.

For Adelung var «Vår far» ein retorisk formel som til skilnad frå mange språklege formlar kunne finnast att på likeverdig vis i ei lang rekkje språk. Det er ein tekst som berre kan omsetjast av folk med grundig kjennskap til målspåket, meinte han.²⁸¹ Det har han rett i, men det er også ein språkleg formel som gjennom si utbreiing endrar vilkåra for forståing. Utan å forstå noko av språket kunne ein forstå kvar linje, berre ein kjenner teksten på sitt eige språk.

Formel-tenkinga dukkar opp på ein annan måte hos Meillet. I Sorbonne hadde han vore rettleiar hos Millman Parry. *The Singer of Tales* av Albert B. Lord frå 1960 er og blir grunnboka om korleis ein kan forstå *Odyseen* og seinare store epos som songlyrikk og munnleg dikting. I forordet takkar Lord nettopp Parry, med god grunn. Parry på si side takka Meillet for den grunnleggjande innsikta i emnet, og som Lord skriv: Merknadene frå læraren Antoine Meillet gjorde at han, først diffust, innsåg at Homers epos berre kunne gripast om ein fullt ut forstod kva munnleg dikting er.²⁸² Det var den franske språkforskaren som utvikla teorien om korleis munnleg dikting med sin faste, men ikkje alltid like synlege formelstruktur kunne traderast og hugsast frå generasjon til generasjon. Nettopp i visene var det at norske talemål blei mest brukte i skrift i hundreåra etter reformasjonen.

²⁸⁰ Åse Wetås i e-post 4.6.2015.

²⁸¹ J. Chr. Adelung, same staden, Teil I, Vorrede, s. xvi.

²⁸² Albert B. Lord: *The Singer of Tales*, New York 1976, s. 12.

Ei tredje utviding stod Tesnière for. Den grammatiske teorien som han utvikla, blei i neste omgang ein føresetnad for studiane til den fransk-algirske litteraturvitaren Algirdas Julien Greimas, som saman med Roland Barthes nok var den store kjennaren av semiotikk på 1900-talet. Greimas forma ein teori om strukturane i tradisjonstekstar, in casu russiske eventyr, og denne aktantmodellen var ein sjølvskriven del av inventaret til mang ein litteratur- og språkstudent i Noreg i 1970-åra.

Ivar Aasen arbeidde heile tida i grenselandet mellom språk og litteratur. Han var altså ikkje den einaste.

TEXAS HAR SITT PARIS, og Texas har sitt Dallas. I utkanten av den byen ligg Duncanville. Der ligg Summer Institute of Linguistics, som på skiltet ved innkøyrsla heiter International Centre of Linguistics.

Summer Institute of Linguistics har om lag 5500 medarbeidarar og er med det den største private språkforskarinstitusjonen i verda. Adjektivet «privat» bruker dei sjølve, men kvar skulle den offentlege språkorganisasjonen finnast som er større enn dette? Senteret er fordelt på fleire store bygningar, dei fleste frå 1980-åra, med både bibliotek, kontor, redaksjon for *Ethnologue* og studieplassar. Frå dette instituttet kjem ei rekke bøker med særleg vekt på sosiolingvistik og studiar i enkeltspråk utanfor dei store skriftspråkregionane. Verksemda blir finansiert gjennom gåver, og dei tilsette har sjølve ansvar for å vere med og skaffe midlar som går inn i ein stor fellespott.

Instituttet er knytt til den kristne Wycliffe-rørsla som arbeider for å fremje omsetjing av Bibelen, og blei stifta av William C. Townsend i 1934. Han sa eller skreiv ved eit høve: "Most people ... never think about the tools for reading and writing. They have no concern about what life would be like without an alphabet. And they have no idea that thousands of people groups around the world still have no way to read and write their own spoken language".

Kva instituttet gjorde fram til 1950, veit eg lite om. I 1950-åra tok dei til på eit arbeid som i dag er uunnverleg for statistisk dokumentasjon av språk, og som heldt fram der Meillet og Cohen stoppa. Bøkene deira står i biblioteket ved instituttet. Eit amerikansk språkmiljø overlappa det franske i arbeidet med statistisk dokumentasjon av språk.

Overgangen kom med den amerikanske språkforskaren Richard S. Pittman (1915–1998). Han hadde møtt Townsend i 1940, budde i fleire år

i Mexico og arbeidde med språk som nahuatl og mösiehuali. Pittman blei formelt knytt til Summer Institute of Linguistics i 1943.


Åtte år seinare laga han den første enkle dokumentasjonen om språk i verda. Det vesle skriftet ligg utstilt i eit glasskåp på hovudkontoret til Summer Institute of Linguistics: ti hektograferte sider med omtale av 45 språk. Den første tida kom det nye utgåver kvart år, under namnet *Ethnologue*, som var hans idé. I 1953 dukka det opp nokre handlaga kart, og i 1955 blei *Ethnologue* for første gong utgitt som bok.

Som Asia-sjef ved instituttet gjorde Pittman mykje for å utvide nedslagsfeltet deira, og han fekk på plass avtalar om avdelingar i både Papua New Guinea (1956), Vietnam (1957), India (1960), Nepal (1966) og Indonesia (1974). Dette feltarbeidet var svært viktig for at *Ethnologue* kunne presentere påliteleg dokumentasjon. Kring 2010 var der minst 100 slike feltmedarbeidarar. Etter den første hektograferte utgåva i 1951 har det gjerne kome nye utgåver kvart fjerde år. Så seint som i 1969 var dokumentasjonen på under 200 sider, med omtale av 4493 (kart nr. 4 og 5).


Skiftet kom med Barbara F. Grimes (1930–2014), ny redaktør frå 1971. Ho hadde vore med like sidan 1953 og blei med åra den fremste kvinna i moderne, internasjonal språkvitskap. Faren var italiensk, mora cherokee, og dei første forskingsstega gjekk i retning av språka huichol og hawaiiisk.

Det hadde teke til som den største marknadsundersøkinga i verda: Kva språk er Bibelen ikkje omsett til? Her var *Ethnologue* eit motstykke til *The Book of A Thousand Tongues* frå 1938, redigert av metodisten Eric McCoy North, i mange år generalsekretær i American Bible Society. Dette var, viser undertittelen, “some account of the translation and publication of all or part of the Holy Scriptures into more than a thousand languages and dialects with over 1100 examples from the text”. Verket var eit jubileumsskrift; omsetjing til språk nr. 1000 blei registrert i 1937. Boka var så oppdatert at også Indrebø-Bibelen frå 1938 kom med. Alle omsetjingane var jamvel årfesta, og dermed kan North hevde at Bibelen truleg berre låg føre på 33 språk på Gutenbergs tid, og at så seint som kring 1800 var heile eller delar av Bibelen trykt på «berre» 71 språk.²⁸³ Etterpå gjekk det fort. 1000 språk i 1937 hadde ved utgangen av 2014 fått

²⁸³ Eric M. North (red.): *The Book of A Thousand Tongues*, New York 1938, s. 2 f.



Kart 4. Alle språka i verda 2009, Ethnologue 2009.



Kart 5. Folkebusetnaden i verda anno 2000. Kvar prikk representerer 100 000 menneske. Kart frå www.maps.com, lesedato 3.6.2015.

følge av 1882 språk til.²⁸⁴ På 80 år fekk ein gjort dobbelt så mykje som på dei 500 føregående åra.

²⁸⁴ Ottar Grepstad: *Språkfakta 2015*, Ørsta 2015, tabell 1.4.3.

Med så sikker kunnskap anno 1937 om kva språk Bibelen alt var omsett til, kunne Summer Institute of Linguistics ta på seg oppgåva med å finne ut av resten. Der var North usikker på tala. Vel viste han til Det franske akademiet, som meinte at 2796 språk enno ikkje var kartlagde eller utforska, sjølv om det nøyaktige talet tilsa at ein alt visste noko om dei. Ved utgangen av 1937 var Bibelen omsett til 345 afrikanske språk, og ein rekna då gjerne med at der var om lag 800 språk i den verdsdelen.²⁸⁵ Der var fleire; i 2015 dokumenterte Ethnologue 2145 språk i bruk i Afrika. Dei var der nok hundre år før også.

Truleg er der iallfall 1500 språk Bibelen enno bør omsetjast til, skreiv North. Han var langt frå sikker og garderte seg med ei vakker setning frå – kven andre enn Meillet og Cohen: «The exactness of languages are not those which can be expressed in numbers.»

Denne gedigne dokumentasjonen på nær 400 store sider var føresetnaden for det Ethnologue ville gjere. Europa var den verdsdelen der mest var gjort, og difor mangla Europa heilt dei første tiåra i Ethnologue. Med tida gjekk ein over til å supplere med kunnskap om minoritetsspråk verda rundt. Grimes endra Ethnologue frå å vere ei nokså mangelfull språkliste til eit standardverk om alle kjende språk i verda. Då ho gav seg i 2000, var 6809 språk dokumenterte i bruk. I hennar tid nådde dermed Ethnologue 96 prosent av alle dei språka som var dokumenterte i bruk i 2015.

Frå og med 1974 har Ethnologue hatt som mål å dokumentere alle språk som er i bruk. Frå då av var også Europa med – då med 46 språk, i 2013 med 286. Ethnologue dokumenterte i 1974 5687 språk, og i 2015 dokumenterte dei 7102. Då hadde dei ti sidene frå 1951 auka til eit trebandsverk på 1588 sider.

Kvart femte språk som er dokumentert i dag, var altså ikkje dokumentert systematisk og komparativt for vel 30 år sidan. Nokre fleire enn brukarane visste nok om det eine og det andre språket, men denne kunnskapen er først dei siste tiåra blitt ordna og gjord allmenn. Dette gjer noko med forståinga til nokon kvar av språksituasjonen i verda: Først i seinare år kjenner vi det reelle språklege mangfaldet, både dei indre språkssystema og den ytre utbreiinga. Og likevel vil fleirtalet av

²⁸⁵ Eric M. North (red.), same staden, s. 15.

språka i verda i det store og heile bli verande lingvistisk udokumenterte i lang tid enno.²⁸⁶

Talet 7102 er ikkje absolutt. Alt i 1967 etablerte International Organization for Standardization (ISO) ein første standard for idenitifisering av språk. Det som den gongen var standard ISO 691-1, var i 2007 blitt til ISO 691-3. Den er utvikla i samarbeid med Summer Institute of Linguistics, som også forvaltar dette systemet, der kvart språk blir identifisert med ein unik kombinasjon av tre bokstavar. ISO 691-3 inneheld forkortingar for om lag 7600 språk – anten dei er i bruk eller ikkje. Den offisielle linja til Ethnologue er at dei følgjer ISO 693-3 når dei skal avgjere kva som er egne språk. Det stemmer ikkje heilt. I den standarden er bokmål og nynorsk to språk med kvar sine kode (nob og nno), men i Ethnologue er dei to språka eitt.

Heilt åleine har ikkje Ethnologue vore. I 1983 blei l'Observatoire linguistique skipa i Quebec. Institusjonen sette i gang eit prosjekt som etter kvart fekk basar i Normandie og Wales. Ut av dette kom *Linguasphere Register of the World's Languages and Speech Communities*, utgitt ved tusenårs-skiftet 1999/2000. Det var eit enormt einmannsarbeid utført av den engelske språkforskaren David Dalby. Kva som skjedde etterpå, er uklart men i 2012 blei heile materialet frå 1999 publisert digitalt.²⁸⁷

Linguasphere er meir vitskapleg orientert enn Ethnologue i den forstand at formidling er underordna. Sjølv om bruk og utbreiing av språk endrar seg sakte, vitnar dette prosjektet om dei vanskane ein støyter på når oppdatering blir eit problem og ikkje ein del av systemet. Dermed kan også dette ende som eit innramma tidsbilete. Noko av det som blir ståande, er mottoet deira: I galaksen av språk er kvart ord ei stjerne.

OM LAG HER KJEM ELENUS inn i historia. Han var dokumentarist, ingen forskar, men han åleine samla meir kunnskap om bruk og utbreiing av nynorsk i første halvdel av 1900-talet enn noko vitskapsmiljø såg var mogleg.

«Eg heiter no Hovdan, men elles plar folk gjerne kalle meg Målkar-tet.» Slik hende det at han presenterte seg for ukjende, læraren Peder

²⁸⁶ Oddrun Grønvik: «Language documentation in a globalised world», i Jan Ragnar Hagland og Åse Wetås (red.): *Ivar Aasen ute og heime – om moderne språkdokumentasjon etter Ivar Aasen*, Skrifter nr. 1 2015, Trondheim 2015, s. 29.


²⁸⁷ www.linguasphere.info, lesedato 6.8.2015.

Elenus Hovdan (1874–1965). Han hadde vore oppsiktsvekkjande tidleg ute med å bruke den agiterande og dokumenterande slagkrafta i biletmediet for å få fram korleis det stod til med den nynorske skriftkulturen. Der var flust av dei som lett kunne bli trudde når dei hevda at nynorsken var lite brukt og utbreidd. Alt i det første store gjennombrotsåret for nynorsk skulemål, 1908, la lærar Hovdan ein sommardag på bordet det første noregskartet som synte kvar nynorsken no blei brukt. Om det ofte var grisgrendt der nynorsken breidde seg, var iallfall viddene store. Med raudfargens makt sette Hovdan ein ny let til fargeskalaen i det norske kulturlandskapet.

Mellom 1905 og eit stykke ut i 1950-åra hadde målrørsla sitt statistiske einmannsbyrå i Elenus. Dokumentasjonsarbeidet hans er framifrå, men av forståelege grunnar ikkje uttømmende. Mest inntrykk gjorde målkarta hans frå 1908, 1920 og 1948, der han med den topografiske polemikkens snert fargela eit nynorsk Noreg i kraftig vekst. I tillegg skreiv han årsrapportar både her og der, og to bøker. Målet til Hovdan var tydeleg å skrive den store historia om utbreiinga av den nynorske skriftkulturen. Så langt kom han aldri. Då raset frå toppane tok til etter 1945, var han dessutan blitt såpass aldrande at han måtte gi seg på det. Difor er skriftene hans ei historie om den store framgangen som sluttar i peripetien, i det dramatiske vendepunktet då det tok til å rase nedover att etter 1945.

Stort og smått fanga han opp frå si maurflittige avislesing eller på anna vis, og alt skreiv han inn i si store bok, protokollen *Norsk målreising. Målskifte i heradi 1865–1940–195..* Det handskrivne verket er ei geografisk ordna kulturhistorie. Han namngir alle han kan, Hovdan, både presten som ikkje ville vite av det nye språket og læraren som tok initiativet til å skipe lokallag av Noregs Mållag. Ingen opplysningar var for uviktige, knapt noko tal for vanskeleg å få tak i. Der han var i tvil, skreiv han brev. Det blei mange brev.

Hovdan lærte målfolk å telje og talfeste sigrane sine. Nederlaga og vonbrota blei bokstaveleg talt borte. Dei vedtaka og folkerøystingane som gjekk nynorskbrukarane imot, var visst ikkje så viktige å få med. Noko av dette finst i ulike skrifter frå 1960- og 70-åra, men mykje blei aldri kartlagt. I dag kan ein del av dette berre bli synleg etter tidkrevjande arkivstudiar.



Kart 6. Peder Hovdans målkart 1920 (til venstre).

Kart 7. Riksmålsforbundets sprogkart 1921.

Karta viser den same språksituasjonen, territorielt og proporsjonalt etter folketal. Fagleg hadde Riksmålsforbundet den beste løysinga. Den proporsjonale metoden blei også brukt for å vise utbreiinga av polsk i Poznan-provinsen kring 1910, men få nye kart er laga på denne måten.

Dei to prikkane i tittelen på protokollen vitnar om at det arbeidet som tok til kring 1905, aldri blei avslutta. Skrivaren har signert eit forord på Stabekk 8.2.1948, men enkelte opplysningar har han ført inn også etter den tid. Den som ikkje får nok, kan ta for seg dei 133 arkivboksane med avisclipp Peder Hovdan let etter seg.

Hovdans liv og verk er biografert før.²⁸⁸ Nett som Ethnologue heldt også han seg med feltarbeidarar, meldarar, brevskrivarar, rapportørar. Mengdene av innsamla stoff ordna han på mange vis. Kartet frå 1908 kom i reviderte utgåver både våren 1920 og i 1948, og er blant dei mest prangande nynorske symbola. Riksmålsrørsla undervurderte nok den visuelle krafta i framstillinga til Hovdan. Dei fór land og strand rundt, synte fram kartet og flirte av at landsmålet var innført i Jotunheimen. Men somme fekk seg ein støkk: «Så galt trodde jeg da virkelig ikke det var», skreiv ein som hadde fått syn for segn (kart nr. 6 og 7).

Hovdan laga karta i den tida då bruken av nynorsk greip mest om seg og ein nynorsk skriftkultur blei etablert. Det gav karta ei historisk tyngd.

Den første samla framstillinga i bokform kom i 1928. *Frå folkemål til riksmål* var tematisk ordna og inneheldt berre nokre få tabellar. Mykje var samanskiving av dei mange avis- og bladartiklane og hadde ikkje med alle detaljane derifrå. Hovdan hadde så godt oversyn over stoffet at han kunne gi ei meir samla framstilling av dei ulike emna. Prisen for det var at han ikkje la fram tala systematisk og konsekvent slik at utviklinga kan følgjast frå år til år. Dette var ein mann med meir sans for tal enn for tabellar. Endå tydelegare blei det i den reviderte og oppdaterte, men meir summariske utgåva frå 1947 med den sterke tittelen *Eit norsk Noreg*. Meir informative kjeldeskrifter om utviklinga av den nynorske skriftkulturen kan ein likevel gjerne leite lenge etter. Men dei vil ikkje finnast.

I arbeidet sitt hadde Hovdan kontakt med mange i Noreg, men knapt med nokon utanfor landegrensene. Referansane til språksituasjonen i andre land var i det heile marginale både i nynorsk- og riksmålmiljøa. Ein som kryssa landegrensene, var Alf Sommerfelt (1892–1965). Han studerte i Paris og blei som andre der prega av strukturalismen til Ferdinand de Saussure, tok doktorgraden i 1921 og heldt kontakt vidare med Antoine Meillet. Då Sommerfelt i 1948 gav ut noko så uvanleg som eit allment oversynsverk om språk på norsk, tok han med mange faktaopplysningar frå andreutgåva av *Les Langues dans l'Europe nouvelle*.

²⁸⁸ Ottar Grepstad: «Elenus talknusaren: Peder Hovdan», i *Det nynorske blikket*, Oslo 2002, s. 140–156.

Det er her eit lite mysterium dukkar opp. Sommerfelt var medarbeidar i kunnskapsverket *Familieboken* i 1930-åra. Band VIII kom ut i 1940, og artikkelen om språk er usignert, men lista over medarbeidarar inneheld ikkje andre kandidatar enn Sommerfelt. Dette var før Meillet og Cohen i 1952 meinte det kunne vere mellom 2500 og 3000 språk i verda. Tidleg på 1900-talet enda eit britisk overslag på 1500 språk, det franske akademiet gjekk ut frå om lag 2800 ulike språk, medan tyske forskarar strekte seg til 3000.²⁸⁹ Ein skulle tru at Sommerfelt var kjent med desse vurderingane. Likevel skreiv han: «Sier vi at det i dag tales omkring tusen forskjellige språk på jorda, er vi ikke langt unna sannheten.»²⁹⁰

Det var nettopp langt unna han var. At språkforskarar har identifisert 7100 språk i bruk på 2000-talet kan ikkje brukast som argument mot det ein rekna med i 1940. På den tida den setninga blei skriven, var det derimot neppe noko fagmiljø som gjekk ut frå eit så lågt tal.

Skilnaden mellom *er* og *bør* kan vere liten for språkvtitarar. Læraren Peder Hovdan var nok likevel meir politisk enn språkforskaren Alf Sommerfelt, men også ein Meillet dreiv språkpolitikk. For han var dei store språka viktigast, og han heldt fast ved læra om at ein nasjon burde ha eitt språk. Det gav ikkje meining for han at nokon ville gjere universitetet i Ghent til ein institusjon basert på nederlandsk språk i staden for fransk, den irske fristaten ville ikkje vere tent med å satse på irsk som språk, USA kunne gle seg over å vere ein eittspråkleg stat, og sjølv sørgde han over at Europa hadde mista det fellesspråket latin kunne ha blitt. Minst ein kritikar tykte at han i 1918-boka meinte for mykje til å vere fagleg nok og til at denne kunne reknast med blant dei viktigaste bøkene hans.²⁹¹ Meillet hadde mange meiningar. Ungarsk var eit svært vanskeleg språk og altfor påverka av andre europeiske språk, skreiv han. Det fekk den viktigaste ungarske forfatternen på den tida, Dezsö Kosztolányi, til å publisere eit protestbrev til han i litteraturtidsskriftet *Nyugat* i 1930.²⁹²

²⁸⁹ John Edwards : *Multilingualism. Understanding Linguistic Diversity*, London 2012, s. 6.

²⁹⁰ «Språk », *Familieboken*, band VIII, Oslo 1940, s. 20.

²⁹¹ Richard G. Kent : «Les Langues dans l'Europe nouvelle», *Language*, 4, No. 4 1928, s. 289–291.

²⁹² Jean Perrot: « Antoine Meillet et le langues de l'Europe: l'affaire hongroise », *Histoire Epistémologie Langue*, 10, 2 1988, s. 301–318, www.persee.fr, lesedato 3.5.2015.

Det har vore meir regelen enn unntaket at sentrale norske språkforskarar også har vore aktive språkpolitikarar. Sommerfelt var med i Riksmålsforbundet, Hovden hadde mange verv i målrørsla og var heiderslagsmann i både Det Norske Samlaget og Noregs Mållag. Då han døydde i 1965, året då også Alf Sommerfelt gjekk bort, hadde den nye generasjonen av målfolk gløymt innsatsen til Hovdan.

Hovdans verk blei henta fram trå minnet nokre år seinare. I 1978 gav Olaf Almenningen og Åsmund Lien ut *Striden for nynorsk bruksmål*. For ein gongs skuld ei bok som inneheld mykje meir enn tittelen lovar. Her la dei fram nytt stoff, saman med delar av det upubliserte materialet frå Hovdan-arkivet. Og så kom *Nynorsk faktabok 1998*, som med seinare utgåver inneber at nynorskbrukarane har dokumentert si eiga historie statistisk nesten utan brot sidan 1905.

FØRST VAR DET BERRE HØGTENKING. Det som blei publikasjonen *Språkfakta 2015*, tok til med drøftingar med Samlags-sjef Audun Heskestad hausten 1995 og ei formell avgjerd i januar 1997. Då vedtok representantar for 17 nynorske institusjonar, organisasjonar og forretningsføretak å opprette Nynorsk Forum. Målet var å samordne kompetanse og ressursar, utveksle erfaringar, drive organisasjonsutvikling – og utvikle ei nynorsk faktabok.

På oppdrag frå Nynorsk Forum og med tilleggsfinansiering frå Kulturdepartementet arbeidde eg fram *Nynorsk faktabok 1998* frå oktober 1997 til mars 1998. Boka inneheldt 133 tabellar og fleire kapittel med ulike typar faktaframstillingar.

Tabellane var viktigast. Den gongen verka dei mange og gode. No ser dei få og middels ut. Det mangla ikkje på rettferdiggingering i innleiinga: «For første gong blir det presentert ei samla statistisk framstilling av utviklinga i den nynorske skriftkulturen frå 1800-talet og fram til i dag. I tidlegare utgreiingar av denne typen har gjerne historieskrivinga teke til kring 1930. Men det har altså funnest verdifullt materiale om dei første nynorske tiåra både i offentlege publikasjonar og private arkiv som kunne omformast til tabellar. No kjem det for ein dag.»

Der var berre så endelaust mykje meir. «Eg trur at det mest relevante historiske materialet no er henta fram», skreiv eg i 1998. Eg trudde fordi eg ikkje visste betre. Seinare har svært mykje relevant materiale

kome med frå farne tider, og for kvart slikt funn auka respekten for Elenus.

Nynorsk faktabok blei til i ei tid då den offentlege kulturstatistikken her til lands var under kritikk. «Norsk kulturstatistikk har lenge vært svak, både når det gjelder omfang og kvalitet», konstaterte Brundtland-regjeringa i *St.meld. nr. 61 (1991–92) Kultur i tiden*. Sidan 1976 hadde Statistisk Sentralbyrå med ujamne mellomrom utgitt egne publikasjonar med kulturstatistikk. Også i *Statistisk årbok* frå byrået finst det ein del slik statistikk, og i dei årlege utdanningsstatistikkane var mykje kulturpolitikk talfesta.

Ambisjonsnivået for faktaboka var å forbetre den norske kulturstatistikken. Føremålet var kultur- og språkpolitisk. Ved utangen av det 20. hundreåret var det meste av nynorsk dokumentasjon konsentrert om opplæringspråket i skulen. Her var kolonnane ubrotne frå tidleg på 1900-talet, og mykje av det som var av språkstrid, handla om sidemål viss det ikkje handla om rettskriving. Skulemålsprosenten – kor mange elevar i grunnskulen har nynorsk som opplæringspråk – var det einaste talet på barometeret. I eit moderne og gjennomorganisert samfunn av skriftkultur som det norske var dette altfor knapt. Det var ikkje ein gong sikkert at skulemålsprosenten var eit dekkjande uttrykk for situasjon eller utvikling. Dette prosenttalet hadde vore svært stabilt over lang tid. Både i 1976 og 1996 hadde 16,6 prosent elevar nynorsk som opplæringspråk i grunnskulen, og i åra imellom var variasjonen liten. Var situasjonen verkeleg så stabil på andre område også? Og var det noko som endra seg utan at nokon merka det?

Dette visste ingen mykje om. I første omgang gjaldt det å samle det som alt finst, kombinere slikt materiale på nye måtar, ordne materiale i fastare statistisk form, få fram nytt materiale, korrigere openberre feil i offentlig statistikk, oppdatere mest mogleg. Somt måtte utelatast fordi kjeldene ikkje var pålitelege nok. Difor blei det ingen tabell om språk i hovudoppgåver og avhandlingar ved norske høgskular og universitet 1902–1995. Der og då kjendest det likevel ut til å vere nok å ta av. Opplysningar frå meir enn 300 skriftlege og om lag 50 munnlege kjelder er sette saman i *Nynorsk faktabok 1998*.

Skriftet er ingen kvitvaskingskampanje som prøver å skjule triste tal eller negative tendensar. Ikkje noko av det materialet som er blitt ut-

arbeidd, er halde tilbake av taktisk-politiske grunnar. Berre nokre få bedriftsøkonomiske opplysningar blei tekne ut fordi dei gjaldt forhold innanfor forretningstiltak.

Tre av kapitla blei med tida til eigne publikasjonar. Ein gjennomgang av formuleringar om språkpolitikk i valprogramma til partia 1997–2001 er blitt til *På parti med språket? Språkpolitikk i partiprogramma 1906–2017*, med oppdatering kvar fjerde år. Kapitlet «Frå den nynorske skriftkulturens annalar 1813–1997» har vakse i mange retningar seinare og blir no publisert med årlege oppdateringar på *Allkunne.no* under tittelen *Eit språk blir til*. «Fødselsdagbok for nynorskbrukarar» inneheldt fødsels- og eventuell dødsdato for vel 500 profilerte nynorskbrukarar. Dette var grunnlaget for det som i 2008 blei til selskapet Allkunne AS.

Innleiinga i boka målbar ein optimisme om at det kunne skaffast meir materiale: «Ser ein til at språkkode blir ein sjølvsagd del av kommande databasar, kan ein få fram endå meir dokumentasjon av den nynorske skriftkulturens plass og utvikling.» Etterpå kom formaninga: «For at det skal bli nokon fakta å skrive heim om, må også alle nynorskbrukarar der ute i røynda gjere sitt, no som så ofte før. Å setje tal på nynorsken er noko anna enn å setje pris på den.»²⁹³

Slik er det vel framleis, no når godt over hundre tabellar er blitt til nærmare tusen.

SÅ KVA ER DET MED SPRÅK ordna som statistikk? Statistisk dokumentasjon er med og festnar skriftkulturen og forståinga av denne.

Så viktige er tala for det moderne samfunnet at styresmaktene gjerne opprettar eigne byrå for tal om samfunnet. Ingen demokrati har tilsvarande byrå for tekst. Slik offentleg statistikk var ein nødvendig føresetnad for at Lucien Tesnière i 1928 kunne dokumentere statistisk dei fleste språka i Europa. Kanskje var dei samanfattande tabellane hans dei første språkstatistikkane som blei publiserte.

Danmark-Norge fekk sitt første tabellkontor i 1797. Statistisk sentralbyrå blei skipa i 1876 med 15 medarbeidarar; no er dei blitt tusen. Språkstatistikkane har over tid vore avgrensa til tre kategoriar – opplæringspråk, liturgispråk i kyrkjene, tenestemål i kommunane. Mest detal-

²⁹³ Ottar Grepstad: «Set tal på nynorsken!», *Nynorsk faktabok 1998*, Oslo 1998, s. 15 f.

jerte var desse statistikkane mellom 1920-åra og 1950-åra. Lov om målbruk i offentleg teneste gjaldt frå 1932, og alt året etter presenterte Statistisk sentralbyrå dei første tala for nynorsk og bokmål som tenestemål. Svakast av dei tre har statistikken for kyrkjespråk vore. Avgjerdsprosessen for kyrkjespråk var lovfesta til liks med dei andre emna, men her blei det aldri nokon kontinuitet i byråarbeidet. Det måtte eit vedtak i Stortinget til i 2009 før byrået tok til å journalføre alle lokale folkerøystingar, med tilbakeverkande kraft frå 1970.

Då Stortinget klargjorde sine krav til fordeling av nynorsk og bokmål i NRK radio og tv, blei utviklinga tabellfesta av byrået. Eigne initiativ var det få av. All den tid ein så nøye førte statistikk for nynorsk og bokmål i folkeskulen, kunne ein vente at det same ville bli gjort for real-skule og gymnas. Slike tal fanst, men Statistisk sentralbyrå publiserte dei berre unntaksvis. Bøker i nasjonalbibliografien blei tidleg merka med språkkode, men i dei offisielle statistikkane viste dette først att i 1990-åra.

I den mektige studien *Folkemengdens bevegelse 1735–2014* viser Espen Søybye kor mykje ein kan lese ut av ein tabell. Han studerer flytting, fødsel, død, etnisitet, sentralisering, utvandring, innvandring, tru – men ikkje språk. Utan privat innsamling av data frå slike som Peder Hovdan ville mykje ha vore ukjent om den norske språksituasjonen.

Kva er språk, og kva er dialekt? Det spørsmålet har valda mykje bry for Ethnologue og andre som ønskjer å etablere eintydig dokumentasjon av språkbruk og utbreiing. Når skilja mellom kategoriane er vage, blir også kolonnane og radene i tabellane mindre skarpe enn dei burde vere. Tabellar kan skjule den uklare grensa mellom språk og dialekt, men ikkje flytte den.

Har språk tal? Bruken av språk har tal, men ikkje språket i seg sjølv, ikkje før nokon har bearbeidd det, brote det ned til enkeltdelar, registrert og rekna. Klisjeen «Eit bilete seier meir enn tusen ord» kan berre uttrykkjast i ord. I si sjølvforståing kjem biletet rett og slett til kort. Tabellen har det til felles med biletet at dei seier mykje utan ord, men vi må setje ord på det dei seier. Di fleire tal som blir samla, di færre tal må løftast fram for å kunne sjå tendensane og endringane. Mange detaljar må til for å skrive den lange linja.

Litteraturen er full av tekstar som blir kalla tidlause. Statistikken er full av tal og tabellar som er tidbundne. Det skal iallfall mykje til for å

lage ein tabell om samfunnsfenomen som er utan tilknytning til eit definert tidsrom, kort eller langt. Dette gir statistikken ein historisitet som til tider nok kan vere overflatisk, men som heile tida peikar i retning av skiljet mellom stillstand og utvikling. Den som redigerer tabellar, vil nok også gjerne sjå etter kva som skal til for å vise ei endring. Alt dette gjer at den typiske tabellen er ei kronologisk forteljing, stramt komponert i stigande eller fallande rekkjefølgje. Tabellen er ikkje staden for komplekse, modernistiske komposisjonar.


Statistikk er eit fag, og som andre fagmiljø har den statistiske vitenskapen utvikla sine normer for godt og dårleg. Få, om nokon, sjangrar er forma under strengare normer enn tabellen. Titlane skal vere presise, korte og slutte med tidsrommet for tabellen, tala skal vere høgrestilte, tabellane bør ikkje tverrvendast på sida eller gå over to sider – dette er berre utdrag frå normsystemet.²⁹⁴ Dei strenge normene sikrar presis framstilling og gjer det lett å lese tabellar på ulike språk om same emnet.

Eg ser eit mønster i kva land som har gode språkstatistikkar, og kven som ikkje har det. Wales og Sveits har tal for det meste, Sverige og Frankrike knapt noko som helst. På dette området, som så ofte elles, fremjar konflikt kunnskap. Når eit språk dominerer utfordra i ein stat, blir det også underordna for styresmaktene å vite noko særleg om bruken av det språket. Ingen utvikla land, skriv språkforskaren Oddrun Grønvik, bruker eit utanlandsk språk som ikkje fleirtalet av innbyggjarane ser på som eit skriftspråk for opplæring og forvaltning.²⁹⁵ Dette har vore ein del av moderniseringa av desse samfunna, men ofte er bruken av desse mest brukte språka mindre dokumentert enn dei språka som skil seg ut eller er under press.

Absolutte tal kan vere meir relative enn relative er. Det er ikkje alltid eit prosenttal seier det som trengst. Berre å skifte frå relative til absolute tal kan vere nok til å få fram andre sider av saka. Rekna i prosent utgjer nynorskelevane ein like stor eller liten del av norsk grunnskule no som for hundre år sidan. 47 190 nynorskelevar i folkeskulen i 1910 var blitt til 76 690 i grunnskulen i 2014. Ein skriftkultur er meir avhengig av faktiske brukarar enn relative delar. Difor har det mykje å seie at 30 000 fleire elevar bruker nynorsk i grunnskulen no enn for hundre år sidan.

²⁹⁴ Jf. Espen Søybye: *Folkemengdens bevegelse 1725–2014*, Oslo 2014, s. 14 ff.

²⁹⁵ Oddrun Grønvik, same staden, s. 46.



Kart 8. Utbreiing av seks av dei største språka.
Frå <http://conroyandtheman.blogspot.com>, lesedato 4.6.2015.

Slik absolutt kunnskap er avgjerande for å kunne vite om eit språk framleis er i bruk. I 1952 kunne Meillet og Cohen fortelje at det finsk-ugriske språket livisk enno blei snakka av om lag 1500 menneske i 12 landsbyar.²⁹⁶ Då Ivar Aasen-tunet opna i 2000, var livisk eit av dei språka som blei presenterte i basisutstillinga, like før det var for seint.

Livarane er det første folkeslaget som buset seg i Latvia.²⁹⁷ Dit kjem dei om lag 3000 f.Kr. Med tida er dei å finne over heile Latvia, men dei blei jamleg utsette for forfølgingar. Ein stor pest tidleg på 1700-talet og den store nordiske krigen 1756–63 blir svært øydeleggjande. Ved inngangen til 1900-talet er berre 3000 livarar att. Den første verdskrigen gjer eit nytt innhogg, og berre halvparten overlever. På slutten av 1900-talet har truleg færre enn ti menneske livisk som morsmål. Den siste av dei er Viktor Berthold. Han døyr 28. februar 2009.

Når tala og variablane blir mange nok, kan traderte oppfatningar avsannast eller avkreftast. I nynorskmiljøet var det lenge eit munnhell at ein ikkje kunne stole på vernepliktsstatistikken. «Og der krysser man av bokmål», skal ha vore ei vanleg utsegn frå sesjonsoffiserane når dei gjekk gjennom spørjeskjemaet og kom til spørsmålet om målform. Det kunne vere noko i det, men synet på vernepliktsstatistikkane kunne også

²⁹⁶ Antoine Meillet og Marcel Cohen: *Les langues du monde*, Paris 1952, s. 282.

²⁹⁷ Avsnittet er henta frå Ottar Grepstad: *Språksansen*, Oslo 23013, s. 73.

kome frå det faktum at dei innebar ein stor språkleg lekkasje frå nynorsk til bokmål, målt med språkfordelinga i folkeskulen. No er tabellane mange nok til at konklusjonen kan rekkjast: Vernepliktsstatistikken var ikkje så ille likevel. Tala viste ein større overgang til bokmål enn det var faktisk dekning for i 1950- og 60-åra, men særleg frå 1980-åra har tala vore ganske pålitelege. Det vil seie at målrørsla i fleire tiår oversåg ei kritisk utvikling.

Det norske materialet som no ligg føre, viser at endringane i språkfordeling sjeldan kjem brått. Intervall på fem og ti år kan vere meir enn nok til å fange opp dei viktige endringane. Det kunne ein likevel ikkje vite før mange nok år var undersøkte. I *Språkfakta 2015* er der få slike tydelege brot. Eitt av dei tydelegaste er endringane i tenestemål i kommunane etter dei mange kommunesamanslåingane i 1960-åra. Prosentdelen nynorskkommunar blei brått færre i 1965, men var attende til det gamle nivået mot slutten av 1970-åra. Eit anna slikt brot er dei mange nynorskavisene som blei sette i gang då offset-teknologien blei allmenn i 1970-åra.

Det gode med tabellar er at dei tvingar fram system og viser dei kvite flekkane på kartet, dei tome felta, det ein ikkje veit. I ein tekst er det lett å skjule manglande faktum, i ein tabell er det vanskeleg. I den gode tabellen ligg ein systemtvang som kan verke kjølig, men som tvingar fram meir presise vurderingar.

Den som les *Les langues du monde*, oppdagar fort at kapitla om dei ulike språka og språkgruppene er stramare komponerte i omtalen av språkssystema enn når det skal gjerast greie for utbreiing. Då eg gjekk gjennom verket for å samla brukartala i éin tabell, blei tomromma for mange til at det gav meining for andre språkfamiliar enn den indoeuropeiske. I eit langt kapittel om det store språket japansk var der inkje å finne om utbreiinga. Dette heng nok saman med at kunnskapen om utbreiing enno var ganske mangelfull. Det arbeidet Tesnière hadde utført i 1920-åra, var nokolunde oppdatert. Resten var blanke ark. Tabellen med dei mange opne felta blei eit talande uttrykk for det språkvitskapen visste på midten av 1900-talet, og kor mykje kunnskap som faktisk er blitt utvikla i dei sju tiåra etterpå.

Her er det på tide å slå eit slag for den uferdige tabellen. Som sjanger er tabellen noko av det mest kantete som tenkjast kan – tidsintervalla må vere identiske, alle tala må vere på plass, og dei må byggje på

same typen materiale. Dette er viktig når ein tabell skal vise status og utvikling for eit emne i eit gitt tidsrom. Likevel kan tabellar vere verdfullt også som ei ufullstendig liste over tilgjengelege data. Eitt tal kan stadfeste eller avkrefte eit anna, og sjølv ein uferdig tabell kan vise at noko ikkje stemmer i den kunnskapen som har vore rekna som etablert. Den eine kjelda finst ikkje som gir korrekt og komplett oversyn over kyrkjespråk i Noreg. Då har det ein verdi i seg sjølv at alle dei data som kan skaffast, blir samla i ein og same tabell. Alternativet er å vere utan tilgjengeleg og oversiktleg informasjon.

I statistikk blir språk stundom eit puslespel, men ofte også ein mosaikk der ein ikkje heilt veit kor mange tal der er å finne. Den uferdige tabellen er verdt eit forsøk, som statistikkens variant av essayet.

I FORMIDLINGA AV STATISTIKK dominerer figurane søyle, kake og kart. Nasjonalstaten skulle ha sitt språk, og det styrkte bruken av kart for å vise utbreiing og bruk. Innanfor ein verdsdel kunne ein lenge nøye seg med å vise grensene for dei enkelte språka utan å vise dei lingvistiske samanhengane mellom språka. Når språka var sorterte etter sine samanhengar både innanfor og mellom verdsdelar, blei det mogleg å vise desse samanhengane med skravur eller fargar. Etter kvart som språkvitskapen fann nye samanhengar og forkasta gamle, måtte dei språklege verdskarta teiknast på ny. Difor skil dei karta seg som byggjer på Joseph Greenbergs språksyn seg mykje frå andre. Likeins blei fleire språk teikna inn i verda når dei vestlege koloni-imperia blei avvikla. Mange geografiske og språklege grenser er heilt ulike dei som gjaldt for hundre år sidan.

Dessutan, for kvart tiår visste ein om fleire språk og korleis dei eventuelt hang saman. Å lage eit språkleg verdskart var vanskeleg nok den gongen ein rekna med at der var 2500 språk i bruk. Med over 7000 språk i bruk kunne den territorielle utbreiinga berre visast på kart i stor målestokk. Ethnologue gjorde det einaste rette då dei i 2009 viste kvart språk som ein raud prikk. Dermed viste dei kor konsentrert språkmangfaldet kring ekvator er – og at det slett ikkje er ein liknande konsentrasjon av busetnad der det er flest språk.

Grafiske figurar treng sine tabellar og er difor sekundære. Det same gjeld mange kart, med nokre spektakulære unntak. Dei 21 karta som følgde med *Les langues du monde* i 1952, var i dempa pastellfargar og

fylte med presis stadfesting av både bantuspråk i Afrika og urfolksspråk på det amerikanske kontinentet. Favoritten er kart nr. 1 framanfor: «Langues de civilisation» (kart nr. 1).

To hundreår før, i 1741, hadde den tyske språkforskaren Gottfried Hensel publisert *Synopsis Universae Philologiae*, eit oversynsverk over språka med ein del ordna etter emne og ein annan del etter språk. Boka utstyrte han med fire handkolorerte koparstikk som måler 45 x 39 cm. Store, vakre, originale. Karta viser ein del språkgrenser i ulike verdsdelar, sett med auga for den tida (kart nr. 9).

Den fleirspråkleg orienterte Hensel er i dagens digitale format berre omtalt på engelsk, i tre setningar, i det mangespråklege oppslagsverket Wikipedia.²⁹⁸ Der heiter det at Gottfried Hensel (1687–1765) var ein tysk språkforskar, rektor i Hirschberg, og best kjend for verket *Synopsis Universae Philologiae*. Å vere best kjend for eit verk dei færraste visste om då den artikkelen blei skriven, røper kor vanleg det er blitt å snakke om kva nokon er kjend for i staden for å framheve det ein har utretta, fått til, skapt.

Verket av Hensel hadde ein tidstypisk lang tittel: *Synopsis universae philologiae: in qua: miranda unitas et harmonia linguarum totius orbis terrarum occulta, e literarum, syllabarum, vocumque natura & recessibus eruitur. Cum Grammatica, LL. Orient. Harmonica, Synoptice tractata; nec non descriptione Orbis Terr. quoad Linguarum situm & propagationem, mappisque geographico-polyglottis*. Dette var eit tidleg arbeid innanfor komparativ språkvitskap, utgitt på latin i Nürnberg 1741 med ny utgåve i 1754.²⁹⁹

Komen hit kan fascinasjonen min for språkkart ikkje lenger skjulast. Eg har aldri gjort som poeten Rolf Jacobsen og lese kart slik andre les bøker. Verdiskartet etter Mercators projeksjon hang på rommet frå eg var tretten eller noko slikt. Kvar radiostasjon som blei fanga inn med kattaugget på Radionette Duett, viste att med ei nål, men nåler har det med å losne. Når Radio Rural Brasileira dundra inn frå Rio de Janeiro ein sein kveldstime, og augo søkte mot Sør-Amerika på kartet, var eg fanga i geografien. Verdiskart er noko av det vakraste uttrykket mennesket har skapt for sin eigen eksistens, same kor misvisande det er å gjere jorda flat.

²⁹⁸ Wikipedia English, lesedato 20.5.2015.

²⁹⁹ Andre utgåva blei utgitt på nytt i faksimiletrykk i Milton Keynes 2011.



Kart 9. Gottfried Hensels Europa-kart 1741, vedlegg til *Synopsis Universae Philologiae*.

Verket er både ein katalog og ein tematisk systematisk gjennomgang. Hensel presenterer dei språka som då var kjende, saman med dei skriftsystema dei brukte. Som andre i samtida prøvde han å vise at alle språka kom frå det same, frå hebraisk. I det ligg mykje teologi og lite filologi. Den tanken hadde festna seg etter at Pierre Besnier i 1675, to år før han døydde, hadde publisert essayet "A philosophicall essay for the reunion of the languages, or, the art of knowing all by the mastery of one"³⁰⁰.

Hensel hadde mange skrifter å velje frå til karta sine. I London samla D. Mottus og Dan. Brown i 1700 saman 99 ulike versjonar av «Vår far» i verket *Oratio Dominica*; nye utgåver kom i 1710 og 1713. John

³⁰⁰ Johann Gottfried Eichhorn: *Geschichte der neuern Sprachenkunde. Geschichte der Literatur von ihrem Anfang bis auf die neuesten Zeiten*, Band V, Göttingen 1807, s. 11.

Chamberlayne og David Wilkins publiserte 152 versjonar i *Oratio Dominica in diversas omnium fere gentium linguas versa*, Amsterdam 1715. Ikkje minst kan han ha brukt ei samling med 361 utgåver av bøna, samla av Heinrich Bartsch i 1728.

Ein nordmann ser fort at den teksten som er brukt til å identifisere Noreg, er meir tysk enn den som ligg over Danmark. «Wor Vater du som est ij Himelen / Geheiliget worde dit Nafn» går her for å vere norsk, medan «Vor Fader i Himmelen / Helligt vorde dit Nafn» er dansk. Førlegget for teksten til Noreg må ha vore den teksten Stephanius hadde publisert over hundre år tidlegare. Avstanden kunne vere stor mellom den tida språkprøvene skreiv seg frå og tidspunktet då verka blei skrivne. Språk var ein trygg konstant. Den historiske linja var alt, samtida eit tillegg. Det meste av Sverige, kalla Germania Transmarina slik romarane hadde gjort, fylte Hensel like godt med ein versjon i runeskrift.

I boka brukte han lite plass på dei skandinaviske språka. Likevel tok han med opningsversa i Første Mosebok frå den islandske Bibelen, utgitt i fire ulike utgåver mellom 1584 og 1747. Dei to versa er så ulike at ein knapt kan tru dei er frå same utgåva. Vers 1 er umiskjenneleg islandsk, vers 2 ganske så vestlandsk:³⁰¹

Og Gud sagte: Verde Lios! Og dar vard Lios, og Gud sa at Liosit var Gott. Da skilde Gud Liosit fra Myrkrunum og kallade liosit: Dag, efi Myrkrid, Nott.

Denne teksten ligg mykje nærmare norsk tale på 1700-talet enn den lågtysk-danske teksten han prenta over Noreg på kartet.

Kartet over Europa blei henta fram att i Katalin Plihál og József Hapáks *Maps of Europe 1520–2001*, utgitt i Budapest 2003. Heile tittelen på Europa-kartet er «Det fleirspråklege Europa, med slektskapen mellom språka, og alfabeta og skrivemåtane til alle folkeslag». For å få fram skilnadene brukte Hensel opningslinjene frå «Vår far». Den fleire hundre år lange tradisjonen med å vise språkskilnadene ved hjelp av denne bøna, overførte altså Hensel til kartografien.

³⁰¹ Gottfried Hensel: *Synopsis Universae Philologiae*, 2. utgåva 1754, faksimileutgåve, Milton Keynes 2011, s. 474 f.

Oppe til venstre viser kartet fleire alfabet, og somme av dei finst knapt utanfor dei språkhistoriske minnebøkene i dag. Her er det skytiske alfabetet, frå eit nomadefolk ved Det kaspiske hav), gresk, markomannisk (folkeslag i Böhmen), runer, moesogotisk (austgermansk språk brukt av folkegruppa moesarane i det området som no er Serbia og Bulgaria) og picts-hiberno (keltisk språk i gamle Irland). I høgre hjørne er det russiske alfabetet skrive inn, nede til venstre står alfabeta latin, tysk, anglosaksisk, og heilt nedst alfabeta hunisk, kyrillisk, illyrisk og, sanneleg, etruskisk.

Også kartet over Sentral-Asia er fylt med tekstlinjer frå «Vår far», dessutan fleire alfabet. For Afrika og Amerika er opplysningane meir avgrensa; det er som om språkvitskapen på denne tida veit meir om Asia enn om Amerika. Med desse karta publiserte Hensel opningslinjene frå «Vår far» på meir enn 50 språk.

Kring 2010 var desse bileta blitt ein klassikar på Internett. Desse karta kan vere dei eldste samtidsframstillingane av språksituasjonen i grafisk form. Det var relevant å peike på skilnader og viktig å forstå det som no heiter kulturelt mangfald. I dag ligg det føre hundrevis av slike språkkart – somme meir informative enn andre, og somme meir av det elegante slaget. Slike kart får fram skilnader, men ikkje proporsjonar eller samanhengar. Likevel, kven kan ønskje å gå glipp av informasjon som også er visuelt slåande?

Hadde karta berre vore til å stole på. Hausten 2012 publiserte historiegeografen Martin W. Lewis ved universitetet i Stanford fem artiklar der han gjorde greie for til saman 103 feil berre i nokre kart over indoeuropeiske språk.³⁰² Målet for kritikken var ein fersk artikkel av Remco Bouckaert ofl: «Mapping the Origins and Expansion of the Indo-European Language Family».³⁰³ Lewis kan meir enn sin geografi. For han var det innlysande at skotsk-gælisk må visast som eit eige språk. Eit lite utdrag frå «Auld Lang Syne» av Robert Burns i original og på standard engelsk var nok til å få fram poenget.

³⁰² Martin W. Lewis: "103 Errors in Mapping Indo-European Languages", I-V, *GeoCurrents*, www.geocurrents.info, lesedato 3.6.2015.

³⁰³ Publisert i *Science* 24.8.2012.

Tidlegare same året hadde han teke for seg mengdene av språkkart på Internett.³⁰⁴ Dei fleste karta viser språkfamiliane eller dei mest utbreidde språka. Vanlege feil er at fleirspråklege statar blir eittspråklege, og det er dei offisielle språka som blir viste, same kor mange eller få som bruker dei. Den største misvisinga fann Lewis i kart nr. 8 framanfor. Med ei djupare forståing av fleirspråklege samfunn blir det vanskelegare enn nokon gong å lage dei gode språkkarta. Resten er fargar og estetikk.

I ORDSPEL STÅR SPRÅKET sjeldan på spel. Det som ikkje er på Internett, finst ikkje, heiter det i den digitale logikken. Ein enkel analogi skulle vere at det som ikkje er trykt, heller ikkje finst. I beste fall er dette analogisk innsikt om ein grunnmyte i vestlege skriftkulturar.

Språk er den viktigaste infrastrukturen i eit samfunn. Noko slikt må forståast på mange måtar også gjennom tal. Kor mange som bruker eit språk, seier lite om språket, men ein god del om det samfunnet der språket blir brukt. Den språklege tyngda som ligg i bruken av eit språk, er ein indikator for det kulturelle mangfaldet i det samfunnet. Vanskelegare er det ikkje, men så vanskeleg er det.

Eg voks opp i eit hus der det var leksikon som gjaldt. Oppstod det tvil, og tvil oppstod nær sagt ved kvart måltid, skulle far sjå etter kva det stod om saka i *Gyldendals store konversasjonsleksikon* i fire band frå 1960. Verket avløyste den velbrukte eittbandsutgåva *Gyldendals nye konversasjonsleksikon* frå 1948. Den korte artikkelen om «språk» i band fire sluttar med ein tabell over brukarar av dei største språka. Inga kjelde er nemnd, men tabellen gir ein «tilnærmet angivelse av hvor mange som har dem som sitt offisielle språk». Tala er jamt over høgare enn i 1952-utgåva av det store franske verket. Så kven var det som rekna? Ein første mistanke gjekk til amerikanske *World Almanac and Book of Facts*, utgitt nesten kvart år like sidan 1868. I seinare år har boka hatt eit fast kapittel om språk, men noko slikt fanst ikkje i dei utgåvene frå 1950-åra eg har sett.³⁰⁵ Den kjeldelause tabellen fortel at utover i det 20. hundreåret var der jamt fleire som lage statistiske forteljingar om språka i verda.

³⁰⁴ Martin W. Lewis: "Misleading Language Maps on the Internet", *GeoCurrents*, www.geocurrents.info, lesedato 3.6.2015.

³⁰⁵ *The World Almanac and Book of Facts* 1955, 1956, 2007, 2008, New York.

Både på eit kart frå 1741, i ei bok frå 1809 og ei keramisk veggtafle frå 1885 blei ei bøn frå tidleg 1600-tal brukt som språkprøve for norsk. Der var enno ingen tanke om at språk endrar seg og difor heller ikkje kva endringar det kunne vere tale om. Ein såg at språka var ulike, og det var det ein la vekt på og som ein ville vise. Språk var ein konstant faktor, ein infrastruktur ein knapt hadde ord for, men som var så viktig at bøker måtte skrivast, kart fargeleggjast og lister lagast.

Iallfall frå 1500-talet har ein prøvt å ordne og dokumentere all verdas språk. Til langt ut på 1800-talet blei skrifter frå 1600- og 1700-talet brukte for å vise skilnadene og likskapane mellom språka. I skrifta var talemåla frosne tidsbilete frå farne tider. Slike som Ivar Aasen måtte til for å modernisere kunnskapen om korleis språka faktisk var i si eiga samtid. Det gjekk nesten 500 år før det meste kom på plass.

Då vi laga basisutstillinga til Ivar Aasen-tunet fram mot 2000, skulle språkendingane i Noreg visast. Vi kom raskt til at bibeltekstar var den beste måten å gjere dette på. Ikkje visste vi at vi med det gjekk inn i den største konvensjonen for språkleg dokumentasjon i den vestlege verda. Det forstod eg først då dette essayet tok form og den eine setninga etter den andre måtte handle om religiøse tekstar. Like lenge som ein har prøvt å vise språklege skilnader systematisk, har ein gjort det med dei religiøse tekstane i kristendomen.

Den tradisjonen blei etablert på Martin Luthers tid. Den eldste boka eg har funne med «Vår far» på mange språk, er *Mithridates de differentis linguis* av sveitsaren Conrad Gesner frå 1555. Mest av alt var han naturvitar, og han gjorde mykje for å sortere planteverda lenge før Carl von Linné etablerte Systemet. I 1450 var Bibelen eller delar av Bibelen omsett til 34 språk, og ved inngangen til 1500-talet låg det føre trykte utgåver på berre 14 språk.³⁰⁶ Kor mange som brukte dei ulike språka, er høgst usikkert. På 1500-talet levde det truleg i underkant av 500 millionar menneske.³⁰⁷ Eitt overslag peikar i retning av at 12,3 millionar brukte fransk i 1550, medan 6,7 millionar brukte spansk og 3,1 millionar engelsk.³⁰⁸ Dette stemmer bra med ei folketalskjelde som oppgir 16 millionar

³⁰⁶ Eric M. North (red.): *The Book of A Thousand Tongues*, New York 1938, jf. Ottar Grepstad: *Språkfakta 2015*, www.aasentunet.no, tabell 1.4.1.

³⁰⁷ Population Reference Bureau, www.prb.org/Publications/Articles/2002/-HowManyPeopleHaveEverLivedonEarth.aspx, lesedato 6.6.2015.

³⁰⁸ Mikael Parkvall: *Limits of Language*, Wilsonville 2006, s. 79.

innbyggjarar i Frankrike og 7 millionar i Spania i 1550.³⁰⁹ Dette var før den vestlege koloniseringa og kristen misjon i fleire verdsdelar. I Europa var fransk det største språket, men dei europeiske språka var små i verda.

Kven som veit kva, er alltid relativt, men i si tid kunne Gesner i det minste gjere greie for om lag 130 språk. Verket blei trykt opp att i Sveits i 1610 med eit tillegg av Kaspar Waser, professor i hebraisk, gresk og teologi. Språka var ordna alfabetisk, og av dei skandinaviske språka fekk islandsk og norsk mest omtale; dansk og svensk var for parentesar å rekne. For norsk presenterte Gesner omsetjingar av sju ord. *Speck* er eit av oppslagsorda i denne tidlege framandspråklege ordlista for norsk, forklart med tysk *Fleisch* og latin *caro*.³¹⁰ På nærmare 500 år strekte denne kunnskapen seg til over 7000 språk; dei fleste var der i 1550 også. Det forklarar det fleire hundre millionar store gapet mellom dei tre vesteuropeiske språka og alle innbyggjarane på jord – få av dei kunne skrive, men snakke gjorde dei. Langt ut på 1800-talet var framleis lese- og skrivekunna mykje svakare i industrisamfunn som Frankrike og England enn i Russland og Sverige.³¹¹ Og folk flest budde ikkje i Europa. Berre i Kina levde det truleg om lag 110 millionar på 1500-talet, og dei hadde sitt å seie.³¹²

Den eurosentrisk inngangen til språkverda som Gesner bygde i 1555, kan ha hatt sine motstykke i andre kulturar. Ikkje minst hadde asiatiske imperium interesse av å vite om språklege og andre kulturelle forhold hos handelspartnarane sine. Å skrive at ein lenge visste mest om språk i dei vestlege delane av verda, kan difor vere ei europeisk sirkelutslutning. I nyare tid har fagmiljø innanfor den kristne kyrkja drive ein ganske systematisk språkvask i denne delen av jamførande språkdokumentasjon. Så mykje har dei gjort at kunnskapen har sprengt dei rammene som ein gong var der. Så lenge ein visste om få språk, kunne dei visast med korte formlar av typen «Vår far». Med si samling av om lag

³⁰⁹ "Population of Western Europe", www.tacitus.no, lesedato 8.6.2015.

³¹⁰ *Mithridates Gesneri, exprimens differentias linguarum, tum veterum, tum quae hodie, per totum terrarum orbem, in usu sunt / Caspar Waserus recensuit & libello commentario illustravit*, Tiguri 1610, s. 49, e-rara.ch, lesedato 7.6.2015.

³¹¹ Peter Stein: *Schriftkultur*, Darmstadt 2005, s. 272.

³¹² "Demographics of China", Wikipedia English, lesedato 7.6.2015.

500 utgåver av «Vår far» nærma Johan Chr. Adelung seg den redaksjonelle smertegrensa for slik dokumentasjon på trykk i eit verk som utgjorde 3300 sider.

Tekstane kom til kort. Språk blei kart, tekstar blei tal.

No er også den grensa passert på trykk. Ethnologue blei berga av det digitale formatet. Aldri kunne språkmangfaldet lettare dokumenterast og visast enn i den digitale skriftkulturen som blei forma frå 1990-åra. Til det fekk kyrkjemiljøa nødvendig hjelp frå kosmopolittane i moderne språkvitskap.

Dette essayet tok til i Frankrike og endar i Sveits. Det var ikkje dit eg trudde eg skulle. Om Conrad Gesner var den første, var det likevel den franske troikaen Antoine Meillet, Lucien Tesnière og Marcel Cohen som tenkte fram det vitskaplege grunnlaget for kombinasjonen av språk og tal. Dei skreiv siderike bøker om emnet, men dei skriftene manglar i dagens standardomtalar av forskarane.³¹³ Våren 2015 var der 35 millionar artiklar på 286 ulike språk i Wikipedia.³¹⁴ Ingen av dei nemnde nokon av dei to utgåvene av *Les langues du monde par un groupe de linguistes*, bøkene på 812 og 1297 sider som likevel finst, der dei står i grønt og raudbrunt side om side med andre grunnskifter i ei hylle i eit hus i ein veg i eit land.

³¹³ Wikipedia English, Wikipedia Deutsch, Wikipedia Française, lesedato 7.4.2015.

³¹⁴ Wikipedia English, lesedato 7.4.2015. Det nøyaktige talet artiklar denne dagen var 34 889 758.

Kjeldekritikk og vidare forskning

Med sine desimalar og eintydige storleikar ser tal meir pålitelege ut enn dei fleste menneskelege uttrykk. Nettopp difor bør tal lesast like kritisk som tekstar. Grunnlaget for ein tabell kan vere for lite, utvalet skeivt, faktorar kan mangle. Dette blir det gjort greie for nedanfor.

Behov for meir kunnskap

Det er ikkje mogleg å nå målet om å samle *all* relevant dokumentasjon om språk i Noreg. Same kor systematisk ein måtte arbeide, vil der vere noko som blir oversett, og dokument som er for lite allment spreidde til at dei blir fanga opp. I *Språkfakta 2015* er det brukt stoff frå mange masteravhandlingar, men der er nok fleire. Trass i alle manglar i både offentleg og privat statistikk er det eit særstykke at utviklinga i utbreiinga av språk innanfor ein nasjon kan følgjast så nøye som vi faktisk kan i Noreg.

Frå slutten av 1990-åra har studentar, forskarar og meiningsmålingsinstitutt gjennomført svært mange undersøkingar av haldningar og meiningar om språk i Noreg. Så mange er det blitt at vidare undersøkingar bør konsentrerast om regelmessige gjentakingar for å fange opp eventuelle endringar til dømes kvart femte år.

Ein ting er materiale som faktisk finst. Noko heilt anna er det med materiale som ikkje finst, og dei analysane som difor ingen har tenkt ut enno. I *Nynorsk faktabok 1998* blei det peikt på 25 mangelområde. Mange av dei er no dekte, men somt står att. Mykje av materialet i *Språkfakta 2015* bør studerast meir grundig enn det har vore mogleg å gjere i denne publikasjonen. Ved å kombinere stoffet med materiale frå databasar som Statistisk sentralbyrå kan meir oppdagast, forståast, nyanserast. Likeins ville det gjere seg med fleire jamførande analysar som inkluderer fleire språksamfunn enn det norske. Ein god stad å ta til er å utvikle meir pålitelege og relevante data for utbreiinga av språk i dei nordiske landa.

Den norske grunnkulen er godt dokumentert; det einaste måtte vere studiar i språkleg stabilitet hos nynorskbrukarane. Det same kan ikkje seiast om barnehagar, vidaregåande skular og høgare utdanning. Den faktiske språkstimuleringa i barnehagane er statistisk luft, for tidsrommet 1970–2010 veit vi så godt som ingen ting om status og endringar i vidaregåande skule, og paradoksalt nok er det skrive svært få akademiske studiar av bruk og utbreiing av språk i høgare utdanning eller forskning. Der er nokre viktige rapportar, men historia om språk i academia er så langt mest munnlege fragment. For høgskulane ligg det førebels ikkje føre tal om førstespråk for studentane, og heller ikkje for universiteta er alt på plass.

Innanfor offentleg forvaltning veit vi mykje om staten, litt om kommunane og nesten ingen ting om fylkeskommunane sin praksis. Dei interkommunale selskapa er aldri blitt systematisk kartlagde, og studiar som jamfører ulike kommunale sektorar er neppe nokon gong utførte. Kor viktig ulike nivå i offentleg forvaltning er for den samla utbreiinga av ulike språk, finst det til no berre ein og annan krokete peikepinn om.

Like lite veit vi om kva leiarar og medarbeidarar i arbeidsliv, yrkesorganisasjonar og frivillige organisasjonar meiner om språk, og korleis desse mange verksemdene og organisasjonane arbeider språkleg i kvardagen. Språkpraksis i frikyrkjer, lekmannsrørsle og dei mange nye religiøne er heller ikkje blitt kartlagd enno.

Digitale medium er enno eit ungt fenomen. Viktige studiar ligg alt føre, men her trengst det meir kunnskap om bruksmønster på nasjonalt og regionalt nivå.

Språkhistoria til NRK kan skrivast frå og med skipingsåret 1933. Det er ikkje mogleg verken for TV 2, TV Norge P4 eller Radio Norge. I sine studium av den norske mediebransjen har medievitskapen det meste ugjørt innanfor harddata der språk er ein like sjølvstøtt kategori som eigarskap, opplag, sjaar- og lyttartal.

Mange støtteordningar for bøker og presse er dokumenterte i kapittel 10, 15 og 16. Det står att å få til eit komplett oversyn over ei støtteordning for lærebøker i grunnskulen som blei oppretta i 1961. Med det aukande presset frå engelsk mot bokmål kan viktig kunnskap vinnast ved å analysere bokutgivingar og utbreiing av bøker på bokmål etter sjanger over tid. Saman med fleire analysar av same slag for nynorsk litteratur kan dette vise kor like og ulike desse to norske skriftkulturane er.

Dokumentasjonen av boktitlar i sal kan koplast til omsetning på eit overordna nivå, og arbeid blir sett i gang for å få til dette. På same måten som alle bøker i sal er merka med språkkode, gjeld dette også bøker i bibliotek. Kulturrådet blir invitert til eit samarbeid om å forbetre bibliotekstatistikken ved å leggje til kategorien språk. Dewey-systemet i biblioteka kan ikkje koplast direkte til bokgruppesystemet i bokbransjen, men nokre jamføringar kan gjerast for somme sjangrar.

Sjølv om kunstfeltet på sett og vis blir marginalisert, er der mangt vi burde vite meir om, frå repertoar sortert etter språk ved ulike teaterscener til grundige studiar i film og musikk. Det samla repertoaret i eit år eller for ein periode kunne analyserast grundig med scenespråk som ein av variablane.

Medlemsdata for språkkorganisasjonar skal byggjast ut slik at denne dokumentasjonen blir mest mogleg komplett. Fleire organisasjonar var i 2015 ganske ukjende med si eiga historie på dette punktet.

Feilmargar i meiningsmålingar

Alle spørjeundersøkingar med eit representativt utval har statistiske feilmargar. Desse feilmarginane minkar di større utvalet er. Di fleire i utvalet som svarar det same på eit spørsmål, di meir usikkert er det om svaret er representativt.

Tabellen nedanfor frå TNS Gallup 2009 viser feilmarginane for ulike utval og føreset at talet på alle som kunne ha vore spurde (populasjonen), var minst ti gonger større.

	95/5	90/10	85/15	80/20	75/25	70/30	60/40	50/50
500	1,9	2,6	3,1	3,4	3,8	4,0	4,3	4,4
1000	1,4	1,9	2,2	2,4	2,7	2,8	3,0	3,1
1500	1,1	1,5	1,8	2,0	2,2	2,3	2,5	2,5
2000	1,0	1,3	1,6	1,7	1,9	2,0	2,1	2,2
2500	0,9	1,2	1,4	1,5	1,7	1,8	1,9	2,0
3000	0,8	1,1	1,3	1,4	1,5	1,6	1,8	1,8

Talet før skråstreken er sannsynsprosenten. Viss 30 prosent i eit utval på 1000 har svara ja på eit spørsmål, er det 70 prosent sannsynleg at mellom 27,2 og 32,8 prosent av befolkninga ville svare slik. Viss 50 prosent

i eit utval på 2000 har svara nei på eit spørsmål, er det 50 prosent sannsynleg at mellom 47,8 og 52,2 prosent av befolkninga ville svare nei.

Meningsmålingar er altså upålitelege, men likevel langt frå ubrukelege. Vanskelegast er det å bygge konklusjonar på dei når spørsmåla gjeld tema der meiningane er flyktige. Partipolitiske spørjeundersøkingar er av det slaget, særleg i vekene før eit val. Di større endringane er, di større grunn er det til skepsis. *Språkfakta 2015* inneheld mange data frå spørjeundersøkingar gjennom sju tiår. Det slåande fellestrekket er at endringane er små over tid. Ingen stad er det store sprang. Det gjer dei lange linjene meir pålitelege.

Om språk tek det tid å endre meining.

Eintydige er likevel ikkje tendensane. Ulike spørsmål og spørjemetodar gir ulike svar, og særleg dei undersøkingane som blir laga i arbeidet med akademiske avhandlingar, byggjer gjerne på eit utval så lite at det fell utanfor tabellen ovanfor. Då blir også analysar og konklusjonar skjøre.

Terskelen for å ta med undersøkingar har vore låg. I mange undersøkingar er utvalet så lite at det knapt har noko for seg å presentere resultat, men summen av mange små undersøkingar kan gi ei viss meining. Det har også vore viktig at ingen skal kunne så tvil om kor etterretteleg denne dokumentasjonen er. *Språkfakta 2015* er ei samling nyansar, inga kvitbok. Mellom 1953 og 1965 var der ein avtale mellom Norsk Gallup Institutt, Arbeiderpartiet og Høgre om at dei partipolitiske meningsmålingane ikkje skulle offentleggjerast, då nokon meinte at slik informasjon kunne gi såkalla uheldig påverknad.³¹⁵

Det hadde såleis ein særleg verdi at norsk valforskning tok form i 1950-åra. Der var språkspørsmål med frå første stund, og eit halvt hundreår seinare var desse tala verdfull historisk dokumentasjon. Det valforskarane fann ut i ettertid, stemte godt med det Norsk Gallup Institutt fekk av svar på sine språkspørsmål i 1950- og 1960-åra. Til skilnad frå dei partipolitiske meiningane blei aldri dei språkpolitiske meiningane haldne attende. Om dei nyheitsmeldingane hadde noko å seie, står att å finne ut.

³¹⁵ Harald Stanghelle: «Meningsmålingenes tyranni», *Aftenposten* 29.8.2015.

1 Verda

Så godt som all internasjonal dokumentasjon av allmenn bruk av språk gjeld talt språk. Her er Noreg eit unntak ved at opplysningane om fordeling mellom nynorsk og bokmål stort sett gjeld skriftspråk, ikkje talt språk.

Ethnologue har til tider vore kritisert for at litt for mykje av kjelde-materialet har vore forelda, og at det historiske perspektivet stort sett manglar, men at slike manglar på langt nær opphevar den verdien denne databasen representerer.³¹⁶ Delar av denne kritikken har Ethnologue svara på ved å utvide analysane sine, mellom anna av språkleg mangfald. Det sterkaste ved dokumentasjonen frå Ethnologue er at dette arbeidet er så konsistent over så lang tid.

Mengdetal for språk vil veksle med skiftande definisjonar av språk, jf. merknadene i forordet. Det er ukjent om same definisjonen er brukt av internasjonale organisasjonar som UNDP og UNESCO.

Ethnologue introduserte systemet for identifisering av språkleg vitalitet i 2013 (tabell 1.2.2 og 1.2.3). Alt to år etter var mange språk plasserte i ein annan kategori. Her må ein rekne med at det tek mange år før grunnlaget for den systematiske inndelinga er godt nok utvikla og mange nok erfaringar vunne.

Kunnskapen om utbreiinga av skriftsystem er mangelfull på viktige punkt (tabell 1.2.4). Meir arbeid må gjerast før denne dokumentasjonen blir så god som den bør vere.

Få tal i desse tabellane er meir politiske enn prosentlar for lese- og skrivekunne (tabell 1.3.1 og 1.3.2). Den empiriske avstanden kan dermed vere stor mellom røynda og det talet som er oppgitt.

Kunnskapen om omsetjingar av Bibelen er sikrare enn det som gjeld Koranen (tabell 1.4.1 og 1.4.2).

Noko slitesterkt system for å identifisere språk på nettstader og i sosiale medium er ikkje etablert (tabell 1.5.1, 1.5.2, 1.5.3, 1.5.4 og 1.5.5). For eit såpass nytt fenomen er likevel tidleg dokumentasjon viktig å ta vare på.

³¹⁶ John C. Paolillo: "Evaluating Language Statistics: The Ethnologue and beyond", Unesco Institute for statistics, 2006.

Å setje opp ordforråd for namngitte forfattarar og oppslagsord i namngitte ordbøker må seiast å vere risikabelt (tabell 1.6.1 og 1.6.2). Det same gjeld dei mest omsette forfattarane (tabell 1.6.5). Dette er døme på tabellar som kan utviklast til mykje større presisjon over tid, når grunnlaget no er lagt.

Nokre av dei mange spørsmåla som melder seg når språk skal dokumenterast, er drøfta i essayet «Teljing og forteljing».

2 Europa og Norden

Nokre av tabellane inneheld meir enn dei 50 europeiske statane, og det er ikkje opplagt kvar alle grenser skal gå. Ethnologue reknar til dømes ikkje Kosovo som eige land, og manglar difor informasjon om dette området. Opplysningar om Kosovo er då henta inn frå andre kjelder.

Dei gamle minoritetsspråka er rekna med, men ikkje dei nye innvandrarspråka. Det faktiske mangfaldet av talt språk i Europa er difor mykje større enn det som går fram av dette kapitlet. For ein dokumentasjon av språkleg dominans i dei ulike landa har dette likevel lite å seie (tabell 2.1.5).

Som nemnt i kapittel 1 er det mykje uvisse om den faktiske lese- og skrivekunna (tabell 2.2.5).

I tabellane om språk i Norden er det som før blei kalla hovuddialektane i samisk, rekna som ulike språk (tabell 2.3.2 og 2.9.4). Opplysningar om bruken av dei mindre språka er kombinerte med informasjon om samla folketal i kvart land. Desse tala kan difor ikkje reknast som absolutt pålitelege, men er meir som påslag å rekne.

Primærkjeldene for historisk statistikk om utbreiinga av store europeiske språk er ikkje oppgitt i dei bøkene materialet er henta frå. Forfattaren har nøgd seg med å vise til at der ikkje er nokon opphavsrett for statistikk. Som for alle eldre tal er det nødvendig å lese desse med atterhald.

3 Noreg

Det meste av dokumentasjonen byggjer på meir detaljert dokumentasjon i seinare kapittel. Heile vegen er det då vist til dei tabellane materialet er

henta frå. Der vil ein finne utfyllande kjeldeinformasjon og ein del viktige merknader.

Dette kapitlet gir eit tverrsnitt av viktige delar av stoffet i resten av kapitla. For å gjere framstillinga så tydeleg og informativ som råd er, er informasjon frå ulike tabellar kombinerte. Ønsket om få fram flest mogleg lange linjer har overprøvt risikoen for at data blir kombinerte som strengt vitenskapleg ikkje burde kombinerast. Med det atterhaldet har det altså vore mogleg å få fram ei nesten ubrotten linje like frå 1951 om kva skriftspråk nordmenn bruker privat (tabell 3.4.1). Det går fram av dei tabellane som er brukte, korleis spørsmåla har vore formulerte i dei ulike undersøkingane.

Både her og i seinare kapittel er der tabellar med lakuner i form av tal som manglar. Vurderinga har vore at det er likevel er givande å presentere den dokumentasjonen som faktisk finst, også når denne er fragmentarisk eller mangelfull. Eit døme på dette er dokumentasjonen av kor mykje norsk musikk det blir spelt i ulike radiokanalar (tabell 3.13.5). Mange data manglar, men mange nok er på plass til at resonnement kan gjerast. Radiostasjonane fører her som regel opp kor mange prosent av prosentdelen norsk musikk som er norsk musikk med norsk tekst. Det blir ei fagleg meir korrekt framstilling å rekne ut kor stor del av all spelt musikk som er norsk på norsk, men då er nok ein del av tala også mindre flatterande.

På same måten som det i kapittel 1 er uvisse om dokumentasjonen av dei mest omsette forfattarane, gjeld dette også for presentasjonen av eit slikt materiale om norske forfattarar (tabell 3.11.2).

4 Demografi og geografi

Som i kapittel 3 er mange av tabellane redigerte på grunnlag av meir detaljert materiale utover i kapitla. Merknader og kjeldeinformasjon vil finnast der. Det har ikkje vore noko mål å samle alle regionale data i dette kapitlet. Framstillinga er i staden konsentrert om dei viktigaste og mest relevante funna.

Dei gamle, etablerte landsdelane har vore brukte alle stader der det er mogleg. I spørjeundersøkingar har handelsdistrikt teke over, særleg frå 1990-åra, men det er også blitt meir vanleg å skilje Oslo ut frå resten av

Austlandet. Nett det har mykje for seg

Kapitlet inneheld ein del data om innvandarane i Noreg (tabell 4.2.3, 4.2.4 og 4.2.5). I alle slike samanhengar er dei definisjonane for innvandrarbefolkning brukte som Statistisk sentralbyrå har etablert.

5 Haldningar og meiningar

Nesten alle spørjeundersøkingane er samla i dette kapitlet. Det går fram av kvar tabell kor stort utvalet har vore. Ein god del av tabellane skriv seg frå undersøkingar med små utval, og fleire gonger tilseier faglege kriterium at materialet ikkje blei teke med. Generelt gjeld dette ein del masteravhandlingar frå seinare år. Når stoffet alt finst, er det likevel ein fordel å ta det med, dels fordi ein då lettare kan sjå dei svake punkta, men også dels fordi det er eit poeng i seg sjølv å ha lett tilgjenge til det som alt er gjort. Då kan nye undersøkingar bli meir treffsikre. Der er også ein openberre nytteverdi i å kunne studere svar på ganske like spørsmål om same emne.

Nokre av undersøkingane er frå 1940- og 1950-åra. Då var metodane enno ikkje fullgodt prøvde ut, og eldre tabellar bør difor lesast med eit ekstra atterhald.

Særleg i seinare tiår gjer dei tekniske utvegane i programvarene at resultatata ofte blir presenterte berre som figurar. Det har vore eit sjølvstendig poeng å presentere tala bak, og som regel berre dei. Då kan kven som helst bruke materialet på føremålstenleg vis og i den forma ein ønskjer.

Kåringar gir aldri representative svar fordi respondentar kan organiserast og mobiliserast. Slik blei slimålen i si tid kåra til den norske nasjonalfisken. Det same gjeld ei kåring av dei mest og minst sjarmerande dialektane som Dagbladet gjennomførte i 2011 (tabell 5.3.12). Eit lite rom for slike kuriosa er det likevel plass til.

I ei spørjeundersøking om verdien av å lære både nynorsk og bokmål brukte Sentio ei gradering frå 1 til 10 i svaralternativa (tabell 5.6.12 og 5.6.13). Ei så finmaska inndeling vil mange ha vanskar med å ta stilling til, og det som ser ut som nyansar kan difor like gjerne vere visse. Lettast vil det då vere å leggje seg inn mot midten.

Med berre 68 lærarar som har svara på spørsmåla i tabell 5.7.1, kan desse tala ikkje lesast som representative.

6 Folkerøystingar og val

Fram til 2009 fanst det ingen offisielle og dermed pålitelege kjelder om folkerøystingane om opplæringspråk i skulen. Eit første oversyn laga Olaf Almenningen og Åsmund Lien i *Striden for nynorsk bruksmål* i 1978. Dei bygde då mest på opplysningar frå bladet Ordet, utgitt av Riksmålsforbundet. Seinare har Noregs Mållag følgt opp med årlege dokumentasjonar i årsmeldingane sine. Det arbeidet er svært fortenestefullt.

Frå og med 2009 har Statistisk sentralbyrå ansvaret for at dokumentasjon av alle lokale folkerøystingar kjem med i den offisielle valstatistikken. Byrået publiserte dei første data i desember 2009 og dekte med dette tidsrommet 1970–2008. Då synte det seg at tidlegare publisert oversyn i 1998 og 2006 mangla tre folkerøystingar, medan Statistisk sentralbyrå på si side mangla ni. Seinare er også andre mindre manglar retta opp. Materialet er no så komplett som det kan bli for tida etter 1964.

Å utvikle ein komplett dokumentasjon for dei skilsetjande tiåra tidleg på 1900-talet og den ganske dramatiske perioden 1940- og 1950-åra er truleg umogleg. I prinsippet skal alle data finnast i ulike offentlege arkiv, men dei årsverka dette krev, kan ein ikkje rekne med at nokon har høve til å bruke. I staden vil fragment dukke opp eller bli funne fram, og litt om litt kan mosaikken utvidast. Arbeidet er i gang (tabell 6.1.1).

I finstudiar av lokalval i enkeltkommunar er det tilrådeleg å supplere materialet i dette kapitlet med dei komplette offisielle valstatistikane. Felles for framstillinga av kommunevala i 2007, 2011 og ikkje minst 2015 er at tabellane er laga ganske kort tid etterpå. Dei siste finteljningane er difor ikkje alltid fanga opp. For dei overordna linjene har dette likevel svært lite å seie.

7 Individuell språkbruk

I tabell 7.1.1 er tidspunktet for opplysningane med av di samansetjinga i Stortinget kan endre seg i kvar stortingsperiode.

Som i kapittel 5 er ein del tabellar mangelfulle av di det materialet som har vore publisert, har vore ufullstendig. I nokre tilfelle er informasjon frå tekst omforma (tabell 7.1.2).

Nokre tabellar formidlar det språklege sjølvbiletet til folk, og dette kan vere eit anna enn det språkvitarar ville analysere seg fram til. Sjølvforståinga er ein faktor å rekne med i mange samanhengar, også språklege.

I tabell 7.2.14 er det ein urealistisk høg nynorskprosent blant innbyggjarane i Troms. Også nynorskprosenten i Oslo ligg høgt over tendensen i tidlegare undersøkingar.

Det er ukjent om spørjeskjemaet dei vernepliktige fyller ut på sesjonane, er blitt endra i det lange tidsrommet frå 1947 (tabell 7.4.1). Derimot har det vore kjent at det ofte har gjort seg gjeldande eit visst gruppepress når dei vernepliktige skulle svare på desse spørsmåla. Det har også hendt at dei som ikkje sjølve kryssa av for språk, automatisk er blitt rekna som bokmålsbrukarar. Dette har ført til ein viss skepsis mot tala om nynorskbruk blant vernepliktige. I seinare år byggjer klassifiseringsstyrken på utdrag av årskulla. Trass i dette syner tala stor stabilitet også det siste tiåret. Ein gjer klokt i å rekne med at vernepliktsstatistikken har vore språkleg ganske påliteleg, berre ikkje i 1950- og 1960-åra.

Eit atterhald er likevel at Forsvaret ikkje har kalla inn heile årskull kvart år på 2000-talet. Korleis det slå ut, kan studerast nærmare i tabell 7.4.8 og 7.4.9. Vernepliktsverket gjennomfører denne kartlegginga systematisk kvart år, og det gjer at dei verne- og sesjonspliktige er den gruppa utanfor grunnskulen som er best kartlagd språkleg.

Kapittel 7.5 om språkleg stabilitet kunne ha vore delt opp på dei to kapitla om grunnskule og vidaregåande skule, men materialet er samla for at tendensane frå ulike miljø og aldersgrupper lettare kan studerast i samanheng. Når stoffet blir analysert, bør ein ta omsyn til at somt av dette dels er meiningsytringar om kva ein har gjort eller trur ein vil gjere, dels systematiske studiar av det som faktisk er gjort. Ein kan ikkje trekkje ein tydige slutningar frå éin region til heile landet, og sjølv om tendensane i ulike regionar ser like ut, kan årsakene vere meir samansette.

Tabell 7.6.1 kunne ha vore supplert med nokre avgrensa, liknande data frå tidlegare tidsrom, men dette har ikkje vore prioritert.

I 2008 og 2011 gjennomførte Nationen ei undersøking om opplæring i nynorsk og bokmål med identiske spørsmål. Berre 2008-materialet har vore tilgjengeleg i komplett form.

Den analysen som tabell 7.9.2 er ein del av, blei gjennomført før eit meir utfyllande materiale låg føre som kunne auke presisjonen i studien. Hovudlinjene er likevel ikkje skipla.

Frå og med *Nynorsk faktabok 1998* har ulike metodar vore prøvde for å formidle ein kortversjon av store datamengder. Det aller første språkbarometeret blei laga med data frå 1995 (tabell 7.9.5), med seinare utvidingar og endringar for 2004, 2009 og 2011 (tabell 7.9.8, 7.9.9 og 7.9.10). I alle desse er data frå fleire år kombinerte, men dette er det gjort greie for i merknadene til tabellane.

8 Barnehage og grunnskule

Med offentleg og ganske systematisk skulestatistikk frå og med 1910 er folkeskulen og grunnskulen dei samfunnsinstitusjonane vi veit mest om på alle forvaltningsnivå, språkleg sett. Særleg den tidlege statistikken var likevel langt frå feilfri, og korrigeringar frå pålitelege, private kjelder som Peder Hovdan og Noregs Mållag har difor vore brukte til oppretting og utviding i nokre tilfelle. Her har det også vore eit problem at Statistisk sentralbyrå har rapportert på noko ulikt vis fram gjennom tiåra.

Tabellane med nyare data er bygde opp med data frå Grunnskolens Informasjonssystem, GSI, som har vore i drift sidan 1992. Det tok tid før dei ambisiøse planane for denne databasen kunne realiserast slik at data frå GSI var pålitelege. Iallfall frå og med 1998 reknar Statistisk sentralbyrå denne basen som påliteleg. Nokre av jamføringane bakover på 1990-talet må difor lesast med det atterhaldet. Framleis er det også slik at ein del summeringar av tal på kommunenivå kan gi andre resultat enn dei tala GSI rapporterer om på fylkesnivå. På detaljnivå er der nokre feil i tabell 8.2.2, der nokre av dei språka GSI listar opp, ikkje eksisterer.

Tabell 8.1.7 byggjer på ein føresetnad om at den offisielle skulemålsprosenten kvart år kan knytast til 1. klasse. Mange detaljar i denne analysen er utdjupa i årstale nr. 4 om tilstanden for nynorsk skriftkultur i 2004.

Fram til 1952 omfattar tala på skulekrinsar med nynorsk berre heradskommunane (tabell 8.4.2 og 8.4.3). For bykommunane ligg ikkje slike tal føre tidlegare, men i 1950-åra utgjorde dei om lag 150 krinsar. Elevtala i tabell 8.1.9 gjeld derimot for alle kommunane.

Dei største tabellane i dette kapitlet er også dei største tabellane i heile verket, og størst av alle er tabell 8.1.12. Når tabellane først ligg føre, var det også rimeleg å ta dei med, for dei inneheld alle saman relevant og svært detaljert informasjon.

Blant dei meir usikre framstillingane er tabell 8.4.1 om innføring av nynorsk som opplæringspråk i skulen. Det som står der, er ganske påliteleg, men det kan vere ein del manglar.

9 Vidaregåande skule

Som i kapittel 8 er det aller meste av stoffet henta frå offisielle kjelder. Først i seinare år har det vore mogleg å få fram pålitelege data for vidaregåande skule. Nynorsk kultursentrum etterlyste dette i eit møte med Kulturdepartementet, Utdanningsdirektoratet og Statistisk sentralbyrå i 2004, og etter kvart blei det betre. For yrkesfaglege studieretningar er likevel dokumentasjonen framleis svært mangelfull.

Systematikken i dokumentasjonen av gymnasa har på langt nær vore så god som for grunnskulen. Det gjer at tabell 9.3.1 om examen artium både manglar ein del data og inneheld nokre forsøk på rekonstruksjon ut frå kjende faktorar. Detaljnivået i til dømes tabell 9.3.3 om linjeval etter språk i gymnaset vitnar likevel om at det ganske sikkert er meir å finne i dei offentlege arkiva for desse skuleinstitusjonane.

10 Universitet og høgskule

For høgare utdanning og forskning har det diverre aldri vore ført offentleg statistikk som gir informasjon om bruken av ulike språk i academia. I lys av det presset bokmål er utsett for på dette området, kunne meir påliteleg informasjon spele ei viktig språkpolitisk rolle. I 1950- og 1960-åra interesserte riksmålmiljøet seg mykje for språk i academia, medan målrørsla såg bort frå det som der skjedde.

I undersøkinga om vitskaplege tilsette sin kjennskap til språkpolitiske styringsdokument og eigen bruk av engelsk som undervisningspråk, er gruppa av tilsette med andre førstespråk enn nynorsk og bokmål lita. Svara i tabell 10.1.6–10.1.10 og 10.7.1–10.7.2 må difor tolkast varsamt.

Det blei i denne undersøkinga ikkje spurt om kor mykje dei tilsette underviste på engelsk, eller på kva nivå dei underviste.

I tabell 10.2.1 er det nok med ein del avhandlingar frå utanlandske lærestader for året 2011.

Ein god del informasjon manglar om den offentlege tilskotsordninga for lærebøker i høgare utdanning (tabell 10.4.2). Mot slutten av 1990-åra blei openbert statistisk dokumentasjon av arbeidet ikkje prioritert, og det verkar vanskeleg å få til ein komplett tabell.

11 Offentleg forvaltning

Lovdata publiserer jamleg oppdaterte oversyn over gjeldande mållovsvedtak om tenestemål i kommunane og fylkeskommunane. Dette blir gjort på ein slik måte at historiske data og endringar over tid blir borte. Difor inneheld kapittel 11.1 mykje detaljinformasjon på kommunenivå. Så har nok dette også vore eit område der målrørsla har følgd ganske nøye med. Verdien av det viser seg i tabellar som elles ville vore nær sat komplett umoglege å få til.

Nokre kommunar har i seinare år gjort vedtak om tenestemål som ser ut til å vere lite konsistente i høve til intensjonen i lov om målbruk i offentlig teneste. Dette gjeld til dømes Bjerkreim, Finnøy og Tysvær i Rogaland.

Frå 2001 gjekk staten over til å registrere sin eigen bruk av bokmål og nynorsk i ulike typar dokument ut frå sidetal i dokumenta, ikkje tal dokument. Desse to reknemåtane gir ulike data, men skiftet kan ikkje forklarast taktisk. Rekna i tal dokument brukte staten meir nynorsk enn om ein reknar i sidetal. For 2000 var 22 prosent av stortingsdokumenta på nynorsk, men berre 14 prosent av alle sidene var på nynorsk året etter (tabell 11.2.2 og 11.2.4).

Diverre har ikkje arbeidet vore utført så systematisk at alle tabellar kan gjerast komplette. Særleg gjeld dette dokumentasjon av skjema på nynorsk og bokmål (tabell 11.2.8).

Per 2015 hadde Lovdata ikkje innført språkkode for lover og forskrifter. Det gjorde det urimeleg tidkrevjande å få fram oppdatert informasjon om språkfordeling på dette området (tabell 11.3.1 og 11.3.7).

Eining for EØS-omsetjing i Utanriksdepartementet hadde derimot full oversikt over bruken av nynorsk og bokmål i sine dokument (11.3.6).

Både i 2006 og 2011 blei det gjennomført omfattande spørjeundersøkingar blant nynorskkommunane om deira bruk av nynorsk og bokmål på ulike område. Ingen av desse undersøkingane gav fullstendige svar; mange kommunar svara aldri. Kunnskapen om språkpraksis i språknøytrale kommunar og kommunar med bokmål som tenestemål manglar heilt. Ein kan seie mykje om statens måte å drive språkleg jamstilling på, men denne delen av offentleg forvaltning kontrollerer i det minste seg sjølv. Det gjer verken fylkeskommunane eller kommunane.

12 Næringsliv

Alle data frå spørjeundersøkingar om språk i næringslivet er samla i dette kapitlet, ikkje i kapittel 5.

Tabell 12.1.1 og 12.1.2 om språk i avisreklame mellom 1948 og 2012 er døme på at ein og ame metode har vore brukt på ulikt materiale over lang tid – tre aviser i den første, ei i den andre. Likevel kan der vere inkonsistensar, men samlinga av data i *Språkfakta 2015* gjer det lett å gjere det same på andre område. Detaljar i den første av dei to undersøkingane er presenterte i tabell 12.9.2, 12.9.3 og 12.9.4.

Ivar Aasen-tunet kartla våren 2015 reklamespråket i tv, vekeblad og magasin (tabell 12.1.8). I ein del annonsar og reklameinnslag var det brukt meir enn eitt språk. Reklame som inneheldt slagord på engelsk eller der delar av teksten var på engelsk, blei registrerte som bokmål + engelsk. For tv-reklame blei det skilt mellom innslag med til dømes berre dialekt i tale og bokmål i skrift, og innslag med både dialekt og bokmål i tale. Jamt over var det også då berre bokmål i skrift. I kategorien bokmål + engelsk tv-reklame blei det rekna med reklame med engelsk tekst og bokmål tale, eller der musikk med tekst på engelsk var eit berande element i reklamen og tekstplakaten etterpå var på bokmål.

I kapittel 12.3 er det presentert eit omfattande materiale frå ei relativt enkel undersøking frå 2014 og 2015 om språk i eit bedriftsmiljø på Sunnmøre. Dette har det vore gjort så lite av at spørsmåla i stor grad blei forma for første gong, med den risikoen det inneber.

13 Digitale medium

Som nemnt i kapittel 1 ovanfor er statistisk dokumentasjon av språk i digitale medium enno på prøvestadiet. Teknisk skulle det vere ganske greitt å få fram slike data, men på dette området rår private interesser det meste, og den digitale delekulturen gjeld ikkje på konsernnivå.

Den første dokumentasjonen for norske nettstader blei gjennomført i 1997 til bruk i *Nynorsk faktabok 1998*. Der heitte det: «Ved å gjennomføre same søket med andre søkjebasar enn Alta Vista kan talgrunnlaget bli sikrere. Det er likevel ingen grunn til å rekne med at Alta Vista inneheld feil som systematisk slår ut til fordel for den eine målforma.»

Det har mykje å seie kor god søkjemotoren er i dette kartleggingsarbeidet. I 2004 var tida inne til å utvide søkjarbeidet og ta i bruk det som då var blitt den viktigaste søkjemotoren, Google. AltaVista har kvar gong fanga opp vesentleg fleire dokument enn Google, som på si side har ein større nynorskprosent enn AltaVista.

I dei søka som blei publiserte i *Nynorsk faktabok 1998* og *Nynorsk faktabok 2005*, var ordparet *kvart/hvert* med. Ordparet representerte med ulike synonym av orda ikkje noko eintydig skilje mellom nynorsk og bokmål. Det er difor teke ut av seinare søk, og tidlegare publiserte tabellar er korrigerte for denne endringa.

Då den ame metoden blei brukt i 2015, gav søk i Google, Bing og Yahoo tre heilt ulike svar som vanskeleg kunne kombinerast. Difor stoppar tabell 13.1.1 i 2009.

Den første store studien av namngitte nettstader blei utført for *Nynorsk faktabok 2005* i samarbeid med Språkrådet (tabell 13.3.3 og 13.4.1). Metoden var langt på veg den same som ovanfor, og Språkrådet har ført dette vidare i sitt tilsynsarbeid med mållova.

I 2015 var det enno vanskeleg å jamføre tal for unike brukarar frå ulike plattformer. Til det var metodane for ulike.

Det låg i 2015 føre nokre studiar i avgrensa format om språk i digitale medium, då særleg dei sosiale. Ingen riksdekkjande undersøkingar var gjennomførte som gjorde det mogleg å lese desse regionale studiane i eit større perspektiv.

14 Radio og fjernsyn

Dei vanskane som melder seg når språk skal registrerast i radio og tv, er drøfta i kapittel 14. Over tid har mange vore usikre på kor pålitelege tala har vore, men dei statistisk meir pålitelege systema som har vore brukte i seinare år, indikerer at eldre data ikkje har vore hakkande gale.

Nesten alle data gjeld NRK, som har utvikla mykje kompetanse på området. Det er eit svakt punkt i studiet av desse tala at ein har så lite å jamføre med frå andre radio- og tv-stasjonar.

Særleg for grunnskulen ligg det føre mange undersøkingar, dei fleste i akademiske format. Slike finst det merkeleg få av for radio og tv (og for pressa). Dåverande dagleg leiar Randi Alsnes i Kringkastingsringen utførte i 1990-åra fleire mindre studiar som fleire tiår seinare har fått auka bruksverdi.

15 Presse

For avisene har medieforskaren Sigurd Høst i ei årrekkje publiserte årsrapportar om status og endringar. Desse har vore viktige referansar for arbeidet med eigne data og framstillingar. Dokumentasjonen i *Språkfakta 2015* inkluderer noko fleire aviser enn dei han reknar som aviser. Det er likevel ikkje slik at eit og same omgrep er definert likt i publikasjonane *Avisåret* og *Språkfakta*. Ikkje minst skil det litt i dei samla tala for aviser, men berre litt. For 2014 lista Høst opp 230 aviser, i *Språkfakta 2015* er der med 235.

I analysen av datamaterialet i kapittel 14 er det gjort nøye greie for dei kriteria som har vore brukte for å skilje aviser og periodika frå kvarandre etter redaksjonelt språk. Den metodikken som blei utvikla i arbeidet med *Nynorsk faktabok 1998*, er seinare ført vidare i forbetra form. Når publikasjonane først er skrivne inn i systemet på namnenivå, blir jamføringane lette å gjennomføre. For nokre aviser kan informasjonen om redaksjonsspråk vere usikker, men dette påverkar i liten grad dei store linjene.

Sorteringa i nynorskaviser, språkdelte aviser og bokmålsaviser bygger fullt ut på avisene sine eigne opplysningar om kva språk dei formelt er redigerte på. Dette seier ikkje alt om den faktiske språkpolitikken deira.

Bergens Tidende er som nemnt offisielt bokmålsavis, men både denne og fleire andre regionaviser kan ha førstesideoppslag på nynorsk. Bruken av nynorsk som redaksjonsspråk i norsk presse er difor i røynda større enn det tabellane i kapittel 15 syner. Tabell 15.3.4 indikerer dette. Her blir bruk av nynorsk i utvalde aviser mellom 1950 og 2005 dokumentert, henta frå ein liten studie av Terje S. Skjerdal.

Det historiske materialet er nok meir variabelt, men det er kontrollert mot ulike kjelder så langt det har vore mogleg.

Tingartal for Norsk Barneblad før 1969 i tabell 15.2.1 har vore henta frå svært ulike kjelder og representerte nok ei viss blanding av brutto- og nettoopplag. Med jubileumshistoria *Skrinet med det rare i* av Eirik Helleve frå 2012 er desse tala no så sikre som dei truleg kan bli. For nyare tid viser tabellen kor mange blad som er blitt leverte til Posten for utsending. Opplaget varierer gjennom året, og er som regel størst for nr. 1. Frå og med 1970 gjeld tala for nr. 2.

16 Bøker

Med den sosiale status boka har hatt i svært lang tid, ligg det føre omfattande statistisk materiale. Dette er det einaste området er skrifter heilt frå 1800-talet i dag kan identifiserast etter språk. Desse registreringane er ikkje feilfrie; med slike datamengder ville noko anna ha vore rart. Ein og same tittel kan vere oppført med ulik språkkode i dei to databasane Norbok og Bibsys, men dette kan no vonleg reknast som eit historisk problem. På eit finmaska tittelnivå vil der altså vere ein del misvisingar, men det er uråd å seie noko sikkert om kor stort dette problemet er.

Ei rekkje tabellar er spesialstatistikk frå Nasjonalbiblioteket, levert august 2009 og laga på oppdrag frå Nynorsk kultursentrum. Registreringsarbeidet var då ikkje komplett for dei siste åra. Tala etter 2006 er difor lågare enn dei vil vere når desse tala kan oppdaterast.

Diverre var det uråd å oppdatere og utvide tabellane i tide. Frå og med 2011 tok Bibsys over ansvaret for den norske nasjonalbibliografien frå Nasjonalbiblioteket. I 2015 var Bibsys så oppteken med å innføre eit nytt katalogsystem at det ikkje var rom for spesialkøyringar.

Ein del tabellar og analysar i *Nynorsk faktabok 2005* må no reknast som førebelse studiar. Kjeldegrunnlaget var ikkje så påliteleg som det såg

ut til å vere. Tabellane i 1998- og 2005-utgåvene bygde i stor grad på søk i *Norsk bokfortegnelse* (Norbok), men slik systema var då, var det uråd å få korrekte tal når utgivingar blei sorterte etter språk eller andre kategoriar som gav svært mange treff. Dette gjekk meir ut over presisjonen for absolute tal enn for prosentfordeling mellom språk m.m. Ein del jamføringar må lesast med dette atterhaldet.

På detaljnivå kan diverre ikkje alle tabellane lesast like nøye. Grunnen er at kriteria for kva som blir rekna med, varierer. I titteltala for Samlaget i tabell 16.7.1 er som regel også nye opplag i utgivingsåret med, medan det ikkje gjeld for forlaga i tabell 16.9.2. Slike nye opplag er heller ikkje med i nasjonalbibliografien. Difor blir det rettast å bruke tal for Samlaget frå denne databasen når forlaget skal samanliknast med andre utgivarar.

Kjeldegrunlaget for nasjonalbibliografien har endra seg over tid. Frå og med 1983 er ikkje lærebøker rekna med i *Norsk bokfortegnelse*. I tabell 16.3.2 er det registrert påfallande låge titteltal for bøker på bokmål i tidsrommet 1975–1985.

17 Kyrkje og religion

I eit lengre tidsrom førte Statistisk sentralbyrå nøye oversyn over liturgispråk i kyrkjesokna. Siste gongen dette blei gjort, var i 1953. Som på fleire andre område har difor private initiativ vore uunnverlege for å få fram relevant dokumentasjon. Dette er også årsaka til at nokre tabellar er førte heilt ned på soknenivå med namns nemning.

I tabell 17.2.2 gir tala for sal av utdrag frå *Bibelen* først og fremst den informasjonen at tilbodet av slike skrifter har vore mykje større på bokmål enn på nynorsk. Difor gir det ikkje mening å rekne desse med i samla sal og prosentdelar.

Tabell 17.9.1 er ein parallell til tabell 8.4.1, sjå ovanfor. Heile tida er det ført opp positive tal. Det vil seie at tabellen registrerer kor mange som innførte salmar eller liturgi dei enkelte åra, men ikkje har med dei som eventuelt gjorde om slike vedtak i den perioden tabellen dekkjer. I Peder E. Hovdansk store arkivprotokoll for norsk målreising er tvillaust tala for Blix-salmar mest komplette. Talet hans for sokn med nynorsk liturgi ligg

noko høgare i 1933 enn i *Statistisk årbok 1934*, og det kan tyde på kontravoteringar eller administrative endringar. Særleg for tida etter 1947 må denne protokollen reknast som mindre påliteleg.

Tabell 17.9.2 er eit utdrag frå ein større database som i 2015 enno var for mangelfull til å bli publisert in extenso.

18 Kunst og brukskunst

I fleire tabellar blir verksemda dokumentert på detaljnivå for fleire sceneinstitusjonar. Desse kan trygt reknast som pålitelege. Diverre vil det neppe vere mogleg å få komplette rekneskapstal for Det Norske Teatret også for tidsrommet 1913–1946.

Til ein analyse av språk på den norske filmmarknaden høyrer også sal og utleige av video og dvd med. Her ligg det ikkje føre data som gjer ein slik analyse mogleg.

Der kan vere mindre kategoriseringsfeil i finalesongane frå Melodi Grand Prix (tabell 18.3.1. I dette ligg at ein song som er registrert som bokmål, kanskje er ei blanding av dialekt og bokmål. Tvilstilfella er så få at det ikkje har noko å seie for dei store linjene.

Språkrådet presenterte hovudfunn frå ei spørjeundersøking om musikk våren 2009. Synovate hadde då gjort nokre feil i eit par figurar. Tala er retta opp i kapittel 18.3, og i den delen av materialet som er publisert i kapittel 5.9.

19 Språk- og kulturinstitusjonar

Liksom for andre organisasjonar varierer kvaliteten på medlemstalsrapporteringa over tid i norskdomsorganisasjonane. Tabell 19.1.1 er sett saman av informasjon frå svært mange og til dels ulike kjelder. Difor kan det vere enkelte misvisande opplysningar enno.

Tala for Noregs Ungdomslag for perioden fram til 1921 er stort sett stipulerte ut frå ein grafisk figur i 25-årssoga frå 1921, og den figuren bygger igjen på ei stipulering av det samla medlemstalet. For enkelte år i

denne perioden ligg det føre opplysningar om det faktisk registrerte medlemstalet, men det varierte frå år til år kva lag som sende inn medlemstal. Difor svingar tala i oppstillinga her meir enn godt er.

I seinare år var den datatekniske registreringa av medlemmer i Noregs Ungdomslag svært mangelfull. Berre for dei aller siste åra inneheld årsmeldingane informasjon om medlemstal, og Noregs Ungdomslag har opplyst at det er uråd å rekonstruere dette materialet.

Ein del år brukte Kringkastingsringen omgrep som «betalande», «registrerte», «aktive» og «passive» medlemmer ganske vilkårlig. Det tyder på at medlemstala i enkelte årsmeldingar er meir politisk enn rekneskaps-teknisk korrekte. Utover på 2000-talet har det vore god orden. Organisasjonen har ein del livsvarige medlemmer, familiemedlemmer og innmelde lag. Dette er også med og gjer tala usikre; kategoriane livsvarige medlemmer og familiemedlemmer var med i 1997 og 1998, men fall ut i åra 1999–2003. I mange årsmeldingar står det difor at det samla medlemstalet er «noko høgare» enn talet på betalande medlemmer. I årsmeldinga for 1996 heiter det meir presist at Ringen har 162 livstidsmedlemmer og 227 familiemedlemmer. Frå og med 2003 er berre betalande medlemmer registrerte.

Også Noregs Mållag sleit ei tid med nokre av desse registreringsprinsippa. Det er ein del lokallag som over tid ikkje har levert årsmelding, men som likevel er rekna med i tala. Frå og med 2014 gjekk organisasjonen over til å ha landsmøte annakvart år, og i mellomåra vil talet på lokallag vere lågare enn elles. Difor blir desse tala no berre tekne med for annakvart år.

Lista over nynorskbrukande festivalar og sogespel i tabell 19.3.4 kan ikkje reknast som komplett per 2015.

I tabell 19.4.4 og 19.4.5 er nasjonale nynorskinstitusjonar kartlagde når det gjeld stillingar og årsverk. Av historiske grunnar er utvalet avgrensa til medlemsinstitusjonane i Nynorsk Forum, skipa 1997. For fleire institusjonar har skiljet mellom kultur- og driftsfaglege medarbeidarar vore vanskeleg å handtere, og driftsfagleg er ikkje eit synonym for administrasjon.

Kjelder

Denne kjeldelista femner om arbeidet frå og med grunnlaget for *Nynorsk faktabok 1998* til og med *Språkfakta 2015*. Trykte oppslagsverk som *Norsk Allkunnebok*, *Norsk bokfortegnelse* og *Store norske leksikon* er ikkje førte opp. Digitale oppslagsverk er førte opp som verk utan referanse til enkeltartiklane som har vore brukte. Som alt anna er desse spesifiserte i dei enkelte tilvisingane.

I det avsluttande essayet «Teljing og forteljing» står kjeldene i fotnotane.

Intervju, samtalar, brev, opplysningar

Agder og Telemark bispedømmeråd, Kristiansand

Allkunne AS, Hovdebygda

Altaposten v/Tor Sara, Alta

Aschehoug Forlag v/Ivar Havnevik, Oslo

Asker Museum v/ Ingunn Stuvøy, Asker

Bergens Tidende v/ Faktasentralen, Bergen

Bibelselskapet v/Odd Petter Tornes, Oslo

Bjørgvin bispedøme, Bergen

Kari Bjørke, Oslo

Bokbasen v/Fride Fosseng, Oslo

Bokklubben Nye Bøker, Oslo

Bokmålsforbundet v/Steinar Øksengård, Bergen

Jarle Bondevik, Universitetet i Bergen, Bergen

Borg bispedømme, Fredrikstad

Tove Bull, Tromsø

Ola E. Bø, Det Norske Teatret, Oslo

Cappelens Forlag v/Inger Skarre, Oslo

Dag og Tid v/Arne-Ivar Kjerland, Oslo

Tove Elise Thue Dahl

Det Norske Bibelselskap v/Anne Grethe S. Røhne, Oslo

Det Norske Samlaget v/Edmund Austigard, Oslo

Det Norske Samlaget v/Dag K. Ellingsen, Oslo

Det Norske Samlaget v/Audun Heskestad, Oslo

Det Norske Samlaget v/Britt Mo Nummedal, Oslo

Det Norske Samlaget v/Liv Nyberg, Oslo

Det Norske Samlaget v/Sverre Tusvik, Oslo

Hjalmar Eiksund, Høgskulen i Volda, Volda

Framtida.no, Leirvik
Jan Olav Fretland, Lærdal
Berge Furre, Oslo
Goethe Institut Oslo v/Jeanette Danzer
Jon Grepstad, Oslo
Gyldendal Norsk Forlag v/Mette Tharaldsen, Oslo
Hamar bispedømmeråd, Hamar
Magne Heide, Kvæfjord
Heimen v/Bodil Røyset, Oslo
Eirik Helleve, Voss
Ottar Hellevik, MMI, Oslo
Audun Heskestad, Rælingen
Hordaland fylkeskommune, Bergen
Jan Fredrik Hovden, Bergen
Stine Hustvedt, Institutt for samfunnsforskning, Oslo
Sigurd Høst, Oslo/Volda
Ivar Aasen-tunet, Ørsta
Jan Kløvstad, Nordens Hus Grønland
Kåre Kolås, Bergen
Kommunal- og moderniseringsdepartementet v/Hanne Lauvang, Oslo
Kringkastingsringen v/Randi Alsnes, Oslo
Kringkastingsringen v/Tormod Strømme, Oslo
Lars Anders Kulbrandstad, Høgskolen i Hedmark, Hamar
Kultur- og kyrkjedepartementet v/ Ingvar Engen, Oslo
Kulturrådet v/Arne Vestbø, Oslo
Landslaget for lokalaviser v/Rune Hetland, Oslo
Landslaget for språklig samling v/Andreas Haraldsrud,
Landssamanslutninga av nynorsk kommunar v/Vidar Høviskeland, Oslo/Tysnes
Hanne Lillebo, Hamar
Roger Lockertsen, Stavanger
Oddvin Lundanes, Ski
Knut Løyland, Telemarksforsking, Bø i Telemark
Jon Låte, Oslo
Mediebedriftenes Landsforbund v/ Ragnhild Holmen, Oslo
Medietilsynet v/Jørgen Abelsen, Fredrikstad
Møre bispedøme, Molde
Cecilie Naper, Noregs bibliotekhøgskule, Oslo
Nasjonalbiblioteket, Oslo
Nasjonalbiblioteket v/Jonny Edvardsen, Mo i Rana
Nasjonalbiblioteket v/Trond Haugen, Oslo
Nasjonalbiblioteket v/Rebecca Boxler Ødegaard, Oslo
Nidaros bispedømmekontor, Trondheim
Nordisk samisk institutt, Kautokeino
Noregs Mållag v/Atle Faye, Oslo
Noregs Ungdomslag v/Marit Jacobsen, Oslo
Noregs Ungdomslag v/Alf Steinar Nekstad, Oslo
Noregs Ungdomslag v/Ola Normann Strand, Oslo

Norges Fotballforbund v/ Jan Jamessen, Oslo
Norsk Barneblad v/Gard Espeland, Oslo
Norsk Barneblad v/Nana Rise-Lynum, Oslo
Norsk Filminstitutt v/Bent Kvalvik, Oslo
Norsk kulturråd v/Mari Finess, Oslo
Norsk Målungdom v/Håkon Kolmannskog, Oslo
Norsk Målungdom v/ Sigbjørn Hjelmbrekke, Oslo
Norsk språkråd v/Jon Grepstad, Oslo
Norske Lagsbruk v/Nils Seland, Oslo
NRK Forskningen, Oslo
NRK Analyse, Oslo
NRK Nynorsk mediesenter , Førde
NRK Platearkivet v/Peeter Rammø, Oslo
NRK v/Ragnhild Bjørge, Oslo
NRK v/Wenche Gjendem, Oslo
NRK v/Katrine Raade, Oslo
NRK v/ Kristian Tolonen, Oslo
Nynorsk avissenter, Førde
Nynorsk pressekontor v/Arne Sigurd Haugen, Oslo
Nynorsk pressekontor v/Karoline Riise Kristiansen, Oslo
Nynorsk pressekontor v/Hallvard Østrem, Oslo
Christian-Emil S. Ore, Oslo
Hilde Osdal, Høgskulen i Volda
Opera Nordfjord v/Kari Pavelich, Nordfjordeid
Oslo bispedømmeråd, Oslo
Oslo kommune v/Hild Lamvik, Oslo
Stine Renate Otterbekk, Institutt for samfunnsforskning, Oslo
Posten Noreg v/Elisabeth H. Gjørme, Oslo
Posten Noreg v/Arvid Lovunddal, Oslo
Riksmålsforbundet v/Tor Guttu, Oslo
Riksmålsforbundet v/Sverre Martin Gunnerud, Oslo
Riksmålsforbundet v/ Bodil Aurdal, Oslo
Olav H. Hauge-senteret, Ulvik
Olav Hr. Rue, Oslo
Prøysenhuset, Ringsaker
Riksfondet for nynorsk presse v/Ola Relling, Oslo
Ruijan Kaiku, Alta
Selja Forlag v/Torkjell Djupedal, Førde
Gunnar Sivertsen, Oslo
Skald Forlag v/Lars Nes, Leikanger
Skattedirektoratet v/Hallvard Lade, Oslo
Skatteetaten v/Kristin Petersen, Oslo
Aud Skipenes, Nordfjordeid
Berit Skog, Trondheim
Skogstad Sport, Stryn
Sogn og Fjordane Teater v/Reidun Støfring, Førde
Sogn og Fjordane Teater v/Terje Lyngstad, Førde

Språkrådet, Oslo
Språkrådet v/Kristin Solbjør, Oslo
Stavanger bispedømme, Stavanger
Idar Stegane, Bergen
Odd A. Steinvåg, Volda
Stortinget v/Anne Lise Hammerstad, Oslo
Stortinget v/Anne Grete Orten, Oslo
Svenska litteratursällskapet i Finland, Helsingfors
Janne Sønnesyn, Bergen
Sør-Hålogaland bispedømmeråd, Bodø
Håvard Tangen, Oslo
Rolf Theil, Gran
Tunsberg bispedømme, Tønsberg
Iselin Eidhammer Tveit, Vikebygd
Utdanningsdirektoratet v/Tone Vindegg, Oslo
Universitets- og høyskolerådet, Oslo
Universitetsforlaget v/Petter Knutsen, Oslo
Jorunn Veiteberg, København
Vernepliktsverket v/Karen Lise Bruhn, Oslo
Vernepliktsverket v/Per Strømnes, Hamar
Guri Vesaas, Oslo
Lars S. Vikør, Norsk Ordbok 2014, Oslo
Vox v/Magnus Fodstad Larsen, Oslo
Monika Haanes Waagan, Ulsteinvik
Einar Økland, Valevåg
Jon Østbø, Oslo
Ingebjørg Røyrrhus Øyehaug, Ørsta
Bernt Aardal, Institutt for samfunnsforskning, Oslo
Terje Aarset, Høgskulen i Volda

Arkiv

Arkiv for norsk målreising, Ivar Aasen-tunet
Arkiv Ivar Aasen-tunet
Ottar Grepstads arkiv
Kjell Hauglands arkiv, Ivar Aasen-tunet
Terje Aarsets arkiv

Manuskript, foredrag, rapportar

Arnøy, Ingar: Foredrag på seminar på Sunndalsøra 27.3.2013
Bjerkaas, Hans-Tore: «Språkrekneskap for NRK», foredrag på Dei nynorske festspela 25.6.2010
Bjørge, Ragnhild: Innlegg i debatt på Dei nynorske festspela 26.6.2015
Bjørhusdal, Eli: Det underlege omgrepet målform. *Jostedalsrypa*, blogg, 20.11.2009

Bokmålsforbundet: Språksituasjonen i Norge 2014/2015, *bokmålsforbundet.no*

Brimi, Arne: Innlegg på møte om Diktarhuset i Lom 22.2.2013

Caprino Film, *caprino.no*

Christensen, Bente ofl.: «Bokmålets og riksmålets nasjonale ordboksverk – BRO-prosjektet», notat til Kulturdepartementet og Språkrådet, udatert og upaginert [2011]

Det Norske Akademi: Budsjettsøknad 2015 til Kulturdepartementet, 28.2.2014

Dom mot Norsk Målungdom, Oslo tingrett 17.12.2003, arkiv Ivar Aasen-tunet

Espeland, Gard: *Norsk Barneblad – 110 år samanhengande historie*. Manuskript, udatert

Europarådet: *Finlands fjerde rapport om oppfølginga av Den europeiske språkpakta*, 2010

–: *Finlands tredje rapport om oppfølginga av Den europeiske språkpakta*, 2006

–: *Fjerde evalueringsrapport om oppfølginga av Den europeiske språkpakta i Sverige*, 2011

–: *Fjerde evalueringsrapport om oppfølginga av Den europeiske språkpakta i Finland*, 2012

–: *Første evalueringsrapport om oppfølginga av Den europeiske språkpakta i Sverige*, 2003

–: *Sveriges rapport om oppfølging av Den europeiske språkpakta*, 2007

–: *Tredje periodiske rapport frå Danmark om Den europeiske språkpakta*, 2010

Film & kino Årbok 2001, 2006, 2010, 2013, *kino.no*

Finnbogadóttir, Vigdís: Foredrag på Språkdagen i Oslo 13.11.2012

–: Foredrag på landsmøtet i Noregs Mållag i Ørsta 19.4.2013

Fordelingen av tilskudd til nasjonale minoriteter og til kvensk språk og kultur, *regjeringen.no*

Forskrift om målvedtak i kommuner og fylkeskommuner, *lovdata.no*

Furre, Berge: «Da nynorsk vart kyrkjemål». Ivar Aasen-minneforelesing ved Dei Nynorske Festspela, Ørsta 16.9.1996. Manuskript, arkiv Ivar Aasen-tunet

Gramstad, Sigve: «Språk opnar murar. Språk i Europa 20 år etter at Berlin-muren fall». Foredrag i Ivar Aasen-tunet 8.11.2009

Grepstad, Ottar: Det nynorske blikket. Årstale nr. 1 om tilstanden for nynorsk skriftkultur (Grepstad 2012)

–: Viljen til språk. Årstale nr. 2 om tilstanden for nynorsk skriftkultur (Grepstad 2012)

–: Kulturens kritiske masse. Årstale nr. 3 om tilstanden for nynorsk skriftkultur (Grepstad 2012)

–: Den språklege lekkasjen. Årstale nr. 4 om tilstanden for nynorsk skriftkultur (Grepstad 2012)

–: Prinsippet nynorsk. Årstale nr. 5 om tilstanden for nynorsk skriftkultur (Grepstad 2012)

–: «Økonomiske ringverknader av Ivar Aasen-tunet og Dei Nynorske Festspela». Foredrag på landstinget i Landssamanslutninga av nynorsk kommunar, Rauland 28. april 2005

–: Den språkdelte kulturens lov. Årstale nr. 6 om tilstanden for nynorsk skriftkultur (Grepstad 2012)

–: Makta over språket. Årstale nr. 7 om tilstanden for nynorsk skriftkultur (Grepstad 2012)

–: Språk i barnehøgd. Årstale nr. 8 om tilstanden for nynorsk skriftkultur (Grepstad 2012)

–: Valfridom på norsk. Årstale nr. 9 om tilstanden for nynorsk skriftkultur (Grepstad 2012)

Grønvik, Oddrun: Notat 15.11.2013, Ottar Grepstads arkiv

Hellevik, Ottar: «Kva veit vi om nynorskbrukarane?». Foredrag i Nynorsk Forum 27.4.2000

Henriksen, Petter: «BRO-arbeidet og Det Norske Akademis store ordbok», notat til Språkrådet 5.12.2011

Hjellhaug, Trine Lerum: Foredrag i Nynorsk forum i Sogn og Fjordane på Skei 9.11.2012

–: Takketal for Stortegut-prisen under Litteraturdagane i Vinje, Edland 29.8.2015

Hordaland Mållag: *Språkleg medvit hjå ungdom*. 1998

Hovdan, Peder E.: *Norsk målreising. Målskiftet i heradi 1905–1950–195*, arkivprotokoll, Ivar Aasen-tunet

Hovden, Jan Fredrik, Jostein Gripsrud og Hallvard Moe: «Bergensstudentar og kulturen 2008», undersøking, Universitetet i Bergen 2008

Høst, Sigurd: Liste over nye aviser 1969–2008, frå upublisert database

–: *Kartlegging av avistilbud på Internett 1998–2009*. 2009

–: «Hvorfor er lokalavisa vinneren?» Foredrag på Lokalavisseminaret I Lom 15.1.2009

Ipsos MMI: Spørjeundersøking på Internett, april 2012, oppdrag frå NRK

–: *Forundersøkelse om Språkåret 2013. Telefonundersøkelse 11.-14. desember.2012*, oppdrag frå Språkåret 2013 og Nynorsk kultursentrum

–: *Rapport etterundersøkelse for Språkåret 2013*, telefonintervju 19.–21.11.2013, oppdrag frå Språkåret 2013 og Nynorsk kultursentrum

–: Spørjeundersøking om digitale medium , 3. kvartal 2014

Janson, Tore: «Varifrån kommer språkens gränser?», foredrag på Språkdagen i Oslo 11.11.2009

Jervell, Sverre: «Europeiske regionar på frammarsj når kjem nynorskregionen?», foredrag på landstinget til LNK, Ivar Aasen-tunet 2003

Jonassen, Tore: Foredrag på Språkdagen 2014 i regi av Språkrådet i Oslo 18.11.2014

Kommunal- og regionaldepartementet: Valstatistikk 2007, *krd.dep.no*

–: Valstatistikk 2011, *krd.dep.no*

Kommunal- og moderniseringsdepartementet: Valgportal 2015, *kmd.dep.no*

Kornai, Andrés: «Digital language death», Plos One, <http://journals.plos.org/plosone/article?id=10.1371/journal.pone.0077056>

Kulbrandstad, Lars Anders: Innleiing på seminaret «Mangfald i NRK» i regi av NRK Nynorsk mediesenter, Førde 1.9.2009

Kultur- og kyrkjedepartementet: Språkstatistikk for departementa for 2001, 2002 og 2003, *regjeringa.no*

–: Språkstatistikk for departementa 2000-2004, *regjeringa.no*

–: Språkstatistikk for departementa for 2006, *regjeringa.no*

–: Språkstatistikk for departementa for 2007 og 2008, *regjeringa.no*

Kulturdepartementet: Språkstatistikk for departementa for 2010, *regjeringa.no*

–: Språkstatistikk for departementa for 2012, *regjeringa.no*

–: Språkstatistikk for departementa for 2013, *regjeringa.no*

Landssamanslutninga av nynorsk kommunar, saksutgreiing juni 2014

Lilleholt, Kåre ofl.: *Verkeområdet for mållova*, utgreiing for Kulturdepartementet, juni/september 2000, arkiv Ivar Aasen-tunet

MMI: Norsk Monitor

Nemi, Einar: Foredrag på årskonferansen til Norsk kulturråd i Tromsø 13.11.2006

Norsk Gallup Institutt: *Normering av det nynorske navnet «Noreg»*, spørjeundersøking september–oktober 1995, oppdrag frå Norsk språkråd

–: *Målformenes stilling i befolkningen. August/september 2000*, oppdrag frå Riksmålsforbundet

Norsk Målungdom: *Kort spørjeundersøking om språkval hausten 2012*, Oslo 2012

Norsk språkråd / Språkrådet: *Rapport om målbruk i offentleg teneste. Sentrale statsorgan under departementsnivå* 1995, 1996, 1997-2000, 2000-2004, 2008, 2011, 2012 og 2013

Norstat: Spørjeundersøking om språk 17.11.–27.11.2014, oppdrag frå NRK

NRK Analyse: *Undersøkelse om nynorskbruk i NRK*, august 2009

Nynorsk kultursentrum: *Statistikk 2003*. Ørsta 2004

-: Spørjeundersøking i nynorskkommunar 2006, i samarbeid med LNK
 Nynorsk mediesenter. Rapport 2003. Førde

Naadland, Trine og Gudmund Harildstad: *Norsk Barneblads forlag. Ei bokliste*, udatert

Oeter, Stefan: Helsing frå Europarådet ved opninga av Språkåret 2013 i Kristiansand 3.1.2013

Ore, Christian-Emil: «Notat om leksikografi ved ILN etter 2015», notat 12.8.2011, Ottar Grepstads arkiv

Pimienta, Daniel, Daniel Prado and Álvaro Blanco: *Twenty years of measuring linguistic diversity in the internet*, UNESCO 2009

Redaksjonen i Norsk Ordbok: Rettingar til Steinulf Tungesvik 2000, upaginert, Ottar Grepstads arkiv

Refseth, Nina: Foredrag på seminar i Landssamanslutninga av nynorskkommunar på Voss 24.4.2013

Røthe, Paul M.: Rådet for skriftkultur, notat 16.3.2000, forfattarens arkiv

Sentio: Spørjeundersøking januar–februar 2006, oppdrag frå Noregs Mållag

-: Spørjeundersøking 28.2.–3.3.2008, oppdrag frå Nationen og Nynorsk Pressekontor

-: Spørjeundersøking 3.–9.5.2011, oppdrag frå Nationen og Nynorsk Pressekontor

-: Spørjeundersøking 9.9.–5.10.2014, oppdrag frå Riksmålsforbundet

Skog, Berit: Berit Skogs blogg, *forskning.no*

Solumsmoen, Tor: Kap 269 post 71 Kirke- og undervisningsdepartements lærebokutvalg, notat 11.10.1986, Den norske Forleggerforening, arkiv Ivar Aasen-tunet

Språkrådet: Brev til Kultur- og kyrkjedepartementet 7.12.2009

-: Spørjeundersøking i nynorskkommunar og nøytrale kommunar 13.12.2010–10.2.2011, i samarbeid med LNK og Nynorsk kultursentrum

-: «Norsk ordbokpolitikk», notat til Kulturdepartementet 3.3.2014

Statistisk sentralbyrå: *Standard for økonomiske regioner*. Rapport 99/8. Oslo 1999

Steiro, Gard: Innlegg på seminar i Landssamanslutninga av nynorskkommunar på Voss 24.4.2013

Synovate: *Kartlegging av bruk og omdømme av norsk språk i dagens musikk-Norge*, 30.3.–3.4.2009, oppdrag frå Språkrådet og GramArt

-: *Norsklæreres holdning til eget fag*, september–oktober 2010, oppdrag frå Språkrådet

Theil, Rolf: «Norsken på sotteseng?», foredragsmoment om lag 2005

-: Notat til arbeid med basisutstilling Ivar Aasen-tunet, 2007, arkiv Ivar Aasen-tunet

TNS Gallup: *Undersøkelse av målformenes stilling i befolkningen – 2005*, veke 37–40 2005, oppdrag frå Riksmålsforbundet

-: Spørjeundersøking i skulen januar 2006, oppdrag frå Utdanningsdirektoratet

-: *Spørreundersøkelse om engelsk i norsk dagligtale*, 12.–14.11.2007, oppdrag frå Språkrådet

-: *Befolkningsundersøkelse om bruk av engelsk språk i reklame og markedsføring i Norge*, november 2008, oppdrag frå Språkrådet

-: *Undersøkelse blant næringslivsledere om bruk av engelsk språk i reklame og markedsføring i Norge*, november 2008, oppdrag frå Språkrådet

-: Spørjeundersøking om språk i reklame november 2010, oppdrag frå Språkrådet

-: *Språk i høyere utdanning. En pilotstudie høsten 2013*, desember 2013, oppdrag frå Språkrådet

Torp, Arne: «Kvifor er Noreg dialektparadiset?», Ivar Aasen-minneforedraget, Dei nynorske festspela i Ørsta 28.6.2013

Trosterud, Trond: «Språkmangfaldet i Europa», foredrag på haustseminar Noregs Mållag i Bergen 26.9.2009

UNDP: Human Development Report 2013, undp.org
UNHCR: Syria Regional Refugee Response, unhcr.org,
Unesco Institute of Statistics: International literacy data 2014, uis.unesco.org
Universitetet i Oslo: Brev til Kulturdepartementet 23.3.2015
Utdannings- og forskningsdepartementet: *Evaluering av statstilskudd til lærebøker innen høyere utdanning*, våren 2004
Utdanningsdirektoratet: *Kartlegging av sidemålsundervisningen på 10. trinn og VK1, allmennfaglig studieretning 2006*, Oslo 2006
–: «Rett til opplæring i egne språkdelte grupper på ungdomstrinnet», brev til Kunnskapsdepartementet 21.6.2015
Vangsnes, Øystein A.: «Fleirspråklege fordelar», tale på landsmøtet i Noregs Mållag 27.4.2012, nm.no
–: «Kva veit vi om tospråklegheit?», foredrag på Nynorskdagen i Førde 29.4.2014
–, Göran B.W. Söderlund og Morten Blekesaune 2015: «The effect of bidialectal literacy on school achievement», *International Journal of Bilingual Education and Bilingualism*, 2015, s. 1–16
Vestad, Jon Peder: «Utfordringar for nynorsk normaltalemål», *Vestads vevstad*, lesedato 3.5.2001
Wunderlich, Dieter: «Was verlieren wir, wenn Sprachen sterben?», manuskript, <http://user.phil-fak.uni-duesseldorf.de/~wdl/Bedroht.pdf>, lesedato 7.5.2015
Øzker, Kamel og Jon Todal: «Nynorsk som skriftspråk er truet?», presentasjon på seminar i Noregs Mållag 5.9.2010
Aa, Leiv Inge: «Ord som finst og ikkje finst», foredrag på Språkdagen i Oslo 12.11.2013
Aasen, Ivar: «Sprogdistrikter (Maalfylke)», Ms.4° 915:23:9:1, Nasjonalbiblioteket

Databasar og nettstader

Allkunne: www.allkunne.no
Aschehoug: www.Aschehoug.no
Aviskatalogen 2004: www.mediebdriftene.no
BBC: www.BBC.com
Bergen off. Folkebibliotek: www.bergen.folkebibl.no
Bibsys.no: www.bibsys.no
Bokklubben: www.bokklubben.no
Brageprisen: www.brageprisen.no
Cappelen Damm: www.cappelendam.no
CIA World Factbook 2007: www.scholarships-forkids.org
Den norske kirkes internet-portal: www.kirken.no
Det franske akademiet : www.academie-francaise.fr
Det Norske Akademis store ordbok: www.naob.no
Encyclopedia.com : www.encyclopedia.com
Ethnologue: www.ethnologue.com
EU: www.ec.europa.eu
Europarådet: www.conventions.coe.int
Eurovision: ESC History, www.esc-history.com
Festivalguiden.no: www.festivalguiden.no
Finlex: www.finlex.fi

Ken Follett: www.ken-follett.com
Foreningen les!: www.foreningenles.no
Forlaget Oktober: www.oktober.no
Free language: www.freelanguage.org
Geohive.com: www.geohive.com
Goethe Wörterbuch, www.uni-hamburg.de
Grunnskolen Informasjonssystem: www.wis.no/gsi
Gyldendal Norsk Forlag: www.gyldendal.no
Internet World Stats: www.internetworldstats.com
Kommunenøkkel: www.kommunenokkelen.no
Kvensk institutt: www.kvenskinstitutt.no
Landslaget for lokalaviser: www.lla.no
Litteraturpriser: <http://bibliotek.baerum.kommune.no/litteratur/litteraturpriser/>
Lovdata: www.lovdata.no
Mark Rosenfelder: www.zompist.com
Mediebedriftenes Landsforening: www.mbl.no
MedieNorge: www.medienorge.no
Medieportalen: www.mediebedriftene.no
Medietilsynet/Statens medieforvaltning: www.smf.no
Nærpresseskatologen 2005: www.lla.no
Nasjonalbibliografiske data 1997, nr 3 (cd)
Nasjonalbiblioteket: *Norsk nasjonaldiskografi*, juni 2005: www.nb.no
Nasjonalbiblioteket: www.nb.no
National Geographic: www.earthtrends.wri.org
Nations Online: www.nationsonline.org
New York Times: www.nytimes.com
Nobelinstituttet: www.nobelprize.org
Norbok – Norsk bokfortegnelse: www.norbok.no
Norden: www.norden.org
Nordisk statistisk årsbok 2008: www.norden.org
Noregs Bank: www.norges-bank.no
Norges Største Bedrifter: www.summa.no
Norsk Oversetterforening: www.oversetterforeningen.no
Norsk spelkalender: www.spelhandboka.no
Norske festivaler: www.norwayfestivals.com
NSDs Kirkedatabase: www.nsd.uib.no/kirke
Nynorsk kultursentrum: www.aasentunet.no
OCLC Research: www.Oclc.org
Omniglot: "Index of languages by writing system", www.omniglot.com
Opplagstal 1997 for aviser tilslutta Landslaget for Lokalaviser. www.lla.no
Opplagstal 1997 for aviser tilslutta Norske Avisers Landsforbund. www.nal.no
Orbitat: www.orbitat.com
Ordbog over det danske Sprog, www.ordnet.dk
Regeringskansliet: www.sweden.gov.se
Regjeringa: www.regjeringen.no
Retriever: www.retriever-info.com
Sametinget, Finland: www.samediggi.fi

Sametinget, Noreg: www.samediggi.no
Sápmi – Samisk informationscentrum Sametinget: www.samer.se
Shakespeare text statistics: www.opensourceshakespeare.org
Social Times: www.adweek.com
Sosialbakers: www.socialbakers.com
Språkbanken, Sverige: www.spraakbanken.gu.se
Språkrådet: www.sprakrad.no
Statistisk sentralbyrå: www.ssb.no
Store Norske leksikon: <https://snl.no>
Stortinget: www.stortinget.no
Harriet Beecher Stowe: www.harrietbeecherstowecenter.com
Summa Bryde Norges Handelskalender: www.summa.no
Telenet: www.telenet.be
The Realtimes Report: www.therealtimereport.com
Translator's Café: www.translatorscafe.com
UN Department of Economic and Social Affairs: <http://www.un.org/en/development/desa/index.html>
UNDP: *Report 2007/2008*, www.undp.org
UNESCO: www.unesco.org
United Nations: www.un.org
Universitetet i Graz: www.languageserver.uni-graz.at
Utdanningsdirektoratet: www.utdannings-direktoratet.no
VG: www.vg.no
Vox, Statistikkbanken: www.vox.no
Web Technology Surveys: www.w3techs.com
Wikibooks: www.en.wikibooks.org
Wikipedia Bokmål: www.no.wikipedia.org
Wikipedia Commons: www.commonswikipedia.org
Wikipedia Deutsch: www.de.wikipedia.org
Wikipedia English: www.en.wikipedia.org
Wikipedia Espanol : www.es.wikipedia.org
Wikipedia Nynorsk: www.nn.wikipedia.org
Wycliffe Global Alliance: www.wycliffe.net

Årsmeldingar og årsrekneskapar

Allmennkringkastingsrådet: Rapport 1999–2003
Coop Norge: årsmelding 2013
Dag og Tid A/S: Årsmelding og rekneskap 1994–
Dag og Tid: Årsmøteprotokoll 1963–
Den norske Forleggerforening: Bransjestatistikk 1975-1996
Det Norske Bibelselskap 1899–1992
Det Norske Teatret 1946–
Heimen-konsernet 1996
Hordaland Teater 1988–
Ivar Aasen-museet 1957–2000

Kringkastingsringen 1972–1991, 1993–
 Landsamanslutninga av nynorsk kommunar 1993–
 Litteraturselskapet Det Norske Samlaget 1992–
 Medietilsynet/Statens medieforvaltning 2002–2008
 Medietilsynet: Allmennkringkastingsrapport 2004–
 Medietilsynet: Årsrapport 2010–
 Nationalteatret: Årsmelding 2004
 Noregs Mållag 1994–
 Noregs Ungdomslag 1909–10, 1995–
 Norsk kulturråd 2000–
 Norsk Målungdom 1995/96–
 Norsk Ordbok 1996
 Norske Lagsbruk [Lagsbrukssamskipnaden] 1995–1996
 NRK Nynorsk mediesenter: Statusrapportar 2005–
 NRK Årbok 1964–1967, 1969–1972
 NRK Årsmelding 1972–1985 og 2007–
 Nynorsk kultursentrum: Årsmelding og rekneskap 1993–
 P4: Allmennkringkastingsrapport 2012
 Riksfondet for nynorsk presse: Årsmelding 1996–
 Riksfondet for nynorsk presse: Styreprotokoll 1964
 Samyrketiltaket Norsk Barneblad: Årsmelding 1995–
 Sogn og Fjordane Teater 1983–
 Språkrådet: Årsmelding 2005–
 Standard Norge: Årsrapport 2003–
 Statens medieforvaltning: Årsmelding 2000–
 Stiftinga Det Norske Samlaget 1880, 1883–85, 1992–
 Stiftinga Garborgåret 2001: Sluttrapport
 Stiftinga Ivar Aasen året 1996 1995–1997
 Stiftinga Nynorsk Pressekontor 1972–1996
 Vernepliktsverkets statistikk 1981–2008

Trykte artiklar, skrifter og bøker

Aftenposten 7.6.1961, 6.1.2007, 21.12.2014, 10.8.2015
 Almenningen, Olaf: *Målstrev og målvokster 1905–1913. Organisering, ideologi og arbeidsoppgåver*, Oslo 1984
 – og Oddrun Grønvik (red.): *Ord og Mål. Festskrift til Magne Rommetveit 4. oktober 1988*, Oslo 1989
 – og Åsmund Lien: *Striden for nynorsk bruksmål. Ei lita målreisingssoge*, Oslo 1978
 Almenningen, Olaf red.): *Målpolitiske artiklar 1905–1920*, Oslo 1981
 – ofl.: *Målreising i 75 år. Noregs Mållag 1906–1981*, Oslo 1981
 [Alsnes, Randi] : *Er det plass til nynorsk? Om språket i norske aviser. Rapport frå Kringkastingsringen*, [Oslo] 1994
 [-]: *Kvar finst nynorsken og kor nynorsk er han ... Ei leiting gjennom kanalane*, [Oslo] 1995
 [-]: *Ikkje noko spesielt med 1b. Korleis norske aviser skriv om tema Noregs Mållag engasjerer seg i*, [Oslo] 1996

- [–]: *Bokmålsborga – Om fjernsynspråket i Noreg*, [Oslo] 1997a
- : Teksting i NRK. *Kringkastingsringen 1997*, nr 1, s. 10, 197b
- : *Røyndom i utdrag – ei samanlikning mellom Dagsrevyen og TV2-nyheitene*, Oslo 1997c
- Alstad, Bjørn (red.): *Norske meninger 1946–93. Norge og nordmenn*, Bergen 1993
- Andreassen, Trond: *Bok-Norge. En litteratursosiologisk undersøkelse*, Oslo 1991
- Apelseth, Arne: *Mellom tradisjon og innovasjon*, Hefte nr. 3 frå Ivar Aasen-året 1996, Oslo 1996
- : *Den låge danninga. Skriftmeistring, diskursintegrering og tekstlege deltakingsformer 1760–1840*, dr. art.-avhandling, Bergen 2010
- Arbeidstakarstatistikk etter bustadkommune og utdanning*. (Regional statistikk 3/97), Oslo 1997
- Arnestad, Georg og Kjersti Mjør (red.): *Norsk Kulturårbok 1997*, Oslo 1997
- Askeland, Norunn: *Kunnskapsløft for nynorsk?*, Sigfrid Tvittekkja (red.): *Klamme former og sær skrivning?*, Språkrådets skrifter 1, Oslo 2009
- Aukrust, Knut: *Menighetsblad og andre religiøse og kirkelige tidsskrifter i Norge. En foreløpig oversikt*. (Publikasjoner fra Arkiv for kirkehistoriske tradisjoner, nr. 2), Oslo 1991
- Aure, Anton ofl.: *Nynorsk bokliste [1646–1935]*. Bd. I-IV, Oslo 1916–1942
- : Peder E. Hovdan. *Ung-Norig 1923*, s. 89–94
- : *Prestar som talar nynorsk. Stutte livssogor med ei innleiding um norsk maal i kyrkja*, 1924
- : *Maalmanna aarmaalsdagar. Ung-Norig*, spreidde nummer 1924. Samla av Terje Aarset.
- Risør
- Avisboken*, Oslo 1932
- Aviskatalogen. Aviser tilsluttet Norske Avisers Landsforening [Mediebedriftenes Landsforbund]*, Oslo 1991-2004
- Bandle, Oskar (red.): *The Nordic Languages. An International Handbook of the History of the North Germanic Languages*. Volume 1–2, Berlin 2002
- Berge, Kjell Lars ofl.: *Ungdommens skrivekompetanse*. Bd. I–II, Oslo 2005
- Berglund, Frode: *Partiidentifikasjon og politisk endring. En studie av langsiktige partitilknytninger blant norske velgere 1965–1997*, Oslo 2004
- Birkeland, Bjarte ofl. (red.): *Det Norske Samlaget 1868–1968*, Oslo 1968
- og Bjørn Nic. Kvalsvik: *Folkemål og danning. Nynorske lærebøker 1867–1915*, Oslo 1986
- Birkeland, Christian: *TV i Norge har aldri vært mindre norsk*, *Sunnmørsposten* 21.7.2015
- Birkeland, Rune: *Nynorsk Salmebok. Syn og Segn*, 84, 1978, s. 89–101
- Birkeland, Tone, Gunvor Risa og Karin Beate Vold: *Norsk barnelitteraturhistorie*, Oslo 1997
- Bjørhusdal, Eli: *Målkvinner før 1900*, Skrifter frå Ivar Aasen-instituttet nr. 12, Volda 2001
- Bjørklund, Tor og Bernt Hagtvatn (red.): *Høyrebølgen – epokeskifte i norsk politikk? Høyres velgerframgang og Arbeiderpartiets 80-årsdilemmaer i sosial, økonomisk og politisk belysning*, Oslo 1981
- Blystad, Espen Seip og Arnt Maasoe: *The Invisible Text*, Universitetet i Oslo 2004
- Bodstikka. Meldingar um arbeidet i Norigs maallag og Norigs ungdomslag*. 1913–1915
- Bokspeilet 2002–2012*
- Bondeungdomslaget i Oslo. 30-årsskrift [1899–1929]*, Oslo 1929
- Bondeungdomslaget i Oslo. 50-årsskrift [1929–1949]*, Oslo 1950
- Bondevik, Jarle: *Nynorske Bibelomsetjingar. Ein bibliografi*, Oslo 1988
- : *Studiar i det nynorske bibelmålet. Morfologi og ordtilfang*, Oslo 1992
- : *Og ordet vart nynorsk. Soga åt den nynorske Bibelen*, Bergen 2003
- ofl.: *Sunnmørsgrammatikkane av Ivar Aasen*, Bergen 1992
- Breivik, Inger Lise et al (red.): *Kvinner i nynorsk prosa*, Oslo 1980
- Braaten, Lars Thomas et al (red.): *Filmen i Norge. Norske kinofilmer gjennom 100 år*, Oslo 1995

- Bucken-Knapp, Gregg: *Elites, Language, And The Politics of Identity. The Norwegian Case in Comparative Perspective*, New York 2003
- Budsjettinnst. S. nr. 2 for budsjettåra 2000–2005
- Bukve, Trude: *Ei undersøking av finasterminologi i undervisning og formidling*, masteravhandling, Universitetet i Bergen 2012
- BULInne. Meldingsblad for Heimenkonsernet. Spreidde nummer
- BULStikka. Lagsblad for Bondeungdomslaget i Oslo. Spreidde nummer
- Bull, Tove og Kjellaug Jetne (red.): *Nordnorsk. Språkarv og språkforhold i Nord-Noreg*, Oslo 1982
- Bull, Tove og Anna-Riitta Lindgren (red.): *De mange språk i Norge. Flerspråklighet på norsk*, Oslo 2009
- Bull, Trygve: *Mot Dag og Erling Falk*, Oslo 1955
- Coulmas, Florian: *The Blackwell Encyclopedia of Writing Systems*, Oxford 2006
- Crystal, David: *The Cambridge Encyclopedia of Language*, Cambridge 2003
- : *A Little Book of Language*, New Haven 2010
- Dag og Tid*, jubileumsnummer 15.2.1973, jubileumsnummer 15.4.1982, 13.6.2008
- Dagbladet* 14.2.2011
- Dagens Næringsliv Magasinet* 5.9.2015
- Dahl, Hans Fredrik: *Hallo-Hallo! Kringkastingen i Norge 1920–1940*, Oslo 1975
- ofl.: (red): *Norsk presses historie*, band 1–4, Oslo 2010
- Dale, Johs. A. : *Nynorsk dramatikk i hundre år*, Oslo 1964
- Dalen, Arnold og Ola Stemshaug (red.): *Trøndermål. Språkarv og språkforhold i Trøndelag og på Nordmøre*, Oslo 1972
- Dalhaug, Ole: *Mål og meninger. Målreisning og nasjonsdannelse 1877–1887*. (KULTs skriftserie nr. 43), Oslo 1995
- : *Den 17de Mai. Fedraheimen. Rasmus Steinsvik 1863–1913. Radikalisme på norsk*, Oslo 1996
- : *Den 17de Mai. Rasmus Steinsvik 1863 – 1913*, Oslo 1997
- : *Den 17de Mai 1894–1913*. Database 1999, biblioteket Ivar Aasen-tunet
- Delsing, Lars-Olof og Katarina Lundin: *Håller språket i hop Norden?*, Tema Nord 2005:573, København 2005
- Den 17de Mai*, spreidde nummer 1924–1935
- Det norske BOKeventyret. DnB gruppen gjennom 25 år*, Oslo u.å.
- Det Norske Samlaget 1868–1993. Jubileumskalender 1993*, Oslo 1993
- Diesen, Emil: *Norske aviser og tidsskrifter med fortegnelse over norske pressefolk 1920*. Oslo 1920
- Dyrnes, Lillian Eltvik ofl. (red.): *Ungdomshuset. Eit kultursenter i Bygde-Noreg*, Oslo 1986
- Edwards, John: *Multilingualism. Understanding Linguistic Diversity*, London og New York 2012
- Eide, Knut og Stig Kjelling: *Norsk tegneserie index. Registrerte norske tegneserietegninger nr 4, Bodø 1991*
- Eiksund, Hjalmar: *Med nynorsk på leselista*, Skrifter frå Ivar Aasen-instituttet. Nr. 27, Volda 2011
- Eliassen, Inger Indrebø: *Gustav Indrebø. Ei livsskildring*, Bergen 1993
- Engeset, Jens Kåre: *Glimt frå saga til Ivar Aasen-museet 1897–2000*, Ørsta 2003
- Eskeland, Ivar: *I strid for norsk mål. Noregs Mållag 1906–1956*, Oslo 1956
- Eskeland, Lars: *Ole Vig*, Bergen 1916

–: *Bønder*, Oslo 1925

Falk, Arne: *Frifant-epistlar*, Oslo 1969

Fløgstad, Kjartan: Ikkje utanom Aasen, men over den, *Syn og Segn* 1983

For bygd og by, spreidde nummer og årgangar 1912–1932

Forhandlingar i Stortinget 1971–72, Oslo 1972

Forhandlingar i Stortinget 1982–83, Oslo 1983

Forhandlingar i Stortinget 2005–06, Oslo 2006

Fretland, Jan Olav og Lars S. Vikør: *Korleis bør nynorsken sjå ut? Om Norsk språkråd og normeringa av nynorsken*, Oslo 1995

Fraa bygd og by, 1872

Berge Furre: *Vårt hundreår. Norsk historie 1905–1990*, Oslo 1991

– ofl.: *Målreising 1967. Eit debattopplegg. Tilråding frå ei målpolitisk programnemnd i Noregs Mållag*, Oslo 1967

Garthus, Karen Marie Kvåle: *Rapport om språkskifte i Valdres*, [Oslo] 2009

Gramstad, Borghild: *Nynorskbrukarar ved norske høgskolar og forskingsinstitusjonar*, Oslo 1991

Gramstad, Sigve: *Norske kulturtidsskrift 1986. Ei utgreiing for Norsk kulturråd*, Oslo 1988

–: *Minoritetsspråk i Europa. Ein presentasjon*, Oslo 1996

–: Mangfald på norsk, *Aftenposten* 27.12.2008

Grepstad, Ottar: Litt om norske skjemteblad, *Syn og Segn*, 91, 1985, s. 62-69

–: *Det litterære skattkammer. Sakprosaens teori og retorikk*, Oslo 1997

–: *Nynorsk faktabok 1998*, Oslo 1998

–: *Det nynorske blikket*, Oslo 2002

–: *Nynorsk faktabok 2005*, Ørsta 2005

–: Demokratisering i ein språkdelt kultur, *Vestlandets historie*, Bergen 2006, band 3

–: *A world of languages and written culture*, Ørsta 2015

–: *Avisene som utvida Noreg. Nynorskpressa 1850–2010*, Oslo 2010

–: *Språkfakta Sogn og Fjordane 1646–2012*, Ørsta 2012

–: *Draumen om målet. Tilstandsrapportar frå Norge og Noreg*, Oslo 2012

–: *På parti med språket? Språkpolitikk i norske partiprogram 1906–2017*, Ørsta 2013

–: *Språksansen*, Oslo 2013

–: *Historia om Ivar Aasen*, 3. utgåva, Oslo 2014

–: Då Grunnlova blei nynorsk, *Vågå – sagt og skrivi gjennom ti'n*. Årbok 2014, Vågå 2014

–: *Skjønnlitterære debutantar på nynorsk og dialekt 1843–2014*, Ørsta 2015

–: Eit språk blir til. Frå den nynorske skriftkulturens annalar, *allkunne.no*, oppdatert årleg

– ofl.: *Nynorsk innhald på Internett*. (Småskrifter frå Ivar Aasen-tunet. 3.) Ørsta 2004

Grimes, Barbara F. ofl. (red.): *Ethnologue*, 8. utgåva, Dallas 1974

– ofl. (red.): *Ethnologue*, 9. utgåva, Dallas 1978

– ofl. (red.): *Ethnologue*, 10. utgåva, Dallas 1984

– ofl. (red.): *Ethnologue*, 11. utgåva, Dallas 1988

– ofl. (red.): *Ethnologue*, 12. utgåva, Dallas 1992

– ofl. (red.): *Ethnologue*, 13. utgåva, Dallas 1996

– ofl. (red.): *Ethnologue*, 14. utgåva, Dallas 2000

Gripsrud, Jostein: *Folkeopplysningas dialektikk. Perspektiv på norskdomsrørsla og amatørteatret 1890–1940*, Oslo 1990

Groth, Henrik: *Stat og kultur*, Oslo 1974

Grønvik, Oddrun: *Målbruken i offentlig teneste i tida 1930–1940. Ein studie i vilkåra for å få gjennomført målbruksreglane i lov og føresegner frå 1930–1931*, Oslo 1987

Gula Tidend, jubileumsnummer 3.12.1979

Gusland, Tone Beate: «– Vi må jo bare si «mø». En sosiolingvistisk analyse av reklamefilmer for melk, masteroppgåve, Universitetet i Oslo 2013

Hagland, Jan Ragnar: *Språkhistorisk årstalsliste*, [Trondheim] 1993

Haglund, Lars: 'Bokmål' or 'Nynorsk'. *Some empirical Data on Language Preferences in Norway 1979 and 1981*. Bedriftsøkonomisk Institutt, Working Papers 83/2, Oslo 1983

Halvotanna hundreår med Ivar Aasen, [Oslo]1964

Hanche, Øivind (red.): *Register over norske langfilmer 1908–1990*, Oslo 1990

Hannaas, Torleiv, Conrad Clausen og Eigil Lehmann: *Vestmannalaget i 110 år*, Bergen 1978

Hardanger Ungdomslag: *Målbruk i 12 dagblad på Vestlandet. Ei oppmåling av innhaldet i blada i ein halv månad*, Bergen 1960

Hatlevik, Ida K. Riksaasen og Jorunn D. Norgaard: *Myter og fakta om språk*, NIFU Rapport 5/2001, Oslo 2001

Hauge, Andreas: *Psalmebog for Kirke og Hus*, Oslo 1874

Haugen, Einar: Dialect, Language, Nation. *American Anthropologist*, 68, 1966, s. 922–935

–: *Riksspråk og folkemål. Norsk språkpolitikk i det 20. århundre*, Oslo [1968]

–: Språket: En sosiolingvistisk profil, i Nagalie Rogoff Ramsøy og Mariken Vaa (red): *Det norske samfunn*. Bd. 2, Oslo 1975

Haugland, Kjell: *Målpolitiske dokument 1864–1885. Ei folkerørslø blir til*, Oslo 1971a

–: *Striden kring sidemålsstilen. Ein studie i språk og politikk i åra 1906–07*, Oslo 1971b

–: *Striden om skulespråket. Frå 1860-åra til 1902*, Oslo 1985

Hegre, Steinar: *Den kommersialiserte idealisme. Ein kulturpolitisk analyse av Det Norske Samlaget*.

Hovudoppgåve, Bergen 1984

Heidar, Knut: *Norske politiske fakta 1884–1982*, Oslo 1983

Heli, Siri Sølberg: *Jæi, je eller æ - holdninger til standardspråk og dialekt i NRK*, masteravhandling, Universitetet i Oslo 2011

Helleve, Eirik: *Skrinet med det rare i*, Oslo 2012

Hellevik, Alf: *Nynorsk ordliste*, i Olav Hr. Rue (red.): *Det Norske Samlaget. Bøker 1868-1992*, Oslo 1993, s. 163

–, Aud Søyland og Margunn Rauset: *Nynorsk ordliste*, 11. utgåva, Oslo 2012

Hellevik, Ottar: *Nordmenn og det gode liv. Norsk Monitor 1985–1995. Med innspill fra Odd Børretzen*, Oslo 1996

–: *Nynorskbrukaren – kven er han?*, i Håvard Teigen og Elisabeth Bakke (red): *Kampen for språket*, Oslo 2002

Hernes, Gudmund: *Hvorfor mer går galt*, Oslo 1981

Hiller, Sigrid: *K.M. Eldas Næmingen. Eit forsøk på oppseding til målreising. Ein presentasjon av bladet og miljøet det var knytt til*. Hovudoppgåve, Bergen 1981

Hindahl, Olav: *Om behovet for kulturstatistikk*, Oslo 1988

Historisk statistikk 1968. (Norges offisielle statistikk XII 245), Oslo 1969

Historisk statistikk 1994. (Norges offisielle statistikk C 188) Oslo og Kongsvinger 1995

[Hjeltnes, Arne]: *Arne Hjeltnes ser på 549 TV-heltar frå Lille Rosin til Harry Klein*, Oslo 1994

Hoel, Oddmund Løkensgard: *Ordbøkene til Ivar Aasen. Prinsipp og metodar for innsamling og utval av ord, Maal og Minne 3–4*, 1994, s. 147–166

–: *Nasjonalisme i norsk målstrid 1848–1865*. (KULTs skriftserie nr. 51), Oslo 1996

- : *Målreising og modernisering i Noreg 1885–1940*. Doktorgradsavhandling, Trondheim 2009
- : *Mål og modernisering 1868–1940*, Oslo 2011
- Hognestad, Peter: *Gud er attaat*. Norsk preikesamling, Oslo 1914
- Holte, Ane: *Nynorsk i motvind*. Skolemålsutviklingen i Gausdal etter 1950, masteravhandling, Universitetet i Oslo 2011
- Holter, Åge: *Det norske Bibelselskap gjennom 150 år*. Bd. I, [Oslo 1966]
- Hompland, Andreas: Artikkel i *SØKELYS på Sogn og Fjordane*, nr. 2 1982
- Hovdan, Peder E. [signert: Sivertsen, P.E.]: Litt um kor langt det norske maalet er kome i offisielt bruk til Aasenminnet, *Syn og Segn* 19, 1913, s. 371–400
- Hovdan, Peder E.: Norsk målreising, *Ung-Norig* 1918, s. 30–36, 90–95, 114–116, 137–140
- : Målvokstren, *Ung-Norig* 1919, s. 98–99
- : Norsk-framgangen i folkeskulen i 1919, *Ung-Norig* 1920a, s. 34–37
- : Det norske folkemaalet i den norske folkeskulen, *Norsk Ungdom* 2910b, s. 102–104, 119–121
- : Norsken i skulen, *Ung-Norig* 1920, s. 201–203
- : Oversyn over målvokstren i 1921, *Norsk Ungdom* 1922, s. 36–38
- : Oversyn over målvokstren i 1921 og 1922, *Ung-Norig* 1923a, s. 128–132, 159–163
- : Norskmaalsarbeidet. Målvokstren i 1922, *Norsk Ungdom* 1923b, s. 25–29
- : Norskmaalsframgangen 1923, *Ung-Norig* 1924a, s. 42–46, 73–78, 102–106, 150–155, 172–176
- : Norskmaalsframgangen 1923, *Norsk Ungdom* 1924b, s. 5–11
- : Målvokstren 1927, *Norsk Ungdom* 1928, s. 3–7
- : *Frå folkemål til riksmål*. Blad or Noregs nyaste målsoga, Oslo 1928
- : Yversyn yver målframgangen i ymse leider i 1928, *Norsk Ungdom*, 1929a, s. 3–5
- : Målstoda i folkeskulen 31. desember 1929, *Norsk Ungdom* 1929b, s. 205–209
- : Målframgangen i 1935, *Norsk Ungdom* 1936, s. 20
- : Norsken i skulen, *Norsk Ungdom* 1937, s. 79
- : *Eit norsk Noreg*, Oslo 1947
- og Asbjørn Øverås: Børen blæs, *Norsk Ungdom* 1939, s. 193–196
- Hvem er hun?* Oslo 1989
- Hvem er hvem?* 1994. 14. utgave, Oslo 1994
- Hvem Hva Hvor*, 1955–1998, Oslo
- Høeg, Tom Arbo (red.): *Norske aviser 1763-1969. En bibliografi*. Band I-II, Oslo 1973–74
- Høst, Sigurd: *Avisåret 2008–*, Volda 2009–
- Håland, Per (red.): *Gula Tidend i 75 år. Eit liv i strid for fridom og norskdom, bygdenorsk kulturarv og norsk bondereising på fullnorsk grunn*, Bergen 1979
- Haara, Frode Olav og Eirik S. Jensen: Språkdebatten forbigås i stillhet, *Morgenbladet* 27.6–3.7.2008
- Haarmann, Harald: *Lexikon der untergegangenen Sprachen*, München 2004
- Imerslund, Bente: «Den finske fare?», *Ruijan Kaiku* 4.9.2009
- Indrebø, Gustav: Den nynorske salmeboki, *Syn og Segn*, 32, 1926, s. 137–146
- : *Norsk målsoga*. Utgjevi av Per Hovda og Per Thorson, Bergen 1951
- Innstilling om språksaken fra Komiteen til å vurdere språksituasjonen m.v. oppnevnt ved kongelig resolusjon 31. januar 1964* [Vogt-komiteen], [Oslo] 1966
- Innst. 177 S (2013–2014)* Innstilling til Stortinget fra kontroll- og konstitusjonskomiteen
- Integrerings- og mangfaldsdirektoratet: *Integreringsbarometeret 2013/2014*, Oslo 2014
- Internet Society: *Global Internet Report 2014*

Ivar Aasen-senteret. *Eit nasjonalt senter for nynorsk skriftkultur*. Forprosjekt desember 1992, Volda 1992

Ivar Aasen-året 1996. *Sluttrapport, rekneskap*. (Hefte nr. 8), Oslo 1997

Jahr, Ernst Håkon: *Språkutviklinga etter 1814: Språkstrid og språkplanlegging. Vårt norske språk*. Bd. 1, s. 66–137, Oslo 1987

Jarl, Vidkunn Coucheron: *Våre skriftlige målformers utbredelse, Verdens Gang* 28.8.1953

Jespersen, Otto: *Mankind, nation and individual*, Oslo 1925

Johnsen, Egil Børre og Finn-Erik Vinje: *Ord mellom og linjelangs. Veiviser i vårt norske språk*, Oslo 1987

Jubileumskalender 1993. Det Norske Samlaget, Oslo 1993

Julelitteratur / Julens Bøker / Årets Bøker 1949–2005

Juvkam, Dag: *Historisk oversikt over endringer i kommune- og fylkesinndelingen*. Rapporter 99/13, Oslo 1999

Karsrud, Bjørn: *Den nynorske pressa, Mål og makt*, 15, nr 3 1985, s. 20–27

Kiberg, Dag, Kristin Strømsnes, Eirik Vasstrand og Katarina Klarén: *De norske valgundersøkelserne 1977, 1981, 1985, 1989, 1993 og 1997*. Rapport nr. 117, Bergen 1999

Kleggetveit, Ingunn: «*Eg eller eg?*», masteroppgåve Universitetet i Agder 2013

Kleiva, Turid og Bodil Røyset (red.): *Paa Børnenes eget Talemaal. Dialekt i barnehage og skule*, Oslo 1981

Kleiva, Turid ofl.: *Nynorsk av hjartans lyst*, Oslo 1985

Kleiven, Øyvind ofl.: *Valgundersøkelse 2013, Notater* 2015/29, Oslo 2015

Kløvstad, Jan (red.): *Ungdomslaget. Noregs Ungdomslag 1896-1996*, Oslo 1995

Kolsrud, Oluf, Leonhard Næss og Håkon Wergeland: *Nynorsk Salmebok*. [Brev til Kyrkje- og undervisningsdepartementet], *Syn og Segn*, 32, 1926, s. 162–187

Kommunenøkkel 97/98, Oslo 1997

Kommunenøkkel 2005–2006, Oslo 2005

Kommunestyrevalget 1995. (Norges offisielle statistikk C 342), Oslo og Kongsvinger 1996

Kringom. Meldingsblad for Kringkastingsringen. Spreidde nummer

Kristoffersen, Gjert ofl.: *Norsk i hundre! Norsk som nasjonalspråk i globaliseringens tidsalder. Et forslag til strategi*, Oslo 2005

Kruken, Kristoffer og Terje Aarset: *Innleiing*, i Ivar Aasen: *Ordbog over det norske Folkesprog*, IX-XXX, Oslo 2000

–: *Innleiing*, i Ivar Aasen: *Norsk Ordbog med dansk Forklaring*, IX-XXXVI, Oslo 2003

Kultur- og kyrkjedepartementet: *St. prp. nr. 1 for åra 1999–2007*

Kyvik, Svein: *Publiseringsevirkningen ved universiteter og vitenskapelige høyskoler*, Oslo 2001

Lagsbruk-Nytt. Meldingsblad for Norske Lagsbruk. Spreidde nummer

Landstad, M.B.: *Kirkesalmebok, efter offentlig Foranstaltning samlet og udarbeidet*, Oslo 1870

–: *Kirkesalmebok. Revidert og forøket av stiftsprost Gustav Jensen med bistand fra en komité*, Oslo 1969

Lavik, Nils: Bokreidar Lunde, *Ung-Norig* 1922, s. 33–35

Lewis, Paul M. (red.): *Ethnologue. Languages of the World*. 16. utgåva, Dallas 2009

– ofl. (red.): *Ethnologue. Languages of the World*, 17. utgåva, Dallas 2013

– ofl. (red.): *Ethnologue*, 18. utgåva, Dallas 2015, ethnologue.com

Lien, Åsmund: *Handbok i skulemålsarbeid i nynorskområde*, Oslo 1993

- Lier, Ragnhild: *Nynorske lover og nynorsk lovmål*. Hovudoppgåve, Oslo 1976
- Lilleholt, Kåre og Jens Kihl: *Rapport om kommunereforma – frå Askvoll til Åseral*, Oslo 2014
- Lind, Idar: *Vinsjan på kaia*, Oslo 2014
- Lockertsen, Roger: *Målreising i Nord-Noreg 1898–1940*. Hovudoppgåve, Tromsø 1984
- Lomheim, Sylfest: *Skriфта på skjermen*, Kristiansand 2000
- Losnedal, Kari Gaarder: *Komediateatret 1933-1964*, Bergens Teatermuseums Skrifter, Bergen 1996
- [Losnegård, Rolf og Henning Rivedal] (red.): *Sogn og Fjordane Teater – 10 år fjordalangs*, Førde 1987
- Lothe, Anders A.: *Målreisingssoga i Sogn og Fjordane*. Utgitt av Firda lærarlag ofl., [Flora 1950]
- Lund, Jørn: «Aasen set fra Danmark», *Språknytt* nr. 1 1996
- Lundanes, Oddvin og Sigmund Moren: *Ung i 75 år. Noregs Ungdomslag 1896–1971*, Oslo 1971
- Lydersen, Aksel: Nynorsk i folkeskolen, *Ordet* nr. 1 1963, med korreksjon i nr. 3 1964
–: *Fra sprogstridens historie*, Oslo 1965
- Lynghammar, Vidar: Domenet for den nynorske skriftkulturen, i Kjell Lars Berge ofl. (red.): *Skriftkultur*, Oslo 2004
- Mannsåker, Dagfinn: Eksamensresultat og sidemålsopplæring, *Arbeiderbladet* 4.2.1964, ud-
atert særtrykk
- Marten, Heiko F.: Hvor står samisk i dag?, i Tove Bull ofl. (red.): *Språk og språkforhold i Sápmi*
(Berliner Beiträge zur Skandinavistik, band II), Berlin 2007
- Maurud, Øyvind: *Nabospråkforståelse i Skandinavia*, Nordisk utredningsserie 13, Stock-
holm 1976
- McDonald's med nynorsk på menyen, *Nationen* 24.10.2014
- Meillet, Antoine: *Les langues dans l'Europe nouvelle*, Paris 1928
- Meillet, Antoine og Marcel Cohen: *Les langues du monde*, Paris 1952
- Melkild, Olav: Bertrand Jensen. Ein norsk nybrottsmann, *Norsk Aarbok* 1931, s. 141–148
- Merkedager. Fødselsdager, stiftelsesdatoer, begivenheter*, Oslo 1989
- Midttun, Olav: *Nynorsk talemål i samhøve med skriftmålet og målføra*, Oslo 1960
- Moren, Sven og Edvard Os: *Den frilynde ungdomsrørsla*, Oslo 1921
- Morgenbladet* 15.–21.8.2008
- Motmæle. Medlemsbladet til Norsk Målungdom*. Spreidde nummer
- Mulhall, Michael G.: *The Progress of the World*, London 1880, faksimileutgåve London 2015
- Mulhall, Michael G.: *Mulhall's Dictionary of Statistics*, London 1884, <http://google.books.com>
- Mulhall, Michael G.: *The Dictionary of Statistics*, London 1892, faksimileutgåve Milton Keynes
u.å.
- Myklebust, Hallstein: Næringar og busetnad i bygdene fram mot år 2000, *Syn og Segn* 1965
- Myklebust, Hege: *Nynorsk som lovspråk – historisk og språkleg utvikling*. Hovudoppgåve, Ber-
gen 1996
- Mæhle, Leif: Den nynorske litteraturen – ein nynorsk litteratur?, *Mål og makt* nr. 2 1981, s.
20–30
– ofl. (red.): *Fornyng og tradisjon. Språkvern og språkrøkt 1972–1988*, Oslo 1987
– (red.): *Det Norske Teatret 75 år. 1963–1988*, Oslo 1988
- Mørkedal, Sindre: *Nynorsk eller bokmål i Sunnmørsposten?* Seminaroppgåve, Oslo 1992
- Mål og Makt*, spreidde nummer
- Målbruk i offentleg teneste. Reglar og råd*, Oslo 1995

- Nationalspråksstrategi, Statsrådets kansli, Helsingfors 2012
- Naustdalslid, Jon og Andreas Hompland: *Dei arme små*, Oslo 1993
- Nedberge, Torill: *Annonsering i lokalpressa i Sogn etter siste verdskrigen. Ei undersøking i bruken av nynorsk/bokmål sett i høve til skriftmål/talemål*. Hovudoppgåve, Bergen 1982
- Nes, Oddvar: *Norsk dialektbibliografi*, Oslo 1986
- Nordal, Anne Steinsvik: *Frå eg til jeg? Språkhaldnings undersøking – om bakgrunn for skifte av skriftspråk frå nynorsk til bokmål*. Norskdidaktisk hovudoppgåve, Oslo 1997
- : *Nynorsk i bokmålsland. Ei gransking av undervisningspraksis og haldningar til nynorsk som sidemål i ungdomsskulen i Bærum*. Arbeidsrapport / Høgskulen i Volda [og] Møreforskning Volda, nr. 161, Volda 2004
- : *Nynorsk som hovudmål – større norskkompetanse*. Arbeidsrapport nr. 233, Høgskulen i Volda, Volda 2008
- Nordby, Trond (red.): *Storting og regjering 1945–1985. Institusjoner – rekruttering*, Oslo 1985
- Nordisk statistisk årbog* 2014
- Noreg, spreidde nummer 1934
- Norge I DAG*, nr. 8 2010
- Norges handelskalender* 1996, Oslo 1996
- Norges kommunelander* 2005, Oslo 2005
- Norges lover 1685–1995*, Oslo 1996
- Norges statskalender* 1997, Oslo 1997
- Norheim, Olav: *Frå Smørbukk til Smørbukk, Syn og Segn*, 90, 1984, s. 332–336
- Norsk Barneblad, årgangane* 1929–1954
- Norsk biografisk leksikon*. Bd. I–XIX, Oslo 1923–1983
- Norsk kunstnerleksikon. Bildende kunstnere – arkitekter – kunsthåndverkere*. Bd. 1–4, Oslo 1982–1986
- Norsk Boktidend*, 1931
- Norsk Jøl*, spreidde år 1925–1948
- Norsk Reising* 1954. April 1954
- Norsk Tidend* nr. 3 2008
- Norsk Ungdom*. 1916–1942
- Norsk Aarbok*, 1920–1939
- Norske aviser 1763–1920*, Kristiania 1924
- North, Eric M. (red.): *The Book of A Thousand Tongues*, New York 1938
- NOU 1981:40. *Norsk salmebok. Forslag til felles salmebok for Den norske Kirke*, Oslo 1981
- NOU 2010:14: *Lett å komme til orde, vanskelig å bli hørt – en moderne mediestøtte*, Oslo 2010
- NRK *Forskningen: Programundersøkelsen* 1996, Oslo
- NRK *i* 2001, Oslo 2002
- NRK *i* 2002, Oslo 2003
- NRK *Tall og fakta* 1998–1995, Oslo 1996
- Nynorsk Bladliste*, Bergen 1977
- Nynorsk Vekeblad*, spreidde nummer 1940–1953
- Nytt om Nynorsk*, Oslo, spreidde nummer
- Nærpressekatalogen* 1985–2004
- Olsen, Sturla Berg and Åse Wetås: *Revision and digitisation of the early volumes of Norsk Ordbok: Lexicographical challenges*, *Proceedings*, Euralex 2014

Ordet 1955–

Ore, Christian-Emil Ore: Nettordbøker og Norsk Ordbok – hvordan etablere en vitenskapelig nettordbok, *Nordiska studier i lexicografi*, 11, 2012

Os, Edvard: *Um lagsbruksmerket for Noregs Mållag og Noregs Ungdomslag*, Oslo 1925

Oslo Filatelistklubb: *Norgeskatalogen 1998*, Oslo 1998

–: *Norgeskatalogen 2001*, Oslo 2001

–: *Norgeskatalogen 2014*, Oslo 2014

Ostler, Nicholas: *Empires of the Word*, London 2006

Ottosen, Rune ofl.: *Norsk pressehistorie*, Oslo 2002

Paolillo, John C.: *Evaluating Language Statistics: The Ethnologue and beyond*, Unesco Institute for statistics, 2006

Parkvall, Mikael: *Limits of language*, London 2006

Pedagogischer Beobachter, 7, nr. 9 1881, <http://retro.seals.ch>

Phihál, Katalin og József Hapák: *Maps of Europe*, Budapest 2003

Price, Glanville (red.): *Encyclopedia of the Languages of Europe*, Oxford 2000

Priser og premiering av norsk barne- og ungdomslitteratur. (Skrifter nr. 4), Oslo 1992

Prop. 1 LS (2011–2012) Skatter, avgifter og toll 2012

Prop. S. 1 (2011–2012)–

Qvale, Per (red.): *Det muliges kunst*, Oslo 1999

Randen, Olav og Ann-Elisabeth Ertresvåg: *Ivar Aasen i samtid og notid. Ein studiering utarbeidd av Noregs Mållag*, Oslo 1996

Randen, Olav: *Farvel til språkmangfaldet? Ål 1997*

Reiselivsstatistikk 1995. (Norges offisielle statistikk C 346), Oslo og Kongsvinger 1996

Rian, Dagfinn: Norske bibeloversettelser – sett på bakgrunn av dansk-norsk bibeloversettelsestradisjon», i *Bibel og bibeloversettelse*, Trondheim 1995

Ringdal, Nils Johan: *Ordenes pris. Den norske Forfatterforening 1893–1993*, Oslo 1993

Rise, Harald H.: Nynorsk og bokmål i harmoni, *Sunnmørsposten* 10.6.2000

Risnes, Birger: *Olaus J. Fjørtoft. Biografi og tekstar*, Oslo 1985

Rodvang, Ellen: *Sosial opning - kulturell erobring*, hovedoppgåve, Universitetet i Oslo 1999

Romsdals Budstikke 3.10.2001

Rokkan, Stein: *Stat, nasjon, klasse. Essays i politisk sosiologi*. Utvalg og innledning ved Bernt Hagtvet, Oslo 1987

Roppen, Johann: *Kva står i avisa? Ein innhaldsanalyse av eit utval norske lokalaviser*, Volda 1991

Ros og ris. Brosjyre nr. 9 frå Kringkastingsringen, Oslo 1961

Rotevatn, Audhild Gregoriusdotter: *Språk i spagaten*, masteravhandling, Høgskulen i Volda 2014

Rynning, P.E.: *Salmediktingi i Noreg. Frå dei fyrste kristne tider i vårt land og fram mot vår tid. II. Tidi etter 1814*, Oslo 1954

Ryssdal, Rolv: Edvard Os – målmann og stridsmann, *Jul i Nordfjord* 1985, Eid 1985, s. 11–13

Rysstad, Aani ofl.: «...allsidig stoff til avisene». *25 år med Nynorsk Pressekontor*, [Oslo] 1994

Rødningen, Dagfinn: Ottadalen – ein utforbakke til bokmålet?, i Turid Kleiva ofl. (red.): *Austlandsmål i endring*, Oslo 1999

Røed, Dag Freddy: *Mål og mening? Didaktiske perspektiv på nynorsk med fokus på elevholdninger*, masteravhandling, Høgskolen i Hedmark 2010

- Røre og oppklaring. (Brosjyre nr. 7), Oslo 1958
- Råbu, Anne-Berith: *To ulike norskfag? En undersøkelse av holdningene til nynorsk som sidemål blant elever i ungdomsskolen og den videregående skolen*, hovedoppgåve, Universitetet i Oslo 1997
- Salmebok 2008*, Oslo 2008
- Samisk statistikk 2008*. Statistisk sentralbyrå. Oslo 2008
- Sande, Øystein: *Aviser på nynorsk*. Skrifter frå Ivar Aasen-instituttet, nr. 9, Volda 2000
- Sangboken. Syng for Herren*, Bergen 1935
- Sangboken. Syng for Herren. Revidert utgave*, Bergen 1967
- Sangboken. Syng for Herren. Revidert utgave*, Bergen 1983
- Schwach, Vera: *Norsk vitenskap på språklig bortebane?* NIFU skriftserie 9/2004, Oslo 2004
- : *Masterprogrammer på engelsk – i bredde og nisje*. NIFU Step Rapport 36/2009, Oslo 2009
- og Carmen From Dalseng: *Språk i pensumlitteratur*, Rapport 9/2011, NIFU 2011
- og Elin Seim Mæsel: *Pensum i høyere utdanning – hvilke læremidler finnes?*, Rapport 29/2013, NIFU 2013
- Selback, Bente: «Det er heilt naturleg». *Ei gransking av skriftspråkhaldningar*. Hovedoppgåve, Bergen 2001
- Semningsen, Ingrid ofl. (red.) *Norges kulturhistorie*. Bd. 8, Oslo 1980
- Skeidsvoll, Agnar, Johan Tveite og Aksel Andersson (red.): *Norske bladmenn og norske blad*, Bergen 1938
- Sigfusson, Johannes B.: *Sprog i fokus: islandsk, Sprog i Norden*, 2014
- Sigurdson, Halvor: «Forlagt av Erik Gunleikson». Bokreiding i Risør, *Vestmannen*, 13, 1997, nr 4, s. 10–11
- Skipenes, Aud: *Noregs Boklag. Ei forlagssoge*. Masteroppgåve, Volda 2004
- Skirbekk, Gunnar: *Norsk og moderne*, Oslo 2010
- Skjelten, Sidsel Marie: *Nynorsk skolemål i Møre og Romsdal. En historisk analyse*. Hovedoppgåve, Universitetet i Bergen 1982
- Skjerdal, Terje S.: *Meir nynorsk i avisene*, i Tormod Strømme og Marit Aakre Tennø (red.): *Med hjartet på rette staden. Kringkastingsringen 50 år 1955–2005*, Oslo 2005
- [Skog, Berit, Anne Haukenes og Ronny Jørgenvåg: *Fellesspråklige lærebøker i samfunnslære. Rapport nr. 3: Elev- og lærerundersøkelsen*, Trondheim [1996]
- : *Fellesspråklige lærebøker i samfunnslære. Rapport nr. 6: Elev- og lærerundersøkelsen. Hovedresultater*, Trondheim [1997]
- Skog, Berit: «Kor e du?» Om dialekt på sms, *Språklig Samling* nr. 2 2004
- Skogstad, Ola (red.): *Austlandsmål. Språkvar og språkbruk på indre Austlandet*, Oslo 1974
- Skolestatistikk, 1940–1951*
- [*Beretning om Skolevæsenets [Skolevesenets] tilstand, 1890–1942. Norges offisielle statistikk*].
- Skretteberg, Jan Erik: *Rapport om målbruk ved Universitetet i Oslo*, Oslo 2007
- Skryten, Audun: *Nynorsk eller bokmål?, Bryne vidaregåande skule 75 år 1994–1999*, Bryne 1999
- Sletbak, Nils (red.): *Det Norske Teatret femti år 1913–1963*, Oslo 1963
- Slettemark, Bjørn: *Nynorsk som sidemål. Lærerholdninger og opplæringspraksis i grunnskolen i Oslo*, masteravhandling, Universitetet i Oslo 2006
- Sluttrapport*. Ressursgruppe for nynorsk som hovudmål 2013, Kunnskapsdepartementet 2013
- Solheim, Ragnar Gees og Finn Egil Tønnessen: *Slik leser 10-åringar i Norge. En kartlegging av leseferdigheten blant 10-åringar i Norge 2001*, Stavanger 2001

- Solstad, Karl Jan Solstad (red.): *Samisk språkundersøkelse 2012*, NF-rapport nr. 7/2012, Bodø 2012
- Sommerfeldt, W.P.: *Norske forfattere 1881–1920. Personregister*, Oslo 1963
- (red.): *Minneskrift utgitt i anledning av hundreårsdagen for J.B. Halvorsens fødsel med genealogisk register til Norsk Forfatter-lexikon 1814–1880*, Oslo 1945
- Sommerfelt, Alf: *Språket og menneskene*, Oslo 1948
- Sprog og tall. Hva statistikken forteller. 2. reviderte og forøkte utgave*, Oslo 1960
- Språkrådet: *Språkstatus 2010*, Oslo 2011
- : *Språkstatus 2011*, Oslo 2012
- : *Språkstatus 2012*, Oslo 2012
- Stanghelle, Harald: «Meningsmålingenes tyranni», *Aftenposten* 29.8.2015
- Statistisk sentralbyrå: *Kulturstatistikk 1982*
- : *Kulturstatistikk 1992*
- : *Kulturstatistikk 1996*
- : *Kulturstatistikk 1998*
- : *Kulturstatistikk 1999*
- : *Kulturstatistikk 2001*
- : *Kulturstatistikk 2006*
- : *Kulturstatistikk 2010*
- : *Kulturstatistikk 2011*
- : *Kulturstatistikk 2013*
- : *Standard for økonomiske regioner. Rapport 99/8*, Oslo 1999
- : *Statistisk Årbok 1920, 1925, 1930–2009*
- Statstilsette i tal. Lommetatistikk for statsforvaltninga 2006*. Fornyings- og administrasjonsdepartementet, Oslo 2006
- Stauri, Rasmus: *Fire folkelærere. Herman Anker, Olaus Arvesen, Christopher Bruun, Viggo Ullmann*, Oslo 1930
- Stegane, Idar: *Ung-Norig/Ung Noreg, Basar, 4*, nr 4 1978, s. 54–59
- : *Mons Litlerés Forlag. Eit pionertiltak i nynorsk forlagsdrift*, Oslo 1983
- : *Det nynorske skriftilivet. Nynorsk heimstaddikting og den litterære institusjon*, Oslo 1987
- : *Kvinner i den nynorske litterære institusjonen. Norsk kvinnelitteraturhistorie*, bd. 2, s. 50–60, Oslo 1989
- Steinsland, Werner: *Den frisinna ungdomsrørsla til skiping av Noregs Ungdomslag*, hovudoppgåve, Universitetet i Bergen 1981
- Stjernholm, Karine: *Urbane offentlige landskap i bygd og by*, Universitetet i Oslo 2014
- St.meld. nr. 7 (1957) Om virksomheten i Norsk Rikskringkasting i budsjettåret 1955–56*
- St.meld. nr. 48 (1958) Om virksomheten i Norsk Rikskringkasting i budsjettåret 1956–57*
- St.meld. nr. 101 (1958) Om virksomheten i Norsk Rikskringkasting i budsjettåret 1957–58*
- St.meld. nr. 70 (1965–66) Om verksemda i Norsk Rikskringkasting i budsjettåret 1965*
- St.meld. nr. 91 (1965–66) Norsk kulturfond – Årsmelding 1965*
- St.meld. nr. 33 (1970–71) Norsk kulturfond – Årsmelding 1970*
- St.meld. nr. 53 (1981–82) Målbruk i offentlig teneste*
- St.meld. nr. 16 (1983–84) Målbruk i offentlig teneste*
- St.meld. nr. 27 (1986–87) Målbruk i offentlig teneste*
- St.meld. nr. 53 (1991–92) Målbruk i offentlig teneste*
- St.meld. nr. 13 (1997–98) Målbruk i offentlig teneste*
- St.meld. nr. 9 (2001–2002) Målbruk i offentlig teneste*

- St.meld. nr. 48 (2002–2003) Kulturpolitikk fram mot 2014*
St.meld. nr. 22 (2006–2007), Målbruk i offentlig teneste
St.meld. nr. 35 (2007–2008) Mål og mening. Ein heilskapleg norsk språkpolitikk
St.prp. nr. 1 (1996–1997)–
Stortingssoalet 1997. Noregs Mållag og dei politiske partia – eit strategihefte for lag og tillitsvalde.
 Oslo 1997
Strategiplan for samisk kirkeliv, Oslo 2011
 Straume, Jakob: *Trubaduren Matias Orheim*, Bergen 1960
 Strømnes, Frode Lønning: *Folkeskulelærarar i Fattig-Noreg*, Trondheim 2006
 Sunde, Arne: Det Norske Samlaget i Vesterheimen, *Syn og Segn*, 100, 1994, s. 253–257
 Svenne, Hans: *Johan Falkberget utenfor Norge*, Røros 2009
 Sverdrup, Jakob: Maal og maalskyldskap, *Norske Folkeskrifter*, nr. 65, Oslo 1916
Syn og Segn, årgangane 1959–1997
 Sælid, Kristoffer (red.): *Glytt frå lagslivet i Noregs Ungdomslag i eldre tid*, Oslo 1951
 Søberg, Morten: Språkleg konkurranse i Noreg. Ein analyse av folkerøystingar om nynorsk eller bokmål, *Tidsskrift for samfunnsforskning* nr. 4 2004, s. 659–701
 Sønnesyn, Janne: *Dialekt eller nynorsk i radioen?* Masteravhandling, Universitetet i Bergen 2013
Så lenge der er språk, kjem det år. Årsrapport 2011–2014 for Språkåret 2013, Ørsta 2014
- Teigen, Håvard: Nynorsk og regional utvikling, i Elisabeth Bakke og Håvard Teigen (red.): *Kampen for språket*, Oslo 2002
 Thuesen, Nils Petter: *Norges historie i årstall. Fra steinalderen til i dag*, Oslo 1997
 Torp, Arne: Er norske dialektar maktspråk?, *Aftenposten* 29.1.2008
 – og Lars S. Vikør: *Hovuddrag i norsk språkhistorie*, Oslo 1993
 Torvanger, Asbjørn: Nynorsk gjennom femti år: oppgang, nedgang og stabilisering, *Syn og Segn*, 91, 1985, s. 351–354
 Torvanger, Magnus Helge: Nynorsk avismål, *Mål og Makt* nr. 2 1977
 Toven, Audun: Nynorsk i USA, *Basar*, 4, nr. 4 1978, s. 21–28
 Tungesvik, Steinulf, *Norsk Ordbok 2014 – om vegen fram til fullføring av ordbokverket i 2014*, Oslo 2000
 Tveit, Iselin Eidhammer: *Nynorsk - ei overflødig målform?* Bacheloroppgåve, Høgskulen Stord Haugesund 2013
 Tveit, Hans: *Då Samlaget blei forlag. Ei undersøking av Det Norske Samlagets ekspansjon 1958–72.* Hovudoppgåve, Bergen 1984
- Undersøkelse av nynorsk som hovedmål*, Proba samfunnsanalyse, Rapport 2014–07, Oslo 2014
- Undervisningsstatistikk, 1956–1957, 1973, 1996*
Undervisningsstatistikk. Gymnaseksamen 1969
Undervisningsstatistikk. Gymnaseksamen 1970
Ung-Norig, 1918–1936
 Universitetsbiblioteket 1940: *Norske tidsskrifter. Bibliografi over periodiske skrifter i Norge inntil 1920*, Oslo
Universitets- og skoleannaler, 1913/14–1945/46
 Ustvedt, Yngvar: *Det skjedde i Norge*. Bd. 1–8, Oslo 1990–1991
Utdanningsstatistikk Grunnskular 1996

[Utskarpen, Oddmund ofl. (red.)]: *Bygda i byen. Oslo Fylkeslag Bygdelagssamskipnaden i Oslo 1923–1973*, Oslo 1973

Valen, Henry: *Valg og politikk – et samfunn i endring*. 2. utgåva, Oslo 1992

– og Willy Martinussen i samarbeid med Philip E. Converse og Daniel Katz: *Velgere og politiske frontlinjer. Stemmegivning og stridsspørsmål 1957–1969*, Oslo 1972

Vangsnes, Øystein A. og Göran Söderlund: «Språk og læring: Fins det nynorske tospråksfordelar?», i Gjert Langfeldt (red.): *Skolens kvalitet skapes lokalt*, Bergen 2015, s. 97–120.

Veiviser i norsk statistikk. (Norges offisielle statistikk C 300), Oslo og Kongsvinger 1996

Venås, Kjell: *Mål og med. Noregs Mållag i 1980-åra*, Oslo 1991

Vernepliktsverkets statistikker, 1996–, Oslo 1996–

Vestmannen. Spreidde nummer

Vibe, Nils: *Holdninger til nynorsk blant grunnskole-elever i Oslo*. NIFU Step, Oslo 2005

– og Jorunn Spord Borgen: «Lese det, lære det, ja! Men å skrive det? Nei, det vil vi ikkje». NIFU Step, Oslo 2007

Vikør, Lars S. (red.): *Norsk Ordbok – nynorskens leksikografiske kanon? Rapport frå eit seminar på Blindern 31. mai 1996*, Oslo 197

–: Norge, i Tone Kristiansen og Lars S. Vikør (red.): *Nordiske språkhaldningar 1. Ei meiningsmåling*, Oslo 2005

–: Nynorsk under dobbelpress. *Nordmålforum 2005: Nordiske språkklima under engelsk press*, København 2005

Vogt, Hans: *The Kalispel Language*, Oslo 1940

Vollan, Magnhild: Kampen om opplæringsmålet i folkeskolen i Birkenes, *Årsskrift* nr. 71, Agder historielag, Kristiansand 1995

Vaage, Odd Frank: *Kultur- og medievaner. Bruk av kulturtilbud og massemedier i første halvdel av 1990-årene*. (Statistiske analyser 13), Oslo og Kongsvinger 1996

Vaage, Odd Frank: *Norsk mediebarometer 2014*, Statistiske analyser 143, Statistisk sentralbyrå, Oslo 2015

Wadsten, Marit: *Viljen til språk – Vilje til forskning*, Skrifter frå Ivar Aasen-instituttet. Nr. 29, Volda 2011

Wardhaugh, Ronald: *Languages in Competition. Dominance, Diversity, and Decline*, Oxford 1987

Wexelsen, Fredrik og Lars Reinton: Or «Pønskara saga», *Syn og Segn*, 64, 1958, s. 482–486

Wiggen, Geirr: Det europeiske språkåret 2001, *Aftenposten* 25.2.2001

Winsnes, Ole Gunnar: *Tallenes tale. Perspektiver på statistikk og kirke*. (Rapportserie fra Stiftelsen Kirkeforskning, nr 3), Trondheim 1996

Wunderlich, Dieter: *Sprachen der Welt. Warum sie so verschieden sind und sich doch alle gleichen*, Darmstadt 2015

Ytrehus, Helge: *Vår nasjonale målstrid*, [Stavanger] u.å.

Yttri, Gunnar: Læraren som bygdehøvding, i Gjert Langfeldt (red.): *Skolens kvalitet skapes lokalt*, Bergen 2015, s. 66–96

Økland, Einar: *Skrivefrukter. Epistlar, artiklar, småstykke frå norsk litteratur 1963–1978*, Oslo 1979

– : *I staden for roman eller humor. Essay – artiklar – epistlar*, Oslo 1993

Østerberg, Dag og Fredrik Engelstad: *Samfunnsformasjonen. En innføring i sosiologi*, Oslo 1995

Øvregaard, Åsta: Når dialekt blir maktspråk, *Aftenposten* 27.1.2008
Øvrelid, Iselin Nevstad: *Språkskifte ved tre vidaregåande skular i Møre og Romsdal*, masteravhandling, Høgskulen i Volda 2014

Aanes, Anders: *Forvirring eller frigjering?*, Skrifter frå Ivar Aasen-instituttet. Nr. 28, Volda 2011

–: Når det gjeld å skilje seg ut, *Sunnmørsposten* 17.6.2015

Aardal, Bernt og Henry Valen: *Velgere, partier og politisk avstand*. (Sosiale og økonomiske studier. 69), Oslo og Kongsvinger 1989

Aardal, Bernt ofl.: *Valgundersøkelsen 1993*. Notater 1995/11, Oslo 1995

– ofl.: *Valgundersøkelsen 1997*. Notater 1997/31, Oslo 1999

– ofl.: *Valgundersøkelsen 2001*. Notater 2003/14, Oslo 2003

– ofl.: *Valgundersøkelsen 2005*. Notater 2007/31, Oslo 2007

– ofl.: *Valgundersøkelsen 2009*, Rapport 2011/29, Oslo 2011

– ofl.: *Valgundersøkelsen 2013*, Rapport 2013, Oslo 2013

Aarnes, Hans: Arbeidet med den norske ordboka, *Nynorsk Vekeblad* 12.9.1942

– og Anton Aure: *Norsk Bladmannelag gjennom 10 aar 1913–1923*. *Dei norske bladi gjennom 65 aar 1858–1923*. *Biografier av norske bladmenn*, Bergen 1923

[Aarset, Terje] (red.): *Lokalpressa i eldre og nyare tid*. *Seminar ved MRDH* 23. og 24. april 1983, Volda 1985

Årtun, Tone Alise: *Skriftmålet i Sauda*. *Med størst vekt på skulemålet*. Hovudoppgåve, Bergen 1984

[Aas, Steinar]: *Handbok i arbeid for nynorske parallellklassar*, Oslo 1992

Aasen, Ivar: «Grundtanker til en Afhandling om en norsk Sprogform», skrive 1854, trykt i *Maal og Minne* 1917

–: Om det norske Sprog, *Skrifter i Samling*, III, Kristiania og København 1912

–: *Brev og Dagbøker*, band III, Oslo 1960

–: *Skrifter i samling* (del 3), Oslo 1996

Register tabellar og figurar

1 Verda

1.1 Talte og skrivne språk

- 1.1.1 Språk etter verdsdelar 2009–
- 1.1.2 Dei største språka i verda 2009–
- 1.1.3 Språk i verda etter brukarar 2009–
- 1.1.4 Dei største språkfamiliane i verda 2009–
- 1.1.5 Skrivne og talte språk 2014

1.2 Vitalitet og formell posisjon

- 1.2.1 Dokumenterte språk i verda 1974–
- 1.2.2 Vitalitet og sosial posisjon for all verdas språk 2015
- 1.2.3 Vitalitet for språk etter region og verdsdel 2015
- 1.2.4 Språk etter skriftsystem 2015
- 1.2.5 Land med minst fem offisielle språk 2015
- 1.2.6 Offisielle språk i Dei sameinte nasjonane 1945–
- 1.2.7 Land med flest språk 2009–

1.3 Lese- og skrivekunne

- 1.3.1 Land med høgast lese- og skrivekunne 2007–
- 1.3.2 Land med lågast lese- og skrivekunne 2007–

1.4 Religion

- 1.4.1 Omsetjingar av Bibelen til ulike språk etter verdsdelar 100–1937
- 1.4.2 Omsetjingar av Koranen til ulike språk 700–
- 1.4.3 Omsetjingar av Bibelen til ulike språk etter verdsdelar 1937–
- 1.4.4 Språk og bibelspråk etter verdsdelar 2014

1.5 Digitale medium

- 1.5.1 Dei mest brukte språka på nettstader på Internett 1999–
- 1.5.2 Tal nettstader etter språk 2002–2008
- 1.5.3 Internettbrukarar etter språk 2004–2014
- 1.5.4 Dei største språka på Facebook 2010–
- 1.5.5 Dei største språka på Twitter 2010–
- 1.5.6 Tilgjenge til digital leksikalsk kunnskap etter førstespråk 2015

1.6 Ordbøker, litteratur og institusjonar

- 1.6.1 Ordforråd hos utvalde forfattarar 1300–
- 1.6.2 Oppslagsord i større ordboksverk 1694–
- 1.6.3 Museum for språk og skriftkultur 1884–
- 1.6.4 Nobelprisen i litteratur etter språk 1901–

- 1.6.5 Dei mest omsette forfattarane etter språk 1380–
- 1.6.6 Forfattarar med flest omsetjingar 1979–
- 1.6.7 Omsette bøker etter originalspråk 1979–
- 1.6.8 Omsette bøker etter målspråk 1979–
- 1.6.9 Omsette bøker etter land 1979–

1.9 Historisk statistikk

- 1.9.1 Språkbrukarar etter verdsdelar år 0–2015
- 1.9.2 Større språk etter brukarar 1928–1996
- 1.9.3 Indoeuropeiske språk etter brukarar 1952
- 1.9.4 Land med flest truga språk 2009

Figurar

- F 1.1 Vitalitet for all verdas språk 2015. Prosent språk og brukarar
- F 1.2 Rolf Theils matrise for utvikling frå talemål til skriftspråk
- F 1.3 Rolf Theils språk-kvadrat om forholdet mellom tale og skrift
- F 1.4 Rolf Theils modell for den skriftspråklege tyngdekrafta
- F 1.5 Rolf Theils utviklingsmodell for språk i vanskar

2 Europa og Norden

2.1 Vitalitet og sosial posisjon

- 2.1.1 Utbreiing av dei største europeiske språka 1801–
- 2.1.2 Språkbarometer for Europa 2015
- 2.1.3 Dei største språka i Europa 2012
- 2.1.4 Språk i Europa etter land og vitalitet 2009–2015
- 2.1.5 Språkleg dominans i Europa 2015

2.2 Formell posisjon

- 2.2.1 Offisielle språk i Europa 2009
- 2.2.2 Offisielle språk i Europarådet 1949–
- 2.2.3 Offisielle språk i EU 1958–
- 2.2.4 Ratifiserte regions- og minoritetsspråk i Europa etter språk 1993–
- 2.2.5 Lese- og skrivekunne i europeiske land 2007–

2.3 Norden

- 2.3.1 Nordisk råds litteraturpris etter språk 1962–
- 2.3.2 Skrift- og talespråk i Norden 2014
- 2.3.3 Vitalitet og sosial posisjon for språk i Norden 2015

2.4 Litteratur og kunst

- 2.4.1 Vinnarsongar i Eurovision Song Contest etter språk og tiår 1956–
- 2.4.2 Finalesongar i Eurovision Song Contest etter språk og tiår 1956–
- 2.4.3 Språk i finalesongar Eurovision Song Contest 1956–
- 2.4.4 Omsette bøker i Norden etter språk 1980–2009

- 2.4.5 Omsette bøker til nordiske språk 1980–2009
- 2.4.6 Omsette bøker frå nordiske språk 1980–2009

2.9 Historisk statistikk

- 2.9.1 Store europeiske språk etter land 1801–1883
- 2.9.2 Store europeiske språk etter utbreiing 1801–1890
- 2.9.3 Store europeiske språk etter verdsdelar 1801–1890
- 2.9.4 Skrift- og talespråk i Norden kring 1995

Figurar

- F 2.1 Utbreiing av dei største språka i Europa 2012. Millionar brukarar

3 Noreg

3.1 Skriftkultur

- 3.1.1 Nynorsk skriftkultur 1900–
- 3.1.2 Bruk av nynorsk i absolutte tal 1950–2010
- 3.1.3 Nynorsk språkbarometer 2000–
- 3.1.4 Omtalar av norsk språk i massemedium 2010–
- 3.1.5 Norsk språkbarometer 2015

3.2 Demografi og geografi

- 3.2.1 Folketal etter språk i kommunane 1933–
- 3.2.2 Nynorskelevar i grunnskulen og vidaregåande skule etter landsdel 1971–
- 3.2.3 Skriftspråk privat etter landsdel 2005
- 3.2.4 Innbyggjarar etter bakgrunn 2001–
- 3.2.5 Mogleg folketalsutvikling i kommunar etter tenestemål 2014–2040

3.3 Meiningar og val

- 3.3.1 Interesse for språkspørsmålet 1969–
- 3.3.2 Folkerøystingar om opplæringsspråk i skulen 1965–
- 3.3.3 Syn på vidare jamstilling mellom bokmål og nynorsk 2012–2013

3.4 Individuell språkbruk

- 3.4.1 Bruk av nynorsk og bokmål skriftleg privat 1951–
- 3.4.2 Stortingsrepresentantar etter talemål 1913–
- 3.4.3 Verne- og sesjonspliktige etter språk 1947–
- 3.4.4 Språkskifte frå 1. klasse til sesjon 1930–

3.5 Utdanning og forskning

- 3.5.1 Nynorsk og bokmål i grunnskulen 1910–
- 3.5.2 Nynorskelevar frå grunnskule til vidaregåande skule 1910–
- 3.5.3 Samisk, finsk og kvensk i grunnskulen 2001–
- 3.5.4 Dei største minoritetsspråka i grunnskulen 2000–
- 3.5.5 Elevar i vidaregåande skule etter språk 2009–

3.5.6 Språk i hovud- og masteroppgåver 1971–

3.6 Offentleg forvaltning

3.6.1 Tenestemål i kommunar 1925–

3.6.2 Tenestemål i kommunar etter fylke 1965–

3.6.3 Tenestemål i fylkeskommunar 1979–

3.6.4 Stortingsdokument etter språk 1961–

3.6.5 Språk i vedtekne lover 1901–

3.6.6 Kommunar i det samiske forvaltningsområdet 1990–

3.6.7 Språkleg jamstilling i statsforvaltninga etter regjeringar 1997–

3.7 Næringsliv

3.7.1 Nynorsk og bokmål i annonsar i Sogn og Fjordane 1948–2012

3.7.2 Meininger om norsk og engelsk i reklame 2008–2010

3.7.3 Språk i reklame i tv, blad og magasin 2015

3.8 Digitale medium

3.8.1 Nynorsk og bokmål på norskspråkelege nettstader 1997–

3.8.2 Bruk av Bokmålsordboka og Nynorskordboka på Internett 2000–

3.8.3 Nynorsk og bokmål i digitale oppslagsverk 2005–

3.8.4 Nynorsk og bokmål på statlege nettstader og NRK.no 2010–

3.9 Radio og fjernsyn

3.9.1 Nynorsk, dialekt og bokmål i NRK radio 1933–

3.9.2 Nynorsk, dialekt og bokmål i NRK tv 1959–

3.9.3 Norskspråkelege program i tv 2009–

3.9.4 Samiske program i radio og tv 2009–

3.10 Presse

3.10.1 Aviser i drift etter språk 1860–

3.10.2 Opplag nynorsk rikspresse 1970–

3.10.3 Tal og opplag aviser etter språk 1997–

3.10.4 Støtte til aviser etter redaksjonsspråk 2000–

3.10.5 Støtte til aviser og bøker etter språk 2000–

3.11 Bøker

3.11.1 Utgitte bøker og småtrykk etter språk 1800–

3.11.2 Dei mest omsette norske forfattarane 1857–

3.11.3 Nye titlar og utgåver frå nynorskforlag 1868–

3.11.4 Vinnarar litteraturprisar etter språk 1934–

3.11.5 Brageprisen etter språk og sjanger 1992–

3.11.6 Bøker innkjøpte av Norsk kulturråd etter språk 1965–

3.11.7 Bøker og småtrykk etter emne og språk 1974–2014

3.11.8 Bøker i sal etter språk og sjanger 2015

3.12 Kyrkje og religion

3.12.1 Sal av Bibelen og Det nye testamente etter språk 1899–

- 3.12.2 Nynorsk og bokmål i Den norske Kyrkja 1900–
- 3.12.3 Nynorsk og bokmål i Den norske Kyrkja etter bispedøme 1996–

3.13 Kunst

- 3.13.1 Framsyningar frå nynorske sceneinstitusjonar 1913–
- 3.13.2 Framsyningar og gjester scenekunst 1988–
- 3.13.3 Premierar og publikum norske spelefilmar 1907–
- 3.13.4 Songar i norsk Melodi Grand Prix etter språk og tiår 1960–
- 3.13.5 Norsk musikk i radio 2004–

3.14 Språk- og kulturinstitusjonar

- 3.14.1 Medlemer i språkorganisasjonar 1868–
- 3.14.2 Nynorskindeksen 2000–
- 3.14.3 Museum etter forvaltningspråk 2010–

Figurar

- F 3.1 Privat bruk av nynorsk og bokmål 1951–2014
- F 3.2 Matrise for tale og skrift

4 Demografi og geografi

4.1 Skriftspråk

- 4.1.1 Skriftspråk privat etter landsdel 1957
- 4.1.2 Bruk av nynorsk og bokmål privat etter landsdel og klasse 1957
- 4.1.3 Skriftspråk privat etter landsdel og region 1995
- 4.1.4 Skriftspråk privat etter landsdel og region 2002
- 4.1.5 Skriftspråk privat etter landsdel og region 2005
- 4.1.6 Skriftspråk privat etter landsdel og region 2012
- 4.1.7 Skriftspråk privat etter landsdel og region 2013
- 4.1.8 Skriftspråk privat etter landsdel og region 2014

4.2 Demografi

- 4.2.1 Folketal i kommunar etter tenestemål 1933–
- 4.2.2 Folketal i nynorskkommunane 2001–
- 4.2.3 Innvandrarakter etter bakgrunn i nynorskkommunane 2001
- 4.2.4 Innvandrarakter etter bakgrunn i nynorskkommunane 2009
- 4.2.5 Innvandrarakter etter bakgrunn i nynorskkommunane 2015
- 4.2.6 Ønske om bustad i framtida hos vidaregåande-elevar i indre Agder 2012

4.3 Landsdelar og regionar

- 4.3.1 Regionale trekk ved nynorsk skriftkultur 1910–
- 4.3.2 Oppslutning om nynorsk etter landsdel 1965–1989
- 4.3.3 Oppslutning om nynorsk hos Høgre-veljarar 1969–1980
- 4.3.4 Den språkdelte kulturen i Noreg 2015

4.4 Folkerøystingar, val og meiningar

- 4.4.1 Folkerøystingar om språk i kyrkja etter landsdel 1892–1954
- 4.4.2 Resultat av folkerøystingar om opplæringspråk etter landsdel 1965–

4.5 Utdanning

- 4.5.1 Elevar i grunnskulen etter språk og landsdel 1910–2012
- 4.5.2 Prosent nynorskelevar i grunnskulen etter landsdel 1910–
- 4.5.3 Elevar i gymnas og vidaregåande skule etter landsdel og språk 1968–
- 4.5.4 Elevar i nynorskkommunar etter språk 1993–2008
- 4.5.5 Grunnskule-elevar i grunnskulen etter språk, landsdel, fylke og kommune 2001–2011
- 4.5.6 Elevar i vidaregåande skule etter landsdel og språk 1996

4.6 Offentleg forvaltning

- 4.6.1 Tenestemål i kommunar etter landsdel 1922–2010
- 4.6.2 Tenestemål i kommunar etter landsdel 2015–

4.7 Presse

- 4.7.1 Aviser med nynorsk redaksjonsspråk etter landsdel 1900–
- 4.7.2 Lokale fådagarsaviser etter landsdel og språk 1952–2008

4.8 Kyrkje og religion

- 4.8.1 Kyrkjesokn etter landsdel og språk 1928–2015

4.9 Språk- og kulturinstitusjonar

- 4.9.1 Medlemer i Noregs Mållag etter landsdel 1918–2012

4.10 Historisk statistikk

- 4.10.1 Oppslagsord i Ivar Aasens ordbøker etter landsdel 1850–1873
- 4.10.2 Ivar Aasens inndeling i språkområde 1855
- 4.10.3 Tidlege nynorskbrukarar etter landsdel 1880–1885
- 4.10.4 Bøker på nynorsk etter landsdel 1880–1914
- 4.10.5 Regionale trekk ved nynorsk skriftkultur 1930–1996
- 4.10.6 Folketalsutvikling etter sentralitet og tenestemål 1970–2000
- 4.10.7 Den språkdelte kulturen i Noreg 2008

Figurar

- F 4.1 Resultat av folkerøystingar om opplæringspråk i grunnskulen etter landsdel 1965–2014

5 Haldningar og meiningar

5.1 Eit fleirspråkleg Noreg

- 5.1.1 Syn på innvandring etter haldning til nynorsk 1999–2001
- 5.1.2 Nynorsk-positive om innvandring 1999–2001
- 5.1.3 Nynorsk-negative om innvandring 1999–2001

- 5.1.4 Fordel med nynorsk i tillegg til bokmål 2006
- 5.1.5 Utvikling av fleire varige minoritetsspråk 2009
- 5.1.6 Vidare jamstilling mellom bokmål og nynorsk 2012–2013
- 5.1.7 Noreg som eit meir fleirkulturelt samfunn 2012–2013

5.2 Språkpolitisk engasjement

- 5.2.1 Veljarengasjement i språkspørsmålet etter språk 1965–
- 5.2.2 Språkengasjement etter parti 1965–

5.3 Talemål

- 5.3.1 Bruk av bokmål og nynorsk i NRK etter publikums språk 1956
- 5.3.2 Bruk av nynorsk og bokmål i NRK 1971
- 5.3.3 Bruk av nynorsk og bokmål i NRK 1979
- 5.3.4 Bruk av nynorsk og bokmål i NRK etter publikums språk 1979
- 5.3.5 Vanleg daglegtale i radio og tv etter språk 2002
- 5.3.6 Bruk av dialekt 2009
- 5.3.7 Språk hos programleiarar i riksdekkjande radio- og tv-kanalar 2009
- 5.3.8 Språk hos programleiarar i distriktssendingar i radio og tv 2009
- 5.3.9 Aksent hos programleiarar i distriktssendingar i radio og tv 2009
- 5.3.10 NRK-medarbeidarar om språk i rikssendingar 2011
- 5.3.11 NRK-medarbeidarar om språk i lokale sendingar 2011
- 5.3.12 Mest og minst sjarmerande dialektar 2011
- 5.3.13 Bruk av nynorsk og dialekt i radio i NRK Sogn og Fjordane 2012
- 5.3.14 Vidaregåande-elevar i indre Agder om heimstaddialekten 2012
- 5.3.15 Vidaregåande-elevar på indre Agder om bruk av heimstaddialekten 2012
- 5.3.16 Vidaregåande-elevar i indre Agder om bruk av heimstaddialekten i ulike samanhengar 2012
- 5.3.17 Vidaregåande-elevar på indre Agder om tilpassing av dialekten 2012
- 5.3.18 Vidaregåande-elevar på indre Agder om knot 2012
- 5.3.19 Språk hos programleiarar i riksdekkjande sendingar i NRK 2012
- 5.3.20 Språk hos nyheitsopplesarar i riksdekkjande sendingar i NRK 2012
- 5.3.21 Språk hos nyheitsopplesarar i distriktssendingar i NRK 2012
- 5.3.22 Ungdomsskule-elevar i Nord-Rogaland om eigen dialekt 2013
- 5.3.23 Talemål i NRK radio og tv 2014
- 5.3.24 Normert tale eller dialekt hos programleiarar i NRK 2014
- 5.3.25 Bruk og forståing av dialekt 2014
- 5.3.26 Forståing av ulike dialektar 2014

5.4 Bokmål og nynorsk i skrift

- 5.4.1 Eitt eller to skriftspråk i Noreg 1946
- 5.4.2 Eitt skriftspråk i Noreg 1946
- 5.4.3 Grunnlaget for eitt skriftspråk i Noreg 1946
- 5.4.4 Skriftleg prøve på nynorsk og bokmål ved examen artium 1951
- 5.4.5 Skriftleg prøve på både nynorsk og bokmål ved examen artium 1957
- 5.4.6 Skriftleg prøve i norsk ved examen artium 1966–1975
- 5.4.7 «Noreg» og/eller «Norge» som namn på landet på nynorsk 1995
- 5.4.8 Ungdomsskule-elevar i Volda om språk i bøker og blad 1996

- 5.4.9 Ungdomsskule-elevar i Volda om språk i bøker og aviser 1996
- 5.4.10 Ungdomsskule-elevar i Volda om teksting i tv 1996
- 5.4.11 Samanheng mellom språk og lokal kultur på seks stader 2000
- 5.4.12 Nynorsk og bokmål i Sunnmørsposten 2000
- 5.4.13 Meir nynorsk i VG og Dagbladet 2006
- 5.4.14 Vidaregåande-elevar på Austlandet om bruk av nynorsk 2010
- 5.4.15 Vidaregåande-elevar på Austlandet om bakgrunn for haldning til nynorsk 2010
- 5.4.16 Vidaregåande-elevar i indre Agder om nynorskens kulturelle plass i heimbygda 2012
- 5.4.17 Vidaregåande-elevar i indre Agder om nynorsk i skulen 2012
- 5.4.18 Kjennskap til Ivar Aasen 2012–2013
- 5.4.19 Oppfatning om Ivar Aasen 2012–2013
- 5.4.20 Ungdomsskule-elevar i Nord-Rogaland om nynorsk og kulturgrunnlag 2013
- 5.4.21 Ungdomsskule-elevar i Nord-Rogaland om nynorsk i aviser 2013
- 5.4.22 Ungdomsskule-elevar i Nord-Rogaland om teksting i NRK 2013

5.5 Engelsk og norsk

- 5.5.1 Ungdomsskule-elevar i Volda om engelske ord i norsk 1996
- 5.5.2 Vidaregåande-elevar i Hordaland om bruk av engelsk 1998
- 5.5.3 Bruk av engelske ord 2002
- 5.5.4 Haldning til å lage nye norske ord etter skriftspråk 2002
- 5.5.5 Allmenne haldningar til norsk og engelsk 2007
- 5.5.6 Syn på engelsk som betre språk enn norsk 2007
- 5.5.7 Bruk av engelsk om 50 år 2007
- 5.5.8 Bruk av engelsk i ulike høve 2007
- 5.5.9 Bruk av «sale» i staden for «sal» 2007
- 5.5.10 Bruk av engelsk i daglegtale 2007
- 5.5.11 Ofte bruk av engelsk i daglegtale 2007
- 5.5.12 Vern av det norske språket 2007
- 5.5.13 Engelske og norske finastermar i høgare utdanning 2012
- 5.5.14 Kvinnelege økonomistudentar om engelske og norske finastermar i høgare utdanning 2012
- 5.5.15 Mannlege økonomistudentar om engelske og norske finastermar i høgare utdanning 2012
- 5.5.16 Økonomistudentar ved UiB om engelske og norske finastermar i høgare utdanning 2012
- 5.5.17 Økonomistudentar ved NHH om engelske og norske finastermar i høgare utdanning 2012

5.6 Lesing og skriving

- 5.6.1 Personar som føretrekkjer å lese nynorsk 1985–1999
- 5.6.2 Personar som føretrekkjer å lese nynorsk 1995–1999
- 5.6.3 Haldning til å lese nynorsk 1999–2002
- 5.6.4 Ungdomsskule-elevar i Volda om å skrive nynorsk og bokmål 1996
- 5.6.5 Elevars haldning til å lese nynorsk etter språk 2006
- 5.6.6 Elevars haldning til å lese bokmål etter språk 2006
- 5.6.7 Elevars haldning til å lese engelsk etter språk 2006
- 5.6.8 Elevars haldning til å skrive nynorsk etter språk 2006

- 5.6.9 Elevars haldning til å skrive bokmål etter språk 2006
- 5.6.10 Elevars haldning til nynorsk og bokmål etter karakter 2006
- 5.6.11 Nordmenn om å lese nynorsk 2006
- 5.6.12 Vidaregåande-elevar i Møre og Romsdal etter språk om å låne bøker 2008
- 5.6.13 Verdien av å kunne lese og skrive både nynorsk og bokmål 2008
- 5.6.14 Vidaregåande-elevar i Valdres om å skrive nynorsk og bokmål 2009
- 5.6.15 Vidaregåande-elevar på Austlandet om opplæring i nynorsk 2010
- 5.6.16 Vidaregåande-elevar på Austlandet om å lese og skrive nynorsk og bokmål 2010
- 5.6.17 Verdien av å kunne lese og skrive både nynorsk og bokmål 2011
- 5.6.18 Vidaregåande-elevar i indre Agder om kva språk dei liker lese 2012
- 5.6.19 Vidaregåande-elevar i indre Agder om kva språk som er lettast å lese 2012
- 5.6.20 Vidaregåande-elevar i indre Agder om kva språk dei liker skrive 2012
- 5.6.21 Vidaregåande-elevar i indre Agder om kva språk som er lettast å skrive 2012
- 5.6.22 Vidaregåande-elevar i indre Agder om nynorsk er mest naturleg å skrive 2012
- 5.6.23 Vidaregåande-elevar i Møre og Romsdal om å skrive nynorsk og bokmål 2013
- 5.6.24 Ungdomsskule-elevar i Nord-Rogaland om å lese og skrive nynorsk 2013

5.7 Lærarar

- 5.7.1 Norskklærarar ved vidaregåande skular i Oslo om bruk av nynorsk 2005
- 5.7.2 Elevars syn på norskklærarane si haldning til sidemål 2006
- 5.7.3 Ungdomsskule-lærarar i Oslo om nynorsk 2006
- 5.7.4 Ungdomsskule-lærarar i Oslo om nynorsk som sidemål 2006
- 5.7.5 Norskklærarar om norskfaget 2010
- 5.7.6 Norskklærarar om innhaldet i norskfaget 2010
- 5.7.7 Norskklærarar om språkleg jamstilling 2010
- 5.7.8 Norskklærarar om å lære å lese og skrive nynorsk og bokmål 2010
- 5.7.9 Norskklærarar om opplæring i nynorsk for minoritetsspråkelevar 2010

5.8 Elevar

- 5.8.1 Dialekt og skriftspråk hos elevar i Sauda 1979
- 5.8.2 Vidaregåande-elevares haldningar til nynorsk og bokmål 1996
- 5.8.3 Vidaregåande-elevares vurdering av utsegner om språk 1996
- 5.8.4 Ungdomsskule-elevar i Volda om dialekt og skriftspråk 1996
- 5.8.5 Ungdomsskule-elevar i Volda om eige skriftspråk i framtida 1996
- 5.8.6 Ungdomsskule-elevar i Volda om språkskifte 1996
- 5.8.7 Vidaregåande-elevar i Hordaland om to språk 1998
- 5.8.8 Vidaregåande-elevar i Hordaland om nynorskens plass 1998
- 5.8.9 Vidaregåande-elevar i Hordaland om språkskifte 1998
- 5.8.10 Vidaregåande-elevar i Sogn og Fjordane om språkskifte 2004
- 5.8.11 Vidaregåande-elevar i Oslo om nynorsk 2005
- 5.8.12 Vidaregåande-elevar i Oslo om bruk av nynorsk 2005
- 5.8.13 Vidaregåande-elevar i Møre og Romsdal om nynorsk etter kunnskapskår 2008
- 5.8.14 Vidaregåande-elevar i Valdres om nynorsk og lokal kultur 2009
- 5.8.15 Vidaregåande-elevar i Valdres om eige språk i framtida 2009
- 5.8.16 Språkpraksis og språksyn hos elevar ved Firda vidaregåande skule 2010
- 5.8.17 Vidaregåande-elevar i indre Agder om eige talemål i framtida 2012
- 5.8.18 Vidaregåande-elevar i indre Agder om eige skriftspråk i framtida 2012

- 5.8.19 Vidaregåande-elevar i Møre og Romsdal om eige skriftspråk i framtida 2013
- 5.8.20 Ungdomsskule-elevar i Nord-Rogaland om haldning til nynorsk på skulen 2013
- 5.8.21 Vidaregåande-elevar på Vestlandet om eige språk i framtida 2014

5.9 Musikk

- 5.9.1 Publikum om språk i musikk 2009
- 5.9.2 Publikum om kva norske tekstar passar til 2009
- 5.9.3 Publikum om meiningar om norskspråkleg musikk 2009
- 5.9.4 Songartistar om eigne språkhaldningar 2009
- 5.9.5 Songartistar om grunnar til å syngje på engelsk 2009
- 5.9.6 Publikum om norske tekstar hindrar sal av musikk 2009
- 5.9.7 Songartistar om norske tekstar hindrar sal av musikk 2009

5.19 Historisk statistikk

- 5.19.1 Framandspråklege elevar om nynorsk og bokmål 1996
- 5.19.2 Meistring av engelsk 2007

Figurar

- F 5.1 Meiningar om vidare jamstilling melom nynorsk og bokmål 2013. Prosent

6 Folkerøystingar og val

6.1 Lokale folkerøystingar om opplæringspråk

- 6.1.1 Folkerøystingar i utval om opplæringspråk 1945–1964
- 6.1.2 Folkerøystingar om opplæringspråk etter fylke og tiår 1965–
- 6.1.3 Folkerøystingar om opplæringspråk per år 1965–
- 6.1.4 Folkerøystingar om opplæringspråk etter år og krins 1965–
- 6.1.5 Folkerøystingar om opplæringspråk etter fylke og år 1965–
- 6.1.6 Resultat av folkerøystingar om opplæringspråk etter fylke 1965–
- 6.1.7 Kommunar med flest folkerøystingar om skulemål 1965–
- 6.1.8 Folkerøystingar om opplæringspråk etter tenestemål i kommunane 1965–2002

6.2 Kommuneval og folkevalde

- 6.2.1 Folkevalde i nynorskkommunar 1995–
- 6.2.2 Partival etter språk og kommunalt tenestemål 1995–1999
- 6.2.3 Kommuneval etter kommunetype og parti 2007–
- 6.2.4 Største parti i nynorskkommunar 2007–2015
- 6.2.5 Kommunevalet 2007 i nynorskkommunane etter parti
- 6.2.6 Kommunevalet 2011 i nynorskkommunane etter parti
- 6.2.7 Medlemer kommunestyre og fylkesting etter parti i nynorskkommunar 2011–2015
- 6.2.8 Kommunevalet 2015 i nynorskkommunane etter parti

6.3 Stortingsval

- 6.3.1 Partipolitisk val etter språk 1965–
- 6.3.2 Nynorskbrukarar etter parti 1965–1981

- 6.3.3 Stortingsval etter språk 1965–1985
- 6.3.4 Nynorsk- og bokmålsbrukarar etter parti ved stortingsval 1985–2003
- 6.3.5 Nynorskbrukarar innanfor kvart parti 1985–2003
- 6.3.6 Partipolitisk val etter talemål 2012

6.9 Historisk statistikk

- 6.9.1 Folkerøystingar om språk i kyrkja etter fylke 1892–1954

Figurar

- F 6.1 Kommunevalet 2015 i nynorsk kommunar og alle kommunar. Prosent

7 Individuell språkbruk

7.1 Talemål

- 7.1.1 Stortingsrepresentantar etter talemål 1913–
- 7.1.2 Bruk av talemål 1969
- 7.1.3 Språk hos NRK-medarbeidarar i sendingane 2011
- 7.1.4 Nordmenn etter talemål 2012
- 7.1.5 Nordmenn etter dialekt 2014
- 7.1.6 Talemål privat og på jobb 2014

7.2 Skriftspråk

- 7.2.1 Bruk av nynorsk og bokmål skriftleg 1951–1985
- 7.2.2 Bruk av nynorsk og bokmål skriftleg 1957–
- 7.2.3 Bruk av nynorsk etter fylke og bransje 1979–1981
- 7.2.4 Skriftspråk privat 1995–2005
- 7.2.5 Skriftspråk privat 1995
- 7.2.6 Skriftspråk privat 2000
- 7.2.7 Skriftspråk privat 2002
- 7.2.8 Skriftspråk privat 2005
- 7.2.9 Skriftspråk privat 2012
- 7.2.10 Skriftspråk privat 2013
- 7.2.11 Skriftleg bruk av dialekt privat 2012
- 7.2.12 Skriftleg bruk av dialekt privat 2013
- 7.2.13 Skriftleg bruk av dialekt hos vidaregåande-elevar på Vestlandet 2014
- 7.2.14 Skriftspråk privat 2014

7.3 Sjølvmeldingar

- 7.3.1 Sjølvmeldingar etter språk 1990–
- 7.3.2 Sjølvmeldingar etter type og språk 1998–

7.4 Verne- og sesjonspliktige

- 7.4.1 Verne- og sesjonspliktige etter språk 1947–
- 7.4.2 Vernepliktige etter språk og fylke 1963
- 7.4.3 Vernepliktige som bruker nynorsk etter fylke 1953–1963

- 7.4.4 Vernepliktige etter språk og fylke 1964–2014
- 7.4.5 Vernepliktige etter språk, kommune og fylke 2000
- 7.4.6 Vernepliktige etter språk, kommune og fylke 2004
- 7.4.7 Vernepliktige etter språk i nynorsk kommunane 2008
- 7.4.8 Vernepliktige i Sogn og Fjordane etter språk og kommune 2010
- 7.4.9 Vernepliktige i Sogn og Fjordane etter språk, kjønn og kommune 2011
- 7.4.10 Verne- og sesjonspliktige etter språk, kjønn og fylke 2011
- 7.4.11 Verne- og sesjonspliktige etter språk, kjønn og fylke 2012
- 7.4.12 Verne- og sesjonspliktige etter språk, kjønn og fylke 2013
- 7.4.13 Verne- og sesjonspliktige etter språk, kjønn og fylke 2014

7.5 Språkstabilitet og språkskifte

- 7.5.1 Skifte frå nynorsk til bokmål hos elevar 1915–1995
- 7.5.2 Språkskifte hos elevar ved Sauda vidaregåande skule 1979
- 7.5.3 Språkskifte hos elevar i Nord-Gudbrandsdalen 1990–1995
- 7.5.4 Elevar etter språk i 1. og 10. klasse 1992–
- 7.5.5 Ungdomsskule-elevar i Volda om språk i eiga skriving 1996
- 7.5.6 Språk hos Volda-elevar i utdanning og arbeid 1995–2008
- 7.5.7 Nynorskelevar frå grunnskule til vidaregåande skule 1995–2012
- 7.5.8 Elevar gjennom skuleløpet etter språk og fylke 1999–2013
- 7.5.9 Relativ stabilitet for nynorskelevar i skuleløpet etter fylke 1999–2013
- 7.5.10 Nynorskelevar frå 1. til 10. klasse etter fylke 2002–2011
- 7.5.11 Språkstabilitet hos vidaregåande-elevar i Møre og Romsdal etter kunnskapskår 2008
- 7.5.12 Språk hos elevar ved Valdres vidaregåande skule 2009
- 7.5.13 Elevar ved Valdres vidaregåande skule etter språk og bustadkommune 2009
- 7.5.14 Språkstabilitet og språkskifte hos vidaregåande-elevar i Lindås og Nord-Fron 2012
- 7.5.15 Årsaker til språkskifte hos vidaregåande-elevar i Lindås og Nord-Fron 2012
- 7.5.16 Vidaregåande-elevar i indre Agder om eige språkval 2012
- 7.5.17 Vidaregåande-elevar i indre Agder om språk i andre fag enn norsk 2012
- 7.5.18 Språk i lengre tekstar av vidaregåande-elevar i indre Agder 2012
- 7.5.19 Vidaregåande-elevar i Møre og Romsdal etter språk 2013
- 7.5.20 Bakgrunn for vidaregåande-elevar i Møre og Romsdal som skifta språk 2013
- 7.5.21 Tidspunkt for språkskifte hos nynorskelevar i Møre og Romsdal 2013

7.6 Lesing

- 7.6.1 Nynorsk og bokmål i norskverk for ungdomsskulen 2006
- 7.6.2 Elevares lesestoff på nynorsk og bokmål etter språk 2006
- 7.6.3 Vidaregåande-elevar i Møre og Romsdal om lesing på nynorsk 2008
- 7.6.4 Vidaregåande-elevar i Møre og Romsdal om lesestoff på nynorsk 2008
- 7.6.5 Ungdomsskule-elevares lesestoff etter tidsbruk og skule 2009
- 7.6.6 Språk i ungdomsskule-elevares lesestoff etter skule 2009

7.9 Historisk statistikk

- 7.9.1 Rekruttstyrken etter språk 1914
- 7.9.2 Lekkasje av nynorskbrukarar 1920–2000
- 7.9.3 Tenåringars skriftspråk privat i Sauda 1979
- 7.9.4 Innbyggjarar med nynorsk opplæringsspråk 1985 og 2011

- 7.9.5 Nynorskbarometeret 1995 (det første barometeret)
- 7.9.6 Nynorskbarometeret 2004
- 7.9.7 Språkbarometer for Noreg 2009
- 7.9.8 Nynorskbarometeret 2011

Figurar

- F 7.1 Bruk av dialekt i skrift 2013. Prosent

8 Barnehage og grunnskule

8.1 Nynorsk og bokmål

- 8.1.1 Nynorsk og bokmål i folkeskulen og grunnskulen 1890–1975
- 8.1.2 Elevar i grunnskulen etter språk og fylke 1910–1947
- 8.1.3 Elevar i grunnskulen etter språk og fylke 1952–1987
- 8.1.4 Elevar i grunnskulen etter språk og fylke 1993–
- 8.1.5 Nynorskelevar i folkeskulen i prosent etter fylke 1910–1959
- 8.1.6 Nynorskelevar i grunnskulen i prosent etter fylke 1960–
- 8.1.7 Nynorskelevar i 1. klasse 1920–
- 8.1.8 Elevar i folkeskulen etter språk, kommune og fylke 1935–1950
- 8.1.9 Elevar i grunnskulen etter førstespråk 1976–
- 8.1.10 Grunnskuleelevar etter språk, kommune og fylke 1993–2009
- 8.1.11 Grunnskuleelevar etter språk og årssteg 1994–
- 8.1.12 Nynorskelevar i grunnskulen etter fylke, kommune og alderssteg 2008–09
- 8.1.13 Grunnskuleelevar etter språk, årssteg og fylke 2009–10
- 8.1.14 Grunnskuleelevar etter språk, årssteg og fylke 2012–13
- 8.1.15 Grunnskuleelevar etter språk, årssteg og fylke 2014–15

8.2 Urfolksspråk og minoritetsspråk

- 8.2.1 Samisk, finsk og kvensk i grunnskulen 2001–
- 8.2.2 Morsmålsopplæring i grunnskulen 2000–
- 8.2.3 Dei største minoritetsspråka i grunnskulen 2000–
- 8.2.4 Norskprøve for innvandrarar etter nivå og år 2006–2013
- 8.2.5 Opplæringsspråk for innvandrarar i kommunar 2011
- 8.2.6 Opplæringsspråk for innvandrarar i nynorskkommunar 2014
- 8.2.7 Avgjerdstakar opplæringsspråk i nynorskkommunar 2014
- 8.2.8 Norskprøve for innvandrarar etter språk og år 2014–

8.3 Barnehage

- 8.3.1 Kommunar om språkstimulering i barnehagar 2011

8.4 Folkeskulekrinsar og skular

- 8.4.1 Innføring av nynorsk i skulekrinsane etter fylke 1890–1925
- 8.4.2 Nynorsk og bokmål i folkeskulekrinsar og fylke 1900–1947
- 8.4.3 Folkeskulekrinsar etter språk og fylke 1952–1995
- 8.4.4 Nynorskklassar ved bokmålsskular 1998–2004

8.4.5 Grunnskular med meir enn 300 nynorskelevar 2004–2014

8.5 Kommunar

- 8.5.1 Kommunar med nynorskelevar i grunnskulen 1905–2011
- 8.5.2 Kommunar etter dominerande språk i grunnskulen 1935–2011
- 8.5.3 Fylke og kommunar med størst endring i tal nynorskelevar 1993–2008
- 8.5.4 Kommunar med flest nynorskelevar i grunnskulen 1994–
- 8.5.5 Kommunar utan bokmåselevar 1994–
- 8.5.6 Kommunar med nynorskelevar i grunnskulen 1998–2003
- 8.5.7 Elevars opplæringspråk etter kommune og fylke 2004
- 8.5.8 Kommunar med nynorsk dominans i grunnskulen 2004–2010
- 8.5.9 Ungdomsskule-elevar utan sidemålsundervisning i Oslo 2007–

8.6 Fylke

- 8.6.1 Nynorsk og bokmål i folkeskulen og grunnskulen Møre og Romsdal 1935–2012
- 8.6.2 Elevar i grunnskulen i Sogn og Fjordane etter språk, kommune og årssteg 1992–2011
- 8.6.3 Elevar i grunnskulen i Sogn og Fjordane etter språk og kommune 1993–2011
- 8.6.4 Elevar i grunnskulen i Hordaland etter språk og region 1993–2012
- 8.6.5 Nynorsk og bokmål i grunnskulen i Møre og Romsdal etter kommune og region 1993–2012

8.7 Lærarar

- 8.7.1 Formelle kvalifikasjonar i norsk hos lærarar i Bærum 2003
- 8.7.2 Lærarar i Bærum om eigen kompetanse i nynorsk 2003
- 8.7.3 Lærarar i Bærum om ønskt kompetanse i nynorsk 2003
- 8.7.4 Bruk av nynorsk i andre fag enn norsk i Bærum 2003
- 8.7.5 Lærarar i Bærum om språk i undervisningstekstar 2003
- 8.7.6 Lærarar i Bærum om engasjement i norskundervisninga 2003
- 8.7.7 Lærarar i Bærum om å lære og skrive nynorsk og bokmål 2003
- 8.7.8 Ungdomsskule-lærarar i Oslo om eigen kompetanse i nynorsk 2006
- 8.7.9 Ungdomsskule-lærarar i Oslo om eiga nynorskundervisning 2006
- 8.7.10 Norsklærarar om eigen kompetanse 2010

8.9 Historisk statistikk

- 8.9.1 Nynorsk i landsfolkeskulen 1901
- 8.9.2 Nynorsk og bokmål i landsfolkeskulen etter region 1930
- 8.9.3 Folkeskuleelevar i Sogn og Fjordane etter region 1935–1950
- 8.9.4 Nynorsk og bokmål i grunnskulen på Sunnmøre 1935–1980
- 8.9.5 Nynorsk og bokmål i grunnskulen i Romsdal 1935–1980
- 8.9.6 Nynorsk og bokmål i grunnskulen på Nordmøre 1935–1980
- 8.9.7 Innbyggjarar med skriftleg opplæring i nynorsk 1970
- 8.9.8 Innbyggjarar med skriftleg opplæring i nynorsk 1970 og 2004

Figurar

- F 8.1 Nynorsk- og bokmåselevar i folkeskulen 1910–1970. Absolutte tal
- F 8.2 Nynorsk- og bokmåselevar i grunnskulen 1976–2014. Absolutte tal

9 Vidaregåande skule

9.1 Vidaregåande skule

- 9.1.1 Elevar på allmenn studieretning etter språk 1981–1982
- 9.1.2 Elevar i vidaregåande skule etter språk og landsdel 1996
- 9.1.3 Elevar vidaregåande skule etter språk og fylke 2009–2012
- 9.1.4 Elevar vidaregåande skule etter språk og fylke 2013–2014
- 9.1.5 Elevar vidaregåande skular etter språk og fylke 2015–

9.2 Fylke

- 9.2.1 Elevar ved vidaregåande skular i Rogaland etter språk og skule 2009–2012
- 9.2.2 Elevar ved vidaregåande skular i Hordaland etter språk og skule 2009–2012
- 9.2.3 Elevar ved vidaregåande skular i Hordaland etter heimkommune og språk 2012–13
- 9.2.4 Elevar ved vidaregåande skular i Hordaland etter skule og språk 2012–13
- 9.2.5 Elevar ved vidaregåande skular i Hordaland etter linje og språk 2012–13
- 9.2.6 Elevar ved vidaregåande skular i Sogn og Fjordane etter språk og skule 2009–2012
- 9.2.7 Elevar ved vidaregåande skular i Møre og Romsdal etter språk og skule 2009–2012

9.3 Examen artium

- 9.3.1 Nynorsk og bokmål ved examen artium 1912–1971
- 9.3.2 Nynorskbrukarar ved examen artium 1925–1970
- 9.3.3 Nynorsk og bokmål på gymnaset etter linje 1933–1941
- 9.3.4 Examen artium etter språk og fylke 1968–1969
- 9.3.5 Examen artium etter språk og fylke 1970–1971

9.9 Historisk statistikk

- 9.9.1 Linjeval i gymnaset etter språk 1933–1941
- 9.9.2 Elevar ved Bryne vidaregåande skule etter språk 1974–1999
- 9.9.3 Elevar ved Bryne vidaregåande skule etter linje og språk 1974–1978

Figurar

- F 9.1 Nynorsk- og bokmålselevar ved examen artium og eksamen vidaregåande skule 1915–2015. Absolutte tal

10 Høgare utdanning og forskning

10.1 Studentar og undervisning

- 10.1.1 Nynorskstudentar ved universitet 1935–
- 10.1.2 Pensumlitteratur etter fag og språk 1999–2013
- 10.1.3 Pensumlitteratur etter lærestadtype, fag og språk 2010
- 10.1.4 Pensumlitteratur etter nivå og språk 2013
- 10.1.5 Pensumlitteratur etter fag, nivå og språk 2013
- 10.1.6 Undervisning på engelsk ved universitet og høgskular 2013
- 10.1.7 Vitskapleg tilsette om eigen kompetanse i engelsk 2013
- 10.1.8 Vitskapleg tilsette om studentkompetanse i engelsk 2013

10.1.9 Studentars munnlege og skriftlege kompetanse i engelsk 2013

10.2 Hovudfag og mastergrad

10.2.1 Språk i hovud- og masteroppgåver 1971–

10.2.2 Studentar på engelskspråklege masterprogram 2007–2008

10.3 Doktorgrad

10.3.1 Doktoravhandlingar etter språk 1981–2002

10.3.2 Doktoravhandlingar i statsvitskap og pedagogikk etter språk 1991–2002

10.3.3 Språk i doktoravhandlingar 1997–2007

10.3.4 Bruk av nynorsk hos doktorandar 1997 og 2007

10.3.5 Språkending hos doktorandar med nynorskbakgrunn 1997 og 2007

10.4 Publisering

10.4.1 Vitskapleg publisering etter fagområde og språk 1979–2000

10.4.2 Tilskot til lærebøker for høgare utdanning etter språk 1985–

10.4.3 Publisering i statsvitskap og pedagogikk etter språk 1991–2002

10.4.4 Språk i fagomtale ved Universitetet i Oslo 2006

10.5 Språkstabilitet og språkskifte

10.5.1 Skriftspråk og språkskifte hos Bergens-studentar 2008

10.5.2 Språkstabilitet hos Bergens-studentar 2008

10.5.3 Språkstabilitet hos Bergens-studentar etter kjønn, lærestad og fag 2008

10.5.4 Språkskifte hos Bergens-studentar etter fylke og kjønn 2008

10.5.5 Skriftspråk hos Bergens-studentar etter fars og mors interesser 2008

10.6 Terminologi

10.6.1 Standardar frå Standard Norge 2003–

10.7 Administrasjon

10.7.1 Kjennskap til språkpolitisk dokument ved lærestaden 2013

10.7.2 Kjennskap til språkpolitisk dokument for eiga avdeling 2013

10.9 Historisk statistikk

10.9.1 Geografisk bakgrunn for målstudentar i Kristiania 1900–1910

10.9.2 Fagprofil for målstudentar i Kristiania 1900–1910

10.9.3 Yrkesval for målstudentar i Kristiania 1900–1910

10.9.4 Hovudoppgåver etter språk 1906–1995

10.9.5 Folkeskulelærarar etter språk 1952

10.9.6 Embetseksamen ved Universitetet i Oslo etter språk 1952–1957

Figurar

F 10.1 Hovud- og masteroppgåver på nynorsk, bokmål og engelsk 1971–2011. Absolutte tal

11 Offentleg forvaltning

11.1 Tenestemål i kommunar og fylkeskommunar

- 11.1.1 Tenestemål i kommunane 1921–
- 11.1.2 Kommunar med nynorsk tenestemål etter fylke 1922–
- 11.1.3 Endringar i tenestemål i kommunane 1925 –
- 11.1.4 Tidspunkt for vedtak om nynorsk tenestemål 1930–2006
- 11.1.5 Tenestemål i kommunane etter fylke 1979–
- 11.1.6 Tenestemål i kommunar og fylkeskommunar 1986
- 11.1.7 Tenestemål i kommunar og fylkeskommunar 1997
- 11.1.8 Tenestemål i kommunar og fylkeskommunar 2002
- 11.1.9 Tenestemål i kommunar og fylkeskommunar 2004
- 11.1.10 Kommunar med nynorsk teneste- og/eller administrasjonsspråk 2006
- 11.1.11 Tenestemål i kommunar og fylkeskommunar 2009
- 11.1.12 Fylkeskommunar etter tenestemål 2009
- 11.1.13 Kommunar etter fylke og tenestemål 2009
- 11.1.14 Tenestemål i kommunar og fylkeskommunar 2013
- 11.1.15 Fylkeskommunar etter tenestemål 2013
- 11.1.16 Kommunar etter fylke og tenestemål 2013
- 11.1.17 Tenestemål i kommunar og fylkeskommunar 2015
- 11.1.18 Fylkeskommunar etter tenestemål 2015
- 11.1.19 Kommunar etter fylke og tenestemål 2015
- 11.1.20 Kommunar om endring av vedtak om tenestemål 2006
- 11.1.21 Kommunar om endring av vedtak om tenestemål 2011

11.2 Nynorsk og bokmål i staten

- 11.2.1 Nynorsk og bokmål i stortingsdokument 1961–2010
- 11.2.2 Nynorsk i stortingsdokument etter dokumenttal og departement 1988–2000
- 11.2.3 Nynorsk i stortingsdokument etter sidetal og departement 1992–2004
- 11.2.4 Nynorsk i stortingsdokument etter sidetal og departement 2001–
- 11.2.5 Nynorsk i dokument 1–9 sider frå departementa 1992–
- 11.2.6 Nynorsk i dokument 10 sider eller meir frå departementa 1997–
- 11.2.7 Departement og forvaltningsorgan med 25 prosent nynorsk 1994–
- 11.2.8 Skjema i statsforvaltninga etter språk 2000–

11.3 Lovverk og regelverk

- 11.3.1 Språk i lover vedtekne 1894–
- 11.3.2 Klagesaker om mållova til Språkrådet 2001–
- 11.3.3 Nynorskkommunar om statens oppfølging av mållova 2006
- 11.3.4 Språk i rettsdokument frå EØS 2009–
- 11.3.5 Språk i forskrifter fastsette 2009–
- 11.3.6 Kommunar om klager på mållova 2011
- 11.3.7 Kommunar om skriv på nynorsk frå statsforvaltninga 2011
- 11.3.8 Kommunar om språk i e-postar frå statsforvaltninga 2011
- 11.3.9 Kommunar om avsendar for nynorskskriv frå staten 2011

11.4 Administrasjonsspråk i kommunar

- 11.4.1 Kommunale vedtak om administrasjonsspråk 2006
- 11.4.2 Nynorskkommunar om unntak frå administrasjonsspråk 2006
- 11.4.3 Nynorskkommunar om avvik frå språkpraksis 2006
- 11.4.4 Kommunale vedtak om administrasjonsspråk 2011
- 11.4.5 Kommunar om unntak frå administrasjonsspråk 2011
- 11.4.6 Bruk av administrasjonsspråk i kommunane 2011
- 11.4.7 Kommunar om språkkrav i stillingsutlysingar 2011
- 11.4.8 Språk i kommunale og interkommunale føretak 2011

11.9 Historisk statistikk

- 11.9.1 Dei første kommunane med nynorsk tenestemål 1921–1927
- 11.9.2 Rundskriv frå departementa etter språk 1976–1990
- 11.9.3 Årsverk i nynorskkommunar 1995–2007
- 11.9.4 Nøkkeltal for nynorskkommunane 1995–2007
- 11.9.5 Nynorsk og bokmål i dokument frå statsforvaltninga 1995–1996
- 11.9.6 Nynorsk og bokmål i dokument frå statsforvaltninga 1996–2000
- 11.9.7 Språkportrett av nynorskkommunane 2009

Figurar

- F 11.1 Tenestemål i kommunane 1932–2015

12 Næringsliv

12.1 Reklamespråk allment

- 12.1.1 Nynorsk og bokmål i annonsar i tre aviser i Sogn 1948–1980
- 12.1.2 Nynorsk og bokmål i annonsar i Firda 1972–2012
- 12.1.3 Publikum om at norsk bør brukast i reklame 2008
- 12.1.4 Publikum om at norsk bør brukast i reklame 2010
- 12.1.5 Bedriftsleiarar om at norsk bør brukast i reklame 2008
- 12.1.6 Bedriftsleiarar om at norsk bør brukast i reklame 2010
- 12.1.7 Språk i butikknamn på Voss og i Oslo 2009–2014
- 12.1.8 Språk i reklame i tv, vekeblad og magasin 2015

12.2 Engelsk i reklame

- 12.2.1 Publikum om engelsk som statusfaktor i reklame 2008
- 12.2.2 Publikum om engelsk som truverdefaktor i reklame 2008
- 12.2.3 Publikum om haldning til bruk av engelsk i reklame 2008
- 12.2.4 Publikum om haldning til bruk av engelsk i reklame 2010
- 12.2.5 Bedriftsleiarar om kor viktig engelsk er i reklame 2008
- 12.2.6 Bedriftsleiarar om kor viktig engelsk er i reklame 2010
- 12.2.7 Publikum om omfang av reklame på engelsk 2008
- 12.2.8 Publikum om omfang av reklame på engelsk 2010
- 12.2.9 Bedriftsleiarar om omfang av engelsk i reklame 2008
- 12.2.10 Bedriftsleiarar om omfang av engelsk i reklame 2010

- 12.2.11 Publikum om engelsk som påverknadsfaktor 2008
- 12.2.12 Publikum om engelsk som påverknadsfaktor 2010
- 12.2.13 Bedriftsleiarar om engelsk som påverknadsfaktor 2008
- 12.2.14 Bedriftsleiarar om engelsk som påverknadsfaktor 2010
- 12.2.15 Publikum om engelsk som faktor for auka sal 2008
- 12.2.16 Publikum om engelsk som faktor for auka sal 2010
- 12.2.17 Bedriftsleiarar om engelsk som faktor for auka sal 2008
- 12.2.18 Bedriftsleiarar om engelsk som faktor for auka sal 2010

12.3 Arbeids- og administrasjonsspråk

- 12.3.1 Bruk av engelsk som arbeidsspråk 2002
- 12.3.2 Bedriftsleiarar om engelsk i bedriftene 2003–2008
- 12.3.3 Bedriftsleiarar om andre viktige språk enn norsk og engelsk 2008
- 12.3.4 Bedriftsleiarar om engelsk som faktor for kontraktar 2008
- 12.3.5 Bedriftsleiarar om engelsk i møte med kundar 2008
- 12.3.6 Bedriftsleiarar om engelsk i brev og e-post til kundar 2008
- 12.3.7 Bedriftsleiarar om engelsk i brev og e-post til tilsette 2008
- 12.3.8 Bedriftsleiarar om engelsk i interne møte 2008
- 12.3.9 Bedriftsleiarar om engelsk i internkommunikasjon 2008
- 12.3.10 Bedriftsleiarar om engelsk i konsern 2008
- 12.3.11 Bedriftsleiarar om engelsk i styredokument 2008
- 12.3.12 Bedriftsleiarar om munnleg engelsk i styremøte 2008
- 12.3.13 Språkpraksis i den maritime klynga på Sunnmøre 2014
- 12.3.14 Administrasjonsspråk i den maritime klynga på Sunnmøre 2015
- 12.3.15 Avgjerd om administrasjonsspråk i den maritime klynga på Sunnmøre 2015
- 12.3.16 Faktorar som påverkar språkpraksis i den maritime klynga på Sunnmøre 2015
- 12.3.17 Interne drøftingar av språkpraksis i den maritime klynga på Sunnmøre 2015

12.9 Historisk statistikk

- 12.9.1 Lisensavgift frå lagsbruk til målrørsla 1913–2004
- 12.9.2 Nynorsk og bokmål i annonsar i Sogn Dagblad 1948–1980
- 12.9.3 Nynorsk og bokmål i annonsar i avisa Sogn og Fjordane 1948–1980
- 12.9.4 Nynorsk og bokmål i annonsar i Sogningen 1948–1980
- 12.9.5 Medlemer i samyrkjelag (Coop) etter fylke og språk 1977
- 12.9.6 Næringsverksemd i nynorskkommunane 1995
- 12.9.7 Næringsverksemd i nynorskkommunane 2004
- 12.9.8 Økonomiske ringverknader av Ivar Aasen-tunet 2000–2004

Figurar

- F 12.1 Språk i reklame i tv, vekeblad og magasin 2015. Prosent

13 Digitale medium

13.1 Internett

- 13.1.1 Nynorsk og bokmål på norskspråklege nettstader 1997–2009

- 13.1.2 Dokument på nettstader med norsk tekst 1997
- 13.1.3 Dokument på nettstader med norsk tekst 1999
- 13.1.4 Dokument på nettstader med norsk tekst 2001
- 13.1.5 Dokument på nettstader med norsk tekst 2003
- 13.1.6 Nynorsk og bokmål i dokument på Internett 2004
- 13.1.7 Dokument på nettstader med norsk tekst 2004
- 13.1.8 Nynorsk og bokmål på norskspråklege nettstader 2004–2009
- 13.1.9 Nynorsk og bokmål på norskspråklege nettstader 2005
- 13.1.10 Nynorsk og bokmål på norskspråklege nettstader 2009
- 13.1.11 Nynorsk og bokmål på norskspråklege nettstader 2015

13.2 Oppslagsverk

- 13.2.1 Søk i Nynorskordboka og Bokmålsordboka 2000–
- 13.2.2 Artiklar på nynorsk og bokmål i Wikipedia 2001–
- 13.2.3 Allkunne.no 2009–

13.3 Andre allmenne nettstader

- 13.3.1 Nynorske nettaviser 1996–2008
- 13.3.2 Nynorskaviser på Internett etter år og tittel 1996–2008
- 13.3.3 Språk på viktige publikumsretta nettstader 2005
- 13.3.4 Framtida.no 2010–
- 13.3.5 Nynorsk og bokmål på nrk.no 2010–

13.4 Offentleg forvaltning

- 13.4.1 Språk på nettstader i statleg regi 2005
- 13.4.2 Nynorsk på statlege nettstader og i sosiale medium 2005–
- 13.4.3 Språk på kommunale nettstader 2011

13.5 Næringsliv

- 13.5.1 Bedrifters bruk av engelsk på eigen nettstad 2008
- 13.5.2 Språk i digitale tenester frå bedrifter på Sunnmøre 2014

13.6 E-post, sms og sosiale medium

- 13.6.1 Språk i sms-ar frå elevar og lærarar 2003
- 13.6.2 Språk i sms-ar frå lærarar etter alder og bustad 2003
- 13.6.3 Ungdomsskule-elevars skriftspråk på Internett 2009
- 13.6.4 Skriftspråk i sosiale medium hos brukarar 10–39 år 2010–
- 13.6.5 Språk i sms og chat hos elevar ved vidaregåande skular i indre Agder 2012
- 13.6.6 Språk i sms og på Facebook hos ungdomsskule-elevar i Nord-Rogaland 2013
- 13.6.7 Språk på Facebook hos vidaregåande-elevar på Vestlandet 2014
- 13.6.8 Språk i oppdateringar på Facebook hos vidaregåande-elevar på Vestlandet 2014
- 13.6.9 Dialekt på Facebook hos vidaregåande-elevar på Vestlandet 2014
- 13.6.10 Vidaregåande-elevar på Vestlandet om årsaker til bruk av dialekt på Facebook 2014

Figurar

- F 13.1 Nynorske tekstar på statlege nettstader og NRK.no 2010–2014. Prosent

14 Radio og fjernsyn

14.1 Program

- 14.1.1 Sendetid NRK radio 1933–
- 14.1.2 Sendetid i NRK tv 1959–
- 14.1.3 Nynorsk og bokmål i NRK-kanalar 1985–
- 14.1.4 Nynorsk, dialekt og bokmål i NRK radio og tv 1972–
- 14.1.5 Nynorsk, bokmål og dialekt i P4 2005–
- 14.1.6 Teksting i NRK tv etter språk 2010–

14.2 Medarbeidarar

- 14.2.1 Programmedarbeidarar i NRK etter språk 1965–2003
- 14.2.2 Medarbeidarar distriktskontor NRK etter språk 1988–2003
- 14.2.3 Programmedarbeidarar i NRK Riks etter språk 2003
- 14.2.4 Bruk av nynorsk og dialekt hos redaksjonelle medarbeidarar i NRK 2009
- 14.2.5 Språk privat hos redaksjonelle medarbeidarar i NRK 2009
- 14.2.6 Talemål hos NRK-medarbeidarar 2012

14.3 Utdanning

- 14.3.1 Praktikantar frå NRK Nynorsk mediesenter 2004–

14.9 Historisk statistikk

- 14.9.1 Nynorsk i NRK radio etter programtype 1956–1971
- 14.9.2 Nynorsk i NRK radio etter programtype 1972–1984
- 14.9.3 Nynorsk og dialekt i verbalprogram etter NRK-kanal 1985–2004
- 14.9.4 Sendetid etter kanal og språk i NRK 1992–2004
- 14.9.5 Språk i riksradiokanalane 1993
- 14.9.6 Språk i tv-program etter kringkastar 1996
- 14.9.7 Språk i program frå tv-stasjonar 1996
- 14.9.8 Nynorsk tekst eller tale i tv-program 1996
- 14.9.9 Språk i teksting av tv-program i NRK 1996
- 14.9.10 Språk i nyheitssendingar i fjernsyn 1997

Figurar

F 14.1 Nynorsk, dialekt og bokmål i NRK radio 1972–2013. Prosent

15 Presse

15.1 Utgivingar

- 15.1.1 Aviser på nynorsk, bokmål, samisk og kvensk 1860–
- 15.1.2 Nye aviser etter språk 1950–

15.2 Opplag

- 15.2.1 Opplag Norsk Barneblad 1887–
- 15.2.2 Opplag Syn og Segn 1894–

- 15.2.3 Opplag Dag og Tid 1970–
- 15.2.4 Opplag nynorskaviser 1976–
- 15.2.5 Opplag og sal nynorske teikneseriehefte 1988–
- 15.2.6 Tal og opplag nynorskaviser etter fylke 1996–2010
- 15.2.7 Tal og opplag nynorskaviser etter fylke 2014–
- 15.2.8 Aviser og opplag etter fylke og språk 1997
- 15.2.9 Dei største nynorskredigerte avisene 2000–2010
- 15.2.10 Dei største nynorskredigerte avisene 2014–
- 15.2.11 Opplag nynorskredigerte aviser etter fylke 2003
- 15.2.12 Opplag nynorskredigerte aviser etter fylke 2004
- 15.2.13 Aviser og opplag etter språk og fylke 2004
- 15.2.14 Aviser og opplag etter språk og fylke 2008
- 15.2.15 Opplag enkeltaviser etter fylke og språk 2008
- 15.2.16 Aviser og opplag etter språk og fylke 2010
- 15.2.17 Opplag enkeltaviser etter fylke og språk 2010
- 15.2.18 Aviser og opplag etter språk og fylke 2014
- 15.2.19 Opplag enkeltaviser etter fylke og språk 2014

15.3 Nynorsk og bokmål i aviser

- 15.3.1 Språkskifte i aviser 1890–2004
- 15.3.2 Nynorsk og bokmål i utvalde blad 1929–1931
- 15.3.3 Språk i utvalde aviser 1931
- 15.3.4 Nynorsk og bokmål i utvalde aviser 1950–2005
- 15.3.5 Nynorsk og bokmål i vestlandsaviser etter stofftype 1959
- 15.3.6 Nynorsk og bokmål i nokre bokmålsaviser 1977
- 15.3.7 Nynorskbrukarar blant lesarane av riksaviser 1977
- 15.3.8 Nynorsk i aviser 1978
- 15.3.9 Nynorsk og bokmål i aviser på Sunnmøre 1989–1990
- 15.3.10 Nynorsk og bokmål i Bergens Tidende 1991–
- 15.3.11 Nynorsk og bokmål i Sunnmørsposten etter emne og kjelde 1992

15.4 Nynorskpresse

- 15.4.1 Nynorske aviser etter første utgivingsår 1858–
- 15.4.2 Dag og Tid 1963–
- 15.4.3 Nynorsk Pressekontor 1972–
- 15.4.4 Abonnentar Dag og Tid og Syn og Segn etter fylke 2004–2012
- 15.4.5 Redaksjonelle nøkkeltal nynorskaviser 2010

15.5 Finansiering

- 15.5.1 Riksfondet for nynorsk presse 1964–
- 15.5.2 Aviser med støtte etter språk 2000–
- 15.5.3 Støtte til samiske aviser 2000–
- 15.5.4 Støtte til minoritetskulturelle publikasjonar 2000–2008
- 15.5.5 Støtte til periodiske publikasjonar etter språk 2000–2009
- 15.5.6 Støtte til vekepresse 2010–
- 15.5.7 Støtte til norskspråklege aviser etter fylke og språk 2000–2008
- 15.5.8 Støtte til aviser etter fylke og språk 2000

- 15.5.9 Støtte til aviser etter fylke og språk 2002
- 15.5.10 Støtte til aviser etter fylke og språk 2004
- 15.5.11 Støtte til aviser etter fylke og språk 2006
- 15.5.12 Støtte til aviser etter fylke og språk 2008
- 15.5.13 Støtte til norskspråklege aviser etter fylke og språk 2010–
- 15.5.14 Støtte til aviser etter fylke og språk 2010
- 15.5.15 Støtte til aviser etter fylke og språk 2012
- 15.5.16 Støtte til aviser etter fylke og språk 2014

15.6 Utdanning

- 15.6.1 Praktikantar Nynorsk avissenter 2013–

15.9 Historisk statistikk

- 15.9.1 Nynorske blad og aviser etter utgivingsår og fylke 1858–1938
- 15.9.2 Nynorske blad og aviser etter første utgivingsår 1858–1938
- 15.9.3 Nynorske blad og aviser etter tittel 1858–1938
- 15.9.4 Tingartal nynorske blad og aviser 1858–1900
- 15.9.5 Nynorske aviser og blad i Sogn og Fjordane etter utgivingsår 1891–1938
- 15.9.6 Abonentar og opplag Den17de Mai 1894–1913
- 15.9.7 Stoff i Den 17de Mai 1894–1913
- 15.9.8 Redaksjonelt stoff og bidragsytarar i Den 17de Mai 1894–1913
- 15.9.9 Dei største bidragsytarane i Den 17de Mai 1894–1907
- 15.9.10 Aviser etter språk og fylke 1900
- 15.9.11 Nynorskredigerte aviser etter fylke 1900–2000
- 15.9.12 Aviser etter parti og språk 1900–1969
- 15.9.13 Aviser etter språk og fylke 1932
- 15.9.14 Vekebladopplag etter fylke 1949
- 15.9.15 Aviser etter organisasjon og språk 1977–1996
- 15.9.15 Største lokal- og regionavis i nynorsk kommunane 1996
- 15.9.16 Største lokal-, region- og riksavis i nynorsk kommunane 2004
- 15.9.18 Dei fem største avisene i Vestlands-fylka 2004

Figurar

- F 15.1 Aviser etter språk 1860–
- F 15.2 Tidslinje for nynorskaviser 1858– (berre i digital utgåve)

16 Bøker

16.1 Utgivingar

- 16.1.1 Bøker utgitt i Noreg etter språk 1800–
- 16.1.2 Bøker utgitt i Noreg etter språk og år 1990–
- 16.1.3 Omsetjingar til nynorsk og bokmål etter originalspråk 1979–2014
- 16.1.4 Originalverk og omsette bøker utgitt i Noreg etter år 2000–

16.2 Prisar

- 16.2.1 Vinnarar litteraturprisar etter språk og sjanger 1934–
- 16.2.2 Brageprisen etter språk og sjanger 1992–

16.3 Sjanger og emne

- 16.3.1 Bøker på nynorsk eller bokmål etter år, emne og sjanger 1946–1955
- 16.3.2 Bøker etter språk og sjanger 1956–
- 16.3.3 Bøker på nynorsk og bokmål etter sjanger 1966–1996
- 16.3.4 Skjønnlitterære bøker på nynorsk etter sjanger 1966–1996
- 16.3.5 Bøker og småtrykk etter språk og emne 1993
- 16.3.6 Bøker og småtrykk etter språk og emne 1994–1998
- 16.3.7 Bøker og småtrykk etter språk og emne 1998
- 16.3.8 Bøker og småtrykk etter språk og emne 1999–2003
- 16.3.9 Bøker og småtrykk etter språk og emne 2003
- 16.3.10 Bøker og småtrykk etter språk og emne 2010–2014

16.4 Skjønnlitteratur

- 16.4.1 Skjønnlitterære debutantar på nynorsk og dialekt etter sjanger 1843–2014
- 16.4.2 Skjønnlitterære debutantar på dialekt 1843–2014
- 16.4.3 Skjønnlitterære debutantar på nynorsk og dialekt etter kjønn 1843–2014
- 16.4.4 Skjønnlitterære debutantar på nynorsk og dialekt etter forlag 1843–2014
- 16.4.5 Dei største forlaga for nynorske debutantar 1843–1914
- 16.4.6 Nynorske debutantar etter tiår og forlag 1901–2010
- 16.4.7 Skjønnlitterære bøker etter språk 1918–1958

16.5 Sakprosa

- 16.5.1 Sakprosaskrifter på nynorsk etter Deweys system 1900–1999
- 16.5.2 Sakprosaskrifter på nynorsk etter sjanger 1900–1999
- 16.5.3 Sakprosabøker for vaksne etter emne og språk 1956–1985
- 16.5.4 Sakprosabøker for vaksne etter emne og språk 1986–2008

16.6 Barne- og ungdomslitteratur

- 16.6.1 Sakprosabøker for born etter emne og språk 1956–1985
- 16.6.2 Sakprosabøker for born etter emne og språk 1986–2008
- 16.6.3 Barne- og ungdomsbøker etter språk 2010–

16.7 Forlag og bokklubb

- 16.7.1 Det Norske Samlaget 1868–
- 16.7.2 Bøker på nynorsk etter forlag og sjanger 1971–1995
- 16.7.3 Bøker på nynorsk etter forlag 1971–1995
- 16.7.4 Det Norske Samlagets del av nynorsk bokutgiving 1975–
- 16.7.5 Hovudbøker i Bokklubben Nye Bøker etter språk 1976–2012
- 16.7.6 Bøker frå Forlaget Skald og Selja Forlag 1993–

16.8 Støtteordningar

- 16.8.1 Tilskot frå Norsk kulturfond 1965–
- 16.8.2 Boktitlar i innkjøpsordningar etter språk og sjanger 1965–2008

- 16.8.3 Boktitlar i innkjøpsordningar etter språk og sjanger 2012–
- 16.8.4 Støtte frå innkjøpsordningane etter sjanger og språk 2000–2008
- 16.8.5 Støtte frå innkjøpsordningane etter sjanger og språk 2000
- 16.8.6 Støtte for innkjøpsordningane etter sjanger og språk 2004
- 16.8.7 Støtte frå innkjøpsordningane etter sjanger og språk 2008
- 16.8.8 Støtte frå innkjøpsordningane etter sjanger og språk 2012
- 16.8.9 Innkjøpsordning sakprosa etter språk 2005–

16.9 Sal og lån

- 16.9.1 Sal av Nynorsk ordliste 1938–
- 16.9.2 Kjøp og lån av bøker etter sjanger 2003–
- 16.9.3 Bøker i sal etter språk og utgivingsår 2015
- 16.9.4 Bøker i sal etter forlag og språk 2015
- 16.9.5 Bøker i sal etter sjanger og språk 2015
- 16.9.6 Norsk skjønnlitteratur for vaksne i sal etter sjanger 2015
- 16.9.7 Norsk skjønnlitteratur for born i sal etter sjanger 2015
- 16.9.8 Norsk sakprosa for vaksne i sal ar etter emne og språk 2015
- 16.9.9 Lærebøker for høgare utdanning i sal etter fag og språk 2015

16.19 Historisk statistikk

- 16.19.1 Bøker på nynorsk etter utgivar 1860–1902
- 16.19.2 Nye titlar og utgåver frå ein del nynorskforlag 1886–1992
- 16.19.3 Bøker frå Norsk Barneblad 1887–1988
- 16.19.4 Utgivingar frå Noregs Boklag 1922–1984
- 16.19.5 Sentrale forfattarar på Noregs Boklag 1922–1984
- 16.19.6 Forfattarar på Noregs Boklag etter sjanger og kjønn 1922–1984
- 16.19.7 Nynorske bestseljarbøker på allmenmarknaden 1956–1997
- 16.19.8 Bøker frå organiserte forlag etter sjanger og språk 1975–1996
- 16.19.9 Bøker frå organiserte forlag etter sjanger, emne og språk 1975–1979
- 16.19.10 Bøker frå organiserte forlag etter sjanger, emne og språk 1982–1986
- 16.19.11 Bøker frå organiserte forlag etter sjanger, emne og språk 1987–1996
- 16.19.12 Bøker frå organiserte forlag etter sjanger, språk og emne 2002

Figurar

- F 16.1 Bøker utgitt i Noreg på nynorsk, bokmål eller engelsk 1900–2009

17 Kyrkje og religion

17.1 Den norske kyrkja

- 17.1.1 Nynorsk i Den norske kyrkja 1892–
- 17.1.2 Kyrkjesokn med nynorsk liturgi etter fylke 1928–
- 17.1.3 Nynorsk og bokmål i Den norske kyrkja etter bispedøme 1996–2015
- 17.1.4 Kyrkjesokn etter prosti og liturgispråk 1996
- 17.1.5 Kyrkjesokn med nynorsk liturgi 2005
- 17.1.6 Kyrkjesokn etter prosti og liturgispråk 2009

17.1.7 Kyrkjelokn etter prosti og liturgispråk 2015

17.2 Bibel og salmebøker

17.2.1 Salmar etter språk i salmebøker 1869–

17.2.2 Sal av Bibelen etter språk 1899–

17.9 Historisk statistikk

17.9.1 Innføring av Blix-salmane etter fylke 1892–1926

17.9.2 Folkerøystingar og vedtak om kyrkjepspråk i Sogn og Fjordane 1892–1954

17.9.3 Vedtak om salmebok etter bispedøme 1933

17.9.4 Nynorskbrukarar i Den norske kyrkja etter fylke 1933–1953

17.9.5 Kyrkjelokn etter språk og folketal 1933–1953

17.9.6 Kommunar med nynorske kyrkjelydar etter fylke 1977

17.9.7 Kyrkjelokn og deltakarar på gudstenester etter språk og bispedøme 2004

Figurar

F 17.1 Liturgispråk i kyrkjelokn 1910-2015. Absolutte tal

18 Kunst og brukskunst

18.1 Scenekunst

18.1.1 Det Norske Teatret 1913–

18.1.2 Dei mest populære oppsetjingane ved Det Norske Teatret 1913–

18.1.3 Sogn og Fjordane Teater 1977–

18.1.4 Hordaland Teater 1988–

18.1.5 Det Norske Teatret og Nationaltheatret 1990–

18.1.6 Opera Nordfjord 1998–

18.2 Film

18.2.1 Premierar norske kinofilmar 1907–

18.2.2 Kinofilmar med nynorsk bakgrunn 1920–

18.2.3 Kinopublikum 1967–

18.2.4 Norske og skandinaviske dramaseriar i NRK tv 2008–

18.2.5 Norske og skandinaviske filmar i NRK tv 2009–

18.3 Musikk

18.3.1 Songar i norsk Melodi Grand Prix etter språk 1960–

18.3.2 Norsk språk og dialekt på plater, kassetar og cd-ar 1981–

18.3.3 Songartistar om kva språk dei syng på 2009

18.3.4 Songartistar om nynorsk, dialekt og bokmål i eigne songar 2009

18.3.5 Songartistar om endra språk i eigen karriere 2009

18.4 Brukskunst

18.4.1 Frimerke med nynorsk tekst etter år 1951–

18.4.2 Frimerke med nynorsk tekst etter utgiving 1951–

18.4.3 Norske myntar og pengesetlar etter språk 1958–

18.9 Historisk statistikk

18.9.1 Nynorske teaterstykkje på norske scener 1854–1963

18.9.2 Komediateatret 1933–1964

Figurar

F 18.1 Finalesongar i Melodi Grand Pris 1960–2014. Absolutte tal

19 Språk- og kulturinstitusjonar

19.1 Medlemsorganisasjonar

19.1.1 Medlemstal for norskdomsorganisasjonane 1896–

19.1.2 Lokallag i Noregs Mållag etter fylke 1906–

19.1.3 Medlemer i Noregs Ungdomslag etter fylke 1921–2012

19.1.4 Medlemer i Noregs Mållag på Vestlandet 1954–

19.1.5 Landssamanslutninga av nynorsk kommunar 1994–

19.1.6 Medlemer i Noregs Mållag etter fylkesmållag 1995–

19.2 Jubileum og markeringar

19.2.1 Nøkkeltal nasjonale kulturmarkeringar 1996–2013

19.2.2 Aktivitet i forfattar- og språkår etter fylke 1996–2013

19.2.3 Kjennskap til Språkåret 2013 i åra 2012 og 2013

19.3 Museum og festivalar

19.3.1 Dei nynorske festspela 1992–

19.3.2 Nynorsk kultursentrum 1993–

19.3.3 Museum med nynorsk administrasjonsspråk 2010–

19.3.4 Festivalar og sogespel med nynorsk administrasjonsspråk 2015

19.4 Drift

19.4.1 Nasjonale og regionale nynorskinstitusjonar i statsbudsjettet 2000–2006

19.4.2 Nasjonale og regionale nynorskinstitusjonar i statsbudsjettet 2007–2012

19.4.3 Nasjonale og regionale nynorskinstitusjonar i statsbudsjettet 2013–

19.4.4 Tilsette i nasjonale nynorskinstitusjonar 2003

19.4.5 Tilsette i nasjonale nynorskinstitusjonar 2015

19.9 Historisk statistikk

19.9.1 Indikatorar på oppslutning om nynorsk 1877–1887

19.9.2 Ivar Aasen-museet 1957–2000

19.9.3 Økonomiske ringverknader av Nynorsk kultursentrum 2000–2004

19.9.4 Kjennskap til Ivar Aasen-tunet 2012–2013

Figurar

F 19.1 Nynorskindeksen 2000–. Prosent

Teljing og forteljing

Figurar

- Kart 1 Språk i verda anno 1952
- Kart 2 Ei av mange standardvisingar av språkfamiliane
- Kart 3 Språkverda i følge Joseph H. Greenberg
- Kart 4 Alle språka i verda 2009
- Kart 5 Folkebusetnaden i verda anno 2000
- Kart 6 Peder Hovdans målkart 2910
- Kart 7 Riksmålsforbundets sprogkart 1921
- Kart 8 Utbreiing av seks av dei største språka
- Kart 9 Gottfried Hensels Europa-kart 1741